FOLKLORE

INDIANA UNIVERSITY LIBRARY

Digitized by the Internet Archive
in 2010 with funding from
Indiana University

http://www.archive.org/details/gamalbondekultur02klei

IVAR KLEIVEN

GAMAL BONDEKULTUR
I GUDBRANDSDALEN

FRONSBYGDIN

OSLO
FORLAGT AV H. ASCHEHOUG & CO. (W. NYGAARD)
1930

FRONSBYGDIN

IVAR KLEIVEN

GAMAL BONDEKULTUR
I GUDBRANDSDALEN

FRONSBYGDIN

OSLO
FORLAGT AV H. ASCHEHOUG & CO. (W. NYGAARD)
1930

598833
DL431
.K6
v. 2

DET MALLINGSKE BOGTRYKKERI

m 10 1 9 — 1 8

FYRYOR'.

Måle i desse boken om Fronsbygdin va meininga skull' vera Kviknemåle, slikt som dæ er tålå nå i våre dågå ettedi at Fronsmåle har helde se reinast og mest oskjipla der i bygden. Men om dæ har lykkast væl allt opp å gje att dette go'e bygdamåle, kann dæ nok vera på vona med. Ner ein itte vil bruke lydskrift er dæ vanskeleg og ofte omoleg å gje att dølamåla lydrett, og dæ er itte grei'fare å setja opp ein rettskrivingsmåte som er både lettvint og gløgg. Defor er dæ mest itte å vente, at den rettskrivinga som er brukt her, er lyteslaus, for Kviknemåle er hellanitte tå di lettaste å bøygje inni rettskriving med vanleg bokstavskrift. Dæ er lagt se ut om å vera tru mot uttalun, men defor er dæ itte sagt at dæ er væl-lykka heilt ut.

Ista'n for den ai-tvilyd'n Fronsmåle har i så mange or', og som både er tongvint og itte tek se godt ut på prent, slikt som i mainn, mainntal, mainnsmål, hainn, kainn, aille, faille, kaille o. m. fl., er denne lyd'n skrivi med a: mann, manntal, mannsmål, hann, kann, alle, falle, kalle. For bygdafolk vil uttala felle tå se sjøl om tvilyd'n itte er skrivi; dæ såmå er te-felle med ei-tvilyda i t. d. kveinn som er skrivi kvenn, likeså øy, t. d. bjøynn, skrivi bjønn.

Den tjukka l'n i slike or' som sol, stol, hol o. fl. er skrivi med vanleg l, men den gåmålnorske endinga med rð som i dølamålom er vorte te tjukk l, er her skrivi med r'. Daue („stumme") bokstave er kasta bort, der dæ let se gjera, og for dæ meste sett apostrof over. Fleirtalsendinga i namnor' er itte serskjilt åvmerkt, da dæ itte kan trøngjest for bygdafolk. I sume småting er kanskje itte rettskrivinga heilt ut følgjestrengt gjenomført.

Mest har dæ på se, om måle i boken har orka å finne ånda og dåmen i di ekte Kviknemåle med or'leggjing og målbruk. Di siste 60—70 åra har vore ei vond ti' for bygdamålom, frå skula, aviso, bøk og omgang med byfolk, er dæ kome inn så my' oekte, og den, som tek se for med å skrive bygdamål, har gjenne sjøl ei reim tå framon hud, så 'n dreg inn papirmål. Di gamle sa om folk som knota, at „døm ha fått kalvlort på tonga", og dæ va å ønskje, at måle i desse boken itte drogst my' med di slagje.

Di skrivne og prenta kjellun som er nytta åt innhalde, er nemnde på imse stelle: o'framt desse lyt her nemnest naugre tå døm som har ytt go'e og verdfulle te-skott åt arbei'e. Fyrst og fremst brør'n 'n Per og 'n Ola Åsmonsta, båe har fortalt my' munnleg, og di skrivne samlingun derest sto' allti' te tenest. Likeeins har 'n Jon Hårelsta ytt framifrå verdfull hjålp med te-skot og opplysningo te kar ti'. Hos lærar T. Risdal, furer Østen Jevne og Ola Simensen Kongsli har boka fått muntleg forteljing frå di gamle bondekultura. Johan Bø, Albert Wadahl, Bjarne Veikle, R. O. Listad og A. O. Kongsli har alle sendt te-skot og opplysningo som har vore te go' hjålp. Even Sveipe har skrive det meste om skogen og skogstelle på Fron og ellest vore te omissandest hjålp med arbei'e på mange lei'e. Ilag med klukkar Kr. Åsmonsta i Ringbu har han sêt igjenom fyrste parten tå manuskripte, og båe har med di vore desse arbei'e te dæ største gagn. Alle desse som her er nemnde og mange fleir, lyt her tå imot ein hjerteleg takk for go' hjålp og godvilja!

Mange Frøninge vil sakne både ei gar'shistori og ei slektshistori, og båe delan skulde nok vore med, men dæ arbei'e vil vera eit livsarbei' for ein yngre mann, og arbei'e åt bokskrivara har nerast te mål, å samle dæ som ennå finst att tå muntleg bygdahistori og erveminne, og boka er vorte har'leg stor som ho er. Venteleg kjem historilage på Fron i di neraste framti'n te å tå opp eit godt og grundaugt arbei' både i gar's- og slektshistori for Fronsbygdom og som med ti'n kann kåmå som eit serskjilt verk.

Bokskrivaren.

BILÆTLISTE.

	Side
Søre Fron omkring kjørkja	9
Kartskjsse tå Fron 1.	
— „ — 2.	
Bautastein over 'om Dålå-Gullbran	16
Hondorp som dæ er nå	18
Bautastein over 'om Sant-Ola	19
Steig som dæ er nå	21
Kjørkja på Sør-Fron	36
Kjørkja på Sør-Fron innvendes	39
Kjørkja på Sødorp	40
Preikstoln i Sødorpkjørkjun	42
Oppgangen åt preikstola i Sødorpkjørkjun	43
Altertavla i Sødorpkjørkjun	44
Kjørkja i Kvikne	47
Kjørkja i Kvikne innvendes	48
Kjørkja i Kvam	51
Kjørkja i Kvam innvendes	53
Gravminne hass Jørn Sinklar ve Vik	55
Den nye Skåbukjørkja	57
Hugo Fredrik Hjorthøy	77
Nils W. Christie	84
Korpberg-sætra på Breistula	123
Murudalssætra	127
Storhølisætra	128
Sonde ve Hondorp	137
Gamelveigen millom Kvikne og Skåbu	139
Harpefossen og Sålbrå	141
Lofte frå Rolsta på Bygdøy	255
Gåmål stugu i øvre Skåbu	257
Gåmål stugu i Skodal	258
Gåmål stugu i Grov	259
Stugu og stabur på Nørstgar'	260

	Side
Stugun' på Nørstgar'	261
Stabur på Nørstgar'	263
Stugu på Forbrigd	264
Stabur i Kvåla	265
Stabur i nørdre Risdal	267
Kjøken i Skodal	268
Skåp på Åsmonsta	270
Skåp på O'ro	271
Skattol på O'e	272
Skåp hos A. Wadahl	273
Skåp på Hårelsta	274
Stuguklukke på O'e	275
Stolbor'plåte på Skarsta	276
Stol på Tokse	277
Vove stoltrekk på Tokse	278
Gar'n Hårelsta i Kvikne	279
Gåmålt innbu på Hårelsta	280
Peis, komfyr, varmeplåte	281
Primstav, rullafjøl, kjørkjesela på Hårelsta	282
Kjørkjesle'a på Hårelsta	283
Peningskrin og fer'kjiste på Hårelsta	284
Sølv på Hårelsta	285
Riss tå Vinstervatnom	297
Kallfjorn i Vinstervatnom	298
Raggen i Vinstervatnom	299
Vinstervatna (Øyvass=osen og Storholmin)	301
Ess=daln (Breisjøn)	311
Storåkre (Sta'elarsbua)	379
Håkånsætervatne	380
Valsvatne	381
Olstappen	382
Landskap frå Kvam	405
Gåmål oppgangssag	433
Bekkjekvenn på Ulberg, Sør=Fron	435
Stortingsmann Jon Harildstad	437
Or'førar Ola Steig	438
Or'førar Peder Nilsen	439
Stortingsmann Peder Brandvold	441
Folkeminnesamlar Per Åsmonsta	443
Heidalsmugjin sêt frå Skåbu	444
Folkehøgskul'lærar Ola Åsmonsta	445
Sikilsdal'n, Sikilsdalshonne og Heimdalshøa	447

INNHALDSLISTE.

	Side
Dæ gamle Fron te 1850	9
Kjørkjo i di gamle Fron	30
Prestra'a i Fronsbygdom	61
Faste kaplane i di gamle Frons kalle	81
Soknepreste i nørdre Fron ette delingen tå kalle	85
Huskaplane hos sokneprestom på Fron	86
Folketal	89
Jor'veigje og jor'eigare	95
Næringsliv, avling, krytjyrstell og sæterbruk	104
Samfer'sla i gåmål ti'	135
Fronsbygdin ette 1850	144
Skogen og skogstelle i gåmål ti' te våre dågå	155
Imse drag tå live i gamelti'ver'n	167
Frøninge som va ute i ofredsti'e	185
Kristendom, folkeliv, skule og opplysning	193
Namnskjikk, klæ'bona, omgangsliv	223
Bumark på Fron	243
Di gamle vetan	248
Bygdakonst og bygdakonstnere	252
Bygdalensmenn på Fron	287
Grensestri med Valders	295
'N Per Sålbrå og ekstraskatten 1764	303
Storveiare, fjellmenn og fjell=liv	310
Sterke folk	329
O=år og naturolykko	343
Någå tå kårt	351
Onderbuandest	385
Naugre gamle sagn	399
Imse slag	406
Småting frå arbeidslive	424
Meire namnsporde bygdamenn	436

MISSPRENT OG OR'TYDING.

Tallor'e eitt som oftast har kvass utlyd er på sume stelle vorte skrivi med ein t.

ner (adverb) er på naugre stelle vorte skrivi når, som er gale.

Side	45	11te	lina	ne'afrå	står	løfte	ska vera	tøfte
—	70	14de	—	ogo'te	—	sitte	—	sette
—	86	8de	—	—	—	prestra'e	—	prestra'n
—	91	1ste	—	ne'afrå	—	prosten	—	presten
—	98	18de	—	ogo'te	—	adelsbondom	—	adelsbøndom
—	104	6te	—	ne'afrå	—	longje	—	longe
—	129	11te	—	ogo'te	—	sæterfløtjinga	—	sæterfløtingen
—	136	3a	—	—	—	høgte	—	høgste
—	—	12te	—	—	—	Gullbransdala	—	Gullbransdaln
—	140	16de	—	—	—	konnfrakta denne	—	konfrakta ette di veiga
—	170	6te	—	ne'afrå	—	kongsmennom	—	kongsemnom
—	178	11te	—	—	—	kaftine	—	kaftina
—	183	10de	—	ogo'te	—	garden hass	—	garden 'n
—	207	13de	—	—	—	1637	—	1537
—	228	9de	—	ne'afrå	—	andre mindre	—	anna mindre
—	230	1ste	—	ogo'te	—	bonde hoso	—	bonne-hoso
—	269	5te	—	—	—	domkjørkjevêlinga	—	domkjørkje-vêlingen
—	287	6te	—	—	—	vegaru'ing	—	vegaru'ning
—	305	17de	—	ne'afrå	—	termina	—	terming
—	323	1ste	—	ogo'te	—	två	—	tu
—	365	8de	—	ne'afrå	—	Kjørbålken	—	Kjørkjebålken
—	366	8de	—	ogo'frå	—	skreddarstugun	—	Skreddarstugun
—	367	7de	—	—	—	halv	—	hal't
—	382	5te	—	—	—	Ongdomsskjipna	—	Ongdoms-kjipna
—	383	14de	—	—	—	naugre år sea	—	naugre viku sea
—	389	10de	—	—	—	budeia	—	budeio

Side 394 15de lina ogofrå står stalltrevgluggje ska vera stalltrevsglugga
— 419 12te — — — søndagsmorrån — syndagsmorrån
Seinere (tidsadverb) er på naugre stelle vorte seinare, som itte er rett.

Naugre tydingo tå or' som er lite kjende: *Bonde-hoso*, som er bonde = „strikket". Fêla, fella = veigstubb tå ne'fellte stokke. *Fjor'ongsrøste* = gavlhøgda 1/4 tå husbreiddun. *Gjera utur* = yste og kjinne for å tøme mjolkekoppan ette eitt visst tal dågå. *Hône* = haug, lyst, tålmo'. *Ifall* = den te-måta konnmengdin som fell i kvennauga ner ho går. *Kjïpna* = tå kjipe, livsgla, kåt. *Skotpåså* = lang, smal påså tå kasta-kalvskinn. *Sompe* = rå, „fuktig", „svampet". *Stille* = te-måting tå ifalle kvenna kann styre, „regulering".



Sør=Fron omkring kjørkja.

DÆ GAMLE FRON TE 1850.

Frons=bygda som ho va fyry delingen i 1850 va nest ette Vågå, Lesja og Lom den største i dala med ei vidd på 1910,5 rutekilometer, og ei folkemengd på om lag 7557 menneskjo. Va itte dæ gamle Fron den bygda som ha største vidda, va dæ ingor tå bygdom i dala som ha så stor folke=mengd, i 1850 ha Fron 1250 fleire innbuare hell Vågå som den ti'a sto Fron nest i folketal. Og denne fyrymon har Fron sikkert havt frå langt attende i ti'om; i 1767 sto' Lom nest Fron i folketal, men vanta 657 innbuare for å stå likt.

Fron ha stødt vore helde for den beste bygda i Gull=bransdala og blomin millom døm, ingor bygd ha så my' go' og vokstom jor' og di meste tå grendom ligg godt og lugumt te, og defor ha Fron frå langt atti medelaldra vore ei sterk bygd med innbuare som va i velmakt.

Bygda ha mange granne som syne se på di kartrisse som følgje, itte mindre hell 10 bygde ligg innåt grensun: Ringbu, østre og vestre Gausdal, Vang og østre Slire i Valders, Hei=

dal, Vågå, Sell i Gullbransdala, Vetl=Elvdal'n og Sollia i Østerdala. Lengda va frå Gausdal over åt Vetl=Elvdala vel 70 kilometer og breidda 40 km. Frå gåmålt ha bygda vore bytt i 4 kjørkje=sokn: *Frons* hugusokn, *Sødorp* annekssokn, *Kvikne* anneks=sokn og *Kvam* annekssokn. Langt opp i medelaldra va vel *Skåbu* eit kjørkjesokn, for dæ ha eigje kjørkje i di 13de hondreåre. Desse sokna har vore bytt i mindre bygdlag hell grend: hugusokne har på austsi'a åt Lauga: *Nerbygda* ve Laugen frå Auglun åt Fryun, *Øverbygda* høgre uppi dalsiun millom di såmå elvom; *Ryssland* frå Auglun mot Sødorp. På vestsiun åt Lauga: *Søre Langlia* frå Ringbugrensun åt Foss=å'n, *Nørdre Langlia* frå Foss=å'n åt Revsholun; *Skodal* på båe sio åt Skurvun. *Sødorp* på båe sio åt Lauga; på solsiun frå Hestskobakka åt Rustbergje, på baksiun frå Sko=dal åt Golun, denne baksia kallast gjenne *Ruste* (og stroke millom Lauga og Vingstern kallast Sorperoa). *Kvikne* røkk frå *Kamma* — Liaokseln hell Helgefall — åt *Åsom*, svingen på Vingsterdala frå Åsom åt *Skåbyggjun* kallast *Tverrbygda,* men va frå gåmålt rekna for å høre Skåbu te, *Skåbu* er stroke ogo Skåbyggja åt *Slanga. Kvam:* søre Kvam frå *Rustbergje* te lite nor'a *Veikle=åa,* nørdre Kvam derfrå åt Sel; sørparten ta nørdre Kvam kallast *Kolo,* nørdre parten *Bræ'ebygda.* I gamle ti'e reknast Bræ'ebygda radt åt Bleka=sta på Sel, men di nørste gar'an som høre te Nørdre Fron er Mælom og Nørdre Vangen.

Heile Nørdre Fron som dæ nå er, attåtlagt Bræ'ebygda og Heidal'n, va eit sams tinglag som kallast Holleides tinghå, namne er skrivi på så mange gjer'e at dæ er vanskeleg å skjønne, kå som er rette ut=tala tå Holei'a og Holia, mest rimeleg er kanskje Holei'a. Kår dette tinglage kunn' hå den samse tingsta'n sin er itte lenger kjent, ein kann nok gjeta på Hov i Ruste hell Hov på Bræ'e, men båe dele er osikkert. „Holeden“ er nemnt siste gongen i eit fornbrev frå 1521 og er nok bortfulle dette leite.

Kå bygdanamne Fron tyde er nok itte heilt visst; Ger=hard Schjøning tenkje se, at namne kjem tå frodig: „frone hvilket bemærker en frugtbar, smuk, lystig egn, et fedt land, da fraudig i det norske sprog bemærker fed, frugtbar, og



FRON
N
Sollia

dal, Vågå, Sell i Gullbransdala, Vetl=Elvdal'n og Sollia i Østerdala. Lengda va frå Gausdal over åt Vetl=Elvdala vel 70 kilometer og breidda 40 km. Frå gåmålt ha bygda vore bytt i 4 kjørkje=sokn: *Frons* hugusokn, *Sødorp* annekssokn, *Kvikne* anneks=sokn og *Kvam* annekssokn. Langt opp i medelaldra va vel *Skåbu* eit kjørkjesokn, for dæ ha eigje kjørkje i di 13de hondreåre. Desse sokna har vore bytt i mindre bygdlag hell grend: hugusokne har på austsi'a åt Lauga: *Nerbygda* ve Laugen frå Auglun åt Fryun, *Øverbygda* høgre uppi dalsiun millom di såmå elvom; *Ryssland* frå Auglun mot Sødorp. På vestsiun åt Lauga: *Søre Langlia* frå Ringbugrensun åt Foss=å'n, *Nørdre Langlia* frå Foss=å'n åt Revsholun; *Skodal* på båe sio åt Skurvun. *Sødorp* på båe sio åt Lauga; på solsiun frå Hestskobakka åt Rustbergje, på baksiun frå Sko=dal åt Golun, denne baksia kallast gjenne *Ruste* (og stroke millom Lauga og Vingstern kallast Sorperoa). *Kvikne* røkk frå *Kamma* — Liaokseln hell Helgefall — åt *Åsom*, svingen på Vingsterdala frå Åsom åt *Skåbyggjun* kallast *Tverrbygda,* men va frå gåmålt rekna for å høre Skåbu te, *Skåbu* er stroke ogo Skåbyggja åt *Slanga*. *Kvam*: søre Kvam frå *Rustbergje* te lite nor'a *Veikle=åa,* nørdre Kvam derfrå åt Sel; sørparten ta nørdre Kvam kallast *Kolo,* nørdre parten *Bræ'ebygda*. I gamle ti'e reknast Bræ'ebygda radt åt Bleka=sta på Sel, men di nørste gar'an som høre te Nørdre Fron er Mælom og Nørdre Vangen.

Heile Nørdre Fron som dæ nå er, attåtlagt Bræ'ebygda og Heidal'n, va eit sams tinglag som kallast Holleides tinghå, namne er skrivi på så mange gjer'e at dæ er vanskeleg å skjønne, kå som er rette ut=tala tå Holei'a og Holia, mest rimeleg er kanskje Holei'a. Kår dette tinglage kunn' hå den samse tingsta'n sin er itte lenger kjent, ein kann nok gjeta på Hov i Ruste hell Hov på Bræ'e, men båe dele er osikkert. „Holeden“ er nemnt siste gongen i eit fornbrev frå 1521 og er nok bortfulle dette leite.

Kå bygdanamne Fron tyde er nok itte heilt visst; Ger=hard Schjøning tenkje se, at namne kjem tå frodig: „frone hvilket bemærker en frugtbar, smuk, lystig egn, et fedt land, da fraudig i det norske sprog bemærker fed, frugtbar, og



Fronsbygdin' nr. 2.


N
Fürusjøn
Atnsjøn.
Frya
Røssem
Vik
Kvam
Hägå
Listad
Fron
Alme
Hove
Hundorp
Steberg

frau det samme som gjødning — —“ Hjorthøy meine at namne heng ihop med å=namne Frya: „hvorav Fron har fået sit navn kan ei med sikkerhed vides, enten det kaldes så efter Fryen, en elv som skiller grendserne mellem Ringbu og Fron, eller haver fået sit navn derav, at Frons præstegjeld ansees for det smukkeste distrikt i Gudbrandsdalen i henseende til de mange anselige gårder og strækninger av ager og eng, som på et sted, især i hovedsognet, støder sammen. Rimeligst har det fået navn av Frya.“ Fron ska ette som di målkunnauge tyde dæ, vera dæ såmå som land, jor’, for her fann di fyrste rø’ningsmenn som kom oppigjenom dalføre nokk tå land og godt land attpå.

Kå ti’ Fron fekk si fyrste folkesetjing kann nok ingen sea for visst, at dæ allt i di yngre steinaldra av og te fer’ast folk oppette bygdom her, er nok sikkert, og at dæ i di siste bolka tå di ti’n va ein og an’n som slo’ se te og budde fast på eit lugumt stelle, er au my’ rimeleg, men nogor fast busetjing vart dæ nok itte tå di. Dæ er funne 7 funn i di gamle Fron frå steinaldra, 5 på Sør=Fron og 2 på Nor’=Fron, og tå desse funnom vise dæ se, at dæ har vore steinaldersfolk her i dala. Den yngre steinalder’n er rekna å røkkje frå 1200—400 fyry Kristus, og i desse ti’sbolka er dæ helde for, at di gamlaste gar’an oppigjenom Gullbransdal’n er rødde og busette. Dæ er gar’snamna som gje rettlei’ing om alder’n, og di gar’an som er di eldste, er døm, som enda på *vin*. På Fron er dæ iallt 6 vin=gar’e: O’e (Odenvin), Heggje (Heggvin) på Sør=Fron og Tokse (Toksvin), Sko’e (Skodvin), Bryn (Bruvin) og Veikle (Veiklvin) i Nor’=Fron. Gar’snamn som ligg vin=namnom nerast i alder ska’ vera døm som enda på *heim* (hem), og tå døm har Sør=Fron: Sjippløm (Skiplheim), Isøm (Isheim); Nor’=Fron: Røssøm Reydesheim), Kjørøm (Kyrheim). Heim=namna er helde for å vera omlag 100—200 år yngre hell vin=namna, men om ein legg desse tu namnslaga ihop, bli dæ berre 9 gar’snamn i di gamle Fron som kann vera frå naugre hondre år fyry

598833

Kristi ti'. Og desse gar'namna med vin= og heimending er spreidde så pålag likt ette alle bygdom i heile dala, frå Få=berg åt Lesja og Lom. Dæ ser med desse ut te, at dæ kann ha kome ein tunn strom med rø'ningsmenn så på lag den såmå ti'a, som har busett se på desse vin=gar'om og ti'i te med byggjing og rø'jing. Fåberg har 6 vin=namn og 7 heim=namn, Gausdal 7 — 6, Øyer 5 — 7, Ringbu 2 — 5, Fron 6 — 4, Vågå 7 — 5, Lom 7 — 7 og Lesja 5 — 5, her er da rekna med di gamle, odelte bygdom. Vin=namna og heim=namna er like på tal ihoplagt for heile dala, med di dæ er 45 tå kårt slag, og ette desse skull' Gullbransdal'n ha havt 90 busette gar'e omkring Kristi ti'. Dette laut vera ei tunn busetjing ette desse store dalføre, men så lyt ein minnast, at kår rø'nings=mann visst va ein ættehovding som slo se te på gar'a med heile di ætten 'n va hugumann for, og dæ er my' rimeleg, at ei slik ætt ofte kunn' vera både på eit hondre menneskjo og my' over dæ tale, au. Likevel vart dæ romt millom gar'om, og døm slapp å gjera trongrømme for einan'n. Den jor'vidda kår rø'ningsmann eigna åt se va sagte itte smålappe, men ette som ætta voks te kår ti', vart dæ sjølsagt oråd å hå heile ætta samla på eit stelle i all ti', og difor laut nok den eine ette di andre fløtja ut frå hugubøle, byggje og tå seg nytt rø'ningsland tå di vidden, som den fyrste rø'nings=mann og fyrste ættehovdingen ha lagt onde se. På den gjer'a vart nok di store rø'ningsgar'an om naugre manns=aldre itte så lite sondlema, og ny jor' opprødt smått om senn. Dæ va nå tjukke skogen alle sta'n i bygdom den ti'a, og med di jor'ambon døm ha å hjålpe se med ennå, va dæ itte langt å kåmå med nyrø'ing; defor valde desse fyrste busetjaran se helst gar'emne der dæ va opne glenno og slette i skoga med godt beite for krytjyrom, og der dæ let se gjera å „vinne" vinterfôr åt døm. Vin ska nettop tyde graslende som dæ gjekk an å „vinne". Di fyrste hondreåra ette busetjingen tå vin= og heimgar'om, ha døm ennå itte lært å vinne ut jønn tå myrmalma, og dæ jønne som allt da va kome i bruk va innført frå utlande, mesta stas=ting og småe bruksting som va både dyre og vandskelege å kåmå over her i di åvstengde fjellbygdom. Fyrst da folke sjølve

lærde å verke se jønn tå myrmalm, som dæ va go' råd på, vart dæ lettar å byggje og bu for folkje i bygdom. Berre dæ overtake øksa og greve ga folkje i rø'ningsti'om, er dæ itte lett å skjønne for oss som livi idag. Jønnblåsinga tru di lærde kom igang her i lande pålag i 5te hondreåre ette Kristus, og denne „jønnvinna" har vore ei stor drift i mest alle norske dalføre, like opp i høgfjelle der dæ fanst myr med go' myrmalm. Heilt opp i Jotunheimen finst gamle jønnblæstre og slagghauge og dæ vise, at jønnblåsinga va någå tå di fremste i kulturframvoksta i di gamle ti'om.

Oss gat nyleg på, at dæ ser ut te å ha kome ei, hell kanskje tu, tunne båro med busetjingsmenn, og spreidt se ut over alle bygde i Gullbransdala, men om nå nå'n spør, kår denna folkestromen kom frå, så er dæ nok itte greit å gje eit sikkert svar på dæ sporsmåle. Dæ bli nok berre ei gjissing ette di som kann sjå rimeleg ut og ette sume natur-høve, kanskje arkeologan med ti'n kann gje någå rettlei'ing om dette, ner døm fær granska te fullna's alle grav-funn og oldsaker frå dala og likna døm ihop med di, som er funne tå slike ting i andre landsdele. Dæ kann nå vera rimeleg å tenkje se, at busetjingsfolke er komne frå Mjøsbygdom, frå Hemarks- hell Totenssi'a; ein som ha drivi å granska desse høve ei ti', brigadedokter Arbo, hella åt di meiningen, at vissa sørbygdin i Gullbransdala er stokkje ut frå vestsiun åt Mjøsen, med di han finn merkje på skjyldskap i kropps-bygning og lynne. Vi'are vil han ha funne, at dæ uppi dala ve Kvamsporten er eit skjille i folkesetna', så denne nor'afor og synna'for er komne frå kår si lei'. Han held for, at folke nora'for Sødorp i di nørdre bygdom er komne delvis frå Vestlande og delvis frå nora' Dovrfjelle.

Imillom Sødorp og Kvam ska dæ ha li'i att ein diger arm tå ein storbre'a frå di siste isti'n, som rokk frå Øster-dala og svinga se bortover åt Valders. Denne brea-armen fyllte opp dalføre og stengde for at busetjinga kunn' trøngje se lenger oppette. At denne brea-armen har gått over dal'n på desse stelle er dæ nok sikre merkje på, men om dette kann ha vore så langt ne' i ti'n, at 'n har stengt for buset-jingen, er vel itte fullsikkert. Dæ er nok fleire høve som

peike på eit skjel i folkesetna her ve Kvamsporten; sålest vil Arbo ha funne, at dæ er forskjel i kroppsbygninga hos folkje nor'afor og synnafor denne grenselina, og likeeins at lynne og huglag skifte. I målveiga er dæ au eitt skifte her millom nordalsmål og sørdalsmål, men denne delelina er kanskje itte så heilt rett.[1] Endeleg var Gullbransdal'n allt i ti'leg ti' bytt i tu dele, „nordra“ og „sudra luten“ som dæ oftast heite, hell Gullbransdal'n „fyrir nordan Rost“ og Gullbransdal'n „fyrir sunnan Rost“, den nørdre luten ha altinge på Ljufarvangje på Vågå, og den søre truleg på Hondorp. Sålest har nok denne Rosta frå di eldste ti'om vore ei bytesline millom nordalsbygdom og sørdalsbygdom, men namne Rost, Rosta, er nå bortfulle.[2]

Frå di tiom da Fron fekk di fyrste busetjare og rø'ningsmenn er dæ itte någå som synest å tyde på, at denne bygda drog busetjinga har'are åt se hell hine bygdin for dæ fyrste. Dæ va vel så, au, i rø'ningsti'n' at dæ va vei'inga og fiskje som vog meir for næringslive hell dyrkinga tå jor'n. Men ettehand som dyrkinga tå jor'n tok se opp og mona se frå mannsalder te mannsalder, såg nok bygdafolke at jor'a på Fron va tå fyrste slag og ga rondeleg att for rø'ningsarbeie. Og dæ gjekk kanskje itte så mange hondreåra førr mange tå bøndom kom meir og meir i velmakt og la se meir på å bruke jor'a på gar'a, hell å drive med vei'ing i skog og fjell. Da dæ lei' så langt fram i ti'a som te ein 5—6 hondre år ette Kristus, va nok Fron vorte den folkerikaste tå bygdom i „Dalom“, som Gullbransdal'n ennå kallast. Og nå tok dæ te å bli fleire menn i bygden som ha bygt og rødt, så døm sat på gjilde gar'e med store bølinge og med konn „onde“ for både eitt år og tu. Dæ va sagte fleire tå bygdom i dala, som ha velstandsfolk på inkun gar'n, men på Fron sto døm nok fyry hine med di, og i smårikjeti'n, førr 'n Haral Hår-

---

[1] Ho er helst lite lenger nor'. — [2] Naugre hondre meter synnafor Kvamsporten finst namna Rusta og Rustberge, som kanskje ennå kann minne om dæ gamle „Rost“.

fager fekk samla Nori' te eitt rikje, ha dæ nok vorte stor=menn på Fron med makt og rå'velde over heile dala. På Halvdan Svartes ti' er dæ nemnt ein „Gudbrand Herse nor' i Dalom“, og som va tå ovenom hass Halvdan. Son hass Gullbran heitte Gottorm og va 'n ongdom som tyktest eige di største framti'svone over heile Opplanda; men 'n fall i kamp med 'om Halvdan Svarte på Helgjeøy'n. 'N Gullbran vart overfulle seinare på Ringsak tå 'om Haral Hårfager og drepe ilag med tri andre Opplands=konge. Sea la 'n Haral Gullbransdal'n onde se og tok veigen upp igjenom desse bygdin åt Trandøm for å vinne Nori'. Naugre mannsaldre seinare nemne soga'n ein ny Dålå=Gullbran som er i fiend=skap med 'om Eirik Blo'øks og sønom hass, men er vel te=vens med 'om Håkon Ladejarl og har stemne med honom utpå Hemarken. Dæ kann kanskje vera någå osikkert med di som er fortalt om desse dølahovdingan, men det er nå tenkjeleg at ein tå døm ha gjett „Dalom“ namne Gullbrans=dal'n ette se, og likeså er dæ nok sikkert, at Hondorp allt i desse tiom va „altingsta'n“ for sørdala med eit Torshov på Hove. Hondorp va sålest eit samlingste' for sørdals=bygdom både for rettstell og gudsdyrking. Dæ har vore meint, at di 3 nørste bygdin' og Kvam itte hørde med te Gullbransdala ennå, og defor sokna onde altinge „fyri nordan Rost“ på Ljufarvanga, der dæ nok sto' eit tempel for guden Ull i nerheiten.

Så møte oss 'om Dålå=Gullbran på Hondorp i åre 1021, hersin som rådde som ein konge i dala, og som nå tenkte se te å sta'ne kristningsfer'a hass Olav Haralsson. Frå skule=dågåom kjenne oss alle møte millom 'om Sant=Ola og 'om Dålå=Gullbran og den endlykta dæ fekk, sålest som 'n Snorre fortel dæ i Heimskringlun. Naugre lærde granskare har i seinare ti' vilja gjort 'n Dålå=Gullbran te berre ein oppdikta figur, som er sett ihop tå forteljingen om Bel og drakjin i Babylon. Likeeins skull' dæ meste tå kristningsmøte på Hon=dorp, om Torsbilæte og 'n Kolbein sterke, vera heilt opp dikt. At dæ kan vera fleire ting tå di Snorre skriv om tinge på Hondorp, både om hendingun og samtalun, som itte er endefram sanning er my' rimeleg, men at 'n Dålå=Gullbran

Foto: J. N. Elstad.

Bautastein over 'om Dålå-Gullbran på Hondorp, reist i seinare ti'.

og di store drag i forteljingen om tinge og dæ som gjekk fyry se er historisk, er dæ visst itte grunn te å tvile på. Snorre fór nok itte gjenom Gullbransdal'n di tu gongun 'n va i Nori', men at 'n ha havt ei kjelde for desse hendingom på Hondorp er itte å tvile om, med di han ha di rette

stedsnamna. Dæ er rimeleg at dæ omkring Hondorp og viare i Fron ha festa se ei forteljing om da 'n Sant=Ola slo' sondt Torsbilæte, og 'n Dålå=Gullbran og bøndan tok ve kristendomen. Denne forteljinga kann nok igjenom 150—200 år ha vorte utpynta på fleire vis, vissa ette 'n Sant=Ola vart 'n helligmann, og ettesom denne soga trøngde vidt omkring åt andre bygde. Snorre kann kanskje ha råkå frami ein gullbransdøl i Nidaros som har fortalt 'om soga'n slik, som ho da va fortalt på Fron og viare omkring i dala denne tia, pålag 200 år ette hendingom. Defor kann dæ itte vera ventan' anna, hell ho ha vorte utpynta med eitt og anna drag som vik åv frå di nakne sanningen. Men heilt å gjera 'n Dålå=Gullbran te ein oppdikta figur og tingmøte på Hondorp te eit eventy, vil knapt lykkest.

Ennå den dag idag er dæ att gravhauge, tinghauge og steinsetjingo som minne om, kå dette stelle va for di søre bygdom i dala fyry kristendoma, og likeins om den makta, 'n Dålå=Gullbran og slekta hass attigjenom ti'a ha ått. Da Schjøning reiste gjenom Fron for 150 år sea va dæ mange fleire hauge og steinsetjingo på Hondorp hell dæ er nå, naugre hauge er vorte utgravne og bautasteine er vorte førde bort. Ein haug som va kalla for Gullbranshaugen va orøyvd da Schjøning såg haugen 1775, men Hjorthøy let 'n gråvåst ut forutta dæ vart funne någå. Ette bygdasegne låg 'n Dålå=Gullbran i di hauga, men Schjøning tru dæ laut vera ein eldre Gullbran som kvilte der, ettedi den siste Gull=bran'n vart kristna og sikkert vart gravlagd i vigd jor' ve den kjørkja 'n sjøl bygde. Tofta ette Gullbranshauga vise se ennå.

Ette 1021 høre ein itte meir om 'n Dålå=Gullbran hell son'n hass som førde den druge bondehær'n mot 'om Sant=Ola, og som gjorde dæ så låkt i slagje på Bræ'e.[1] 'N Dålå=Gullbran va kanskje ein så aldraug mann, at 'n er dø i eitt

---

[1] „Slage“ kann itte ha vore på Bræ'e, men midt imot på hine si'un, på Bræ'evanga. Den ti'a va dæ itte bru over Laugen og dæ vilde vore oråd for konga å senda mannskape sitt over i ei fergje og naugre få båte, når dæ inn på Bræ'e=jorde sto 800 mann fer'auge te å møte med odd og egg.

tå di neraste årom ette kristningstingje på Hondorp, og son'n ha visst itte fått hovdingrome ette far sine, 'n er truleg vorte ein fre'leg bonde på di gamle ættegar'a, ein hauld, men som itte hadde gjevna'n te å vera ein førar før gullbransdølom som di gamle fedran hass ha vore i mange mannsaldre.

Førarskapen ette Gullbran-ætten på Hondorp fløtte nå



Foto: J. N. Elstad.

Hondorp som dæ nå er.

høgre oppi lia åt storgar'a Steig, der 'n Tor Istermågå budde, han som oss kjenne frå samrå'ingom millom honom og 'om Dålå-Gullbran, da døm båe tu ha drømt drome som gjor' døm tviråauge. 'N Tor Gottormsson på Steig vart ein stor og mektaug mann i dala, og i ætten hass heldt førarskapen se i tu lêd framette. 'N kom nå i giftarmålsskjylde med 'om Sant-Ola sjøl, au, 'n Tor, og med di minka nok itte æra og vørna'n hass.

Om vinter'n 1024, tri år ette dal'n va kristna, heldt 'n kong Olav se på Opplandom og reiste omkring i bygdom og tok veitslo[1] hos storbøndom i imse bygdlag. Han kom

[1] Veitsle = gjesting.

uppi Fron, au, og ha sjølsagt veitsle hos 'om Tor Istermågå på Steig. I samvære med 'om kong Olav denne gongen fridd 'n Tor åt morsyst hass kong Olav, ho Isrid Gullbransdotter, dotter hass Gullbran Kula. Dæ va kongen som rådde for giftarmåla henna Isrid, og ette å ha tenkt nøygjare over dæ, ga 'n javer'e sitt og 'n Tor og ho Isrid vart gjifte. Ette den dag va dæ støtt traust venskap imillom 'om Olav Haralsson og 'om Tor Gottormsson på Steig.



Foto: J. N. Elstad.

Bautastein over 'om Sant=Ola på Haraldshaug på Hondorp, reist 1909.

Dæ står itte så stor ry omkring namne hass Tor Gottormsson på Steig, 'n va kanskje ein hell' stillfåråndes mann, au, da vart dæ anna te blåster omkring son'n hass 'n Tore Torsson, 'n „Steigar=Tore“ som 'n oftast er nemnt for i soga'n. Tileg i årom vart 'n ein go'=te=se og framtøk ongdom som itte skvatt for å våge se burti vigtauge og vågsamde te=tak. Da 'n Haral Har'råin i 1046 kom att frå Myklegard og etla se te å krevja retten sin åt halve Nori' tå brorsone sine, 'n Magnus den go'e, gjekk dæ nok någå trått med å få hjålp og stø'na med å reise krave hass. Korkje brørne hass hell di stormennan på Ringerikje han venda se åt om hjålp, ha nå'n haug på å leggje se uppi denna saka. Men så før 'n

radt opp i Gullbransdal'n åt 'om Tore på Steig, syskjenbåne sine, og ondrast på om itte han kunn' vera 'om te beinke med å få på gonge krava hass om halve kongemakta i Nori'. 'N Steigar=Tore va berre framveksing ennå, 15 år gåmål, men trongde itte eve se om lang stonda. Dæ vart lyst te tingstemne, truleg på di gamle altingssta'a på Hondorp, og her ga 'n Tore 'om Haral kongenamn da tingmugjin va samla. Dette va nok itte så litor beinke for 'om Haral, og 'n Tore fekk gjilde gåvo for velviljan. Sålest fekk 'n ei masurskål (valbjørkbolle) med hodde tå sølv og sølvgjor', fyllt med pening, tu store gullringe som kår se vog ei halv mork, fekk 'n, au, og te slut ei kappe tå bron purpur og fora med kvitt skinn. Dæ va alltsamen gåvo som kunn' likne ein slik storhovding som ha vore lengje i utlandom og avla se stor rikdom. Med desse gåvom følgde dæ med lovna om både stor ære, hei'r og makt, når 'n Haral fekk halve rikje onde hendom. Desse gåvun skull' følgje Steiga=ætten lengje framigjenom ti'a, sist vart den kostbare kåpa omgjord te eitt altarklæ'e og gjett åt kjørkjun, men om dæ va hugukjørkja på Lista hell nogor tå di andre, er itte omsagt. Kanskje son'n hass Steigar=Tore kann ha gjett dette dyre altarklæ'e te sjælegåve for far sine.

'N Steigar=Tore va ein oroleg hause, sløg, grisk ette pening og lite å lite på ner dæ galdt om makt og vinning, men ein hovding som ruvde og ha makt te å lei'e dølan dit 'n vilde. Og døl va 'n midt igjenom med eit brei't, fleipfullt or' på tongun om dæ såg alder så mørkt ut. Nest ette 'om Einar Tambarskjelver va 'n Steigar=Tore den mektaugaste millom lendmennom i lande, men 'n Einar va nå eit be're menneskje på mange vis hell 'n Tore, men kanskje itte så djuptenkt hell sløg. Venskapen med 'om Haral Har'rå'in kom itte te å bli my' langvaraug, som va å vente med ein så sjølråaug kult som 'n Tore va. Danekongen 'n Svein Ulvsson sto' har't ette å leggje Nori' onde se når 'n kunn' fått någå hjålp med di her i lande, attåt si eigje hermakt, og dæ sveiv i tankom hass, at 'n kanskje med gull og med list kunn' greie å vinne stormennan. Gulle kunn' kanskje opne veigen, for 'n kjende vel te, at meir hell ein tå stormennom i Nori' va veike i kneom når gulle glema for augom. Defor gjor' 'n

iveig åt Nori' tu tå sine true menn med brev og segl, og attåt bra med gull døm skull' bjo stormennom, om døm vilde slå se på hass si'e, ner 'n kom te-lands med ei dansk hermakt. Men 'n Haral Har'råin fekk teften tå kå desse tu danskan fór og smaug med, og let fakke døm; for å bergje live sitt laut døm helde ve med å gå omkring hos stormennom med peningom og brevom i namne hass Svein, men skull' kåmå attende åt 'om Haral og sea 'om utfalle,



Steig som dæ er nå.

han senda enda med døm meire pening og brev i namne hass Svein — dæ va rettast å setja nøygje prøve på truskapen åt desse bondehovdingom, tenkte kongen. Han ha nok itte beste trua på fleire tå døm. Og di tu danskan vart nok vel mot-ti'i tå sume lendmenn, men døm råkå nå frami rakryggja nor'menn au, som itte let se lokke tå di blanke peningom hass Svein Ulvsson, — 'N Einar Tambarskjelver ga dæ svare, at 'n visste vel om at 'n Haral Har'råin itte va hass ven, men kom 'n Svein åt Nori' med hermakt for å leggje lande onde se, så vilde 'n Einar møte med odd og egg for å verje dæ. Men 'n Steigar-Tore va itte be're kar hel l'n tok imot pengom og lêt vel om, at 'n Svein Ulvsson

stødt ha synt 'om venskap, og nå såg 'n, at 'n ennå itte ha glømt venskapa bort. Som ventan va, kom dæ eit harsett' uppgjer' med 'om Haral da 'n fekk høre, korlest fleire tå landsens gjævaste menn ha ti'i imot stikkpening tå danske=konga og lovå se te tenest, når 'n kom og vilde slå lande onde se. Sume laut bøte med live, og sume med store peningbøt og jor'eigo, og 'n Steigar=Tore va nok au etla någå anna hell venegåvor, denne gonga, og håkje gamle tenesto hell skjyldskap vilde bli enst på. Dæ skjønte 'n nok sjøl da 'n hørde, at dæ vart oppstuss med di danske stikk=peningom, og her galdt dæ å snu se førr dæ vart fortrongt. 'N reiste imots med 'om Haral som allt va på veig uppi Gull=bransdal'n. Ve møte letst 'n Tore som dæ itte va någå avlågå med honom, men 'n fortalde konga, at dæ nyleg kom tu danske menn åt 'om med brev og bo' frå 'om Svein Ulvsson og ha med pening døm bau fram. Desse peningan tok 'n imot, sa 'n, for 'n tykte, at di peningan som va etla te slikt, måtte helst høre landsens konge te. Med di flidde 'n 'om Haral ein ha'leg drug pong med pening og ba' kongen med di såmå, å kåmå i herrgjestbo åt Steig med mennom sine. Men nettopp da i desse stond'n ha 'n Tore dæ så and=vinnt, at 'n laut fårå attende åt hembygden så kvasst dæ let se gjera: bygdamennan ha vorte så osamde, at døm dreiv på med å slåst, og med di rei' 'n sin veig i tenjande renn. Karan kjende sakte einan'n førr, og kårmykje kongen trudde på prate hass Tore, er itte visst å veta, 'n let di or'a felle, at 'n Steigar=Tore va så falsk, at 'n va itte å lite på i någå. Likevel fekk 'n Tore ôvære te å dovne bort att denne gonga. Men dæ gamle venskape deres vart kanskje alder heilt og friskt meir sålengje 'n kong Haral livde. Då kongen i 1066 drog på herfer' åt England og fall ve Standfordbru va itte 'n Steigar=Tore med. 'N fekk bo om å vera med, men ga dæ svare, at 'n ha havt ein så vond drôm, at dæ tyktest 'om mest rå'leg å vera hime. Dette svare ty'e itte på nå' djupare venskap millom di tu, lenger.

Son'n hass Haral Har'rå'in, 'n Magnus Haralsson, dø ong og ha ein son ette se som heitte Håkon Magnusson, og som i naugre år va fostra hos ein tå stormennom i Viken. Seinare

kom 'n Håkon te fostring hos 'om Steigar-Tore og vå sålest på Steig i oppvoksta. Den onge kongsson'n skikka se vel og folke gjor' se go'e vone om 'n, 'n vart ein folkekjær ongdom, antel dæ va skulda åt fosterfara, hell 'n ha den go'e bott'n i se sjøl. I sogun er 'n Håkon oftast kalla Håkon Tores-fostre; ettedi 'n va kongsson ha 'n arverett åt halve kongedøme, men allt me'a 'n Olav Kyrre, farbror hass, livde, gjor 'n itte krav på arven. Den kloke fosterfar hass fann nok ut, at ti'a te å krevja halvt i kongedøme itte va kome ennå, men trast 'n Olav Kyrre va slokna, gjor 'n Håkon og fosterfarn arveretten gjeldande, og folke på Opplandom va samstelte om å ta den omtykte kongsson'n på Steig te med-konge med 'om Magnus Berrføtt, syskjenbåne hass Håkon. Med eit stort følgje tå opplendinge og døle dro 'n Håkon og den aldrauge og tongføre fosterfar hass over Dovrfjelle åt Nidaros om hausten 1093, og der vart 'n Håkon Tores-fostre vald te konge på Øyretingje.

For dæ fyrste va 'n Magnus Berrføtt nødd te å finne se 'ti å dele kongemakta med ein medkonge, men 'n gjor' dæ nok itte med godvilje og ha nok i tankom å skjølja se med desse medkonga når dæ fallt se sålest. 'N Magnus ga nok 'om Steigar-Tore skulda for, at 'n Håkon så snøgt fekk fremja krave sitt på halvparten i rikje og landsstyring. Og dæ gjekk itte my' lengje førr dæ tok te å kåmå opp eitt og anna obytt millom di tu kongom, og dæ spådde itte godt for fre'a. 'N Håkon va ellest overlag vellikt og ha både trøndan og opplendingan te ryggjestø'e. Men alt i 1094 såg dæ ut te at ofre'en millom kongom itte va langt onda, og 'n Håkon og fosterfar'n fór frå Nidaros for å samle mannskap på Opplandom og bu se på eitt åtak frå 'om Magnus. Oppå Dovrfjelle flaug dæ opp ei rupe frama'for hesten hass Håkon, og den onge, lettliva kongen sette på å sprengjeri'e ette henna, og på ei hell annor gjer' ha 'n nok gjort se ska'e med desse ågålause ri'ingen. Han vart brå-sjuk så heile følgje laut vende på fjelle, og førr døm nådde åt bygden va den onge kongen slokna og kom attende åt Nidaros som lik. Dæ vart sorg over heile Trøndelagen og Opplanda da døaror'e hass Håkon nådde utover lande, for i

di stutte ti'n 'n bar kongsnamn ha 'n vunne folke for se; da like hass kom attende åt Nidaros, møtte byfolke gråtandest.

Dæ va sjølsagt eitt har't slag for 'om Steigar-Tore, at 'n så brådt misste den onge fosterson sin som såg ut te å bli så folkekjær, 'n bar nå te å bli ein så gåmål mann, au, og så tjukk og tong at 'n mest itte orka å gå, og sålest ha dæ vore å vente, at 'n skull' gjett se te ro på Steig i himbygden. Men den orolege haugen hass va itte dovna åv, herskarlysta brann i 'om som førr — 'n ha gjett tvo menn kongsnamn førr i Nori', og 'n sette se forr å gjera dæ ennå ein gong. Og så visste 'n vel, at herette ha 'n itte anna å vente se hell fiendskap, hemn og ofre' tå 'om Magnus Berrføtt som nå rådde einsleg i Nori' — live hass vilde hengje i ein trå kårlest 'n lågå se herette. Med desse framti's-vonom sette 'n igang ope oppreist mot 'om Magnus, og kåså ut eit nytt kongsemne attista'n for den avlidne fosterson'n. Vale på kongsemne gjor' itte norskdomshaugen hass Steigar-Tore my' ære, dæ va ein dansk mann tå låg ætt, men kanskje ein vikingnatur, og i vikingfer' ha 'n au fare. Svein Flette va namne hass, 'n ha vore hirdmann hos 'om Håkon Tores-fostre og ha vore vellikt tå honom. I lag med tu rike og megtauge lendermenn, 'n Egil Åskelsson frå Forland på Averøy'n og 'n Skjalg frå Jara, ein ætling ette 'om Erling Skjalgsson på Sole, bar 'n Tore te å sanke mannskap på Opplandom, fleire stormenn og bygdahovdinge stødde sikkert onde dette opprøre, for lendmennan ha imot 'om Magnus Berrføtt. 'N Steigar-Tore ha sagte itte så få døle med se i desse flokka, både frå Fron og di hine bygdom i dala; døm fekk sanka ihop ein drug flokk og tok veigen åt Romsdala for å nå sjøa; her rådde døm se te skjep og segla åt Nidaros. Der fekk døm sagte auka mannskape, og 'n Svein kongs-emne skull' hå førarskape, heittest dæ, enda dæ nok va 'n Steigar-Tore og 'n Egil Åskelsson som va di som rådde mest.

'N Magnus Berrføtt va i Oslo da ti'enda om opprøre hass Steigar-Tore kom 'om for øyro, og med ein gong stakk 'n tesjøs med godt mannskap og segla nor'over åt Nidaros. Kongen kom inn i Trondømsfjorn nettop med di såmå opp-rørsher'n va feraug te å segle ut, men 'n Steigar-Tore våga

se itte i sjøslag med 'om Magnus og di øvde mannskapa og di go'e skjepom hass. Difor rodde 'n i land med halve mannskape ve Vangsvik i Strinda og for landleies over åt Åfjor'a i Fosen, over fjelle laut døm her bera 'n Steigar-Tore på båre. I Åfjor'a fekk han skjep att og fór nor'ette, radt åt Bjarkøy. 'N Egil Åskelsson våga se ikast med kongsskjepom, men dæ gjekk på tap, og mannskape hass vart sondspreidd ve Lade, så døm laut tå flugta nor'ette te døm nådde att 'om Tore og hass flokk. Nå driv døm med å rane og brenne vidt og breidt på Hålogaland, men så visste døm itte or'e tå, ein dag døm låg i Velfjora, førr kongen med skjepsflåtå kom stemnan' på døm og døm såg med ein gong, at dæ itte nytta å slåst, di meste tå opprørsflokka rømde inn på Hamnøya og her vart både 'n Steigar-Tore og 'n Egil ti'i og kongen let døm hengje båe tu. Da 'n Tore vart leidd åt galgja på ein holme som heite Vombøya, skull' han sea: „førr va oss fire i følgje og ein heldt styre“ og komne fram mot galgja sa 'n: „vonne er vonne råd“.

På denne visen enda dæ med 'om Steigar-Tore, den megtaugaste man'n som Gullbransdal'n någun gong har ale. Om han itte synte fram di beste si'un tå folkelynne ått gullbransdølom, så lyt ein døme 'n ette ti'n som ho ennå va, berre vel sjuti år ette kristendomen va kome i lande ve' eit magtbo'. Kår som er va 'n ein hovding med ein vørna og ågå, som rokk my' viare utover lande hell Gullbransdal'n. 'N va mest den einaste lendmann her i dala som nå'n gong med fullt medvet vågå å tå opp ope stri mot kongemakten, for å helde vedlag den hovdingmakta lendmennan ha vunne se i lande. Men her kom 'n te å gje eit vondt fyrydøme med å setja opp eit kongsemne som itte åtte rett åt kongsstola, med di fyrybudde 'n di lange borgarkrian som herja lande i omlag hal'tanna hondre år, mest likeså ille som Svartdauin. Nå'n herførar va kanskje itte 'n Steigar-Tore, dæ ser ut som 'n itte hadde gjevna' te å grunnleggje oppreisten mot 'om Magnus Berrføtt, hell åtte dæ gløggsyne og den våre omtankjen te å bruke den folkemakta 'n ha samla onde se.

Frå 'om Dålå-Gullbran på Hondorp er nok hovdingmakta i søre Gullbransdala, som førr er nemnt, fløtt opp åt Steig, 'n Gullbran er visst dø i 1022 hell 23 og son'n ha kanskje itte dugt te hersemakt hell hovdingskap, ha gjenne ingen haug te di, hell. Men 'n Tor Istermågå som ette giftarmåle sine på kjeringsi'a kom i skjyldskap med konga, og allt før va ein høgvørd mann i heile dala, fekk att hovdingrume millom dølom og vart sikkert utnemnt te lendmann med di såmå 'n vart gjift med henne Isrid Gullbransdotter. At son'n hass Tor tok att embete er sjølsagt, og 'n fekk dæ kanskje trast 'n Haral Har'rå'in fekk den halve kongemakta. Giftarmåle hass Steigar-Tore er heilt okjent, og berre tu bon finn ein nemnde, son'n 'n Gottorm og ei dotter som itte er nemnt med namn, men va gjift med ein stormann Erland på Herna i Søndhordland (Hinnøy ve Manger). Di tu ha ein son som er nemnt i sogun, Aslak Erlandsson, han gjorde ei korsfer' i årom millom 1152—55 og va lendmann allt i 1135. 'N Gottorm Toresson på Steig ha itte lendmannsembete, 'n va itte den orolege og ærgjerauge hovdingen som far'n, men va nok ein velvørd stormann i himbygden. I oppreista mot 'om Magnus Berrføtt va nok itte 'n Gottorm med ettedi ein itte ser 'n omtålå i di hendingom, han har kanskje misslikt heile røra. Da sonin hass Magnus vart konge, tok 'n Øystein te nåde alle som ha vore med i opprøre og 'n gjifta se med dotter hass Gottorm på Steig, ho Ingebjørg, og sålest kom denne storætta på Steig te å yte Nori' ei dronning. 'N Øystein vart itte langliva, og dæ er itte orimeleg at ho Ingebjørg fløtte attende åt Steig, da ho vart enkje, og er dø der. Døm ha ei einaste dotter som heitte Maria og vart gjift med 'om Gullbran Skavhoggsson, han budde ve Hamar og va lendmann hos 'om kong Inge Haralsson; 'n Gullbran dø i 1161.

Andre tå Steigaætten på Fron finn ein itte nå' om, dæ er nemnt ein Olav son hass Gullbran Skavhoggsson som vart konge for ein opprørsflokk mot 'om Magnus Erlingsson, men dæ gjekk 'om ille så 'n rømde lande. I slagje ve Fimreite fall ein som heitte Ivar Steig, men om 'n va frå Steig i Gullbransdala hell Steig i Nor'land er itte sikkert. At denne

gjæve ætta ha mange greine og renninge både her i dala og viare utover lande, er mest sikkert, godt moleg at dæ enno kann vera att ætlinge på Fron den dag idag, men dæ finst itte vørkje te å rekkje dæ lenger. Ho ser ut te å ha svindrast burt hell gått heilt opp i dæ jemne bondefolke i bygden, om ho itte er utdø på mannssi'a med 'm Gottorm Toresson, som kan tenkjast å ha livt te omkring 1130. Va dottera, ho dronning Ingebjørg, einsleg attlivande bån, kom kanskje ættegar'n i henna eige, og har ette henna ti', antel ve gåve hell inndri'ing, vorte krongods. Dette er itte anna hell flogtanke, men allt ty'e på, at Steig itte vart sli'i onde krona tå 'om Magnus Berrføtt, som kunn' vore å venta ette opprøre hass Steigar-Tore; kålest gar'n kom onde krona ser oss itte nå' om i sogun, hell kå ti' dæ henda. Om ho dronning Ingebjørg kunn' liva framette te omkring 1165 og gar'n da kom onde krona, vilde dæ vorte i ti'n hass Magnus Erlingsson. I 1177 er Steig kalla for kongsgar' i sogun hass kong Sverre, for 'n tok fjorten dågås veitsle på kongsgar'a Steig da 'n ha gjort den strie fer'a over Vossefjelle åt Valders, og derfrå kom over åt Gullbransdala. Frå di ti'n va Steig krongods i fleire hondre år. I styringsti'n hass Håkon Håkonsson, 1217—1263, let kongen setja vel istand med høvlege hus fleire tå krongar'om[1] i Gullbransdala, som han og kongan seinare kunn' ta inn på, når døm ein gong imillom reiste gjenom dal'n for å kåmå åt Nidaros. Dæ va gjenne ein gjestbo'shall på desse gar'om, og sålest va dæ på Steig, men dæ va bygt eit kapel, au, der på gar'a som presten ve Fronskjørkja heldt messe 'ti når dæ trøngdest, sjå: Kjørkjo i di gamle Fron. På desse kongsgar'om sat dæ ein årmann hell ein leiglending som dreiv jor'veigen og heldt husa ve'like, men ellest itte svårå landskjyld hell skatte. Sysselmenn og seinare fautan ha ofte desse garan' i pakting. Omkring 1580 budde fauten 'n Moses Stub på Steig te 1590, og ette honom ha bror hass, 'n Abraham Stub, gar'n te pakting. Ette desse tu va dæ ein Per Kokk, visst ein nor'døl, som pakta Steig naugre år, og ve århondreskifte kom fauten Lars Gram på

---

[1] Veom i Øyer, Steig på Fron, Bre'e (Hov) på Sell, Tofte på Dovre.

gar'n og hadde 'n sålengje 'n va faut, frå 1603 te 1613. Steig vart itte lagt i skjyld før i 1592 ette påbo' frå stat=haldaren; tolv lagrettsmenn frå Fron mælte gar'n opp „med reip og stong". Døm tykte dæ va ein har'leg „ubrugelig" jor'veig med berg og stein og orø'ning, men likevel sette døm gar'n i ei skjyld på 7 huder, fFårekna Heringøya i Lauga, som i lang ti' ha vore brukt te hesthamn, men som for naugre år sea vart ti'i ibruk onde gar'n, enda ho i fløma står onde vatn og mest all opp er overgrodd med skog. Ved den nye skjyldsetjinga i 1665 åtte ervingan ette 'om Nils Laurisson Toller, borgermester i Oslo, både Steig og mange andre tå største gar'om i Fron. Denne rike holsteiner'n var eigar tå ein mengde gar'e i imse bygde på austlande og ha truleg kjøpt tå konga fyry 1642. Omkring 1683 vart Cort Coldevin faut i Gullbransdala, han budde på Steig og ha skjøte på gar'n; han dø 1711, og enkja hadde gar'n te ho i 1722 selde 'n åt fauta 'n Svein Stenersson. Men i 1728 tok 'n Oluf Coldevin, eldste son hass Cort Coldevin, gar'n att på odel.

Da Hondorp og Steig itte lenger va hovdingsæte i Gull=bransdala ser dæ ut te, at ei ny ætt ha løyst åv di gamle på Fron, og at hovdingskapen har dri'i se uppi nor'dal'n åt Eldjønn= og Gjeslingætten på Valbjør og Sundbu. I slutten tå di 12te hondreåre er 'n Ivar Gjesling lendmann og va i 1177 med i Mjøsen med mange skjep og stort mannskap for å slåst med 'om kong Sverre; den ti'a va dæ nok Gjesling=ætta som ha førarrume i dala og hadde dæ i fleire manns=aldre framigjønom, radt te's lendmanns=embete vart ne'lagt. Kongsmakta voks se ette hand så sterk, at di gamle bonde=hovdingan fekk mindre og mindre å sea.

Fron va sikkert ei folkesterk bygd da ho vart kristna i 1021 ihoplikna med di hine bygdom i Gullbransdala, men kå stort folketale kunn' vera den ti'a, er dæ itte nå' pålitandes vørkje te å finne ut. I sogun om 'n Dålå=Gullbran fortelst dæ, at 'n senda son'n sin imot 'om Olav Haralsson med 960 mann — 8 × 120 —. Nå er kanskje heile denne forteljinga

itte så my' å lite på, og dette tale er sagte dugeleg overdrivi, men om ein rekne dæ te 600 mann er dæ visst enda høgt nok. Tek ein viare desse 600 mann for å vera 250 frøninger, 100 frå Gausdal, 100 frå Fåberg, 50 frå Øyer og 100 frå Ringbu, skull' dæ svårå på rimeleg gjer' bygdom imillom. Våge oss ette desse å skjote på, at desse 250 stridsføre menn utgjor' femteparten tå heile folkemengda i Fron, skull' bygda i 1021 hå iallt 1250 menneskjo. — Dette tale er nok sikkert i høgste lage, enda dæ ruve smått for ei så stor bygd, men folketale voks svært smått i desse gamle ti'om, nie hondre år sea. I 1645 er dæ eit brukeleg koppskattmanntal frå Fron, og ette di kann itte bygda dæ åre havt over 1900 menneskjo, oss lyt da minnast, at Svartdauin i 1349 øydde folketale med ein treapart og at denne sotta sette folkeaukjin attende like te reformasjonsti'n i 1537.

Ser ein på alle di kjørkjun Fron ha havt i di katolske ti'n, skull' nok dæ tyde på ein større folkemengde, dæ går or' om fjorten kjørkjo iallt, og om ein rekne frå kapella på Steig og Isøm og kjørkja på Rolsta' som kanskje itte er sikkert ha vore, bli dæ enda elleve kjørkjo. Dæ skull' da med desse utrekningom her ogofor itte felle større kjørkjemugje på kår hell velså 100. Elles va nok fleire tå desse kjørkjom som Fron ha så mange tå i medelaldra, svært småe, den største va nok kjørkja på Lista som va hugukjørkja i bygden. Folke i di katolske ti'n va svært viljauge te å byggje kjørkjo, og når ei bygd kann ha bygt så mange på tal som Fron, vise dæ, at bygda ti'leg ha vore i velmakt og orka å sett opp kjørkjo i kår fjorong i di store bygden. Lenger fram vil dæ bli utgreidt någå meir både om kjørkjun på Fron og om folketale i bygden te di imse ti'om.

KJØRKJO I DI GAMLE FRON.

Førr er gote om at Fron i medelaldra ha itte mindre hell 14 kjørkjo og kapell, tå døm er dæ 12 som dæ finst sikker melling om. Her ska dæ kåmå ei lite nøygjare ut=grei'ing om kår før=se tå di kjørkjom som dæ er nå' å finne om.

Fronskjørkja, Listaða kirkja som ho nemnest i gamle fornbrev frå medelaldra, va hugukjørkje i Fron; ho va ei stavkjørkje som for dæ fyrste sto på Lista. Ette di som både Schjøning og presten Hjorthøy skriv, ha kjørkja seinare i ti'n vorte fløtt nå' lenger ne' og nerar mot almennveiga og dæ er rimeleg, at denne fløtjinga ha gått for se omkring 1616. Ette eit kjørkjereiknskap frå 1617 bli kjørkja nemnt å vera nybygd, men reiknskape har ei så ogrei målføring, at dæ er vanskeleg å tyde dæ med visse. Dæ står sålest skrivi for reiknskapsåret 1617: „Givet Nils og Peder malere i Guld=brandsdalen for ganske kirken både loftet, veggene samt og altertavlen med prædikestolen og sakristiet, som de på deres egen kost med formalet haver med deres egen farve, hvilken kirke av ny er altsammen opbygget efter velbårne Envolt Kruses bevilgning = 105 rdlr. Forskrevne ny kirke begbredet med 37 tønder tjære = 55½ rdl. Oplagt til forbedring av taget hvor det fandtes brystfeldigt 1200 spon.“ Med di kjørkja tu gongo kallast „ny“ og at dæ nemnest „bevilgning fra Envolt Kruse“, må det nok vera bygt ny kjørkje, og denne er vorte fløtt någå ne'over frå di gamle toften og sett der ho sto te i 1787. Truleg vart kjørkja bygt nå' større, men

dæ brukbare vørkje i di gamle ha nok vorte utnytta, og viare vart ho ombygt te korskjørkje. Amund Helland som skriv om Fronskjørkja i „Kristians amt“ held for, at korsvengjin er attåtsett tå lafta timmer, som dæ er gjort ved Lomskjørkja og sume andre kjørkjo på fleire stelle når døm vart ombygde med kors, men kålest dæ va med desse med Fronskjørkjun er itte rikti visst. I 1739 er dæ helde kjørkjeoversjåing, og ho ly'e sålest for Frons hugukjørkje: „Kirken av reisverk uden og paneling indvendig forsynet udi en korsbygning med et smukt tårn og spir. Kirken og sakristiet i sin helhed forsvarlig så ingen reparasjon trænges. En med billedhuggerarbeide, skildring og smuk maling udpyntet altertavle, prædikestolen ligeså med billedhuggerarbeide, polerforgyldning og maling udsiret, funten udhulet klæbersten med et sømmelig bækken, stolene i god stand, dog fattes 12 dørhengsler Vinduerne hele og gode, 2 nye vinduer trænges da de i kirken byggede pulpiturer (overlaup) gjør den mørk oppe i skibet. 4 klokker henger i en særskilt og forsvarlig stupul. Kalken forgyldt inden og uden veier med disk 44 lod, en sognebuds 13 lod, en liden oblatæske fra 1684. En rød fløyels guldgalloneret messehagl med ophævet guldkrusifiks.“ Ette desse frå fyrst'n någå ogreie oppskriftin kan dæ nok sjå ut te, at heile kjørkja, både langkjørkja og vengjin va tå stav. Nå er dæ mest sikkert at dæ er 'n Verner Olsson som ha bygt den nye kjørkja, for han åtte og budde i ein tå Skodalsgar'om denne ti'a, og da 'n va ein utlærd byggmester va 'n nok itte my' brydd med å byggje reisverkhus, som elles ha vorte reint åvlagde ette 1600-tale. 'N „mester Verner“ som 'n va kalla i bygdom, har vore ein go' byggmester og 'n har bygt omatt mange kjørkjo her i dala: Fåbergkjørkja, Ringbuskjørkja, kjørkjun på Fron, Vågå og Lom, og han er dæ som har bygt tårne på Ringsakskjørkjun. Ringbukjørkja har 'n mester Verner utvi'a med å byggje attåt nytt kor, ho va ei tå di fåe stavkjørkjom som allt frå fyrst'n ha korsvengje så 'n Verner slapp å byggje døm. Men alle desse gamle stavkjørkjun ha berre ein låg takrytter te tårn, og som sto' over inngangen frå vest; ve utvi'ing og ombyggjing i fyrsten tå 1600-tale vart takrytter'n kasta og ista'n

sett eit høgt tårn med spir og fløy midt over korsen. Og te å byggje staute og framifrå røslege tårn va 'n Verner ein stor mester, defor peike dæ dit at dæ er han som har bygt den nye Listakjørkja når dæ i oversjåingen frå 1739 står, at ho har „et smukt tårn med spir". Dæ ligg i dæ heile ner å tru, at den gamle Listakjørkja va bygt pålag på såmå gjer'a som hugukjørkja i Ringbu.

Gerhard Schjøning som såg på kjørkja 1775, tolv år førr ho vart rivi, skriv om ho „at den er en gammel stav= eller reisnings=bygning malet indvendig med gammeldags vand=farve=maling og tækket med spon på sin gammeldags. Der=imod er dens prædikestol ret prægtig. Den tilligemed op=gangen dertil er prægtig udhuggen samt prydet med en skjøn poler=forgyldning. Over bemeldte opgang står: „Hr. Otto Munthe sogneprest til Fron, Kongel. majestæts fogd Cort Coldevin 1706". En altertavle av samme arbeide og staffe=ring blev samme tid forferdiget til kirken, men den blev alt=for liden til kirkens størrelse og derfor foræret til Kvams kirke. På kalken står: anno 1598".

„— — — — På Frons kirkes store klokke står følgende opskrift: Denne klokke blev støbt til Froens kirke anno 1647. Hr. Thord Larsson sogneprest til Frons sogn, hr. Fridrich Nilson Glostrup sogneprest i Woge. Christen Monsson kgl. foget over Gulbrandsdal.

På de tvende mindre klokker står: Anno 1703 i konning Frederik 4 tid er denne klocke omstøbt og bekostet av hr. Otto Munthe, pastor til Fron, og almuen. Foruden disse klokker henger endnu en ganske liden klokke i den her=værende klokke=stabel som man har sat ovenpå en temmelig stor rund kjempehaug. — — — Frons kirke er nu gammel og temmelig forfalden. Den tilligemed gjeldets øvrige kirker tilhører almuen og har samme isinde at flytte kirken hen til et bekvemmere sted, når den skal opbygges av nye, og da at opføre den av grundmur; for hvilket stedets nuværende brave sogneprest hr. Hjorthøy vil gjøre sig al mulig flid."

Ette stiftsboken hass Pål Hvitfelt ha hugukjørkja i årom millom 1575—77 desse eigun:

1. Indbo: 4 klokker i tårnet, 1 handklokke; — 1 ny kalk og disk veier over 15 lod, 1 sølvkalk forgyldt, 1 kobberdisk, siden er tilgjort 1 sølvdisk forgyldt, veier kalk og disk 21 lod 1 kvintin; — 1 tjærekjedel veier 6 bismerpund; — 1 kjele udi funten; — 1 dregekjedel[1] 1 bismerpd.; — 3 kobberlysestager uden piber; — 3 gamle messehagler; — 2 gamle messeserke; — 1 ny rød fløyels messehagl; 1 manual (skrivi håndbok); — en ny trosse på 43 favne.

2. Landskyld: Fladås 2 huder; Amundli 3 skind; Storløkke ½ hd. Kirkeeng 1 hd. Nordrum (Ringbu) ½ hd., Melum (Ringbu) 3 skd., Ånne 1 hd., Suleng ½ hd.; Brandrud 1 hd.; Oden ½ hd.; Forr 3 skd.; Hage 1 hd.; Brende 1 hd.

3. Leiekjør 15; seinare oppskrivi: „Hans Skredder har anno 1594 givet 1 ko.“ Summa på hovedkirkens landskyld 9 huder, 9 skind og 16 leiekjør.“

Da kjørkjestolan (reiknskapa) for hugukjørkjun brann opp i 1806, kann ein itte finne nå' meir om innbu, omvølingo o. m. frå dæ søttande hondreåre. Ette kjørkjeoversjåingen i 1739 vise dæ se at kalken er gjort dubbelt så stor; den gamle kalken va gjett tå 'om Mads Gram i 1598.

Hugukjørkja tok te å bli my' forfulle da Hjorthøy kom åt Fron i 1774, truleg ha ho vorte i minste lage attåt, så dæ laut byggjest ny kjørkje og dæ fekk bygda lov te ette kongebrev frå 1776. Ette di almugjen ha søkt om skull' ho byggjest tå mur og setjast for ein del på grunna åt prestgar'a og for ein del på grunna åt O'e. Dæ kann itte vera otenkjeleg at Hjorthøy ha stælt almugjin opp med å byggje den nye kjørkja tå mur. — Fron va nå den største bygda i dala, den som orka mest og den som åtte di rikaste ervеminne frå di ti'om da dølan tok ve kristendomen. Sålest vilde dæ høve se, at bygda sette opp ei kjørkje som svårå te bygden og di gjæve minnom. Men kjørkjebyggjinga vart eit så tongt lyftan for Fron, at dæ heldt på å gje mange ein knekk. Alt i 1776 vart dæ kjørt teveigjes my' stein åt murverkje, men ti'a va trong, så bøndan tykte dæ laut drygjest

[1] Dregekjedel = dragkjel som døm dro opp med trosse ner taka og tårne vart tjyrubrædt.

med å setja arbei'e i gang, og itte førr fyrst på åre 1786 tok arbei'e te for fullt álvor.

Kjørkjebyggjar'n va den namnsporde „overbyggmester" ve Røyrosverke, 'n Svein Aspås, som va ein sjøllærd oppfinnar, kjørkjebyggjar, brubyggjar og mangt anna, reint eit framifrå hugu. Frå Grov der 'n truleg budde onde arbei'e, ha 'n den 3. januar 1786 skrivi opp eit overslag på dæ byggjefange og dæ mannskape som måtte te. Dette overslage lyt tåkåst med her da dæ på sin måte er eit tidsbilæte som trast er 150 år gåmålt.

Beregning over de fornødne matrialer til kirkens opbygning.

6000 læs sten når forsvarlige læs.

1500 tønder kalk.

8000 læs middelmådig grov sand.

1000 god ler.

50 tøltter stillingstømmer fra 12—14 alen langt, 5 à 6 tom. i toppen.

45 do. til sperverk til taget og gulvåser samt brøsteverk på bommeren fra 12—16 al. langt og 7 à 9 tom. top.

8 do. grovt stort tømmer til tårnstolper og taget fra 15 til 18 al. langt og fra 8 til 12 tommer tykt i toppen.

6 do. tykke bord 3 tommer tyk, 10 do. bred, 8 al. langt til vindueskarmer.

6 do. firskårne poster 5 tommer på en og 4 tommer på en anden, 8 al. lange.

150 do. bord til stillings, bra tykke.

150 do. til paneling, tønde bord.

70 tøltter bord til øverste tag under stenhjelmen.

150 tøltter do. til nederste gulv i bommeren og op igjennem tårnet.

100 tøltter gode og tykke bord til vinduesrammer og til døre, til opstandere til stolenes afdeling og videre som behøves.

Jern og spiger.

15 skippund flatt stangjern.

16 do. borjern til bolter.

200 st. halhaker.
20 000 5=toms spiger.
30 000 4=toms do.
6000 fra 6 til 8 toms spiger.

Mandskab som behøves til arbeidet.

40 gode murmestere, stedse de samme.

28 håndlangere hver dag. NB. Disse murmestere må selv forsynes med en murhammer og en mursked som de av mig gives model til.

Håndlangerne må forsynes med stør, hakker, spader, krafser og størhakertoug.

Og på stedet må forud eller så snart arbeidet begyndes bygges et matrialhus for gjemme alle redskaber udi, så og et smidehus må bygges på stedet.

150 favne trosser 1 tomme tyk.

2 tylt stager fra 8 til 16 alen lange.

6 læster smidekul for det første.

258 kvaderklæbbersten 1 alen i hver kant og tyk til postament omkring kirken.

204 glasrammer.

NB. Denne beregning vil langtfra ikke forslå hvis man ikke nytter noget av den gamle kirke.

Grov den 3. januar 1786.

S. Aspaas.

Som ein ser va dæ itte smått håkje med vørkje hell mannskap som skull' te, og da arbei'e vart storma fram, så kjørkja kunn' vigjest inn åre ette, vart ho sikkert eit dyrt hus. Kostna'n fall vel heilt ut på hugusokne (Sør=Fron) og da va dæ nok itte så my' å ondrest på, at dæ va har't å greie di store utlegga for mange.

Fronskjørkja som ho va bygt i 1786 er eit gjildt hus som syne, at 'n Svein Aspås va ein dugeleg byggmester, men ei kjørkje som er ottekantot med mansartak tek se alder vel ut i augom på døm, som er vannt med di høgreiste kors=kjørkjun tå stav hell timmer. Di ottekanta kjørkjun som dæ seinar er vorte tu tå i dala, høve itte med landslagje rondt om, og tek se ut som framonde fugle. Dæ som bergje

Fronskjørkja frå å sjå nuvote ut er storleiken og dæ vakre tårne med opne portale onde di fine tårnhjelma. Tårne og den prydelege portalen for inngangsdør'n gjer kjørkja røssleg og dreg augun bort frå di nuvote formen. Kjørkja rømme 750 menneskjo.

Dæ er nok Aspås som ha sti'i for innrei'ingen og fast=sli' den, og der er dæ au ei någå framon gjer' med di, at preikstol'n skjyt fram beint over altere nokså høgt oppe.

Foto: Wilse.

Kjørkja på Søre Fron.

Preikstol'n ha dølaskur' og er vel den gamle frå Lista'kjørkjun og kanskje altertavla, au, er den såmå. Både preikstol'n og altertavla er prydelege og tek se godt ut, og kjørkja inn=vendes er vakker og vørsleg all opp. Ho er den største tå alle kjørkjom, og har vore nemnt ved eit høve som „Gud=brandsdalens domkirke". Køm som kann ha skore ut preik=stol og altertavle er dæ ingen nå som veit, og da di gamle kjørkjereiknskapa er borte, er dæ itte moleg lenger å få någor greie på di. Dæ er go' dølaskur, men dæ kann vera imse om dæ er ein treskjerar frå dala som ha gjort arbei'e.

Prestgar'n på Fron heitte frå fyrst'n Svahelle, men gjenom ti'a er 3 andre gar'e sli'i åttåt, Skarplykkja, Skipløm og Gar'=laus, di tu siste joreigun' vart attåtlagde i 1504 og bytte åt prestgar'a ve makeskifte for Stokke og Dalbjønnhus, som før va prestbolsjor'. Ette oppgave åt „Landkommissionen" i 1665 ha prestgar'n eit utsæde på 26 tynno' og fødde 40 nautskrytjyr, 7 heste, 30 saue og 13 svin.

Ette stiftsboken låg denne landskjylda te prestebole i 1577: „Forr 2 hdr., Svebe 2 hdr., Hage Sødorp 3 hdr., Segal=stad ½ hd., Årnes i Ringbu 1 hd., Nordrøm i Ringbu ½ hd., Bjorke 1 hd., Tofte 1½ hd., Hjetlund ½ hd., Herrison (!) 1 hd., Bilben i Heidal 1 hd., Sigstad i Kvam 3 hdr., Graffer ½ hd. Herforuden bruges disse gårde og gårdeparter under prestebolet og hvoraf ingen landskyld opkræves: Sålbrå 3 hdr., Svebe 1 hd., Steberg 1½ hd. Et kvernestø hedder Fossen. Summarium 17 huder 3 skind."

I 1665 er landskjylda åt prestebole vokse te 25 huder 6 skd.; i Hjorthøys ti' va landskjylda 18 hdr 5 skind og låg sålest: Forr 3 hdr., Jettlonn 8 skd., Steberg 6 skd., Segal=stad 3 skd., Bjørke 1 hd., Sveipe 2 hdr., Muriteigen 6 skd., Tofte 6 skd., Tofte 1 hd., Gravdal 2 skd., Omondbrekka 1 hd., Stø 1 hd., Sigstad 4 hd., Røsøm 4 skd., Veikle 6 skd., Frons=prestgar'n 3 hdr. Hjorthøy skriv i 1781 sålest um prestgar'n: Prestegården skylder 4 huder bestående av 4 gårde som nu ere under et, nemlig Svahelle, på hvilken del præstegårdens bygninger stå, Garløs, Skiplum, Skarpløkken som skylder 1 hud og kjøbes av prest efter prest for 60 rdlr. Enhver av disse 4 gårde haver i gamle dage havt særskilte opsiddere, da hustomterne til enhver gård endnu er at se, ligesom der og på Garløs som nu allene bruges til eng, findes tvende begravelseshøie. Til prestegården ere 2de sætre på vestre side av Laugen, nemlig Bålsæter 1 mil fra præste=gården, og Kantlien 2 mile fra prestegården og grendser til Svadsum anneks i Gausdal. Den første sæter har i adskil=lige presters tid været ubrugt formedelst slet havning, den siste, nemlig Kantlien, er av mig nu bekostet opbygget, og haver jeg der ladet opføre et av gråsten muret fæhus til 40 stykker kvæg, tækket med skifersten, taget av et stenbrud

hvilket jeg selv haver opdaget nær ved sæteren, og er så fin at derav kan laves skrivetavler. Nær prestegården haver jeg anlagt et vandspring fra en kilde som opvælder av jorden omtrent 1/4 mil fra gården, op mot fjeldet, og er varmt om vinteren og koldt om sommeren. — — — Foruden dette haver jeg ladet opføre langsmed kongeveien 200 favne stengjærde, brudt 10 mål ager og bortført over 1000 læs sten. Under prestegården hører 3de fiskevande kaldet Graffervandene og ligger under den benefiserede gård Graffer, en fjerdedels mil fra prestegården på vestre side av Laugen. Til disse vande er tvende indløb fra Laugen, som derfor forsyner samme vande om sommeren med følgende slags fisk av Laugen, nemlig ørret, sik, har, lage, træl og aborrer. Dette fiskeri er den største herlighed under prestegården, dä ingen anden, efter en 200 år gammel dom, må der fiske uden prestens tilladelse. Samme er ved rettergang på åstedet av mig fornyet, da nogle fiskede ulovlig og vilde tilegne sig rettighed til vandet."

Schjøning fortel om at utsæde på Frons-prestgar'a i 1775 va 25—26 tynno bygg og någå rog òg erter, lite kveite va au sådd og kunn' bli fullmogje i go'e somre.

Ette loven om prestgaran i 1882 vart dæ tå Frons-prestgar'a frådelt 9 småbruk, og i 1907 va dæ på jor'veiga, som da vart att, sått 20 tynno iallt med bygg, rog, erter og havre, potetsæ'e va 29 tynno. Som førr er nemnt brann hugubygningen i 1806.

Da Gerh. Schjøning reiste her i dala i 1775 sto' ennå den stugu i prestgar'a, som Ludvig Holberg budde 'ti og ha skulerumme sitt 'ti me'a 'n va hos 'om Otto Munthe eit år hell tu.

Sødorp-kjørkja. Ho er i gamle brev frå medelaldra nemnt både kirkja á Suðtorpi og kirkja á Brandvol å Fron. Kjørkja sto' for dæ fyrste på grunne åt Brandvol og va sikkert ei litor stavkjørkje. Ho sto' ennå i 1575, men va da itte brukt og va reint i forfall, og ei ny kjørkje va opsett tett attmed di gamle. Denne gamle kjørkja va ette di bispen Jens Nilsson skriv berre litor. Den nye kjørkja som løyste



Kjørkja på Søre Fron innvendes.

ho åv, er sagte bygt så pålag 1570 og sto' i omkring 180 år te i 1752 da ei ny kjørkje vart bygt og sett op på Litl=gar's grunn, granngar'n åt Brandvol. Kå dæ va for ein



Foto: P. Kluften.

Kjørkja på Sødorp.

som va kjørkjebyggjar åt Sødorpkjørkjun er itte kjent, men dæ er rimeleg at dæ va 'n Per Korpbergje frå Kvikne, og som i lag med sona, 'om Jehans Korpbergje bygde Kvikne=kjørkja. Ho er godt hoggje og timmerarbei'e vel frå se gjort,

så ho er te ære for bygmestera. Da Fronskalle i 1850 vart bytt i tu kall, vart Sødorp kjørkja hugukjørkje for Nørdre Fron. Bygda søkte i 1908 om å få fløtja kjørkja over på andre si'a åt Lauga på ei lugum toft på grunne åt prest=gar'a. Ho vart da ti'i ne' og fløtt og oppatt=sett heilt ut ette di gjer'n ho ha på di gamle toften. Frå fyrst'n ha ho eit høgt tårn, men dæ bles ne' i 1850, og attistan vart opp=sett berre som eit lågvore spir. Men ve fløtjinga sist fekk ho att eit høgt og spiskt tårn, og er nå ei vakker korskjørkje, som tek se vel ut, berre tårne kunn' nok vore ein món førare. Ved fløtjinga som vart heilt fer'aug 1910, kom kjørkja te å stå pålag 2 kilometer lenger nor' hell på di gamle toften på Litlgar', ho ha rum åt 370 kjørkjefolk.

Innrei'inga i Sødorpkjørkjun som va fullførd i 1762—65 er svært for=se=gjord og prydeleg og høver godt med kjørkjun innvendes. Preikstol'n og altertavla har ein så rik og vakker utskur', at kanskje berre Heidalskjørkja og Kviknekjørkja går over døm med go' og fin utskur'. Dæ er krillskur'n og dæ rike bla'verke som er så vakkert og kraftaugt og fint forma, bilætskur'n på altertavlun over kordør'n og dæ store krusifikse står itte my' høgt, og sålest er dæ mest over=alt med bilætskur'a ette di gamle bygdatreskjerarom, å skjera figure låg itte for døm. Når døm i ein bilætbibel fann eit greit og godt mønster, kunn' dæ gå bra, slik som Moses og Aron, men når dæ va om å gjera å setja ihop fleire og mindre bilæte, slik som „Nadveren", vilde heile stykkjy mest stødt misslykkest og figuran' bli formlause bytinge.

Konstnar'n som har arbeidt i Sødorpkjørkjun er Sørfrøn=ingen 'n Kristen Ellansson Lista. Han va kome frå Mel=gard og va tå ei evnerik slekt; bestefar hass, som ha såmå namne, va klukkar i Fron, og dæ va 'n Kristen, au, te om=kring 1796. Sjå ellest om denne man'n i stykkjy um „Bygda=konst".

Omkring 1580 hadde Sødorp kjørkja dette innbue ette stifts=boken: „2 klokker i tårnet, 1 handklokke, 1 sølvkalk og disk på 15 lod 1 kvintin, 1 tjærekjedel og 1 funtekjedel, 2 gamle messehagler, 2 gamle messeserker, 2 kister."

Landskjylda som låg kjørkjun te va: 1 kalvskinn i Stø



Foto: P. Kluften.

Preikstol'n i Sødorp-kjørkjun.

og 3 kalvskinn i Røsøm. Leigekjy 7. I 1665 ha kjørkja itte meire landskjyld hell 3 skinn i Sigstad i Kvam. Frå eit kjørkjeoversjå 1739 er dette bokført: „Sødorp er en altforliden, meget mørk og gammel kirke av suler og planker og bræder, meget gammeldags og kan ikke benyttes i mange [år]. Siret med tårn og spir og tjærebredet, tilbygt sakristi



Foto: Pål Kluften.

Oppgangen åt preikstola i Sødorp=kjørkjun.

av tømmerverk. Indredningen er gammel og skrøbelig, vin=duerne små og ulige, altertavlen kun et malet panel opheftet til veggen, prædikestolen liden, gammel og malet. Det andre inventar gammelt og slidt. To smukke klokker.“ Dette sjåe va sålest helde 13 år førr den kjørkja, som nå er, vart opp=timra, og vise, at den gamle Sødorpkjørkja va stavkjørkje,

Foto: P. Kluften.

Altertavla i Sødorp=kjørkjun.

og ette di som førr er sagt framafor, va ho truleg bygt om=kring 1570—80, og er dæ te=felle, va ho sikkert ei tå di siste stavkjørkjom som va bygt her i lande.

Nørdre Frons hugukjørkje som, ette kalle vart delt, er henna rette namn, har kalk, disk og brø'ask tå sølv. På brø'=aska står innrissa: „givet til Søedorp kirke av Iver Amund=

sen Loe og Ole Olsen Kongslie 1771." På altere tu ljosståkå tå plet, „gave til Nordre Frons kirke fra Erik Granmarken". I skrifthuse er 4 store, gamle ståkå, tu tå døm er „givet av Ole Eriksen Kongs-Lie 1701". Fonten er tå klebber og er sikkert frå di katolske ti'om. Båe klukkun' er gamle, på di største står: „Denne kloke er støbt til Sødorp Anx. Anno 1770." Kjørkja har orgel.

Nørdre Frons prestgar'n heite Sonde, kjem tå sond, sondstad da dæ ha vore sonda over Laugen førr Sondbrua vart bygt. Sonde va i gamle dågå kjørkjegods og va kaplangar' åt di faste kaplanna i dæ odelte Fron. Ette prestgar'sloven frå 1882 vart dæ fråskore 5 parselle, men gar'n er ennå rekna for å fø 3—4 heste og 12—16 nautskrytjyr.

Kvikne-kjørkja. Kjørkja åt Kvikne-anneksun er ei timra korskjørkje frå 1763; byggmester'n heitte Per Jehansson Korpbergje frå Kvikne. Kjørkja va ette kongelovna 1759 oppbygt på grunne åt gar'a Sylte ista'n for den gamle kjørkja på såmå toften, og som da va reint forfulle. Dæ er elles kjent, at dæ på di gamle kjørkjtoften på Sylte ha sti'i tu kjørkjo førr. I eit kvitteringsbrev frå prosten Mads Gram åt kjørkjevergjom 'n Tjøstel Mølby og 'n Iver Harelstad 29. novbr. 1600 for Kvikne kjørkjereiknskap åra 1586, 87 og 88, er innti'i utgjivtin' „for en ny kirke at opbygge". Denne nye kjørkja må sålest vera bygd seinast i 1599, men kanskje helst naugre år førr. Reknskape ser slikt ut:

— — — — — — — — end givet for en ny kirke at opbygge: først 4 mand at løfte i 2 dage 4 ß, og for deres kost 4 ß — givet 6 karle udi 11 dage for timbring på kirken 33 ß, — nok givet 4 mænd for udi 4 dage tiltelje bjelkerne (åsan') og troffuidt (taktroa) 8 ß, og for deres kost 8 ß. — Givet 4 karle i 15 dage at byge tårnit 30 ß, og for deris [kost] 30 ß. — Ittem givet 2 karle at hugge tilfang i skouven til hoffuer (huver) 1 dag 1 ß, og for deris kost 1 ß. — Givet 2 mand at hugge i skouven, fremkjøre og oplegge 2 lange torvhold udi 2 dage 2 ß, og for deris kost 2 ß. — Givet 2 mand udi 2 dage at skave timret den tid man timbret i høyden på kirken 2 ß, og for deris kost 2 ß. — Nok udlagt for 17 tylter sagbord til

tro og tag til kirken, hver tylt 22 β er 23 ℔ 16 β. — Nok givet 2 mand som i 2 dage gjorde små stolper til tårnet 2 ℔, og for deris kost 2 ℔. — Givet for 3 tønder tjære som kirken blev brædt med 3 daler.— Nok givet for 2 tønder tjære op=lagt 8 ℔. — Nok givet 1 mand som udi 2 dage gjorde 2 dører til kirken 1 ℔, og 1 ℔ for hans kost. — Givet for 4 dørjern 3 ℔. Over alt lignet og lagt deris udgift med deris indtægt, blev kirken skyldig sine ombudsmænd på fornævnte 3 års regnskab 95 ℔ 2 β og 2 album, hvilke dennem skal betales av kirkens vedkommende rente og indkomst. Og dermed alt klart gjort. — — — — — — — — Mads Gram egen hand.

(1 rigsdaler = 4 ort (℔), 1 ort 16 skilling, 1 skilling 4 album.)

Ette desse reiknskape må kjørkja ha havt torvtak og va kanskje ei langkjørkje med takrytter over di vestre innganga, den førre kjørkja har sikkert vore stavkjørkje og har sagte vore så gåmål og forfulle, at ho er rivi omkring 1600. Den nye timra kjørkje vårå itte lenger hell pålag 160 år te i 1763 da den kjørkja, som nå står, vart opptimra. I skriusomåra 1789 gjekk dæ ei skriu på kjørkja, braut inn øvre veggen i songhuse og førde så my' jor', at ho gjekk høgt opp på altertavla. Ette desse fekk sokne lov te å fløtja kjørkja på eit anna stelle, og så vart ho sett opp på grunne åt gar'a Tone, itte my' langt frå der ho sto' førr. Byggmesteran ve fløtjinga i 1789 va 'n Per Jehansson Korpbergje, son hass Jehans som sette kjørkja opp i 1763, og 'n Tor Risdal frå Skåbu.

Kvikne=kjørkja som ho nå er ette fløtjingen i 1789, er ei vakker timra korskjørkje med eit høgt tårn, ho ha fine høve=lege forme all opp, og er ei tå di vakraste timrakjørkjom i dala. Innvendes er Kvikne=kjørkja overlag prydeleg med framifrå fin, ekte dølaskur'. Preikstol og altertavle er arbeidt tå 'om Estin Gottormsen Kjørrn frå Heidala, og er sikkert dæ beste kjørkjearbei'e 'n gjorde i si ti'. Preikstol'n er ei nøyaktaug ettelikning tå preikstola i Heidalskjørkjun som stormester'n 'n Jakop Klukkstad frå Lesja har gjort, og desse tu preikstolan er så like, at sedde på fråstand er dæ itte moleg å sjå nå'n forskjel. Berre ve å somfårå skur'n tett

innve vise nok mesterhånda hass Jakop se utur, likevel, men Kjørrin ha kårsomer med Preikstola i Kvikne-kjørkjun gjort eit arbei' 'n gjenom all framti' vil hå ære tå.



Foto: P. Kluften.

Kjørkja i Kvikne.

Altertavla er likeeins eit godt arbei som prye kjørkja og er overlag andsynleg allopp. Med altertavlun har Kjørrin slept se meir på eigje hånd forutta å ha bonde se heilt åt altertavlun i Heidala; ho ha my' bilæte, og med bilætom



Foto: J. N. Elstad.

Kvikne=kjørkja innvendes.

sine ha 'n vore vissa så heppe som Klukksta'n, døm ha for dæ meste be're forme, enda Kjørrin hellanitte greidde å skjera go'e figure. Likesom 'n Jakop Klukksta, måla og forgyllte Kjørrin au kjørkjearbei'a sine og gjorde dæ godt; fargun er friske og høvelege, og både døm og forgjyllinga har helde se vel.

Dæ er naugre måla tavlo i kjørkjun og eit stort Kristus=bilæte som klukkarn, 'n Kristen Lista, ha skore — 'n kom beran' med di på oksel'n ein messdag 'n skull' gjera tenest i Kvikne. 'N ga truleg bilæte åt kjørkjun, men dæ er eit riktig ringt arbei' som slett itte er te pryd for di elles så vakre kjørkjun.

Frå byggjingsarbei'e på Kviknekjørkjun i 1764 er dæ eit reiknskap frå di tu som førde reiknskape, 'n Ola Steig og 'n Svein Isøm, og som har denne utgjifta: „Betalt til kirke=byggerne Peder Korpberget og Tord Risdal 102 rdlr. 2 ℳ „ β — For indredningen 88 rdlr. „ ℳ „ β. — For spiger 21 rdl. 2 ℳ. — Ole Haverstad for en smidebelg som blev avkjøbt verket (Selsverke?) 1 rdlr. 1 ℳ 12 β. — 800 store spiger 2 rdlr. „ ℳ „ β. — Smeden Iver Sætermo 26 rdlr. 2 ℳ 8 β. — Jern til tårnet 5 rdlr. 2 ℳ „ β. — Kobber for 4 rdlr. 3 ℳ 3 β. — For knappen og fløyen 3 rdlr. 3 ℳ „ β. — Tosten Tofte jern for „ — 3 ℳ 16 β. — Simen glasmester 25 rdlr. „ ℳ „ β. — Losjement til biskopen og presterne [ve kjørkjevigsla] 32 rdlr. 2 ℳ 8 β. — Ole Kongsli for jern og spiger 4 rdlr. „ ℳ „ β. — Betalt på våbenhuset 17 rdlr. 2 ℳ 12 β. — For regnskabsførernes umage 20 rdlr. „ ℳ „ β. = 356 rdlr. „ ℳ 11 β, omskrivi te kronemynt kr. 785,00, i penningverd fyry 1914 kr. 4 700,00 minst, snarare kr. 5 000,00.

Ve omveling i Kviknekjørkjun i 1922 fann døm skrivi på ein golvplanke, at kjørkja va „flyttet fra Sylte 1790 J. P. S. Korpberget 1555 ⁝ den gamle ⁝ Anno ⁝ 1763 ⁝ Er ⁝ Kirken Bygget. P J. S. Korpberget. Den nye ⁝ Meininga i desse inn=skriften som visst er innrissa tå 'om Jehans Korpbergje, er at den gamle kjørkja va bygt 1555 og den nye, som døm nå ha fløtt, va bygt 1763. Med årstale åt di gamle kjørkjun er dæ eit misstak, som truleg kann kåmå se tå di at dæ gamle årstale døm ha funne va misstydd for di dæ va skrivi med romertal. Sjå kjørkjereiknskape frå 'om Mads Gram.

Ette stiftsboken ha Kvikne=kjørkja omkring 1580 dette innbue: „2 klokker og 2 handklokker — 1 tjærekjedel ny og 1 gammel som tilhobe veier 1 bismerpd. — 1 gammel messe=hagl — 1 gammel messeserk — 1 beslagen kiste — 1 sølv=kalk og disk på 16 lod 1 kvintin.“

Landskjylda va 6 skinn i Hammerstad (Hårelstad), 3 skd. i Opsal og 3 skd. i Sperstad. 1 leigeko, 4 får. Denne land=skjylda va den såmå i 1665, men i 1784 er di 3 skd. i Sper=sta bortfulle.

Den gamle Kvikne=kjørkja frå 1595 hell 99 va ennå i bra stand i 1739 ette oversjåing dæ åre: — — — — — „kirkens bygning i sig selv god og forsvarlig, for kort tid siden til=bygget en vinge (korsarm) og sakristi, ialt upåklageligt, men kirken må brædes der vil koste 24 riksdlr., altertavle i panel opheftet til veggen, prædikestolen gammel og malet, men passer godt til kirken. Fundten av klebber og godt messing=bækken, stolene passable men uden døre som de fra først av har havt, 2 gode klokker i tårnet, vinduerne gamle, dog forsvarlig. Sølvkalk og disk indvendig forgyldt 26 lod. De andre ornamenter er i ganske god orden, blommet messe=hagl med smale guldgalloner foret med sort verk.“ Når kalk og disk veg 10 lod meir ved dette kjørkjesjåe er venteleg kalken gjort ein go' mòn større. Grun'n te at dæ vart bygt ny kjørkje berre 24 år ette kjørkjeoversjåe i 1739 må vera den, at kjørkja ha vore forlitor, og at tak og tårn kanskje heldt på å kåmå i forfall.

Kvams=kjørkja. Kjørkja i Kvam nemnest i di gamle forn=brev for *Vik kirkja* og *kirkja i Hvami*, ho sto' på Vik tett ve der som gravstein hass Georg Sinklar nå står, og va ei stavkjørkje med svalgange. At dæ fyry henne ha sti'i ei ennå eldre kjørkje i Kvam, kanskje på såmå toften, er nok mest sikkert. Kjørkja tok te å bli forlitor og va mørk og forfulle i 1775, og attåt sto ho på sompe grunn; almugjin søkte da om å få byggje ny kjørkje på traustare grunn onde gar'a Røsøm, og søkna'n vart ettekome ved kongelovna 1775. Bygmester'n åt di nye kjørkjun i Kvam va 'n Per Jehansson Korpbergje frå Kvikne; någå reiknskap frå byggjingsarbei'e

er itte funne. Kvams=kjørkja er ei timra korskjørkje med eit høgt tårn over korsen og med alle 4 gavlom hardt åv=snubba. Dette er ein framon byggjingsmåte på kjørkjo frå

Foto: J. N. Elstad.

Kjørkja i Kvam.

di ti'om, og dæ står itte te å nekke for, at kjørkja med desse har fått ein framon dåm og ser nuvot ut. Byggjingsarbei'e er både velgjort og traust som allt anna timmerarbei' ette 'om Per Korpbergje, ho rømme 300 kjørkjefolk.

Innrei'inga i Kvams-kjørkjun er høveleg og tek se vel ut, både preikstol og altertavle er godt arbeidde og ha bra ut-skur' på dølagjer', som kann minne om 'n Estin Kjørrn, men dæ er nå' tvilsamt om all treskur'n er hass verk. Altertavla har mange bilæte, og døm er be're skore hell vanleg, og de-for er dæ my' rimeleg at ho er den tavla som i 1706 vart gjort åt hugukjørkjun på Fron og vart så litor, at ho itte høvde, men vart gjett åt kjørkjun i Kvam. Sjå om dette onde hugukjørkjun. Tavla ha nok ti'i se någå snau og litor ut i Kvam au, og da den nye kjørkja skull' innrei'ast i 1776, hell 77, ha dæ vorte lagt rankeskur' om heile den øvre del'n tå altertavlun. Denne skur'n er godt arbei' og likne gjer'n åt Kjørra. Korbågån er au eit vakkert arbei' som kanskje kann vera ette Kjørra og kanskje itte. Kongenamne over kordørn er helde tå tu engle som tu bygdamenn ha skore kår sin ta: 'n Ola Røsøm og 'n Erik Frosta, Klomsta'øyin, som va klukkar i Kvam. På nørdre vegga er eit Kristus-bilæte ette ein okjent bilætskjerar. Døypfonten er tå klebber og frå katolsk ti', døypfate er tå kåpår og gjett åt kjørkjun i 1751 tå 'om Østen og 'n Kari Forbrigd. Tu ljosståkå tå massing er gjett åt kjørkjun 1696 tå 'om Peder Iversen og 'n Karen Østensdotter Veikle, brø'asken er gjett tå 'om Ola Veikle og 'n Mari Hjelle 1740. I tårne er tu klukko, den eine er ny, men den største er støypt 1703 og kosta „av Otto Munthe prest her i Fron og almuen". Over korsen er dæ lagt flattak som er måla med ljose skye, men målinga er itte godt gjord. Kvams-kjørkja er all med seg ei staut og lugum kjørkje.

Omkring 1580 va innbue i Kvamskjørkjun på Vik dette: „1 klokke i tårnet — 1 handklokke — 2 tjærekjeler veier 1 bismerpd., — 1 gammel messeserk, — 1 gammel messehagl, — 1 gammel kiste." Eigje kalk og disk ha itte kjørkja ått den gongen ser dæ ut for.

Landskjylda va: „3 skind i Skalvestad (!), denne gård er ødegård og ligger under en bebygget gård kaldes Røsøm, — 3 skind i Melum — 2 kjør." I 1784 va jor'eiga 6 skinn i Røsøm. I 1739 va dæ kjørkjeoversjå på di gamle Kvams-kjørkjun på Vik: „— — — — befandtes at have været tilforn

en såkaldet reisekirke, opreist av store fyrreplanker med stolper og piller imellem, hvorpå er bygget et spidst tårn, og for nogle år siden tilbygget 2de vinger er tækkede med spån og tjærebredet, hvilket tag ialt fandtes forsvarlig uden nogle få spån som almuen straks erbød at reparere. For=resten er kirken udvendig bredt med tjære og vel forsynet, stole og gulv befandtes i orden, idet stolene dog manglet de



Foto: P. Kluften.

Kvams=kjørkja innvendes.

døre som de oprindelig havde. Vinduerne i orden med karme og bly på 3 ruder nær. Pulpituret nede i kirken mod alteret forsvarlig uden alleneste hel mørkt, som ei kan forkommes formedelst kirkens lave bygning. Alteret prydet med en smuk altertavle, udhuggen og polerforgyldt. Prædikestolen i god stand siret med gammeldags billedhuggerarbeide og malet. Funten bestod allene udi en udhullet klipperstensfod med et altforlidet og ringe messing=bækken, som presten på almuens vegne av kirkens penge lovede at erstatte med et nyt. Orna=menter: sølvkalk forgyldt med paté tilsammen 36 lod, en grøn messehagl, en fløyels guldgalloneret do. foret med grønt

sars; messeskjorte, et gammelt, grovt sarses alterklæde og en kassabel alterdug; 1 Palladii alterbog i oktav fra 1652, 2 gamle salmebøger, 2 messingstager til vokslys og 2 tinstager til talglys, nok 2 messingstager til talglys, 1 stor klokke og 2 små."

GAMLE NE'LAGDE KJØRKJO.

I di katolske ti'n va dæ sikkert fleire kjørkjo i bygdom hell ette reformasjona, velstandsfolk sette radt opp kjørkje på eigje kostna, og folke va viljauge te å yte te å byggje kjørkjo, for døm venta se Guds løn for dæ, døm let te åt kjørkjebyggjing og gudstenest. Ette di som ha vore fortalt frå gåmålt ska dæ ha vore kjørkjetofte og kjørkjegar's-mure på imse stelle og dæ ha vore havt te di, at folke minka så ihop ette Svartdaua, at dæ itte lenger va bruk for alle desse kjørkjom som sto' førr. Sume tå desse gamle kjørkjetoftom er nok ofte misstak, men at dæ framette mot Svartdaua sto' fleire kjørkjo hell dæ nå gjer i mest kår bygd, er dæ itte tvil om. Fleire tå dessa kjørkjom va kanskje småe gar's-kapel som sume storbønder sette opp for sitt eigje bruk, og som soknepresten mot serskild betaling heldt naugre få messo 'ti kårt år. Folk i gren'n nerast omkring fekk sagte lov te å lye messe i desse gar'skjørkjom og kristne bona sine, men gravsta' på kjørkjegar'a va dæ vel berre for husly'a på gar'a og neraste skjyldfolkje. Både desse gar'skjørkjun og di van-lege annekskjørkjun va berre småe og rømde itte svært mange folk, defor ser ein ofte at annekskjørkjun vart for-småe ette 1600 tale begjynte. Di imse gren'n i bygdom va i lange ti'e mestsom småe bygdlag for se sjølve, og dæ va itte å ondrest på, at døm gjenne vilde hå kjørkje for se sjølve, så veiglaust som dæ va og tungvint å kåmå både åt hugukjørkjun og annekskjørkjun. Dette va nok au ei tå årsakom te, at dæ i di gamle ti'n va fleire kjørkjo i tal. Ette som folketale auka og busetjinga voks, vart sume tå kjørkjom fløtte på andre tofte for å bli stå'n høvelegare te, detta kann au i mange te-felle vera ein grunn te, at or'e ha gått om så mange kjørkjetofte som viste se ennå for naugre mannsaldre sea.

Ette bygdaor'e og likeså ette som både Gerh. Schjøning og Fronspresten Hjorthøy skriv om, ska' dæ ha vore itte mindre hell 14 kjørkjo i di gamle Frons gjeld. Dæ va kjørkjo på *Steig, Alme, Kjorsta, Hove, Rolsta, Lista, Isøm, Tofte, Skodal, Brannvol, Bø, Skåbu, Kvikne, Vik,* istan for at dæ te for tu år sea va berre 4. Heilt visst er dæ, at dæ

Foto: J. N. Elstad

Jørn Sinklers gravminne ve Viks kjørkja.

va kjørkjo på Steig, Alme, Kjorsta, Lista, Brannvol, Bø, Skåbu, Kvikne og Vik. Kjørkja hell rettare kapelle på Steig va bygt tå konga, da gar'n va kongsgar', og ha ein gjestbo'shall som va brukt når kongen fór her i dala. Kapelle er kanskje bygt i fyrste årom tå di 13de hondreåre; Håkon Håkonsson let dæ velast om da dæ ha fara my' ille. Tå eit brev frå den yngre Håkon Magnusson frå 1358 fæ ein veta, at presten ve hugukjørkja på Fron i lange ti'e ha helde messe i Steigakapelle, og for denne tenesta havt landskjylda tå gar'a Grov.

Kapelle sto' ennå da bispen Jens Nilsson heldt visitas i 1598, men da va dæ reint forfulle og obrukeleg. Dæ va vel helst tå stav og itte timra. Alme=kjørkja er nemnt i eit fornbrev frå 1509 og kjørkjegar'n va visleg ennå me'a Hjorthøy va prest på Fron. Kjørkja på Kjorsta sto ennå i 1598 da bispen Jens Nilsson heldt visitas, men ho va da ei gåmål og for=fulle annekskjørkje. Om kjørkja på Rolsta og kjørkja på Hove finst dæ itte någå i gamle fornbrev, ingor tå døm er nemnde på andre stelle hell hos Schjøning og Hjorthøy, og di tu ha nok hørt om døm tå bygdaor'e. Hovekjørkja skull' enda vera den kjørkja 'n Dalegullbran bygde, og sålest den fyrste kristne kjørkja i dala. Heilt otruandes er kanskje itte dette segne: Torshove på Fron sto sikkert på Hove, og dæ kann godt tenkjest, at dæ vart omlågå og brukt ei ti' te kjørkje, tes kjørkja på Lista vart bygt te hugukjørkje for Fron. Hjorthøy fortel at kjørkjegar'n va visleg i hass ti', men dæ kann nok ha vore eit misstak. Om kjørkjun på Tofte, Isøm og Skodal finst dæ hellanitte någå i gamle brev, men Schøning og Hjorthøy nemne døm. På Isøm ha dæ nok vore eit privat kapel, som truleg er bygt tå ein stormann som ha budd på gar'a i di katolske ti'n. Dæ er tå laft=hoggje timmer og er vel helst itte bygt rett lengje fyry re=formasjona. Kapelle står nå på Maihauga i di Sandvikske samlingom. Om kjørkja på Bø i Ruste er dæ ingen tvil, da dæ sto att någå tå henna i 1598 og fonten og ei dør ennå finst på gar'a, døm tru ho i medelaldra kallast *Bjår kirkja.* Kjørkja i Skåbu er au sikker, ho sto på Megar'a og kallast *Blås kirkja* ette di katolske helligmanna Blasius som ho va innvigd åt. Ei måla tavle i di gamle Kvikne=kjørkjun, jomfru Maria med Jesus=båne, ha te innskrift: „givet Blås kirke til prydelse“, ho ha sålest hørt te di gamle Skåbu=kjørkjun.

For tu år sea vart dæ bygt ei ny, timra kjørkje i Skåbu på ei annor toft hell åt di gamle Blås=kjørkjun. Denne nye kjørkja er ei korskjørkje med tårn over korsen og utvendes på såmå gjer' som Kviknekjørkja. Tå di innrei'ingen som nå er fer'aug er ei overlag vakker altertavle, skore tå 'om Per Houga på Vågå som heilt ut ha te=eigna se den gamle døla=

skur'n ette 'om Jakop Klukksta. Altertavla er ei ettelikning tå tavlun i Kvikne med ennå meire storfelt krillskur' og go'e bilæte og all opp eit framifrå arbei'.

Dæ va bøndan i bygdom som kosta opp kjørkjun sine såner som di fåe gar'skjørkjun hell kapella som fanst. Hugu=kjørkjun' som fyrst vart bygt, va vel heile bygda ihop om

Foto: J. N. Elstad.

Den nye kjørkja i Skåbu.

å koste, men annekskjørkjo laut nok kårt sokn for se koste opp og helde ve'lag. Som oss har sêt va dæ frå gåmålt åt mest alle kjørkjo telagt någå jor'veig som kjørkja ha land=skjylda tå kårt år, jemnast 1 rdlr. tå kår hud hell 8 skilling tå kårt skinn. Så ha kjørkja treaparten tå tiend'n i sokne, og dæ va den største innkoma kjørkja ha te å klare utlegga te vinverd, ve'likehald, omveling og imse utgjifte som va pålagde kjørkjom. Konntienda va itte fastsett te ei fast takst på kår tiendytar årleg, men va tiendeparten tå avlingen hos kår ytar, og med di følgde ho årveiga så ho kunn' vera

har'leg ojemn. I kleine konnår datt tienda ne' te onde halvdel'n i eit godt år, og i frostale bygde kunn' dæ hende, at dæ itte fall nogor tiend, slik som på Lesja.

I årom millom 1617 og 1632 fall kjørkjetienda på Fron sålest, ti'i i tverrmål: hugukjørkja 79 tynno, Sødorp 28, Kvikne 16³/₄ og Kvam 19 tynno. Ette eit stort konnår kunn' dæ felle opp te 110 tynno på hugukjørkja, 40 på Sødorp, 27 på Kvikne og Kvam kår-se. Landskjyld og tiend va di største innkomstin kjørkjun ha', men åttåt døm ha mesta kår kjørkje naugre kjørkjekjy som ga någå innkome kårt år, sume kjørkjo ha kjørkjesau, au. Både kjy og saue va gjett åt kjørkjom i sjælegåve og som va etla te å vera ei innkome for kjørkjun i all framti'. Krytjyra vart bortsette på leige mot ei årleg avgjift som jemnon her i dala va 1 ort for ei ku og 8 skilling for ein sau. Leigar'n ha vågna'n på dyre så 'n laut setja eit jemngodt krytjyr attista'n om dæ forkomst hell vart verdlaust. Leigekjyn og leigesaun va ofte bortsett i årvis åt såmå leigarom, i sume te-felle, når leigar'n va ein gar'brukar, sålengje 'n livde. Dæ henda imillom, at ein mindre gar'eigar ha havt leigekjy sålengje, at kjyn longe sea va daue og borte, men avgjifta likevel va svårå te kårt år så ho ha vorte å rekne for ei fast årleg avgjift på gar'a. Dæ va kjørkjeverjun ve kår kjørkje som ha å krevja inn innkomun og syte for, at allt va i go' skikk med kjørkjun på alle måte. Te kjørkjeverjo vart valt tu hell tri tå di dygtaugaste og mest velvørde menn i sokne, og ofte va presten med som verje au, støtt va dæ nå han som førde reiknskape inn i kjørkjestol'n, for fyry 1720 va dæ eit onderstehende at ein bonde va skrivefør. Dæ va itte så litor ære ve å bli ti'i te kjørkjeverje i sokne.

Di samla innkomun for di 4 kjørkjom i Fron tå landskjyld, konntiend og krytjyrleige i 1617 va slike: hugukjørkja 83 rdlr. 3 ort, omgjort i kronemynt kr. 183,65; Sødorp 25 rdlr. 3 ort = kr. 56,65; Kvikne 15 rdlr. 1 ort = kr. 33,35; Kvam 16 rdlr. 1 ort 8 skill. = kr. 34,73. Her lyt ein minnast, at dæ rettelege peningverde denne ti'a va pålag 8 gongo større hell nå. Både innkomun og utgjiftin skifta sjølsagt te kår ti', men pålag stendaugt la kjørkjun se någå tebeste og

kunn' imillom hå itte så reint småsomme oppspårå. Men så tok kongen se te å låne tå kjørkjom, ette einevelde vart gjett 'om; kjørkjun vart pålagde å låne konn åt krigsmagasinom, te utstyr åt prinsesso, „prinsessinstyr", når døm vart gifte, og dessa låna fekk alder kjørkjun att. Ofte laut di kjørkjun som ha någå oppspårå låne andre prestgjeld midler te å byggje ny kjørkje ette brandska'e, sume ti'e henda dæ, at kjørkjun laut vera med å yte någå årleg te pension åt ein prost som syntes 'n ha snau løn. Rett va itte dette mot bygdafolkje alle ti'e, men den verste oretten va likevel, at kongen tok se eigedomsrett over kjørkjun og selde døm ve aksion i 1723. Bøndan vart nødde te å kjøpe att di kjørkjun døm sjølve ha bygt opp og kosta ve'likehold på i alder så mange hondre år, men statskassa fekk itte mindre hell 608 000 krono inn ve kjørkjeaksjonan i 1723. Kjørkjun i Fron vart kjøpt tå almuga ette kongeskjøte frå 21de juli 1723.

Som på ein vis ve'komån dæ kjørkjelege er 2 „munke-kloster" som ette folkesagne sto' på Sør-Fron i medelaldra, dæ eine på Gryting og dæ andre på Rolsta. Om desse husa finst dæ itte någå i gamle fornbrev, men både Schjøning og Hjorthøy fortel om døm, og den gamle bygningen på Gryting sto' ennå i 1775 ette som Schjøning skriv: „På denne gård (Rolstad) selv har ei allene i bemeldte tider stået en kirke, som man gemenlig satte på de fornemste steder, men på den straks nordenfor beliggende gård Grytting har også, som berettes, stået et kloster, ligesom ved Rolstad et hus av samme slags.

Jeg beså av samme anledning begge gårde. På Grytting står endnu den samme bygning som berettes at have tjent til et kloster. Er dette så, må dette kloster have været av de små og ei rige stiftelser. Vistnok er bygningen temmelig gammel: man ser og tydelig, at den har været indrettet til andet end almindelig brug og til et opholdssted for folk som skulde leve samlet på et sted.

Bygningen har været 3de stokverk høi, som her til lands, sær i de tider, var usedvanlig. Av den ere de 2de stokverk kun tilovers, men disse stå også og forrådne. Langs dem ere svaler eller gange, såvel oven som neden fra, hvilke

indgangene eller dørene ere til værelserne, som ere i en lang række efter hinanden; og dørene haver været runde oventil, samt sirede med en slags udgravning. I den øverste etage såes endnu et værelse, hvori stode 3 senge tæt hos hinanden på den ene væg, gjorde av store meget tykke planker, men av meget grovt og plumpt arbeide, uden sengestolper, uden anstalter til omheng eller andet sådant.

Bygningen er temmelig lang så at den vel kan have rummet en snes lemmer eller flere. Et slags offentlig stiftelse, et hospital, en sygestue kan den derfor have været, eller et kloster som man siger: men besynderlig er det at derom ei findes den mindste efterretning. — — — — — —“ Denna bygningen va ne'rivi da Hjorthøy skriv om 'n i 1784, men 'n skriv, at „samme bestod av 12 senge i veggen og intet andet vindu end et udhugget kors i veggen for hver seng hvorigjennem dagens lys kom i værelset.“ Schjøning skriv itte nå nøyere om munkeboligen på Rolsta, men Hjorthøy si'i', at bygningen ennå sto' og at 'n ha 6 sengje.

Kå desse tu bygningan kann ha vore opsette for er itte visst å veta, men at døm har vore monkekloster er lite truleg, te di va døm forsmåe og itte er døm omgote i fornbrevom. Helst va døm vel bygde te husvere for reisandes som va på langfer', kanskje for pilegrime som va på veig te hell frå Olavsfesta i Nidaros den 29de juli kårt år. Di meste pilegriman la nok lei'a ette Østerdala, men itte så få fór ette Gullbransdala over Dovrfjelle, for deroppå va dæ au bygt husvero åt døm. Kanskje erkebispen i Nidaros kann ha bruk for desse husom når han av og te fór igjenom dal'n med stort følgje på veig åt Hamar og Oslo.

PRESTRA'E I FRONSBYGDOM.

Om prestan i Gullbransdala fyry reformasjona i 1536 er dæ itte my' å finne, og prestan i Fron i medelaldra har hellanitte lagt mange minne ette se. Prestan va i desse ti'n di eineste i bygdom som va skrivekunnauge, og ner dæ va någå bøndan trongde å hå sett op på papir, slikt som jor'kjøp, jor'byte og skjifte, så va dæ prestan som laut føre dæ i penn. Dæ ser ellest ut te, at di katolske prestan ha livt se meir attåt bygdafolkje både i ørk og helg hell di lutherske gjorde seinere. Den fyrste presten på Fron som er namngjett er ein sira (herre)

1. *Eirik* i 1319 da 'n er med å skriv ei kvitting for ein handel med nere Romsås og eit eng som kallast Nautafêt i Ringbu.

2. Sira *Bergsvein* er i 1324 med å set opp eit brev på Garlaus tingsta da 'n Pål i Grov førde vitne på, at 'n ha kjøpt 6 aurebol jor' i Tone i Kvikne og betalt 5 kulag for kårt. Bergsvein va prest ennå i 1344.

3. Sira *Assor Pålsson* va sokneprest på Fron 1358; han hadde da helde di vanlege messun' i Steiga-kapelle sea Svartdauin fór, og for dæ fekk 'n tå kongen 12 aure åre imot å gjera såmå tenesta ennå i 2 år (te i 1360).

4. *Arne,* prest på Sødorp i 1340, Sødorp-kjørkja ha sålest eigje prest denne ti'a og dæ kann vera moleg, at summe tå prestom som er opsette her ha vore preste der, men dæ er itte nemnt om dæ i fornbrevom.

5. Sira *Audun Kolbeinson* er kome åt Fron i 1343 og

er da med på Gryting tingsta' da Gunnar Erlandsson og Jartru Pålsdotter avhenda jor'eigun ette 'om Sigurd Erlendsson åt 'om Sigurd Haftorsson.

6. Sira *Åssor Pålsson* er prest 1352 og gje dette åre fullmakt åt ein Torgjer Sigurdsson te å krevja inn ein arv som står i Smedsgar'a i Oslo ette mo'syst hass. Han va prest ennå i 1358.

7. Sira *Eirik Sigurdssøn* finst nemnt i 1370 da 'n er med på Isøm og set opp ei vedkjenning frå ein Einar Peterson um kjeringarv i Ulvberg i Langli'n.

8. Sira *Jon Ågmundsson* er prest på Fron 1390 da han dette åre ste'r ut eit reisepass på latin åt ein mann, som vil gjera pilgrimsreise åt Birgitte-klostre i Vadstena i Sveri' og andre hellige stelle.

9. Sira *Kolbein Håvardsson* er prest i 1432 da han skriv ei vedkjenning frå ei Turid Jonsdotter om, at ho alder ha gjett nogor jor'eige åt kjørkje hell kloster, håkje i Hårelsta hell i andre eigo ho åtte i Kvikne.

10. *Sigurd Bjørnsson* korsbror (kannik) i Oslo og prest på Fron 1442.

11. Sira *Jon Olavsson* prest i 1450, Lauparsmess-eftan (23. febr.) er han på tingste'e' Lista med og vitna på ein handel om 14 auresbol jor' i Raudeberg i Ringbu. Han er nemnt ennå i 1471.

12. Sira *Hans* finst nemnt 1474, 'n va korsbror i Hamar og ha kanskje itte kalle my' lengje.

13. *Ålv Bjørnsson* nemnt 1509, kanskje berre hjålpeprest.

14. Sira *Sigurd Åslesson* nemnest i 1489 da 'n er med på Rotås i Ringbu og er vitne på, at 'n Tore Arnesson Lang[1] og mor hass avhenda tu tå Rotåsgar'om og fleire jor'eigo der i bygd'n. Aslesson ha nok ei lang tenestti' i bygd'n, for i 1516 er 'n med på Klomsta i Kvam og set opp jor'-brev millom far og son om handel med arvegods i Kviksta.

15. *Hans Helsing* 1529.

16. *Peder (Ellevsson)* va prost i Gullbransdala i 1526

---

[1] 'N Tore Arnesson Lang va sysselmann i n. Gullbransdala onde 'om Hartvig Krummedike, budde visst i ei tå sørdalsbygdom.

og er nok den siste katolske presten i Fron. Han ha nok ti'i ve den nye kjørkjelæra og vorte sitjan' i embete som så mange tå di katolske prestom gjorde. 'N Peder er dø fyry 1557 og ha sålest vore luthersk prest i 20 år pålag og katolsk i minst 10 år.

17. Den 2dre presten på Fron ette truskifte i 1537 heitte *Tosten Olsson* og ha ti'i magistergraden. Hr. Tosten skulde stå høgt og ha stor tiltru hos di siste katolske bispa i Hamar, 'n Mogens Larsson. Ette jor'boken åt Hamar domkapitel 1550 ha 'n innkomun tå Ottestad præbende. I årom 1557—1561 forpakta 'n kongetienda på Fron. Tosten er dø fyry 1564.

18. Hr. *Hans Stabel* er prost i Gullbransdala 1564 og kvitta dette åre, ette eit brev på Hårelsta i Kvikne, for 3 års reiknskap for Sødorp-kjørkja som 'n Åsmund Hårelsta ha vore verje for. I kvittingen står itte at Stabel va prest på Fron, men dæ må 'n ha vore, for dæ er ingen prest med di namne i nogor tå di andre bygdom i dala denne ti'a. 'N kann itte ha vore prest i bygden nogor lang ti' og lyt vera dø fyry 1576.

19. Hr. *Peder Madssøn* er prest i august 1577; men någå meir er itte funne om denne mann.

20. Hr. *Mads Gram* ha studert både innalands og uttalands og va sagte ette ti'n ein høglærd mann; førr 'n vart prest va 'n rektor ve latinskulin i Oslo, kanskje millom årom 1565 og 75. Kå ti' 'n vart sokneprest på Fron er au okjent, men dæ må vera omkring 1579. I 1580 fæ 'n kongetienda i Fron da 'n sat trongt i di og va my' plåga tå reisandes som denne ti'a te vanleg tok inn i prestgar'om for å få se hus og mat. I 1592 fekk 'n eit kannonikat i Hamar domkapitel som dæ låg stor jor'eige te, fleire år førr vart 'n prost i Gullbransdala og va nok helde for den fremste millom prestom i dala i si ti'.

Dæ er itte kjent kår 'n Mads Gram ætta frå hell kår han er kome frå, og hellanitte er dæ meire kjent køm 'n va gjift med hell at fruga heitte Bergitte, ho livde ennå i

---

Præbende = jor'gods telagt domkapitla ve domkjørkjun'.
Kannonikat = likeeins jor'eigo som tefall di imse alterom i domkjørkjom.

1606 på ein gar' i Fron ho ha bygsla. 'N Mads Gram dø juleftan 1601 og vart jor'a an'n-dag jul. På Hårelsta i Kvikne er att eit kvittingsbrev Gram ha stedd ut den 29 november 1600 åt 'om Iver Hårelsta og 'om Tjøstel Mellby for reiknskape for Kvikne-kjørkjun di 3 førre åra di tu ha vore kjørkjeverjo. I desse breve er ti'i inn utlegga for Kviknekjørkjun som vart nybygd 1599, sjå Kviknekjørkja. Fauten i dala i årom 1609—1613, 'n Lars Gram, va truleg son'n hass Mads, og presten i Øyer, 'n Peder Gram, som omkring 1580 vart ihelhoggje i eit gjestbo på Høvre, va kanskje au ein tå sønom hass. Dæ va elles mange preste tå desse Grams-slekten i imse bygde på Opplande. I 1598 ga 'n Mads Gram ein kalk åt Fronskjørkjun.

21. *Jens Mortensson* er sokneprest på Fron omlag i 20 år frå 1602 te 1620. Någå meir er itte å melle om denne mann'n. Han va prest på Fron i 1612 da skotteslage sto i Kringom.

22. *Tord Larsson (Laurisen)* kom åt Fron i 1624 te kaplan hos 'om Jens Mortensson og åre ette vart 'n sokneprest i kalle, berre 25 år gåmål. Han va bondeson frå Gausta i Romedal og far hass, 'n Lars Mekkelsson, va kome frå Blakar på Lom, son hass Mekkel Blakar, rikaste mann i Nordala. Denne Blakar-ætta ætta frå væbnera 'n Henning Guttormsson, som i 1469 va kongens ombudsmann i nørdre Gullbransdala og åtte og budde på Blakar. Ætta ha tenamne Munk, men dæ va itte mange som brukte detta tenamne. Fleire tå ætten studerte og vart preste. Lesjapresten 'n Sigvart Engebretsson va tå Munkætten, og tu tå sønom hass, som båe va soknepreste på Vågå, tok opp-att Munknamne. Ein syskjenbåne hass Tord Larsson, 'n Lauris Rolvsson frå Blakar, studerte au te prest og va fyrst i naugre år kaplan hos 'om Tord, sea vart 'n sokneprest i Ål i Hallingdal.

'N Tord Larsson va født i Romedal 1600 og vart student i 1619; kem 'n va gjift med er okjent, men 'n hadde minst 3 bon, 2 søne og 1 dotter; dottera, Bergette, vart gjift med ettemann åt far henne, 'n mag. Iver Pederssøn. Kå 'n Tord Larsson dugde som prest er dæ itte någå minne om lenger. Ette eit gåmålt brev frå 1630 gjorde 'n avtale med almuga

om, at Fronspresten og fauten i dala skull' ha retten åt fiskje i Gålåvatne imot ei årleg avgjift på 1½ rdlr. Ette å ha vore prest på Fron i 17 år dø 'n Tord Larsson 1651.

22. *Iver Pedersson*, Iver Petrus Adolfus, som 'n oftast skreiv se for, kom åt Fron i 1647 og va huskaplan hos 'om Tord Larsson te han fekk kalle ette honom i 1651. 'N Iver Pedersson er den mest namnsporde tå alle prestom Gullbransdal'n har havt i gamle dågå, son hass Peder Alvsson, den fyrste medisiner i Nori' som tok doktorgraden, og dotterdotterson åt bisp Jens Nilsson i Oslo og Hamar. Far'n vart seinare lagmann i Trondøm og va nok for si ti' ein velstudert mann, men fekk nok itte någå namn som domar da 'n ein gong sa ein lagtingsdom, som laut gjerast om att. Iver Pedersson er fødd 1620, studerte uttalands ve universitete i Leyden og la se ut om å lære gamle mål, serleg latin, og i di måle vart 'n ein tå di fremste. Me'a 'n va i Leyden ga 'n ut ei lærebok i latin som kallast Medulla oratoria (lærebok i talekonst) og som va helde for eit mesterverk, for ho kom i nytt opplag itte mindre hell 8 gongo. 1647 vart 'n kaplan hos 'om Tord Larsson på Fron og ve julleite i 1651 sokneprest.

Den lærde Fronspresten vart snart my' omtålå her i dala og viare omkring: 'n va nok ein stor taler og gjorde my' tå se på stola, men 'n va ein har'sett og myndaug mann som itte va go' å ha nå' obytt med. Og så va 'n gjert på dæ sterke og drakk se ofte full, någå som hekk ve både prestan og di andre embetsmennan i di 17de hondreåre. I fyll'n va magister Iver reint omoleg: kranglot, rang og ovøre i kjefta, banna og skapte se og gat om, at 'n skulde vore herførar ista'nfor prest. Han va nok itte vellikt tå bygdafolkje, men dæ sto slik ågå tå di høglærde magistera, at bøndan torde itte setja se opp imot 'om om 'n bar se alder så orimeleg åt. På såmå vis va dæ nok med embetsbrørom hass i dala, døm tykte nok itte godt om 'n, men ha stor ågå for lærdoma hass, og så vart 'n prost i Gullbransdala, au, i 1661, så døm fekk 'n te tilsynsmann over se. Kom 'n full i huse når 'n fór på visitas, så va dæ nok ingen tyle gjest, vissa for ein eldre prest som attåt ha lite tå lær-

dom; magister'n kvidde se itte for å hekkle over prestan, antel døm va gamle hell onge, når 'n va full og 'n va på ranglôn.

Den bokskrivinga som begjynte så overlag i studeringsti'n hass i Leyden, la 'n magister Iver heilt ne', for dæ er itte kjent at 'n ha gjett ut någå meir på prent. På Fron la 'n se nok vinn om å ha go'e innkomo tå di store kalle, og dæ va 'n heppe med så 'n vart ein velsta'ndes mann om naugre år.

I 1657 braüt Krabbekri'a laus millom Sveri' og Danmark og svenskan tok Trondøm og Trondøms len. Detta vekte liv i fedrelandshaugen hos alle go'e normenn, og døm kjende se drivi te å gjera dæ døm orka for å jågå svenskan utur Trondøm og tå frå 'om att stad'n og lêne. Attåt di hermakten som Nori' kunde sende mot Trondøm, vart dæ tale om å reise bøndan både her i dala og i bygdlagom omkring Bergen. Gullbransdølan ha nå frå velså ein mannsalder sea gjort se namnsporde for itte å spårå se, når dæ galdt på, og nå va dæ å vonest, at døm va viljauge te å vera med — berre dæ va nå'n te å gjera opptake. Og te di sto' Fronspresten fer'aug, han og fauten i dala, 'n Jørgen Fillipsson — di tu karan va ellest itte go'e venner, og verre vart dæ seinere, men med å reise dølan mot svenska sto' døm påeitt, og fekk samla 500 mann. Dette mannskape vart bytt i tu kompani med kår sin bondekaftin: nor'dalin onde 'om Hans Pålsson Taulsta frå Vågå, og sørdalin onde 'om Kristen Nilsson Bø frå Gausdal. Fauten følgde med dølom over fjelle åt Trondøm. Dølan skulde gjera go' tenest i omlegringen tå sta'a, og da dæ lei framover mot julti'om laut svenskan slite lag både ve byen og lêne, enda guvernørn, 'n Klas Sternskjöld, ha sli'i ut dæ or'e, at førr for 'n slepte Trondøm utu hendom, skull' 'n koke supe på skinnbroken sine. Byfolke og herfolke vilde helde ei takkegudstenest i domkjørkjun for di døm vart kvitt svenskom, og den heldt magister Iver Pedersson, ei veldig preike som ennå finst i manuskript i di kongelege bibliotekje i Kjøpenhamn.

Dæ vart gote på her ogofor, at dæ va klent med venskapa millom magistera og 'om Jørgen Fillipsson, og ette di

ein kann finne om dæ, va dæ nok som millom hond og katt, likefrå fyrste stond 'n Jørgen Fillipsson vart faut her i dala i 1650, te magister'n dø i 1665. Fauten trø utu embete i 1659, men di nie åra 'n budde på Isøm låg døm ette einan'n som di verste fiend, og gjætte på tak te å arge einan'n og gjera fortræ'. Og dæ kom itte te å vante høve te å klandre for di tu, va dæ likt te. Fillipsson fløtte inn i Oslo, vart godt gjift, fekk tittel tå assistensråd og vart om ei ti' lagmann i Opplands lagdøme, den sløge, listauge man'n fekk dæ te å gå fort fram'=te. Den veigen kom dæ itte te å gå med magistera, og dæ ha 'n se sjøl, 'n Jørgen Fillipsson og Lesjaverke å takke for — og kanskje hyldingsmøte i Oslo 1661.

Ettemann åt Fillipsson i fautedøme va 'n Jens Madsson som kom i embete 1662; 'n va i mågskap med fyrymanna sine og med embeta ervde 'n fiendskapa med magistera. Både Fillipsson og etteman'n va misslikt tå bøndom i dala, som misstrudde døm for å fårå med fjusk og fantskap med skatte og avgjifte, og heldt døm for styggeleg hågriske em=betsmenn. Di tu skrivaran i dala au, va likeså ille likt jemt over i alle bygdom. Denne uviljan tenkte magistern 'n skulde nytte se tå når ti'a fall høveleg, og tok te å fyrybu ei dugeleg klage på båe fautan og båe skrivaran, men mest va dæ om å gjera å få knekt 'n Jørgen Fillipsson, som di 2 siste åra ha øylagt ei stor framtidsvon for 'om med di, han ve herredagsdom og privilegium ha fått Lesjaverke i hend'n, dæ som magister'n trudde ha beste retten åt.

I midten tå di 17de hondreåre vakna dæ stor interesse hos landsstyre for bergverksdrift i Nori', og dæ vart muta malmgange på imse kante i lande og leitt ette malm over alt. På Lesjaskoga fanst dæ både kåpårkis og jønnmalm, og dette ha 'n magister Iver fått greie på tå Jenssønom på Lesja, som 'n nok sto' i venskap med. Med beinke tå døm fekk 'n finnretten åt ein malmgang, og tok mutingsbrev på „en kobberkissgang" i 1656 imot å setja drift igang eit år ette. I 57 vart 'n sjuk så dæ itte kom igang någå arbei', og i 58 va dæ ofre'n som kom iveigen, men i 1659 sette 'n drifta i verk og braut ut 2000 tynno malm med stor kostna

tå pening og matvare; millom anna leigde 'n ein fransk mas-mester og naugre kunnauge „berggeseller", truleg tyskere.

Men 'n Jørgen Fillipsson hadde au kjennskap åt malma på Lesjaskoga, og den laut 'n ha kløn 'ti, 'n fekk kjøpt finnarretten åt ein jønnmalmgang og tok mutingsbrev i 1658, sette med di arbei'e igang med di såmå. Nå vart dæ sak om retten åt gruvdriften på Lesjaskoga og magister'n tapte, fekk sakskostna'n og tapte alt 'n ha kosta på. I 1660 fekk 'n Jørgen Fillipsson og medeigar'n hass, 'n Jokum Irgens frå Amsterdam, svært go'e konge-privelegi på all jønnmalm på Lesjaskoga.

Dette va eit stygt haugg for 'om Iver Pedersson, og nå laut 'n ha hemn. I 1661 skulde dæ vera go'kjenning tå di nye einevoldsstyre som 'n Fr. III ha tvinga fram i Danmark, og dæ skulde møte sendemenn frå adel, prestestand, borger-stand og bondestand på Akershus og „hylde" kongen. Frå kårt prestgjeld skulde dæ veljast 2 hyldingsmenn for bøndom, og dette vale la magister'n se oppi, dæ va om å gjera å få med folk 'n heldt for å stå på hass si'e, for på hyldings-møte i Oslo va dæ meininga, å få oppsett eit stort klage-mål på 'n Jørgen Fillipsson frå hass embetsti', på den nye fauten og di tu skrivaran i dala for misleg embetsføring og ulovleg framferd. På hyldingsmøte sette 'n så opp klage og fekk hyldingsmennan frå Gullbransdala te å skrive onde, frå sume andre som itte va hyldingsmenn, men ha klagemål på fautan og skrivaran, hadde magister'n fått samla signet som han nå let setja onde klaga. Med å sanke ihop onde-skrifte på klaga va nok magister'n og hjelpesmennan hass någå pågåndest, tok det kanskje någå overslag, og det va fleire tå døm som sto' påskrivi som seinere itte vilde kjennast ve namna sine, alle hyldingsmennan skreiv nok itte onde, hell. Men ei ti' bakette me'a døm låg i byen og venta på, at kongehyldinga skulde bli dagstødd, vart det oppsett ei ny klage over fautan, 'n Jørgen Fillipssøn og 'n Jens Mads-søn og skrivaran, og på denne klaga skreiv alle hyldings-mennan frå Gullbransdala onde.

Desse klagun vekte opp ei svær røre, og styremaktin ottast nok for, at dæ va på go' veig te å bli opprør i dala,

og 'n Jens Madssøn vart åvsett fyrybels test 'n ha gjort se fri for skuldingom i klagom. Te å granske „den gudbrandsdalske sag“ og det 'n Jens Madsson va skulda for, vart dæ tesett ei nemd som skulde helde ting i alle bygdom i dala, og på sume tå desse tingom skapte tingmugen se så stygg, at nemnda tok bøken og rømde frå tingje førr døm va fer'auge. På Fron tordest døm itte helde ting eingong, da dæ hadde sporst, at her va folke fælt oppøst, og dæ va kjytt om, at 'n Jens Madsson itte skulde kåmå frå tingje på Lista med live. Dæ va dagsett ting på Lista den 16. november når domsnemnda kom sø'over att frå Lom, men døm avlyste det i hu og hast og reiste kvell'n fyryåt åt Isøm og va gjeste hos 'om Jens Madsson som ennå budde på gar'a. Ti'leg om morgon drog døm utigjenom dal'n, men døm vart snøgt vår, at dæ va ette døm ein heil hop med folk som ha rådt se på både med børso og bilo. I tanande renn kjørde domaran og 'n Jens Madsson åt Ringbu prestgar'a og slapp inn hos 'om Frans Brun, som va sokneprest i Ringbu den ti'a; han ga døm trygg husvero natta over og senda vakt med døm om morgon så døm slapp velskapte utur dala att.

Dæ va ei låk ferd denne granskingsnemnda gjorde i dala, og låkt greidde ho ærenda si, au, døm va nok itte my' felle håkje te å granske hell døme i desse målemnom. På tingmøtom såg dæ snarast ut te, at døm frå fyrste stond sto' med 'om Jens Madsson og 'om Jørgen Fillipsson og let døm breie seg som døm sjølve tykte i retta, og bøndan laut få den tokkjin, at klagemåla døm ha sett fram itte vart helde for någå. Nemnda misste snøggt all te-tru, og da ho på utfer'n fyrst åvlyste tinge på Fron og attpå reiste åt Isøm og va nattgjeste hos 'om Jens Madsson, tykte bøndan dæ gjekk forvidt, og folke va så oppøste at det kanskje va ei lykke for alle ihop, at dæ itte vart helde ting på Lista.

Nemnda sa dom i saken på di låke granskingom døm gjorde og domen va au ei onderleg åvgjer': døm frikjende heilt 'n Jens Madsson for alle klagun på 'om, men enda med å rå te, at saka var ti'i opp att tå nyo og mot 'om Iver Pedersson, ista'nfor 'om Jens Madsson.

Den danske styringa va nok itte så lite ottefull for „den

gudbrandsdalske sag", og da dæ synte se meir og meir, at magister'n på Fron retteleg va opphavsman'n åt heile ogreiun, vart 'n itte vi'are vellikt på høgdom. Sålest va statshaldar'n, 'n Iver Krabbe, hass beiske oven, og dæ va te mein for 'om, kann ein tenkje se, og i heile si åtfer' vå 'n se sjøl te ska'e med di vør'eslause, stri'bare og ostyrlege måtu 'n trudde 'n skulde nå måle sitt med: å få hemn over Fillipsson og Madsson.

Da fauten vart åvsett fyrybels, skreiv 'n ei klage på magister'n for mange slag missfer'e 'n skulde ha gjort se skuldaug 'ti, kå dæ va allt hån mellte om er itte kjent, men dæ va nok itte vanskeleg å finne nokk å klågå på magister'n for, slik som 'n ofte skapte se antel 'n va full hell fastan'. Klaga volda at bispen sitte 'n magister Iver Pedersson åv frå soknestembete, 23. november 1661, og så vart 'n innstemnt for prosteret ve domkapitle i Oslo og her gjekk saka med 'om i 2 år. Det gjekk den galne veigen for di lærde Fronspresta, men difor om 'n var åvsett, heldt 'n se like bøs hime i bygden. I lengere ti' ha 'n bygsla gar'n O'e og brukte den attåt prestgar'a, men da 'n ha forsømt å svårå landskjyld og andre avgjifte, vart 'n oppsagt, og bygsla frå 'om ti'i og ein Kristen Kristensson Lie, soneson åt skrivara 'n Mauris Jensson på Li i Gausdal, bygsla gar'n. 'N Kristen va nå fautfullmekt hos 'om Jens Madsson og kravde åbotsettesyn på O'e. Ve taksta møtte magister'n for å høre på åbotsutfalle. Dæ va framme fleire vitne som vitne at presten ha fløtt 3 hus tå gar'a og eit vitne såg på, at presten ein syndags efta braut ut 14 glasgrinde i ei stugu på O'e og tok med se åt prestgar'a. Magister'n sporde vitne køm han va hos; hos 'om Kristen Li, svårå vitne. „Hører du Kristen Pinsvin til? — er han hjemme nu? Var han her skulde jeg kjøre ham avgårde og hadde jeg en pistol skulde han få et par kuler i panden!" sa magister'n.

Men dæ gjekk meir og meir i bakyvju for 'om — prosteretssaka tvinga 'n te å gjera eine byreisa ette di andre, og tehøva snørde se ihop verre og verre; tå saken om Lesjaverke vart 'n utarm og nå va kalle og innkomun tå di ti'i frå 'om — kanskje vart 'n nå dømt både i bot og annor straff

ve prosteretten? Dæ såg itte ljost ut, og den saka 'n fekk øvt iveigen millom bøndom og fautom, tok au ei annor vending hell magister'n og hass vene ha tenkt. Den domen som domsnemnda sa i 1661 i saken søkte 'n Jens Madsson om å få inn for lagtinge og dømt tå ein an'n lagmann hell lagmann i Opplandom, og 'n peikte på lagmann i Oslo, 'n Vittekind Hus.[1] Dette va itte kleint uttenkt, for Hus va i gjiftarmålsskjylde både med 'om Jens Madsson og Fillipsson. Styremaktin lydde 'om Jens Madsson, og 'n Vittekind Hus vart opnemnd te å døme i saken på Hofvangs tingstugu på Toten, og alle som ha skrivi onde på klagun ve hyldingsmøte va innstemnde te å møte i april 1662. Stathaldar'n sjøl, 'n Iver Krabbe, møtte ve lagtinge, for det var 'om mye om å gjera å få ende på „opprøre i Gudbrandsdale" som 'n kalla dæ og han etla se te å vera har'hendt. Domen vart den såmå, som vente va, og 'n Jens Madsson gjekk heilt fri, men naugre tå døm som ha vore med å klågå og som ha vore med og gjort ostyr på tingom da domsnemnda heldt ting opetter dala hausten 1661, slapp itte så lett frå di. Stathaldar'n reiste sjøl opp i Fåberg og heldt forhør på Jørstad over hyldingsmennom frå Øyer, Fron og Lesja og let 'n Kristen Hovauk, 'n Kristoffer Torsson og 'n Mads Bergdal frå Fron og 'n Jon og 'n Hans Skjønsberg frå Øyer setja i fengsel.

Dæ va itte så litor røre i Gullbransdala desse tu åra, og stort hat imot faut og skrivar, som nok for ein stor del kom frå di store og tonge skattom som i mange år ha tyngt bøndan ned. På ei gjer' va bøndan klove i tu parter, eit fåtal som sto' på si'e med 'om Jens Madsson og 'om Jørgen Fillipsson og eit fleiretal som heldt med magistera på Fron, som nok retteleg er opphavsmann åt heile rørun. Ette lagmannsdoma på Hoffsvang og ette at di nemnde bøndan vart fengsla, la denne ogreia se ettehand. Dæ er my' ohaugleg ve denne saka som tyda på, at retsstelle ennå itte va rettvist og tryggt å stole på.

---

[1] Vittekind Hus va ein bondeson frå Ullensvang i Hardanger, født pålag 1608, studerte i Leyden og Rostok, ein lærd og vørd mann; lagmann i Oslo 1655, dø 1668.

Saka hass magister Iver for prosteretta vart langdrug, sjøl va 'n plågå tå sjukdom og heldt nok på å bli reint ne'kuva tå motmennom sine med klagemål og retssakje. Nå'n endeleg dom fall dæ itte ve prosteretten dæ ein kann sjå siste gonga ho va for den 2dre juni 1664. Men den 24de august søkje magister Iver frå Oslo om å få att kalle sitt; i søkna'a gjet 'n om at „de 250 huder nu er forbedret til 450 og befunden sandt at være" og som visst sikte på missgjerd åt fautom. Og så legg 'n attåt: „men den ene slipper mig og den anden griber mig an, alt til den ende at de kunde ved ulovlig proses og udflugter søge min ruin til deris befrielse." Te lykke for magister Iver vart 'n Iver Krabbe dette åre løyst åv frå stathaldarembete og Gyll-Løva kom attista'n. Den nye stathaldar'n tok se tå saken hass på ein an'n måte, og dæ er nok ette å ha vore hos honom 'n våge på å søkje om å få att prestkalle. Han fekk au kalle sitt att, og prosteretssaka vart ne'lagd, men den lærde Fronspresten kom itte te å få gagn tå di lang stonda, for åre ette dø 'n.

Magister Iver Petrus Adólfus va sikkert ein tå di evnerikaste prestom dal'n har ått, men øy'la se med drøkk og med di har'e ågålause hauglynde sine som kanskje my' attåt va ein arv i slekt'n; 'n ha ein bror, au, Alv Pedersson som va prest på Ringsak og va ein myndaug og har'sett kar så 'n fekk oppnamne „Alv pave". Fruga hass magister Iver va vist dotter åt soknepresta, 'om Tor Larsson, i rettsbøkom er nemnt tu tå brørøm henna, den eine 'n Kristofer Torsson, følgde med på tingom oppette dala i 1661 og egla opp tingmugjin mot 'om Jens Madsson; han gjekk med ein kroksabel ved si'a som 'n fikta med ut i være sume ti'e når 'n vart hissaug. Tå bonom hass magister Iver er nemnt 2 søne: Teodor og Peder, 'n Teodor brukte prestebolsgar'n Sigsta i Kvam som far hass hadde bygsla åt 'om. Kår den andre son'n 'n Peder va, er itte kjent, men dæ er my' moleg at dæ ennå er att renninge tå slekten i Fronsbygdom.

23. *Brede Larsson Hammer,* sokneprest på Fron frå 1665 te 1695, va født i Kjøpenhamn og son åt varaborgmestera der i sta'a, båe foreldra va tå adelsætt. Frå 1657 te 60 va 'n huskaplan, men vart dæ sistnemnde åre sokne-

prest i Aker og slotsprest på Akershus, og vart i 1665 tå almuga vald te sokneprest på Fron. Her va 'n prest i 31 år te sin døyandag den 9. mars 1696. 'N Brede Hammer va ein høgvørd mann og va prost i dala. Magister'n ha nok i di seinare årom 'n hadde kalle sleppt onda sume tå eigom og innkomstom som låg kalle te, og desse fekk Hammer onde att med landslov og rett. Han va tu gonge gjift, fyrst med 'n' Maren Friis, og døm ha 7 bon, med andre frugun, Marte Martensdotter, ha 'n itte bo'n. Tå bonom vart ein son, Lars Hammer, sokneprest i Rakkestad, ein an'n, Pål Hammer, sokneprest i Grue; ei dotter, Else Katrine, vart gjift med ettemann åt Hammer, Otto Munthe, ei annor, Anna, med soknepresta i Sandsvær, Erik Turmann, og den trea, Maren, med soknepresta i Gausdal, Ole Stokflet. Brede Hammer dø som nemnt ogofor 1696, men alt åre førr ha 'n gjett opp kalle åt huskaplana og versona sine, 'n Otto Munthe.

24. *Otto Kristofersson Munthe*, fødd 1659 og prest på Fron i 51 år, huskaplan i 13 år og sokneprest i 38 år. Munthe va au gjift tu gonge, fyrst med ei tå Stokfletætten og andre gongen med dottera hass Brede Hammer. 'N Otto Munthe va soneson åt Bergensbispa 'n Ludvig Munthe og sålest va 'n syskenbo'n med mor åt Ludvig Holberg; da Holberg og di 11 syskena hass vart forsvarslause i bonårom vart døm spreidde millom skyldfolkje sine, og 'n Ludvig som da va i 9—10 års aldra, kom åt Munthe på Fron og va i hass hus eit år hell kanskje tu. Her dreiv 'n å les latin med ein huslærar hos presta, men Holberg likte nok itte denne lærar'n sin med di 'n dreiv opplæringa på den vanlege vis'n den ti'a, med haugg og dask. Dæ ha vore sagt, at Holberg den ti'a 'n va hos Munthe, brukte my' på å gå ne' på almannveigen og gje se i prat med døm som fór ette veiga om dågån; og 'n skulde ha slik haug te å veta allt, grov og sporde. Da dæ vart vanskje med å få utbetalt dæ prest'n skulde hå for opphalde, senda 'n den onge guten attende åt Bergen, venteleg med følgje over Sygnefjelle.

'N Otto Munthe va likesom Hammer prost i Gullbransdala og va sêt opp åt som ein dugeleg prest. Han nådde ein høg alder og dø 1733. Med fyrste frugun ha 'n fleire

bon, ein son, Brede Munthe, fekk adelsbrev med namne Munthe av Morgenstjerne; ei dotter, Maren, va gjift med ette-mann i Fronskalle, 'n Truls Stranger, som alt i 1705 vart huskaplan hos Munthe.

25. *Truls Stranger* som fekk kalle ette Munthe va fødd 1683 på Ringerikje og va huskaplan hos Munthe i godt 27 år, sokneprest va 'n berre haltanna år og dø alt i 1734 da 'n va 50 år gåmål. Stranger va au gjift 2 gongo, fyrst med Maren Munthe og andre gonga med Abelone Peste. Stranger ha orimeleg stor haug på reinsjakt, og ga se med dugelege reinsskjyttare te fjells. Sjøl va 'n nok itte nå'n sikker skjyttar, men di som følgde 'om let 'n få lot med se, så 'n stødt kom med ei gjild kjøtkløv åt prestgar'a frå jaktfer'om sine. Dæ va kanskje berre ein einaste gong presten skaut eit dyr, og da va 'n i følgje med 'om Eilev Hågå i Skåbu, som fann ut eit godt stø'e han fekk liggje i bakhald 'i. Dæ va ein stor bokk 'n vei'a den gonga, og stelle der 'n skaut reinsbokken i Kviknegråhø'n heite Prestløypa den dag idag. Ein mess-dag ve Kviknekjørkja kom Stranger åt kjørkjun beinast frå reinsfjelle, da 'n gjekk gjenom kjørkjealmugjin som sto' og venta på 'n kom 'n te å sjå på di utgådde skon sine: „jeg har nok slidt ganske ud mine sko," sa 'n. Kå Stranger dugde som prest ha itte vore omsagt i bygdaor'e.

26. *Magister David Schjøtte* som kom i kalle ette 'om Trugels Stranger va fødd i Trondøm åre 1700, men foreldra hass er okjende. Han gjekk ut frå di lærde skula i Tron-døm 1718 og tok god presteksamen i Kjøpenhamn 1720. Derette va 'n tu år lærar i føeby'n sine for bonom åt ma-gister Anders Dass, og va sea lærar ve den lærde skulin der i by'n te i 1725. Nå reiste 'n uttalands åt universitete i Halle og kom i kjennskap med fleire namnkunnauge lærde og hørde fyrylesingun derest. I 1727 kom 'n attende åt Kjøpenhamn og va der i by'n omkring tu år. Nå vart 'n lærar ve den lærde skulin i Oslo og fekk samstondes lovna tå konga om embet ette di gamle soknepresta Frychtnicht i Oslo. Han tok nå magistergraden i Kjøpenhamn og ette å ha vore rektor i 5 år vart 'n utnemnt te sokneprest på Fron

i 1735. Bisp Hersleb gje Schjøtte eit overlag godt skotsmål då 'n søkte Fronskalle.

Magister David Schiøtte er forutta tvil ein tå di dugelegaste prestom Fron og Gullbransdal'n ha havt, all opp eit rettsindaugt og godt menneskje, klok, med stor lærdom og kunnskap, store gåvo på stola. Han fekk au stor vørna og tiltru tå soknebo'nom på Fron, og gamle folk for tu mannsaldre attende kunn' fortelja mangt døm hadde hørt om Schjøtte, „magister'n", som han stødt va kalla. Dæ va i hass ti' at den fyrste lova om folkeskulin her i Nori' vart gjett, og dæ va presten i kår bygd som fekk mest å sea med å føre det nye skulestelle igjenom og setja dæ i go' skikk. Skulelova vart itte møtt med go'vilje tå bøndom i dæ heile; at bondefolke hadde bruk for 'n be're skule kunn' døm ennå itte forstå, og så la denne lova på bygdafolke nye årlege utgjifte, og dæ skapte mothaug og ovilje. I alle bygdom her i dala vart utgjiftin åt skula knipt ihop så my' som dæ let se gjera og dæ skulestelle som på den måten vart teskjipa i bygdom, kom te å bera merkje tå motvilja hos bøndom. Fleire tå prestom i dala prøvde å få gjort dæ så romt for folkeskula som mole, men døm nådde itte fram; dæ gjorde itte Schjøtte i Fron hell, men han ha alt fyry skuleloven frå 1741 fått bygda te å setja opp 2 skulehus, og dette vise, at 'n ha ti'i se tå skula med stor ihaug. Han vilde bygda skull' byggje 3 skulehus te, men dæ fekk 'n itte fram, dette va sikkert eit vonbrot for 'om, for mann ha liv for skule og opplæring og skjønte, kå ein go' folkeskule ha å sea for bygdafolkje. Konformasjon vart au innførd i Oslo og Hamar stift ette Schjøtte kom åt Fron, og han tok se my' tå å fremje opplæringa i kristendom i di store kalle sine.

Schjøtte va itte sterk med helsun, og defor søkte 'n og fekk avskjed med pension i 1750; han fløtte åt Fredriksberg ve Kjøpenhamn og livde her te 1779. Han va gjift, men gjiftarmåle va bonlaust. Ette 'n slutta i presteørkje skreiv 'n eit og anna som vart prenta.

27. *Kristian Finkenhof,* fødd 1714 i Hjørring på Jylland, tok presteksamen 1742 og vart såmå åre huskaplan i Nord-

mør der 'n va i 5 år. I 1747 fekk 'n eit soknekall i Ribe stift i Danmark som synte se å vera så kleint, at 'n fekk lov te itte å tå imot di. I 1749 vart 'n tå konga, 'om Fr. 5, kalla te prest på krigsskjepe „Oldenburg", som kongen reiste åt Nori' på. Såmå åre fekk han Aure kall i Trondøms stift, men da 'n fekk høre, at Edøy skulde tåkåst onda kalle, fråba' 'n se utnemninga. 1750 vart 'n sokneprest på Fron ette 'om David Schjøtte og her va 'n i vel så 18 år te 'n i 1769 bytte kall med soknepresta på Bra'nes og Strømsøy, 'n Bastian Engelhardt. Her dø 'n i 1775. Finkenhof va tu gongo gjift, fyrst med Sofia Elisabet Kongsrud frå Soløyr, andre gonga med Elisabet Meldal, med fyrste frugun ha 'n 3 bo'n.

Finkenhof va visst ein bra prest som røkta embete sitt vel i alle måte, men dæ er itte att någå sers minne om 'n på Fron.

28. *Bastian Engelhardt* bytte kall med Finkenhof og kom åt Fron 1769. Han va fødd 1704 på Nesse i Romsdal, der far hass den ti'a va prest, tok embetseksamen 1727 og vart kaplan i Tingvoll 1734. I 1755 vart 'n sokneprest i Rindala og varaprost over Østerdala, 1766 fekk 'n kalle Bra=nes og Strømsøy som 'n tri år ette bytte 'ti Fron. Engel=hardt ha itte Fron meir hell 5 år, han dø 70 år gåmål i 1774. Han va gjift med henne Marine Munch, dotter åt soknepresta på Vågå, 'n Anders Sigvartsson Munch, døm vart vigde i Vågå=kjørkjun 1743 tå 'om Herman Treskov. Engelhardt hadde 10 bo'n, 4 søner og 6 døttre; tu søner vart preste, ein krigskommisær og den fjor'e gjekk ei ti' tesjøs, men enda som forvaltar på ein herregar' i Smålennom. Dei 6 døtt'n dø ogjifte alle.

Hellanitte om Engelhardt er dæ att någå minne frå di ti'n 'n va prest på Fron, men dæ er visst all grunn te å tru, at 'n va ein dugeleg prest som styrde kalle godt og vel.

29. *Hugo Fredrik Hjorthøy* som vart sokneprest ette Engelhardt 1774 va fødd 1741 på Klepp på Jaren der far hass va prest; han gjekk skule i Bergen og tok embets=eksamen i Kjøpenhamn 1764. Åre ette vart 'n huskaplan hos soknepresta i Flesberg, der va 'n i 3 år da 'n sa frå se embete og reiste åt Kjøpenhamn. I 1769 vart 'n prest på

flåtå og varaprost og va med da flåtån gjor' stor utfer' åt Alsjir i Afrika. Da flåtån kom attende i 1771 vart Hjorthøy

Foto: J. N. Elstad.

Hugo Fredrik Hjorthøy.

sokneprest i Skien, i 74 sokneprest på Fron og prost i Gull=bransdala 1775. På Fron va han prest i 9 år te 1783, da 'n vart utnemnt te sokneprest ve Nykjørkja i Bergen. Her va

'n au prest berre i 8 år da 'n fekk Sunds kall i Bergens stift 1791, dette kalle hadde 'n i 21 år te 'n dø i 1812, 71 år gåmål, og ette å ha vore prest i 47 år. Gjift med Sofia Amalie Brandt. Hjorthøy va svært liten på vokst, så dæ va lite 'n rokk opp over bar'e på preikstola, men 'n ha eit sterkt mål og va dugeleg taler, folke sa om 'n „at va 'n så lit'n dæ va nettop ein såg 'n på preikstola, så va dæ itte vandt å høre 'n kår ein sat i kjørkjun." 'N va ein mann med framgangsvilje og ha liv for jor'bruk og krytjyrstell, og han stælde folk te å tå opp dæ, som han trudde va te fremjing for bondelive, og sjøl fresta 'n å gå fyry å vera eit godt fyrydøme. Han fekk sett igong konnmagasin på Fron, og dæ va dæ fyrste i dala, i dæ heile va han ein mann med te-tak og go'vilja som va bygden te gagn di åra 'n va prest på Fron. Men dæ som te alle ti'e vil helde namne hass oppe i eit godt minne, itte berre i Fron, men i heile dala, er den boka 'n ga ut om Gullbransdals-bygdin i 1785 og 86: „Fysisk og økonomisk beskrivelse over Gudbrandsdalens provsti." Denne boka er nå eit kjeldeskrift som er my' verd, ho kunde nok vore reint ei gullgruve om han ha haft den omtankjin å ti'i med ein del tå alle di bygdasegn og minne som dæ i kår bygd va så my' tå i hass ti'. Og likeeins di mest verdfulle skinnbrev på di gamle storgar'om; men han ha sanka vørkje hos prestom på vesitasreisom sine og itte hos bøndom. Likevel om boka kunde vore my' be're hell ho er, lyt oss sea, som sant er, at ho er ein stor skatt for dølabygdom.

Dæ skull' vera i harme for ei sak han itte fekk fram, at Hjorthøy fløtte frå Fron, kå dæ nå va for ei sak, men han skull' angre se bakette, for 'n ha nok fått te-overs både for folk og bygd.

30. *Erik Leganger* fødd i prestgar'a i Esvold 1744; ette å ha vore fyrst huskaplan og sea fast i Nannesta og sokneprest i naugre år i Hurdala, kom 'n åt Fron ette Hjorthøy 1783. Va prest på Fron i 9 år da 'n vart sokneprest i Skien, her vart 'n prost og levde te 1821 da 'n dø i 77 års alder ette å ha vore ialt prest i 50 år. På Fron er itte gjømt någå minne om 'n.

31. *Søren Lemmich* fødd på Eiker 1735, tok embets-eksamen 1779 og va i mange år huskaplan på imse stelle te han i 1799 vart sokneprest i Asker og kom derfrå åt Fron i 1805. Her vart embetsti'a hass stutt; i julhelgen 1806 brann prestgar'n opp, og lite og inte tå innbu og lausøre vart bergja, prestarkive så ner som ei kjørkjebok ette 1799 gjekk med i branda, og dæ va eit stort tap for Fronsbygdom, for prestarkive der ha sikkert mange gamle brev og opp-skrifte som inneheldt verdfulle opplysningo om bygd og bygdaliv attende. Årsaka te olykkun skull' nok vera, at dæ vart brent ovarleg, dæ skulde vera selskap hos presta om kvell'n og 'n ha bedt ei jente å leggje godt i omnan. Då dæ lei någå utpå kvell'n tok dæ te å brenne i hugubyg-ninga og han brann ne' i grunne på snøgg ti'. Dæ vart ut-bore og bergja itte så lite innbu tå någå tå kårt, men da dæ vart stå'nes på fri gar', vart dæ meste tå di stole tå tjuve om natta. Frå kontore fekk presten bergja fela si, ei kalls-bok og den kjørkjeboka som er nemnt om og ein kann sea at prestfolka vart nakne som nåla.

Sålbrå va prestbolsgods og utti'i te enkjesæte, dit fløtte presten og husly'n hass, men reddågån og kanskje mas attåt, ha nok ti'i så har't på den gamle presten at 'n vart hardt klein og dø tu dågå ette branda. Sålest vart itte Lemmich prest på Fron lenger hell omkring 1 år. Tu tå bonom hass vart gjifte i bygd'n med bond'folk, og dæ er moleg at dæ ennå er att tå slekten hass på Fron.

32. *Didrik Hegerman Schnitler,* son åt soknepresta i Sundala Bastian Muz. Schnitler og Anna Elisabet Hegerman, dotter åt den kjende ovestlytnan Didrik Hegerman. Schnitler vart i 1788 fast kaplan i Kinsarvik, Hardanger, 1794 sokne-prest til Skånevik og 1807 til Fron. Han va gjift med Sofia Maria Krag. Bona deres va 1 Anna † ogjift, 2 Baltasar, kaftin, 3 Margrete † ogjift, 4 Hans Rasmus, sokneprest på Ringsak, 5 Peter, sogneprest i Vang, Valders, brøran' Hans og Peter va gjifte med kår si dotter åt fauten Lyng her i dala, 6 Johan, skulmester i Bergen. Schnitler va fødd 1762 og va sokne-prest på Fron i 23 år te 'n dø i 1830 da 'n va 68 år. Schnitler va i sine beste dågå ein dygtaug prest, men ette

'n drog meire frampå åra tok 'n te å tufsast fort, og vart atti-kome så folk ha vondt tå 'om. Dæ kunn' bera reint burti veggjin for 'om sume ti'e både på stola og for altere, vissa var brurvigslan hass omtålå for di døm va bonaktauge og tankelause, så døm va te lått og glis, og imillom arga folk opp. I Kvikne tok han sålest teor's i brurtalun og venda or'a åt brur'n: — „Og du skal lave god mat til din mand, siger jeg — og når han kommer hjem fra ude, da skal du klæde ham hans snesokker av, siger jeg!" Han va elles ein godlynd, velmeint mann som va vellikt i bygden sålengje 'n va i sine fulle krefter.

33. *Jakob Tronhus,* fødd på *Sørøm* i Vågå 1771, son åt kaptein Jens Tronhus som budde på desse gar'a. Han tok presteksamen 1796 og vart huskaplan i Øyer åre ette; der i bygden va 'n i 3 år og va vald te forlikskommisær, kom frå Øyer åt Ål i Hallingdal der 'n va i 2 år, kom frå der åt Sigdal. I 1802 kalla bispen Smidt Tronhus te aften-sangsprest og rektor ve latinskulen i Drammen. Denne tenesta hadde 'n i 12 år da 'n vart fast kaplan der i by'n. Sokne-prest i Hole 1820 og 1830 på Fron, her va 'n prest i 20 år te 'n dø i 1850 ette å ha vore i prestembet i 53 år ihopatt.

Tronhus va nok itte rasjonalist, men va kanskje itte ein prest med någå djupt kristeleg ålvor; han va ein dugeleg embetsmann med godt lov tå bisp og prost og va væl om-tykt tå folkje der 'n ha havt kall. På Fron meinte døm 'n va frimurar og om døm gjekk dæ onderlege rygte millom folk den ti'a, og Fronspresten kom dæ sålest te å stå ein någå eigje ågå tå. I prestgar'a ha 'n eit rum for se sjøl som ingen fekk lov å kåmå inn på, der va 'n ofte og døm hørde 'n banka, høvla, svarva og smidde inne der — folk meinte dæ hørde med te frimurarstelle, detta. Dæ or'e kom ut om 'n au, at 'n ha gått Wittenbergskulin og ha svartboka så 'n kunne trollkonste, imillom anna va dæ mange både på Fron og i neraste bygdom som trudde at 'n kunn' gjera ette. Dæ henda defor at folk som dæ ha vorte stole frå kom åt Tronhus for å få 'n te å gjera ette så tjuvgodse kom att tå se sjøl. Ein øyvering som ha misst ein stor vonnmålsvev kom ein gong åt prestgar'a og ba Tronhus hjålpe se med å få att veven.

„Gå bare hjem du, manden min, og fortæl alle du træffer, at du har været hos Fronspresten, så tænker jeg væven kommer igjen," sa presten. Mann'n så gjor' og veven kom att, au — tjuvan ha nok otte på se for di kara og våga itte anna hell levere tjuvgodse når døm hørde Fronspresten ha kome imillom.

Ein somår i ein har' turrbolk, som gjenne er lei på Sør-Fron på fyrysomåra, gjekk medhjålpar'n åt presta, 'n Torgjer Gråv og ein tå neraste grannom åt prestgar'a, sta at Tronhus ein laurdagsefta. Døm vilde få 'n te å be'a den almektauge gu' frå preikstola om syndan å sende regn frå himila over den oppturka jor'a. „Jeg kan gjerne gjøre det, min kjære Torger, men jeg tror neppe det vil nytte sålænge vi har denne nordenvinden," svårå Tronhus.

'N Jakob Tronhus va ellest godt likt på Fron og velvørd tå bygdafolkje. Han va den siste soknepresten i di o-delte Frons kalle, i 1850 vart dæ bytt i tu, søre og nørdre Fron. Søre Fron vart nå berre eit sokn med ei kjørkje, nørdre Fron tri sokn med tri kjørkjo.

Tronhus va gjift tu gongo, fyrst med Pauline Birgitte Feldtmann, andre gongen med Barbra Malling; i fyrste gjiftarmåle ha 'n ein son Anders, i dæ andre tu døttre, Pauline og Anna, Pauline vart gjift med huskaplana åt Tronhus Fr. W. Galschjøtt, Anna dø ogjift.

34. Den fyrste presten i søre Fron ette delingen va 'n *Kristian Lund Winsnes,* son åt byfaut Winsnes i Drammen, fødd 1806. Ette å ha ti'i embetseksamen 1833 va 'n fast kaplan i Rollag i 8 år og sokneprest i Skauge i 7 år og i 1850 sokneprest på søre Fron. Winsnes va gjift tu gongo, med fyrste frugun, Barbra Eleonore Kjerulf, ha 'n 7 bo'n, med di andre, Karen Sofie Jarmann, dotter åt lensmann Jarmann i Fron, ha 'n itte bo'n.

FASTE KAPLANE I DÆ GAMLE FRONS KALL.

Dæ faste kaplan-embete vart grunna 1742, men vart inndri'i millom 1753 og 78, da soknepresten denne tid laut svårå årleg pension åt 'om David Schjøtte. Dæ va vanleg

at soknepresten i ei bygd reidde ut den visse løna åt kap=lanom. Hågå i Sødorp som låg onde di opplandske lag=stola vart utlagt te kaplangar', men låg svært tongvint og olugumt te, og da kaplanembete vart sett iverk att 1778 vart Hågå makeskifta med Sonde, som ligg på baksi'a åt Lauga og ellest låg felle te for reisom åt di imse kjørkjom. Den fyrste faste kaplan va

1. 'n *Peter Schjelderup* frå 1742—53, vart sokneprest i Stange.

2. *Peter Gregersen Lund,* 1778—89, f. 1750 † 1836, gjift 2dre gongen med Anne Marie Fougner, ei dotter åt kaftin Ellev Fougner i Gausdal. Son deres va den namnkjende professor i Oslo Gregers Fougner Lund, ein an'n son va krigsråd Anders Lund på Vågå. Lund va ein dygtaug prest, men da kjeringa hass dø me'a 'n va på Fron, sørgde 'n se mest tå verd'n. 'N va ein kjempesterk, stor kar, og dæ ha vore fortalt eit og anna om makta hass, sålest va dæ ein løtnant Mandal, som budde hos Lund, som vilde vera med presta og bera tå låva i Sonde ein gong. Presten vilde tå ein full tynnsekk som løtnan' skulde lyfte på 'n, men makta hass rokk itte te, og 'n kom itte frå di. Men Lund sløngde sekken på se og tok løtnan med eine hånd'n og sløngde 'n over bålken ut i lo=golve, „å, for ein krigshelt!" sa 'n. Ve eit anna høve va presten med ein tå husmennom sine og bar sagbor' på tørstugu te tørkings; husmann ha or' for å vera ein bjønnsterk kar, og så auka di tu karan på for kår vending døm gjor', te dæ va som øykjelass døm gjekk med, og presten skulde nok itte vera den som gjekk med minste bor'n. Lund va tå ei ætt som ha utsprange sitt frå Lundo ve Åbo i Finnland og va tå adel. Han vart i 1789 sokne=prest i Vardal og i 1822 sokneprest i Land, dø i Oslo 1836.

3. *Knut Wille,* 1790—1805, va itte vellikt i bygden og va omtålå for å vera så klein te å lære op lesarbona, at dæ va for di skuld at folke la oppnamn på 'n og kalla 'n for „hendingpresten". Wille vart sokneprest i Vestby.

4. *Ole Bech Moss,* 1805—1813, va ein dygtaug prest som røkta idaugt presteyrkje sitt; dæ va i naugre år 'n styrde kalle åleine, og da henda dæ nok ofte at 'n preikte ve tu

kjørkjo såmå dagen. Han skull' vera ein svært stor, myrklett mann; vart ein velheldin mann den ti'a 'n va på Fron med di 'n dreiv gar'n godt. Vart sokneprest i Sørum.

5. *Peder Markvard Otzen,* 1813—1815, kom åt Fron frå Hallingdal og vart her i bygden kalla for „Gal'npresten". Nettop hugugalin hell nogun galning ellest va 'n nok itte, men 'n va friar i umgangslagje sine og la itte for dagen prestvørnan som folke va vante med. Og så tykte 'n dæ va moro å skåpå se vøreslaus. Han va utgjord på vei'ing og strenda omkring med børsun i Lo-moa seint og tidleg. Eingong råkå 'n ei kjering der i skoga, trast 'n va kome i bygda; ho kjende itte presten og spørde kå han va te kar. „Å jeg er en engelskmand som kommer fra fjeldet og skal skyte ihjel alle frugtsommelige koner," svårå 'n. Kjeringa, stakkar, va nok i di omstende og stokk illt for di svare, men 'n drog trast vi'are så ho slapp med reddågå — 'n såg nå ut som ein gjevorningsslask, au.

Den ti'a va dæ itte kjerrveig åt Kvikne og Otzen gjekk ofte Rustebaksi'a opp åt Huskebrun; ein gong 'n skull' hå messe i Kvikne låg 'n laurdagsnatta på Bø og om kvell'n vart han og 'n Johannes Bø sitjan med ei flaske og dramglas i så livlig prat, at døm glømde bort ti'a. Om morgon da ho Goro Bø skulde sjå uti kammerse åt presta, sat dessa tu der enda. „Skulde du itte åt Kviknekjørkjun idag, au, du?" sa ho Goro. „Javisst skal jeg så, har du en salmebog at låne mig som snarest," sa 'n. Han fekk salmboka og såg 'ti ho ei litor ri', de'med sa 'n: „Idag skal de få, Kvikneværingene!" Han kom åt Kvikne i rett messti' og heldt ei slik preike, at dæ va itte eit turt auga i Kviknekjørkjun.

Otzen va nå itte galnar hell 'n va forlikskommisær den ti'a 'n va kaplan på Fron. Or'e ha gått at 'n rømde frå Fron og dæ va døm som vilde ha sêt 'n att i eit langfantfølgje, men sanninga er den, at 'n fekk kall i Danmark og dø i Ribe stift 1825.

6. *Hans Olai Fremming Heyerdahl,* 1816—1824, fødd i Høland 1889, va huskaplan i Vardal, fast kaplan på Fron, sokneprest i Tinn, i Øyer, på Lom og i 1840 i Stange. Tok

avskjed i 1859 og dø 1866. Heyerdahl va som brør'n sine ein evnerik mann med sers goe eksamene frå universitete, sto' i 1807 i livkorpse åt kronprinsa da engelskmennan brand=skaut Kjøpenhamn. Han va itte så lite påverka tå Grundt=vig og va ein meir hell vanleg dygtaug prest.

7. *Hans Rasmus Krag Schnitler,* 1824—31, son åt sokne=prest Didrik Hegermann Schnitler, sjå nr. 28. Schnitler ha dæ or'e, at 'n va orimeleg streng, han la se har't ette å røja ut dæ som va att tå rasjo=nalisme og fekk mange imot se, men han va ein dygtaug prest og samvetsfull sjæle=sørgjar. For si ti' va 'n ein go' skulemann og ein ven tå kristeleg og folkeleg opplys=ning. Han ha støytt mange, og dæ va vel for å vise 'om dæ, at døm i Kvikne ga 'om den argaste og vøreslausaste fritenkjar'n døm kjende te skjysskar, da Schnitler ha helde avskjedspreika si ve Kvikne=kjørkja. Han dø som sokneprest på Ringsak 1855.

Foto: N. J Elstad.

Nils W. Christie.

8. *Peter Schnitler,* bror åt di førre kaplana, 1831—1838; han va mildare og fór meire lempeleg fram hell bror'n og vann folke meire for se. 'N Peter va au ein dygtaug skulemann og go' opplysnings=ven som gjenne tok se tå bondegute som akta se te å studere, sålest ha 'n i huse hos se 'n Hans Steinsru frå Heidala me'a han stræva med å lesa te artium. Schnitler vart sokneprest i Vang i Valders og va her te 'n dø. Brør'n Hans og Peter Schnitler va gjifte med kår si dotter åt fauten Lyng.

9. *Peter Martin Selmer,* 1838—1844; fødd i Oslo 1806, tok embetseksamen 1830, vart huskaplan på Toten hos prost Galschjøtt og styrde desse kalle i 12 år, da soknepresten va

sjuk og ufør te arbei'. Ette å ha vore kaplan på Fron vart 'n i 1844 sokneprest i Indviken og i 1854 i Seljord. Gjift med Fredrikka Fleischer. Selmer dø i Seljord 1876.

10. *Paul Resen Hoffgård,* 1844—1848, son åt sokne=presta i Ål, Hallingdal, fødd 1806, sokneprest i Jelsøy 1848, i Hjelmeland 1858.

11. *Nils Wolf Christie,* 1849—1850, fødd 1808 i Slidre, Valders, der far hass va prest; vart i 1833 huskaplan hos far sin, seinare sokneprest i Næs på Romerike, 1837 sokne=prest i Lyngen og i 1849 fast kaplan på Fron. Gjift med Katarina Wolz, fødd på Grønland, dotter åt ein dansk koloni=styrar. Da Fron vart delt fekk Christie Nørdre Frons sokne=kall og va sokneprest der te 'n i 1868 vart sokneprest i Enebak.

SOKNEPRESTE I NØRDRE FRON ETTE DELINGEN TIL 1891.

1. *Nils Wolf Christie,* sjå nr. 11 onde Faste kaplaner.

2. *Jens Peter Jarmann,* son åt lensmanna på Fron, Jarmann; Jens P. Jarmann vart prest på Nørdre Fron i 1868 og ha kalle te 'n tok avskje' i 1872 og fløtte åt Vetlhamar, der 'n budde te 'n dø. Jarmann va svært væl likt i Nørdre Fron, og va ein folkekjær mann i bygden. 'N va nå fødd i Fron og innlivd i alle høve, og dæ ha my' å sea for ein embetsmann.

3. *Ole Lauris Olsen,* fødd på Moss 1830, son åt smed=mester Kristofer Olsen, tok embetseksamen 1855, lærar ve borgerskulin i Moss i 10 år te 'n i 1866 vart sokneprest i Sollien og i 1876 sokneprest I Nørdre Fron, her dø 'n 1883. Gjift med Johanne Torbjørnsdotter frå Moss.

4. *Anton Torvald Bjørnstad,* fødd i Oslo 1842, kand. teol. 1869; kateket i Egersund, sokneprest i Grytten te 1883, i Nørdre Fron til 1891, i Sem til 1915, dø 1926.

HUSKAPLANE HOS SOKNEPRESTOM PÅ FRON.

1. *Tord Larsson,* sjå onde Sokneprestom nr. 21.

2. *Lauris Rolvsson,* sjå likeins onde såmå nomre.

3. *Pål Nilsson Friis,* kaplan hos Tord Larsson; vart sokneprest på Lom.

4. *Jørgen Jakobsson Grell* hos mag. Iver Pedersen, sokneprest i Vang.

5. *Otto Munthe,* sjå nr. 23 i Prestra'e.

6. *Kristen Stokflet,* kaplan hos Otto Munthe 1701—04, son åt soknepresta på Vågå 'n Eggert Stokflet; vart sokneprest i Stangvik, dø ogjift 1709.

7. *Truls Stranger* hos O. Munthe 1709, sjå Prestra'e nr. 25.

8. *Johannes Green* hos David Schjøtte 1739—41. Green va bondeson frå Eiker og ein dugande mann som førde ein go' penn; han va Hernhutter, og ette 'n vart sokneprest i Aker og slotsprest på Akershus fekk 'n stri' med stiftsprosten Holmbo om di gudelege sjåmåtan' sine.

9. *Andreas Engelhardt,* kaplan hos far sin Bast. Engelhardt 1771—78, vart sokneprest i Flesberg.

10. *Ulrik Fredrik Kjerulf,* kaplan hos Erik Leganger 1786—89, vart tukthusprest.

11. *Peter Schnitler* hos far sin, D. Schnitler, sjå onde Faste kaplaner nr. 8.

12. *Fredrik Wilhelm Galschjøtt* vart huskaplan hos Jakob Tronhus på Fron og vart gjift med dotter hass, 'o Pauline Tronhus. Galschjøtt va 'n mann med rike evno og ein overlag go' taler, han kunn' helde yppelege preiko og va ein go'-te-se mann i tenest'n. Men ellest va 'n itte lagd for prestørkje med di 'n va ein selskapsmann med heile sin haug og va utsett for at turinga forgjekk 'n. Da Essdalsverke kom i gong vart dæ bygt kjørkje ve verke og helde messo någå visse messedågå i åre. På desse messedågå'm va dæ Galschjøtt som gjorde tenest, og kjørkjetenesta va nok både høveleg og ålvorsleg så dæ itte va någå å peike på med di, men både fyry og ette bar dæ laust med turing som lite høvde for ein prest. Med styrara tå Essdalsverke, mr. Forbes, va Galschjøtt go'ven, men dæ henda nok ofte karan' va ovini

au og ga einan'n skoso som både reiv og beit. Dæ va eit onderleg liv burti Essdala me'a verke gjekk, og di laga som va helde der imillom sto dæ or' tå. Dæ vart bygt ein svær fraktbåt ve verke eit tå fyrste årom te å frakte malm med på Essdalsvatne, og da båten skulde namnast vart dæ helde stor fest og Galschjøtt heldt tale og døypte båten i ei shampaniflaske 'n auste over 'n.

Galschjøtt vart veran' på Fron sålengje 'n levde, og 'n gjorde nok itte någå hell, for å få se eit fast embet; ette Tronhus dø styrde han sume ti'e eit og anna kall som kunn' vera prestlaust ei ti'. Men 'n va så heppe at 'n tu gongo ervde dugeleg og fekk råd te å byggje se ein fin heim som han innreidde både fint og dyrt. Te å handtere pening dugde 'n itte, og arvemedel'n hass rokk itte my' lengje, gjiftarmåle hass va bonlaust så famili'n va itte stor, men enda va dæ nok trongt for 'om på slutten.

Dæ er rimeleg at dæ i Fron har vore fleire huskaplane hell desse 12 som her er opsette, men dæ ha itte lote se gjort å finne sikker opplysning om fleire med di vørkje som er nytta.

Mange tå prestom i dæ gamle Fron har sikkert vore dugelege menn for si ti' og fremja både dæ gudelege og menneskjelege live i bygden. 'N magister Iver Adolfus Pedersson va eit storhugu ette ti'om som da va, men drykken og dæ ville viking-sinnlage hass braut ne' mye meir hell dæ 'n bygde opp, så ein lyt tvile på om 'n i dæ heile va di store, mektauge bygdom te någå retteleg gagn.

Ein tå di prestom som kanskje va te størst gagn for åndslive i bygden va 'n magister David Schjøtte; embetsti'a hass fall inn da konfirmasjon vart påbo'in i Nori' og ein så samvetsfull mann som han va, sør'de nok for, at dette viktauge påbo'e vart vitaugt og væl gjenomført. Den fyrste skul'lova i Nori' 1741 vart au utstedd i Schjøtte si ti', sjøl va 'n ein vælrøynd skulmester og sålest er dæ nok visst, at han med „skolefundatsen" for Fron i 1742 gjorde allt 'n formådde te å skjepa eit godt skulestell i bygden.

Hjorthøy va nok au ein dugeleg mann i kalle: han hella vel åt rasjonalistom, men ser itte ut te å ha ått dæ live for

skula, som døm gjenne ha; derimot va 'n meire vørk for framgang og forbe'ring ta gar'sstell og for å utnytte alle naturherlegheite'.

Schnitleran' va meir hell vanleg go'e preste og opplys=ningsmenn, men tok kanskje någå oklokt på veig så døm itte orka å vinne bygdafolke for se.

Sêt onde eitt har Fron ette reformasjona havt dugelege preste: — døm ha lagt att my' godt såfrø te heppe fram=vokst tå bondelive i bygden.

FOLKETAL.

Å gje heilt setandes oppgåvo på folkemengda på Fron lenger attigjenom ti'a hell 1767, let se vanskeleg gjera, dæ bli meire ette skjøn og gjissing, med di dæ er så ringt vørkje å byggje på. Dæ som her bli meldt om folketal og folkevokst frå di eldste ti'om kann defor itte bli sikre tal som 'ti ei folketeljingsliste nå for ti'om, ein lyt nøgje se med eit skjøn bygt på dæ vetle og ringe te-fange som i sume høve kann vera å finne.

På eit anna stelle er førr gote på, at folketale på Fron omkring åre 1021 kanskje va 1250 menneskjo, tale er visst høgt nok, men held ein fast ve' dette tale og går ut frå, at folkemengda i bygden auka med 5,5 menneskjo overhaug årleg i 328 år te Svartdauin braut laus i 1349, skull' folke-tale da ha nått opp te 3000. Denne årlege aukinga er kanskje drug nok i dessa ti'sbålka, men i mange måte va nok dessa tri hondre åra ei oppgangsti' med bureising, nyrøning og framgang i jor'bruk og bondestell. Konnavel'n i di go'e konn-bygdom held di kunnauge for va fullt på høgd med folke-voksta, så at Nori' va sjølbergja med konn. Men med Svart-daua fekk Nori' synnafjells ein stygg knekk på mange vis, alle omstø'or vart avlågå og skåkå tå lagje — folketale svind-rast bort så arbei'shjålpa vart reint forlitor, ei mengd med nyrødde og yngre gar'e vart liggjan' øye i mannsaldre, og avling og krytjyrtal minka svært og laut hå lange ti'e te å tå se oppatt. Tu stygge farange herja pånytt tu gongo, og bygdin' gjekk så attende, at døm va itte te å kjenne att på

utlange ti'e. I alle bygdom i Gullbransdala går dæ gamle segn om, at folke va heilt utdødd i grendom her og der, såner som tu menneskjo som råkåst og vart stamforeldre åt di nye bygdafolkje. Likeså veit bygdafolke i fleire tå bygdom å fortelja om dalføre høgt uppi liom, og ofte høgt tefjells, som vart heilt avfolka i Svartdaua og som itte vart bygde meir. My' tå desse er nok oppdikta frå seinare ti', men at sotta herja alle bygdin' i dala på ein farleg vis er dæ itte å tvile på. Om mannfalle va så stort som dæ ha vore rekna for, kann nok vera någå osikkert; millom døm som ha granska dette spørsmåle ha dæ vore vanleg å rekne, at dæ dø ein treapart i sotten. I seinare ti' er dæ sume som tru, at treaparten jemnt over er for my'; vørkje te å finne dæ rette tale er itte lett å sanke ihop her, hell. Her i Gullbransdala kann dæ sjå ut te at treaparten er eit forstort tal, ein skull' mest tru at denne friske fjelldal'n som låg så åvstengd frå sjøa, og ha litol samfer'sel med andre landsstrok, itte ha så lett for å fengje sotta som fyrst tenda se i Bergen; med desse bya va dæ nok itte så lite med samfer'sel herfrå dala på di ti'n, likevel, og dæ va sagte ette di veiga, over Sygnefjelle, hell om Lærdal og Valders, Svartdauin kom te gjest i dølabygdom og itte skona ei einaste tå di 8 bygdom. Någå nøgjare om kårlest sotta herja, anna hell segna som har gått, kjennest itte, men i gamle brev frå di tu neraste mannsaldrom bakette, let dæ se itte gjera å finne ut, at folketale ha vorte så fælt bortminka, breva gje nå ellest itte større kunnskap om dæ.

Ha Fron, som dæ va nemnt, nått opp te 3000 innbuare fyry Svartdaua, skull' dæ tykjast rimeleg at fjoreparten kanskje strauk med, og at bygda i 1351 itte ha att meir hell 2250 menneskjo; detta tale er da sett opp ette skjøn og kann defor vera både rett og rangt, men dæ er nok ein har' mink i folketale i ei bygd å misse 750 menneskjo på eitt år så fjorekår gjekk te.

Ette Svartdauin ha rasa frå se og tu andre farange ha fore ette og tolla tå folkje i bygdom, sto visst folkeaukjin i såmå føtom ein mannsalder og någå vokst va dæ visst itte førr omkring dæ nye hondretale. Frå 1528, 178 år ette

Svartdaua, finst dæ eit manntal for ein skatt som kallast „Gjengjer'a"; denne skatten ha mogleg for dæ fyrste vore svårå i matvaro te opphold for konga og hass følgje når 'n reiste i bygdom, seinare er gjengjer'a skjifta om te ein peningskatt. Grunnlage for utligningen tå desse skatta er itte kjent, men dæ ser ut te at bøndan' på vanlege gar'e ha lagt 1 lodd sølv i skatt, ein del legg mindre og dæ kann vera moleg, at dæ er ti'i avsyn åt di omstø'om gar'brukar'n sat 'ti. Gjengjer'sskatten ha sikkert vore svårå ette såmå høve i alle bygde og tå alle bøndom i bygden som åtte skattevne. Om dæ nok kann vera vanskeleg å byggje eit folketal på gjengjer'slistun', vil ein kunna få ei go' samenlikning millom gar'tale og skattytarom i di imse bygdom, og defor bli dæ her ti'i med ein tabel for gjengjer'n i Gullbransdala.

Fron	med	95	skattytare	la	i	skatt	90	lodd	sølv
Lom	„	91	—	„		—	82	—	—
Vågå	„	86	—	„		—	65	—	—
Ringbu	„	66	—	„		—	55	—	—
Lesja	„	50	—	„		—	49	—	—
Gausdal	„	56	—	„		—	43	—	—
Fåberg	„	51	—	„		—	37	—	—
Øyer	„	53	—	„		—	32	—	—

Ein ser tå desse at Fron va den bygda som ha fyrymon, men Lom har denne ti'a vorte ei sterk bygd med stor konnavling og som kanskje ve dette leite heldt på tok åkervatninga ibruk.

I Hannibals-ofre'a millom 1643 og 48 finst dæ eit manntal for ein „koppskatt" — huguskatt, skatt på kårt hugu — te krigsutgjifte. Ette di manntale kann dæ let se gjera å rekne ut folketale så nånlunde påliteleg. Skatten va utlikna med 8 skilling på alle bygdafolk over 15 år „ikke allene bunden og hans hustroe som på gården er boende men også deris sønner, døtre, tjenestekarle og kvindfolk så og alle de som udi samme gård kunne have noget brug, eller også kunne være sammesteds udi huse med alle løse folk som udi sognet findes". Ein ser at dæ skulde gå nøye te så ingen andre hell prosten, fauten og skrivar'n gjekk fri for

desse skatta, og skrivar og 6 lagrettsmenn la skattlista fram på tingje for fauta med seglom sine onde. At desse listun stort sedd er riktauge, kann ein nok gå ut frå, men skatt har nå alder vore någå kjært bån, og meir hell ein skattytar kjende se nok for hardt drivi te å gjera 15-åringe tå døm som va både 16 og 17 år, og dette va itte alle sta'n radt å gjæte, kåkje for skrivar hell lagrett. Nå høyrest itte i vår ti' 8 skilling — 27 øre — ut for å vera stort å gjera skattesvik for, men 8 skilling i 1645 svårå te minst 2 kroner i peningver' og attåt di svære krigsskattom kårt år denne ti'a, „4-dalersskatt“, „6-dalersskatt“ og eit år „12-dalersskatt“, va dæ nok itte rart om nå'n kår freista å drå se onda. Dæ va rart itte bøndan vart klembde åt marken. Fattigfolk og andre, inderste, rø'ningsmenn og husmenn som dæ nå tok te å bli naugre tå, gjekk sjølsagt fri for skatta, likeså va dæ itte så få sylatere ute, både utskrivi og kverva, som itte er med i skattmanntale. Med desse for augom er her oppsett ei slik utrekning for 1645:

Folketale over 15 år ette listun	887
Telegg for ondahelde 16- og 17-åringer	100
Embetsmenn og tenare over 15 år	50
Husmenn, sylatere, rø'ningsmenn og fattigfolk . . .	225
	1262
60 % onde 15 år	757
Samla folkemengde i Fron 1645	2019

som kan rondest av te 2025; heilt opp pålitanes er kanskje itte dette utfalle, men my' langt frå dæ rette skull' dæ itte vera.

20 år seinare i 1664 er dæ helde manntal her i lande for di nye skjyldsetjingsverkje som da vart sett på gong og som vart endeleg istand i 1668. I kår bygd va dæ presten som gjorde desse listun' fer'auge her i dala og er førde for kår gar' med namn og alder på gar'sfolkje, husbond, søne, tenare og husmenn over 12 år, sume preste har ette eit seinare pålegg ført opp heile folketale te onde 1 år. Men tessverre har itte kvinnfolka vorte rekna med, da døm va

ondati'i ette påleggje. Desse folketeljingslistun frå 1664 og 65 er eit godt og sikkert vørkje både for folketale og for slektsgransking i di bygdom, der dæ va 'n dygtaug og godt kjent prest te å gjera arbei'e, mange tå døm kann au vera låkt og opåliteleg frå-se-gjorde. Te all olykke er lista frå Fron kome bort så ho itte er sporst opp, og dæ er på mange vis te svær ska'e for bygden og mest for døm som driv med ættegransking. Ho er sagte kome bort i „skriver-stuen" på Akershus, og dæ er nok itte von um at ho kjem for dagen meir.

Fleire kunnauge folk i statistik har gått igjenom denne folketeljinga, millom døm professor T. H. Aschehoug; han har i desse arbei'e sine sett Fron i eit folketal på 2840. Dette lyt i samhøve med di andre bygdom i dala vera for-stort; nå er dæ nok sikkert at folkemengdin på Fron tok te å skjote på denne ti'a, med di dæ ette kårt vart ne'sett ein-kelte husmenn onde sume ta gar'om, og tale på rø'nings-menn voks. Åra imillom 1645 og 1665 va nok go'e år, og dæ syne se støtt i folkeauka. Likevel må 2800 vera for-høgt og kann itte ha vore over 2350, eit tal som her grunne se på samenlikning med Vågå, for desse tu bygdin sveipa mest på einan'n i mange måte. Vågå har ei tå di beste folketeljingslistom frå 1665, og dæ folketale, 1600 menneskjo, som er utrekna ette henna, er pålag houggsikkert. Byte ein folketale i Vågå fyrst på hudskjylda og derette på utsæde og dele di tala, som kjem ut, på skjylda og utsæde på Fron, vil dæ svårå med eit folketal på 2350. Nerar di rette er dæ itte lett å kåmå ette di manntalslista er vorte borte.

I 1767 er dæ folketeljing over heile lande, og dæ er den fyrste au, som er pålag sikker å lite på, og i henna er nå både kare og kvinnfolk, smått og stort ti'i med, og ve denne teljinga ha Fron 4320 menneskjo, på 101 år ha folketale vokse med 1920, overhaug med 19 menneskjo årleg.

Så er dæ nytt landsmanntal i 1801 og Fron ha 4780 innbuare; ved manntale i 1815 er folke auka med berre 117 te 4897, men i 1825 har voksten skote på med 993 men-neskjo, så tale nådde 5890. I 1835 har bygda 6609 og i

1845 er folketale 7016 og ve delinga tå bygden i 1850 va folketale 7561. Folkjeaukjin har sea 1767 vore jemn mest heile denne lange ti'a, berre i di fyrste 15=års=bålka ette 1801 er dæ ein årleg te=vokst på itte fleir hell 7,8, men i sume bygde går folkemengdin attover desse åra. Dæ va di 2 kri'in' i 1807 og 1814, nødsåra og froståre i 1812 som stansa folkeaukjin.

Eit utsyn over folketale ette delingen vil kåmå lenger ut i boken.

JOR'VEIGJE OG JOR'EIGARE.

Ette eit skattmanntal frå 1612 som ofte er kalla Grams manntal fordi fauten Lars Gram ha sett dæ opp, va dæ 138 gar'e på Fron dæ åre og som svårå skatt. I desse er nok itte prestgar'n medrekna, og da han va ihopsli'i tå 3 gar'e, bli dæ ialt 141 skjyldsette bruk. 39 år seinare i 1651 er gar'tale 160 med ei samla skjyld tå 402 huder 8 skind. I 1668 vart ei ny skjyldsetjing for heile lande fer'aug, eit arbei' som ette di ti'n lyt seast å vera vælgjort, og defor sto' medlag i 140 år te i 1818. Ette skjyldsetjingen i 1668 va di skjyldsette gar'an' på Fron 257 på tal med ei skjyld tå 484 huder 9¾ skind. Hondre år lenger fram i ti'n er gar'tale kvorve te 238, men skjylda er 490 huder 11½ skind.

Fron ha den største skjylda tå alle bygdom i dala, den bygda som sto' nerast va Lom (Lom og Skjåk) med 484 huder ½ skind, Vågå ha ei skjyld berre på 417 huder 3½ skind. Når Lom va sett i så høg skjyld er dæ tå di årsaken, at dæ va konnavlinga som i di gamle ti'om va helde for dæ fremste i ei bygd, og Lom dreiv garan' opp i store konn-avlingo med åkervatning frå langt attende i ti'n. Dæ va elles helde for, at Lomsbygda va forhøgt skjyldsett, fauten Pram held fram i 1762 i eit brev åt amtmanna, at jor'-skjylda i Lom va meiningslaus høg.

Oss har sêt at dæ gamle Fron i 1660-tale ha største skjylda i dala' og at bygda med di au sto' øvst; men om ein nå finn på å spørja køm som åtte denne jor'a, vil kanskje ein og an'n tykkja dæ er eit spørsmål i måfå — dæ va da

bøndan i bygdan som åtte jor'a, m'a, køm an'n skull' eige gar'an? Og dæ er rimeleg å gjera se di tankan ette som høve ha vore i di tu siste mannsaldrom; men når oss granske någå nøyar ette eigedomsomstøom i bygdom i di 17de hondreåre og framette, like te slutten tå di 18de, vise dæ se snøggt, at dæ va mange eigarmenn åt jor'n, og at bøndan i mange bygde itte ein gong åtte dæ halve, og at dæ va berre naugre få bønder i kår bygd som heilt ut åtte garan sine sjølve, va „odelsbønder", som døm kallast i skattmanntalom. Storparten sat som leiglendinge på gar'om og svårå årleg landskjyld åt døm som va di rette eigaran og som va „landherre", som dæ heitte. Desse eigedomsomstøun va ofte någå ha'leg ogreie og laut felle tongsamde på mange vis for døm, som brukte jor'a. Dette vil gå lite klårare fram ve å gje ei snøgg utgrei'ing tå eigedomshøvom frå utgåmål ti.

Like frå di dågå'm Nori' vart samla te eitt rikje, va dæ sume tå likaste gar'om i kår bygd allt lande over, som kongen ha eigna åt se og åtte. På desse gar'om sat dæ jemnast ein „årmann" som dreiv gar'n for konga, og antel svårå ei avgjift for åre, hell ha løn så kongen fekk dæ som gar'n kasta tå se. Sume ti'e tok kongen „veitsle" på desse kongsgar'om når 'n fór omkring på imse kante i lande, og desse veitslun' va vel ofte di einaste inkomun kongen ha tå gar'om sine. Allt frå fyrsten laut dæ vera my' jor' kongen ha lagt onde se utover lande, for ette som soga fortel sette 'n Haral Hårfager 4, hell sumesta'n fleire, herser i kårt fylke og kår tå døm va lønte med 20 merk i veitsle, 20 markebol jvr'veig. Kå my eitt markebol utgjor' samenlikna med skjyld'n i vår ti', er kanskje itte så gløgt å avgjera, men markebole skull' nå vera ein jor'veig som svårå 1 mork pening i landskjyld, og 1 mork sylv svårå te 32 krono i vår mynt, men med eit mange gongo større kjøpeverd. P. A. Munch held for, at markebole svåra te 2 hude og ette di va ein herse lønt med 40 hude jor' hell 10 fulle gar'e. Sålest va dæ ei svær jor'eige kår herse ha te innkome mot å tene konga i ofre'sti' med 20 menn, og dæ laut defor vera ei a'bragsle eige kongen rådde over i kårt fylke. Og dette jor'godse kongedøme ha i si eige utover allt lande, ha dæ med å auke

meir og meir fram igjenom ti'a, radt te ut i midten tå di 17de hondreåre — dæ va mest som når snøballen bli trilla. Va dæ ein stormann som ha samla stor jor'eige og som på ein hell an'n måte kom i onåde med konga, enda dæ gjenne med, at 'n misste live hell vart landlyst og fre'laus, og kongen la all hass eige onde se. Og mindre folk som for=braut se mot lands lov og rett, laut jemnast bøte med jor' som fall onde kongen. På denne visen auka dæ kongelege jor'godse te kår ti', og den sjøleigande jor'a åt bøndom i bygdom minka. Så langt fram i ti'n som i di trettande hondreåre er dæ nemnt naugre „kongsgar'e" oppover Gull=bransdal'n, sålest Veøm i Øyer, Steig på Fron, Bre'e på Sell og Tofte på Dovre, men dette va nok gar'e som kongen ha kosta serskilt på, og som han tok inn på når dæ fall se at 'n fór her igjenom dal'n, og kongen åtte nok i di tiom ein mengde med mindre gar'e her i bygdom, „krongods" som døm vart kalla i någå seinare ti'.

Men o'framt kongen sjøl va dæ mange andre stormenn som la se te jor'veigje i bygdom, både ve kjøp og ve gjiftar=mål, og sume kunn' hå store jor'eigo, dæ va jor'a døm ha å setja medelan sine 'ti i desse gamle ti'om, for døm ha korkje banke hell lotlag å setja pening hell an'n verdågå 'ti. Nettop her i dala va dæ kanskje itte så svært mange stormenn med store jor'gods onde hendom for dæ fyrste, venteleg ha 'n Dålå=Gullbran og ætta på Hondorp, Steigætta, Gjeslingan og Listan og sume andre fått dugeleg jor' onde se ei ti'. Lenger fram i medelaldra vart dæ fleire og fleire storbønder, som elles itte va tå adel, som la onde se my' gar'e med store skogvidde. I dansketi'n vart dæ danske og sume svenske adelsmenn som vart di største jor'gods=eigaran i lande, og sume tå døm åtte så my' jor', vidt og breidt utover lande, at dæ va itte likt te någå. My' hadde døm vel kjøpt ihop, og ennå meir fått onde se ve å gjifte se inn i gamle norske storætte, sålest skull' jor'eiga åt Ro=senkransom ei ti' vera omkring $^1/_{16}$ tå jor'veigjom i heile lande, 'n Hannibal Sehested åtte ei ti' ofseleg my' gar'e over Austlande, likeeins Gyll=Løva. Ei svensk adelsfruge, ho Gyrvil Fadersdotter Sparre, ervde på morsi'a ein mengde jor'gods

i Nori', og åtte ellest ennå meir i di tu hine landom, ho va bånlaus og ga defor i årom trast fyry 1600 dæ norske jor'=godse sitt åt di norske kronun, 610 gar'e, tå desse va dæ mange tå di beste gar'om i kår bygd oppover Gullbrans=dal'n, på Fron ha ho Gyrvil ått 10 gar'e.

Ette 1600=tale og framover va dæ ein og an'n embets=mann som la onde se itte så lite jor', slike som fauten 'n Lars Gram på Steig, han åtte 1628 76½ hud jor', 60 gar'e te=samen, og tå desse va dæ 9 gar'e på Fron, di andre va spreidde over heile dal'n og langt ut over Opplande. Seinare va dæ ein og an'n militær som dreiv å samle jor'gods, mesta mindre jor'veigje med ein større gar' imillom.

Dæ si' se sjøl, at dæ for ein einkelt mann va orå' å drive all denne jor'a onde stadaugt tesyn som ein driv eit hugu=bøle, og defor sette døm gar'an bort på leige mot årleg land=skjyld, eigarn kallast „landherre" og leigarn leiglending. Desse leiglendingan va frie bondefolk som visst mest stødt va ætlinge tå di adelsbøndom, som frå fyrst ha ått gar'an. Igjenom heile dæ 17de og ein go bålk inn i dæ 18de hondre=åre, va størsteparten tå bøndom utover lande leiglendinge, og så va dæ her i Gullbransdala, au. Namne leiglending vil gjenne bli tydt sålest, at den som va leiglending sat ringare og lausare te hell ein odelsbonde som va sjøleigandest, og i sume te=felle va nok dette så. Men jemntover sat leig=lendingan godt te her i dølabygdom, og kjende se kåkje ofrie hell mindre vørde hell di sjøleigande bøndan. Døm sat nok på årmål som gjekk ut kårt trea år, og da måtte døm svårå landherra ei litor avgjift som retta se ette skjyld'n på gar'a, men nar døm svårå landskjylda for åre og denne triårsavgifta, „tredieårstage" som ho kallast, sat døm nok på gar'om likeså fritt og trygt som di sjøleigandest bøndan. Og dæ vanlege va, at leiglendingan sat på gar'om, son ette far, ættled ette ættled gjenom lange ti'e, men kår ny brukar laut betale bygsel, „innfesting", ner 'n overtok gar'n og dæ va itte vanleg, at „innfestinga" va orimeleg hell vart skruva opp te kår ti'. Gar'n brukte ein leiglending heilt fritt på vanleg gjer', men 'n ha åbotsplikt på husom, og skulde itte hougge ne' skogen te „uplikt". At leiglendings=vilkåra i sume ting

kjendest som ei tyngsle, va nok itte heilt te å ondgå, men at desse omstøun va på den gjera, at døm ol opp ei ne'=kuva og osjølstendaug bondeklasse, som sto' lågare hell sjøl=eigarbøndan, er itte te=felle, og i dæ heile er dæ få merkje å finne på, at dæ ha vokse opp nå'n standsskjølna' imillom døm.

Landskjylda som va lagt på gar'an og „treaårstagen" va sålest di einaste innkomun både krona og andre jor'eigare, „landherre", ha tå jor'eigom. Landskjylda skull' da stå i samhøve med gar'a ettesom han va te i jor'veig, avkastning og dæ som ellest låg onde te vinning for næringslive. For dæ fyrste va nok landskjylda svårå med varo' som gar'n kasta tå se, smør, hude, skinn, fisk, vønn=mål; frå fyrst va ho kanskje te=måta med di slag varun som dæ fall se lug=umast for gar'a å yte. Lenger fram i ti'n vart landskjylda ei fast skatteskjyld, dæ som nå kallast matrikelskjyld. I søre Gullbransdala ser dæ ut te, at landskjylda allt i di 13de hondreåre ha vorte omgjort te peningskjyld, i mork=, aure= og ørtugsbol sålest, at eit morkebol (2 hude, ½ gar') svårå 1 mork i landskjyld, 1 øresbol 1 øre og ørtugbole 1 ørtug. 1 sølvmork skulde retteleg svårå te 32 krono omrekna te kronemynt, øren te 4 krono og ørtugen te 1 krone 33 øro, peningen te 13 øro, men peningverdågån og peningrekninga i medelaldra er så vanskeleg å få påliteleg kunnskap om i di imse ti'e, at dæ bli my' på eit skjøn med di. I nørdre dala va skjylda sett i kuleigo som heldt se te hudskjylda løyste kuleigskjyldo åv eingong i di 15de hondretale. Ku=leigskjylda svårå nok landskjylda i smør, og dæ er likt te, at den årlege landskjylda tå 1 kuleige jor' kann ha vore 1 bismarpond = 6 kg. smør. Kårlest denne skjølna'n millom Sørdala og Nor'dala i skjyldnemning er kome se, er dæ itte någå å finne om. Tess lenger dæ lei' fram i ti'a, tess meir vart dæ bruk for pening, og landherran, antel dæ va kongen hell andre, vilde gjenne få landskjylda betalt i mynt omrekna ette faste takste som galdt for omrekningen. Og ette hand vart landskjylda svårå i pening, men ennå i 1589 ha bøndan i Gullbransdala lov te å leggje den halve landskjylda med hude og skinn og den andre halve med fisk.

Ette at landskjylda, frå å vera eit mål på leigun tå gar'a millom landherre og leiglendinge, dragna te å bli eit fast mål på gar'om, mælt innbyrdes, og vart jordskjyld (skatte-skjyld), gjekk dæ ennå meir hell 200 år førr dæ vart di såmå skjyldnemningo over dæ heile lande, dæ va itte berre skjølna millom di større landsdelom, men ofte millom bygdlagom i eit fylke, som oss såg millom Sørdala og Nor'dala med morke-bol og kuleige. Skjyldsetjing i hude og skinn er vel gjenom-ført ein gong fyrst i 1500, men eins skjyldnemning er dæ itte vorte, krongodse er skjyldlagt i hude og skinn, dom-kjørkjegodse i fisk (turrfisk) og erkebispegodse i vønnmål. Ette reformasjona vart både domkjørkjegodse og erkebispe-godse lagt attåt krongodse med di gamle skjyldnemningom, og med di vart dæ itte så fåe gar'e som ha tri slag jord-skjyld heilt te i 1825. O'e ha sålest slik skjyld: 1 hd. 3 skd. — 15 alne vønnmål — 3 mark fisk; Forbrigd 1 hd. — 20 alne vønnmål — 18 merk fisk og sålest fleire gar'e. Isøm ha hud-skjyld og vønnmålsskjyld, 3 tå Listagar'om ha heilt vønnmåls-skjyld, Kjorstagar'an og Tåkåsta ha hudskjyld og fiskeskjyld, dette herre for å vise naugre døme. Erkebispen i Nidaros ha my' jor' på Fron, og når landskjylda tå gar'om hass synna-fjells va sett i vønnmål, va dæ vel fordi, at denne vara fall lettare å frakte over Dovrfjelle, og så avhenda 'n vønnmål uppi Nor'land og Finnmarken, fisk ha han nokk tå i land-skjyld ve sjøkanten. På Fron ha erkebispen i 1580 123 alne vønnmål, omgjort te hude vart dæ 27, men Hamar dom-kjørkje ha 43. I 1665 vart dæ helde ny skjyldsetjing, og dæ va meininga, at all slag skjyld skull' vorte sett i pond og merk med smør, og skjylda er omskrivi sålest i di nye jor'boken, men den nye nemninga vart itte ti'i i bruk, den gamla vårå te 1825.

Den katolske kjørkja va ette dæ lei' fram i medelaldern den største jor'eigarn i Nori', og åtte nok meir hell krona, kjørkjegodse va bytt millom så mange eigare: erkebispen, di andre bispan, domkapitla, domkjørkja, kjørkjun i bygden og prestbole. Dæ va landskjylda, bygsla og treårstagen tå jor'eigom geistligheita ha å liva tå, fast peningløn va itte ennå kome i bruk. Frå ti'n hass Sigur Jorsalfar vart dæ

lagt tiend på jor'bruk, gar'an skull' leggje tiandeparten tå avling og budrott for kårt år te lik deling millom bisp, prest og kjørkje.

Da reformasjon vart innførd i 1536 vart bispegodse, bispe-tienda og domkjørkjegodse lagt onde krona, og med di voks krongodse reint omåteleg og kongemakta vart ette den dag største jor'eigarn i Nori'. Ette skattemanntale for 1651 va jor'eigun på Fron bytt sålest på di imse eigare:

Krongods	115	hude	„	skinn		
Kannonigods . . .	48	—	8	—	(høyrde te Hamar domkapitel)
Kjørkjegods . . .	12	—	9	—	
Prestebole	17	—	„	—	
Oslo hospital . . .	3	—	„	—	
Kristiania skule . .	10	—	„	—	(Latinskulin)
Oppl. lagstol . . .	18	—	„	—	
Kristiania biskop . .	5	—	„	—	
Kommunitetet i Oslo	6	—	6	—	(høyrde te Oslo domkapitel)
Uta'bygds eigare . .	27	—	„	—	
Sjøleigarjor' . . .	133	—	„	—	
Samla jor'eige	402	hude	8	skinn	

Ved den nye skjyldsetjinga i 1665 va høve med jor'eigom i bygden di såmå, men skjylda ha vokse med 83 hude, te ialt 485 hude 8 skinn med di at fleire onderbruk som førr itte va skjyldsette nå vart sett i skjyld, og at skjylda vart sett høgare på mange gar'e. Sjøleigarjor'a på Fron for 250 år attende va sålest berre snaue treaparten tå di skjyldsette jor'eigom i di store bygden, og på såmå gjer'a va dæ på dæ neraste i alle di andre bygdom i Gullbransdala.

Ve dæ leite den nye skjyldsetjinga va fer'aug i 1668, tok 'n Fr. III te å helde fal krongods utover lande, og i naugre år vart dæ selt itte så få gar'e, dæ va helst høge offesjere som kjøpte, og einkelte velstå'ndes leiglendinge. Dæ skull'

Kommunitet = dæ felles husvære og bor'helde korsbrøran ha ve kårt domkapitel.

vera fleire offesjere som ha te=go'e løn for fleire år og som fekk se den utgjort ve å kjøpe krongods. I skjøtom kongen stedde ut på di gar'om 'n selde, heldt 'n se tehande rett te å løyse døm inn att, men denne retten („reluisjonsrett") tenkte nok itte kjøparan ha någå å sea, for døm trudde itte, at 'n vilde bli nytta i framti'n nå'n gong. Dæ vårå itte lengje, at offesjeran ha krongodsgar'an på hendom førr døm heldt døm fale att, og da vart dæ leiglendingan som kjøpte og vart sjøleigare. På ein 80 års ti' er omstøun med jor'eigom i bygdom reint ombytte, og meste parten tå bøndom er vorte sjøleigare og sit med kongeskjøte på gar'om sine. Ette ei jor'bok frå omkring 1780 er jor'skjylda på Fron 491 hude, og tå desse åtte bøndan sjølve 423 hude, 86 % tå jor'skjyldn. Krona ha nå att berre di skjyldsette almenningan og fiskje=vatna, prestbolsjor'a, lagstolsgar'an og naugre andre mindre jor'eigo. I di tu neraste mannsaldrom bli mesteparten tå di jor'n som krona ha att sjøleigarjor', og dæ er bøndan som rår grunn åleine.

Pålag 1730 gjor' kongemakta krav på løysingsretten åt di krongodse ho hadde avhenda; imot å betale ein sum som sto' i samhøve med eigedoma, skull' kjøparn få „reluisjons=skjøte" og med henna vera kvitt alle krav for framti'n. Kjøparan tykte dette va ein stor orett som kom oventa over døm, men ettesom di opphavelege kongeskjøtun lydde, va dæ ingen veig omkring. Kjøparan skull' få lov å bjo på reluisjonsretten åt gar'om sine, men desse bo'a va jemnfare så låge, at døm itte vart akta på. Så vart dæ pålyst auk=sjon over reluisjonsgodse i 1752, og eigaran vart nødde te å møte i Oslo for å kjøpe løysingsretten. Prisan ve auksjon kunn' kanskje itte kallast høge, vissa på mindre bruk, men sume større og sers go'e gar'e kom opp i någå ha'le store sume, 8, 10 og 1200 riksdaler. Alle eigaran kjøpte att relui=sjonsretten og fekk sålest eit oventa utlegg.

Kå verkna dæ ha på jor'brukshøvom og bondelive, at bøndan vart jemnfare sjøleigare, ser ein itte så my' om for dæ fyrste, ein stor del kom sjølsagt i någå ha'leg gjeld, men ti'a tok smått ette hand te å gå opp ette 1680 og framover, hestprisan steig og fehandeln auka, omkring århondreskjifte

tok dæ te å bli någå handel med elvtimmer opp ette bygdom og dæ vart någå meir med pening millom folk. I go'e år ha døm gjenne itte så lite konn te=overs på beste konngar'om som døm avhenda på Røyros og Folldalsverkje og andre stelle, og ein merkje itte at gar'sgjeld'n klemde bøndan så hardt. Kå'vidt gar'sdrifta og jor'bruke tok se opp på di større gar'om' så dæ synte món på di for dæ fyrste, er itte så radt å sea någå visst om, men di mindre bruka, øygar'e og onderbruk, som vart sjøleigarbruk i desse ti'om, kom se fort opp og vart oppdrivi både på hus og jor'. Desse mindre bruka som førr ha ytt my' arbeidshjålp i gar'sdriften på di store gar'om, batt nå den meste arbeidshjålpa fast åt si eigje drift, og snart tok dæ te å bli lite om tenestfolk og onn=arbei'are på di store gar'sbrukom. Dette drog ette se, at fleire og fleire husmenn vart ne'sette for at garan' kunn' sikre se den arbeidshjålpa døm trengde åre rondt. Att dæ allt opp letta på mange omstøo for bøndom å bli heilt ut sine eigne herre, er itte tvil om, og at døm kjende se meire trygge og sjølstendauge hell før, er au visst, likesom dæ fall tå se sjøl at dæ jemnt over kom meire liv i nyrøjing og oppdyrking, om dæ itte nettop kom med ein bråstøyt.

NÆRINGSLIV, AVLING, KRYTJYRSTELL OG SÆTERBRUK.

Dæ har så my på se for ei bygd kå'dant næringslive og levevilkåra er skjikka; er døm go'e så dæ jemne folke slæ' se igjenom på rimeleg gjer', skåpå dæ eit lettverleg lag og lynne hos bygdafolkje og live i dæ heile arte se skikke=leg og væl. Men er livskåra tronge og tonge, og stri'a for live har' og beisk frå vogge te grav, el di opp ein mørk og beisk haug og eit mørkt, har't lynne, og live vil lett bli skjemd tå hat, villskap og brotsverk.

Fron ha nå gjenom alle ti'e vore serleg væl budd tå nattura te å bjo busitjarom sine go'e livskår, bygda ha fram=ifrå go' jor', og vart ti'leg i ti'om den sterkaste konnbygda i dala. Og konnavlinga va nå allti' tyngda i næringslive i gamle dågå; ellest ha Fron slike naturhøve at krytjyralnan itte trongde stå attende, hell. Jagt og fiskje som i di eldste ti'om va væl utnytta og laut yte my' meir åt næringslive hell oss nå kann tenkje oss, ha au bygda høve te å liggje ette, om dæ kanskje va sume tå di hine bygdom i dala som ha dæ vistså lugumt med di. Oss ska' på eit anna stelle få sjå, at både fiskje og jagta har vore nytta med både haug og dug, longje ette at desse næringsgreinin ha fått mindre å sea for næringslive i bygden — dæ va ein gåmål arv som folke va fødde med.

Førr ha oss fresta å finne ut folketale på Fron i imse tidsbålke, her va dæ meininga å freste finne ut kå denne folkemengdin ha å livnære se med te kår ti'. Men her kjem

ein itte my' langt attover i ti'n før dæ tek te å vante vørkje; dæ oss røkk lengst attende med, er di gamle tiendelistun, og som for dæ meste finst attende te 1605 med eit og anna hol i årstalsra'n. Oss har allt nemnt lite om tienda og hørt, at dæ va 'n Sigur Jorsalfare som fekk ho påbo'e te ei årleg avgjift på kår som brukte jor' hell ha annor næringsdrift. Ho skull' svåråst med 1/10 tå avling, bøling, fiskje og andre næringsveigje, og ho vart for dæ fyrste bytt i 4 jemnstore parte millom bispa, presta, kjørkjun og di fattige. Ette reformasjona vart bispetiende lagt åt konga, og da bøndan sørgde for di fattige på an'n måte, vart tienda derette bytt i 3 jemnstore parte. Tienda va innkravd på fleire måte, og dæ skjifta millom di imse landsdelom; her i Gullbransdala va dæ nok brukt, vissa ei ti', at tiende-kår træva vart frålagt te tiende og som tiendytarn seinar laut tryske, kaste og levere på kastbua i prestgar'a, der både prestetienda og kjørkjetienda vart sanka ihop. Kongetienda kravde fauten inn og opphaveleg skull' bøndan levere kongetienda på Akershus. Dæ fall se nok tongvint og strævsamt å hå opsyn med trævatale på gar'om i ei vid bygd te kår haust, og da dæ lei' over 1600-tale vart dæ vanleg, at gar'brukaran ga opp konnavlinga si på tingje om hausten, ette loa va kome ihus. Dæ møtte 8 eidsvorne lagrettsmenn på tingje som va andsvarlege for den tiendelista som vart oppsett, men desse lagrettsmennan ha nok itte plikt på se te å sjå over talstokkan hell loa på åkra, døm sat i retta og ga sitt skjøn for kår serskilt oppgave bøndan bar fram. På denne måtin kunn' dæ nok sjå ut for, at tienda vart rett og rigtig svårå, men dæ er godt moleg at dæ ette hand snikte se inn fjusk og missbruk i oppgåvom. Tienda va ein stor årleg utgjift, og om dæ va rekna for både ei stor synd og eit stort lovbrot å gjera „tiendesvig", som dæ va sett har' straff for, va dæ nok mange som itte sto for frestingen te å gje opp i minste lage med trævatal. På tiendelistom ser dæ ut te, at døm nøgje følgje årveiga som 'n falt te kårt år, og sålest er eit påliteleg mål på åranga i kår bygd, men dæ kann nok likevæl vera rum for mange veilo i oppgåvom. Prestan her i dala førde ofte klage på at bøndan „tiender meget uretfer-

digen“ med di døm itte gjorde her som i Danmark og la frå te tiend-lo kårt tiende konnband — her ga bøndan opp årsavlinga som døm sjølve tyktest. I eit møte hos prost Brede Hammer på Fron i 1684 va alle prestan i dala samla for å søkje kongen om „forlindring“ i naugre avgjer'e kongen nyleg ha ti'i om sume embetsforretningo. I desse søkna'a klågå døm svært på, at tienda stadaugt gjekk ne', så at prestetienda i vanlege år snart itte va meir hell dæ halve tå di ho ha vore i gåmål ti'. Klagemåle er nok overdrivi, men så langt ein kann røkje ette di, syne dæ se, at prestetienda ha skrokkje ihop ein go' mon millom 1625—1680. Med di ha sjølsagt heile tienda på alle 3 parte minka, kårlest dæ kann ha kome se — kannhende at dæ ha kome opp missbruk som ha festa se som sedvane, moleg rekna bøndan såkonne frå, enda dæ itte er funne någå om dæ. Prestan skulda på, at dæ er tiendoppgåvun som er galne og som er årsak 'ti at tienda minka for kår mannsalder.

Ette desse er dæ defor itte någå heilt trygt vørkje oss har i tiendelistom te å rekne ut konnavlinga i bygdom år om arna, og dæ trøngst visst å gjerast eit telegg for å kåmå så nere di rette som moleg; fyrst lyt avlinga i prestgar'a og fautgar'a, som va tiendefrie, leggjast attåt i tynntal, og dinest dæ tynntale ein kann tenkje tiendoppgåvun svikta med. I desse listun nea'for over avlingom på Fron millom 1605 og 1722, er for kårt år lagt te 100 tynno for di tu tiendefrie gar'om og viare 15 % for å bøte på di forlåge tiendoppgåvun'. 15 % er nok eit tal ette skjøn, men når ein tenkje på, at husmennan, som dæ vart fleir og fleir tå ette kårt, itte er med i tiendoppgåvom, så er kanskje itte 15 % meir hell høveleg; skull' dæ vera tefelle at tiendeytaran har rekna såkonne frå i oppgåvom, er 15 % forlite. Dæ er i dæ heile mest oråd å finne sikker opplysning om kålest bøndane rekna ut avlinga si om hausten, når døm ga opp tynntale på tingje, men at døm har havt faste takste å gå ette er itte å tvile om, for dæ vise se gløgt på di, at oppgåvun stødt følgjer åre og årveiga og er oppsette i tynntal, skjeppo og settonge.

Ette 1724 da kjørkjun i Nori' vart selde, falt kjørkjetienda

bort, og kongetienda vart pakta bort som oftast åt almuga i kårt prestgjeld mot ein viss sum årleg, som fauten kravde inn. Dæ vart sålest berre den eine treaparten att, preste-tienda, og om den vart dæ gjort serforlik millom prest og ålmuge, så tienda ettehånd vart ei fast årleg avgjift på kårt skjyldsett bruk, og som itte lenger svårå te avlingen på brukom år om anna. I di nye skjyldsetjingsverkje i 1665 va tienda tenkt å skull' vere ei fast årleg avgjift på kårt skjyldnomer, men dæ vart itte ti'i i bruk, og tienda vart svårå som før eit 100 års ti' framover. Omkring 1709 ber tienda te å bli svårå i „stridt“ bygg og „let“ bygg, førr va ho svårå i stridt bygg, rog og hamp. Venteleg ha bøndan tvinga fram denne delinga som ellest måtte vera rettvis, når tienda ette opphave skull' vera $^1/_{10}$ tå all avling og avdrått. Tiend tå krytjyr ha visst itte vore lagt i Gullbransdala ette reformasjona, hellanitte tå smør; derimot va dæ svårå ei ostetiend, men visst berre tå naugre fåe større gar'e som oftast betalte 1 ost på 1 b℔ med 1 ort. Ostetienda for heile Fron va i 1665 109 b℔ 18 m𝓀. Tå hamp som sjølsagt retta se ette årveiga som annor avling, va dæ i vanlege år lagt frå 9—12 b℔ frå heile gjelde; ost og hamp kallast „små-tiend“ og vart for dæ meste svårå med pening ette ei fast takst, presten tok kanskje sin part tå småtienden i ost og hamp te nytte i huse. Tiendlistun har serskilde oppgåvo for bygg og rog etter 1640, men rogtienda va i di tidsbålka som tabeln nea'for røkk over så litor, at ho er rekna med i bygg-tienden. Oftast va rogtienda 2—3 tynno og ein sjelda gong 4, jemnt er ho berre 1 tynne og onde dæ, au, sume år.

Tek ein se for å sjå någå nøgjare over denne tiendtabeln millom 1605 og 1722 vil dæ snøgt felle i augun, at avlingun gjenom heile denne tidsbålken er svært ojemne: er dæ eitt åre tynn-tale kann nå over 4 hell 5000, kann dæ neste vera nere i 3000 og onde di, au. Dette er någå som kjem fram tå tiendlistom frå alle bygdom i dala, at årsavlingun falt ojemne. På Fron va nok tørken har' jemnan fyrste del'n tå somåra, vissa på Sør-Fron og i Kvam, og at dæ my' er han som har skulda for di ojemne avlingun, er sakte itte tvil om. Men ei annor årsak va sikkert den, at jor'bruke denne

ti'a va lite utvikla og dreiv med di gamle driftsmåtom på all vis, slike som døm ha festa se frå eldgamle tie. Folke ha itte omtankje og mot te å gjera frestna med nye te=tak og våga se itte te å sleppe di gamle i jor'bruk og gar'sdrift. Med di låke jor'ambon som da va brukt vart jor'a kleint arbeidd, gjødsla va jemnt=over misleg stelt, og di grunne åkran' fekk snøgt ein knekk i ein har' turrbålk. Ogras og svarthavre fekk ofte stor makt og sette avlingun ne' i foll, og desse meinhøva ihoplagde gjor' åkerjor'a otålaug og vær=vand, kå go' og drivandes ho ellest va. Ska ein lite på di årsavlingun som ein rekna se te ette tiendlistom, har åker=bruke i ti'om millom 1600 og 1700 sti'i på dæ neraste stillt, nå'n oppgang er itte å merkje. Oppgangen kjem itte førr framover ve 1770 da jor'bruke fæ' sterke te=drev både frå uta'lands og inna'lands. Avlingun va i di tidsbålka oss her har for oss småe og ojemne i alle dølabygdom, og ei så go' konnbygd som Fron va itte my' frama'for di hine på denne lei'a. Lomsbygda va nok den som nådde lengst i konn=avling, for døm dreiv ho fram med åkervatning som visst vart sett igang der i bygden i reformasjonsti'om.

Om ein legg ihop årsavlingun som er utrekna ette di 41 tiendlistom som er funne millom 1605 og 1722 og tek tverr=sumen, fær ein eit medeltal på 4380 tynno bygg, som da skull' vera måle for eit medelsår på Fron. Om dette medel=tale kanskje itte kann vera så heilt sikkert på tynna, skull' dæ med di utrekningsmåta som er nytta, tenkjast itte å vise svært my' imisst. Tale ser itte ruvleg ut ner ein likne ihop med avlingom i bygden frå velså 100 år seinar, men dæ vise da ein stor fyrymon på hine bygdom i dala. Den bygda som kjem nest ette i tynntal er Vågå, som ette såmå utrek=ningsmåta har eit medeltal på 3230 i desse tidsbålka, 1150 tynno mindre i medelsårsavling hell Fron; Lom ha berre 2729 tynno. Å kåmå ette med konnfolln er vanskeleg da ein itte har sikre oppgåvo for utsæde; skjyldsetjingsverka både frå 1668 og 1723 har nok oppgjeve utsæde båe tu, men ein fær ein misstanke om, at døm er ti'i på eit skjøn. Serleg ser dæ rart ut at utsæde er minka med 51 tynno frå 1668 te 1723, enda utsæde hos 128 husmenn er ti'i med i 1723

Tiend og avling i tynn'tal millom 1605 og 1722.

	Tiend.					Avling.
	Sør=Fron	Sødorp.	Kvikne.	Kvam.	Tesamen.	
1605. .	—	—	—	—	342	4048
1606. .	—	—	—	—	354	4071
1617. .	209	69	39	46 1/2	361 1/2	4121
1618. .	132	51	33	42	258	3182
1919. .	156	66	30	42	294	3550
1620. .	141	66	63	45	315	3737
1621. .	330	120	63	78	591	6911
1622. .	258	93	45	75	471	5531
1626. .	181 1/2	75	37 1/2	48	342	4048
1627. .	291	105	43 1/2	58 1/2	498	5842
1628. .	273	90	48	75	486	5704
1629. .	246	78	39	39	402	4738
1630. .	244 1/2	70 1/2	46 1/2	63	424 1/2	4977
1631. .	309	111	57	57	534	6256
1632. .	318	114	36	69	537	6290
1665. .	231 1/2	82 1/2	47 1/2	40 1/2	402	4743
1680. .	—	—	—	—	491 1/2	5766
1682. .	—	—	—	—	326 1/4	3866
1683. .	—	—	—	—	403 1/2	4754
1684. .	—	—	—	—	294 1/2	3501
1685. .	—	—	—	—	394 1/2	4658
1686. .	—	—	—	—	365	4312
1687. .	—	—	—	—	367	4335
1688. .	—	—	—	—	310 1/2	3685
1689. .	—	—	—	—	323	3829
1690. .	—	—	—	—	273 1/2	3263
1691. .	—	—	—	—	384 1/2	4543
1692. .	—	—	—	—	400 1/2	4720
1694. .	—	—	—	—	385 1/2	4549
1695. .	—	—	—	—	163	1991
1698. .	—	—	—	—	265 1/2	3165
1699. .	—	—	—	—	329	3900
1700. .	—	—	—	—	389	4588
1701. .	—	—	—	—	269	3208
1703. .	—	—	—	—	346	4094
1709. .	—	—	—	—	383	4519
1710. .	—	—	—	—	302	3589
1711. .	106 1/2	55 1/2	35 1/2	24 1/2	222	2673
1716. .	—	—	28 1/2	—	510	5877
1721. .	214 1/2	86	86 1/2	49	378	4462
1722. .	190	81	24	44	339	4018

og som itte va rekna med i skjyldsetjingen i 1668. Utsæde skull' i 1668 vera 1355 tynno og i 1723 berre 1304, dette må vera gale, og det må vera oppgåvun frå 1668 som er forhøge. Dæ er grunn te å tru, at skjyldsetjings-mennan i 1723 gjor' se for med å få så nøgje oppgåvo som moleg, dæ vise se med di, au, at døm ha sett opp utsæde hos husmenn som itte sådde meir hell ½ skjeppe. At eit utsæde på 1355 tynno i 1668 er formy', er mesta sikkert, ve den ti'a vil eit utsæde på 1100 i tynntal vera høgt nokk. Går ein ut frå eit utsæde på 1100 tynno på Fron i ti'n millom 1605 og 1660 fæ' ein med ei medelsavling på 4380 ei konnfoll på snøggt 4, eit tal som kann sjå reint orimeleg ut i ei så go' konnbygd som Fron når ein tenkje på, at byggfolla i di siste mannsaldra er nådd opp i 10. Men konnfolla i di gamle ti'om va itte stor, nettop tå di såmå årsakom som gjor' avlingun så ojemne og småe, og dæ ha tå landbrukskunnauge folk vore rekna med 4¾ foll for heile lande. Lom med åkervatninga kunn' i sers go'e år nå opp i go'e 5 foll, men Vågå som au va ei go' konnbygd, og for ein del dreiv åkervatning, nådde itte 4 foll. Ette ei jor'bruksteljing som amtmann Kristian Sommerfelt let utføre for eige rekning i Kristians amt omkring 1790, ha Fron da nått ei konnfoll på 5, Vågå ein mon over, men Lom 6,9. I 1835 fekk oss den fyrste offentlege jor'bruksteljinga her i lande, og ette henne hadde itte Fron nådd over 5 foll, Vågå berre 4,3, men Lom 8,6. Sålest ser dæ ut for at konnfolla ha øykt se svært smått fram igjenom ti'a; men ei slik jor'bruksteljing kann nå bli misleg når ho fell inn ette eit kleint og lite år, og åra 1834—37 var serleg kleine år.

Ette di utrekningen som førr er gjort over folketale på Fron for 1645 ha bygda dæ åre ei folkemengd på 2025 menneskjo, tale er kanskje i høgste lage, men med di vørkje som er for hand er dæ itte radt å kåmå di nerar. Delast medelavlinga for bygden med di tynntale som her er oppsett, 4380 tynno, på folketale, fell dæ 2 tynno 1 skjeppe temanns, 194,6 kilo grónmat på kår innbuar. Dæ neste folketale, frå 1665 er sett opp te 2350, som visst au er høgt nokk, og dela ein dette folketale på den såmå medelårsavlinga fell velså 1 tynne og 6 skjeppo te-manns, 167,7 kilo. Grónverde

ha sålest på di 20 årom millom 1645 og 1665 minka med 27 kilo te=manns, dæ vil sea dæ såmå som at framvoksten i jor'brukje itte ha kunna helde fotslag med voksta i folke=mengda, men dette er någå som vise se å vera te=felle over heile lande i desse ti'om. Nyrøjing tå jor' på di gamle gar'om må dæ ha vore svært lite med i fyrste halvparta tå di 17de hondreåre; jor'bruke ser ut te å ha sti'i på lag stillt og berre helde drifta medlag i di stø'e ho ha rokkje denne ti'a. Ette skjyldsetjingsverkje i 1724 har krytjyrtale auka itte så lite på di 58 årom frå skjyldsetjingen i 1665, iallt skulde dæ ha vokse med 1859 „beregnede" kjy', dæ vil sea heile krytjyrmengden tå smått og stort, med heste omrekna te kjy'. Men da skjyldsetjinga i 1665 har ti'i med berre voksne heste og kjy', bli dæ å gjeta se fram med småkrytjyr og svin, så tale bli nokså osikkert. Ein te-vokst på 1500 „be=regnede" kjy' lyt vera meire rett, men sikkert stort nokk. Ette di må iminste krytjyralnan ha mona se fram i desse tidsbålka itte så lite, og dæ skull' tyde på ei større fóravling. Om dæ ha gått for se någun større opprø'jing tå engjemark er itte kjent, men dæ er tenkjeleg, derimot vart dæ nok denne ti'a rødt opp sæterkvee på kår gar' og bygsla fjell=slåtte for å øykje foringa på gar'om. Ette ei melling som prestan vart pålagde å gje om imse høve kår frå sine bygde i 1743, skriv Fronspresten Schjøtte sålest om sætrin på Fron: „— — — hvilket brug [at gjødsle sæterkveerne] neppe skal være ældre end 60 år, da de tilforn helst så at have deres sæterhuse ved en bæk der kunde bortskylle gjødningen. Sæterkveerne er vel ikke efter loven tilladte, men ere nu så almindelige, at der neppe er en husmandsplads som jo har sin og ansees for en rekvisition til en gård." Inngjer'ing og gjødsling tå kvee åt sætrom skull' ette desse itte ha vore i bruk på Fron førr omkring 1680, og dæ er itte tvil om, at dette om ein del år auka stråforinga på gar'om ein go' mon. Ellest va nok foringa tå bølingom itte så rar denne ti'a, Schjøtte nemne lite om dæ, au, i di såmå mellingen og gjet om, at folk te vanleg sette på formange krytjyr og sveltfora med ris, måså og finntopp. For å få allt dette te=gar's om ventran, laut døm helde formykjy øyk, skriv 'n, og ette di tu

skjyldsetjingom har hest'tale i bygden imillom 1665 og 1723 vokse frå 746 te 958.

Imillom 1723 og 1769 er dæ itte någå vørkje å finne te å rekne ut avlinga på Fron i eit medelsår, men ein lyt gå ut frå, at dæ i desse bålka har vore någå oppgang te kår ti', om dæ kanskje itte gjekk my' fort di fyrste 25 åra. Så langt fram som i 1769 er dæ grunn te å setja medelsavlinga for Fron te 6000 tynno konn, og nettop dette åre er den fyrste heilt pålitelege folketeljinga for heile lande helde. Fron ha da eit folketal på 4320 innbyggjare og sålest fell dæ 124 kilogram grón på kår, ein ne'gang te-manns frå 1665 på 44 kilo; folketale har på desse 100 årom vokse te pålag dæ dubbelte, og åkerbruke har itte makta å helde følgje ennå. Schjøtte læt itte væl over konnavlingom på Fron i di mellingen oss ha nemnt frå 1743: „føres noget mel eller korn til Røros verk må det hentes igjen fra Hedemarken eller Toten. Men når åringen slår feil er her sult og jammer. da førselen fra kjøbstæderne er vidtløftig og kostbar så de fattige ei kan udstå dermed.“

Di neste oppgåvun' oss kann bruke te å rekne ut avling og folketal, er teljinga åt amtmann Sommerfelt i årom millom 1790—95. Millom di kunnauge er tala hass både for avling og krytjyrtal helde for å vera i minste lage, og dæ ha vore nemnt på, at døm kanskje trongde øykjast med 10 %. Dette er sikkert te-felle med folketale, men avlingstala hass for Fron ser ut te å vera høge nokk. Med 15 % telegg i folketal bli folkemengdin 4430 og avlinga forutta telegg 9513, dette gje eit grónverd te-manns på 189 kilogram og syne ein oppgang frå 1769 på 65 kilogram. Dæ kann vera tvilsamt om itte konnavlinga åt Sommerfelt er forhøg for eit medelsår, da dæ er moleg han har fått oppgåvun ette eit stort år, men at dæ i alle te-felle er ein itte så liten oppgang i medelsårsavlingom i bygdom di siste 25 årom tå hondreåre, er sikkert nok. Dæ va på fleire vis at jor'bruke fekk framskuv denne ti'a, i Skottland va jor'bruke høgt oppdrivi, jor'bruksvitskapen gjor' stadauge forsøk som drog framsteg ette se, og dæ skotske jor'bruke fekk itte så lite å sea her te-lands, med di dæ va ein og an'n rikmann, helst omkring di større byom,

som tok ette med driftsmåte frå Skottland. Døm dreiv eigendoman sine opp te mønsterbruk, og dette fekk verkna viar omkring. Fleire embetsmenn, både preste og militere, kanskje helst di siste, ha stort liv for jor'bruk og gar'sdrivt, gjor' imse forsøk med nye dyrkingsmåte, skaffa se be're og lettvintare jor'ambo og passa gjødsla med større omtankje og varsemd. Tu „landhusholdningsselskab", eitt dansk og eitt her i lande, tok opp arbei' med å spreie opplysning og kunnskap om jor'dyrking og delte ut primi for nydyrking, omveling tå hus og jor' og andre te-tak som va te framhjålp for bondefolke. Allt dette ihop sette nytt liv i jor'bruke og ga di ein dugeleg framskuv den siste mannsaldern tå hondreåre. Dæ vart gjort my' på gar'om i mange tå bygdom her i dala denne ti'a, enda dæ va fleire låke år med har'e ti'e og te-dels stor nø' millom bygdafolkje. Di fyrste åra ette 1770 va oår med svult og sjukdom, og fleire år framigjenom va skrinne. Offsin i 1789 gjor' stygg ska'e i mange bygde, og di bygdin i dala som fór mest ille, va Vågå og Fron. På Fron vart 2014 mål åker og 2626 mælinge eng heilt øylagde, og ska'in vart iallt taksta for 107 911 riksdale. Di fyrste åra tå di nye hondreåre va hellanitte någor go ti' for bøndom, dæ va småe avlingo og trong ti', og så kom dæ fæle froståre i 1812, som itte er heilt bortglømt i bygdom ennå. Dæ skifta med kleine år imillom, radt fram åt 1834, da dæ i fleire bygde kom 4 missvokstår ette einan'n og nø'a vart størst som ho kanskje ha vore nå'ngong i Gullbransdala, så stordeln tå folkje laut bruke bårk og måså som i 1812.

Åre 1835 vart dæ helde jordbruksteljing i Nori', den fyrste tå di slagje her i lande, desse åra va som nyst sagt svært mislege, men Fron ha sloppe skjikkeleg frå di i 1835 og havt eit medelsår. Med jor'eplom, 4303 tynno omrekna te byggverd, va avlinga med eit avronda tal 15000 tynno; folkemengdin 6600 og byggverde på kår menneskje 198 kilogram, ein te-vokst frå 1794 på 9 kilo, og som vistnok vilde vore større når itte oåra og andre meinhøve ha vore så mange i desse 40-årsbålka.

Dæ er imse forandringo med konnslagom i 1835 imot

som døm va da Sommerfelt tok si jordbruksteljing. Havre va fyry 1775 itte avla lenger nor' hell åt Øyer, „bygg be=traktes til havre som guld til bly" skriv 'n David Schjøtte i 1743. Men i 1794 ha Fron ei havr'avling på 19 tynno og berre 1 tynne erter, blannkonn fanst dæ itte. I 1835 avla bygda 174 tynno havre, 100 tynno erter og 1235 tynno blann=konn. Rogavlinga va i 1794 itte større hell 256 tynno, men ha i 1835 vokse te 937. Og så er jor'eple kome opp i 4303 tynno, som i byggverd svårå te 866. Som dæ vise se tå tabella ne'a'for er dæ ei svær stiging i avling tå alle konn=slag i di 15 årom millom 1835 og 1850, da Fron vart bytt i tu herred og soknekall, og jor'epl=avlinga ha vokse $5^{1}/_{2}$ gong frå 1835 og svårå te ei byggavling på 3817 tynno, frå=rekna setjareple. Ein serskjilt tabell for kår tå bygdom vil på eit anna stelle vise framvoksten i jor'brukje di neraste 10=års bålkan ette 1850.

Da dæ er naugre tå årom i desse tabella som vante vørkje te oppgåvo på avling hell krytjyrtal, er båe slaga rekna ut ette di årlege te=voksta som vise se imillom tu årstal dæ er oppgåvo for. På denne gjer'a bli nok itte tala nøiaktauge, men tabellen vil likevel gje eit pålitanes bilæte tå framvoksta i dæ store og heile.

Tabell'n over buskap og avling syne, at folkenæringa i di gamle ti'om framigjenom te 1769 ha vore jemnt go' i vanlege år, og at næringa frå buskapa må ha vore riktig go'. Folketale va ennå lite i samhøve med krytjyrhalde og åkerviddom, og folkevoksten gjekk itte svært fort. I 1769 er kutale te=manns gått ne og likeså byggverde, med di folke=voksten skaut meir og meir på, og jor'bruke vistnok ha ei dau ti', så dæ itte orka å helde følgje. Ne'gangen er ellest itte så stor at den ålmenne folkenæringa kann kallast ring, ho står kanskje lite onde sume tå hine bygdom, men ne'=gang er dæ overallt i desse bålka, og itte før omkring hondreårsskjifte tek næringsverde både frå buskap og avling te å kreka oppover att.

Dæ er eitt drugt te=skot åt næringslive i desse lange tids=bålka som itte let se rekne ut, og som defor bli likesom borte i ei slik utrekning som denne, og dæ er dæ som vei'ing

	Buskap.[1]							Avling.[2]								
	Heste.	Naut.	Sau	Gjeit.	Svin.	Buskapen omr. te kjy'.	Omr. kjy' te-manns.	Bygg.	Rog.	Blann-konn.	Havre.	Erter.	Jor'-eple.	Omr. te bygg.	Kilogr. bygg te-manns.	Folke-tal.
1645	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	4380	—	2025
1657	484	2934	2593	936	191	4708	2,4	—	—	—	—	—	—	—	—	2200
1665	602	3213	2850	960	200	5074	2,2	4380	—	—	—	—	—	4380	164	2350
1723	863	4242	4860	1048	191	5885	2	5200	105	—	—	—	—	5305	144	3325
1769	847	4416	5169	980	26[illegible]	7244	1,67	5850	150	—	—	—	—	6000	125	4320
1790	837	4517	6637	838	401	7876	1,48	9237	256	—	19	1	—	9513	193	4430
1835	1238	6451	7629	1675	628	11101	1,77	11640	937	1253	174	100	4303	14877	203	6609
1850	1284	7291	8313	3775	568	12560	1,76	14460	1800	2372	409	651	23860	24255	225	7561

[1] Omrekning te kjy': 1 hest = 2 kjy', 5 saue hell gjeit = 1 ku, 2 svin = 1 ku.

[2] Omrekning te byggverd: 2 tynne havre = 1 tynne bygg, 5 tynno jor'eple = 1 tynne bygg, erter, rog og havre rekna likt med bygg. Såkonne og setjareple frådri'i.

og fiskjing kårt år skaffa te. Desse tu næringsgreinin ytte i di gamle ti'om eit så stort te=skot, at oss i vår ti' itte forstår å leggje full vekt på døm. Riktig langt atti ti'om, i di ti'lege medelaldra, va nok jakt og fiskjing minst dæ halve tå folkenæringen i innlandsbygdom, men like fram te 1800 va døm ei attåtnæring som ha någå å sea for di jemne bygdafolkje. Vei'inga i di utgamle ti'om, før børsa kom ibruk, va nok eit my' større stræv og slit hell ho vart seinar da børsa vart kjent; da vart både elgen og rein, som va di tu villdyra folk låg mest ette, fanga i grave, og denne fangstmåtin va arbeidssamd og ofte vonskjøtt. Dæ som hjål'te va, at dæ va så my' både tå elg og rein, at någå va dæ å fange te kår ti'. Og folketale dæ va lite i bygdom så dæ trongdest itte så store fangstmengde førr dæ môna godt i matveiga for bygdafolkje. Men ette som folketale øykte se, vart villdyra har'ar og har'ar ettesøkte, og om villt=mengdin itte nettop minka så my' for dæ fyrste, vart både rein og elgen så skjyre og våre, at dæ vart mindre og mindre fangsta ytte år for år. Attåt dyrgravom va nok stålbågån brukt, men på elgen va 'n nok obrukeleg og åt reina dugde 'n nok hellanitte på lange skotmål, for da va 'n for ostø'. Defor va børsa ei stor oppfinning da ho vart kjent her i lande og nytta te vei'ing omkring 1630. Vei'ing både tå elg og rein tok se svært opp ette som folk fekk rådt se te børso, men dæ gjekk har't ut over villdyra, au, og om naugre mannsaldre tok elgen te å minke åv så dæ gjekk itte så my' lengje førr styremakta tok te å gripe frami elgjakta, for at itte dette gjæve dyre skull' bli rydda ut. Dæ va itte berre kjøte tå elg og rein som va te stor nytte i matveiga, men hudin va au ei vare som va my' verd, både te klæ'e og som handelsvare; semska elgshude og reinshude va brukt te brokvørkje i alle bygdom i dala like fram te 1800 tale. I dæ 17de hondreåre ha dølan lov te å betale halve landskjylda med hude og skinn, og ein stor del tå døm va hude tå elg og rein. Bøndan ha i midten tå di hondreåra itte lov te å avhende ei elgshud førr døm fyrst ha bo'e ho fram åt fauta, for han ha pålegg å kjøpe for rekning åt konga.

Ette som skogen på Fron snøyddest meir og meir nere i Laugdalføre, vart dæ mindre og mindre med vei'ing tå elg, og lei' så langt som ette 1750 va dæ nok itte stort att tå 'om i gar'sskogom; i almenningom tefjells, au, minka 'n stadaugt så ein kann sea, at 'n ve hondreårsskjifte ve 1800 itte lenger va te nå'n món i næringslive for bygden. På såmå gjer'a pålag heldt dæ på å bli med reina; han ha i lang ti' helde se berre i høgfjelle og dri'i se utur di lågare fjellviddom, og med di vart dæ smått om senn berre lauskare og ein og an'n storveiar som fekk høve te å liggje i fjelle på reinsvei'ing. Reinsfjelle, au, ga mindre og mindre tå se åt næringslive, og i 1800 er dæ itte någå større å rekne med lenger. Lengst heldt nok vei'inga se i Kvikne og Skåbu, som låg lugumast te for all slag vei'ing, både på elg og rein og skogfugl; her va nok vei'inga ei attåtnæring som itte va bortkastan ennå di fyrste 20 åra ette 1800 og seinare, au.

Og som dæ va med vei'ingen va dæ med fiskjingen, ho au ytte eit godt te-skot åt næringslive; Fron har mange go'e fiskjevatn og døm vart like frå di eldgamle ti'om væl utnytta — ein kann best sjå kå fiskjevatna va helde for, når ein høre om den stria Frøningan meir hell eitt hondre år ha om Vinstervatna med Valdersom. Fiskjinga va drivi tå mest alle som ha høve te a slite se laus frå hima ein og an'n gong om somår'n; for dæ alle'fyrste, førr dæ vart båte på fjellvatnom, gjor' folk se timmerflåtå for å kåmå utpå vatna med gån og not. Ein kann ennå på botna i sume vatn sjå dæ ligg att flåtåstokke som kanskje kann vera både 8 og 900 år gamle. Båte lærde nok dølan å byggje longe før kristendomen kom, men dæ va nok itte lite stræv å få ein båt istand: handkluve timre og handhaugge bor'a, og di gamlaste båtan på fjellvatnom som dæ ha vore minne om, va sett ihop med trenagle. Men folke åtte nokk både tå ti', arbeidshaug og tålmo' i di gamle ti'om ner dæ galdt om å maträ' se, og ga fiskjinga my' både tå stræv og slit, så va dæ hellanitte lite ho skjøytte på i matveiga om åre. Radt fram te 1780 heldt vei'inga og fiskjinga se oppe, enda ho meir og meir minka åv og ytte mindre åt folkenæringen år for år.

Elgen va for dæ meste borte på Fron og rein va au longe fløtt frå di fjellstrokom som låg nerast bygden og upp i villaste høgfjella. Gar'sbruke tok te å krevja meir og meir tå te=syn, ti' og arbei', og sålest vart dæ ette hand berre lauskare og folk som ha høve te å bruke ti'a si ette eige haug, som dreiv med vei'ing og fiskje, desse fjellmennan som dæ gjenne va itte så få tå i kår bygd, og som fjelle va heile live for. Jor'bruke og krytjyralnan va nå så langt framvokse, at vei'ing og fiskje itte lenger ha så my' å sea for folkenæringen som førr, og ette 1825 er dæ lite å leggje vegt på vei'ing og fiskje i næringslive. For Kvikne og Skåbu som låg lugumast te, held nok båe tu se oppe ennå ei ti', og sume år kunn' rupfangsta her vera ei rigtig go attåtnæring, men stort ti'i va vei'ing og fiskje for heile bygden utlivt.

Handelslive ha i mange tå bygdom i dala vore itte så lite oppdrivi og va ei go attåtnæring for gar'sbrukje, vissa ette dæ lei' någå lenger fram i ti'a, så pålag ette 1650. Dæ va for dæ meste handel med sjøvare bøndan kjøpte på Romsdalsmartna'a og omsette mot konnvaro på Hemarken og Toten. Men Fron la se itte så my' ette denne nærings=veigen kanskje for di skuld, at Fron i vanlege år va ei så go' konnbygd, at ho va någå meir hell sjølberga og kunn' selja ein del åt Røyrosverkje og Folldalsverkje. Någå handels=rørsle va dæ nok te kår ti' i Fron au, og meir vart dæ da slagtfe=handeln kom vel i gong.

Kå ti' pålag dølan tok te å drive fe uppi di beste og lugumaste hamnstrokje i høgfjelle, er dæ itte funne någå sikkert om, men ette ei rettssak om Heimdaln millom Vågå og Valders syne dæ se, at Vågveran låg og gjætte slaktfe på legrom i både øvre og nere Heimdala i fyrste årom ette 1720. Og dæ er itte tenkjeleg at dæ va fyrste opptake, ein lyt snarast tenkje se, at denne gjer'a å holde opp slaktfe på da ha vore drivi ein mannsalder, og er dæ te=felle skull' dæ vera rimele å skjote på, at fehandeln heldt på å kåmå i gang pålag 1680. Kanskje någå førr i sørdalsbygdom der dæ er någå stuttare fjellreise med driftom om hausten ner døm jågå på bymartnan. På Fron kom sagte fehandeln på skot ti'leg i leika, for bygda har mange go'e driftleger med hamn=

vidde som fee kom se svært på i di 11—12 vikuom hamninga vårå når hamnsomårn va go'. Driftfee vart sjølsagt drivi åt Oslo og dølabygdin va frå gamle ti'e vante med å drive fe inn åt Akershus, „hans majestæts slagtefæ", som fautan tok imot kår haust på skatt og i sakfallsbøt'. Men itte førr Oslo bar te å kåmå se meire opp som handelsby og voks te i folkemengd ette 1650, vart dæ någun slaktfehandel med Gullbransdala som va nemnand'. Ette 'n kom vel på gong vart 'n ei vigtaug innkome for bøndom og, ilag med somår-drotta frå sætrom, di innkomun, som dæ va rei'e pening å vende åt se med. Feprisan den fyrste ti'a fehandeln kom i drift er dæ liten kjendskap te, men i 1741 er prisen på 3-årings gjeldukse pålag 4½ rd. opp te 5 rd., som kann svårå te 72—90 krono i våre peningverd. I 1741 er dæ rimeleg at dæ på Fron va selt minst 200 festykkjy og som ette prisom i rei'e pening utgjorde ein 15—16000 krono.

Hesthandel va dæ någå tå te kår ti', Fron ol gjilde heste og bygda selde „attaleriheste" og dragonheste. I „den store nordiske ufreden" skull' dæ kjøpast 50 dragonheste i døla-bygdom og tå dom vart dæ kjøpt 15 på Fron, 6 gjelke og 6 hingste. Dragonhestan skull' helde minst 9 kvart og 2 tume n'i hårgar'n, men storparten heldt over 9½ kvart; prisen på hingstom va frå 24—50 rd, på gjelkom frå 14—30 rd. Omrekna te kronemynt bli desse prisan 76—169 krono for hingstan og 44—96 for gjelkan, men så va peningverde minst 5 gongo større hell nå og med di va itte prisan så ille.

Någå slag bergverksdrift hell steinbrot va itte drivi i Fron i di gamle ti'om når ein tek onda Essdalsverke som visst va i drift for rekning åt stathaldar U. F. Gyldenløve ette 1666, og den gongen va dæ drivi som kåpårverk. Om drifta i Essdala frå omkring 1846 vil dæ bli mellt någå meir lenger fram. Lim-mjøl — kalk — ha dæ i gåmål ti vore brent te bygdabruk på eit par stelle i høgdom. Klebber te skårstein-omne va dæ au å finne på naugre stelle. Takstein tok så smått te å kåmå i bruk den ti'a Hjorthøy va prest i bygden, og han va kanskje den fyrste som nytta stein te taktekkjing.

Sætre og sæterbruk har opphave sitt heilt attende i di gråe fornti'om i Nori', og i Gullbransdala er dæ gåmålt som alle hauge. Kå ti' di fyrste sætrin er bygde kann ingen sea for visst, men at dæ er di tusen åra sea er visst itte någå orimeleg. I di gamle Gulatingsloven frå pålag 1260 er sæterbruke nemnt som eit bruk frå gåmål ti', og i eit skinn=brev på Vågå om retten te sæterveig for Lye kjem dæ fram, at denne gar'n longe fyry Svartdaua ha hevda se rett te di sæterveiga dæ va osemje om. Sålest kann dæ tenkjast at sæterbruke allt va langt på veig kome i slutten tå viking=ti'n. Ellest er dæ itte någå større å finne om sæterbruke i fornbrev og gamle skrifte.

Sæterbruke og sæterstelle her i bygdom ha nok dæ såmå opphave og den såmå framvoksten bygd for bygd, dæ kann vera någå skjølna bygdmillom i sume ting ette naturhøve og folkelynne, skjikk og bruk, men ti'i over ein lang er sæter=bruke jemnfare dæ såmå daln igjenom. Og grunnvolln va nok lagt og ha festa se daln forende da 'n Sante=Ola kom med kristendoma i 1021.

Frå fyrsten va dæ krytjyrbeite og krytjyrmengda, som stadigt øykte se, som skapte sætrin, beite minka=tå nere i di skogvoksne dala ette som gar'an vart oprødde og nye kom attåt te kår ti', kvalmin og flye va ei stygg plåge og bølingan søkte lenger og lenger uppi liin, så døm ofte itte vilde kåmå ne=att te kvells. For di skuld tok fyrst ein og sea fleire te å byggje ei firkantot stugu med ei trå attåt eit godt stykkjy uppi li'n ogo'for gar'n; hit kunn' bølingen venjast te å kåmå attende te=kvells, bli mjolka og sett i trå om natta, så 'n itte va så utsette for odyr og ofrydskje som ner 'n gjekk på fri mark. Ei jente, budeie, låg i stugun natta over, mjolka og slepte krytjyra i beite att om morrån og så gjekk ho ne' på gar'n att med mjolken. Dæ heittest at gar'n „sat" på desse stelle om somårn med bølinga og vart defor med ti'n kalla „sæter", sjølve huse vart au kalla „sel". Stugo på desse opphavssætrom va ein firkant opptimre tå stort timmer, grovgjort med låge veggje, med ljore i takje, ein langåre midt på jor'golve og småe ljosglugg med gluggtopp på 3 veggje, og venteleg va dæ på di eine langvegga ein brisk

te å liggje på for budeiun. Slike va desse alle'fyrste sætrin åt gar'om og dæ vanlege va, at døm låg i himliom, på grunna som va helde for å høre gar'a te, i „himrastom". Kålengje desse fyrste sæterbola høvde med ti'n og va brukte tå gar'om er itte radt å ha nogor viss meining om, men dæ vårå sakte naugre mannsaldre, kann tenkjast. Men bølingan dreiv ennå på å drå se høgre og høgre opp og langt inni viggun, bølingan auka årlegårs, og ner dæ lei' ei ti' over midtsomår tok dæ te å snøyast med beite og mil'ta minka. Og bygdafolka som jamnan straua omkring på fiskjing og vei'ing langt inne i fjelldalom og i høgfjelle, ha go' kjennskap te sume dalføre, bjørkelie og flye med så fruaugt fjellgras, at dæ gjekk langt oppå leggen. Og med vidde så druge, at dæ skull' någå te å snøye døm med di bølingom som ennå gjekk i sæterbeit'om. Så dæ va nok någå å tenkje på for gar'om n'i bygden å fløtja sæterbola sine uppi himfjella.

Og så vart dæ fløting te-fjells med sæterbolom lite ette hånd — dæ vart nok itte gjort på ein dag, m'a, men dæ synte se, at både trevnan på bølinga og avdrotten voks så gjildt, at bygdafolke snart sto ette å byggje se nye sæterbol te-fjells. Og nå vart dæ gjort se meir for med å byggje sæterhus og lagt meir arbei' på husa både utta' og inna'. Nå nøgde døm se itte lenger med ei firkanta, litor stugu: døm sette opp ei mjølkebu på såmå storleiken som sele, røste mot røste og med berre ein ope gang på ein 2—2½ meter imillom, for nå galdt dæ um serskilt hus åt mjolk og rumme, da budrotten laut lågåst frå se på sætern for heile somåra. Sæterstugo, sele, ha som førr langåre midt på golve og ljore i takje og på 3 tå veggjom va eit lite firkanta glugg med ei gluggtopp, som kunn' tåkåst ut, både te å kaste solljos inn i stugo og for å sjå ut nerast omkring sele. Ve eine langveggen va ein langbenk tå ei klove timmerfuru og ve den andre ein lang og brei brisk tå klovne stokke veggjom imillom. Brisken va delt i tu med ei fjøl tvertover og eine halvingen vart brukt te seng, den andre te bor', lengst ette sele frå vegg te vegg låg dæ tu slinde oppover langåra, pålag 2 meter frå golve og i breidd med si'om åt langåra. Over desse slindom låg dæ ein sterk, rond staur som dæ

hekk ei skjering på og som kunn' fløtjast dit ein vilde over langelden. Døra i stugun og døra i mjolkebun venda beint imot einan'n og båe va låge, 1,20 mtr., men på båe stelle va dæ godt og vel 30 cntm. uppi dørstokken. Mjolkebua ha benkje på alle 3 veggje tå furuklovninge te å setja mjolke-kollo og anna på; ofte hekk dæ ne frå mønsåsa ein firkanta lem så pålag 1,20 i firkant — denne fjøl-lemmen hekk ette eit vijuband festa i kårt hørna og hekk midt i huse, så ein 1,20 mtr. opp frå golve. Lemmen va te å leggje flatbrø og annor matvare på og på denne gjer'a låg maten fri for mus. Golva både i sel og bu va aur hell stampa jor'.

Ve denne fløtinga vart dæ jemnfare bygt kufjos, tett ve di hine tu sæterhusa, og ve fjose sette døm opp ei trå tå ronde hell klovne planke, ho va go å ha i mange te-felle. Men någå slikt som sæterkve, hell sæterlykkje med for-lyu vart dæ itte lågå te for dæ fyrste, dæ kom itte førr my' lenger fram i ti'om. I desse gamle ti'om va både bjønn og ulven stygge te å gjera ska'e på bufee i sætermåna', og for di skuld va dæ fast skjikk og bruk, at budeia følgde bølinga i beite om dagen. Og meir hell ei budeie berga både smått og stort for „gjengd" ute i skoga. Ulven va den verste og den va dæ mest tå; 'n la se nok mest ette småkrytjyrom, men reiv både drykkjekalve og fjorkalve, au, når 'n både såg se tak te di og svulten gjekk på 'n. Defor laut sæter-jentun for dæ meste følgje bølingom i beite om dågån, så-ner som di dågåne døm „gjor' utur", kjinna, løypte og ysta. Med såmå ho ha mjolka og silt opp mjolka va dæ å lokke kua i hamn og gje se med døm eitt langt skjei' som kunn' vårå utover dagen, ette som være va te, og ette som dæ såg ut te å vera trygt for odyr — i streng øl vart kua på mange sætre sett inn te ut på eftasi'a for itte å skjena. Ner bu-deiun følgde med buskapa va dæ vanleg at døm på ei si'e i belte ha saltkula og på den andre antel bondingen hell handrokken og ein oppgjord tonasdodd. For ei vakse sæter-jente gjekk itte ledig og gjerandslaus i skog og fjell om ho stadig laut ha augo ette bølinga. Onge jento som itte va nettup lagde for handarbeie, ha nok med se antel næverlu'n — langlu'n — hell stuten — bukkehønn-lu'n — i gjettskoga

for å korte på ti'a med di gamle lu'leikom og skåpå någå liv omkring se, dæ va stødt så tyleg ner dæ svårå frå lu' hell stut frå imse kante i fjell og li, dæ va som døm skull' tålåst ve på eit fjellmål som berre døm skjønte. På di gar'om døm heldt buhond ha både bølingen og budeia eit godt følgje om dågåne, for di gamle buhondan va både har'sette, stri'e og våre, så dæ va itte godt om for odyr å stela se inni bu-skapen minders hond'n gauv på. På di sætrom dæ va stort

Foto: J. N. Elstad.

Korpsbergsætra på Breistula, Kvikne; sele er truleg eldre hell 1667. Bu, sel, selsgar' og fjos onde eitt tak.

stell va dæ ein ong gut hell jente som følgde bølinga i beite, for der ha budeia så my' arbei' med mjolkestelle, at dagen gjekk med te di, og dæ gjekk itte åv lange stondin te kvile på. Dæ va nok å gjera på sætrom for budeiom i gamle dågå og itte någå latmannsliv; jemnast va dæ tå døttom på gar'a som låg på sætern, ette som døm vart så vaksne døm greidde stelle tå ku'n og gjeitom, og likeeins måtte sønnan på gar'a my' attåt vera med på sæter'n å gjæte ner døm voks såpass te, at døm kunn' greie gjætinga. Dæ va itte skam for ein bra gar'mansson den ti'a å vera gjætar på sæter'n, gjætla va snarere rekna for ei opplæring 'n vilde

hå gagn tå framigjenom live: 'n lærde å kjenne fjelle og fjell=naturn og 'n lærde å kjenne krytjyra og naturn derest, og lærde å ha hône og tålmo' te nyttaugt arbei'.

Kå ti' denne fyrste fløtinga endeleg va slutt er dæ itte så visst å veta, men dæ er truleg at storparten tå di store og medelsstore gar'om va fløtte fra di fyrste sæterbolom sine fyry reformasjona i 1536, hell omkring dæ leite. Men ennå va dæ mange tå gar'mennom som tykte døm itte ha fløtt langt nok tefjells, og at døm defor kunn' trøngje å fløtja sæterbol ei vending te. Da fyrst vilde døm nå den meste, den beste og finaste fjellhamna, krytjyrtale va nå au i stadig auking og elles kunn' dæ vera sumt anna attåt, som skuvde på. Uppi fleire tå fjelldalom ligg dæ eine go'e fiskjevatne ette di andre og tess nerar ein kom døm med sæterbole, tess fellnare og lettvintare va dæ å drive fiskje og nytte se tå di ypperlege fjellaura. Og tess høgre dæ bar og tess nerar ein kom mot rette høgfjellom, tess nerar kom ein reinsvonom, så dæ va nok itte borte håkje for fiskje hell reinsvei'ing å ha sæterbole sitt så langt inni fjelle, som dæ best kunn' høve. Sjølsagt va dæ bølingen og beite ein fyrst og fremst ha i tankom så han kunn' få fint beite, lette råk og vidda for se. Ein og an'n som ha auga for den vakre fjellnaturn, ha nok meir hell ein gong, 'n fer'ast i høgdom, sêt stelle 'n tykte dæ skull' vore tyleg å havt sæterbole sitt.

Og så vart dæ sæterbol=fløting ein gong te — den eine fløtte da og den andre da, ette som dæ best fall se, sume år kunde både tu og tri byggje nye sæterbol, og så kunn' dæ gå mange år att imillom. Denne fløtinga andre venda vårå nok i vonoms lang ti' og tok nok både tu og tri manns=aldre førr dæ meste va ondagjort. Men da dæ lei' så langt fram i ti'a som te 1668, da den nye skjyldsetjinga va frå se gjord, ha nok di meste Fronsgar'an fløtt frå di gamle sæter=bolom sine, og ette som ein kann sjå tå skjyldsetjingen, va alle sæterlag oss kjenne namn på nå, bygde. Ette listom for Fron va sætertale i 1668 iallt 181, men da tale på di gar'om som ha sjølstendig brukar og oppsitjar va 226, vart ette di 56 som ennå itte ha sæterbol. Defor vart dæ stadigt framette bygt nye sæterbol, vel helst tå di mindre gar'om,

og mange tå døm som ha fløtt frå di gamle, dreiv og bytte sætre, så dæ jemnan va omskjifte. Dette omskjifte heldt ve gjenom lange ti'e ette 1668, visst i 3 mannsaldre, men dæ va nå gjenne berre ein og an'n gar' som bytte om sætrom ennå ein gong. Tale på nye skjyldsette gar'e voks og med di vart dæ te kår ti' bygsla nye sæterbol og defor er dæ my' omskjifting både med namn og sætertal ette 1668.

Sætertale i 1668 fall sålest på di imse soknom:

Søre Fron 91 sæterbol, *Sødorp* 37, *Kvikne* 22, *Kvam* 30. Garan i di fire soknom va delte på desse 51 sætergrennom sålest:

Sør=Fron: *Hovdesæter* 3 gar'e, *Venndaln* 18, *Jensåsen* 15, *Nysæter* 2, *Furuset* 4, *Håkensæter* 6, *Holssæter* 3, *Ru'landsæter* 1, *Steigsæter* 1, *Valsæter* 7, *Hessa* 1, *Randin* 1, *Fagerli* 1, *Baukhol* 2, *Gålå* 2, *År=stuln* 2, *Børkdaln* 4, *Isømsæter* 2, *Kristensæter* 6, *Heggjesæter* 6, *Toftesæter* 4.

Sødorp: *Rustskog* 1, *Voiln* 4, *Fuglli* 5, *Fefor* 1, *Sand=sæter* 1, *Losæter* 1, *Øldaln* 2, *Lisæter* 2, *Sul=sæter* 7, *Lauvåsen* 3, *Fiskdaln* 7, *Gravdaln* 1, *Skardaln* 1, *Gålå* 1.

Kvikne: *Skjerdaln* 5, *Silli* 3, *Breistuln* 5, *Nysæter* 4, *Tjønnsæter* 2, *Kampesæter* 3.

Kvam: *Gravdal* 4, *Skårli* 1, *Vetlsæter* 2, *Kleppdaln* 1, *Tjønnsæter* 5, *Nysæter* 5, *Hovda* 2, *Lauvåsen* 2, *Leinsæter* 5, *Vålåsjøn* 3.

Desse namna på sætergrennom er omskjifta og brigda på for sume og sume er vorte heilt borte. I 1907 va dæ te=samen i båe Fronsbygdom 462 sætre, 182 i Søre Fron og 280 i Nørdre Fron, ette 1668 har sætertale sålest vokse med 282, men da tale på sjølstendauge skjyldsette gar'e med opp=sitjare i båe bygdom i 1907 va 572, 228 i Søre Fron og 344 i Nørdre Fron, va dæ 110 gar'e dæ åre som itte ha sæterbol. Heilt nøgje er itte dette tale med di at berre di sætrin som va i bruk i 1907 er ti'i med, og dæ va truleg ein del som itte va brukte.

Mange tå sætrom som vart fråfløtte, både ve di fyrste og di andre utfløtingen, vart sea brukt som „himsætre“ åt

gar'om med di døm låg med bølinga der ein 12—14 dågå om vår'n førr døm fløtte åt di rette somårsætern, og likeeins om hausten når døm fløtte frå somårsætern. Ein del tå himsætrom vart husmanns=sæterbol og ei og annor seld åt smågar'e.

Ve den siste sæterfløtinga, som kann tenkjast å ha vore drivi mest i ti'n millom 1650 og 1700, vart dæ gjort eit om=brøyte med byggjingsgjer'n på sæterstugun. Både sele og bua fekk eit utskot på di tu tverrveggjom som venda imot einan, med tak over; desse utskota va gjenne på lag ein 60—70 cntm. Millom takutskotom vart dæ att ei ope glipe på lag 60 cntm., men millom utskotom i langveggjom vart dæ på di eine fellt inn eit plankelag tå ronde stokke, oftast 1,20 meter høgt, og millom utskotom på andre vegga vart dæ festa ei grind. Med di vart rume millom sel og bu på ei gjer eit innstengt rum som fekk namne „skuten" sume sta'n og sume sta'n „selsgar'n". I skuta vart sæterkoppan vaska og turka når dæ va våtvær så dæ va vondt å vera ute ve vassbole med oppvask og turking. Skuten vart på denne måtin eit nyttaugt rum, men den opne glipa i takje va nok itte my' ve i regnvær, og da dæ lei nógå lenger frami ti'a, vistnok itte fyry 1750, vart dæ lagt samfast næver=tak over alle tri ruma. Ljorin og langårin i sele, brisken og aurgolve våråsve som førr.

Itte før på lag 1680 tok folke te å leggje inn kve på sætern, dæ såmå va kanskje te=felle i heile Gullbransdala, men sikkert er dæ, at dæ i søre dala itte va inngjerde kvee fyry den ti'a. Fronspresten 'n David Schjøtte nemnde om detta i den mellinga prestane i 1742 vart pålagde å gjeva, kår for sine prestegjeld åt styremakten om imse høve som ve'kom bygda o. m. og som før er omgjete. 'N Amund Fogne i Østre Gausdal fortel nettop dæ såmå frå der i bygden og ette desse er dæ itte tvil om, at inngjerde sæter=kvee itte va i bruk førr pålag 1680. Desse kvein som my' iblandt va store i vidd, va innhafelte med sterk bråtåhafelle som begjynda og enda ved sæterhusa sålest, at både stugu og fjose mest overalt sto med ein langvegg uta'gjers. Dæ vart nå bygt ei hell tu forlyu på sæterkveen med ei låg dør høgt oppå gavlvegga, ein meter frå jor'bakka minst.

Någå arbei' på veig åt sætrom va dæ itte tale om i gåmål ti', dæ va bygt kloppe over tverr=åe' og store bekkje og fella over gorrblaute myrstrype og dipille, ellest ha kløv=veigjin åt sætrom gjort se sjøl med fottrakke tå hest, fe og folk. Både husgjer'a på sætrom og sæterbruke allt opp heldt se i dæ såmå støe styggeleg langt framigjenom ti'a, eit og anna ombrigde kunn' bli gjort meire småvei'es. Millom anna vart dæ eit glas ista'nfor glugg på vegga som venda mot

Murudalssætra, Kvikne.

sør på sume sætre, oftast eit glas med 6 småe ruto. Så tileg som i 1752 va dæ eit glas med 6 ruto på søre Nysætrom i Refjelle, men dæ fanst ennå ve 1800 att mange sæterstugu forutta glas. Nybygde sæterstugu trast fyry og trast ette 1800=tale vart jemnan timra med heile veggje for alle tri ruma så skuten, selsgar'n, fekk heile tømmerveggje med 2 halvdøre over einan'n te inngangsdør og gjenne ei brei heil=dør på vegga midt imot. Stugu, sele og jemnast selsgar'n au, fekk golv tå sagbor' hell klove timmer, og på ein tå veggjom vart dæ festa eit lite bor' som kunn' slå'st opp og ne'.

Ennå va sæterstugun ljorhus med langåre og itte førr millom 1815—1825 vart langåran ombytte med peisomne, store og grovmura og med ei fælt stor trevindskjæring som dæ hekk ei stor jønngryte på. Ner itte gryta va ibruk, va ho svinga utu peisa attpå veggen. Førr ha dæ på mest alle sætre vore brukt store „bukjele“ åt ystingen, men døm va fælt dyre og malmgryto og panno fall se nå my' billegar. Nå ette peisen kom i bruk og ljorin vart borte, fekk sæter=stugun jemnfare tu småe glas og ista'nfor brisken vart dæ i



Størhølisætra, Skåbu

ei ro tå stugun sett ei seng negla åt vegga; tvert over stugo inn åt dørvegga va ofte ein hjell (hemsedal) te å liggje på for arbeidsfolk og andre, som kom på sætra. Da dæ lei fram te 1835—40 vart den store gryta i peisa mura inn i selsgar'a som derette va brukt te kokhus og sålest vart sele eit rum „te skjikkeleg“ som budeia la se ut om å helde overlag velstelt og fint.

Den gamle, faste byggjingsmåten, tri=lengda med sel, sels=gar' og bu, kunn' ein gong imillom bli gjort avbrot på, så=lest fanst dæ nok sætre som fjose va attåtbygd som den fjor'e lengda, men dæ va nok reint ondatak. Ut i di attende hondretale vart dæ ofte på sætrom åt mindre gar'e bygt sæterstugu med „innbu“, sel og bu forutta selsgar', i døm

laut kokinga helde ve i peisa og for di skuld kunn' innbua bli i vermaste lage te sume ti'e'. Ette at dæ vart meir og meir tå ysting på sætrom vart dæ sett opp serskjilte pannhus, kokhus, på mest kår sæter med ei innmura panne og jemnt tu.

Denne utgrei'inga tå sæterbrukje er i di store drag bygt på den utviklinga dæ har havt på Vågå, men da framvoksten i bondekultura der i bygden og på Fron har vore den såmå, er dæ itte tenkjeleg, at sæterbruke i Fron har skjølt se ut så dæ er någå å nemne. Dæ kann hende at ti'a for sæterfløtjinga itte fell så akkurat lik og kanskje itte byggjingsgjer'a fullt ut, hell; men skjølnan di tu bygdom imillom er sikkert så liten, at 'n med nø'n kann merkjast. Minne frå sæterbrukje og den framvoksten dæ har havt frå eldgåmål ti', har helde se svert godt på Vågå, radt te for væl ein mannsalder sea, og te di seinaste årom har dæ funnest att gamle sæterhus som synte byggjingsmåtin hal'trea hondre år attover.

Mjolkestelle på sætrom i gåmål ti' va dæ såmå å rekne for i alle bygde i dala; lite skjifte kunn' dæ vera med sumt, men overalt va dæ å kjinne smør og „løype surt" te skjørost bustelle gjekk se ut på. Og på den gjer'a som sæterstelle va drivi radt te omkring 1850, va dæ velstelt og go budrott som sætrin skaffa, og sætersmøre frå Gullbransdala ha godt or' på se. Heile mjolkestelle va framifrå skjire frå fyrst te sist, og dæ arbei'e budeiun denne ti'a ha med å helde go'tøvjauge alle di laggakoppan døm laut hå i bruk, kollo, kjær og spann, ga døm itte lange kvilestonde. Dølasætrin fekk nå støtt au svært te ros for at all ting va reint og kvitskura, itte berre koppan og kjørrølla, men heile sæterstugu med bor' og benkje, veggje og tak, budeiun sette ei ære 'ti å hå all ting døm ha onde hendom kvitt og reint som gull.

Å kalle for heile mjolkemengdin som fall om somårn ysta døm skjørost (gåmålost) tå, og den kar'n va itte lett å

passe når 'n skull' bli på rette gjer'a. Go' og rett verka skjørost er overlag te mat, både helsaug og nærande, og i gamle ti'e va 'n ein dagleg kost te mårråver's, så dæ gjekk ein stor del tå 'om hime i bygden. Någå vart nok avhenda både i Oslo og Bergen, men den meste brukte bygdin opp sjølve, og skjørosten ytte eit dugeleg te=skot åt kosthalde i kår bygd. Smøre va sjølsagt den avdråtten som stødde best opponde i næringslive og va ei handelsvare, som va lett å omsetja og vende i rei'e pening. Om dæ va lite bøndan i di gamle ti'om trongde tå pening, så måtte døm likevel kårt år hå någå åt skatte og landskjyld og sume andre utgjifte, som itte let se greie med varebyte alle ti'e. Og te å skaffe di reie peningan som va nø'vendauge, va dæ sætersmøre som vart for, vissa førr for slagtfehandeln kom i gong, ette at Oslo bar te å mone se fram te ein någå større handelsby. Sætersmøre frå Gullbransdala va gjævt og lett å avhende ner dæ kom åt by'n, dæ va støtt så reinferleg handsåmå og ha den friske, go'e smaken smøre fær tå di fine fjellhamningen, så dæ vart någå rei'e pening for bøndom ette ein go' bu=somår. På di 12—13 viku sætermånan vårå, kunn' ei skjikkeleg go' ku kaste tå se go'e 3 bismarpond smør (18 kilo) der dæ va tå beste sæterbeite, men va beite berre ringt hell måteleg, ha nok kua nokk med å kaste tå se to bismarpond. Sålest va dæ nok itte my' å ondrast på, at bøndan fløtte sætre både ein og tu vendingo, dæ va om å gjera å nå så fullgo sæterhamn som moleg, så somårdråtten kunn' røkkje te åt skatte, landskjyld og andre utlegg som endeleg skulde svåråst i rei'e pening. Prisan på smøre va i di gamle ti'om småe kann dæ sjå ut for i våre augo når oss ser, at eitt kilo smør i 1658 kosta 16 skjilling hell omrekna i kronomynt 53 øro, men ner oss tenkje ette at peningan den ti'a ha mange gongo større verd og kjøpekraft, bli itte smørprisan så småe likevel. Framover mot 1750 kunn' smøre bli betalt med 1,18 og sume hauste någå meir for kilon. Ette den siste prisen kunn' ein mann med 10 kjy på godt sæterbeite vende smøre ette somårmåna i 255 krono med ein kjøpeevne på kanskje 1200 krono tå våre pening nå.

Omsetjinga tå somårdråtta i di eldste ti'om va itte slik at

ho kunn' kallast lettvinn, den sikraste mar'tnan i 14 og 15 hondre=tale va Bergen, og dit va lei'a lang og hellanitte bein=kjørt. Någå avdrått tok vel Oslo sume ti'e, men dit va dæ nok itte my' ra'førare å kåmå, og så vart nå itte Oslo någun handelsby fyry 1650, hell, da va nok Trondøm viss=så go'. Stor=Håmår va hellanitte någå te handelsby i gåmål ti', men alle tri desse byan som sist er nemnde, vart nok av og te søkte tå bøndom frå Gullbransdala for å vende avdråtten tå bufee sine. Itte så lite tå budrotta kårt år vart avhenda åt embetsmennom både her i dala og i andre bygdlag, men Bergen va dæ som løyste åv storslompen te over midten tå 1600=tale, for sta'en va ennå største handelsby'n i Nori' og dæ fekk nok dølan veta tå allt som jemnan, ska tru. Ei Bergensfer' va ingor lystreise, for veigen dit va styggeleg både lang og låk — berre eit optrakka, smalt råk, ein ussel kløvveig, bakkje opp og bakkje ne', ette roste og brekko, kleive og kneike test 'n sist over Sygnefjelle stupte se ne' åt Lyster og Lysterfjor'a og båtlei'es enda i Bergen. Kå mange dågå dæ kunn' vilja te førr ei smørkløv hell ostkløv frå Fron nådd Bergen. er nok longe gått i glømska, dæ sto' nå my' både på øykjen og kløva og kår radt dæ gjekk, veit ein, men kom ho te bys tolte hell fjortande dagen, va dæ visst itte någå å klågå se for.

Nei, dæ va itte någun leik å venda i pening hell vare den budråtten gar'an ha ette sæterstelle, men sætermånan va ein så go skaute i næringslive at 'n va omissan for gar's=brukje. Og dæ va itte berre somårdråtten sæterbruke stødde gar'sbruke så væl med, sæterhøye, ette di ti'n kvee vart inn=lagt og gjødsla, vart eit stort te=skot åt vinterforingen på gar'om.

I ominnelige ti'e attigjenom har vei'ing, fiskjing og sæter=bruk skapt ein stor rikdom tå erveminne, som livde friskt frå ættled te ættled i alle bygde. Desse erveminne vov se sålest inn i folkehaugen, at dæ kann liknast med bragda i eit tå di gamle, vakre høgsetåklæ'om med di fine og ekte letom. Og desse minne åtte ei onderleg makt over gåmål og ong millom dølafolkje, døm kunn' setja innbillinga i sving meir hell någå anna, likesåvæl i di eldgamle ti'om da denne evna ennå va sers bånsleg, som seinar da ho ha mannast

te og klårna. Dæ er nok fjelle og fjell=live i steinhytto, fiskjebue og sætersel, at storparten tå sagnom om di under=buandest er fødde, huldra er eit likjend som er skapt tå di drómvorne hauga hos sæterbudeiom og te=måta i deres eigje bilæte.

Skull' den tia kåmå, at sæterbruke og sæterlive i bygdom døyr bort, sålest som så mangt anna som ti'a og framvoksten kvæle ut, vil bondelive misse ein verdågå som dæ vanskeleg kann få att like for. Da vil dæ bli snøydt for ein skatt dæ itte har råd te å gje frå se.

Va sæterbruke ein viktig og sterk lekk i næringslive i bygdom framigjenom alle ti'e, så va dæ ein an'n au, som kanskje itte ha mindre å sea, men helst ennå meir, og som my' attåt va bonde åt fjelle og sæterstrokom. Dæ va jønn=blåsinga, „jønnvinna" som ho i siste ti'om er vorte kalla, og som lyt reknast for å vera ein tå laftsteinom for kultur og framvokst millom menneskjun jor'a rondt. Her i Nori' held di lærde for, at konsta å verke smi'jønn er vorte kjend i di fjor'e hondreåre ette Kristus. Dæ nye metale løyste da lite om senn åv ambo tå tre, bein, stein og anna vørkje, og dæ er lett å tenkje kå dette omskjifte laut ha på se; itte någå oss kjenne te kann ha gjett norsk folkekultur ein så veldig framskuv som jønne. Arbeidslive vart som heilt omskaft og fekk ein tie=follaug evle og heile live lettna og ljosna, så dæ vart som å liva i ei ny verd.

Da jønne vart kjent i Nori' va dæ itte anna vørkje å verke dæ tå hell myrmalm som felle se ut i myre, tjønne og inn=sjøe, og tå desse vørkje va dæ nøgda her i lande på mange stelle, vissa her i Gullbransdala når dæ berst uppi fjelldalan. Dæ har nå gått eit gåmålt sagn au, om at dal'n for dæ allefyrste va kalla „Smedaln" for di folke der dreiv såmy' med å blåse jønn døm smidde opp. Kårlest dæ kann ha vore med di er nok ovisst, men at jønnvinna har vore drivi my' her i alle bygdom er sikkert, og at dæ her va verka meir jønn hell folke sjøl ha bruk for, er vel likeså sikkert. Defor har dæ sakte vore handel med jønn og smivare med vest=landsbygdom, der dæ va mindre med myrmalm.

Da jønnvinna va kome i full og fast gong, va dæ fyry=

somårn og hausten arbei'e va drivi, fyrst på somåra vart myrmalmen kasta opp i hauge for å liggje og bli turka i sol og vær varmaste somårn igjenom. Og når skuronna va gjord om hausten tok døm te å verke malmen te jønn, „å blåse jønn“, som dæ kallast. Verkinga gjekk for se på den gjer'a, at dæ va oppkasta ei holo i jor'bakka, pålag 1 meter djup og 1 meter i vidd på skapna som ei stor gryte. Som oftast vart denne gryta klædd med tunnvorne steinhello rondt om og i botna sålest, at ho smalna ne' åt botna, som va att berre 3 desim. i firkant. Over denne steinklæ'inga vart dæ så klint på eit 2 tverrfinger tjukt lag med arbeidt, steinfri leir, og når den va turr va blæsterholo fer'aug te å takast i bruk. Fyrst vart dæ brent med ved og trekol for å få te ein go glohaug i grytbotta og så vart heile gryta fyllt um einan'n med myrmalm og ved, te dæ va hougen på. Den grovklovne, turre ved'n brann friskt, men for å få sterk øl (heta) va dæ brukt både ein og tvo småe smiubelgje' døm bles ne'i gryta med. Myrmalmen bråna ettesom hetan vart sterk nok og jønne sokk ne på bottn, småstein tå imse slag og sand som dæ stødt va itte så lite tå i malma, bråna au, men vart flotan ogopå og vart fløytt tå og kalla slagg. Ei slik brenningsfor'e tok vel itte my' lang ti', men så vart dæ nok itte my' stor jønnklomp ette ei slik for'e, hell, kanskje itte over eitt kilo. Jønne vart utfellt i klompe og dæ ha vore sagt, at ein einsleg mann itte verka meir jønn på ein dag, hell emne te ei øks. Jønne som dæ kom i klompe frå blæstergrytun va itte fer'igt smijønn, dæ laut åt smiuavla å glø'ast igjenom og renskast, og skull' dæ lågåst te stål, laut dæ ei eigje verking te. På lag som her er sagt gjekk jønnblåsinga for se, men arbei'småtin i alle serdrag er burtglømd og er itte lett å finne ut lenger. Blæsterjønne va eit overlag godt jønn, seigt og sterkt, godt å arbei'e og lett å sjo (sveise); men jønnverkinga va arbeidssamd med di dæ fall så lite ette kår blåsingsfor'e. Renskinga og gjenomarbei'inga att i smiuavla ga itte lite bry, og med di at blæsterjønne va i klompe, vart dæ my' sjo'ing trast dæ trongdest eit någå større vørkje, slikt som te eit smiuste, ei jønnstong og sume andre større ting.

I alle bygdom i Gullbransdala ha dæ vore jønnblæstre og blåsinga er likt te å ha vore drivi på såmå gjer' alle sta'n. Blæstergrytun har den såmå skapnan og pålag såmå storleiken; ei og annor kann finnast som itte ha vore steinklædd, gryta er grave i lause jor'n og leiringa smord på jor'veggen. Dæ er likt te at dæ er di største blæstre som itte har vore steinklædde.

Dæ er mest tå gamle jønnblæstre i sæterstrokom for di dæ er mest tå myr med malm i fjelldalom, heilt inn i Jotunheima finst dæ att slagghauge ette jønnvinnun. På Fron er dæ ein mengde med merkje ette jønnblåsingen og som vise, at her har dæ vore stor jønnvinne, kanskje mest i Kvikne og Skåbu. Dæ er my' truleg at i di fjelldalom som ha mange og go'e malmmyre, og som itte låg svært langt fra bygden, ha gar'an sine faste jønnblæstre, likesom døm ha kår sine faste reinsgrave i fjelle og elgsgrave i skogom.

Sist i 1500-tale vart dæ gjort naugre forsøk i Nori' med jønnverk som verka jønne ve gruvdrift i fast fjell, men dæ vart itte någå te drift med di førr omkring midten tå di neste hondreåre. Da kom dæ fleire jønnverk i drift og da døm på snøgg ti' kunn' vinne ut my' større mengde med jønn, hell di gamle myrmalmblæstrin, og attåt smie dæ ut i steng på imse storleike og skaffe jønn tå mange slag modele, va dæ greit, at myrjønnblåsinga med ti'n vilde få dauhougge sitt. Men ho heldt se likevæl i over 100 år. Her i dala va dæ svenskejønne som trøngde blæsterjønne utur bruk, enda dæ va jønnverk på Lesja som verka ypperleg godt jønn. Men Lesjaverke nådde alder te kåkje stor hell lønsamd drift, dæ verka lite og dyrt jønn som ha største avsetjinga åt Vestlande og dølan fekk billigt svenskejønn på Grønsetmar'tna'a, så dæ va derfrå døm tok jønne sitt ette 1760. Så langt fram i ti'n som te 1800 va dæ ennå ein og an'n sme'n, som ha litor råd, som kunn' verke se jønn i eit tå di gamle blæst'rom, og på Vågå va dæ ein sme' som bles ei for'e i 1816. I Solli'n va jønnblåsinga helde ve te pålag 1820, men ve dette leite va dæ ende på myrmalmblæstr'om daln igjenom og konsta vart så heilt burtglømd inna' 50 år, at ho va som strokje utur minne, enda ho i meir hell 1000 år va ei livår i norsk kulturframvokst.

SAMFER'SLA I GÅMÅL TI'.

Dæ er alt førr gjete lite om at „Kongsveigen", almann=veigen frå Oslo åt Nidaros, låg ette Gullbransdala, slik han nå va frå fyrsten framette i utlange ti'e. Men defor om 'n i hondreår ette hondreår va berre eit råk, ein skarve ri'=veig som itte førr ette 1700 vart fårån' med hjulkopp, va 'n nå dæ formeste veigsambande millom di synnafjellske og nora'fjellske landlei'es, og for Gullbransdala va 'n likesom eit samband med di vi'e ver'n, au. I sagati'om fór dæ konge og kongssøne, bispe og andre store menn ette desse veiga allt som jemnan, og itte langt imillom reiste dæ menn som va ute i „kongens ærend". Kår haust når dæ lakka mot St. Olavsdaga, fór dæ sume følgje med pilegrime, svenske, danske og itte så få lenger avste' i utlandom, og som etla se på Olavs=høgti'a i Nidaros den 29 juli kårt år. My' tå desse pilegrimsfer'n gjekk nok opp Østerdaln, men itte så lite tå 'n fór om Gullbransdaln over Dovrfjelle. På denne gjer'a vart den kleine, bakkote, tongvinte veigen ein kultur=berar, som te kår ti' førde med se emne te framvokst både for åndsliv og næringsliv; 'n va ein omissandest ljoskastar for desse åvstengde fjellbygdom og ga døm høve te, å få ein og an'n gløtt tå liv og framvokst ute i di store ver'n. På denne måtin ha denne kronglote almannveigen gjenom heile medelaldern gagna dala meir hell någun kann tenkje se.

Men når denne veigen skull' brukast tå bygdafolkje te samfersel bygdom imillom og te fraktveig dit, som dæ tok te å bli omsetning tå di som jor'bruke kunn' ha å avhende,

va 'n slitsam for fer'menn og ei stor dyrplåge for øyka. Da va dæ å kløvja på øykjeryggen den tyngda øyken tålte, dæ høgte ein tynn-tongje minders dæ va ein truskar te øyk. Va dæ ei fer' som kunn' vårå både tu og fleire dågå, vart dæ ei lyfting kår gong, tå og på ner øyken laut kvile, ei skanting og liking så kløva bikka likt, eit nøgje og stadig ettesyn så itte hestryggen vart brend onde kløven. Den som va fer'-mann i kongsveiga gjekk med ein otte sålengje fer'a sto på: dæ va brekko og roste, imot og onda, låke brue og stygge kloppe, bekkje og våd, myre, fêlingo og olende! Dæ trongst vaksne kare med både vet og handlag te å gjera fer'reiso ette veiga gjenom Gullbransdala i di gamle ti'om. Någå likar va dæ å fer'ast på vinterti'om ner islei'a ha vorte trygg, dæ gjekk snøggare å kåmå fram ner lei'a fylgde dalføre og ette isa, men islei'a va itte fri for leie motkast, hell, dæ va fosse og fall ein laut te-lands att for, og dæ va væk og opne råkje som itte va endeframme å slippe forbi, isen va otrygg sume sta'n og dæ hende ofte olykko med di folk „kjørde ne". Men vinterføre og islei'a va likevæl den lettvinteste og defor vart tong-frakt gjort om vintran. Dæ va eit tongt slet med samferslun døm ha i innlandsbygdom, og allvisst i fjell-dalom' imot Vestlande og sjøbygdin som ha fjoran og sjø'n å helde se te.

Ein kann ondre se på kårlest dølabygdin kunn' kåmå frå å nå sjøbygdom som døm sikkert va nødde te, for å få dæ salte døm ha bruk for. Dæ va greit at døm øydde så lite tå di slaga som moleg, men åt kjøt, smør og fisk va døm vel nødde te å ha salt, skull' døm berge desse matslage nogor ti'. Og någun sereigje måte å berge desse matvarun på, va dæ vel knapt om døm kjende te i di eldgamle ti'om hell. Kår fekk nå Gullbransdals-bygdin salte sitt frå den ti'a, dæ ennå itte va anna hell kløvstigje over fjella ne'åt sjø'n og fjor'bygdom? Di fjor'an og sjøkjili'n som er snarast å nå 'ti her frå dala, er Romsdalsfjorn, Gjerangen, Lysterfjorn og Oslofjorn; her va dæ nok saltbrenning og salt te sals på alle desse fire stellom, men for ein styggeleg lang veig! Frå Sør-Fron ne' på Romsdalsnese er dæ 18 nymil, åt Gjeranga 18, åt Skjolden i Lyster 15, åt Oslo 22; åt Gjeranga va dæ å

fårå over ei høgfjellsvidd på $5^1/_2$ nymil, åt Lyster laut ein over Sygnefjelle som er $5^1/_2$ nymil millom Kvanndalsvoll i Bøverdala og Forton i Lyster. Veiglei'a åt Oslo kunn' nok sjå ut for å vera den lettaste med di ho fylgde låglende allt opp, men ho va nå forsett lang og tok sikkert sine 14 dågå med hest og kløvøyk, og går ein så langt attende som i midten tå vikingti'n, va dæ sagte mange vanskan med framkjømden åt Oslo, sume-sta'n va dæ olende gjenom skogåse og moe

Sonde ve Hundorp.

og dæ verste va nok, at dæ ennå vante kloppe og brue over åe og elve. Somårsti' va vel Osloveigen itte fåråndest med ei saltkløv. Hellanitte åt Veblungsnese i Romsdale kann dæ vera tenkjeleg, at dæ i så ti'leg ti' va framkjømt med kløv. Mångehåmårn, Kjyllingkleiva og Bjønnkleiva va visst itte fåråndest med øyk førr den ti'a lande vart kristna. Men frå vei'ingsfer'om sine va dølan så vel kjendt i fjelle, at døm ha go grei'e på lei'a vestover ne' åt fjorbygdom og sjø'n, og med di er dæ mest visst, at døm henta salte sitt antel frå Gjerangje over Norfjorsfjelle og kom ne'åt Skjåk gjenom Billingsdaln, hell frå Lyster over Sygnefjelle og ne' i Bøver-

daln ve Kvanndalsvoll, båe desse fjellveigjin va pålag like lange. Ennå va dæ ein fjellveig som kanskje sume tå sør=dals=bygdom nytta se tå: gjenom Kvikne og Skåbu åt Valders, derfrå over Filefjell åt Lærdalsøyrn; denne saltveigen va nok någå lenger hell di tu hine fjellveigjin, men ein dag hell tu meir og mindre ha itte stort på se i di ti'om. Sålest kann dæ sjå ut for, at Gullbransdølan i desse ti'om måtte føre salte som døm va nødde te å hå upp frå sjøbygdom på Vest=lande og over fjelle te dals. Men någå serskilt minne om desse saltveigjin, slik som gamle varp og var'e hell steds=namn, kjenne ingen te lenger.

Da 1300=tale begjynte tok dæ sikkert te å bli itte så lite med handelsfer' åt imse lei'e frå dølabygdom og ha kanskje allt ein mannsalder emna se godt på veig, for både jor'bruk og krytjyrhald skull' ha mona sæ rigtig væl fram. Samfer'=selsveigjin va kanskje omvêlt såpass, at di verste meinbægje va rødt onda og skjikkelege brue og kloppe bygde. Roms=dalsveigen va visst longe omvêlt så 'n va fårån både med ri'=hest og kløvøyk, og da er dæ nok tenkjeleg, at 'n ha vorte saltveigen for Gullbransdala. Men den veigen som mest va brukt va nå Sygnefjellsveigen for samfer'seln med Bergen, som allt i slutten tå 1200=tale tok te å bli ein bra handelsby med kjøpmenn både frå Engelland, Holland og Tyskland. Ette dæ lei' over ein mannsalder uti 1300=tale vart dæ tyskeran, Hanseateran, som reiv åt se handeln i by'n og Bergen vart ei tå di største handelsbyom åt desse megtauge samlagje. Hit laut gullbransdølin søkje åt for å få avhenda dæ krytjyrstelle på gar'om kasta tå se for kårt år, og kanskje itte så reint lite smijønn og fer'aug smi'vare, hu'e og skinn. Fyry Svart=daua i 1349 va dæ stor fersle frå dølabygdom over Sygne=fjelle på lag heile somårn igjenom, størst va ho nok utover seinhausten med somårdråtta frå sætrom. Dæ va frå Bergen bøndan i dala laut vende åt se di rei'e peningan døm måtte hå og ti'a tok te å bli slik, at någå pening skulde dæ te på sume kante og bøndan greidde se itte berre med varebyte lenger.

Venteleg fór dølan oftest fleire i følgje når døm gjor' Bergensfer' og dæ va sakte itte någå ondershende, at dæ tok

tefjells ei ra' frå Kvanndalsvoll med 6, 8 kløvheste og ennå fleire menn. Dæ er ei drug lei' over Sygnefjelle og millom Kvanndalsvoll og Forton i Lyster er dæ så drugt, at dæ va urå' med tong kløv å gjera fer'a på ein dag; men dæ va ei mura hytte som kløvkjørare te nø' fekk tak over hugu 'ti natta over.

Ei Bergensfer' frå Fron va itte någor lystreise for den, som ha ei tong kløv å frakte; test ein nådde Vågårusten va dæ nok på ei gjer', men derfrå vart dæ någå tå kårt å slite se fram



Gamelveigen millom Kvikne og Skåbu, omlagd 1907

'ti: Storviksrosta va eit fælt lende og oppigjenom Bøverdaln va dæ trøngjo og kleive, som dæ kunn' spøkje for live både åt hest og kar å kåmå igjenom. Dæ var itte for eit tufs å gjera Bergensfer' og frakte ei tong kløv åt Skjolden ve Lysterfjorn. Sygnefjelle ligg så høgt, at om dæ lausna ei stygg oværskule deruppå på seinhausta, kunn' dæ bli om live å trevle og meir hell ei olykke henda dæ med fer'mennom i ovær og skodde. Ette at tatere og langfante kom her te-lands, va dæ nok itte heilt trygt for at dæ vart gjort ogjer'ninge på Sygnefjelle, hell, med drap og raning.

Samfersla og samhandeln millom Gullbransdala og Bergen sto' medlag te omkring 1650 og lei'a over Sygnefjelle va

folkefare te kår tt'; men dæ er my' rimeleg at di 3 sør=bygdin i dala la Bergensfer'in sine om Valders og Lærdal, ellest va Sygnefjellslei'a den som oftest va nytta. Ette 1624 da Oslo vart fløtt over Akerselva og fekk namne „Kristian", tok denne by'n lite ettehånd te å vekse og ette 1650 voks omsetna'n frå bygdom omkring viare og viare og kunn' sume ti'e nå uppi dølabygdin, au. Kristian tok se fram meir og meir og handeln voks, by'n trongde meir og meir tå sugl=vare og omkring utgangen tå hondreåre ha by'n vorte største omsetningssta'n for Gullbransdala, Bergen kom meir og meir i skuggje og Sygnefjellsveigen vart mindre og mindre nytta tå andre hell di tu nørste bygdom, Lom og Skjåk. Men igjenom heile hondreåre ette 1700 au, fór dæ ri'andest og gå'ndest folk over Sygnefjelle rett som dæ va, og imillom vart dæ frakta både konn og turrfisk over fjelle åt Gullbrans=dala — siste konnfrakta denne veigen vart gjord imillom 1830 —35 da dæ fleire vendo var frakta konn i kløv frå Skjolden og opp i Heidal'n, ein kløvveig på 16 nymil.

Dæ gjekk smått med at „Kongsveigen" igjenom Gull=bransdaln vart omvêlt og stelt på, men dæ móna någå te kår ti', da dæ i 1665 vart utnemnt tu veigmestere, ein nor'a=fjells og ein synnafjells, som ha heile veigstelle onde se både ve'likehald og nybyggjing. Allt i 1704 kunn' 'n Kristian den 5te bruke kariol i Drivdala, men 'n torde itte sitja i kariola ette Vårstiga. Og i 1733 kunn' 'n Kristian den 6te med stort følgje kjøre i vogn ette kongsveiga gjenom Gullbransdaln. Skriusomårn 1789 fór veigen gjenom daln fælt ille, men dette åre vart 'n Peder Anker på Bogstad veigintendant i Akers=hus, og han va ein svært dugeleg mann som dreiv har't med både omvêling og nybyggjing og fekk gjort my' di åra 'n ha embete. Der itte skriu, store jor'ras hell elvebrot tvinga te di, vart itte kongsveigen omlagt for å gjera 'n flatare og lettare, mest om å gjera va dæ å få veigen så stutt som moleg, dæ fekk itte hjålpe om dæ vart bakke opp og bakke ne' med lange brekko og tonge kneike her og der. Omlegginga kom

itte førr i 50=årom da den dugelege veiginsjenør Bergh sette igang omleggjinga tå kongsveiga.

Fyry di ti'n at kongsveigen vart bergeleg kjørbar, va dæ sume tå bygdom som vintersti' gjor' se beinveig ette ein fjellslakkje for å nå snarere fram. Sålest skull' dæ vera itte litol samfersle millom Gausdal og Fron over fjelle om Ess=daln. Denne vinterveigen låg opp frå Bø i Ruste og va både



Foto: J. N. Elstad.

Harpefossen og Sålbrå, Sør=Fron.

snøgg og itte my' tong ette Breisjøa og Langvatne, gjenom Svassøm og viare ne'ette dalføre. Ne'st i jor'e på Bø sto dæ ennå for vel 50 år sea ei stor tvihøg bu med svalgange på 3 veggje i andre høgden. Ho ha namne „Falbua" (tjukk l) og dæ ha vore meint, at ho va oppsett te kvilingshus for fer'mennom som fór denne veigen, og te opplagshus for varo når dæ trongdest. Lofte har da vore husrum for fer'mennom og øykjin har havt stallrum onde; namne Falbua kann tenkjast å ha vorte lite omlågå frå fer'bu („fer'mannsbu"). I sume stokke i ner'e høgden på Falbun va dæ borå ein mengde grove nåvårhol, som ette ein stellband=nåvår, hole

va fyllt med inndrivne trenagle med naugre lange hesttagl=hår onde. Desse hola med trenaglom og hesttaglom onde va nok ei gåmål åtgjer som va my' brukt, kanskje helst på eit framandt stelle der hesten skull' stå natta over — døm tok naugre hår av rompetagle, stakk inn i nåvårhole og dreiv ein nagle ette, så sleit øyken døm lause sjøl når 'n vart leidd tå stalla. Denne rå'a vå både mot trolldom og andre oheppo onde fer'reisun.

Dæ er ellest my' truleg at dæ mest i kår bygd fanst fleire slike kjørveigje for vinterbruk, antel for samferslun med di neraste bygdlagom hell for å korte og lette lei'a någå for lange fer'reiso. Men desse gamle veigjin er nå på dæ neraste vorte glømde, sume sta'n vart døm sletta ut i offsa.

Om någun ondra se på kårlest dæ kunn' vera med brue og overfart over elvin i di eldste ti'om, så sto nok itte bygda=folke oprådde på den hånda, og sto itte bleike for å byggje ei bru om ho va dugeleg lang. Ei så orimeleg lang bru som Sondbrua på Vågå er forutta tvil bygd fyry 1300=tale, for ho er nemnt som overfartsstelle for sæterbølinge fyry Svartdaua, og di meste tå bruom oppette Sjoadalføre er au nemnde i 1400=tale. Både Sondbrua og Harpebrua på Fron er nok bygde my' fyry Sondbrun på Vågå og kann gjenne vera, at døm er oppsette i di 11te hondreåre. Ette di gar's=namne Bryn sikkert kjøm tå Bru=vin, „vinna ve brua", er dæ snarast å tenkje se, at dæ allt va påsett bru over Laugen der ein sta' da desse gar'an vart rødde. Desse tu bruin har nok rotna ne' og vorte sette opp att fleire vendo, men om vêling og nybyggjing tå døm framigjenom ti'a er dæ itte funne någå. Ei ti', ner dæ nå kann ha vore, har dæ vore sundste' og ferjeste' i nerleika tå Sondbrun, og dæ er frå di ti'n at prestgar'n på Nor=Fron har fått namne Sonde.

Heilt attende i fornalders ti' sto' veigjin onde kongeleg te=syn, og allt i Eidsivatings=loven va dæ fastsett „veigbøting" som bøndan va pliktauge å helde kårt år. Frå Eidsivatings=loven er veigbøtin ti'i med i landsloven hass Magnus Lagabøtar i 1273 og ette henne va dæ kongens umbotsmann i kårt fylke som ha øvste oppsyne med di veigjom, som va rekna for „tjodveig", almannveig. Veigjin skull' fåråst over 3 gongo

om åre, ette plogånna, i hovalla og om hausten når skur=ånna va frå=se=gjord. Da skull' bøndan møte opp og vêle om veigen der dæ va någå som vanta. Tvilte ombodsmann om at dæ trongdest, let han ri'e „baugreid" som gjekk så=lest for se: ein sette se på hestryggen, rei' midt ette veiga og ha liggjan ei 8 alne lang stong med ei vijuhonke på kår ende tvertover hestmankin. Tok vijuhonkun bort i ståka, staur hell krakje på någor tå si'om laut dæ renskast opp — almannveigen skull' sålest vera 8 alne brei, på den gjer'a dæ va.

I dansketi'om kom dæ fleire kongebo' om veigstelle og te=syne va ei ti' telagt faut og skrivar, ei ti' lensherra i kårt len. Fyrst i 1665 vart dæ utnemnt tu veigmestere i Nori' og ette den ti'a tok dæ te å mone se te eit be're og be're veigstell smått om senn.

For reisandest folk i di gamle ti'om va dæ tongvint å fårå antel døm va te=hest hell te=fots, dæ sto kåkje mat hell hus=vero fer'augt fram=med veiga om dæ så va midt ette tjukke bygden. Defor va dæ i lang ti', radt te ette 1650, at prest=gar'an vart for å tå imot reisandest og sume preste ha slikt påhang tå desse, at døm ofte kunn' få „kongens anpart tå kjørkjetiende" i bygden te erstatning. Pålag 1670 vart dæ fram=med huguveigjom tesett „gjestgivergårde", gastgjever=gar'e, der di reisandest kunn' få hus, mat og skjuss mot rime=leg betaling. Rejselive va lite framvokse i gamle dågå og di reisandest som fór va itte stort andre hell døm, som va ute i kongens ærendo, faute, proste og offesjere og ein og an'n gong imillom ein bymann. Kongsveigen gjenom Gull=bransdaln som no knytte Oslo og Nidaros ihop, ha kanskje itte så lite fersel tå reisandest likevel, te alle årsens ti'e.

FRONSBYGDIN ETTE 1850.

Da formannskapslova vart gjett i 1837 og bygdin fekk sjøl=styre, gjekk dæ itte lang ti' førr dæ tok te å vise se, at mange tå di gamle prestgjeldom (herredom) va så store. at døm va tongvinte å styre. Jemt kunn' dæ kåmå tvidrag millom anneks og hugusokn, og inna'for slike store vidde, som mange tå bygdom va, kann ein skjøne dæ va itte greit å få alle hugu onde ein hatt. Defor va dæ itte gått mange år ette formannskapslova tro i kraft, førr dæ kom krav om deling tå fleire tå di største herredom. Her i Gullbransdala va dæ itte mindre hell 5 slike smårikje som ette ei ti' tykte gongverke gjekk fortongt, og itte orka å gjera rett og skjell i alle måte. Lom med Skjåk, Lesja med Dovre og øvre Folldala, Vågå med Sell og Heidala, Fron med Kvam, Kvikne og Sødorp, Ringbu med Solli'n, Gausdal med Follbu, Bødala og Svassøm — alle desse herreda er alltfor store og tong=vinte ette di gamle inndelingen, og er defor vorte sondbytte ette hand som døm har kravt dæ. Fron va dæ fyrste som vart delt, i 1850 vart bygda delt i tu prestgjeld og i 1852 i tu herred.

Nørdre Fron er ei bygd på 3 kjørkjesokn: hugusokne er *Sødorp* med Sødorp=kjørkjun som er hugukjørkja i Nørdre Fron; *Kvikne* annekssokn med Kvikne=kjørkjun og den nye kjørkja i Skåbu, *Kvam* annekssokn med Kvamskjørkjun. Mælt ette største lengden er bygda vælså 70 kilometer og på di breieste 32, ho er sålest ei stor bygd, og er den 5te i storleik tå dølabygdom som døm nå er inndelte. Nørdre

Fron har mange granne: på austleia er dæ Sør=Fron og Vestre Gausdal, på sørleia Austre Sli're, heile vest= og nor'grensa støyte innåt Vågå, Heidala og Sell. Heile vidda er 1363,38 □ kilometer.

Kaste ein auga på di kartrissa som følgje med tå Nørdre Fron vil ein snart merkje, at Laugen, Vingstra og Frya med dalførom sine likesom dele landvidda op i 4 serskilde dele. Den største tå desse er den som ligg millom Vinstern i aust, grensun' mot Vågå og Heidala i vest og millom Lauga i nor' og grensun mot Austre Sli're i sør; landvidda på den andre lei'a åt Vingstern millom henna og Sør=Fron frå Lauga åt Austre Sli're, er någå mindre og bli delt att i tu klovninga tå Essdala. Millom Lauga og tverrelven Frya ligg den trea landvidda og ho er någå ha'le mindre hell di tu som førr er omtålå; så er dæ den fjor'e som røkk frå Fryun i sør og nor'over, smalne meir og meir åv te ho endeleg stikk ein kvass tange like inn onde Rondan' ve fylkesgrensa. Sjølsagt er dæ berre Laugdalføre og Vingsterdalføre så langt opp som åt Olstappa som er bygt og folkesett; og sålest er dæ meste tå di store landviddom som høre Nørdre Fron te fjellvidde med sæterdale, skog, myre, vatn og høgfjell. Folketale i Nørdre Gullbransdala går se ut på 1,78 menneskjo på kår □ kilometer, men Nørdre Fron er da såpass vælfolka likevæl, at dæ fell 3 menneskjo på □ kilom. ette folketeljingen i 1910.

I høgfjellsviddom er dæ ein mengde toppe, høe og tinde som dreg høgt uppi være, tå døm kann nemnest naugre tå døm, som når best opp: i di fyrste landviddbålka oss gat om er Sikjildalshøa innve Vågågrensa 1744 mtr. høg og er dæ høgste tå fjellom i bygden, på såmå grensom ligg Ingul=sjøhøa berre 11 mtr. lågar. På grensom mot Heidala er Saukampen 1655 mtr., Svarthøa 1519 mtr., Gråhøa 1421 mtr. På grensun mot Valders er Oskampen 1507 og Austhøa 1585 mtr., Storhøpiggen 1431 og på grensun mot Sør-Fron Ruten 1573 mtr. På landvidden millom Lauga innette mot Fryun og viåre nor'austleg er dæ au mange någå=ha'le høge toppe: Skjerhellfjelle 1498, Bløyvanghøa 1406 og Semmelhøa 1480 mtr. Ellest er dæ svært mange høe og toppe over den heile vidda som er over 1000 meter i høgd.

Fjellnaturn i Nørdre Fron er på mange stelle svært vakker, og har my' attåt ein mildvore dåm over se, 'n er au my' søkt tå turiste, og dæ er fleire større høgfjellshotel som er vælkjende over heile Austlande. Dæ er mange fjelldale med go' hamn, og her ligg sætrin som bygda har svært my' tå, i 1907 va dæ 280 sætre i bruk. Døm er nokså vidt spreidde ettedi dæ itte er nån riktigt lang og vi' sæterdal, som dæ ha kunna samla se store sæterkrulle 'ti. Dæ er sålest sætre på båe sio åt Laugdalføre, og dæ såmå er te-felle i Vingsterdal-føre, Essdala og dæ inste tå Fryadalføre. Sikjilsdaln er ein overlag gjild hamndal med 2 vatn; han hørde for dæ fyrste te som sereige åt tu gar'e i Kvikne, men vart i 1881 seld åt staten te hestavlssæter og her går sea 2—3 tå statshingstom kår somår. Daln er trong og vill. Sæterstelle i Nørdre Fron er svært oppdrivi og legg i di siste mannsaldra den meste vekta på ysting tå feitost og blanningsost, åt fleire sæterstule er dæ i seinare ti'om arbeidt kjerr'veigje og den gamle kløv-kjøringa er dæ for dæ meste slutt med.

Nørdre Fron har ei mengde fjellvatn som er go'e fiskje-vatn, dæ er knapt om någor tå hine bygdom i dala når Nørdre Fron på denne rånda. I alle fjellvatnom er dæ å kalle for berre fjellaure, i naugre fåe er dæ for ei ti' attende slept røe, men folk tykjy itte at dæ va någå bra. Di vatna som er helde for di beste er nå fyrst og fremst Vingstervatna: Kallfjorn, Sondvatne og Innbuvatne. Om desse vatna har dæ frå eldgamle ti'e vore my' osamna om fiskje millom Fron og Valders, og dæ vise kå gjævt fjellfiskje i desse vatnom va helde for. Om denne osamnan vil dæ bli gote nå' meir lenger framme. Andre go'e fiskjevatn er Øyangen, som ellest frå gåmål ti' har vore og er eigedomsvatn, Hersjøin, Vingster-lonin, Slangen, Breisjø'n i Essdala, Mugvatne, Olstappen, 3 Åkkrvatn, Årvellingen, Furusjø'n. Vingstra ogofor Olstappen har vore ei ypperleg fiskjeelv, og Vingsterlonin har vore namn-sporde for stongfiskje. I siste ti'om er Bygdin i Slire vorte oppdemt for å skaffe elektrisk kraft, og folk har ottast tå, at både Vingstervatna, Vingstra og di hine vatna ho går igjenom, kann bli skadde på fiskjealnan tå desse oppdemningen. Ennå

er kanskje itte dette sporsmåle så sikkert utgranska at utfalle kann slåast fast.

Tå villt er dæ itte så lite tå di imse slagom, dæ er my' rupe, hera og rev, elgen er dæ någå tå, men rein minka meir og meir, bjønn finst nok, men itte så my' som for ei ti' sea. Jakt og fiskje har i dæ heile lite på se for næringslive i bygd'n, for Kvikne og Skåbu kann dæ ennå vera môn i di, og di åra dæ er go'e rup-år, kann snurufangsta vera ei go' innkome for mange.

For ei ti' sea va dæ fleire fjellhamne som va nytta te fêleger frå Jensuku-leite te i siste dågåom tå august, ette som hausten va te; i desse fêlegrom va dæ oppsett ei fêbu, gjennast ei mura steinhytte, som gjætarn budde 'ti di vikun hamninga sto' på. Tå slike gamle feleger kann nemnast Austhø, Buhø, Merravikhalsen, Grønflya, Skriurusta, Storhølia, Svarttjønnhole. Ellest va dæ itte så mange fehandlare i Nørdre Fron i eldre ti' som i sume tå hine dølabygdom, og nå er fêhandeln omlagd, så fêlegra for dæ meste ligg onytta.

Tå steinbrot, klebber og takstein, har itte bygda mange, og drifta kaste itte my' tå se; dæ finst my' go' og fin klebber på Kvamskjøla ve Haugsætra, 1 gåmål mil tefjells. I Skjerhellfjelle finst dæ mørk, tunn, svært fin takstein.

Skogvidda i Nørdre Fron skull' i 1907 vera 275 000 mål og ette di fell dæ 66,4 mål på kår innbyggjar; bygda har store vidde med skog, men 'n er nokså ojemn og dæ er my' lauvskog; dæ er go' berging med skog både te husvørkje og brennfang, og itte så reint fåe gar'e har någå skog te salgs, men ellest er itte Nørdre Fron sers skogrikt. Dæ er både gronn og furu, men furu har overtake. Om skogen på Fron kjem dæ seinare eit serskilt stykkjy for båe bygdom onde eitt.

Folketale har itte auka ette 1865 da dæ va 5 262, i 1910 va dæ itte meir hell 4197, Amerika har te kår ti' helde folkeauken ette og væl så dæ; i di seinare årom er dæ å merkje någå oppgang i folkevoksta att.

Men jor'bruke har gjort store framsteg di siste 50 åra, og auka stort både i vidd og avkasting. Jor'bruke har i

desse ti'n vorte my' omlagt på fleire måte, og nå kann ein nok sea, at dæ er engdyrking og fóravl'n som er vorte hugusaka, for di mjolkeavkastinga er vorte dæ drevhjule, som held verke gåande. Endse ein på denne tabelln nea'for vil ein sjå, at Nørdre Fron i 1875 sådde 117 kg. grasfro, i 1890 va dæ vokse te 1843 kg., og i 1900 te 5099 kg. For 1907 er utsæde tå grasfro gått ne', men vidda konstaug eng va dæ åre 9306 mål.

Bygda er ei go' konnbygd, og jor'a er i dæ heile fruktbar og drivandest, turken kann i turrår drive i har'aste lage i Kvam og i di bratte solsi'un på Sødorp, og nattkaldin kann i frostår gjera ska'e på grø'e i Kvikne og Skåbu, men i vanlege år er Nørdre Fron ei årviss bygd med follom avling, både på åker og eng. Den dyrka jor'vidda va i 1907 ette jor'bruksteljingen 21382 mål, 11913 mål åker, 9306 konstaug eng og 163 hågå, sålest fall dæ 4,9 mål med dyrka jor' temanns.

Krytjyralnan er høgt oppdrivi med gjenomgåanes dølafê, mjolkeavkastinga er stor og bli på fleire ysteri og meieri omgjort te Gullbransdalsost. Hestalnan held se godt oppe, og i dæ heile står husdyrstelle i bygden på høgd med ti'n.

Tå huguveigje ha bygda i 1910 ei samla lengd på 35,4 kilom. og tå bygdaveigje 30 kilom. og ellest mange go'e sæterveigje og fjellveigje som itte dæ offentlege har någå med.

Nørdre Fron va i 1910 delt i 13 skulekrinse med 839 skulebon, 11 lærare og 4 lærarinno. Ette skattlikningen dæ åre hå bygda ein medel på 2 831 350 kr. og ei innkome på 696 115 kr. Bytt på folketale ha kår bygdamenneskje 655 kr. i medel og 161 kr. i innkome. Den samla herredsskatten va 38 774 kr. på 1571 skattytare; skatten delt på folketale va 9,25 kr.

Nørdre Frons sparebank er grunnlagt i 1862 og åtte 1910 ein medel på 100 576 kr. og styrde 751 769. Bygda har tu småe legat, dæ eine for fattige skulebon, og dæ andre åt arbei'are som sit smått te, men itte har fattighjålp.

Gullbransdalsbanin har 3 stasjone i Nørdre Fron: Vinstra, Kvam og Sjoa; Vinstra st. har naugre landhandlere og ei hussamling med 200 menneskjo i 1920.

År.	Buskap.							Avling i tynntal.										Folke-tale.
	Heste.	Naut.	Sau.	Gjeit.	Svin.	Om-rekna te kjy.	Kjy te-manns.	Bygg.	Rog.	Blann-konn.	Havre.	Erter.	Jor'-eple.	Havre te grønfor.	Grasfro.	Avlinga i byggverd.	Byggverd te-manns.	
															Kg.		Kg.	
1875	774	5118	6251	5625	495	9528	1,9	11610	977	1656	336	337	13439	14	117	17436	308	5107
1890	599	4056	2789	8189	681	7791	1,8	11930	1556	2478	256	462	13178	33	1843	19911	438	4319
1900	608	3668	1885	6165	876	9343	2	10457	849	2941	1626	445	13446	28	5099	17994	364	4444
1907	574	4246	2423	5494	1668	7317	1,8	10083	1812	3140	2848	677	21278	270	3633	20714	380	4123

Søre Fron er 547,04 □ kilometer i vidd og er sålest ei hellan litor bygd, ho er den tiende på storleik millom døla=bygdom, og berre Fåberg, Sell, Heidaln og Østre Gausdal har mindre vidd. Bygda er eitt kjørkjesokn, og største lengda frå nor' mot sør er 29 kilom., største breidda frå aust mot vest er 13 kilom., breidda skjifte my', og på eit strok inni Frydala er ho berre vælså 2 kilom. På vestkanten grensa bygda heile veigen åt Nørdre Fron, mot nor', aust og sør grense ho mot Vetl=Elvdala, Sollin, Ringbu og Gausdals=bygdom.

Laugen dele Søre Fron opp i tu landvidde, ein brei bålk synnafor Laugdalføre, og ein my' smalare nor'afor, den nørdre bålken bli åvskore pålag midt på tå Fryun så ein kann sea bygda er bytt i tri landvidde. Hugudalføre er vidt og romsleg i Søre Fron, og gar'an ligg tett på båe sio, med svære jor'=veigje og røsslege hus, dæ syne at denne bygda ti'leg i ti'om har vore mektaug framom hine.

Landvidda synnafor Laugen radt innover mot Gausdals=grensom, er jemnvore fjell med itte så fåe toppe og høgde som skjelda røkk stort over 1000 meter. I grensun mot Ringbu er Nårkampen 1101 mtr. og er landmælingspunkt, på såmå grensun ligg Digeråsen 1004 mtr., någå lenger i sør Gal'tjønnlikampen 1129 mtr. og fleire toppe på mest såmå høgda. Meir i sørvest ligg Vaillsfjelle 1115 mtr. og synst, aust for Essdalsvatne, Tvillingkampen, landmælings=punkt 1338 mtr.

Landvidda nor'afor Laugen millom Lauga og Fryun, har au fleire fjelltoppe på over 1000 meter. Kvitberge, land=mælingspunkt 1057 mtr., Rauberge, Stebergsberge, Koto og Kollberge er alle godt 1000 meter, Krøkla er 1235 mtr. Nora'for Frya er landvidda meire vill og med någå drugare høgde, i grensom mot Ringbu og Solli'n ligg Rondhøa 1218 meter høg, i grensun mot Nørdre Fron er søre Eldåkampen 1224 mtr. Bågåskar'høgdin er nok høgste fjelle i Søre Fron 1381 meter, Styggskar'fjelle er au 1374 mtr.

Søre Fro har au mange fjellvatn, men døm er jemnfare helst småe, fleire tå døm er nokså goe fiskjevatn. Dæ ska ialt vera over hondre vatn og tjønne, største vatne er Atn'=

sjø'n i Solli'n som Søre Fron eig ein del 'ti, heile sjø'n er 9 kilometer lang og 1,42 brei, Fron eig ei lengd på 4 kilometer, Atn'sjø'n er eit svært godt fiskjevatn. Gålåvatne i Nørdre Fron har bygda del 'ti, likeeins i Gompa, Buvatne og Fagerlivatne; Øyangen og Stor-Jetningen, Håkåsætervatne og vestre Børkdalsvatne er tå di vatnom som er någå større. Laugen innafor bygdagrensun ska vera pålag 4,5 □ kilom. og er itte kleint fiskjevatn te sume ti'e på åre. Dæ er slept røe i naugre småvatn i seinere ti'.

På mange stelle i fjelle er dæ som i Nørdre Fron vakker fjellnatur som om somårn dreg ein mengde byfolk og utlendinge åt se, dæ er mange større turisthotel og sæterpensionat som i lang ti' har vore i drift, er vel omtykt og har fullt hus te kår somår.

Dæ er my' sætre i fjelle på båe si'om åt Laugdala, i 1907 va 182 sætre i bruk, fleire tå sæterdalom er go'e hamndale og sæterstelle er på høgd med di andre bygdom. Her som overalt i Nor'dala, er mjolkestelle vorte ysting tå gullbransdalsost og med di er stelle på sætrom vorte heilt omskåpå.

Er fjellnaturn vakker i Søre Fron, så slæ' itte bygda i dala ve Laugen tå, dæ er ei fin og tyleg bygd, med eit landslag som er romslegare og mindre klemt tå høge fjell, ho er ei overgangsbygd millom Sørdala og Nor'dala. Dæ ein kann sakne er skog i liom, for døm ligg der ha'leg snøydde, og dæ vil nok tå ti' førr døm bli klædde att som døm eingong i ti'om har vore.

Bygda har overlag go' drivandest jor' som ber svært på se, og i gåmål ti' da åkerbruk og byggavling va dæ bøndan la vekta på, va Søre Fron den fremste i dala. I 1907 ha Søre Fron 15182 mål dyrka jor', og med folketale som dæ va i 1910 fell dæ på kår menneskje 5 mål; tå di dyrka jor'n va dæ 8383 mål åker, 6713 mål konst-eng og 106 mål hågå. Her som på Nørdre Fron er jor'bruke på høgd med ti'om, og er på såmå vis omlagt med huguvekten på mjolkebruk, og bygda har tu større tidhøvelege ysteri som lågå gullbransdalsost. Fêslage er dølafe; hestalnan er itte liten, og dæ bli te kårt år selt nokså mange dølaheste.

Skogvidda åt Søre Fron ska vera 121 □ kilom., 121 000

mål, og med folketale i 1910 fall dæ 40,8 mål på kår innbuar. For heile søre Gullbransdala fell skogvidda, ti'i onde eitt, med 62,4 mål på kår menneskje, med di har Søre Fron 21,6 mål te-manns onde medeltale, og bygda har sålest lite skog, men er likevel godt sjølbergja både med byggjingsfang og brennved, naugre gar'e har någå å avhende, au. Skogvørkje er tongt å frakte te bygda, med di skogveigjin er så lange. (Sjå meir om skogen lenger framme.)

Fiskje og vei'ing har i siste ti'om itte lenger så my' å sea for næringslive, men båe slaga er drivi te kårt år meire for moro hell te gagn.

Steinbrot, takstein, har bygda fleire tå i fjelle, med go' og vakker stein som held se godt mot rust; naugre brot er i drift, men i dæ heile er dæ itte någor stordrift med takstein på Fron. Dæ finst tu kalksteinbrot, limmjølberg, i fjelle som har vore drivi i eldre ti', men nå ligg onytta.

Både i fjelle og i dala er dæ fleire pensjonat og hotell for turiste, og høgfjellssanatoria på Gålå, Vailsæter, Fagerhøi og Lauvåsen er my' søkte og vælkjende stelle både inna'- og uta'lands. Turistdrifta gje bygdn ei nokså stor innkome kårt år.

Jønnbanin har 4 stasjone på Søre Fron: Breiveigen, Hondorp, Frya og Harpefoss. Tå huguveig har bygda 14,4 kilom.; bygdaveigjin ha i 1910 ei samla lengd på 38 kilom. og attåt er dæ fleire lange sæterveigje og fjellveigje.

I 1910 va dæ på Søre Fron 554 skulebon delt på 7 skulekrinse med 7 lærare og 7 lærarinno; på Hondorp har Rasmus Stauri styrt „Gudbrandsdalens folkehøgskule“ sea 1914, denne skulin har havt go' søkna med fællesundervisning om vintran og eit særskjilt skjeid for jinto om somårn. Omframt folkehøgskulin har Stauri i ei ra' tå år helde foredrags-skjeid kår somår for lærare frå alle tri nor'landom, dessa har vorte framifrå vel omtykte og samla ein mengde lærare frå di tri landom. Rasmus Stauri har gjort eit godt arbei' i Gullbransdala.

Sparebanken i Søre Fron er grunnlagt 1860 og styrde i 1900 ein medel på 848 249 kr., tå desse åtte banken 105 483 kr.

Ette skattlikningen for 1910 ha bygda dæ åre ein medel på 2 263 100 kr., og i innkome 480 630 kr., bytt på folketale

År.	Buskap.							Avling i tynntal.										Folke-tale.
	Heste.	Naut.	Sau.	Gjeit.	Svin.	Om-rekna te kjy.	Kjy te-manns.	Bygg.	Rog.	Blann-konn.	Havre.	Erter.	Jor'-eple	Utsæde te grønfor.	Grasfro.	Avlinga i byggverd.	Byggverd te-manns.	
															Kg.		Kg.	
1875	560	3579	3205	1661	518	5961	1,8	11926	808	931	384	416	10366	17	112	14525	346	3261
1890	455	3229	1783	3215	595	5436	1,8	10921	1125	1728	1170	558	11410	31	832	15728	468	3022
1900	489	2732	1253	2852	662	4862	1,6	8374	708	1734	1691	425	11172	222	3084	14847	441	3009
1907	441	3074	1645	2094	933	5166	1,7	6221	814	980	3157	411	11532	158	2437	13507	360	2963

i 1910 fall dæ på kår bygdamenneskje 763,78 kr. i medel og 162 kr. i innkome. Såmå åre va herredsskatten 37 111 kr. med 28,66 i skatt på kår tå 1291 skattytare, bytt på folke-tale 12,52 kr. te-manns.

Om ein likna ihop desse tu serskjilte tabellan med den som førr er sett opp for dæ odelte Fron, kann dæ for dæ snøgge sjå ut te, at jor'bruke i desse tu go'e bygdom har sti'i på dæ neraste i såmå skorun frå 1850 te 1907 gjenom 57 år. Krytjyrtale omrekna te kjy har minka med 77 og folketale er au minka med velså 450 menneskjo, derimot ha avlinga i byggverd øykt se med 10 000 tynno, som lyt reknast for ein stor framvokst. Dæ har i desse lange tidsbålka vorte ei sterk omleggjing i driftsmåta tå jor'brukje frå konnbruk te fórbruk, og med største vekten lagt på eit veldrivi mjolke-stell. Denne omleggjinga kjem likesom bort på desse tabella i talom over buskapa med di, at den sterkare foringa itte har lett for å auke krytjyrmengdin; eit godt mål på denne skjiftinga i driftsmåte er ellest den store auken i utsæde tå grasfro. I 1875 sådde Fronsbygdin te-samen 229 kg. gras-fro, men i 1907 va utsæde 6070 kg., ein auke på 26 gongo. Utsæde te grønfór va i 1875 for båe bygdom 31 tynno, i 1907 va dæ 428, ein auke på 14 gongo. I dæ heile har båe bygdin i ti'n millom 1875 og 1907 drivi jor'bruk og krytjyr-stell så dugeleg opp på alle leie, at døm står på høgd med di best framdrivi bygdom her i dala.

SKOGEN OG SKOGSTELLE I GÅMÅL TI' TE VÅRE DÅGÅ.

Langt atti ti'om va bygdin her i dala my' meire skogvokse hell døm er i vårå dågå, store vidde som nå er snau=fjell, har ein gong vore klædde med stor skog. I myrom i fjelle finst dæ læg og røt ette digre furutre som vise at skogen har gått my', my' høgre hell i di siste tu hondre årom. At skogen og skoggrensa har gått så my' høgre i di eldgamle ti'om trur di lærde kjem se sålest, at lande ein gong har li'i kanskje omkring 200 meter lågare hell nå. Og med di at lande har høvja se så my' er værlage vorte har'ar og kaldar og tvinga skoggrensa ne'over. Store skogvarme kann au mange sta'n ha øydt skogen på har' vis.

Men ellest er dæ nok itte berre værlage som har skulda for at skoggrensa har sigji så my' lenger ne'ette, og at skog=vidda har krope ihop, menneskja har nok volda den største skogtyninga. Eingong atti ver'n sto nok skogen stor og tett her på Fron, heilt ne' åt breddom på Lauga, og di fyrste rø'jingsmennan ha nok ein har' kamp med å rø skogen der døm valde se dyrkingsland — varmen laut nok gjera my' rø'jingsarbei' og kom vel ofte te å gjera formy' tå di, au. Men tre=greve og steinøksa dugde nok itte te å gå på røt og tæg og store tre. Fyrst da jønnøksa og jønngreve kom, tok dæ an'n klem med rø'jingen, og di store tre laut, ette hand som ti'a gjekk, drå seg attende oppover frå Lauga. Frons=bygdin fekk ti'leg ette måta eit drugt folketal som stadig auka på — jønnøksin vart fleir og fleir, fekk stål i eigga, og

beit be're og be're, og houggaran vart fleir og fleir, så den skogsnaue strimla oppette frå Lauga vart breiar og breiar te kårt år. Dæ gjekk ein mengde skog te husvørkje, og endå meir te brennfang — om naugre hondre år ha skogen dri'i se ein go' món uppi li'in på mange stelle, og i slutten tå medelaldra va dæ kanskje itte att meir hell dæ halve tå skoga i himliom, helst på Søre Fron der folke budde tettast. Å spårå på skogen va dæ ennå ingen som tenkte på: han va ofte så attiveiga, og han voks nok te att, folk ha itte bo å hegde med å felle ned. Så nere i dalføre minka skogen fort, og li'in ha vorte dugeleg grisne i sume tå grendom ve reformasjonsti'a, skogen ette rette bygden ha minka dugeleg overallt. Men hellanitte i fjelldalom sto skogen urøyvd lenger, sætrin og sæterbruke øykte se te kår ti' og drog se høgre uppi dalan og li'in, og så brende folk kol og bles jønn, og te di va dæ itte smått med skogfang som skull' te. Men dæ va nå my' å tå te, au, i fjellskoga, om dæ såg ut te å skull' gå gale med himskoga.

Omkring hondreårsskjifte 1600 vart å-sagjin kjende i Gullbransdala, og døm førde te eit auka skogbruk, enda dæ skull' vore å venta, at døm va te ei sparing på skoga. Førr når bygdafolke trongde sagbor', va dæ å houggje ne' tå di vakraste og mest beinkløyvde furutreom, kluve boln på 4 meters lengd og handtølje tu sagbor' tå. Va dæ ein stor stokk, kunn' dæ bli tu lengde tå 'om og 4 sagbor', men oftast va dæ berre rotstokken som vart nytta. På å-sagen vart dæ fire gongo så my' bor' tå ein stokk, og med di skull' dæ gått fire gongo mindre skogvørkje hell førr, au, men da dæ nå vart så lettvint å verke te sagbor', voks åverkinga mangedubbelt, og finaste skogen fekk svi.

Nere i himliom minka skogen i alle bygde meir og meir i heile di 17de hondreåre, og den danske styringa bar te å skjøne, at dæ gjekk forhar't på ein tå di største verdågåom Nori' åtte. Dæ kom ei og annor „forordning“ om skogbruke som va tanken skull' bli te skånsel for skoga i almenningom og prestbolsskogom. Desse forordningun va nok velmeinte, men va jemnt opraktiske og let se itte gjenomføre med slikt tesyn som skogan ha i di ti'om. Vælmeint lyt oss vel tru

dæ va, at kongen i 1726 vilde selja almenningan på Hemarken, Gullbransdala, Østerdala, Soløy og Odala ve aksion. Rente=kammere ha nok den trua, at skogan kunn' bli be're røkta og helde oppe når døm kom i privat eige, hell i hendom på staten. At dæ attåt va tenkt på innkoma for di mjoge statskassun er dæ nok hellanitte å tvile på. Mest alle al=menningan i Gullbransdala vart selde ve aksion på Elstad frå 3a te 20de august 1726; på Fron vart Essdalsalmenningen med fiskjevatnom selde for 1008 riksdale og bøndan fekk teslage. Bøndan i di imse bygdom vart redde døm skulde misse den gamle bruksretten sin, ettedi fleire almenninge vart selde åt skogspikulante. Fleire bygde sa imot desse salgom, og i Østerdala drog tu menn åt Kjøpenhamn og klågå over salge tå almenningom. Både kongen sjøl og rente=kammere kom ve dette på andre tanke og dæ enda med, at almenningssalga vart gjort om=inte, enda salga va go'kjende (approberte). Tu almenninge ha dæ allt vorte utstedde skjøto på, Norherredsmorka (Skjåkalmenningen) og Atndaln i Øster=dala, og desse tu salga laut stå, for kongen kunn' itte gjera om=att ei utstedd skjøte med hass eigje namn og segl, men den gamle bruksretten sin i desse tu almenningom fekk bøndan hå som førr.

Sålest fekk styringa berre my' bry, vanntakk og ingor ære tå desse almenningssalga. Men nå tok elvtimmerhandeln te å drå se oppette Gullbransdals=bygdom, trast ette 1700=tale va dæ sume tå di store trelasthusom i Oslo som kjøpte stort sagtimmer i di ytste bygdom i dala, for skogen nerast om=kring di store sagbruka omkring Oslo, Drammen og fleire bye tok te å snøyest for målstimmer[1] og så laut døm på vidda ette di. Denne elvtimmerhandeln va dæ kanskje som for ein del va skulda 'ti at statsstyre i 1739 nemnde ut eit styre for skogom i Nori', dæ „eldre Generalforstamte“ på Kongsberg. Dæ vart innkalla fleire tyske skogkunnauge menn som skulde leggje grunn onde dette Generalforstamte, for i Tyskland va døm allt langt kome i vitskapleg skog=kultur. Di tu som retteleg vart styrare, va tu brør, Johan

[1] Målstimmer = timmer på 6 alnes lengd og 12 tommes topp.

og Frans von Langen, tu faglærde og dugelege skogmenn som i skogvitskap sto' fullt på høgd med ti'n. Døm va svært driftauge båe tu, og gjor' eit godt arbei' for skogstelle i Nori' den stutte ti'a Generalforstamte sto' me'lag. Någå tå di fyrste døm sette igang va å fårå over skogviddin, mæle døm opp og kartleggje døm, på såmå ti' sette døm opp beskriving tå fautedømom og prestegjeldom og tok med kår einaste gar' i bygdom med serskilde meldingo om gar'sskogen, jakthøve, steinbrot, malmåre, elve og vassfall. På snøgg ti' fekk Generalforstamte istand eit svært godt skogkart over lande såner som Nor'land, dette karte heng nå i den Geografiske Opmåling, og er den dag idag helde for eit rigtig godt arbei' te å vera gjort på så snøgg ti' som dæ va, for dæ er likt te at dæ va fer'augt på omkring 3 år.

Båe brørn va sers driftauge og fekk arbei'e onda hendom, den eldste, 'n Johan, styrde kontore, og 'n Frans ha kartarbei'e. Generalforstamte fekk te=sett skogfaute (holtsførster) utover lande så langt nor' som åt Namdala, døm va 27 på tale og ha dugeleg store distrikt kår se. Fleire tå desse skogfautom va tyskere og ha fått såmy' opplæring, at døm kunn' tå eit kart, kunn' styre eit rettsmøte, skjønte se på bergarte og jor'arte og fyrst og framst på skog og skogkultur. Her i Gullbransdala va dæ berre ein skogfaut, ein som heitte Melsheimer. Skogan fekk nå eit be're te=syn i dæ heile, men dæ va mest berre di private skogan Generalforstamte fekk å gjera med, dæ gjor' itte någå for å greie opp med grenselino, bruksrette og fleire slike høve i almenningom. Slikt vilde vore te stort gagn for seinare ti'.

Generalforstamte vart itte væl omtykt kåkje tå embetsmennom hell tå bøndom; bøndan likte itte någåslags inngrep i skogretta sine og va ennå itte nådt så langt, at døm bar någå ansvar for framti'n, hell ha fått opp augun for kå skogen va for lande. Og desse embetsmennan frå Generalforstamte døm ha rett te friskjyss, når døm fór, og dæ såmå ha holtsførstan ner døm fór bygdimillom, og friskjyssen va ei stygg plåge for bøndom. Men amtmenn og faute og bygdalensmennan ha hellanitte my' teovers for desse nye skogstyringen på Kongsberg, for døm laut stå ferauge med

mellingo og opplysningo om skogan, grensehøve og bygselbruk, så døm fekk my' meire kantorarbei' hell førr. Millom fauta i Gullbransdala, 'n Kristen Pram, og 'om Markus Meklenburg[1] va dæ berre kjøleg, og dæ ser ut som at skogfauten har stelt seg vrang og oviljaug imot fauta. Fleire tå desse tyske skogfautom skulde vera stive og sjølrå'auge kare, som itte ha lett for å omgå bygdafolke og defor vart misslikte.

Generalforstamte fekk berre ei stutt leveti' da dæ vart ne'lagt allt i 1746, ette å ha vore i verksemd i 7 år; førr dæ enda arbei'e sitt fekk dæ sett igjenom, at dæ timre i ålmenningom og offentlege skogom som heldt på å bli forgåmålt, skull' fellast te salstimmer ner dæ heldt 12 tummes topp på 6 alnes lengd og va 17 tumme i tverrmål 1 aln frå roten. Dæ va sjølsagt ein mengde timmer både i almenningom og andre skogvidde som heldt på å bli forvokse, så dæ va te gagn for skogvoksta å rø ut dette gamle; bøndan ha væl bruk for peningom, enda dæ va småe prise på timre. På elvbakka fekk døm 2 riksdale tølta for målstimmer, med frådrag tå 2 ort 16 β i avgjift („rekognisjon") åt „hans majestæts kasse". Bøndan fekk sålest berre 1 riksd. 1 ort 8 skill. for 1 tølt målstimmer, omrekna te kronemynt kr. 4,27 som ette peningverde i di ti'om kann svårå te pålag kr. 21,35. For ondermålstimmer va dæ berre halv pris. Om prisan sålest va småe, vart dæ likevæl någå rei'e pening tå di, og ti'a va trong dæ bele, så bøndan tykte dæ va món i desse skoghougsta. Avgjer'a lydde slik at bøndan kunn' hougge opp te 10 tølte kår, men med desse vart dæ nok någå missleg.

Da Generalforstamte va ne'lagt, vart skogstyringa lagt i hend på ein „skogkommission" i naugre år, gjekk så inn onde eit nytt styre som kallast „rydningskommissionen". Dette skjiftande styringsverke gjor' nok itte så svært my' for å fremje skogstelle, iminste ser ein itte stort te di ivrige arbei'e Generalforstamte la iveig med, og i 1760 vart dæ sett iverk eit nytt Generalforstamt onde styre tå 3 amtmenn og 1 bergråd. Dette nye Generalforstamte er kalla dæ yngre for å skjølja dæ frå di fyrste, som er nemnt for dæ eldre.

---

[1] Den siste holtsførsten i Gullbransdala.

Dette siste Generalforstamte fekk ei någå lenger leveti' og sto medlag i 11 år te i 1771, men hellanitte dette siste skogstyringsverke gjor' någå serleg te å fremje skogstelle i lande. „Holtsførster" vart utnemnd att, og di 4 nørdste Gullbransdals-bygdin fekk ein som heitte Markus Meklenburg, visst ein tysker. Han budde ei ti' i Skodal på Fron, men fløtte seinar åt Vågå og kjøpte ein tå Sandbugar'om. Han va knapt nå'n sers dugeleg skogmann, men gje den tåkkjin, at 'n va stiv og sjølråaug og gjenne va vrang og lite beinksam i di samarbei'e han ofte laut hå med fauten Pram på Rolstad. Ellest ser ein itte någå om, at Meklenburg va sers misslikt i bygdom.

Dæ ve'take dæ eldre Generalforstamte gjor' om at bøndan skull' hå lov te å hougge forgåmål, utvokse skog i almenningom, imot avgjift „til kongens kasse", vart itte te stor hogna for bøndom. Døm skull' på fyryhand melde hougsten åt fauta, og han ha å åvleggje reknskap for peningom kårt år. Men med desse innmeldingom va dæ nok ofte missleg, og med avgjiftom likeeins, og i sume bygde vart dæ rettssak om denne hougsten med oppteljing tå timre, som dæ vart sli'i arrest på og selt ve aksjon, og my' slik ogreie og klander som vårå i årvis.

På Fron vart dæ i naugre år houggje har't i Essdalsalmenninga ette ve'take åt Generalforstamte, og i 1754 let 3 tå mennom på Kjorsta'gar'om, mennan på Grytting, Rolstad, Stokke, Hov og Londe med fleire, helde oppteljing og arrestering på timre som va hoggje i Essdalsalmenninga i 1753 og som itte va kjørt på elvbakkin, men låg att antel ve stubbin hell tedels va stubblynt. Døm fann itte mindre hell 3275 tølte og 5 stokke. Timre va merkt med namne åt eigarom, og tå desse fekk døm greie på namna åt 9, men ein heil del kunn' itte teljaran skjølja ut namna ette di merkje som va påhouggje. Ein gar'mann frå Ruste ha fellt 70 tølte og ein frå Kvikne 60. Hougsten ha gått for se over heile almenningen, og dæ har sikkert vore ei har' påkjenning om vidda nok va stor, for hougsten ha gått på i fleire år, og di 3275 tølter 5 st. va nok berre eitt års hougst. Dæ tyde itte på skjikkeleg medfer' tå skoga, at ei slik svær felling vart liggjanes att i skoga eit år, men dæ kann nå tenkjast, at dæ har vore ein slik vinter, at dæ va orå' å få timre framdrivi.

Dæ va stor timmerhandel i Gullbransdala i desse ti'om, den rike kjøpmann i Oslo, 'n Iver Elisen, og ein rikmann te der i by'n, 'n Klaus Bendeke, kjøpte allt dæ timre døm kunn' få drivi fram frå Gullbransdala levert ve lensa i Ess=voll. Dæ va for desse tu „Rik=Hjellin" på Dovre kjøpte timmer over heile Nor'daln, kjøpte gar'e i imse bygde for skoga skuld og dreiv så stort, at 'n ein gong tok imot i for=skot på elvtimmer 146 790 krono — i våre peningverd i 1914 over 700 000 —, men så gjekk dæ nå gale med 'om om eit års ti', au, ette dessa. I 1752 og 53 fall timmerprisan, og timmerhandeln sta'na reint i naugre år, og dæ er moleg at dæ er på den grunn at dæ vart liggjan' att så my' elvtimmer i skoga i Essdalsalmenninga.

Dæ har vore my' stri' og osamna i Fronsbygdom om Essdalsalmenningen i gamle dågå, og dæ vil defor høve her å tå inn ei snøgg utgrei'ing om denne skogeiga.

I 1737 va dæ ein del tå bøndom frå vestsi'un åt hugu=sokne og frå Ruste, som la sak mot ein del tå bøndom i Kvikne og påsto, at Kvikneveran dreiv med olovlig åvirking i Essdalsalmenninga. Denne saka enda i 1739 med eit for=lik imillom di tu partom sålest, at ei grenseline vart fastsli'i millom „Frons sogns bygdealmenning" og himrastom åt Kvikne= og Skåbu=gar'om. I desse forlikje vart sett strenge regle for åvirkingen med mul't for døm, som braut reglan. Men ogreia ga se itte, og i 1740= og 50=årom va dæ fleire sakje pånytt om haugsten i almenninga. Stemnemåle åt di eine tå dessa sakom ly'e slik: „Det hjælper ikke at vi forhen i årene 1737, 39, 42 og 52 har gjort adskillige bevægelser mod skoughaderne i den hensigt at hindre deres begjærlig=hed til at nedfelde skogen i almenningen. Ti vi erfarer at næsten alle i Kvikne og mange i Rustebygden, samt adskillige her i hovedsognet har nu, ligesom med samlet magt fore=taget sig pånytt at nedfelde skougen for fod både i Espe=dalen, Åkremoen, Flekkmoen og andre steder." Denne stria enda itte førr i 1762, da dæ kom kongeleg resolusjon som sette fast, at Kviknebøndan skull' ponge ut med 200 riks=dale, og som skull' nyttest te å kjøpe ei litor klukke åt Kviknekjørkjun. All denne hougsten som volla så my' stri'

og trette va salgstimmer —, ette som skogen i himliom nerast dalføre og elvdragom minka åv, laut lasthandlaran søkje uppi høgdin når dæ galdt å skaffe se sagtimmer tå grov og malme furuskog.

Kåkje di tu Generalforstamta, hell den styringa skogan og skogrøkta i Nori' låg i hendom på dette hondreåre, gjor' någå for å slå fast sikre og greie grenso for kongs=almenningom hell for vidden på døm. Fauten Pram vart nok pålagt å fårå over almenningan her i Gullbransdala og gjera ein beskrivels åt rentekammeret, og han gjor' au detta i 1738. Men arbei'e va forstort te å gjerast på snøgg ti', og påvisinga tå grensom vart laus og osikker. Fyrst i 1796 tok rentekammeret avgjer' om å helde ei overfaring tå di o=selde almenningom i Gullbransdala, og om mogleg å få fastsett sikre grenselino. Dæ va fauten i dala, 'n Markus Sodeman Lyng på Lunde i Fåberg, som styrde desse forretningen og som er vorte kalla „Lyngs befaring". Ho gjekk for se i 1800, og for kår bygd va lensmann og tu bygdamenn med, di te=grensande va varsla te å vera med der dæ va sporsmål om å slå fast grenselino, som mange stelle va oklåre. Lyng som va faut her i dala frå 1797 te 1814 va ein dugeleg mann, og befaringa hass er helde for eit godt arbei' om dæ itte kunn' vera å vente, å få alle floke løyst i sume tvilsame grensetvistemål.

For Essdalsalmenninga vart grensun mot grann'bygdom fastsette, og viare ei deleline mellem almenninga og „Frons sogns bygdealmenning" ette desse merkjepunktom: Mebu=stein, over Oskampen, Rauskarskampen, Snubbhøa, Bjønn=hougen, Ramstjønnosen, Rythaugen, Megrunn.

Ette Lyngs befaring høre ein nå itte større om almen=ningan førr i 1850=årom, da staten sel naugre tå almenningom åt di bruksrettauge, og ette grensom frå befaringen åt Lyng i 1800. Ve salga tok staten onda, at skogen skull' skjiftest ut millom di bruksrettauge. For Essdalsalmenninga ga di bruksrettauge 700 spesidaler — 2800 krono — og almenningen vart utskjifta i 1860. Ette utskjiftingen kom mesteparten tå teigom på handel, og timre vart utdrivi tå lasthandlare, men nå har staten kjøpt att di meste tå desse teigom.

For „Frons sogns bygdealmenning“ vart dæ, ette ve'tak tå herredsstyre i Sør-Fron, valt styre i 1870, og åt desse fyrste styre vart dæ valt berre Sør-Froninge, men i 1874 kom bygdin overeins om å velja menn frå båe bygdom. Dette gjekk sålest te i 1898 da Sør-Fron, som ha fleirtal i almenningsstyre, gjor' ve'tak om, at styremedlemman frå Kvikne itte lenger skulde vera med i styre. Detta drog ette se ei retstrætte om almenningsretten som gjekk gjenom alle 3 rette og høgsterettsdomen fall i 1915. Høgsterettsdomen ga Kvikne og Skåbu lik rett i almenninga med vestsiun i Sør-Fron og med Ruste i Nørdre Fron.

Allt i 1917 la landbruksdepartemente sak mot Frons-bygdom om eigedomsretten åt bygda-almenninga. I di saken fall dæ høgsterettsdom i 1925 som dømde almenninga for å vera statseige, men let bruksretten gjelde som førr. Ellest ha dæ vore fleire skattesakje og ei sak med Skåbu om ser-rett i almenninga, så bygda-almenningen har gjett desse tu bygdom my' stri' og druge peningutlegg i di siste 30 årom — reint i fånytte ette som bygdafolke ser på dæ nå. Den største skulda for all denne stri'n, vissa millom di tu bygdom, lyt nok dæ førr nemnde forlike frå 1739 bera. Både Sør-Fron og Rustveran i Nørdre Fron trudde, ette di forlikje, at døm skull' vera kvitt både Kvikne og Skåbu med allt bruk i almenninga. Men da dæ gjekk i her'inga va itte forliks-papire någå verd: kleint va dæ oppsett, og di Kvikneveran som skreiv onde forlike, ha itte fullmakt te å gjera forlik, hell, „de har handlet på vår bak“, som di andre Kvikneveran sa i eit rettsmøte.

Ette høgsterettsdoma i 1925 ber „Frons sogns bygde-almenning“ namne „Frons statsalmenning“ og gjer om inte delelina åt fauten Lyng i 1800, men ho kjem likevel te å stå me-lag te dele millom bygda- og statsalmenninga, hell rettare: millom „Espedalens forhenværende statsalminding og Frons statsalminding“ som desse almenningan nå nemnest. Ved kjøpe i 1850 og høgsterettsdomen i 1925 byte almen-ningan eigarmenn, fårekna di teigjin som va fråselde; men bruksrettan er di gamle og er heilt oskjipla; alle di dyre rettssakjin har itte gjort kåkje te hell frå.

Ein lyt sea at både himskogan og bygda=almenningen i Fronsbygdom va vanskjøtta og misshandla, så skogen stadaugt kvorv i mannsalder ette mannsalder radt framover te 1890. For himskoga vart dæ nok ei vending te ei be're skogrøkt ette 'n vart utskjifta utu sameigjebrukje. Denne utskjiftinga tok ellest lang ti' og sto på i over 50 år i Sør=Fron. Øver=bygda skjifta i 1840, Skarsmorka 1842, Harvollsmorka 1847, sameiga åt Ryssland og Skodal 1852, Søre Lia 1857, Nørdre Lia 1861, sameiga ve Frya 1861 og Skodalslia 1897. Naugre småe sameigo som hørde te mindre gar'reppe har au vore utskjifta, og desse utskjiftingun har overalt sett merkje ette se på skoga i bygden. Ein har eit klårt døme på dæ i Sko=dal: her sto busketoppan og nyvdest, redde og grisne, og når snogen låg randheil over allt, va heile lia kvit som ei bløye — nå er skogen der kome i go' vokst så dæ har vore helde tyningshaugst i fleire år. Himalies har skogen lite om senn begjynt å kåmå se ette utskjiftingom og står my' attåt i go' vokst; øvst i liom og i fjelle kom itte vendinga førr vernskoglova vart gjett i 1893 og dæ vart tesett herreds=skogmester i 1914.

Førr dæ vart sett skogve'tekte, og skogstelle i dæ heile kom onde eit vitaugare og gløggare te=syn, vart allt sals=timmer selt på rot og blinka ette grøvd (mål, „dimension"). Dette va ofte te stor ska'e på skoga, vissa der dæ vart houggje på denne gjer'a fleire vendo, men „dimensions=hougsten" er dæ nå slutt med. Salg tå elvtimmer i Sør=Fron frå himskogen tok itte te førr i 1870=årom og i lang ti' va dæ berre svært lite som vart selt, for dæ va å kalle for itte någå å selja enda ette di store skogtyningen. Men ette hondre=årsskjifte kann ein rekne, at dæ har vore selt elvtimmer te kårt år og at salge har vokse; i siste årom har dæ te kårt år vore selt omkr. 3000 kubikmeter slipetimmer i Sør=Fron.

Barskogen i Sør=Fron er gronn med inkor furo av og te; på di turraste lende på; någå fåe stelle som i Ulbergshauga, i bakkom ogo' Forr og i Håvemoa; er dæ å rekne for berre furu. På fjelle og eit godt stykkjy n'i lia er dæ bjørka som rå'r, men dæ ser helst ut te, at gronna held på å kreka se oppover og lenger og lenger innover vigga. Skoggrensa

som di kunnauge helst har dæ te å gå attende i dæ store og heile, lyt ein hellan sea går opp her i bygdom. For dæ meste er dæ nok itte my' ein kann sjå te dessa, men på visse stelle, der dæ har vore snaut i manns minne, og der itte hamninga har vore forhar', kjem småbjørka tett som ho skull' vera sådd. Omkring sætrin er dæ itte godt for skoga å kåmå att, og her vise dæ se, kå hamninga har på se. Ve'a-bruke åt sætrom er nok au i har'aste lage, men renskings-hougsten i bjørkeliom syne se å hå go' verkna, og på store strekningo står bjørka i godt støe i fast line mot snaufjelle.

Den samla skogvidda åt Nordre Fron er ette skogbruks-teljingen 346 704 mål (dekar); tå desse vidden er dæ 171 412 mål produktiv barskog og 78 394 mål lauvskog = 249 806 mål produktiv skog. Den skogvidda som er uproduktiv er på 96 898 mål.

Heile skogvidda på Nørdre Fron er fordelt sålest:

Statsskoge	7 853	mål
Opplysningsvesenets fond	6 090	—
Statsalmenninge	8 355	—
Bygda-almenninge	800	—
Herredsskoge	7 880	—
Skoge åt samlag	100	—
Einkeltmenn inna'bygds	212 877	—
— utta'bygds	5 851	—

I teljingsårom va dæ te kårt år avvirka tå barskoga:

Selt gagnsvørkje	5 139	kubikmtr.
Te heimebruk	1 463	—
Brensel te salgs	1 079	—
Brensel te heimebruk	1 973	—
Gjer'fang	207	—
Barskog iallt	9 861	kubikmtr.
Tå lauvskog er avverka årleg	8 344	—
Barskog og lauvskog tesamen	18 205	kubikmtr.

På Sør=Fron er ette di såmå skogbruksteljingen 107 187 mål barskog og 116 996 mål lauvskog, tesamen 224 183, att=åtlagt verdlause vidde 205 524 bli den samla skogvidda med barskog og lauvskog 429 707 mål. Denne skogen er sålest fordelt:

Statsskog	4 940	mål
Opplysningsvesenets fond	5 070	—
Frons statsalmenning	50 000	—
Herredsskog	537	—
Sameigeskog	135	—
Samlagsskog	16 400	—
Einskjilde eigare i bygden	138 804	—
— — utta'bygds	8 240	—

Tale på skogeigedome er 332 og tå døm er 303 bygdafolk.

I årom frå 1900 te 1924 er dæ på Sør=Fron planta ut 80 900 gronn og furuplanto og ti'i opp 6 261 mtr. greft. Kulturarbei'e i skoga held ve og bygdafolke har ette hånd fått be're skjøn på kå skogen har å sea for bygden og med di såmå fått meire haug te å stelle vetaugt med skoga.

IMSE DRAG TÅ LIVE I GAMELTI'VER'N.

I di lange tidsbålka millom 1100 te over midten tå 1500=tale, mest halfemte hondre år, har soga itte någå å melle om frå Fron; ette at ho Ingebjørg Gottormsdotter frå Steig vart gjift med 'om kong Eystein Magnusson omkring 1120, høre oss itte meir om den gamle storætta på Steig. Men dæ sat nok meir hell ein gjæv bonde der i bygden ennå, som va tå skjyldfolkje hass Dålå=Gullbran og hass Tor Istermågå. I desse lange ti'om som soga er tegjandest, har di gamle erve=minne svindrast burt, og nå er dæ itte lenger vørkje te å finne att og følgje di gamle ættom. Dæ som nå er å finne frå di gamle ti'om, er sume gamle skinnbrev som dæ har vorte gjømt naugre tå, men storparten er nok fordågå tå døm, au. Sume tå desse brevom kann røkkje attigjenom åt 12 og 13 hondretale, og handle for dæ meste om jor'handel, jor'byte, forlik og semjo tå imse slag, men kann imillom gje ein forvitneleg gløtt inn i bondelive i desse eldgamle ti'om. Mange tusen tå desse gamle brevom frå alle kante i lande er samla og prenta, så køm som vil og kann fær nytte se tå døm.

Dæ er itte svært mange tå slike gamle brev som er berga frå Fron, men døm som er, gje tokkje tå, at bondekulturn va vel framvokse i bygden naugre mannsaldre ette bygda va kristna. Kristendomen omskapte nok på eit hondre år live millom bygdafolkje, om dæ sjølsagt i lange ti'e gjekk att my' frå di hei'ne ti'n, ha kristendomen likevel døyvt åv dæ mest villmanslege ve live, og dæ festa se meir og meir

i folkehauga faste omgrep om synd og om dæ vonde og go'e, som kristendomen sa fyry. Live va nok ennå villt i bygdom med slåsting, lemlesting og drap, som oftast kom se tå di fæle øldrikkingen som heldt ve frå hei'enskapa. Og sedaugskapen sto' dæ nok måteleg te med millom folkje, men mange tå di verste odygdom frå di gamle avgudsti'n va kvorve og heldt på å kverve, ette som ti'a gjekk. Kristen=domen ha sett vislege merkje på live i dølabygdom da dæ 11te hondreåre enda.

Oss veit at kristendomen kom hit te=lands med maktbo', forutta å vera forkjynt for folkje fyryåt så døm med haug og vilja kunn' velja den nye gudstrua. Kristendomen kom som ei tvangstru, og defor skull' dæ lang ti' te førr 'n vart ei hjertesak og ei livsmakt i folkje. Dæ va prestan som ha dæ store kalle å feste og arbei'e kristentrua inn i folkehaugen, men i di tu fyrste mannsaldrom ette 1021 rokk døm visst itte langt med desse arbei'e. Prestan dæ fyrste hondreåre te=endes va sikkert utlendinge, engelskmenn hell tyskere, som kanskje mange ha vondt for å skjøne folkemåle, og for å gjera se forståelege sjølve. Okunnauge som døm va med norsk folkeliv, hauglag og tankeliv, veit ein at døm ha itte lett for å rotfeste kristendomen og gje 'om framvokst millom folkje her, som budde så spreidt og grisi ve dal og ve fjor'. Attåt di kom, at dæ i langsamleg ti' laut vera stor nø' på preste lande rondt, og di uta'landske prestlærde som kom hit med truskjifte, måtte sikkert tå se for å lære opp bonde=gute som for nø' skuld kunn' gjera presttenest ute i bygdom ette som dæ vart bygt kjørkjo i fylkom. Sålest ha nok di meste tå prestom i di fyrste tu=tri mannsaldrom tå di kristne kjørkjun her i lande, ei så ring opplæring som tenkjest kann, og dugde nok i dæ heile lite åt di viktauge arbei'e døm va sette te. Fyrst da fylka vart oppdelt i soknekall, hell prest=gjeld, og di kjørkjun som trongdest vart bygde, ei domkjørkje vart oppførd for kårt stift med ein bisp som førde over=te=syne med prestom og dæ gudelege live, kår i sitt bispedøme, fyrst da vart dæ vel meire skikk på kjørkjetenesten utover bygdin. Ved domkjørkjun vart dæ trast ein skule te opp=læring tå preste, så dæ truleg om snøgg ti' itte vart vantendest

preste nå'n sta'n radt uppi di øvste fjellbygdin. Allt i 1152 fekk Nori' ein erkebisp i Nidaros, og den norske kjørkja vart nå eit ektefødd bån tå romerkjørkjun onde pava, som va stathaldarn åt Kristus her på jor'n.

Om dæ norske presteskape i desse ti'om framette frå di erkestoln vart innstifta veit oss itte stort, vissa ner dæ gjeld di meste tå fjellbygdom. Døm livde nok med folkje i ørk og helg, og skjølde se nok itte ut frå di som ein sereige og fornemare stand. Døm ha my' å gjera: attåt kjørkjetenestn som i di katolske kjørkjun legg my' arbei' på presten, ha døm opplæringa tå ongdoma i den kristne bånelærdomen, og døm laut tå se tå di sjuke og fatige, så døm sikkert ha hend'n fulle med å røkte sine plikte. Som dæ nyleg er nemnt livde di katolske prestan med soknebonom sine som andre bondefolk, men døm livde nok med døm i di odygdom, au, som prestan ette kristeleg lære skull' arbei'e imot, døm drakk og slost og kunn' i ville drykkjelag kåmå i ska'e for å gjera manndrap. Sedløysa imillom døm gjekk over alle grenso og sålest va nok di katolske prestan itte någå godt fyrydøme på gudeleg liv for bygdafolkje i dæ store og heile. At dæ imillom va mange duglege preste som va go'e kristne og livde eit ekte kristeleg liv, lyt ein tenkje se, men dæ va nok langt frå dæ vanlege. At mange tå prestom denne ti'a hadde itte så lite med skulekunnskap, kann ein sjå tå di gamle skinnbrevom som dæ stødt er prestan som har skrivi.

Presteskape i di katolske ti'n her i lande va mangment og dæ er rekna ette, at dæ omkring 1345 va ein prest for kårt 150 menneskjo, nå i våre dågå er dæ kanskje 1 for kårt 3000, dæ vanta såvisst itte preste i lande i medelaldra, og kunn' ein gå ut frå, at dæ kristelege live millom nor'=mennom svårå med tale på prestom, vilde den kristne kjørkja og gudslive hos folkje sti'i høgt. Den katolske kjørkja ha i si beste ti' ei svær makt i Nori' og smaug itte onde benken kåkje for konge hell andre stormenn, og at ho heldt eit har't og fast tak i bøndom heile lande over, fell tå se sjøl. Men at ho med desse makten fremja og ga di gudelege live stor framgonge, va nok langtfrå te=felle. Live va som fyrr sagt my' attåt villt og rått millom folkje i bygdom med drykk,

slagsmål og drap, og minte ofte om hei'enskapen — dæ va mest berre di ytre formin som di kristne lovbo'a i „kristen-rettom" igjenom lange ti'e ha festa hos folkje. Den store makta kjørkja i Nori' nådde i dæ 12te og 13de hondreåre ga se utslag på mange gjer'e, millom anna alle desse kjørkjun i bygdom som dæ både går sagn om og som dæ ennå syne merkje ette; dæ kunn' itte vera nausynleg å hå så mange kjørkjo, så lite som folketale va den ti'a. Defor er dæ my' truleg at prestan måså almugjin te å koste opp kjørkjo meir, hell dæ nettop trongdest. Sålest ha Fron 12 hell 14 kjørkjo i medelaldra mot 5 nå; ein kann nok itte sjå bort frå at veig og framkomst er heilt omskapte frå di gamle ti'om, men så va hellanitte folketale dæ halve, hell. Dæ kosta itte lite for ei rombygt grend å byggje kjørkje, og hugukjørkja måtte sagte stø'ja onde, når dæ itte kunn' vera sume væl-standsmenn som bar kostnan. Hugukjørkjun la snøgt onde se my' jor' som døm ha go innkome tå, attåt tienden tå alle skjyldlagte gar'e i sokne. My' tå desse jor'n som kjørkjun åtte va gjett som sjælegåvo, men my' ha nok kjørkja ti'i i bot for brot mot kristenretta, og slike bøt va kjørkja har'sett med. Og når dæ fall lugumt handla kjørkja jor' pa reint kjøp, au, så dæ va i mange bygde kjørkja åtte treaparten tå jor'eigom. På Fron har oss au sêtt at hugukjørkja, dom-kjørkja på Hamar og erkebispen i Nidaros, ha fått onde se ei svær jor'eige i di beste gar'om i bygden, dette kjørkje-godse vise kå for ei makt den katolske kjørkja i si beste blømingsti' her i Nori' rådd over.

Live i dølabygdom ser ut te å ha glidd roleg framigjenom medelaldern forutta store avbrot som skåpå omskjifte ette se, bygdin ligg avsiest og langt frå sjøn og natur'n i dala har nok ti'leg i leika gjett folkje eit någå tongt, men stødt og roleg lag. Dølan ser itte ut te å ha kasta se uppi di ville ofredskulun millom alle kongsmennom som dreiv og slost, røva og rana kår døm fekk tak, igjenom heile hondreåre millom 1130 og 1240. Dæ fór nok store flokke tå desse ovørne, ågålause herkje gjenom dal'n sume ti'e, når døm strenna ette „tjodveiga" millom Oslo og Nidaros — ein og an'n tå lendmennom ga se kanskje med på den ville leiken,

au, med eit mannskap som dæ hekk att någå vikingblo' 'ti. Men svært my' kann ein itte merkje daln har vore oppskåkå og avlågå i borgarkriom.

Dæ va nok ennå mange stormenn i dala i mest alle bygdom, vissa kanskje i Fåberg og Fron, men dæ er oråd å granske opp nøgjare kunnskap om døm og skjylda derest hell slektin ette døm. Om slekta både på Hundorp og Steig kjem ein itte lenger hell dæ som førr er nemnt og sålest er dæ med fleire, men dæ er itte å tvile om, at dæ i fyrste halvparta tå 1300-tale sat fleire adelsmenn og lendmennsslekte på sume tå storgar'om på Fron.

Tofte på Sør-Fron har nok vore eit storgods i medelaldra og åsæte for ei tå di gamle storslektom. Fyry 1290 sat dæ ein med namne Øystein Gydasson på Tofte og i 1293 er son'n, 'n Bjørn Øysteinsson, vorte eigar tå gar'a; i 1293 i mars stê'r Håkon 5 Magnusson, som da va hertug, ut eit trygdebrev frå Oslo åt Toftefolkom. Han tek i sitt og Guds vald og vergje 'n Bjørn Øysteinsson og husfruga Ingegjerd, jor'eiga åt Tofte med fiskjevatn, skog og engje, lausøre og alt døm eig hell bli eigandest, og vil refse alle som ulovleg vil gå døm fornêr. Likeså be' hertugen ombodsmennan sine å yte døm hjålp te å njote sin lovlege rett på all vis. 25 år seinar i 1318 held Øystein „raggad" (raggot) og Kolbjørn bror hass skjifte på Tofte tå farsarva derest. Desse tu brøran er vel sikkert sønin hass Bjørn Øysteinsson; Øystein raggad fekk åsæte n'igar' Tofte med fiskjevatnom, sætre og slætte, Kolbjørn fekk halvparten i Bø (Ruste), 1 kuleige i nørste og 2 i synste gara Hågå og 5 kuleigo i Vallom, den jor'eiga ette far derest som va meir hell dette, skull' døm byte likt imillom se. Far'n ha sikkertått my' jor' på Fron, o'framt den her omnemnde har 'nått treaparten tå Isøm i Langli'n som ein kann sjå tå eit brev frå 1368. Øystein raggad er omgjete i fleire gamle brev te 1331 da han er med som vitne ved eit forlik. Dæ er mest sikkert at denne ætta heldt se på Toftegar'om gjenom heile medelaldern og viare framigjenom ti'a, ennå i 1600-tale va dæ ein tå eigarom på Tofte som åtte 17½ hud jor'.

I 1349 om hausten kom Svartdauin åt Gullbransdala;

som oss veit kom denne fæle sotta fyrst åt Bergen med eit engelsk handelsskjep som vart liggjandest på Vågen, og mannskape rauk med te siste mann. Frå Bergen tenda sotta se styggeleg snøgt åt alle lei'e, og åt Gullbransdala kom ho nok over Sygnefjelle åt Lom, for dæ va stadig samfersle millom dølabygdom og Bergen derover, både somår og vinter. Om Svartdauin herja på dæ har'aste her i dala veit oss itte någå visst om; at ho tolla har't tå folkje, både onge og gamle, er sakte itte å tvile om, men om dæ va så gale som sagne går, er vel lite truleg når dæ heitest, at folke dø ut i bygde hell grenn, så dæ itte kunn' vera att meir hell eit og tu menneskjo. På Lalm i Vågå va dæ berre på ein gar' plogen gjekk i åkra om vår'n i 1350, i Heidala dø allt folke ut såner som ei jente på Slette, og i Kvam va ei vetljente på Veikle dæ einaste live som va att.

Desse segna syne, at sotta har herja har't og sett stygg støkk i folke, men at døm er større setan' er mindre truleg. Hellanitte er dæ meir å rette se ette, at dæ i Svartdaua vart mange fjelldale stå'n øy'e, og som itte vart bygt att meir. Dæ kjem se ofte tå di, at dæ her og der på grensom mot fjelle kann vise se tofte ette hus som helst har vore bygt tå folk i di seinare rø'jingsti'om, folk som for vei'ingen skuld vilde bu nære fjelle. Ellest va dæ ein fæl folkemink sotta førde over Nori', døm som har granska avgangen er kome te, at treaparten tå folkje strauk med. Så gale va dæ kanskje itte her i Gullbransdala, ein finn i det heile itte någå merkje på, at dæ har vore så ille, men dæ er nok visst at sotta sette folkeaukjin attende så my', at dæ gjekk haltanna hondre år førr folketale nådde att måle frå 1348. Og så vart live og omstøun i bygdom så reint avlågå og omskåpå: gar'e og hime vart stå'n øy'e, voks att med skog og vart liggjand te fånytte i mannsaldre. Gar'an vart vantan' arbei'shjålp, jor'prisan datt ne' og mange jor'eigare fekk att berre treaparten tå medela sine, framvoksten sta'na på all gjer' i lange ti'e.

Dæ ser ut te at folk vart som lamsli'i ette Svartdaua, både på kropp og sjæl. Mange sta'n i lande lausna dæ slik ågåløyse, råskap og osedaugskap millom folk, at dæ alder ha vore så gale, og mot desse sto' kjørkja makteslaus, for

prestan gjekk med i sotten mest forende. Onde Svartdaua synte di katolske prestan se frå di go'e si'un: døm tok se med ihaug tå di sjuke og spårå se itte, og defor sette mest alle au, live te, så dæ vart prestnø' i alle bygde. Sålest skriv erkebispen i Nidaros i 1371 at i erkebispedøme va dæ fyry sotten 300 preste, men nå va dæ itte att meir hell 40, og tå døm va mange gamle og utlivde. Ein kann ondre se på kålest prestnø'a vart åvhjålpt, og mange tå kjørkjom i fjell=bygdom vart nok stå'n obrukte og vart kanskje heilt ne'=lagde.

I 1442 vart 'n Eirik frå Pommern åvsett, og 'n Kristofer av Bayern vald te konge ista'n hass i Nori'. Dette vale vart helde i Lødøse i Sveri', og her møtte utsendinge frå di imse stendom, bøndan vart au tesagt å velja utsending. Frå syslun i Søre Gullbransdala vart valt ein som kallast Goden Ottreks=son, men om han va døl er itte kjent. Fullmaktsbreve hass er utstedd på tingsta'e Volusæter den 9de april 1442 og onde=skrivi tå 12 menn frå søre dala, men kåkje utsendingen hell desse 12 mennan er nerare kjente. Kår dette tingste'e Volu=sæter låg i søre dala er au okjent, og namne må longe sea vera bortfulle, va kanskje i Ringbu.

Naugre år ette desse kongevale ha nok bøndan i dala kome i stor osamna med sysselmanna, 'n Benkt Harniktsson. tå di norske adelsslekten Gyldenløve, riksråd og sysselmann, truleg over bå'e syslom. Någå om kå denne osemja med sysselmanna kom se tå, er itte å finne, men dæ kunn' itte vera småting, da dæ enda med at Vågåbøndan slo 'n Benkt ihel. Drapsmannen va nok ein Sigurd Torsteinsson List frå Kleppe, for ervingan hass laut, longe ette 'n Sigurd va dø, bøte med 2 gar'e i Bræebygden åt enkjun hass Benkt, som da va oppattgjift med riddara 'n Alf Knutsson på Grefsen.

Allt fyry desse hendingom og fram mot reformasjonsti'n kann ein sjå, at fleire stormenn ha gar'e og dele tå gar'e på Fron; i 1390 ga 'n Ogmund Berdorsson Bolt $4^1/_2$ markebol i Dalsegg på Sør=Fron og 2 markebol i Tokse på Sødorp med fleire jor'eigo i Ringbu, åt Maria=altare i Maria=kjørkjun i Oslo te sjælemesso for si eigje sjæl, og åt kona og for=eldrom sine. Ogmund Bolt va i lang ti' slotsherre på Akers=

hus og åtte ein mengde jor' i lande. Gyldenløveætta ha au gar'e i Gullbransdala, og på Fron åtte ho Gar'laus, Berg og Olsta. Dæ syne se allt ti'leg i 1300=tale at mange uta'bygdest åtte jor' i mange tå gar'om på Fron, og dæ va kanskje itte mange gar'menn som heiltopp va sjøleigare, men brukte meir og mindre tå gar'om te leige mot årleg landskjyld. Den gamle lendermannsslekta Eldjarn og Gjæsling frå Val=bjørg og Sundbu på Vagå, råkå ein som eigare tå jor'veigje både på søre og nørdre Fron fyrst på 1400=tale, og dæ ser ut te at ho ve gjiftarmål og kjøp stadaugt auka jor'eiga si i bygden. Sume tå slekten vart ettehand buandest i bygden, på naugre tå di større gar'om, slike som Hårelsta og Mellby i Kvikne, Kongsli i Ruste, Nørstgar' på Sør=Fron. Ellest åtte Gjæslingan jor' ette heile dala. Brattan på Bjølsta i Heidala ha nok au jor'eigo på Fron, men dæ ser helst ut te å ha vore mindre tå di over Fron og i Sør=dala, kanskje mest i Nor'dala. Å kunna få pålitelege utgrei'ingo om desse slektin med alle greinom, både på Fron og di hine bygdom i dala framette åt reformasjonsti'n har hit=te itte vilja lykkast.

I di gamle skinnbrevom framover te 1500 møte ein fleire namn som sikkert gjøme på rike jor'eigare, men som dæ itte let se gjera å få meire kjennskap åt. Tu menn, Tore Døl og Torgjer Døl, visst far og son, va buandest i Fron i ti'n millom 1440 og 1530 og dæ ser ut te, at døm ha gar'e på fleire kante både i Kvikne, Ruste og Kvam, og gjenne kjøpte jor' som vart sett fal. Men någå meir om desse tu er itte å kåmå ette med.

I 1497 senda bøndan i søre Gullbransdala eit klagebrev åt konga over den har'e medfer'a døm lei' tå fautom, som lensherrin på Akershus ha uppi bygdom te å krevja skatt og sea rett millom folk. Desse fautan va jemnt over ut=lendinge, okjende med folkje og skjønte itte norsk lov, defor tok døm range avgjer'e og gjor' stor orett på bøndom, vold brukte døm radt, au. Klaga hjål'te vel itte my', men desse fautan bar se nok ovør'e åt, for dæ va såmå klaga frå fleire stelle i lande. I 1496 og 97 gjor' bøndan på Synnmør og på Romerikje opprør og slo' ihel kår sin tå desse bonde=plågom; men dæ enda med har'e straffe for bøndom, naugre

misste live, sume vart landlyste og di andre vart lagt i stygge bøt. Dæ 15de hondreåre må ha vore ei myrk, vill og rå ti' i lande, og imillom dølom har dæ nok hellanitte vore fred, ro og go' folkeskjikk.

Så kom reformasjonen i 1537 og vart i namne, om itte i gagne, innførd te i 1539. Ha Luther-læra vorte gjort kjent millom folkje med ei folkeleg og grei forkjynning tå duglege menn, vilde ho truleg omskåpå dæ ville og sedlause live som rådde i store strok i Nori'. Men Luther-læra kom hit på såmå gjer'a som kristendomen med eit maktbo', någå arbei' med å forkjynne den nye læra så folke kunn' eigne ho åt se med tru og vilja ette fritt val, vart itte gjort, den nye danske „kirkeordinansen" skull' gjelde med ein gong. Prestan fekk vale millom å skjifte tru hellaug gå sin veig, og mest alle tå døm tok nok ve den nye læra med di såmå, for å kunna sitja i kalle og ha levebrø'e. Men ein kann tenkje se kå ein slik bråsnu i di gudelege va ver', både for prest og almugje, båe va like katolske som døm ha vore og vart dæ, au, for dæ meste, meir hell ein mannsalder framover.

Eit slikt truskjifte som bli te-sagt folk med lov, forutta djupare åndeleg fyryarbei' og opplysning, vil lett føre med se, at folke kjenne se avlågå i tru og tankeliv, misse vørna'n både for se sjølve og gudslive. Så gjekk dæ mest jemnfare her i Nori' ette reformasjona: villskap og alle slags odygde fekk slik makt over folkje, at ei verre ti' med osamna, vald, drap og sedløyse har dæ itte vore - sea lande vart kristna. Og slik heldt dæ se nok mest te reformasjonshondreåre bar te å gå ut. Så gale som på sume andre kante va kanskje itte live millom folk her i dølabygdom, ein kann iminste itte sjå store merkje på dæ, men at dæ tok ti' au, førr Luther-trua vann den inngang hos folkje at ho vart ei livsmakt, er visst. Og någå anna kann mest itte vera å vente, hell, for med desse „overgangsprestom" frå di katolske kjørkjun kunn' itte den nye kjørkjelære setja rot og vekse. Dæ tok ti' førr latinskulan i stiftssta'om vart omlagt te lutherske skule, så døm kunn' lære opp preste åt di nye kjørkjeskipna, for dæ va berre eit lite fåtal tå døm, som vilde bli preste, som ha rå' med å studere ve universitet i utlande. Oss fekk nok

itte så få preste frå Danmark, men der i lande va dæ nok itte overflo' på preste hell, og sålest kom dæ i mange bygde te å vante preste, så sume kjørkjo sto' obrukte i årvis. Dæ gjekk nere på di 50 åra førr dæ vart skjikkeleg opplærde preste i alle kall, te å forkjynne den nye kjørkjelæra, og fyrst da og onde te=syn tå fleire dugelege bispe, tok Luther=trua te å vise si livsmakt i folkje.

Ve reformasjona vart Hamar bispedøme sli'i ihop med Oslo te eitt, og da dette store bispedøme med di fyrste bispom sine va heppe te å få någå dugelege tesynsmenn, vart nok my' katolsk surdeig utrydda, og den nye læra tok lite om senn te å skåpå eit be're og reinare liv millom folkje i bygdom.

Førr truskjifte ennå va kome i rett lag og fast stø'e, fekk oss ein stygg ofre med Sveri', Sjuårskri'a døm kalla, for di 'n heldt ve i sju år. Svenskan for stygt åt med raning og brenning her i lande, trøngde se midt inn i Hemarka og øyla Hamar og domkjørkja der, senda røvarhope på imse lei'e og ha ein slik ein radt uppi østre Gausdal. Sist tok svenskan Nidaros, men vart nå jågå ut att derfrå te=slutt. Bøndan skull' ellest itte i desse kri'n vise se kåkje viljauge hell dugelege te å forsvårå fedrelande, og sume sta'n nekka døm beint ut å gjera tenest. Valdersan gjord' enda ser=fre' med svenska for itte å kåmå uppi ofre'n. Frå Gullbrans=dala er dæ itte andre minne um Sjuårskri'a hell denne røvar=fer'a uppi Gausdal og dæ har itte vore sport, at dølan nekka å vera med å forsvårå lande. Dæ va ei fæl ti' både sy'nafjells og nor'afjells med denne kri'a sto' på, og alle forhold vart opprivi og avlågå; og for di nye kjørkjelærun som ha havt berre stutt ti' å gro 'ti ennå, va ho nok itte bra.

Om di fyrste prestan på Fron ette reformasjona veit oss itte meir hell dæ vetle, som førr er skrivi her i boken om Fronsprestan, men Fron va nå eit så godt kall at dæ lyt tenkjest, at dæ laut vera preste med go' opplæring, som kunn' få dæ. Dæ va nå oråd for ein prest å gjera tenest i alle kjørkjom i di store kalle, såmange som døm va trast ette reformasjona, og sokneprestan laut defor helde kaplan, men om desse høve er dæ itte någå å finne.

Ve hondreårsskjifte 1600 kom dæ naugre så reint utu'=måta har'e o=år over lande, at dæ vart ei slik nø' ette, at ho alder ha vore så gale kåkje førr hell sea; 1599 va dæ over heile nor'parten tå Europa ein framifrå har' vinter, og her i Nori' slo' 'n nok itte tå. Somårn i 1600 heldt ve med låkt vær, og nor'afjells vart itte grastuva grøn på nor'si'a somårn igjenom, og så kom snogen for fullt ålvår ve Barsuk (24de august), sjukdom, svult og farsotte herja så orimeleg, at dæ såg ut som at bygdin måtte døye ut. Om nøa her i søre dala er dæ itte gjømt någå minne, dæ kann hende ho va itte så har' her som sume sta'an nora fjelle, men dæ vart nok skogen, fiskjevatna og reinsfjelle døm laut bergje live med dølan, au, i desse fæle o=årom.

I 1612 om hausten i skuronnti'om kom skottan og slage i Kringom sto' den 26de august. At Frøningan va med i Kringom er nok itte å tvile på, enda dæ itte er nemnt nå'n på namn i di gamle segnom om slage. Fauten, 'n Lars Gram, som da budde på Steig, va itte med i Kringom, men tok se stø'e i Elstakleiven for å tå skottan der, om så skull' hende, at dæ glatt på døm i Kringom. Dæ va Gausdøle og Øyvere fauten ha te mannskap, Ringbyggjingan va au med i Kringom; kålest dæ nå va, at Fron og Ringbu itte ga se med fauta, dæ va kanskje itte stort mannskap 'n ha, hell, for dæ va vel trast helde for, at dæ galdt mest om i Kringom.

Ti'a og folke i Gullbransdala va vel ihopattgrødde ette nø'n og sottom omkring hondreårsskjifte, og både folketal og næringsliv heldt på å treka se te att, Kringomslage skapte ingor nø', m'a, men ista'n ga dæ kanskje itte så liten kveik i forsvarshauga hos dølom, og va te stor ære for døm, vidt og breidt. Men i 1643 braut dæ laust med ofre' med Sveri' att; Hannibalsfeida våra i 5 år te 1648, og Nori' miste både Jemteland og Herjedaln. Dølan va nok utskrivi og va med, og om dæ finst dæ naugre minne i rettsbøkom. Allt i 1618 va odelsbøndan pålagde å kjøpe gjevær, „husgjevær" som døm seinar kallast, med bajonett, lo'ty, bandtlær og sabel, og åt desse våbnom fekk bøndan itte så lite peningutlegg, minst 100 krono i våre peningverd. I 1628 gjor' 'n Kr. 4 faste avgjer'e om ein norsk hêr med sylaterlegde på gar'om,

mondering og våben; gjeværa som vart kjøpte i 1618 vart nok for dæ fyrste ti'i med te legdsgjevær, og da dæ vart utskrivi mannskap åt Hannibalskri'a vart husgjeværa med så langt døm rokk. My' tå gjeværom vart reint borte i ofre'a og my' vart obrukelege, og detta klågå bøndan på og kravde antel å få att brukbare gjevær, hell godtgjersle. Om dette vart fautan pålagde å sanke opplysning og vitnemål på tingom i 1651. På tingje på Fron vart dæ vitna, at kaftin Iver Duus skreiv ut 26 mann med „bondegjevær" (husgjevær) og kost for 4 måna'. Dette mannskape låg 14 dågå i Oslo, masserte derfrå åt Midtskog og seinar åt Vestmarken der døm låg ei ti', og så vart døm sende attende åt Oslo. Da utnistinga nå vart ende, fekk døm 1 månaskost i Oslo og masserte åt Østmarken og bygde ein skans i 14 dågå. Frå Østmarken laut døm rykkje onda fienda attende åt Midtskog, og sea åt Morads skans i 8 dågå — inn i Sveri' 14 dågå fyry jul. Frå Sveri' kom døm att om Oddevald 14 dågå fyry påske; i Sveri' vart dæ har't om mat, og døm laut bergje se som døm kunna. Frå Oddevald barst dæ åt Halland og va der i 14 dågå, og i di ti'n fekk døm berre 3 ort å leva tå — så derfrå åt Friksta og va i kvarter hos byfolkje i 2 måna' på derest kost. Herfrå gjor' døm ei fer' inn i Sveri' att åt imse stelle i 14 dågås ti', men forutta kost som døm sjølve laut skaffe se slikt som dæ fallt. Attende åt Friksta i 8 dågå på kongens kost, derfrå åt Båhus. Nå va alle klæin derest utsliti, og da døm så vart åvtakka da døm kom åt Oslo, va dæ sume som fekk våbnkjole.

Någå seinar vart dæ tå kaftine, 'n Jørn Bjelke, skrivi ut 8 mann. Døm fekk gjevær på Akershus og i 3 viku 3 ort kår viku te kost me'a døm arbeidde på festningsvollom på Hovedtangen. Frå Oslo barst dæ åt Morads og Sveri' te om vårn, kom der frå att om Oddevald; døm ha kongens kost stadaugt te kri'a va slutt. Døm fekk ve avreisa åt Sveri' rau kjol og rau luve, blå brok, ette som døm trongde; klæ'in vart utslitne, men dæ, som att-va, leverte døm.

Ein løtnant von Weide kverva 13 leigesylatere som fekk 1 rd. på hånda, alle desse 13 vart, sume ihelsli og sume dø på an'n måte, ingen kom att i bygda. Ette desse har

dæ sålest vore utskrivi 34 og kverva 13, ialt 47 menn frå Fron åt Hannibalsfeidun. Nå va dæ fre' i 9 år, men da braut Krabbekria laus i 1657, 'n fekk namne sitt ette di øvste herførara, 'n Iver Krabbe. Svenskan tåpå på sume kante, men nor'afjells enda dæ med, at døm tok både Nidaros og heile Trondøms lên. Dette dauhougge vekte nor'mennan opp, og døm samla se og ga se itte førr døm tok att både Nidaros og lêne, og med di hjålpte Gullbransdølin te som dugelege kare. 500 døle onde tu bondekaftine, 'n Hans Taulsta frå Våga og 'n Kristen Bø frå Gausdal, ga se go'viljaugt og på eigje kostna med å omlegre Nidaros te svenskan laut gje tapt. Med å samle dølan den gongen, la den namnsporde Fronspresten, 'n Iver Petrus Adolfus, se godt i selan, sålest som dæ er nemnt om onde Fronsprestom, sjå prestra'a.

I di 4 årom millom 1675 og 79 va dæ ofre' att med Sveri', og dæ våbenføre mannskape va ute; denne ofre'en er kalla Gyldenløvefeiden ette stathaldar Ulrik Fr. Gyldenløve som va herførar i desse kri'n. Någå serleg frå desse ofre'a som ve'kjøm Fron og di hine dølabygdom er itte sport, Gjylløva va ein dugeleg herførar, og her i dala va 'n vellikt tå folkje fordi 'n va ein gjemensleg og rettvis kar, ein lentaug stormann som folke tykte om. Di norske sylateran vart meir og meir oppøvde i hertenesten i alle desse ofre'om med Sveri' og viste se fleire gongo å vera dugelege sylatere, Gyldenløvefeiden ga sålest herstelle og forsvarsdugleika ein stor framskuv.

Nå ha Nori' fre' i 30 år, men så braut dæ laus ein ny ofre' med Sveri' att som i dæ heile vårå i 11 år og herja både synna- og nor'afjells, dæ va „den store nordiske ofre'n" millom 'om Karl den 12te i Sveri' og 'om Fredrik den 4de i Danmark—Nori'. Nor'mennan forsvårå se som dygtauge kare i desse ofre'a og oss har mange ærefulle minne frå desse ofre'sti'n, som enda med di 'n Karl den 12te fall for ei kule frå festninga på Halden. Denne lange ofre'n tok har't på lande, og dæ har vore helde for, at dæ misste treaparten tå folketale på di ølløv årom. Sylateran sleit sume ti'e svært vondt i kri'a og på Fetsund ve Glåma rømde dæ i 1715 him itte så fåe døle, pålag 100 nor'døle og vistnok

någå 'slikt frå søre dala. Fauten heldt forhør på døm om hausten og vilde veta, kåfor døm ha rømt fra „posteringen ved Fetsund“. Alle som ein svårå, at for dæ fyrste va dæ svulten som heldt på å øyleggje døm, dæ gjekk ein heil måna' som døm itte fekk kåkje kost hell kostpening, og va så klæ'slause, at døm itte lenger kunn' skjyle kroppen sin, døm laut gå og betle for å hangle live. For dæ andre søkte døm gjeneral Lovsov om å få himlov og mellte åt honom kå gale dæ sto' te med døm, og han ga døm dæ svare, at så fort fienden rømde lande, skull' døm bli åvtakka. For dæ trea fekk offesjeran derest ordre om å hå se åt Danmark, så døm vart foruta' offesjere au, og da visste døm se itte annor råd hell å fårå him att, da døm ingen ting åtte å bergje live med. Om døm vart straffa er itte kjent, kå strenge „kri'sartiklan“ va, kunn' dæ hende dæ her vart brukt nå'e ista'nfor rett.

I 1760 heldt Danmark på å kåmå i ofre' med Russland da keisarn Peter III gjor' krav på Slesvik som 'n ha arve=rett åt, Danmark laut i 4 år frå 1758—62 helde 30000 mann i Holstein, og døm låg i lang ti' like sø' i Meklenburg. Tå desse mannskape va dæ itte mindre hell 8000 nor'menn ut=kommandert frå heile lande; nor'mennan ha or' på se for å vera tyngda i troppestyrkja, dæ danske mannskape va berre kverva rask. Dæ vart itte någor slåsting tå, da 'n sar Peter vart myrda, og di norske troppin vart senda him att i 1762 og 63, di frå nor'a fjelle fór gjenom Gullbransdaln, „Nor'=landsfolke“ som døm vart kalla her, og dæ va slik sjau med friskjyss åt offesjere, førning, husvero og kost, at faut og lensmenn vart mest trøttkjørde.

Åre fyry Skriusomåra, 1788, va dæ ogreie med Sveri' att, og onde 'om prins Karl frå Hessen drog ein herstyrkje på 12000 mann inn i Bohuslên. Felt=toge vårå itte meir hell naugre måna, og sylateran slapp him=att utpå vintern, nor'=mennan vann over svenskom ve Kvistrum=brua og tok omkr. 800 mann te=fange, 10 kanone og my' førning. Ellest va dæ itte stort te slåsting hell någå mannfall. Men va dæ itte mannfall me'a felt=toge vårå, kom dæ så my' verre ettepå; dæ va sørgt så ilendaugt både for mat, klæde og sjukestell,

at dæ braut ut sjukdom, så sylateran dø som flugu, iallt skull' dæ ruke med 4000 mann i brakkom og i sjukhuse på Friksta, og di attlevande tå di nor'afjelske troppom heldt på gå te tå frost oppigjenom Østerdaln.

Dæ va itte å vente at dæ norske herstelle, som dæ vart ordna onde 'om Kr. 4, vart vellika i fyrstningen, for dæ la både utgjifte og stor tyngsel på bøndan; 4 fulle gar'e va 1 legd, 8 halve likeså og 16 øygar'e. Kår legd va pliktaug te å helde 1 sylater med full rustning, og i ofredsti'e, slik som i Hannibalsfeidun, 3 måna's kost. Ette desse kunn' lande stille någå over 6000 fotfolk. Seinare vart legdsdelinga innknipt te 2 fulle gar'e i legden, 4 halve og 8 øygar'e. Legdssylateran skull' tåkåst inna'for legda og va pliktauge te gjera tenest i 3 år, i di årom skull' døm tene hos legdsbonda og itte fløtja ut. Alle skull' gjera sylatertenest, og ingen som itte dæ ha gjort ha lov te å bygsle hell tå imot ein gar'. Sylaterøvinga gjekk for se ve kjørkja om syndågån kompanivis, og kårt år va dæ battaljonsøving. Sålest vart nok forsvarsstelle ei stor tyngsle på bøndom, og i di årom Hannibalsfeida sto' på, vart dæ attpå utskrivi store skatte som heldt ve di neraste åra ette ofre'a, au. I 1645 va dæ utskrivi ein „12 dalersskat“ med 12 riksdale på ein full gar', 6 på ein halv og 3 på ein øygar'; i årom 46, 47 og 48 va dæ „seksdalerskat“ og i 49 og 50 „firedalersskat“. Attåt landskjylden og di andre utreidslom lyt ein ondre se på, at bøndan sto' ut med å svårå desse store skattan, så lite pening som dæ ennå va millom vanlege bønder, vissa i fjellbygdom. Hannibalskri'a va planlaust ført, og sylateran ha lite og inte te oppøving i stri' og offesjeran va for dæ meste tyskere, hollendere og engelskmenn som lite forsto måle og hauglage åt di norske hersveinom. Allt dette ihop att va itte lugumt te å gje landsforsvare samhaug hos folke.

Men dette snudde om smått om senn. Den folkekjære herførarn, Gjylløva, synte se å vera ein dugeleg hermann som førde troppin sine te å vinne over svenskom gong på

gong — mannskape lærde å tru på se sjølve og dæ tok te å gro opp sylaterære 'ti døm, såmå ti'a som døm fekk meir og meir oppøving og vart fullduglege hersveine. Da Gyldenløvefeida va slutt kann ein rekne for, at oviljan mot landsforsvare va brote, og dæ tok te å bli ei manns ære å ha „tent kongen“ som ein bra hersvein. „Krigsartiklan“ frå 1705 gjet au på den æra ein kongens kar skull' hå: „i de 9 år (som tenestti'a da ha vorte) han står i rullen skal han agtes og æres fremfor alle andre unge karle, have øverste sæde ved alle gilder og gå foran sine jevnlige“. Meir og meir forsto heile folke kå landsforsvare ha å sea, og kjende den trygda heren va for landsens velfer' og framvokst i bygd og i by.

Dæ va har't om offesjere og førare i di norske hera i fyrste ti'om, og allt i Hannibalskria vart nok ein og an'n tå di duglegaste bondegutom sett te troppssjeve hell onderoffesjere, og i Gyldenløvefeiden vart nok dette ennå meire te-felle. Denne stillinga vart meire og meire gjæv, og någå lenger fram i ti'n laut desse onderoffesjeran gå igjenom eit opplæringsskjei', særskilt „reformere“ som dæ kallast. Nådde dom så opp te å bli dæ oss kalle kommedersjersant, fekk døm dæ fine franske namne „capitein des armes“, og kunn' på langt mål tene se opp te løtnante og imillom te kaftine. I sume tå bygdom i dala ser dæ ut te at bondesøne med go'e evno ha liv for hertenesten, serleg ha Gausdal ei ti' mange slike „capitein des armes“ som rokk opp te kaftinsstillingo. På Fron er itte nå'n slik kjent, men bygda ha framigjenom ti'a fleire onderoffesjere. Itte førr omkring 1750 vart dæ i Oslo ein skule som ga opplæring i herstell og krigskonst. Sylateran sto onde omenneskjeleg strenge tenestregle i di gamle ti'om, og da storhopen tå offesjerom va någå fæle har'jønn, vart sylateran ofte straffa på ei stygg gjer'. Desse stygge og råe militære straffemåtan heldt elles ve te over midten tå di 19de hondreåre — døm trudde døm laut hå døm for å helde mannstukt millom sylaterom.

Så langt attende som i Kr. 5tes ti' va dæ ei livvakt i Kjøpenhamn, ein „garde“, livgarde, tå kverva sylatere med tu avdelingo, hestgarden og fotgarden. Døm ha vakthalde

om di kongelege og om slotte, og va med på stas ve imse høve, i eksisa fekk døm go opplæring i alle slag stasøving og i finsleg tenestgjering. Gardistan va be're og staselegare klædde og ha lite større løn hell vanlege sylatere, tenestti'a va 6 år. Garden va kanskje for dæ fyrste kverva mannskap og ein og an'n nor'mann vart med 'om ei ti'. Desse nor'mennan i garden va nok staute og sterke folk som viste se utu, og så vart døm svært gjæve te gardiste, både tefots og tehest. Ein tå oldenborgarom fekk haug te å ha se ein livgarde tå slike store, røsslege kare, som garden hass Fr. II hadde i Potsdam, og så barst dæ te å kverve gardiste i Nori'. Men dæ laut vera friske, sterke og staute folk, som heldt minst 72 tumme på berr fot og itte va rauhærde. Heile livgarden vart meir og meir nor'menn, og te-slutt berre dæ slage; va dæ sume ti'e trongt om å kverve nokk mannskap åt livgarden, vart dæ utskrivi på vanleg vis millom di tenestpliktauge.

Mange tå stautaste ongdoma i dølabygdom millom 1730 og 71 gjor' tenesta si i livgarden i Kjøpenhamn; mange gjorde se gagn og nytte tå desse årom på imse gjer'in, for live va nok lenger frammóna i Kjøpenhamn hell her uppi dalom, m'a; men mange ha både skam og ska'e tå gardelive sine, lærde se opp i otukt og ogjær'e og kom himi bygdin sine att som storskrytare, slåstbikkjo og okjuro. Derimot va ein velseda gardist helde for ein gjæv kar som folk gjor' ære på i lag, samkomo og arbeidsliv. Og desse som ha tent konga sjøl, døm ha nytta friti'in sine te å lære mangt, sume lærde se både lesing og skriving og kom att med bøk i skreppun, sume ha lagt se ette handverk og sume ha fått ein tankje om konst, for dæ va så mangt å sjå i Kjøpenhamn. Dæ va mestsom ver'a ha vorte vi'are og live lettare og friare for døm millom fjellom her hime.

Grannskape vårt med svenskom vilde dæ alder bli någor gjær' på, såg dæ ut te; og i 1807—09 va dæ ope ofre' att, verre hell førr, au, for nå ha oss attåt både England og Russland imot oss. Dæ vart nå svenskan oss fekk slåst med på landjor'n, te all lykke vart dæ itte någor lang beite ofre'n vårå, og itte greidde døm å gjera kål på oss hell; oss har

att minne frå desse ofre'a som oss har ære tå. Men dæ såg itte ljost ut for Nori' den gongen med matløyse, klæløyse og svarte armo'a.

Og endeleg nådde oss åre 1814 og siste ofre'skula med di gamle granna våre atta'for kjøln, braut laus. Allt va som å stire inni svarte vonløysa: ein mannsterk fiende med stormaktom te trygd, hime i Nori' o-år, matløyse og eit øylagt peningstell. Men folke ga itte opp, og sylateran slost som kare i fillom sine, ofte med kost tå heil havre og turrfisk. Den 17de mai rann opp 1814, og da nådde Nori' eit langt steg fram i fridom, sjølstende og folkelykke.

Om di meste tå døm som har vore med frå bygdom i Gullbransdala i alle desse basketakom for å forsvårå fedrejor'a, er minne på dæ alleneraste slokna ner dæ ber attom di siste hondre åra. Sålest er dæ på Fron, og sålest i hine bygdom, og dæ er eit serhende ner dæ te seinaste ti'om her i bygden har livt att minne om ein hersvein imillom 1701—13, som va med i di spanske „ervefølgjekria“. 'N Fredrik den 4de leigde ut danske sylatere åt Tyskland, Holland og England i di „spanske ervefølgjekrin“, og dæ va nok omkring 20 000 mann 'n sålest iallt leigde ut. Någun fin måte å slå pening på va dette itte, nå va dæ nok kverva mannskap som kongen leigde ut, men attåt va dæ itte så fåe norske sylatere, som va utskrivi te tenest og låg i Danmark, som vart sett med i di utleigde troppom og kom te å gjera krigstenest på imse stelle utta'lands i 11 år, millom 1702—13. Di norsk-danske troppin kom i desse årom te å stå onde sume store og namnsporde herførare, slike som Marlburå og prinsen frå Savoyen. Døm fekk overlag te go'e or' på se for å vera duglege herfolk, herføraran roste døm stadigt og ga døm æra for, at døm i fleire store slag va med og gjor' dæ go'e utfalle.

I di stykkjy som kjem her nest ette er samla naugre minne um sume tå di Frøningom som va med å våga liv og blo for konge og fedreland i di gamle ti'om.

FRØNINGE SOM VA UTE I OFREDSTI'E.

Oss nemnde nyst at dæ ennå hekk att minne om ein frå Fron som va med i „di spanske arvefølgjekria“ og han va frå Tverrbygden i Skåbu og va ein husmannsson som va fødd pålag 1675. 'N heitte

1. *Jakop Persson Kleiven* og vart med i di danske leigde troppom åt Tyskland, truleg 1702, her gjor' 'n tenest både onde prins Eusjen og Marlburå og va med i fleire store slag og omlegring tå bye. 'N Jakop livde ennå da Holsteinkaran vart utkomedert i 1759, og da 'n hørde dæ skull' berast åt Holstein med døm sa 'n: „Ja, åt Stormarn i Holstein har døkk åtte reiso tjuge mil (8 × 20), men eg har vore åtte reiso tjuge mil ne'afor der au, eg. Der skjønte eg itte anna mål hell ner hondan søkte og kjy'n rautte.“ 'N kunn' fortelja at live va på vågskålom meir hell ein gong: ei julnatt gjekk 'n sålest storm-stegan tri gongo, døm heldt på å tok ein by med storm. Fyrste vendinga gjekk 'n for se sjøl, den andre let 'n se leige for 'n an'n ein „og da råkå eg ein offesjer oppå festningsmura som sto' med lyfta kåre, beint oppover meg — ein tå oss laut bli att på mura, og dæ vart eg som kom ne' att,“ 'n grêt 'n Jakop ner 'n fortalde om dette. Trea gongen laut 'n opp storm-stegan og da va dæ attista'n for ein, som va rømt sin veig, „og ha eg råkå han da eg kom ne' att, skull' 'n vore fer'aug her i ver'n,“ sa 'n Jakop, „da eg kom ne' tå mura siste gongen, va dæ som eg itte sansa anna hell stein og murvegg.“ I Rensborg tykte 'n dæ va trivleg, „ha ho sti'i der den stakkars hytta mi så

vilde eg butt der, for der trur eg småfolk ha dæ godt, dæ va mindre pris på di ein la uppi gryta der, hell på di ein la onde," sa 'n.

Da 'n Jakop Kleiven fekk fripass og nådde åt Oslo, gjekk han derfrå åt Kvikne på 3 dågå, „enda gjekk eg oppå Ner=setra åt kjeringen mine førr eg la meg," la 'n te ner 'n for=talde om himfer'a si. Folk ha stor haug te å høre 'n Jakop fortalde om kri'n og om utlande. Klukkarn på Fron[1] va så utgjord te å høre 'n Jakop fortalde, og ner 'n seint om laur=dagskveldan kom åt Graupe der presthalde va, senda 'n støtt bo' ette 'om Jakop, og så sat døm prata langt utover kvelln. Eingong sporde klukkarn om døm itte va redde ner døm gjekk i slag. „Redde?" — han tok i ei fæl bøn — „va eg meire redd ner eg gjekk i slag, hell eg skull' gått på eit dansargolv!"

Tå døm som låg ute i ofrea i 1788 er dæ såvidt att minne om tri som va med. Dæ va 'n

2. *Ola Ivasson Nistugun,* „Gammel=Nistuguin" som 'n gjenne vart kalla i bygden ette 'n vart eldre. 'N Ola va fødd 1764, ein førvukse, stor og magtaug kar, tøyg tå se og smålentaug. Han va med i herfer'n hass Karl frå Hessen inn i Sveri' i 1788; 'n Ola va gjift og da dæ va våbenkvild frå november 88 te i mai 89 va di meste tå gjifte sylatere hime i våbenkvildun, og dæ va 'n Ola Nistugun, au. Døm sporde 'n Ola kårlest døm ha havt dæ med levemåte i Sveri', „åjau oss ha stomp, oss, og vatn va dæ der," svårå 'n. Me'a 'n Ola låg ute i 1789 rasa Offsin om somårn og reidde åv jor'veigan så dæ itte va att ein oskadd gar' kåkje i Kvikne hell Skåbu og i Nistugun gjor' skriun stygg åvreitle.

3. *Jehans Jehansson Hågåstugun* va med i Sveri' 1789, 'n Jehans va au Skåbyggjing og va nok ein riktig godt go=te=se kar. Da presten Hjorthøy fløtte åt Bergen i 1783 va 'n Jehans med 'om. Seinare tente 'n se opp te løtnant ve gar=nison og va med i Sveri' 1789; han leitte opp dølin og kjenningan frå himbygden og ba døm berre å vera oforfer'e, itte spårå, men tå åt se tå di døm kom over. Me'a 'n sto

[1] 'N Kristen Lista den eldre.

sålest og la ut for døm kom dæ ein garnison springan med ein sau på nakka, „sjå der sêr døkk eksempel, der!“ sa 'n Jehans. Med di såmå 'n Jehans Hågåstugun fekk høre, at gullbransdølan skull' kommederast ut skreiv 'n him og sa: „jeg tror at dølerne skal komme til at græde en slap gråd.“

4. *Knut Bekkjom* va frå Kvikne og va ute i 1789; da døm skull' marsere iveig va dæ mange tå sylatrom som gruvde se, men dæ gjor itte Bekkjomen. „Å, gruve itte, guta!“ sa 'n Knut — „nå ska oss inni Sveri' og skjote ihel kongen og eg sjøl ska E' leggje meg hos dronningen!“ Dæ va ein gong sylateran dreiv og rødd opp 'ti ein skog, fellte tre og braska. „Ha oss nått 'ti svensken, au nå, så skull' 'n fare såmå fer'a!“ sa Bekkjomen. Ein an'n gong heldt døm på å plondra 'ti eit hus; 'n Knut kleiv opp og tok ein kopp som sto' på ein skåphimling. 'N kvølvde koppen n'i brø'=påsån sin berre så dæ skrangla, og di andre som va med trudd at 'n Knut fekk 'ti 'n slomp skilling den gongen.

Fleire hell desse tå døm som va med inn i Sveri' er itte kjente; itte så fåe tå di tenestpliktauge sylatrom va i fest=ningstenest på Kongsvinger og tå døm do dæ tu i 1788, 'n Ellan Pålsson Isom 27 år og 'n Frek Amundsson Vik 28 år. I 1789 dø 'n Jo Amundsson Melgar' 29 år.

Tå døm som låg ute frå Fron i 1807—09 kjennest namna på desse:

5. *Eilev Olsson Moa* frå Skåbu, 'n va med ve Tobru (Toverud) den 19de april 1808; 'n reidde se fælt te i slagje med lort og blo', og såg fæl ut då 'n om mårrån råkå 'n Pål Sjurhus, ein tå sambygdingom hass som itte vart med i slagje. „Her kann du tru dæ har vore moro inatt, Pål!“ sa 'n Eilev, „nå skull' eg gjett deg å småkå tobaken min, men eg er så jor'ot og blo'ot at eg itte kann tå 'ti tobaken ein gong.“ 'N Eilev va kanskje ute i 1814, au, for dæ er fortalt, at dæ va han som tok ut jønntappan utu pontonbrun ve Onstadsond, da 'n prins Kristian kommederte døm te å rive ho. Han la tappan frammed ein bergnabb, „og der ligg døm nok den dag idag“ trudde 'n Eilev, når 'n seinar i ti'n fortalde om dæ.

6. *Lars Dalshauga,* bror hass Eilev Moa, va au med

ute i 1807—09, va ein kar med godt hugu og godt go-for-se. Da 'n va ute i ofre'a heldt 'n på skull' bli sjersant, men dæ glatt. „Dæ kunn' vorte kar tå meg," sa 'n Lars på sine gamle dågå, „men E' vart heftan' i brennvinsskafta, og — enn slikt mål som eg ha, da!" Om desse tu brørn bli dæ fortalt meir seinare.

7. *Per Steinersson* frå Ruste.

8. *Ellan Hågå* frå Skåbu, han dø i sotten me'a 'n låg ute.

9. *Jehans Brennun,* Skåbu, dø på Vinger.

10. *Pål Sjurhuse,* Skåbu.

11. *Pål Herahole,* Skåbu, dø i sotten.

12. *Ellan Persson,* Skåbu; han skull' vera reint eit stor-hugu i astronomi, men va nok någå ha'le kjær om dæ sterke. Da 'n låg ute va 'n slik kar te å eta, at døm trudd 'n heldt tå se sotta med di, for 'n Ellan slapp onda henne, han.

13. *Sjur Larsson Dala*, Skåbu, va utkommedert te vakt på Vinger.

14. *Iva Olsson Nistugun,* Skåbu, son åt no. 2 og den eldste tå tu brør som båe låg ute. 'N Iva va eit godt hugu og skreiv bra for se, 'n vart sjersant me'a 'n va i ofrea og trulåvå se med ei gar'mannsdotter itte my' langt frå Oslo, men 'n Iva dø førr døm gjifta se.

15. *Tor Jehansson Hågåstugun,* Skåbu, va landver' og sto' vakt på Kongsvinger. Frå honom er dæ att 4 brev som 'n skreiv him frå Vinger åt bror sine; i siste breve som er skrivi den 10de januar 1809, nemne 'n ei lang ra' med nor'døle som er døe og ein ser at sott og sjukdom, svult og vanstell herja på fa'leg vis. Han va frisk enno, men den 27de februar skriv no. 13 åt bror hass Tor, at din „broder Tord Johannessen er nu død og begraven for en dag eller to siden".

16 og 17. *Ola* og *Erik Melgar* frå Sør-Fron, tå døm va 'n Ola med i 1814, au; båe va tambure og 'n Ola sto i tenest som korstambur te i 1818.

18 og 19. *Hans* og *Tjøstel Renshus*, Sør-Frøninge og brør; 'n Hans slapp him att førr kri'n va slutt og tok imot gar'a. 'N Hans va ein dygtaug gar'brukar og ein omtenkt kar og attåt va 'n go snikker, dæ finst att tå arbei'om hass,

imillom anna eit skåp så godt gjort og fint for=se=gjort at dæ ska leitast ette måkå ve dæ.

'N Tjøstel Renshus kom åt Kjøpenhamn da kri'n va slutt og va der ei ti'. Da 'n kom him att ha 'n med se bøk tå mange slag og budde 'ti eit hus for se sjøl og der dreiv 'n ti'a med å lesa og låte på fela. 'N Tjøstel va ein tru te=hengjer åt Voltær, og ner 'n kom i prat med folk hermde 'n ofte kå Voltær sa um dæ eine og andre — allt den karn ha sagt va rett og riktig. Stugo hass i Renshus fekk namne Tjøstelbua og der livde 'n og dø ogjift.

20. *Pål Herahole,* Skåbu, dø på Vinger 1809. Dette er døm som er kjende på namn tå di sylaterom som va ut=komedert i 1808. Någå mannfall i slag tå nor'dølom har itte vore nemnt, men millom landvêrs=sylaterom som va ut=skrivi te å gjera vaktenest på Kongsvinger, dø dæ itte mindre hell 14 landvêre og 2 musketere.

I 1814 er desse sylateran kjende:

21. *Ola Jakopsson Kleiven,* Skåbu.

22. *Frek Fosse,* Skåbu.

23 og 24. *Tor Sveinsson Risdal,* Skåbu, og bror hass 'n *Ellan* som dø i Oslo.

25. *Tor Olsson Nistugun,* Skåbu, den andre tå Nistugu=brørom, sjå no. 14. 'N Tor va ein stor, før og staut kar, men da 'n berre va 18 år da 'n vart utskrivi i 1814, tok her=live så har't på helsa hass, at folk trudd 'n fekk ein knekk tå di så 'n itte vart den 'n kunn' vorte.

26. *Tor Hysjuli'n,* Kvikne, sto ve fribattaljon.

27 og 28. *Ola Li'n,* Skåbu, og bror hass 'n *Tor Li'n;* desse tu brøran va håndverkere båe, 'n Ola klukkmaker og 'n Tor sølvsme'.

29. *Iva Slå'n,* Kvikne.

30. *Ola Tjyruhjellhauga* frå Kvikneskoga.

31. *Hans Maursta,* Skåbu.

32. *Hans Solbjør,* Sødorp.

33. *Stor=Per tambur,* fødd på Botta på Kolun, va nok med ute i 1808, au; sjå om 'n Per i eit serskjilt stykkjy lenger ute i desse boken.

34. *Anders Synafor,* Kvam, sterk og godt go=te=se; 'n

tålå så ofte om at dæ va ein gong i 1814 døm masserte gjenom ein stor rogåker, ein sta'n i ei tå flatbygdom. Best dæ va gjekk døm se innpå ein svenskje som va så lemlest tå ei kanonkule at dæ va ein fæl ynk å sjå, tarman og inn=volde rann ut. Denne armingen ba døm hjerteleg om å støkkje live hass så pina vart sløkt — men ingen tå sylaterom kjende se go=te gjera dæ. Da va dæ ein sersjant frå Ringbu, han som førde troppa, som drog sabeln og hougde, men gjor' dæ så kjeivleg at 'n laut hogge eit hougg te førr live va sløkt.

35. *Anders Østensson Korsta,* Sør=Fron; om han va dæ fortalt, at 'n va med 'ti ei sammensverjing mot gjeneralløt=nant Gottfred Haksthausen som sylateran misstrudd og ga skulda for allt vanstell og alle oheppo. Haksthausen skull' ellest vera ein dyktaug militer og va krigsminister hos 'om Kristian Fredrik, men både han og naugre te tå di høgste offesjerom vart misstrudde og håtå tå sylaterom og folkje i lande, vistnok forutta årsak. Denne sammensverjinga 'n Anders Korsta ha gjett se med 'ti kom uppi dagen: dæ skull' vera ein heil hop tå sylaterom som svor se ihop om å av=live Haksthausen, men da dæ gjekk i her'inga vart dæ berre 12 som vågde å stå fast og imillom døm va 'n Anders Kor=sta. Han og 9 andre kom onde krigsrett og vart dømde te å hengjast hell skjotast. Dæ skull' kåmå eit brev him åt far hass Anders da domen va fulle, og dæ lydde sålest at 'n Anders alder kom te å sjå Fron meir. Dæ va ein an'n Frøning som låg ute som senda dette breve, og tekneboka hass Anders føl'de med. Men da domen vart kunngjort for battaljone steig dæ fram ein offesjer, så oppøst, at 'n låkt kunn' styre se, 'n kasta kåra si i marka så molda gauv og ropte: „før skal min kårde springe før dette sker!“ Køm denna offesjern va vart itte sikkert sport, men dæ va gjete på åt dæ va kaftin Sadolin som skull' vera ein svært hissaug mann. Någå meire henda itte, heile greia stillna burt og døm hørde itte nemnt någå meir kåkje om samensverjinga hell dødsdomen.

36. *Aksle Fêta,* Kvam, fall i skansa ve Onstasonde; han sto jemsi's med sjersanta 'om Knut Haugje frå Sel, og heldt på lødde gjevære sitt, i di såmå fekk 'n Knut eit slag tå la=

teina hass Aksle i anlete: „men kårlest fer du åt da, gut!“ sa 'n Knut, men da 'n Knut såg te ha 'n Aksle sigji ihop og va dø. Huva hass Aksle Feta med hole ette kulun som enda live hass, ha på ei hell annor gjer' kome åt Nistugun, Skåbu, og der va ho ennå pålag 1825. 'N Aksle va nok den einaste nor'døln som fall for ei kule i 1814.

37. *Hallvor Båssån,* Kvam, va au med i skansa ve Onstasonde og han prata om, kå kvasst døm skaut med di tu kanonom i skansa ve Langenese, „dæ va som ner tu tryskare held vanleg tustslag,“ sa 'n. Da svenskan drog se attende frå Onstasonde fekk 'n Hallvor haug te å sjå burti den låvin di norske skaut på, og som svenskan heldt se i ei stond. Dæ såg fælt ut med blo' og daue folk, 'n Hallvor tok ei luve tå ein tå di fallne svenskom, dæ låg att hjerne i huvun, men ho ha eit breidt sølvbann omkring og da kaftin hass fekk sjå luva, kjøpte 'n ho for 20 rd.

38, 39 og 40. *Tri brør frå Øybrekkun* va med ute i 1814, men namna derest er itte lenger kjendt.

41. *Ola Krokom,* Sør-Fron, va ute i 1814 og va med ve Onstasonde. Dette er døm som hit-te er kjendte på namn, men dæ er sikkert mange fleire som er sokkje ne' i glømska.

Tå offesjere frå 1814 va dæ med ein løtnant Hans Kviksta som va Frøning, og antel son hell soneson åt lensmanna på Fron millom 1770 og 1790, 'n Engebret Nilsson Kviksta. Løtnant Kviksta va my' omtålå tå døm som låg ute i 1814 og va med ve Onstasonde, Kviksta va med i skansa her og skull' tå se har't frami skjotinga, løtnant Hauk va ellest den som komandera skjotinga, men han fallt og ein løtnant Ramm tok att komando'n. Men Ramm vart au, mest trast hardt såra, og da tok Kviksta komando'n over skjotingen og dæ va gut som itte va fælin — 'n va den karn at 'n kunn' helde se skotfri og me'a 'n komederte så dæ gnell, såg døm fleire gongo 'n rista gjeværkulun utur våbenkjolermom sine. Bakette slagje ve Onstasonde vart dæ våbenkvild me'a døm rå'la om fre', og defor vart sylateran liggjan på vestsiun at Glåmun omkring Onstasonde. Ein dag heldt løtnant Kviksta på å leikte se med ei kanone, og rett som dæ va gjekk kanone åv og kula innigjenom veggen på eit hus på hi si'un åt

Glåmun og tok hugu tå ein svensk løtnant. Jau dæ vart oppstuss te-gagns og har'sett gransking ette kem som gjor' dette midt i våbenkvilun, dæ vart enda låvå ut 50 banko-dale åt den, som kunn' gje melling om køm som senda ut kanonkula. Mange tå sylatrom visste væl køm som va skuld-mann, men døm va samstellte om å tegja med di og Kviksta gjekk fri. Dæ tok ein ohaugleg ende med løtnant Kviksta med di 'n korta live sitt i 1825.

Ein an'n løtnant frå Fron, son hass Knut Bay på Forr, va kanskje med på ofredsfer'n inni Sveri' i 1788, 'n heitte Erik Bay og skaut ihel se med vilja på Ner-Bjørnsta på Lalm, oppover i „Løtnantsstugun", som nå er på Maihauga, Vetl-håmår. Årsaka skull' nok vera olykleg kjærleheit. Far åt løtnant Bay va au militer i di onge årom og va tå ei gåmål militerslekt som med ein Jens Bay kom hit i lande på lag 1630. Slekta hass spreidde se vidt over imse bygdlag og i 1814 va dæ med og tenestgjor' i ofre'a ein løtnant Bay, som visst hørde te desse slekten. Far hass budde på gar'a Mag-nor tett ve svenskegrensa, og med di go'e kjennskapa løtnant Bay ha åt di som svenskan tok se for med te kår ti', gjor 'n oberstløtnant Krebs go' tenest fyry slage ve Lier den 2dre august.

Om kompenisjevan, som dæ budde tu tå på Fron da den store bygda va delt i dæ kvamske og dæ fronske kompeni, kann ein itte sjå har sett någå sers merkje ette se, kåkje i 1808 hell i 1814.

KRISTENDOM, FOLKELIV, SKULE OG OPPLYSNING.

Dæ vørkje som er å finne te å granske dæ gudelege live i Gullbransdalsbygdom ette reformasjona i 1537 er berre ringt og ofullkome, dæ bli i mange måte meir å gjeta se fram hell å byggje på sikker kunnskap. På den gjer'a er dæ med kår bygd og itte anslei'n med Fron.

Reformasjon ser itte ut te å ha tendt eit rikare og friskare liv i dæ gudelege i bygdom ette di kjeldom som er å finne, og dæ va vel hellanitte å vente ner ein tenkje på, at Luther=trua vart likesom tvinga på folke med eit kongebo'. Ho va itte dæ slag fyrybudt hell gjort kjendt tå forkjynnare, folke fekk itte lære å kjenne den nye kjørkjelæra så døm kunn' eigne ho te se med heil overtyding og full haug. Den nye læra vart defor te å begjynne med berre eit omskjifte i di ytre gudstenesten i kjørkjom og folke va katolske i hjertom som døm ha vore. Prestan som sjølsagt skull' lære folkje å kjenne den nye læra og hjålpe døm te å eigne ho te se, så ho kunn' bli ei livsmakt for ong og gåmål, va jemnfare itte likare sjølve; når omskjifte kom så brått sto dæ itte te, å få alle prestkalla te=sett med preste som med fri haug og med hjerteleg tru ha valt Luther=trua; mesteparten tå di katolske prestom tok ve truskjifte for å få hå prestørkje og itte kåmå på berr bakkje forutta levebrø. Døm laut nok låvå ut å slutte med di katolske messun, helgendyrkingen og mangt anna i gudstenesten, men ein kann veta, at desse overgangs=prestan vart berre leigsveinne som lite kunn' gjera te retteleg

framgong for di nye lærun. Dæ va defor itte å vente, at reformasjon den fyrste mannsaldern kunn' vekkje någå nytt gudeleg liv hos folkje. Men folke var oppskåkå tå påbo'e om å skjifte tru, og miste likesom allt fotfeste i dæ gudelege. Når døm hørde, at bilæte tå 'n jomfru Maria og mange helligmenn som døm ha vore vant med å bea åt frå di døm va bon, nå vart avgudsbilæte som skull' røjast utu kjørkjom og øyleggjast, og at my' tå di som døm ha funne trøst og sjælehjålp 'ti nå va helde for å vera stor synd og djevelsdom, va dæ itte rart om folke kom i vantru og tvil og itte visste, kå døm skull' stødja se åt i di gudelege. Mange slepte all tru og tenkte som så, at va den gamle trua berre narrverk og djevelskap, kunn' denne nye vera dæ såmå — best å tru berre på se sjøl, si eigje makt og eigje haug. Og så va dæ mange som slepte se ågålause i sinn og haug, vørde kåkje lov hell rett lenger, og på mange stelle i lande braut dæ laust eit o-liv så villt, vøreslaust og rått på all vis, at dæ va my' verre hell i hei'enskapa. Om dæ her i Gullbransdala kom ei slik villmannsti' er itte kjent, dæ er helst truleg at dølan har ti'i truskjifte med ro og at live i bygdom gjekk sin jemne gang som førr.

Om den katolske trua i si ti' ha vunne fram te någor djupare makt på Fron, er dæ itte my' å finne som er å rette se ette, men dæ er sumt som kann peike i den lei'a at dæ gudelege live i di store, vi'e bygden har vore i go' makt, berre alle di kjørkjun bygda ha bygt lyt ein leggje ut på den lei'a. Visstnok va di meste tå desse kjørkjom småe og rømde ingen stor kjørkjemugje, og bygda va nok stor og den folkesterkaste i dala, men det er likeså sikkert at folketale itte va så stort, at alle desse kjørkjun trongdest for di skuld. Ein lyt defor helst tenkje se, at dæ er den gudelege haugen, dæ kristne live i bygdafolkje, som har reist desse kjørkjun i di imse fjor'ongom. Di attstøun som like te i 1775 fanst att på Rolsta og Gryting tå kloster hell hospits, tyde au på, at døm har vore sett opp te gudelege fyrymål på ein hell an'n vis. Di høve som sikkert verka med da kristendomen vart innført på Fron, kann nok au ha gjort sitt te, at han fekk ei djup makt i folke ti'leg i ti'n, og

dugelege preste i dette gjæve kalle kann i di fyrste kristne ti'om ha lagt eit godt grunnlag onde dæ gudelege live. Men den katolske ti'a på Fron ligg mesta i dimme og dæ er mest itte någå å kåmå over, som legg klårt ljos over folkelive i dølabygdom i reformasjons=hondreåre. Tå sakfallsreknskapom ser ein nok at dæ va imse lovbrot med knivstyngje og „blod=vide“,[1] svik, voldsfer' og sedskapsbrot, men sakfalla er itte så jemne hell mange i tale, at døm kann vera eit merkje på, at live i bygdom va svært villt og rått og at dæ vonde voks på desse ti'n.

Ve truskjifte 1536 slikt som dæ vart innført, kom heile kjørkjestelle i bakyvje den fyrste mannsaldern, te dæ ette hånd kom preste i alle kall som va opplærde i Lutherlæra. I di 20 årom millom 1580 og 1600 fekk bispedøma Akers=hus og Hamar, som ette 1537 va sli'i ihop, ein overlag dugeleg bisp, 'n Jens Nilsson. Han tok se ålvorsleg tå di som va misleg og avlågå i kjørkjestelle i desse store bispe=døme som ha 100 prestkall. 'N Jens Nilsson va flittaug te å visitere rondt om i bispedøme sine, og ve desse visitasan overhørde 'n både ongdomen og di eldre, han va ein stor taler og vekte itte så lite kristeleg liv med visitaspreikom sine. Bispen va ein lærd mann i di ti'n og ha liv for den gamle soga vår og for bondekultur; visitasboka hass som er trykt i seinere ti', er i mange måte eit verdfullt kjeldeskrift. På Fron visiterte Nilsson 4 gongo: i 1576, 1579, 1584 og 1591; onderleg nok nemne itte bispen i visitasboken någå om kår=lest ongdomen va opplærd i kristendom, og hellanitte någå vi'ere om live millom almuga. Men hadde dæ stått ille te, er dæ sikkert han ha gjete om dæ og defor er dæ grunn te å tru, at den lutherske læra i hass embetsti' har grott meir inn i hjerta hos folke over heile daln.

Søtten år ette 'n Jens Nilsson la bispestaven ne' fekk bispedøme ein ny tesynsmann, som au va ein svært dugeleg mann og gjorde my' te å fremje kristendom og gudeleg liv i embetsti'n sine. Han tok se med stort ålvor tå opplæringen tå ongdoma og i visitasboken hass kann ein sjå, at denne

---

[1] Blo'vide = å såre te=blods, „tå ut blo'e“.

opplæringa fyrst og fremst har liggje honom på hjerta. Han heitte Nils Simensen Glostrup og va bisp i Akershus og Hamar i årom millom 1617 og 1639. Glostrup va au svært flittaug te å visitere og spårå se alder for di lange og tongvinte reisom i fjellbygdom, ette låke ri'veigje som my' attåt gjekk høgt tefjells sume stelle. På Fron visitera bispen 5 vendo: fyrste venda i januar 1620 og da skriv 'n i boka, at dæ møtte my' ongdom på kjørkjegolve som va godt opplært i bånelærdoma. Den neste visitasen på Fron er i 1624, og da skriv han, at ongdomen ha môna se så my' at dæ va ros verd. I 1628 visitera 'n heile daln att og skriv, at 'n på alle stelle ha den gleda å høre, at ongdomen ha kome se med å lære Luthers katekjisme. I sluten tå januar 1632 har den gamle bispen visitas att i Fronskjørkjun og skriv, at der i soknom sto allt væl te. Så visitera Glostrup siste venda i Gullbransdala i 1638, og om Fron skriv han, at ongdomen har gjort overlag stort framsteg med å lære bånlærdomen sin og med å forstå katekjisma. Ette desse skull' dæ sjå ut te, at dæ gudelege live va kome på ein go' veig i Fron denne ti'a, og kanskje serleg millom ongdoma.

Glostrup bar svært stor omsorg for at di onge vart væl oplærde så langt dæ let se gjera. Dæ va „degnen", klukkar'n, som i di dågåom ha dæ meste arbei'e med å lære ongdoma di 5 parte i katekjismun, og med å lære døm å lesa inni bok. Någun skule va dæ itte ennå, og folk lærde itte å lesa, utanom reint yttileg fåe som ha framifrå neme og sers høve te å lære konsta. Men tå visitasboken åt Glostrup kjem dæ fram, at dæ allt i hass ti' tok te å bli ein og an'n millom di onge som kunn' lesa innibok, og døm tykte bispen at degnen laut gjera se gagn tå. Sålest skriv 'n i visitasboka i 1633 ette visitasom i Hallingdal „at her befalled jeg — — — — at de børn som kunde læse skulde også undervise de andre ved hver anneks og udi hver fjerding, eftersom sognepresten dem befalendes vorder" — — — —. Dette pålegge om at di onge som hadde lært å lesa i bok, skull' vera med å lære andre den såmå konsta, tek han ofte oppatt ve visitasan sine på imse stelle i bispedøme. Enda bondefolke her i Nori' itte jemnt over lærde inna'åt-lesing førr på lag 1725,

syne dæ se ette visitasboken åt Glostrup, at dæ allt i 1633 i pålag kår bygd fanst ein og an'n som lærde seg å lesa i bok.

Kristendomsopplæringa millom ongdoma og dæ gudelege live millom folk ellest, skikka se nok for ein stor del ette som presten i bygden va, for prestan i desse ti'om va sêtt opp åt som gudsmenn, som både i lære og liv gjor' Guds vilja. Døm va dæ store fyrydøme for soknebonom, og ein dugeleg prest som va ein go' kristen og ein folkeleg mann ha ei stor makt i bygden, han kunn' gjera my' godt både på stola og utta'for. Om prestan i Fron i di 2 neraste mannsaldrom ette 1600 er dæ itte så svært my' å finne ut, når ein skal leite ut kå døm va for dæ gudelege live og live millom bygdafolke ellest. 'N Tor Lauritsson, som va prest i bygden da Glostrup heldt visitasan oss har nemnt, har kan=skje vore ein mann som har gjort se my' for med å lære ongdoma katekjisme og kristendom, og da 'n va utsprongje tå bondefolk og hørde te ei gåmål slekt i dala, kann dæ vera tenkjeleg, at 'n ha godt lag te å omgå almugjin. Han var sakte itte fri å stå ette å få lagt onde prestbole så my' som moleg, sålest fekk 'n i 1620 gjort ei avtale med bøndom i Fron om, at Gålån te „evig tid“ skull' liggje onde Frons prestbole, han ha kanskje dæ lage som slekta hass på Lom, Munkan, at døm ha haug te å leggje onde se eigedome. Ein tå sønom hass, 'n Kristofer Torson, va ein ofre'eleg har'=bakkje som la se my' frami ogreia millom 'om Iver Peder=son og fautom, møtte på tingom og gjekk svinga med ein „krumsabel“.

'N magister Iver Pederson er dæ lite truleg va någun velskjikka prest te å fremje gudeleg liv, kåkje hos gamle hell onge, kåmykje 'n va namnsport for lærdom og store talegåvo. Med drykk og vøresløyse både i or' og åtfer', braut 'n nok ne' meir hell 'n bygde opp, og dæ va kanskje någå 'ti di 'n sa når 'n va på ein støvel, at 'n va meire skjikka te å vore offesjer hell te prest. På stola og i di vanlege kjørkjetenesten va magistern nok ein tå di fremste millom prestom vidt omkring i lande; kå han ellest va som sjælesørgjar for soknebonom sine er itte større kjendt, men

dæ va klågå på 'n ein gong for, at 'n ha vore forseint ute i eit soknebo', og at 'n bar se någå ulugumt åt mot ein nat=ver'gjest i Fronskjørkjun ein syndag. Ette 'n kom i den fæle ovenskapen med 'om Jørgen Fillipson og fauta 'n Jens Mads=son, og saka om Lesjeverke begjynte, vart dæ sakte så imse for 'om med kjørkjetenest og sjælesorg, og den ogreia 'n sette i verk med desse, kom te å kluve folke i dala i tvo hope, den eine sto med magistera og den andre med 'om Jørgen Fillipsson. Stri'n va så beisk at 'n sette vont blo' i bygdom og dæ er nok itte tvil om, at Fronspresten miste my' tå vørna sine hos di beste millom soknebonom i kalle. At 'n heldt venskap og omgang med prestsønom, „Jenssønom" på Lesja, va nok hellanitte kåkje te ære hell gagn for ma=gistera, for di brøran va nå namnsporde over heile daln for ågåløysa, voldsfer'a og ovør'nan sin. Defor er dæ my' moleg at di siste 8—10 år 'n ha kalle, va te liten gagn og framvokst for gudeleg liv og folkeliv i di store bygden, desse åra va likeså snart ei ne'gangsti'. Kårlest Fronspresten tok se tå ongdoma med opplæringen er okjendt, men 'n va ein myn=daug mann som visst kravde strengt, åt døm lærde bån=lærdomen i katekjismun. Huskaplan'n magistern ha i naugre år ette 1653 va visst ein dugeleg prest, og heldt kanskje både opplæringa tå ongdoma og kjørkjetenesta i skjikk så langt 'n rokk.

Likna ihop med bondelive i di seinare ti'om lyt dæ nok seast, at dæ va my' med villskap og råskap millom bygda=folkje i Gullbransdala di fyrste haltanna=hondreåra ette re=formasjona. Dæ va my' fyll og øldrikkinga va dæ itte måte på; fram mot midten tå hondreåre tok brennvine te å kåmå meir og meir i bruk og løyste snart åv øle te rusdrykk, dæ gjorde nå fylla enda verre og va ein fæl last i bondelive. Men dæ va itte berre bondefolke som låg onde for di lasta, storfolk og embetsmennan va svidde med di såmå merkje, og Fronspresten, magistern, va itte den einslege millom di prestom som drykken forgjekk. I lagom, på tingom, mark=na'om og kår dæ va ei større samling tå folk, vart dæ fyll, ovenskap og slåstkulo, med „hårdrag", „handeslag", „staur=slag", „knivstyng" ag „blo'vide". Kniven sat laust i skjei'n

hos di ellest så tøyge og rolege dølom, au, i desse ti'om, når døm fekk formy' brennvin i toppen. Og så vart døm dømde i bot både åt „hans majestæts kasse" og åt den som hadde fått ska'e.

Fram over te 1630 er dæ fleire trolldomssakje på Fron og som den ti'a vart straffa med brenning; ette di professor Moltke Moe har funne ut, skull' Fron i di leita vera eit midtstøe for trolldom og ronkonste, og dæ er onderleg at itte kåkje 'n Jens Nilsson hell Glostrup nemne någå om dette i visitasbøkom sine. Ette lensreiknskape for 1619—20 har dæ vorte brent 3 trollkjeringo i bygden og om dette står dæ skrivi sålest: „en huskvinde („inderst") *Karen (Kari) Berge* hendes bo av årsag, at hun for trolddom blev rettet med ild og brand, beløber sig boet 4 daler 1 ort. Udi lige måde *Barbro Amundsdatter* for trolddomssag hedenrettet med ild og sverd, boet 3½ daler 1 ort. Udi lige måde *Ingri Olufsdatter* for trolddom rettet med ild og sverd." I utgjiftsreiknskape står: „givet skarpretteren af Oslo for de 3 kvinder på Fron at rette med ild og sverd 15 daler". Åre ette i 1622 står i såmå reknskape: „*Asbjørn Massing* en fattig ødegårdsmand på Kvikne brukt Gunhild Grosberg til at signe et av hans børn, derfor dømt og var al hans formue ved godt folkes hjelp 7½ daler." Fleire livsdome på Fron for trolldom er itte funne, men trolldomskonsta heldt se nok i lange ti'e i den største løndom. Andre forbrot finst dæ itte så få tå i sakfallslistom: 1622 betale Jon Heggerud 1½ dale „for noget mel han har stålen fra Haldo Kjorstad" og Simen Skåbu „for en knivstyng på Elling Kvålen", Engebret Skåbu for 3 staurslag på Elling Kvåla i „et adferd" (gravøl), for 1ste staurslage 1 ort, for 2dre 2 ort og for 3a 1½ dale. Jon Amundli va „dømt landflygtig" for trolldom og bue ette 'om verdsett te 3 dale. På såmå tingje er 2 blodvidesakje. Sakfall for trolldom og signing fell burt, men slagsmål og blodvide held ve, attåt er dæ ofte sedskapsbrot, „leiermål". Ette Hannibalskri'n, Krabbekri'n og Gjyll-løvekri'n kom dæ att ein og an'n gjevorningen („gevorben", leigd sylater) og døm va jemnast reine okjuro, fyllelko og sedløysinge, og frå døm kjøm my' tå di „leiermål" som dæ kunn' vera så

mange sakfall tå på tingom. Men da sylatere som ennå sto' i tenest gjekk fri for bot og straf for leiermål, va dæ ingen veig å kåmå med døm, om døm laut stå skryft i kjyrkjun va døm snart såmå karan att. På tingje på Hove 1670 er tri gar'menn dømt i bot for kår sin knivstyng, som døm sona med ei bot på 6 dale 3 ort kår se. På eit anna ting såmå åre er 'n Elling Myre sakgjeve for å ha skote bror sin ei kule i ryggen, for di 'n slepte øykjin sine i åkern hass Elling. 'N Henning Forr va på såmå tingje sakgjeve for å ha biti 'n Tjøstol Nø'sgar' i fingern i ein do'na på O'e; karan ha vorte ovini og gauv ihop, og da 'n Henning beit ropte 'n Tjøstol: „slå som ein kar og itte bit som ein hond!“ Båe hadde tollknivan ute. Ein Ola Forr ha vore på Roms=dals=markna om hausten i 1670 og ha der drepe ein fjor'a=gut, venteleg i slagsmål. Han ha ti'i te rymings og øver=heita ha itte fått tak i 'om ette ogjerninga. 'N Erik Klom=sta ha sagt, at ho Ragnhild Vik, kjeringa på gar'a, ha lagt 'ti niste åt 'om tå trollkattsmør da 'n skull' gjera fer'reise åt Fåberg, ho va nok meint på å forgjeva 'n, ha 'n sagt. Viks=mann'n stemnde 'om Erik, men på tingje sa 'n Erik, at dæ va sagt i fylln og va itte ver't å endse, og med di slapp 'n bøte. På eit ting på Hove tingstugu 1686 va dæ for 9 leier=målssakje, på eit seinare ting 18 slike og tå døm va dæ 9 sylatere som va sikta. Såmå åre va 'n Per Tone i Kvikne stemnt te=tings for å ha øylagt veltfjøla i ploga hass Iver Melby så 'n Iver itte fekk gjera våronna på Vista, attpå tok 'n se te å bruke Vista som 'n Iver Melby ha bygsla. 'N Per Tone ha nok havt gar'n i bygsel førr.

Slike sakfall er dæ itte så fåe tå mest på kårt ting i bygdom og dæ er itte å tvile på, at di meste tå døm har brennvine te årsak, for drikken tok te å få ei lei makt over folke i alle dølabygdom.

Som førr er sagt va dæ prestan som fyrst og fremst heldt dæ gudelege live oppe i soknely'om i desse ti'om; bibel'n va ennå itte så my' utspreidd millom almuga, og postille og andre andaktsbøk va dæ hellanitte mange som hadde råd te å kjøpe, dæ va nok itte førr i fyrstningen tå di neste hondreåra, at dæ tok te å bli ei og annor andakts=

bok millom bygdafolkje, ette som almugjin lærde meir jamnfare å lesa. Kå stø'e dæ gudelege live va 'ti på Fron onde di tu neraste ette'mennom hass magister Iver Pederson, er dæ mest itte moleg å få någå kjendskap te. Den fyrste, 'n Brede Hammer, va prest i kalle i 30 år og den andre, 'n Otto Munthe i 38 år, så døm ha ei lang arbeidsti' i bygden. Båe tu va ette di som er å finne om døm duglege og høgvørde menn, og båe va proste i Gullbransdala, men någå serleg om arbei'e derest for kristeleg liv og opplæring er dæ itte att minne om. Derest ettemann va 'n Trugels Stranger, men han dø da 'n ha havt kalle 1 år.

Den presten som denne ti'a va den mest dugande tå prestom i dala va ettemann åt Stranger, 'n David Schjøtte, og som tro' i kalle 1735. Schjøtte va ein meir hell vanleg evnerik mann som i kunnskap og lærdom va tå di fremste i ti'n, dygtaug taler og eit rettsindaugt menneskje. Han va ein veløvd skulemann, som i 5 år va „conrector" ved katedralskulen i Oslo, og 'n kom åt Fron nettop i ei ti' da dæ va bruk for ein mann, som med oppøving og godt skjøn kunn' tå se tå opplæringen tå ongdoma i bygden. Dæ heldt denne ti'a på å bli krav på ei større opplysning millom bondfolke, og trast ette di nye hondreåre, ette 1700, ser ein at bøndan på sume stelle kunn' slå se ihop om å leige ein skulmester te å helde skule åt bonom sine, for å lære døm å lesa inni bok, skrive og om moleg rekne, men lesna'n va nå dæ fremste. Sålest va dæ ein slik omfåråndest skulmester i Sørdala i 1721 som ei ti' ha vore på Hårelsta i Kvikne og helde skule for bonom der i huse og rimeleg for sume andre nerast omkring. Han heitte Torkel Iversen, men kår 'n va frå og kå 'n ellest va te kar er heilt okjendt. På vårparta 1721 skriv 'n frå Dalsegg på Sør-Fron åt „ærlig dreng Tjøstel Paulsen Harildstad" og fortel, at da er 'n på Dalsegg og held skule for „7 friske, brave unge piger og 3 drenge". På Dalsegg skull' 'n bli te over påske, da ska 'n åt Oksol i Ringbu. Han be om å få sendt den børsa 'n ha sett att på Hårelsta sørover åt Rollsta. 'N Torkel Iversen skriv ei go' og lesleg hånd, men har vore svært skjelvhendt, og dæ kann nok tyde både på dæ eine og dæ andre, mest truleg

er dæ, at 'n va ein studenter som ha kome te å tri'i tå veiga og nå livde tå å flakke om og helde skule for bondebon.

Ti'e ette 1700 den fyrste mannsaldern va i fleire måte ei overgangsti', og her i Gullbransdala kann ein merkje væl, at dæ heldt på vakne haug åt lesna og någå meir med skulekunnskap millom bøndom. På sume stelle ha dæ sålest friviljaugt vokse fram ein folkeskule som gjekk på omgang i gar'om, med ein hell an'n gåmål kloking i bygden te lærar og som både kunn' lesa „prented dansk“ og attåt va brevsynt. Dæ er ellest sume ting som tykkjest å peike dit, at fatti'folks bon itte fekk vera med i desse skuleopplæringen, men berre di bona åt foreldre som kunn' betale skulmestra og helde 'om kost og hus. Dæ er svært lite oss veit om desse friviljauge bygdaskulan fyry 1742, men dæ er sikkert at dæ i fleire tå bygdom her i dala va slike skule igang så ti'leg som i 1725, og kanskje i alle bygdom forende. Nettopp i desse ti'om va dæ mange sers dugelege preste i dala med stort liv for opplæring tå ongdoma og dæ er nerast å tenkje se, at dæ er døm som har sett desse skulan i gang ette samråd med di „beste menn“ i bygden. Imillom di prestom som sikkert har gjort godt arbei' med desse og som defor er verdt å minnast, ska her nemnast fyrst og fremst 'n Nils Stokflet på Lesja, seinere prest i Fåberg. Likeeins 'n Hans Frisak i Lom, 'n Anders Munk og 'n Herman Treskov på Vågå, 'n David Schjøtte på Fron, 'n Kristofer Kraft i Ringbu og truleg prosten 'n Joakim Pihl i Gausdal. Og ha desse prestan kår i sine kall gjort eit bra arbei' med å rø'ja opp den ojemne grunn for eit be're skulestell, så fekk døm ei go' stø'jing og eit ypperleg te-drev i arbei'e da 'n Peder Hersleb kom på bispestoln i Akershus 1730. Denne trøndern va ein mann med vilja og frå alle si'o ein gjill mann, ein tå di beste som någun gong har sote på bispestola i Akershus.

Någå tå di fyrste 'n tok se over med, va å få konformasjon innført friviljaugt i di store bispedøme, som nå er delt i tu, og dette lykkast for 'om: om hausten i 1732 vart den fyrste ongdomen konformert i Akershus bispedøme — fire år seinere i 1736 vart konformasjon'n påbo'in ved lov. Konformasjon'n skuva au på med å få skjepa ei be're og fastare

opplæring tå ongdoma om han skull' kunne nå måle sitt, og dæ gjekk hellanitte lengje ette Hersleb ha fått konformasjon innført, førr 'n vende se åt kår ein prest i stifte og ba om, å få ei melling om kårlest bygda ha skjepa opplæringa tå ongdoma, kårlest dæ va med brukføre skulmestere, kårlest døm va lønte og kårlest prestan trudde skuleopplæringa i bygdom helst skull' ordnast på beste måtin. Tå di svarbrevom bispen fekk kann ein sjå, at i fleire bygde va dæ sett igong ein omgangsskule med 1 vikus skule på kår gar' — venteleg kår fullgar' —, men Stokflet på Lesja kjære se for, at ruta ofte vart skjipla og at sume nekka å tå imot skula ner derest tur kom. Fleire ber se for at dæ er har't om skulmestere som dæ er gagn i og at løna derest er sveltihel. I dæ heile fær ein tokkjin tå, at denne sjølvoksne skulin sto' på eit så laust grunnlag, at dæ va litor hjålp 'ti 'om og prestan, som førde te-syne med opplæringen, stonda på ein be're skule-teskjepna. Dæ er lett å sjå tå di brevskjiftingen med bispa som rondskrive dro ette se, at Hersleb fekk blåse liv i skulespursmåla millom prestom i bispedøme, og ha han vorte sitjan på bispestola i naugre år framette, vilde dæ vore omissan for di norske folkeskula i lang framti'.

Men te all olykke, kann ein sea, vart Hersleb fløtt attende åt Danmark te bisp på Sjæland og oss miste den store arbeidsevlin, den sterke viljen og det go'e skjøne på norske omstøo han ha. Dæ vart itte meir hell 7 år 'n va bisp i Akershus. Tu år ette han vart bisp over Sjæland kom den fyrste lova om skule på lande i Danmark og Nori' i 1739. Denne skulelova va eit stort framsteg med di ho slo fast, at kårt prestgjeld skull' ha skule med lønte lærare, at alle bon millom 7 og 12 år va pliktauge te gå 12 viku i skula årleg. Vi'are skull' kår bygd ha ei skulekasse som ha å bera di årlege utlegga. Di faste læregreinin va kristendom og lesing, men for døm som vilde lære skrive og rekne, va skulmesteran plittauge te å gje opplæring i desse greinom. Ette desse nye loven va dæ meininga at dæ i alle bygde skull' byggjast skulhus og at dæ skull' vore slutt med skule på omgang. Men dette let se itte setja iverk her i lande den ti'a, og den nye lova møtte så stort missnøgje hos lands-

folke, at styringa i 1741 laut lempe på fleire ting. Sålest vart dæ lagt i hend'n på stiftamtmann, bisp og faut i lag med presta og 6 tå di „beste bønder" i kår bygd, å fastsetja te-skjepinga tå skula i bygden, om dæ skull' byggjast skulhus hell vera omgangsskule, om skulekassa, lærarløn o. m. Denne nemnda ha sålest å setja opp ein „fundas" for folkeskula i kår bygd lande rondt, ei grunnlov som kom te å stå med lag i 85 år te 1827.

Prestan va i 1739 tå bispa, 'n Nils Dorf, pålagde å sende melling åt stifte om skulestelle i bygdom med framlegg om den beste måtin døm trudde, den nye skulelova borde førast igjenom på for kår bygd. Desse mellingun kunn' da vera ei rettlei'ing onde di fundasmøtom som vilde bli helde førr den nye skuleskjepnan vart sett i verk. Di svara som kom inn frå prestom, gje oftast greie mellingo om skulestelle i bygdom førr den nye skulelova kom. Mellinga hass David Schjøtte for Fronsbygden er velskrivi og grei; han held på at dæ endeleg borde byggjast skul'hus, for ska omgangsskulin helde fram, vil skulin sige ne' att i den gamle „elendighed". Han ha defor allt fått bygt tu skul'hus på Fron (truleg eit einsta'n ve hugukjørkja og dæ andre ve Sødorpkjørkja), men dæ vilde nok vera bruk for enda 3 skul'hus, og om dæ skull' bli for stor kostna, måtte dæ setjast te 3 skulmestre te å helde skule i di bygdlagom som ligg lengst onda. Åt di eine skul'huse som er oppsett har ein vælståndest bonde, 'n Ola Kongsli, gjett 300 rd., men da 'n dø snøgt og itte ha gjort testament for desse peningom, kann dæ kanskje bli krangel om denne gåva, som dæ ellest er lett å få sikre vitne på. Ska omgangsskulin helde fram som førr trøngst dæ 5 skulmestre. Någun studenter som kunn' vera viljaug te å helde skule i bygden veit 'n itte om; den gamle klukkarn er „uforståelig for børn", men son'n hass, som er 'om te hjålp i klukkartenesten, vil vera brukbar te skulmester. 5 bondegute som har prøvt å helde skule, vil kanskje au kunn' brukast, enda døm itte kann lære bonom någå meir hell å lesa og skrive. Ein kann lett sjå at dæ er ein framtenkt og øvd skulemann som står attom denne mellinga, men som lyt slekkje på krava sina for oviljan mot skul'ut-

gjiftom, for ti'in va tronge dette leite og skulin va ennå itte någå kjæl'bån. Dæ va ellest fleire tå prestom som heldt har't på, at dæ skull' byggjast skul'hus, sålest Stokflet, Treskov o. fl.

Om somårn i 1742 skull' stiftsbefallingsmann Rappe og bispen Nils Dorf reise omkring i stifte og få istand „fundaser" om skulestelle i kår bygd. Her i Gullbransdala va desse møte helde i juni; for bispa møtte prosten i dala 'n Joakim Pihl i Gausdal, og for stiftsbefallingsmanna fauten i dala 'n Kristen Pram. Frå kår serskild bygd møtte soknepresten og sumesta'n kaplan'n og klukkarn, bygdalensmann og 4 hell 6 bygdamenn. Fundasmøte gjekk i dæ heile svært fredeleg for se forutta någun stri'; soknepresten og bøndan ha oftast rå'lagt om skulestelle på fyryhånd og vorte samde om spørsmåla, sume ti'e kunn' dæ trekast lite om løna åt skulmestrom og innkoma åt skulekassun, men dæ gjekk støtt på den leia som di 4 bøndan vilde hå dæ. For Fron er skulefundasen vorte borte og finst itte kåkje i opphav hell i avskrift, for alle hine bygdom i dala er døm forvårå, men dæ er nok avgjort, at fundasen for Fron i pålag alle ve'tak svårå med di andre. Dæ er tale på skul'mestrom som itte er kjendt, men denne vi'e bygda fekk vel 5, som Schjøtte fann va trøngjandest, og løna vart visst itte over 16 rd. — kr. 51,20 — og kost. Skuleti'a va i alle bygdom frå 14de oktober te 14de juli og alle bon va skulepliktauge millom 7 og 12 år. Kårlest skuleutgjiftin vart bytt millom gar'menn, husmenn, tenare og laust folk på Fron veit oss itte någå visst om, men dæ va sakte på såmå gjer'a der som i Ringbu med 2 skilling på kår bygdamenneskje som gjekk te-alters, hell kanskje som på Vågå: 40 skilling — kr. 1,33 — på ein full gar', 28 skilling — 0,93 — på ein halv gar', 20 skilling — 0,67 — på ein øyegar' og 12 skilling — 0,40 — på ein rø'jingsplass, husmenn, tenare og handverkere frå 4 te 16 skilling — 0,13—0,53 — ette kår si utkome. Hellanitte veit oss kårlest bygda vart tedelt i skulekrinse, men vart dæ i fundasen fastsli'i 5 skulmestere fekk døm kår sin krins. Kårt bån skull' ha 12 viku skule i åre og skulti'a for skulmestrom va 36 viku. Bontale på Fron i 1742 er itte oppgjett, men va sikkert over 600 og

med 5 skulmestre fell dæ sålest 120 bon te opplæring på kår. Di skulmestran som va te-sette i fundasmøte er oss okjendte, men den eine er vel mest sikkert son'n åt di gamle klukkara og heitte Ellan Kristensson, han løyste om ei snøgg ti' åv far sin som klukkar, den gamle Kristen Ellansson Lista, som allt va klukkar 1720.

Som dæ er sagt førr va skulelova frå 1741 eit framsteg, som dæ kunn' byggjast viare på framette med di dæ vart pålagt bygdom, å hå eit fast skulestell og med di, at alle bon fekk skuleplikt på se. I sjølve skuleopplæringen vart dæ visst itte stor framgang ette di nye loven, slettitte di fyrste 20—25 åra. Jemnt over i bygdom va di nye skulmestran yngre folk, heilt sjøllærde med mest itte andre kunnskape hell innibokslesing, skriving og lite endefram rekning. Imillom kunn' dæ vera ein evnerik kar med stor kunnskapshaug som ha gått eit skjei hos sokneprests sjøl, hell hos ein huslærar i prestgar'a. Og med den elendauge løna di nye skulmestran fekk va dæ itte vente, at duglege menn vilde hå dette ørkje. Dæ va tå di veikaste si'om ve skulelova frå 1741 at ho itte gjor' någå for ei be're utdaning tå skulmestrom og så sikkra døm ei slik løn, at døm kunn' leva på folkegjer' og sleppe tonge næringssorgje te kår ti' og stond. Med di lønnom som vart fastsette på fundasmøtom bygd for bygd måtte følgjun bli, at skulmestran vart ondemålsmenn jemnfare med eit og anna vælheppe ondatak.

Da den nye skulelova va ein kjørkjeskule fell dæ tå se sjøl, at dæ va soknepresten i kårt prestgjeld som kom te å setja den lovfesta folkeskulin i verk og som ha å føre tesyne med skulom, skulmestrom og opplæringen. Defor kom skulin i ei bygd te å skjikke se my' ette presta; va 'n ein mann med go'haug for skuleopplæring, med skjøn og vilja og va heppe te å velja skulmestre, kunn' bona kåmå godt på veig i innibokslesing og bånelærdom, di mest fremmelege kunn' nok au lære å skrive, i dæ minste namne sitt. I rekning va dæ eit hende at någun kom lenger hell te å lære skrive tal.

Ein skulemann som 'n David Schjøtte kann tenkjast fekkført inn det nye skulestelle på Fron så godt, som dæ i di

ti'om og med di midlom han rådde over, let se gjera. Og dæ har vore sagt at „magistern“ som 'n jemnt va kalla i bygden, førde gløgt te=syn med opplæringen både i skulom og med lesarbonom, han va den andre presten på Fron som kårt år lærde opp ein ongdom te konformasjon; fyrymann hass, 'n Truls Stranger, konformerte den fyrste ongdomen i 1733. Dæ er von te at da Schjøtte fløtte frå Fron i 1750, va skulestelle i bygden så godt fremja dæ kunn' vera å vente med di grunnlagje, som den fyrste skulelova la med fundasen frå 1742.

Her kann dæ høve å ta med lite om di gamle klukkaran, „degnene“ som døm va kalla i „kirkeordinansen“ som vart utstedd i 1637; ette honom ha døm ilag med soknepresta i kårt kall å stå for kristendomsopplæringen millom ongdoma. Kår syndag ha døm ongdomen på kjørkjegolve i ei tå kjør=kjom og i ørkun laut døm samle di onge te opplæring i kristendom ute i anneksom. Dæ va ei opplæring på pugg tå katekjismun, og som sikkert ga „degnom“ eit svare stræv attåt di vanlege klukkartenesten kår helgedag.

Kjørkjeordinansen gjekk ut frå, at degnen skull' hå någå skulelærdom og ha gått på ein latinskule, men dæ synte se å vera vanskeleg å få latinskulegute i klukkarombua; her i lande va dæ fåe tå døm og di danske høvde itte på bygdom i Nori': itte forsto døm bygdamåla og itte forsto folke døm, bona va sjølsagt reint ibeit med å skjøne dansk talemål. Og ellest va klukkarombua så kleint lønte at dæ i mange bygde vart den reine armoa for klukkarom, ordinansen slo nok fast at klukkaran skull' ha hus og jor'veig som skull' leggjast ut tå kjørkjegods, der dæ itte va jor'veig å få tå annor eige. Men dette påbo'e vart dæ mange sta'n itte ettekome di tu fyrste hondreåra ette reformasjona, hjålp itte at bispen 'n Nils Glostrup la se har't i selan for å få retta på dette, dæ fanst di bygdin ennå i 1680 som lønte klukkarom sine så usselt, at døm imillom gjekk i bygden å betla. Om dette kunn' vera ondatak va omstøun jemnfare slike at skule=opplærde menn nauleg tok eit klukkarombu, serleg i fjell=bygdom. Men dæ kom likevel ein og an'n dansk studentern te klukkar i sume bygde i Nori', ofte va dæ nok kare som

dæ itte ha gått viare væl med i skuleveiga og jemnan va dæ drykken som ha ført døm på avveig, sume va nok underlege selle for se sjølve som bygdafolke fanst åt. Naugre slike danske klukkare kom dæ uppi Gullbransdaln au, men dæ er itte stort å finne om døm. Om Fron fekk någun dansk klukkar i bygda i di fyrste tu hondre årom ette reformasjona, er dæ itte funne någå sikkert om, dæ kann kanskje vera spørsmål om itte di 4 klukkaran på Lista va tå dansk utsprang. Den fyrste tå døm va 'n

1. *Ellan (Kristensson?) Lista* som er klukkar på Fron i 1711 og kann tenkjast å vera kome i ombue pålag 1680; han har vistnok bygsla ein tå di 3 Lista'gar'om som den tia va krongods, og va klukkar i bygden te omkring 1720. Ette honom kom 'n

2. *Kristen Ellansson Lista* som er nemnt i eit gar'sbrev som klukkar i 1725, 'n ha ein bror au, Ola Ellansson, som va fødd 1678 og pålag 1720 va skrivarkar hos fauta 'n Kristofer Brun, 'n Ola va dæ leite 40 år og ha ska'e i eine fota. Klukkarn 'n Kristen kjøpte og fekk i 1727 kongeskjøta på Lista med „Fryvolden engeland" for 550 rd. kurant, og har venteleg vore ein velberga mann. Tolv år ette 'n Kristen Ellansson kjøpte Lista, i 1739, bli dæ på tingje på Fron tinglyst „skjøde fra Nils Kristensen i Kristiania på odelsretten til Listad med Fryvolden engeland til hans broder Kristen Erlandsen, hvorpå er ham betalt 40 rd.". Ette desse må klukkarn havt ennå ein bror Nils og som va den eldste ette di 'n ha odelsrett (åsætesrett?) åt Lista (hell Fryvolla?), men når 'n i tingboka er skrivi for Nils Kristensen er dette sikkert ei miss-skriving for Nils Erlandsen. Dette at eldste son'n hass Elland Lista va buandest i Oslo, kann tyde på at slekta itte va tå heilt Frøningsblo' og mogeleg kann vera tå dansk utsprang. Om klukkarn, 'n Kristen Ellansson, skriv Schjøtte i 1739 at „den gamle klokker er uforståelig for børn, men hans søn som er hans substitut er nogenledes bekvemmelig til at holde skole — — —". Ner presten skriv sålest om den „gamle klokker" kann dæ itte godt tenkjast, at dæ va ein talevank som gjor' 'n „uforståelig for børn". Den rimelegaste måtin å forklare dæ på kann sjå ut te å vera,

at far hass, 'n Ellan Lista va ein jute hell fynbuar og at son'n va fødd og oppalin i Danmark, så 'n heile sitt liv tålå antel jysk hell fynsk.

3. 'N *Ellan Kristensson Lista* va ette di Schjøtte skriv, hjålpesmann („substitut") hos fara i klukkarombue i 1739 og er truleg vorte klukkar og skulmester pålag 1740. Någå sers om 'n er itte funne, men dæ er moleg 'n va klukkar på Fron i 20 år te 1760, for i 1762 er son'n has Ellan tri'i i ombue ette 'om.

4. 'N *Kristen Ellansson Lista,* klukkar og treskjærar, „Blomstermesteren" frå Ringbu, og som dæ lenger uti boken vil bli fortalt någå meir om. 'N Kristen er fødd på Lista i 1726 og va pålag 34 år da 'n tro i klukkarombue ette far sine; om kå 'n har havt te opplæring er heilt okjendt, heilt otenkjeleg er dæ itte, at han i framvokstårom kann ha fått någå hjålp på den hånda hos Schjøtte. Kå 'n Kristen va både som klukkar og skulmester er itte sport, men 'n va sikkert ein vælvørd mann i heile bygden og sat i vælstand på Lista. Klukkartenesta va itte någå lett arbei', for 'n va einsleg om tenesta ve alle 4 kjørkjo, og 'n Kristen brukte oftast apostelhestan både åt Kvams- og Kviknekjørkjun; 'n va ellest den siste klukkarn på Fron som ha tenest ve alle kjørkjun, likeså vart 'n den siste klukkarn i slekten sine. Dæ va ingen son te å tå att-ette 'om, men 'n ha tu hell tri døtt'; i 1794 avsto 'n klukkarombue åt 'om Anders Viborg for 300 rd. ein gong for alle og 60 rd. i årleg pension. Åre førr selde 'n oppigar' Lista åtværsona sine for 1350 rd. og førå', og levde te i 1802. Klukkarslekta på Lista va sikkert folk med go'e evner og dæ er rimeleg, at døm gjenom den lange ti'a på vælså hondre år har gjort my' i Fronsbygden te å fremje opplæring og kunnskap millom ongdoma.

5. *Anders Viborg,* fødd 1775, va tå ei dansk klukkarslekt som kom åt Lesja i 1751 og derfrå sende klukkare åt Lom og frå Lom åt Fron. Slekta va evnerik og godt gofor-se og mange tå døm ha stor haug te å leggje se frami rettsstell og drive som bygdaprukkeratere. Itte så fåe tå slekten ha haug åt svartfleskun og 'n Anders som vart klukkar på Fron va svidd med di merkje. Dæ gjekk itte lang

ti' førr den nye klukkarn vart misslikt fordi 'n va drykkfeldaug og va forsømeleg, og ette visitas i 1806 skriv bisp Bech: „Klokkeren gjør ikke sine pligter, må enten avgå med en liden pension eller erlægge til skolekassen årlig idetmindste 40 rd.“ I 1808 laut Viborg gje opp, dæ vart da ein klukkar ve kår tå kjørkjom, men døm laut årleg svårå Viborg 40 rd. i pension så lengje 'n levde. Viborg dø i 1820 berre 55 år gåmål.

Som dæ førr er gote om er di skulmestran som vart tesette på Fron om håusten i 1742, itte kjendte eingong på namn, men dæ er sikkert, at alle va så dygtauge folk for di arbei'e, som dæ den ti'a let se gjera å finne i bygden. Og sålengje Schjøtte va prest i kalle er dæ tenkjeleg, at skulestelle va bra og at ongdomen gjor' framgang i kunnskap. Men Schjøtte tok avskje' i 1750, og dæ kann godt vera, at di tu prestan som kom nerast ette 'om, itte va skulemenn hell ha dæ rette lage te å tå se tå skula, hell gjor' någå for å skule opp lærare. Dæ er itte någå å helde se te om skulin i bygden anna, hell visitasbøken åt proste og bispe. Bisp Smidt held visitas i 1775 og dæ hørest itte bra ut dæ 'n skriv i boka: „en vankundig ungdom“, si' 'n. Nå kann dæ låke utfalle tå visitasa i Fronskjørkjun dette åre nok tenkjast å hå sers årsakje, som itte er kjendte nå og som bispen kanskje hellanitte visste om. Bygda va nå så orimeleg vi og dæ va itte endefram sak å hå go' skjikk på skulom i alle fjor'ongom. Bon-tale må ha auka my' te i 1775 og venteleg va skulmestran, au, vorte fleire på tale hell i 1742. Men om døm ha auka kunnskapen og dugleiken sin kann dæ vera tvil om, for dæ va ennå itte gjort någå for å skaffe folkeskula skulmestere med ei tidhøvleg og be're opplæring. Og mest jemnfare åtte skulmestrane itte dæ slag skjøn på oppdraging hell opplæring — dæ va dæ argaste pugg tå di bona skull' lære i skula, og mest alle heldt tampen for å vera ein nø'vendaug hjålpar i opplæringsarbei'e; og mangein brukte 'n reint omenneskjeleg. Tidsbålken ette 1770 fram

mot hondreårsskjifte gje tokkje tå, å ha vore ei dau ti' med liten åndeleg framvokst inna'for skulmesterstande i bygdom. I siste halvparta tå desse hondreåre tok dæ te å kåmå inkor boka inn i alle bygde, for dæ meste gudelege slike som „Prestepinen“, „Sjælens Luth“, „Dorteboka“, Peter Dass „Over vangjelom“ og „Over kakjismess“ og mange fleire. Folk lærde jemnt over å lesa inni bok ette skulelova kom, og desse bøken trøngde inn i heiman og vart my' lesne. Men inkor ver'sleg boka slong dæ au imillom, sålest kom „Hol=steinkaran“ med itte så reint fåe bøk da døm kom tebygda att i 1761 og 62. Livgardistan som dæ va svært mange tå frå Dølabygdom dette leite, kom au jemnt att med bøk, og denne lesnan la skulmestran se sers ette. Døm la se i dæ heile har't ette å sanke se meire kunnskape, men dæ ser ut te, at dæ va meir for å brikje og breie se med lærdoma, hell for å nytte 'n i skula. At dette er te=felle kann ein sjå tå brev ette di gamle skulmestrom, og som dæ finst att itte så fåe tå i bygdom frå siste hæl'ta tå 1700=tale og någå lenger framette. Desse breva syne væl kår skulmestran denne tidsbålken va komne i åndsdaning, og gje med di såmå ein tokkje tå kår langt folkeskulin va komin. Fleire skreiv ei fin, staseleg håndskrift, tå gamle dome og rettsbrev og tå brev frå embetsmenn i samti'n åpå døm ette ein turr, stiv kanselistil som døm ellest itte orka å andøve, og defor vart stilføringa eit stort narrverk. Alle framon'or' døm kunn' få tak 'ti va døm ein stor gle'e, og attåt laut døm slå ikring se med bibelsprok for å vise fram kå vælkunnauge døm va i bibela, permom imillom. Heile stande ser ut te å ha vore fengd tå denna tølskapen og døm, som åtte beste evnun va støtt di største tølun i dessa veiga. I kår einaste bygd daln igjenom ligg dæ att tå desse skulmesterbrevom, og te eit tids=bilæte kjøm dæ her tu frå ein skulmester frå Kvam skrivi åt ein ong gut i Kvikne.

Velfornemme ven Ole Amundsen!

Jeg må idag med den øverste Faraones vinskjenker ud=bryde med disse ord: idag kommer jeg min synd ihu! idag kommer også jeg min forsømmelse ihu, hvilken jeg forlengst

siden burde have opfyldt med løfte og indtimieret dette lille som nu følger indsluttet. Det er en ringe gave, men da vennen havde begjærlighed til samme, skal det tilstilles ham. Jeg ønsker at dette mit ringe forehavende måtte antreffe vennen med øvrige anrørende med god helbred og fornøyelighed, hvilket skulde glæde mig om samme ved hans pens rørelse snart måtte anoteres.

Næst min venlige hilsen til ham samt forældre og søskende forønsker jeg dem samtlige en glædelig og lykksalig julefest med et påfølgende velsignet nytår, og henlever med venerabel estime velfornemme vens

deres velvillige ven og tjener

E. Amundsen.

Øyen 16de desbr. 1786.

Åre ette får den onge Kviknevern eit nytt brev som ly'e slikt:

Høystærede og med dyd begavede ven!

Deres eragtede missiv av dato 17de februar er hos mig rigtig indløben den efterfølgende dito, som nok tilforn er eder vist appareret da dets arrivement skedde ved eders fader og tillige i din farbroders præsetz.

For samme hans estimerede missiv skal vennen være betakket. Jeg blev og ganske glad der brødrene kom og vidnede om din sandhed, siger Johannes der han taler om Gajo fromhed. Dit ærede skrivelse har jeg med fornøyelse igjennemlæst, jeg siger endnu med hin apostel: jeg haver ingen større glæde end den at jeg hører børn vandre i sandhed. Jeg ser også at vennen har lyst til at komme til min skole til information, og kunde jeg informere noget som kunde tjene ham til gode, så skal det nu gjerne være ham tilladt fra min side når han behager at komme. Jeg har tilforn havt sådan mengde børn i skolen, at det har ingen leilighed forefaldet, hvorfor jeg ikke før har villet tilskrive dem, men nu formindskes det efterhånden.

I tilkommende uge bliver jeg på Stor-Klevstad med skolen og siden gård for gård sørefter, altså må det bero på

dem selv enten i vil komme eller ei. I fald han ikke kommer da vær så artig at skrive mig til med det første.

Jeg må avbryde mit simple og ringe skrivelse med en meget venlig salutation til dig samt forældre og øvrige pårørende og forønsker dem samtlig benedidelse og velferd, forblivende høytærede og med dydbegavede vens

beredvilligste ven og tjener

E. Amundsen.

Øyen 15de april 1787.

Brevskrivarn va rekna for ein dugeleg skulmester og va ei ti' onderklukkar for 'om Kristen Lista ve Kvams kjørkja; Leganger som i di ti'om va prest på Fron, sette Amundsen høgt og hjål'te 'om te å få eit godt klukkarombu i ei tå Mjøsbygdom. Desse gamle skulmestran som har skrivi desse narrvorne breva, va gjennast vælvørde folk i bygden, og i omgang med bygdafolke stakk itte den oppstiltra lærdomen så my' fram, dæ va når døm fekk penn millom fingrom døm støtt laut briske se og åpå ette stila åt di konsenerte. Mest alle brukte ei har'hendt tukt i skula og fleire tå døm fekk ein og an'n tå ongdoma te ovenne for heile live, så døm kunn' vente se både eitt og anna når desse ongdoman vart vaksne. Men tampen heldt herredøme sitt medlag te pålag eit 50 år framom 1800.

Dæ er fleire ting som peika dit, at skulestelle på Fron fyry 1800 itte va dæ beste, kå som kunn' vera den største årsaka te di. At bispen Smidt i 1775 ette visitasa sa kjørkjemuga eit alvårsor' om den „uvidende ungdom", er nok itte å tvile på, men om dæ ha någun verkna for dæ fyrste er tvilsamt. Bo'n-tale i di store bygden voks stadaugt og måtte framette mot 1800 ha nått minst 650, tale på skulmestrom ser ut te vera 6 og kår tå døm fekk da ein krins med over 100 bo'n te opplæring. Krinsan va bytte i tri hell fire skjift og med di fall dæ millom 30 og 40 bo'n te daga forutta nogor klassedeling. Sålest va dæ å kalle for orå' å kåmå någun veig med ein fast opplæringsmåte, om skulmestern kunn' vera ein dugeleg mann i ørkje sine, au. Husmannstale på Fron ha denne ti'a nått te 500 og millom døm va

dæ my' fatti'dom og bo'na derest forsømde skulin te kår ti'. Sålest va dæ i ei så orimeleg vi' bygd som Fron, itte go' sak å helde skulin på høgd med di bygdom, som va mindre i vidd, ha mindre bo'ntal og lettare te'høve med krinsdeling. Men om dette som er nemnt låg my' iveiga, så kann dæ nok ha vore tefelle, at dæ har vore vanskeleg te kår ti' å fått dugelege skulmestre, som vente kunn' vera med den kleine løna døm ha for dæ sure stræve sitt.

Opplysningsti'a, som ho er kalla, ti'a millom 1760—1830, trøngde se lite ette hand uppi fjellbygdin au, og dro med se eit og anna omskjifte både i tankelive og arbeidslive. Dæ vakna meire haug og større krav på kunnskap og opplysning millom bøndom, og kjennskape åt di store ver'n ute i kulturlandom og menneskjelive der, voks på mange måte. Dæ va likesom dæ opna se fleire større smog og opningo i di stengslom som ha helde di avsies fjellbygdin utafor framvoksten. Prestan i opplysningsti'n va døm, som nerast gjekk fyry og sette se for å vera fakkelberare for framganga i opplysning og kunnskap. Og dæ let se itte nekke for, at mange tå døm gjor' my' godt i bygdom — døm arbeidde tå all si makt imot drykk, sedløyse, overtru og oskjikke, gjor' allt døm kunna for å gjera skulan be're og skulmestran meire vaksne i arbei'e sitt. Likeeins prøvde døm med go' vilja å vekkje bygdafolke te større omtankje i jor'bruk og krytjyrstell og te å nytte ut alle næringsgreine, jor'bruke kunn' rå' over, og sprei'e opplysning om den framgangen som denne ti'a vart gjort i jor'bruk og gar'sdrift, både inna'lands og utta'lands. Dæ va i desse ti'om at jor'eple vart kjendte her i lande, og dette nyttauge vekste gjor' prestan se my' for med å få alle te å dyrke. Sume tok kanskje dette arbei'e sitt någå kjeivleg og bånaktaugt så døm vart kalla „potetpreste", men døm fortene likevæl å minnast med takk for velgjort. Mange tå prestgar'om va småe landbruksskule og mønsterbruk i desse tidsbålka og va bygden eit godt fyrydøme.

I di gudelege live fekk itte rasjonalistprestan någor makt i dæ heile, og berre eit svært lite fåtal i sume bygde vart fengde tå di fornuftskristendoma prestan forkjynte. Dæ ser

ut te, at forkjynninga frå preikstola va turr, tom og vanta liv og eldhaug, kjørkjefolke fylgde itte med i denne or'flômen som nok kunn' vera væltålåndest, men braut reint åv frå di, folk førr ha vore vante med, og som folke itte kjendte se oppbygde tå. Med kristendomsopplæringen sine kom døm defor ingen veig kåkje millom lesarbonom hell i skulom.

Gullbransdølin heldt fast ve den gamle kristendomen, og jemnfare heldt kår husfar syndagslesing for alle i huse når døm itte va te kjørkje, las ei preike utur Møllers huspostil, hell ein tå di andre postilom som va kome i bruk. Va dæ folk med sangmål i huse enda andakta med ei tå salmom i Kingo=boken. Dæ kann nok vera någå i di som har vore sagt, at desse andaktstondin om helgedågån va gåmål vane=kristendom, forutta ekte og djupare kristeleg grunn, og at døm lite orka å helde dæ gudelege live i bygdom friskt og levandest. I mange hus va syndagslesnan ein tom, ne'ervd skjikk og ei svært streng stond som tenaran og bona rekna for ei straff med di, at di orimeleg lange preikun vårå i all æve og alle laut sitja stille og støe som negla på sæte sine. Men ellest er dæ nok grunn te å tru, at husandakta va ut=slag tå eit djupt og ekte kristeleg hauglag. Den gudelege åndsstemna som ber namne pietisme og rådde grunna i Kristian den 6tes ti', fekk itte någå tak 'ti Gullbransdølom, og så vidt ein kann merkje, va dæ ingen tå prestom på Fron den ti'a som va åvgjorde pietiste. Dæ va den gamle „rett=truande“ stemnelei'a i di gudelege som heile ti'a rådde her i dala, og som kåkje pietisme hell rasjonalisme greidde å få bukt med. Rasjonalisma ha kanskje hellanitte någun prest på Fron, dæ ser helst ut te di. Forkjynninga åt di rett=truande prestom i sluten tå di 18de hondreåre va nok my' iblandt turr og tom og småkå tå vanekristendom, og dæ er nok itte å dølja for, at dæ gudelege live i dala ha den såmå leten stort sêtt. Folk gjekk my' i kjørkja og heldt ve alle gamle kjørkjeskjikke og sedvane, men någor kristeleg vek=kjing te eit friskare gudeleg liv, kann itte merkjast dæ heile hondreåre igjenom i dølabygdom.

Med di såmå hondreåre heldt på å gå ut, sette bonde=sonen 'n Hans Nilsson Hauge frå Smålendom i gang ei sterk

kristeleg vekkjing som fengde pålag over heile lande; vek=kjinga åt Hauge va nerast i skjylde med pietismun og va heilt ut i motstri' med fornuftstrun, men Hauge va ingen sektmaker, han sto' heilt på grunna åt di gamle evangeliske tru'n, som 'n kjende se drivin te å blåse nytt liv 'ti millom folk i fjell og dal. Han vart møtt med mothaug og ovilja, itte berre tå di rasjonalistiske prestom, men di rettruande, au, såg helst på 'n som ein „svermer". Vekkjinga tok djupt i folke vidt og breidt og vart o'framt dæ gudelege innholde sitt, eit gødt opptak te sjølstende= og sjølstyrehaug i dæ norske bondefolke der, som vekkjinga åt Hauge fann grobotn. Men her i Gullbransdala fekk itte Haugerørsla viare makt over folke meir hell på tri stelle, og dæ va i Skjåk, Lesja og Øyer; på desse stellom vart dæ meste tå folkje gripne antel tå Hauge sjøl hell tå di venom hass, som tok te å reise om=kring og helde samlingo i bygdom. 'N Hans Nilsson fór igjenom Gullbransdaln tu gongo, fyrste gongen i 1800 da 'n fór snøgt gjenom hugudalføre og skull' sendast lensmanns=millom ette å ha sote fengsla i Trondøm 1 måna. Alle ra=sjonalist=preste og storparten tå di andre embetsmennom gjor' allt døm kunne for å kvæle denne rørsla, og te di ha døm go' hjålp i ei kongeleg „forordning" frå 1741, den my' omtålå „konventikelplakaten", som forbau lækfolk å helde gudelege samlingo. Hauge vart sett i fengsel mange gongo te 'n i 1804 vart sett i fengsel i 7 år på Akershus, te saka hass med styremaktom endeleg vart dømd og 'n vart frikjend mot ei drug peningbot. Andre gongen 'n Hans Nilsson fór her gjenom daln va i 1803, og på di fer'n heldt 'n sam=lingo i kår einaste bygd og folke strømde åt så fullt, at dæ va sume stelle døm heldt samling i store låvhus. Som dæ er nemnt ogo'for vart dæ berre i tri tå dølabygdom Hauge=vekkjinga fann go' grobotn, ein del vene fekk Hauge i alle bygde, men dæ vart berre eit lite fåtal som heldt se eit forre=tjuge=års ti'. Sålest va dæ på Fron, au, og dæ gudelege live og folkeopplysninga heldt se i den såmå skoro framette. Bispen i Akershus denne ti'a va 'n Fredrik Bech; 'n va ein avgjord rasjonalist som prøvde å gje fornuftstrun inngang på fleire måte, serleg la 'n se har't ut om å få bytt om den

gamle Kingosalmeboka med den nye „Evangelisk kristelege“ som va rasjonalistisk. Og i di bygdom dæ va rasjonalist=preste kunn' dæ lykkast, men i mange bygde heldt døm fast på den gamle og dæ hende dæ vart har' stri' om salmebok=bytinga. Bech va ellest ein opplysningsven som prøvde å få be're skjikk på folkeskulen med duglegare skulmestere som 'n la se ut om å løne be're, fattigstelle tok 'n se au tå i heile bispedøme. Men ennå va dæ itte lett sak å få retta på dæ som va i olag, for folk gruvde se for allt nytt som dæ va kostna med. Ve visitasen på Fron i 1806 tok Bech se fram=i skulestelle og sette på ein lempeleg måte av klukkarn som „ikke gjorde sine plikter“, andre rettbøte med skulom ser ein ellest itte någå om.

Folkeskulan vart helde i dæ gamle gjenge mest ein manns=alder ette 1800, itte eingong da Nori' vart løyst frå samfeste med Danmark i 1814, vart dæ gjort opptak te ein be're og tidhøveleg skule for di norske bygdafolkje. Dæ vart ette skjølnan så mangt anna som trøngde se fram, at dæ va oråd å løyse alle krav med eitt, men duglege menn frå alle samfundslag tok allt i di fyrste årom ette 1814 opp tankjin, om ei ny lov for folkeskulom i landsbygdom.

Og så kom endeleg den fyrste norske skulelova den 14de juli 1827, 85 år ette at Nori' fekk den dansk=norske lova om skulin. Denne nye skulelova va for den ti'a eit stort steg framette på mange vis, enda ho med våre dågås synsmåte ha mange veilo. Ho slo fast at ve alle hugukjørkjo skull' dæ vera ein fast skule med eigje skul'hus og hit skull' bona søkje skulin så vidt omkring, som skulekommisjon fastsette. Bygda skull' delast i høvelege skuledistrikt og i desse vart skulin å helde på omgang som førr. Distrikta vart delte i „roder“ og i kår rote søkte heile bo'ntale skulin te kår dag, 3 hell i dæ minste 2 måna årleg. Kårt distrikt skull' hå ein skulmester som ha kosten i huse hos oppsitjarom i kår rote og med ei løn årleg på minst 80 krono. Någå feitt levebrø' vart dæ itte å vera skul'mester ette di nye skul'=

loven hell, men dæ va nok món 'ti ein 20—30 krono meire om åre likevel. Eit tå di største framstegom den nye lova ga opptake te va ellest dæ, at dæ skull' setjast igong lærarskule i alle stiftssta'om for å lære opp klukkare og lærare åt di faste skulom ve hugukjørkjun. Og ette loven skull' klukkarn med te-syn tå soknepresta lære opp di andre skulmestran åt omgangsskulom. For denne opplæringa skull' klukkarn for kår lærling hå ei serskildt betaling, jemnast 20 krono. Dæ kom ellest te å drygje ei ti' før desse lærarskulan (seminar) kom igong med ondatak tå Trondøm, som fekk sin såmå åre som den nye lova kom; i 1834 vart seminare i Asker sett igong og framette te 1840 va di andre sett i verk. Like attende i dansketi'a vart dæ skjepa eit seminar på Blågård ve Kjøpenhamn, og her gjekk dæ godt 20 norske onge gute millom 1794—97, men imillom døm va dæ ein einaste Gullbransdøl, 'n Erik Bjørnsgård, son åt klukkara i Fåberg, som tok ein go' eksamen og vart klukkar og skulmester i himbygden. Frå 1806—08 ha presten Hieronymus Heyerdahl eit seminar på Toten og der vart dæ opplært 8 gute, men imillom døm va dæ ingen frå Gullbransdala.

Di fastslegne læregreinin i folkeskula ette di nye skuleloven va desse: 1. lesing „med forstandsøvelser", 2. religion med bibelhistori; 3. sang ette salmeboken, 4. skriving og rekning, men ette skuleloven skull' skulekommisjon og stiftsdireksjon sjå te, at opplæringa tok med andre opplæringsgreine i di skulom dæ kunn' vera høve te di. I sta'n for at den gamle skulelova ha berre tu faste fag, har den nye 4.

Med å setja skulestelle utover bygdin i full gang ette som den nye lova kravde, gjekk dæ itte snøgt i mange tå bygdom, vissa dragna dæ førr den faste skulin ve hugukjørkjun fekk eigje hus, likeeins gjekk dæ naugre år førr dæ let se gjera å få klukkar med seminareksamen te å stå for opplæringen tå bonom i hugukjørkje-distrikta, og opplæringen tå skul'mestre åt umgangsskulom. Dæ er itte visst ner den faste skulin ve hugukjørkja på Fron fekk eigje hus, han er sagte itte kome i full gong førr fram mot 1840, så dæ tok någå ti' førr skulestelle vart gjenomført ette di nye loven. Folketale og med di bo'ntale på Fron va pålag 1820 vorte så stort,

at bygda måtte halde 10 skulmestre, 1822 er tale dæ såmå og prost Thaulow prøvde, å få løna derest auka ein môn, men dæ gjekk itte. I 1845 er dæ vorto 2 seminariste millom di 10 skulmestrom, og alle 4 sokna ha kår sin fastskule, i Kvam berre te prøve. Ve dette leite va 'n Peder Nilsen vorte klukkar ve hugukjørkja og denne mann va ein svært dugeleg skulmester som lærde opp mange omgangsskulmestre. Skulin åt Nilsen ha overlag godt or' på se og mange onge bond'gute, som vilde lære någå meir hell folkeskulin ha å bjo, gjekk på skula hass. Nilsen va vælvørd tå bygdafolkje og ha go' te-tru som ein rettsindaug og kunnskapsrik mann. Imillom 1858 og 65 va 'n or'førar i Søre Fron og attåt di va 'n forlikskommisær og overformynder. Nilsen va seminarist frå Asker; dø 91 år gåmål i 1904.

1848 har Fron som førr 10 skulmestre og 3 faste skule med kår sin seminarist te skulmester. Skulestelle heldt se i dette måle di neraste 10—12 år framigjenom, men någå framvokst va nok å merkje, serleg med di at skulmestran i omgangsskula va be're opplærde hell førr og så tok dæ te å kåmå ut skulebøk og læremidler på statskostna, og smått ette hånd vart døm ti'i ibruk. I 1849 held prost Nissen visitas i alle bygdom i dala, han va ein go' og skjønsam skulemann som endsa væl ette skulestelle i kår tå bygdom. I desse ti'om ha dæ i naugre fåe bygde kome i gong ein „høiere almueskole“ knytt attåt den faste skulin ve hugukjørkja. Ve desse skulan va dæ tu klasso og i di øvste va dæ gjett ei någå viaregåande opplæring. Dæ va tå fleire arbeidt någå for desse skulom, men døm vann se itte stor inngang og onderleg nok hørest dæ ut for, at prost Nissen itte tykkjy dæ er viare bruk for høgre almuskule her i dala. Han „antager at der til nogen høiere almueskoler neppe er nogen trang da de bønder, som ønsker sine sønner en bedre uddannelse nu har Lillehammer middel- og realskole hvor 4—5 bondegutter nu opholder sig“. Han finn ellest imse vank ve skulestelle som dæ ennå va, og 'n nemne skuleforsøminga og at dæ itte va klassedeling. Sist kjøm 'n inn på vanskan med måle åt bonom: „børnenes daglige tungemål er temmelig forskjelligt frå bogsproget som derfor falder især

for de tungnemmede vanskelig at forstå og udtrykke sig i. Børnene i disse egne udvikle sig senere end i byene — — —.“ Ein kann merkje, at ti'a tek te å gjera nye krav og har itte sti'i still ette 1827. Både skulin og folkeopplysninga har gjort framsteg di neste tjuge åra ette skulelova kom og folke tok te å følgje meire med, både i åndslive og dæ timelege live. Allt i 1830 va dæ ein kaftin Høyer, ein løtnant Coucheron og ein teologisk kandidat Knutzen, som sende omkring innbjoing te ei folkeboksamling i Kvam og som truleg kom igong. Dæ ser ut te, at dæ drygdest nokså lengje ennå førr hugusokne fekk se folkeboksamling, for i 1857 venda sokneprest Winsnes se åt formannskape om te-skot åt ei boksamling. I den vælskrivne søknan heldt 'n fram di sterke krava som nå melle se om be're opplysning og gjet om, at skulestelle er vorte så my' be're, at serleg di yngre vilde ha stort gagn tå ei samling med go'e bøk. Di fyrste vikubla'a som nerast tenkte se å vera „folkebla“ tok au te å kåmå ut fyry 50-årom, eit og anna jor'bruksskrift og bøk te folkelesna. I dæ heile va dæ ei overgangsti' i opplysningsveiga, framvoksten skaut på og krava voks — skulelova frå 1827 tok te å bli forgåmål, ho vilde om snøgg ti' vera utlevd, enda ho itte va førretjuge år gåmål.

Og i 1860 kom dæ ei ny lov om folkeskulin, fyllte di krava som ti'a va nått fram te og va eit ennå større framskuv i skulestell og folkeopplysning, hell den førre lova va dengongen ho kom. Da di fyrste tie åra va gått med te å få skulan te-skjepa, va døm itte te å kjenne att i bygdom ette heile dala, dæ heldt på og reiste se nytimra skul'hus i alle krinse så fort som bygdin såg se utveig te di, dæ kom nye og go'e læremidler og go'e skulebøk, millom anna Jensens læsebok som va ei ypperleg bok for si ti' og môna læsehaug og folkeopplysninga framette meire, hell någun kann tru. Men ti'a står alder still, nye ti'e, nye krav og da skulelova frå 1860 ha verka i 30 år va ti'a kome så langt, at dæ va bruk for den lova som gjeld idag. Ho kom i 1889.

Live i ei bygd va seint te å skjifte, vissa i fjellbygdom, førr i ti'om, folk slepte nauleg gåmål skjikk og bruk både i di gudelege og di menneskjelege. Men ei og annor omskjifting kom dæ ette hånd som ti'in eka se fram — ofte så stillt, at folk itte la større merkje te di. Frama'for er dæ nemnt om, at kåkje pietisma, rasjonalisma hell Haugevekkjinga orka å gjera någå omskjifte i dæ gudelege live i dølabygdom, itte så dæ ga di ein an'n dåm. Dæ heldt ve i di gamle fare og va nok itte fritt for mange utvokste som va både te skam og ska'e. Verst tå allt va drykken som ha klengt se så inn, at 'n likesom høyrde te og på ingen måte va helde for ein farleg last. Og med drykka følgje så my' anna vondt, at live millom folke i ei bygd kann bli heilt avlågå og folkelynne som omskapt.

Bispen Bech såg på brennevinsdrykken som ein stor last han stadig fresta å arbei'e imot; i visitasboka hass nemne 'n itte så my' om drykken her i Gullbransdala di fyrste åra ette 'n kom på bispestoln i Akershus, og dæ ser helst ut te, at brennvine itte va så missbrukt den ti'a som dæ va for ein mannsalder lenger attende og vart att omkring 1820—30. Bech likte folke i Gullbransdala og ette visitasa i Øyer den 2dre august 1806 skriv 'n sålest: „Guldbrandsdalens almue er i almindelighed et mandigt og til tænksomhed oplagt folk, og med mere oplysning vil dets stivhed gå over til elskverdig fasthed. Med en klog og rigtig omgangsmåde av geistlige og civile embedsmænd vilde det kunne bringes og overtales til alt godt."

I 1822 er dæ prosten i Gullbransdala, Thaulow i Gausdal, som held visitas og på sume stelle kom dæ fram i visitasmøte med prest, medhjålpare og prosta, at drykken va te forarging. I alle bygde va dæ klågå på, at nattlaupinga skjemde live imillom ongdomen.

I 1845 visitera prost Nissen i Øyer alle bygdin i dala; prosten er itte nettopp vælnøgd med kristendomskunnskapa åt di 70—80 bon som møtte på kjørkjegolve i Fron. I prostemøte ette visitasa vart dæ klågå på, at Hemerkjingan kår vinter reiste med brennvins-lass uppigjenom daln og avhenda, døm fór ellest og selde brennvin te imse årsti'e og dæ henda

at døm va radt oppå sætrom med denne vara. Denne brennvinshandeln va te stor ska'e for bygdom og volda my' ostyr, dæ siste åre har dæ itte vore fullt så my' tå di, og på eksisplassa på Breiveiga ha dæ hellanitte vore så my' ostyr i dæ siste. Dæ va nå gjort eit avholdslag i bygden med over 200 medlemer. Medhjålparen og presten trudde itte, at dæ nå va my' å utsetja på dæ kristelege live i bygden. Ette melling åt bispa i 1847 hella prosten te den meininga at drykken kanskje held på å minke, men nattlaupinga og osedaugskapen såg ut te å helde ve som førr. Den såmå merknan gjer Nissen ette neste visitas i 1848. I ei melling åt bispa om ei visitasfer' i eit tå 40-årom skriv Nissen millom anna dette: „Gudbrandsdalens indvånere henhøre formentlig blandt landets mest civiliserede fjeldfolk; den råhed som sommesteder bryder ud i slagsmål er forlengst forsvunden. Avholdsforeningene får ikke megen fremgang trods presternes virken; drikken noget i mink. Brenderiet på Lillehammer har alt gjort poteterne dyrere for arbeidsklassen i nærmeste omkreds. De uegte børns antal er størst i Vågå og mindst i Øyer. Best oplyst forekommer mig ungdommen at være i Lesja, slettest i Faberg, men prøverne er for ufuldstendige til en sikker dom — — — — —“

På Fron har dæ ette Haugerørslun itte vore nogor gudeleg vekkjing som har gripi folke med stor makt, dæ kann ha vore eit og anna te-tak på imse stelle og dæ gudelege live har defor helde se i di gamle fare.

NAMNSKJIKK, KLÆ'BONA, OMGANGSLIV.

Folkenamna va på lag di såmå bygd for bygd daln igjenom med svært liten skjølna, dæ kunn' vera eit og anna namn som kår bygd for se va einsleg om å kalle for, men desse namna va itte mange. Og den faste namnskjikken va den såmå heilt te 1850 på-lag: bestefarn på farsi'a vart fyrst opp-kalla og dernest bestefarn på morsi'a. Med jentbonom kunn' dæ sume ti'e skjifte, men dæ vanlege va, at fyrste jentbone heitte ette farmora og den andre ette mormora, og alder vart bona kristna med meir hell eit namn. Oppkallingsnamne vart støtt ti'i heilt ut, døm klattra itte bort namna ved å tå berre fyrybokstaven og sea vrengje dæ te på imse gjer'in. Folke ha ein stor ågå for namnskjikka og vilde nauleg brote den gamle namn-ra'a i slekten.

Her kjøm ei namnliste frå eit koppskatt-manntal frå 1645 med 192 namn; ho er helde ihop med Grams manntal frå 1612, eit skattmanntal frå 1719 og ei stutt manntalsliste ette 'om David Schjøtte frå 1742. Fleire tå di gamle heilnorske namnom har den gamle skrivemåtin sett i klommer, og tale bakette vise kå mange tå kårt dæ er funne i koppskattmann-tale frå 1645.

Kvinnfolknamna er dæ oråd å få någor fullkome liste på ette di dæ er berre naugre fåe namn på enkjo, som er med i skattmanntalom, men ette døm som kan sankast ihop frå imse kjeldo er dæ nok itte tvil om, at på-lag alle kvinn-folknamn som va i bruk te for hondre år sea, er kjendte og storparten brukte den dag idag. Ette 1850 vart dæ vingel

i namnskjikka og dæ vart gjævt å bruke villframonde namn på både gute og jento; nå i siste ti'om høre folk at desse lånte namna har ein framon klang som itte høve, og di norske namna held på kjøm i ære att både i bygd og by.

Aksle (Aksel)	1	Jon	8
Amund (Åmund)	6	Johannis	6
Anders (Andres)	6	Knut	5
Arne	2	Lars, Lauris	6
Asbjørn	2	Lovêr (Lodver)	1
Berdon (Bergtor?)	1	Mads	1
Børge (Birger)	1	Nils	1
Dagfinn	1	Ola, Oluf (Olav)	19
Elling (Erling)	1	Otte (Ottar)	3
Engebret	4	Ovind, Even (Eyvind)	1
Endre (Endrid)	1	Povel, Pål	6
Engle	1	Peder	8
Ellan (Erlend)	4	Rasmus	1
Erik	9	Reer (Reidar)	1
Gullbran (Gudbrand)	1	Siver (Sigurd)	5
Gullik (Gudleik)	1	Svend (Svein)	7
Gottorm (Guttorm)	2	Tomas	1
Hågen (Håkon)	1	Tord	2
Hallvor (Hallvard)	2	Tore	3
Hans	4	Torger (Torgeir)	4
Horrik (Horek)	1	Torgrim	1
Iver (Ivar)	10	Torkel (Torkil)	2
Jakop (Jakob)	5	Verner	1
Jens	3	Østen (Eystein)	3

I Grams manntal er desse namna oppsett som itte er med på listun frå 1645: Alv, Bård, Brynyl (Brynjulv), Gunder (Gunnar), Gudmund, Henning, Jesper (Gisbrikt), Karl, Staffen (Stefan), Størk (Styrkar), Søren. I 1719: Abraham, David, Fredrik, Herlaug, Kristen, Kristofer, Mons (Mogens, Magnus), Narve, Simen (Sæmund), Stener (Steinar). Men alle desse namna frå 1612 og 1719 va sikkert i stadig bruk heile ti'a, døm er berre itte vorte med på listun i 1645 for di skuld, at der er berre husfarn oppsett med namn.

Frå desse såmå ti'om er desse kvinnfolknamna kjendte: Ågot, Åse, Åste, Anne, Astri, Beret, Berte, Brit, Brynhil, Dordi, Eldri, Eli, Guri, Gjøa, Gøllaug, Ingeleiv, Ingri, Jøron, Kari, Magnhil, Mali, Mari, Marte, Olave, Ragnhil, Rannei, Rønnaug, Sebor, Sigri, Sigtru, Sissel, Synne, Tora, Ømjer. At dæ va my' fleire kvinnfolknamn er nok itte å tvile på, men dæ er itte å få tak på døm så langt attende, desse er ellest døm som va mest i bruk på Fron te ette 1750.

I 1643 va prestan be'ne om å kåmå med listo over di sernorske folkenamna og 'n David Schjøtte gje opp desse for Fron:

Mannsnamn: Alv, Amund, Arne, Asbjørn, Aksle, Bendt, Bjerte, Bjørn, Bølaug, Dagfin, Elling, Endre, Ener, Engel (Engle), Erlan, Even, Gullik, Gudmund, Guldbran, Gunder, Guttorm, Haldo, Halvor, Helge, Håken, Jetmund, Ingebret, Loê (Lodin), Narve, Reer (Reidar), Rolv, Seming, Sjur, Taral, Tjøstel, Tron, Tollev, Tollek, Tor, Torkel, Torger, Tosten, Tye (Tyge?), Vern, Verner, Østen.

Kvinnfolknamn: Ågot, Åste, Alis, Astri, Bol, Bodil, Brit, Beret, Brynil, Dordi, Dorte, Eli, Eldri, Gjøron, Gjøa, Gjertru, Goro, Guri, Gollaug, Ingri, Live, Magnil, Mali, Ragnil, Rannei, Ronnaug, Siri, Signe, Sigtru, Synne, Tora, Ømjer.

Klæ'bona. I di boken om Kristians amt som amtmann Sommerfelt skriv pålag 1790, har 'n dette om klæ'bonan på eit stelle: „Enhver bygd har havt sin klædedragt som det skulde være en skam at vige fra. I Valders vedligeholdes endnu disse bygdedragter og i Guldbrandsdalen nogenlunde hos mandfolkene, men i de sydligste bygder herske nu foranderlige moder hos bonden ligesom i de fornemme stænder. — —" På eit anne stelle skriv 'n: — — — „således har enhver bygd i amtet fra gamle tider havt en vis national- eller bygdedragt, som i nogle egne endnu holdes vedlige, men i andre egne er ganske eller tildels gået av brug. Hvor det første finder sted har yppighed i klæder ikke fundet indgang. Intet vilde og være et kraftigere middel derimod

end at vedligeholde disse klædedragter hvor de endnu bruges og at restituere dem hvor de går av brug. — — — —"
Den gongen Sommerfelt skreiv boka si om Kristians amt, va nok klæ'bonan ennå på dæ neraste eins i alle bygde i Gullbransdala, kanskje med eit og anna ondatak for Gausdal og Fåberg, dæ va flatbygdin på Hemarken og Toten som tok te å skjifte med klæ'gjer'om. Men den klæ'gjer'a som ennå va i bruk over allt i Gullbransdala og ennå itte va heilt avlagt i Hemarks- og Totensbygdom, va itte my' gåmål i gar'a, dæ va kanskje berre såvidt halthondre år sea ho løyste åv ein klæ'mote som va i bruk i rigtig lange ti'e attigjenom, ja minst tu hondre år. Men kårdan denna gamle klæ'gjer'a va, er dæ itte stor råd å få full greie på; i sume gamle skjiftebrev kann dæ finnast eit og anna smått som kann gje lite rettlei'ing, helst om kvinnfolkbonan. Men dæ er mest berre småting; dæ ein kann finne ut er, at kvinnfolka brukte stakk og trøye og itte kjol, og så kann ein sjå, at både stakken og trøya va lêta med bjerke lête ner døm va kjørkjeklæ'e hell stasplagg. Om døm va einlet hell ruta hell rånda, er itte så sikkert, men nerast ser dæ ut te, at båe plagga va einlete. Frå arveskjifte i imse tå bygdom er nemnt blåe, raue, grøne og svarte stakke, for dæ meste tå himvove ty, imillom kann dæ au vera stakke tå svart, bront hell blått klæde. I kva'ndagslag va my' brukt gråe vønmålsstakke, sume tå tvinna gån. I nor'dala er snørlive nemnt; om stakken va rykkt hell slett er itte sagt någå om. Trøya va gjort med skjøt og va truleg någå ha'leg sid; ho ha di såmå bjerke letan som stakken, rau, blå og grøn, og dæ går fram, at trøya kunn' vera stasa med snore på imse lete. Snørlive va au ofte snorlagt med grøne, blåe og raue snore ette som dæ høvde med leta på snørlive, imillom ha snørlive 12 sølvmaljo, sume ti'e va maljun tå tênn. Huguplagge og sko'n ser ein itte någå om i skjiftebrev frå 1600-tale, men på hugua ha kvinnfolka luvo som visst te stas og kjørkjebruk va utsôma, og sko'n va sikkert lågsko med spenne over rista. Tå fyryklæ' som stødt hørde kvinnfolkbona te, er dæ nemnt svarte, svart-terna, brone og grøne, svært ofte tå eit slag kjøp-ty som kallast rask, imillom tå

svart damask. Denne bonan har sikkert vore prydeleg med di bjerke letom, som døm i di gamle ti'om ha eit gløgt auga te å setja samen så dæ itte skar i augom. At kvinnfolk me'a denne bonan va i bruk ha my' sølvstas, ser dæ itte ut te, søljo, spenne og dingsknappe er itte nemnt, dæ eineste er sølvmaljo og tênnmaljo i snørliv. Så langt dæ let se gjera å finne ut, heldt denne kvinnfolk-bonan se styggeleg langt framigjenom ti'a; med eit og anna småbrigde sto' 'n i fleire tå bygdom medlag te fram imot 1800-tale.

Om karmanns-bonan er dæ ennå mindre kjendskap, dæ som er å finne i gamle skjifte skjøl itte så væl ut, at dæ let se gjera å kåmå ette med kårlest bonan va gjord og såg ut. Broka kann ein nok vera så på lag sikker om va tå semska skinn, reinsskinn hell el'shu', helst el'shu', for den va gjevast te brokvørkje. At dæ va knebrok er nok likeså visst; hos vælstandsfolk ha broka både knappe og knespenne tå sølv når ho hørde med te ein stasbona hell kjørkjebona. Kårlest dæ va med vesten, onntrøya hell stuttlive, som dette plagge vart kalla seinar, er dæ ingenting å få veta, plagge er itte eingong gjete imillom di andre bonasplaggom. Kartrøya er ofte nemnt i di gamle skjiftebrevom og der syne dæ se, at ho kunn' vera både rau og blå; sålest va nok bjerk lêt gjæv på karmannsbonan, au. Venteleg ha mannstrøya skjøt, men om ho va stutt hell sid er itte å få greie på, kanskje va dæ „flasketrøya" som va ibruk radt fram te 1730—50. Om hugu-plagge er dæ itte någå å få veta, men dæ er nemnt hatt, så dæ er truleg at hatten te-dels va brukt. Karmennan ha eit belte om live, og fleire gongo er dæ i skjifte ette vælstandsmenn nemnt sølvbelte. Frå 1600-tale er dæ itte kjendt någå målårstykkjy hell anna bilæte frå Gullbransdala, som kann gje rettlei'ing om klæ'bonan, og någå klæ'plagg frå så langt attende i ti'n er dæ sjølsagt dæ itte finst att nå.

Den klæ'bonan som for dæ meste va i bruk da Sommerfelt skreiv om Kristians amt i 1790, va den franske mannsbonan frå ti'n hass Ludvig den 14de, hell rettare ei ettelikning tå di klæ'mota. Hit te-lands kom motin frå Kjøpenhamn med embetsmenn og storfolk, og trøngde den gamle mannsbonan onda ette hånd. Vedskjifte med „kongens Kjø-

penhamn“, som da va hugusta'n átt Nori', au, vart større og større ette at 1700=tale begjynte, og klæ'motan har all sin dag vore snøgge te å breie se vidt utover. Mange onge dølagute vart utskrivi hell let se kverve åt livgarden i Kjø=penhamn, og va ofte der i mange år. Dæ va høge, væl=voksne og staute kare og når døm kom attende åt him=bygden, klædde ette siste mote i Kjøpenhamn, va dæ nok itte rart om di yngre millom bygdafolkje krøkte ette, sålangt skreddaran i bygden orka å likne ette di nye mønstrom. I Holstein=legre i 1760—62 va dæ utkommedert mange hånd=verkere både skreddare og andre, og da dæ itte vart någun kri' vart dæ lite å tå se te. Defor var dæ mange tå døm som ha lært se eit håndverk i himbygden, som fekk se arbei' belom=te på handverks=verkste'om for å lære te fullnas og kanskje tene ein skjilling attåt. Mest alle håndverk va nok lenger framdrivne i dugleik i ein slik storby som Kjøpen=hamn, og di håndverkeran som ha gått någå i lære der i by'n vart helde for mesterhåndverkere, når døm kom atti himbygda, som von kunn' vera, antel dæ va skreddare hell skomakere. Og di skreddaran som va med i Holstein og ha lært konsta si pånytt i Danmark, døm festa den nye kar=mannsmoten bygdin rondt, mannjemnt hos både onge og gamle. Om naugre fåe år er „klæ'bonan frå Holbergs ti'“ trøngt inn både på Hemarken, Toten, Gullbransdala, Øster=dala og i ein mengde tå bygdlagom nor'afjells. Allt i 1765 er omskjifte gått for se i dæ store og heile, og er vorte fast mote. At ettelikninga fylgde bymønstrøm på prikken va nok itte te=felle, både va dæ himverka tye i di norske bygdom tyngre å maksle te, så dæ fall se lettvintast å gjera eit og andre mindre avbrigde, og så ha både folke og skreddaran i di imse bygdlag kår sin smak, som au sette merkje ette se. Med di vart denne klæ'bonan i mange mindre ting te=måta på kår si gjer' i bygdom og dalførom, men grunn=mønstra er den såmå overallt og er lett å kjenne att.

Dæ va ein svært andsynleg og staseleg bona, denne frå 1700=tale, slik som 'n vart te=måta i kårt strok, men tong og lite høveleg te kva'ndags og arbeidsbona. Dæ plagge som likesom ga heile bonan dåmen, va den si'e gråvesten

som va kalla med så mange namn: „gråvest“, „storfikkavest“, „styrelvest“. Han va støtt gjort tå kvitt hell ljosgrått, o=lêta vønmål, forutta krågå, med smale erme, ei knapp=ra' og ei stor brei fikke på kår si'e. Sidda kunn' skjifte någå, men te vanleg rokk 'n ne' på tjukkleggen; i knapp=ra'n va dæ 8—12 ronde, ha'leg store, støypte metalknappe som va dreia og utgravne med krulle og rose, og ofte eit monogram i midten; fikkun ha 3 lite mindre knappe kår se, og fremst på ermom va dæ au 2 hell 3 knappe. Knappan va utkokte og såg ut som sølvknappe; i kår bygd va dæ ein hell tu knappstøypare som imillom kunn' vera store konstnare med gråvstikkun, og di gamle gråvestknappan er ofte rigtig vak=kert arbei'. Skull' gråvesten vera stasplagg tå fyrste slag, va 'n utsomt ne'over bringa på båe sio åt knapp=ra'n med blå, rau og grøn silkjetrå, likeså oppover ermin frama' ål=bågån og fikkun va au utsomt. Utsominga va mesta døla=krulle med fint bla'verk. Ein rigtig fint utsomt og vælskapt gråvest va eit overlag staseleg plagg, dæ let se itte nekke for.

Den franske vesten som sjølsagt følgde med gråvesta, ha erme og va klypt og somt på såmå gjera som gråvesten, men va gjort tå tunnare ullty og va my' stuttare, nådde berre ne'på låre. Vesten va nemnt ondtrøye og va my' attåt gjort tå både rutot, råndot og manglei'ne leta ty; da grå=vesten va tong å gå 'ti inne i huse og i arbei' om somårn, va dæ my' brukeleg å gå i vesta. Åt vesta va dæ jemnan brukt eit eigje knapp=slag tå utta'lands arbei', støypte knappe med stålsette bla' og rose, døm gjekk med namn tå „stål=sett=knappe“. I nor'dala, helst på Vågå og Dovre, kalla døm vesten „rauruta=trøye“ for di 'n mest støtt va gjort tå stor=ruta, raudt ty.

Broka som hørde bona'n te va knebrok med spenne og 3—4 og fleir knappe ve knee; ho skjølde se itte større frå di gamle knebroken åt di førre klæ'bona, va for dæ fyrste helst gjort tå gult semska reinsskinn hell bukkeskinn. Men my' attåt va broka tå kjøp'ty, skjegg hell klæde på imse lête; vælstandsfolk kunn' hå sølvknappe og sølvspenne i broken og dæ va itte så skjelda, at ho va utsoma ne'ette lårom.

Hosun va bondehoso som gjekk oppom knee og va leta blåe, raue hell grøne, hosobanda va lange brigdaband med fleire lete og lange duske, som hekk ne' frå knee utta'beins. Sko'n vå beksom=lågsko med spenne over rista. Skospenne va støypte tå bjøllmasing for dæ meste og va gjenne godt og vakkert arbeidde; dæ va stødt støypare i kår bygd som arbeidde skospenne, støypte bjøllo, søljo og meire slikt. Folk som ha go' råd kunn' ha sølvspenne i sko'om, og dæ va nå sermerkje på rikdom å „gå i sølvspennte sko".

Luva ha visst itte någor fastsli'i gjer' som følgde denne klæ'bonan, for luvun kunn' vera på mange gjer'in og itte så lite va hatten brukt, helst ein høg, stiv hatt. I kva'ndagslag va mesta brukt ei svart hell grå oppslagsluve tå vønmål med rau koll. I nor'dalsbygdom va rauluva i bruk reint jemn=fare eit par mannsaldre; te=dels va rauluva bonde hime i bygden, men te stasplag va dæ rauluvo frå Holland, „byluvo" tå ose'vanleg fint tøte og med vakker, sterk og fast raulêt.

Ennå står att å nemne belte som hørde denne karmanns=bona'n te; dæ va jemnast eit håndvove ullbelte, 6 cntm. breidt, vove hell brigda tå grovt gån på mange lête, med eit spenne og ein smikk på endom. Slikt va dæ vanlege belte, „livgjor'e", som ho kallast, men livgjor'e va ein gjæv del tå bona'a, og defor kunn' ho vera på mange gjer'in og va ofte ein dyr ting, som dæ vå lagt stort arbei' på. Rike folk ha belte tå sølv, tå skinn med „sølvstoffer", tå raudt klæ'e med „sølvpokler". Ei slik livgjor' kunn' i skjifte bli ver'sett te over 300 krono, og døm gjekk i arv frå far te son fleire gongo. Dæ er i fleire skjifte frå 1600=tale nemnt „sølvbelte med 22 sølvpokler på rødt klæde", „20 sølvstoffer på rødt skind" o. s. b. Desse livgjor'in va my' eldre her i lande hell den franske karmannsbonan, men døm vart brukt på honom au, og spennt omkring gråvesten, sume bar ho onde gråvesta spennt omkring ondtrøya. Sølvlivgjor'in va stødt ein del smalare hell di vanlege tå ullband.

Slik som her er omsagt va klæ'bonan i Gullbransdals=bygdom ette 1765 på=lag, frå Mjøsen og øvst uppi Lesja og Lom, lite skjølna frå di eine bygden åt di andre i einkelte småting, men i alle grunndrag ette di såmå mønstern: stas=

klæ'bonan i Paris frå ti'n hass Ludvig den 14de. Om dæ på Fron va någå avvik i sume ting er itte kjent, men dæ er lite truleg.

Om kvinnfolkbonan i ti'om framette frå 1765 er dæ vanskeleg å gje ei setandest utgrei'ing, dæ som er sikkert er, at den vanlege bygdabona'n va stakk og trøye, skjøt-trøye tå himvove ty, på imse lête for dæ mest, hos vælstandskvinnfolk va nok kjøpty brukt te stasklæ'e, serlig på Fron og di søre bygdom. Både tå karmannsbona og kvinnfolkbona finst dæ att ein del plagg, men dom er jemnast lite sermerkte og høre te-dels itte eingong te den såmå bona'n. I di søre bygdom er dæ mest likt te, at kvinnfolkbonan någå ti'leg i ti'n har vorte ustø, og itte helde se ette någor fast mønster. H. F. Hjorthøy skriv sålest om klæbona'n i 1784: „Angående bøndernes klædedragt da bruger såvel mands- som kvindepersoner hjemmevævede tøier og vadmel til klæder. I alle prestegjeld i provstiet er klædedragten næsten den samme, undtagen i Gausdal og Fåberg, hvis dragt synes noget forskjellig fra de andre; dog bruge de alle kjoler eller vester med skjød mere eller mindre åvskårne, og det av lysegråt vadmel med blå eller andre kolorerede trøier eller vester til undertrøier, samt gule udsyede sembsskindsbukser, eller og bukser av mørkeblåt hjemmevævet klæde og støvler på benene, når de på det prægtigste ere klædde. Pigernes fornemste prydelse er i bryllupper stoffes trøie og skjørt, med opsat hår besat med sølvbånd og blomster; på andre tider, når de ere pyntede, bruge de damaskes- eller brokades huer og nærmest ansigtet en hvid hat eller lin med fine hvide kniplinger for. Konerne bruge sorte fløiels, moors eller taftes huer besatte med sorte kniplinger, eller sorte perler og ligeledes som pigerne et hvidt lin nærmest ansigtet. Brudene bruger enten opsat hår udsiret med bånd eller blomster, eller og papirkroner med glasperler av alle kulører, silketrøier av alle kulører og sorte stoffes eller ulden damaskes skjørt. Alle både mands- og kvindepersoner bruge spænder i deres sko, dels av sølv, dels av metal som er hvidagtig. Silketørklæder i alle kulører er især deres største overdådighed i klædedragten, da de på en gang kan bruge

tvende om halsen og et i hånden til prydelse.“ Ette di ein kann finne om klæ'bonan i gåmål ti' ser dæ itte ut te, at dølin, kåkje på karsi'a hell kvinnfolksi'a har brukt så my' sølvstas med spenne, søljo, dingsknappe og ringe som i sume andre dalføre, slik som i Telamarken og Valders. Dæ va sølvbelte, livgjor'in, som nok va gjæve, og ette 1720 er dæ likt te, at sølvstasen kom meire på motin i Gullbransdala. For dæ kom meire pening iblandt folk dæ bele med elv-timmerhandla.

Amtmann Sommerfelt som skreiv om Kristians amt 6 år seinar hell Hjorthøy, ser ut te å helde for, at klæ'motin i Gullbransdala er på veig te å gå utu bruk. Ennå va dette visst itte te-felle, for 'n heldt se ennå i pålag 30 år, framette te 1825, og lite lenger au, i di mest avsi'es dalførom og millom di eldre tå bygdafolkje. Men dæ leite kom lang-broka og løyste åv knebroka, stuttlive hell „livstykkjy“ tok rume ette di franske vesta og „spælkjoln“, „spælvesten“, tok styringa ette gråvesta — i 1830 va ein ny klæ'bona trøngt se inni bygdin daln forende, og dæ va itte meir att tå di førre hell rauluva i nor'dalsbygdom. Den nye spælkjoln som sto' medlag te slutten tå 50-årom og lite lenger, va itte så staseleg som gråvesten, men 'n va lettar og ledugar, og med di gjer'n som skreddaren somte 'n på framimot 1845, va 'n eit svært lugumt plagg, som ha grunnmønstre sitt i våbenkjolom åt offesjere og embetskjolom åt sivile embets-menn.

O m g a n g s l i v, l a g o g l e i k. Dæ er lite og tunnt dæ som let se sanke om omgangslive i bygdom frå gåmål ti'. Dæ vetle som er å finne i skrivne hell trykte kjello, er mesta retts-sakje som har ophave sitt frå slagsmål og voldsfer'e i samkåmo og lag der drykken har ti'i overtak. Slike drag tå omgangslive som er henta frå rettsbøk, kann nok itte tåkåst for sikre bilæte frå di almenne omgangslive i bygdom, men døm er likevæl eit døme på, at dæ va rusdrikken som både i 16 og 1700-tale va grunnlage åt all moro i omgangs-live, i lag og samkåmo. Og likeeins er døm eit klårt døme

på, at live igjenom denne lange tidsbålken va har't og villt og at dæ onde makten åt rusdrikka kunn' bli rått og ågålaust. Både i likfer'e, bryllaup og andre samkåmo hendte dæ tidt og jemnt, at dæ braut laust med stygge har'kulo, osemje og slåsting så blo'e rann og hårtoppan fauk, ofte tok folk ska'e på kropp og klæ'e. Dæ va „kjempo“ og „go'e kare“ som skull' freiste armståle sitt, og dæ va tvidrag millom granne om dæ eine og andre som døm for dæ fyrste prøvde gjera åv med nevaretta. Dæ va gjævt å vera helde for „go' kar“ og ein kar med ein sterk, nøytaug og gjenom=go kropp va vør't millom sambygdingom sine for desse fyrymônan, slikt som dæ er kjendt frå sagati'n. Ongdomen som voks opp ha eit stort livsmål med å temja se opp te å bli go' kar, og leikan døm gjor' i samkåmo i grendom gjekk stødt ut på lekomsøving. Med i denne oppøvinga hørde dragsmål på imse gjer'e og som så ofte vart ophave te eit slagsmål ein=gong seinere, om dæ itte stødt kom te å bli endin på drags=måle med di såmå. Di meste tå di gamle leikjom som va brukt millom di onge i gamle dågå, er reint burtglømde, men dæ er kjent at døm ofte gjekk har't te, om dæ itte nettopp va på ovenskap, og millom føre og sterke ongdome kunn' dæ bli så stri kapping, at di meire veikgjor'e vart klembde utur leika — dæ kunn' vera så veggjin skolv og heile huse ristast. Dæ va i sume tå bygdom i dala imillom 1640 og 1780 brukt moro=samkåmo som kallast „ligjer'“ (tjuk l = gjæl) og som både onge og gamle va med i. Så vidt ein kann sjå va desse ligjer'in samskotslag innafor grenda, og alle som va med tok sin part tå kostna'n. Namne høyrest ut te å vera frå di utgamle ti'om og er kanskje eit or' som er kome inn frå bygdlag, der døm ha skjepreida inndelt i liðer; lid kann ellest i gåmålnorsk vera dæ såmå som folk, folkehjålp. Dæ er itte funne någå om at dæ va helde slike ligjer'e på Fron, men på Vågå va døm i bruk i minst halt=anna hondre år og folkelive va så likt i di tu grann'bygdom, at dæ kunn' mest itte vera någun skjølna med desse. Li=gjer'in va morolag med mat og rusdrikke, dans og leik og i di eldre ti'om kunn' dæ jemnan bli osamna og ostyr; i seinaste ti'om ligjer'in sto' medlag framette mot 1800, gjekk

dæ meire fre'leg for se. Ve sluten tå 1700-tale ha omgangslive røytt tå se my' gåmål villskap om dæ nok hekk att tå di gamle surdeiga ennå.

Kårlest dæ va med læte, musikk, spellmenn og dans ette bygdom i Gullbransdala i di gamle ti'om attigjenom, er dæ vanskeleg å få någun kjennskap om. Dæ ser itte ut te å vera moleg å kåmå ette med kå ti' fela vart kjent og kom ibruk, og kå te instrument som va brukte te dans fyry felun, er itte så radt å åvgjera. Både hårpa og langleiken va brukte, men te vanleg dans va vel læte i langleika i veikaste lage, da va kanskje hårpa lugumare te di, men kåslag hårpe døm ha her i dala veit oss itte. Ein prest som heitte Anders Jemte og som i 1589 va prest i Ringbu og va antel huskaplan hell styrde kalle for dæ snøgge, har skrivi eit brev som nå er på Hårelsta og vistnok er skrivi åt ein tå Gjeslingom der på gar'a. I di breve nemne 'n at dæ „ligger og her en stor mund harpe som Hågen skredder ikke årkede at bære lenger end hidt, hvilken jeg loved hannom at skulle skaffe hjem til eder med nogen god kjending, som her kunde sendes imellem, men jeg kand ingen få der vil våge sig med hinder der med, at det de skulle legge hinder i [er] klove (kloffue) at hun kunde falle og slåes i sønder. Nu sender jeg hinder med dette eders bud hvis at han skaffer eder hinde uskadd — — — —". At dette er ei harpe er da greit, men at ho er kalla munnhårpe ser någå onderleg ut når ho va så tong å frakte, at 'n Håken skreddar itte årka få ho med se lenger hell dit presten budde i Ringbu. Hårpa va nå kjent her i lande allt i di heidne ti'n, men om ho i slutten tå 1500-tale kunn' vera brukt te å danse ette er ovisst. Munnhårpa va for meir hell 100 år sea my' brukt i fleire bygde, og i nor'dalsbygdom va ho svært ofte brukt te å danse ette, ho har da såvidt funnest te i siste ti'om, men di gamle munnhårpeslåttan er på dæ neraste glømde her i dala.

Fela va sjølsagt dæ instrumente som va best skjikka for å danse ette, men kå ti' ho kom i full bruk i Gullbransdala er dæ nok ingen som veit. Ho ska ha vore kjent i Nori' ti'leg i medelaldra, men ein finn ho itte nemnt her i dala i 1600, likevæl er dæ rimeleg at ho kunn' vera brukt her og

der fyry 1700. Pålag 1720 fekk „stadsmusikeren“ i Oslo forpakta „instrumentalmusikken“ synnafjells mot ei årleg av=gjift åt kongens kasse. Og alle spellmenn som vil låte te dans i bryllaup, aksione hell fri dans i bygdom synnafjells, laut pakte se spellmannsrett tå stadsmusikkera i Oslo. Frå 1730 framette er dæ fleire „forpaktarspellmenn“ oppette Gull=bransdala og for ein 60 år sea livde dæ gamle folk som minntest sume tå desse „forpaktarom“, døm ha dæ te di au, at di spellmennan som ha forpakta musikken i eit distrikt, va overlag te go'e spellmenn. Dæ vart jemnt ogrei'e med forpaktingsavgjiftom, og stadsmusikanten ha ofte desse bygda=forpaktaran på tinge for attskuldaug pakting. Årsavgjifta for ei pakting i ei hell fleire bygde kunn' vera 4 rd. og 1 tylt med rupe, 5 rd. og deromkring. Denne forpaktinga tå bygda=musikka heldt ve te i fyrste årom ette 1814. Ein kann sjå tå di tinglyste forpaktingsbrevom, at dæ i årom omkring 1730 fanst itte så fåe felspellmenn i Gullbransdala, og at fleire tå døm va bra spellmenn skull' itte vera orimeleg. Den ti'a va dæ nok itte brukt an'n dans hell springdans, „springleik“, som 'n da va nemnt, og den dansgjer'a va nok ve den ti'a godt innøvd både hos spellmennom og dansarom. Kår spring=dansen kann vera utstokkjin er kanskje itte di musikkunnauge heilt sikre om, dæ har vore tymta på at 'n kunn' vera kome te=lands med sigeøinere frå Polen, for springdansen har my' iblandt vore kalla Pålsdans (polsk=dans).

At fellæte skull' vera sers godt framvokse her i dala i di fyrste mannsaldra ette 1700, er dæ litor von te, dæ va nok livgardistan og Holsteinkaran som ette midten tå hondreåre ga fellæte ein dugeleg framskuv. I Kjøpenhamn va dæ eit rikt musikkliv denne ti'a, og di gardistan som lêt på fela da døm sleig i garden, forsømde nok itte å lære se opp — ein kann sålest godt høre, at mange tå di gamle brurmarsom er militermusikk, gardemarse. Og di tå Holsteinkarom som lêt på fele, fekk go' ti' te å høre og lære my' både ny og gåmål musikk, den lange ti'a døm låg ørkjeslause i imse bye i Hol=stein. Defor er dæ nok te=felle, at fellæte gjor' eit rigtig dugeleg framsteg i heile Gullbransdala siste parten tå 1700=tale.

Hjorthøy skriv lite i boken sine om Gullbransdaln både om omgangsliv og musikk og da boka hass nå er utseld longe sea og itte å få, er dæ kanskje itte tå veiga å tå med her dæ han skriv om dette emne i 1780=årom.

„Adskillige skikke ere endnu som levninger av overtroen tilovers i Guldbrandsdalen, nemlig juleaften at sætte tvende kornbånd på stør under åben himmel ved laden og fæhuset til spurvenes føde i den hensigt, at de næste år ikke skal gjøre dem skade på ageren. Ligeså at give hver ko et korn=bånd juleaften, på det de næste år skal melke vel og give god budrot næste sommer. At løfte på hatten eller luen når der ringes med kirkeklokkerne, at gifte sig på ny=måned, på det at alting skal vokse og gro vel for dem i deres egte=skab, uagtet de fleste der gifte sig ere tydelig overbevist om, at deres brud vokser og trives endogså før bryllupet, om end samme aldrig skede på ny=måned, samt flere sådanne dels overtroiske, dels av sædvane antagne skikke. Men hvad jeg især har fundet merkværdigt, er deres skikke ved bryl=luper, således som jeg selv har set dem at være brugelige på Fron. Når da en gårdmandssøn eller datter skal holde bryllup (ti en gårdmandssøn får ei tilladelse til at gifte sig med en husmandsdatter med deres forældres samtykke, ti de holder for, at det strider mod velanstændighed og deres herkomst), holdes fæstensøl hos brudens forældre og bryl=lupet hos brudgommen eller hans forældre. Når en gård=mandssøn skal gifte sig sees fornemmelig på hvad bruden eier, og hvad hun kan vente i arv, og om hun er grim eller uduelig til husets gjerning, derpå sees ikke når hun får god hjemmegift. Når bryllupet er bestemt, lade de ved en av bygdens bedemænd indbyde deres gjester. Av disse bede=mænd ere tre eller fire i ethvert sogn, som ret ere skikkede til denne forretning, der nærmere kan ansees for et tiggeri, end indbydelse til et bryllup; ti bedemanden fører oftest hest og kløvkurve med sig for at modtage de gaver av kjød, flesk og andre madvarer, som de indbudne gjester sende til brudehuset. Talen eller den indbydelsesmåde som sådan en bedemand bruger når han indbyder gjesterne, anføres her så=dan som den på Fron er brugelig og i deres sædvanlige sprog.

Go dag og takk for sist!

E ska helse deg frå far og mor åt festinga og likeså frå far og mor åt festarpikun hass, om døkk vil vera så go'e å vera døm behjolpelig på deres heirs- og gle'esdag, som au er deres brylloupsdag, som er idag otte dågå te. Mi begjæring er sålest: at døm vil grumt gjenne få brumann og brukono, leisveinn hell dreng og brupike. Fæ' eg alle slaga så er dæ mykjy bra og om itte ti'a skull' falle sålest te for døkk, så fæ døkk gjera væl å kåmå som leleheita har — så har E den trua, at døkk itte vil forsmå derest bo som ut ha sendt, hell mitt som E framber. Og så er E kome ilag med tvenne kare, den eine er dum og den andre er blind, og som E er nokså bebøla med: dom er så oskjikkelege så E ingor roleheit kann få for døm, den eine ballera og den andre riin så eg ofte lyt opp med stava og gje på døm. Og ner E kjøm te ein gar' så vilja døm endeleg inn, og slepp eg om ein gar' så må E inn med døm i den andre, og ner eg kjøm inn lyt E bera opp æren'a for døm. Der vil den dumme grumt gjenne få skjinka tå su'n og bringkolln tå ku'n og skull' dæ falle med ei kjøtpølse og ei tonge, så er dæ mykje bra. Den blinde er nå lite likare å fåste ve, han, hell den dumme, for ner den blinde fæ' eit ljos, hell tu å sitja med framfor se, så er dæ som ein liten ljoske for augom hass og 'n tykjyst at ti'a går be're åv se for 'om. Så er dæ nå sålest, at den fyrste dagen vil dæ gjenne felle ut på kvelln: for dæ fyrste lyt døm danse med brurn såmange som mole er, og for dæ andre lyt døm lyse brur og brugom te sengs og sia kokk og kjellarsvein som har fornø'n å oppvarte folkje. Så har itte denne ongdomen haug te å sitja stille, for itte årke døm å danse og sitja drikke tåle døm itte — og sålest er dæ nå med desse, at der dæ er mykjy folk forsamla, så kann dæ itte felle sengjerum te åt alle, så har drengan haug te å sjå åt kår di onge brurpikun legg se og da har døm ingor anna råd hell døm kjem åt bemanna og begjere ein ljosstubb te å lyse se med, og når døm fæ' den så bli døm så feigne og ein er kvitt døm ei ri'. Nå ska døkk vera Gud og velkome ette idag otte dågå! Farvel og takk og ære for me'!"

Når gjæsterne kommer til bryllupsgården modtages de med skud, tromme og violin; enhver familie eller gjest har gjerne med sig en eller to kurve med fødevarer av adskillige slag såsom kjød, smør, brød, kager, avletter, fleskeskinker, tunger, pølser o. s. m. foruden romme= eller flødegrødspand som gjerne den første dags aften bringes av de nærmestboende gjester til bryllupsgården. Førend brudefolkene reise til kirken holder en av deres nærmeste beslegtede en liden opmuntringstale, på sin måde, om en morgengave eller løfte som de gjøre hinanden, hvilken gave den lengst levende skal nyde forlods av deres bo, og efter at samme er bestemt række de hinanden hænderne i gjesternes påsyn og påhør til dette løftes bekræftelse. Derpå drikkes av gjæsterne en lykønskningsskål av et eller flere sølvbægere med brændevin eller øl i; når denne skik er forbi, indfinde sig tyve eller flere unge karle tilhest (des større bryllup, des flere unge karle tilhest), hvilke som en garde ride foriveien for brudeparret til kirken, da de ekserserer deres heste med adskillige vendinger og sving. Efter disse ryttere følger tamburen som slår en mars og spillemanden som spiller en her brugelig brudemars, begge tilhest, derpå følger brudeparret og endelig et følge av begge kjøn tilhest. Når forretningen i kirken er forbi, rider førommeldte unge karle foriveien alt hvad hestene kan løbe til bryllupsgården; de bestille herberge til brudeparret og deres følge, og efter at de derom av kjøgemesteren med et glas brændevin ere forsikrede om at de ere velkomne, møde de brud og brudgom et stykke fra gården og forkynde, at for dem og deres følge er herberge at få. Ådskillige av disse unge karle tilhest have pistoler med sig og med skud saluterer brudeparret når de kommer til brudehuset. Når da alle ere bænkede spiller spillemanden en brudemars, tamburen slår på trommen og bruren geleides fra et særskilt værelse av brudesvendene, eller tvende unge karle, til den ene ende av et langt, dækket bord i spisestuen. Brudgommen geleides av kjøgemesteren til den anden ende av bordet og tager sit sæde ligeoverfor bruden. Brudekoner og brudepiger henvises til den høire side av bruden og ledesvendene og mandspersonerne til den venstre. Når de skal

sætte sig tilbords må kjøgemesteren ligesom med magt nøde og trække gjæsterne til bordet, da enhver ligesom undslår sig for det øverste sæde, ihvor meget de end ere hengivne til sådan rangsyge i deres selskaber. Når de alle have sat sig tilbords slår kjøgemesteren i bordet til lyd og siger: Gje ly' godt folk! nå vil oss bea Gud om maten! Efter bønnen bliver retterne indbårne av brudedrengene under musik av violin og tromme. Retterne består gjerne av suppe, fisk, steg og bagverk, samt nogle tallerkener med tyttebær og multebær, som bruges til stegen. Over bordet serveres med øl i sølvstøb og kander, og med kornbrændevin i glas, som går rundt bordet. Når den anden ret er spist slåes til lyd i bordet, og selskabet forkyndes, at en god skål skal drikkes, som først er kongens og det kongelige husets skål da klokkeren synger et vers som indeholder et godt ønske for kongen og det kongelige hus.[1] Dernæst kongens råds skål, da klokkeren ligeledes synger et vers[2] som passer sig på skålen. Dernæst biskopens skål da der ligeledes synges et vers.[3] Så kommer brudefolkets skål hvor også synges et vers,[4] og når sangen er forbi indfinder sig gjerne en av brudens nærmeste beslægtede med et lidet tinfad med en

---

[1] Vel dig du dannerkonge huld,
vel dig og alle dine!
Gud pryde dig med magt og vold
med mange dyder fine!
Gud signe dig evindelig,
og dig sin nåde sende!
Gud nådelig bevare dig,
og alt vondt fra dig vende!

Vel dig du konning Kristian,
vel dig og dine riger!
Vel alt som går din høyhed an,
det kongelige hus deslige!
at det kan gå dig altid så
du overflødig kunde
den ære nå, den lykke få
som vi dig hjertelig unde!

[2] Lad Herrens frygt og visdomsånd
oplyse Kongens mænd og høye råd,
regjer dem med din vældige hånd
og vær med dem i ord, i gjerning og i dåd,
at gudsfrygt må i deres hjerter gro
og al lyksalighed i landet bo!

[3] Det 8de vers av Jeg vil din pris udsjunge.

[4] Det 6te vers av den samme salme.

tallerken oven på, da enhver gjest giver sin brudegave fra 1 til 2 rdlr. Den som bærer fadet om fra gjest til gjest slår til lyd med en trætallerken i bordet for enhver giver og bekjendtgjør gaven og siger: N. gav såmeget, derfor skal han have ære og tak både på brudens og brudgommens vegne. Derefter har jeg i de sildigere tider overtalt dem i nogle brylluper at lade en trætallerken gå omkring for det velmente Frons kornmagasin, da klokkeren synger et vers for fred og frugtbarhed, og hvad av gjæsterne gives leveres til en av forstanderne for magasinet, optælles på stedet og bekjendtgjøres gjæsterne. Ved årets slutning bliver gaven som er falden i ethvert bryllup videre med en taksigelse bekjendtgjort av prædikestolen.

Til at opvarte i bryllupet og at have opsyn med maden og bordets dækning indbydes nogle av de fornemste nabokoner, som kaldes forgangskoner. Når da måltidet er sluttet og skålerne forbi, slåes atter til lyd i bordet av kjøgemesteren som siger: Gje ly' godt folk! nå vil oss takke Gud for maten! derpå læser enhver sagte og synges en salme Gud til ære og lov og tak for maden. Derpå udtages bordene og værelset må gjøres ryddeligt; bruden danser først med kjøgemesteren og dernæst med enhver mandsperson; i dansen må hun have sin brudegave eller skålepenge i et tørklæde bundne om livet. Brudgommen danser med brudekonerne og brudepigerne sålænge han formår, og derpå gjæsterne med hinanden. Endelig geleides brudeparret tilsengs av svendene og kjøgemesteren, og efterat bruden er avklædt sin brudestads synges ligeledes en salme. Brudgommen tager kronen av bruden og sætter en sort hue på hende, og bruden sætter en mandshue på brudgommen, derpå synges tvende vers av en salme om ektestandens lyksalighet. Anden dag opvartes enhver gjest med brændevin og avletter, derefter drikke de, æde og danse i seks dage og derover, som er til stor overdådighed, tidsspilde og uorden så og til megen Guds fortørnelse, da de ofte i drukkenskab begå laster, og ere de i den tid at anse som mennesker der allene leve for vellyst og for at æde og drikke over det, som tjener sundhed og helbred.“ I ein fotmerkna skriv Hjorthøy, at

desse bryllaupsskjikkan stridde mot di „kongelige forordninger“ som i ti'a hass Kr. 6te va gjeve mot „overdådighet og luksus“ i mat og klæ'bona; „men hvor nidkjære end embedsmænd vil være til at holde over samme,“ legg han attåt, „ere de dog ikke istand til at hemme denne uorden, formedelst almuens overhørighed og deres rådgiveres listige opfindelser til bøndernes forsvar, når de derfor angribes.“

I sumt er denne skjildringa åt Hjorthøy tå bryllaupsskjikka på Fron i hass ti' i grunnaste lage, men sikkert rett i di meste; bjoar-oppskrifta er nok au rett oppsett som ho oftast lydde. Men desse bjoaran va stødt folk som va go'e te-munns og kunn' ofte finne på å gjera skjifte på, uttafor di faste bjoarmønstern. Bjoaran som stødt va skjenkjare, kjellarmenn og onderkjømester i lagom, laut vera godt go-te-se folk, som itte sto' fast ner dæ galdt å hå kjeften på skafte, mange tå døm va lentauge selle, som ha lett for å rime ner dæ høvde. På Fron va dæ pålag 1800—25 ein bjoar som va my' brukt i heile bygden, ein gløgg og snøggtenkt kar med godt munnstykkjy. 'N heitte Halvor Skarstahågå og 'n Amund Tande herme inkort frå bjoingom hass i Øyerboka si. Bjoarn fekk oftast någå rettlei'ing fyryåt om eitt og anna, når 'n tok ut på bjoarfer'a si, millom anna om kem 'n skull' bea te fyrygangsfolk, leisveinne, drengje og andre ombudsfolk åt lagje. Ein gong skull 'n bea eit bryllaup der ei kjering kosta lage åt ei dotter si, kjeringa ha ei stor slekt og ottast for, at dæ kunn' bli i meste lage med folk og eit kostbart lag. Og defor va dæ itte verdt at 'n Halvor gjor' se så overlag my' for med å bjo alle sta'n, stakk ho 'om i øyra, og 'n Halvor skjønte godt halvkve'e vise. Han kom inn på ein gar' der dæ va mange døtt'r i huse som va svært høgvaksne; her skjifta 'n på i teksten sålest: „— — desse brufolka behøve itte åleine skjinka tå su'n og bringkolln tå ku'n, men døm ska au ha brupigo mange, både store og lange.“ Med di vart huse så fornerma at døm itte kom åt lagje. Ei som heitte Ronnaug Sveipe skull' 'n Halvor be'a te rei'kjering i desse bryllaupe og dæ gjor'n sålest: „Gudag, Ronnaug Sveipe, nå må du itte åt meg jeipe — om du er både skakk og halt, må du itte slå ne' feitte allt.“ Denne kom nok itte i lage

te rei'kjering, va greit. I ein tå Brynsgar'om begjyndte 'n bjoinga sålest: „Gudag du Tosten Bryne med ditt lange tryne!" Desse bjoingan som her er hermt va nok åt di såmå laga som kjeringa ottast dæ kunn' kåmå alltformy' folk åt, men ette bjoingen hass Halvor Skarstahågå kom dæ itte fleire åt lagje, hell di neraste tå skjyldfolka.

Om gravølsskjikkan på Fron skriv Hjorthøy berre stutt og sie at „deres begravelser sker meget ordentlige og stille, da ligfølget almindelig i megen stilhed æder og drikker i tvende dage, og efter måltiderne synger et vers av en ligsalme. Liget udbæres altid under sang av klokkeren og besynges for hver gård det føres forbi lige til kirken. Sangen vedvarer bestandig til graven er tilkastet enten der holdes ligprædiken eller ikke. Både mands- og kvindespersoner følge med liget til kirken, og bruge gjæsterne at føre med sig til sørgehuset fynnekurve eller kurve med adskillige madvarer i."

Di skjikkan både bryllaup og likfer' va helde ette, og som presten Hjorthøy her har gjett ei skjildring tå, va vist någå ha'leg gamle i hass ti', for slike skjikke døm skjifta seint. Og døm sto' nok med-lag, au, godt ein mannsalder framette, kanskje te omkring 1835 da dæ tok te å bli itte så reint fåe omskjifte, både i omgangsliv og klæ'bona. Bykultur og flatbygdskultur åt se oppette dala meir og meir, og da dæ i 1828 vart by på Vetlhåmår va dæ, au, ein framskuv for di nye, som emna se te i ti'n. Og slike omskjifte er jemnest både bra og galne.

BUMARK PÅ FRON.

Ette som dæ har vore sagt tå di gamle, skull' kår gar' i ei bygd hå sitt eigje bumark som vart houggje på timmer og andyrkje, skåre hell rissa på ambo, koppe og kjørel. Slike bumark va i bruk heile lande over, men opphave åt desse markom er vorte bortglømt, for døm er nok styggeleg gamle og røkk nok atti vikingti'a og kanskje ennå lenger. Dæ er kanskje så med desse bumarkom, at døm både va eit eigjedomsmerkje åt eigara, og eit verje for di ting døm va sette på, og at desse tegna åtte ei løynleg makt mot trolldom og ondskap, olykko og ska'e på hus, innbu og utbu. Ein stor del tå di gamle bumarkom, slike som oss ennå kjenne døm, sveipa my' på di gamle ronebokstavan og dæ er truleg, at døm for dæ alle'fyrste har vore ronebokstave som kanskje vart någå te-måta og omgjorde. Oss kjenne frå di gåmålnorske sago og sagn, at di gamle forfedran våre brukte mange slag ron'tegn og dæ er nemnt seier-rono, troll-rono, målrono, hogrono og mange fleire slag. Og ette folke-tru'n sto' desse ronetegna i tenest åt sjølve guddomsmaktom, og defor va døm helde for å eige ei makt 'ti se te både vondt og godt, som folk ha både otte og vørna for. Igjenom heile den hei'ne ti'a åtte nok ronetegna denne løyndemakta si i folketru'n, og kanskje ein lang bålk framigjenom kriste ti', men dæ er nå tenkjeleg, at bumarka ette hånd som gar'an vart fleir og fleir te kår ti', fekk mest å sea som gar'smerkje og eigedomsmerkje, og at trua på den makta døm bar 'ti sjølve se frå opphave, tapte se meir og meir.

Omkring åre 1000 ha nok kår einaste medelsstor gar' eit fast bumark, som ingen an'n gar' i reppa hell fjoronga ha rett te å bruke. Men da så kristendomen kom er dæ sagte vorte gjort eit og anna ombrøyte på mange bumark, dæ va nok mange tå døm som minna i har'aste lage om hei'in=skapen, som nå va avgudsdyrking, og defor vart slikt sletta ut. Sålest vart nok Torshåmårn ombytt med korsmerkje, den kristne korsen, og andre merkje som kristendomen go'=kjende vart ti'i opp, slike som fembla'rose (pentagramme), seksbla'rose, håkåkorse o. fl. Sålest er dæ nok mest sikkert, at ein stor del tå di ekte bumarkom frå opphave vart om=gjort og skjipla i di neraste ti'om ette 1021 her i Gullbrans=dala, og viare utover lande. Venteleg kann sume gar'e ha brukt dæ såmå bumarke som døm frå fyrsten fekk, forutta någå ombrigde framigjenom ti'a, men ein stor del er vorte omgjort da kristendomen ha fått fast fot i bygdom. Men seinar au, gjenom dæ 17de og 18de hondreåre, er bumarka omgjort og dæ ser itte ut te, at gar'mennan itte lenger har ti'i dæ så nøye med å helde di gamle gar'smarka i den rette forma. På lag 1620 tok bøndan te å bruke signet, og i døm vart gar'sbumarka stødt inngrave med fyrybokstavom i namna åt eigarmanna. Denne inngravinga både tå bokstave og bu=mark er ofte kleint frå=se gjort, og for å få segle te å tå se andsynleg ut, har bumarke sumeti'e vorte gjeve ei gale stil=ling og ellest vorte o=gløgt grave. På denne måtin er dæ vorte någå vingel med bumarkom for ein stor del gar'e, dæ har glotte inn småe misstak på fleire gjer'e, som te slutt har omskapt bumarka og gjett døm ein framon dåm.

Storparten tå bumarkom oss nå kjenne i bygdom, kann ein finne på gamle gar'sbrev, tiendelisto, rettssakje og dome; lagrettsmenn, takstmenn og vitne kunn' berre ve eit serhende ha lært å skrive namne sitt med pen fyry 1720=tale, men brukte ista'n å setja segle sitt i voks hell lak. Desse segla vart jemnan tå=lagje skuvde ve påsetinga så døm er vande å gjeva att for di skuld, og my' attåt er døm kjøydde og ille medfarne, så dæ er eit vandskeleg vørkje å handsåmå når ein ska granske bumarka i bygdom. I di siste tu, tri manns=aldrom er bruke tå bumark te eigedomsmerkje fulle bort,

Anne
Ånekre
Alme (Ælme)
—
Bergje
—
Bjørke
—
Brannvol ø.
—
Brende
Bryn nørdre
* — ?
— søre
Bø
*Dalsegg
—
—
—
Fjellsro
Forbrigd
Forr
—
—

Forr
Groupe
Grov
Gryting nor'ig.
* —
Gryting
Hågå
—
Hårellsta nig.
— uppig.
— nørdre
Håve
Haversta
Heggje
—
—
Honndorp
—
Huskelia
Hysjulia
Kjorsta
—
— syg.
— nig.

Kjørøm
* Klefsta
Klomsta
— nig.
— øvre
Kongsli
Korsta norig.
— nig.
— syg.
Krok
Kviksta
Leine n.
— ø.
Liltgar
Liltjøm
Lista
—
* Lo
Lonne
— (Vetl-Lonne)
Mellby
Melem
* Olsta
— nere



og på ein mengde gar'e er marke heilt bortglømt, så her er dæ itte anna hell seglbumarke å rette se ette, om dæ finst.

Bumarka og bruken tå døm har ennå itte vorte vitskape=leg utgranska, og sålengje dæ itte bli gjort og oss fær ei vitskapleg utgrei'ing, er kunnskapen vår om dette emne ha'leg ofullkome og oklår. Imillom anna veit oss itte någå sikkert om, kårlest samhøve va millom slektsmerkje, gar'sbumark og personlege bumark; ette seglbumarkom ser dæ ut te for sume gar'e å vera ei ihopblanding med desse som ennå er vand å greie.

Dæ vørkje oss har å byggje på om bumarka på Fron går attende te 1640 for dæ meste, i naugre fåe te=felle någå lenger attover te 1620 og 1608. For aldra skuld skull' ein nok tru, døm va te å lite på, men når ein legg merkje te di vandskom som vørkje volla, er dæ nok å ottast for, at denne lista på Fronsbumarkom har eit og anna misstak.

For døm som dæ kann vera någå ovisst med, er dæ sett attåt ei stjenne, di andre er tenkt å vera så pålag heilt ekte ette di kjeldevørkje, som er for hånd'n og såvidt dæ te nå er granska. Truleg vil dæ itte dryast lengje, førr dæ bli sett i gang ei vitskapleg gransking over heile lande tå bumarkom ette di kjeldom, som kann vera å finne, og fyrst når den er frå=se=gjord kann dæ vera von om, å kåmå på heilt trygg grunn. At desse 110 bumarka på Fron itte kann vera meir hell på=lag dæ halve tå di døm va i gåmål ti', er mest visst, men dæ har itte lykkast å få sanka fleir te nå. Men dæ er rime=leg at ei nøye gjenomgransking tå di arkivvørkje, som dæ kanskje ennå kann finnast att ein del tå, kann leitast opp mange fleire. Ein heil haug tå di yngste gar'om, slike som øy'gar'e som er kjøpte tå krongods ette 1700—1730, har nok hellanitte havt någå gar'sbumark.

DI GAMLE VETAN.

I Heimskringlun er dæ fortalt, at 'n Håkon den go'e gjor' dæ ve'take, at dæ i sjøbygdom skull' setjast opp veta på fjellom så nere ut=ve kysten, at døm kunn' sjåast fra sjøa og sålest, at dæ er synbert millom døm frå di eine veta åt di andre. Slike veta va dæ sett opp radt frå Lindesnes te nørst på Hålogaland. Kår tå desse vetaom va ein høg kost tå turr furuved reist om ein tjyrubrædt stolpe i midten, og i kosta va dæ stokkje inni turre furuøt. Dæ va om å gjera at dette ve'afange brann friskt når dæ vart tenda, og at lågån slo så høgt teværs som moleg. Nere ve kår veta va opp=sett ei litor timra vaktstugu med ljore i takje, ein liten lang=åre på golve, ei låg dør på ein vegg og eit glugg på kår tå di tri hine veggjom. Ner dæ va slike ti'e at dæ va ofre' å vente te kår ti', vart dæ utbo'e vetavakt i bygdom og dæ skull' vera 3 innfødde, vaksne og helsauge menn som itte ha vank, kåkje på syn hell hørsel. Desse 3 vaktkarane ha vakta eitt jamdøger om gonga og 3 andre løyste døm åv. Vakthalde gjekk over alle gar'e i vetalagje, og tu tå gar'=mennom ha vaktoppsyne og sa te vaktmenn te kårt skjifte. Dæ va svært strenge fyrysegne for vetahalde og vetavakten og har'e straffe for di minste forbrot.

Med desse telegraffa, som ein kann kalle vetane, skull' ei ofredsbo' gå frå Lindesnes te nørst på Hålogaland på 6 døgn. For dæ fyrste vart dæ nok itte sett opp veta i inn=landsbygdom, med di lande itte den ti'a ha bo ottast fiend austa'frå. Lenger fram i ti'n vart dæ ansleis med di, men

dæ er itte kjent ner dæ vart gjett påbo' om å byggje veta i innlandsbygdom. Vetane er omgote både i Frostatingsloven og Gulatingsloven. Eidsivatingslova er kome burt, men ho har sikkert havt di samå ve'taka om vetane ho, som di hine landskapslovan. Frå desse lovom vart veta=ve'taka ti'i inn i landslova hass Magnus Lagabotar i 1270, og derfrå inn i lova hass Kristian den 4de i 1604, der ly'e dæ sålest: „Er der feide formodendis på riget, da skal vedvarder og vardehuse ferdig gjøris. Ombudsmand skal lade bønderne tilsige ved=varder ferdig at gjøre på de steder de av gammel tid værit haver. De bønder som bor i den fjerding næst hos ved=varder, skulle varder og vardehuse bygge med tag på og firre dørre på hvert hus. Ombudsmand skal stevne ting og tilsige bønderne at holde vagt. Tre frelse [frie] og fuldmyn=dige, indenlands=fødde mænd, der øyen, ørren og fødder ere helbrede på, skal holde vagt og være på varden, når de til=siges. Middagstider skal mand på varden gange og sidde der til anden middag og ikke avgange, uden den ene gan=ger den andens ærinde. Sove de mænd på varden vagt holde, skulde og brende vedvarden sønden eller nordenfore, da have de forbrudt deris boeslod. Konningens ombuds=mand skal tilskikke skjellige mænd som hver dag skal rand=sage vagten og bestille at altingest går ret til — — — —."

Vetan va nok i di gamle ti'om med di låke samferslun som da va i innlande, både bygdom og dalfør'om imillom, ei go' trygd ner dæ viste se fiend på ei lei'. Ofredsboa gjekk kvast antel oppette dalom hell ne'ette, og dæ strids=føre folke kunn' samle se fort på di stellom, som dæ va fastsett døm skull' møte opp frå di imse vetastrokom. Dæ er itte så my' kjent kå ofte vetan va nøtta i di gamle ofre'om hell kå stor nytte døm gjor', men dæ måtte nok vera gagn 'ti døm med di, at ein så dugeleg herførar som 'n Georg Reikvein skull' vera, i 1647 skriv åt stathaldar Krabbe om vetan: „vedvarder eller båler vil også repareris og i tide for=sjunis, at dermed efter udfarbolkens 4ste kapittel, eller hvor=ledis det efter itsige [nuværende] tiders tilstand og leilighed kunde godt befindis og kommanderis måtte forholdis. Hvil=ket sandelig i disse lande ikke en ringe ting haver at betyde,

og helt velbetenkt av fremfarne er av arrildstid forordnit.“ I 1652 skriv Reikvein om kår folke som va ihopkalla te for=svars=kri, når vetane va tende, skull' samlast: „1. om fienden kom over Magnor bro og Eidskogen, 2. over Tolvmilsskogen (som dog for den lange vei gjennem tykke skogen og over moradser ikke lettelig formodes), 3. over Vengsfjeldet (nor'=aust for Aremark) — og ilden kom derfra. 4. Skulde man fra søkanten blive attakveret og ilden tendtes derfra udi vedvar=derne, eller også budstikken blev opskåren, 5. skulde man tillige ved søkanten og fra Sverig blive attakveret —“ va møtesta'an di imse sondsta'an i Glomun: Blakjersond for bøndom frå Solør, Vinger, Odala, Elvrom, Hemarken, Gull=bransdala, Valders, øvre og nere Romerikje.

Både i Hannibalskria og Krabbekria va vetan tennte og gjor' tenest, likeeins i Gjylløve=kria. Da den store nordiske ofre'n braut laus vart vetane istandgjort, ette pålegg frå slots=loven på Akershus i 1709. Fauten i Gullbransdala melle åt stiftsamtmanna i 1911, at vetan ha vore i stand og med sta=digt vakthald ette 15de oktober 1709. Han nemne alle vetane i heile dala og stelle døm sto' på, dæ va iallt 20 på tal. „Ved enhver åv disse varder,“ skriv 'n, „er bestående et vardehus med skårsten udi med huller på siderne til udsigt på alle kanter efter lovens anledning. Og er samme varder opreist med en stor høy fyrrebjelke midt derudi, indvendig bestukken og opfyldt med tørre fyrrerødder og andre blus=brændende træer, hvormed 2de friske mandspersoner til=sammen holder vagt udi en jevndøgn og så efter omgang avløses.“

På Fron sto' desse vetane:

1. Steigkampen ogo'for Steig, 2. Skutailn ogofor Kjorsta, 3. Sødorpvetan ogo'for Sandbu, 4. Forbrigdskampen ogo'=for Forbrigd i Kvam, 5. Skjedalsvetan midt på fjelle millom Kvikne og Heidala, og som Kvikne og Heidaln va sams om vedlikehald og vakthald.

Så seint som i 1766 vilde herstyre hå melling frå kårt regiment om vetan, og dæ vart innsendt ei liste over døm, og døm vart kanskje ettesêt og omvêlte, men ette di ti'n for=fall døm nok meir og meire på alle stelle. Framette te 1860

sto' der ennå att ein stor ve'akost på mange tå di gamle vetastøom, og tofta ette vaktstugun synte. Folk kvidde se for å nøtte se tå desse turrve'a, med di dæ låg att ein gåmål vørna over vetan og vetastøe, sagn og gamle minne sveiv omkring døm, au. Sume sta'n va dæ kanskje itte så heilt fritt for, at dæ synte se eit og anna onde'leg på desse toftom, og defor fekk di gamle attstøun ette vetaom stå i fre'. Nå er nok alle merkje og minne longe sea sletta ut.

BYGDAKONST OG BYGDAKONSTNARE.

Frå di eldste ti'om som dæ finst att minne, håndverksarbei' og konst kann ein sjå, at Gullbransdølin ha ått ends og liv for di som tok se godt ut og va vælgjort og vakkert, antel dæ va te=tres hell te=sme's, antel dæ va ein endefram ambos=ting hell ein bonas=ting. I dæ heile ha døm ått eit framifrå gløgt auga og 'n godt oppøvd handtame te å maksle ut vakre forme og reine, vælfalne lino. Ein kann itte finne ut, at någor tå bygdom har liggji attende på denne leia, og Fron som kanskje fyry hine vart ei velstandsbygd med eit større folketal hell hine, sto' sjølsagt langt framme i hånd=verksarbei' og konst både på karsi'a og kvinnfolksi'a. Nå er tesverre di meste tå di gamle konstminnom kome på vidda og vorte burte, for di at di siste 70 åra va ei stor o=ti' for di gamle minnom i mest kår eineste bygd, dæ tok te å trøngje inn så my' nytt i bygdom og som ha røten sine i framon jor'botn, og dette nye vanvørde allt den gamle bondekulturn ha skapt gjenom tusen tå år. Den gamle rot=ekte bondekulturn i dølabygdom vart liggjan i skugga, og den ne'ervde konsthaugen vart stybba ne', dæ gløgge auga for lino og form fekk ein sjå på syne, og denne rotlause bålken både øydde og snøydde uttadørs og innaveggs. Ette kom dæ ei ti' da fabrikkarbeidde mønster skull' tå att rume åt di som va rødt onda, og allt ihop tok dette likesom både nemme og håndlage frå dølom. Dæ oss nå har att tå gåmål rikdom er berre smått og fattigsleg, men dæ er da likevæl

såpass, at oss nå begjynna og gle oss ve' å sjå kå di gamle fedran våre kunn' nå i håndverk og konst med ringe midle, og ofte tronge livshøve.

Timrarhåndverke sto' høgt på Fron i di gamle ti'om, dæ kann ein godt merkje på Rollstalofte på Bygdøy, som ein kann gå ut frå er timra tå ein bygdatimrar frå Fron kanskje i siste hal'ten tå 1500. Dæ bele må dæ ha vore ei blømingsti' i timrarhåndverkje i mange tå bygdom, for dæ som ennå finst ått tå timring frå sist i 1500 og fyrst i 1600-tale er sers vælgjort og fint frå-se-gjort arbei'. Og dæ er mangt som kann peike på den lei'a, at denne håndverkskonsta tapte se i hondreåre millom 1670—1770. Timringa frå denne ti'a er ofte grovt og någå ovør'e opphoggje, men husa har nok oftast vakre lino og go' gjer'. Åt Fron kom dæ på-lag i midten ta 1600-tale ein byggmester som va utlærd i utlande, antel i Danmark hell Tyskland, han va ein prestson frå Helge-øyn på Heimarken og heitte Verner Olsen, mester Verner som han stødt vart nemnd. 'N mester Verner kom te å byggje om-att fleire kjørkjo her i Gullbransdala; folketale ha vokse nokså my' i alle bygdom og di gamle stavkjørkjun tok te å bli i minste lage, fleire tå døm va nok forfullne, au, og så vart dæ mote heile lande over, at kjørkja skull' vera kross-kjørkje med eit høgt, spiskt tårn over korsmote ista'n for den låge „takryttern", di gamle stavkjørkjun oftast ha i vest-enda. Ringbuskjørkja bygde 'n Verner om med korsvengje og nytt kor, båe delan tå stav og med eit høgt tårn. Denne ombyggjinga gjor' 'n i 1630 og ho er så væl gjort, at ein kann sjå 'n ha vore ein mann med dugleik og at 'n attåt ha vørna for den gamle stavkjørkjegjer'a, for 'n ha itte gjort någå stilbrot på Ringbuskjørkjun. Tu-tri år førr bygde 'n heilt ny kjørkje på Vågå og ho bygde 'n tå stav, sikkert ette sitt eigje hugu og dæ er så godt eit arbei', at dæ ska' leitast ette ei kjørkje med så reine og vakre lino som Vågåkjørkja. Mange år seinere bygde 'n mester Verner om hugukjørkja på Lom frå ei litor langkjørkje te ei stor korskjørkje, men her er langkjørkja (langskjepe) attåtbygt tå stort, rondt tim-mer. Fåber'skjørkja ska au 'n Verner ha bygt om-att og dæ ser sålest ut te, at 'n ha nokk å gjera her i dala og vi'are,

au, for dæ er han som har sett tårn på den svære steinkjørkja på Ringsak.

'N mester Verner Olsen kjøpte ein tå Skodalsgar'om og budde der te 'n dø i 1682, ei ti' ha 'n någå jor' på solsi'a i nerhåndom åt O'e som 'n brukte attåt Skodal. I skjifte ette 'om kann ein sjå, at 'n har havt ein son Ola som va dø, men ha bon ette se; ei dotter ha i siste årom hass styrt huse for 'om, og 'n va itte å rekna for någun vælstandsmann. Om slekta hass vart veran på Fron ette 'om er okjent, men dæ er rimeleg for Verner-namne fanst ennå i bygden i 1742. Dottera som ha styrt huse i Skodal va ogjift og dæ er nemnt i skjifte, at ho „forlod sin gård på Hedemarken for at pleie sin fader i hans høye alderdom“ og defor kravde ho løn for 5 år.

Dæ kann tenkjast, at timrarhandverke på Fron fekk ein stor framskuv tå 'om mester Verner Olsen, sålest reint handverksvore, for 'n ha sjølsagt lært my' og sto' langt over timmermennom i bygden. Og venteleg kunn' 'n imillom tå på se gar'stimbring på ein og an'n storgar', når dæ skull' settast opp eit gjildt og vælgjort stuguhus. Någå slikt arbei' ette 'om er ellest itte kjent i bygden, men dæ kann itte vera orimeleg at dæ er denne namngjetne kjørkjebyggjarn, som har bygt „Prestgar'n“ på Maihouga, den gamle hugubygnan frå Vågå-prestgar'a. Ho er venteleg bygt pålag i di ti'om 'n mester Verner bygde Vågåkjørkja og dæ skull' itte vera otenkjeleg, at 'n har sett opp denne stugo da 'n va feraug med kjørkjun. Ho er framifrå godt opphouggje og ber merkje tå ein ekte mester så dæ vise se, at ingen vanleg bygdahåndverker kann ha sett ho opp. Men dæ let se itte gjera å finne någå vissare om dette og bli defor berre ei laus meining. Kårlest dæ nå kann hå se med desse, om 'n Verner timra andre hus hell kjørkjo, så er dæ pålag visst, at timrarhåndverke på Fron der 'n budde i så lang ti' tok se opp ve å tå mønster tå honom, og dæ syne se tå fleire gamle hus i bygden, at timrarkonsta har helde se godt framette.

Ette 1750 vart dæ bygt naugra kjørkjo i dala, timbra kjørkjo, og tå døm va dæ itte mindre hell 3 på Fron, Sødorp-kjørkja i 1752, Kvikne 1763 og Kvam 1776. Og nå ha bygda sjøl

ein timrar som kunn' tå på se arbei'e, 'n Jehans Korpbergje frå Kvikne, og som venteleg har sett opp alle tri desse nemnde kjørkjun. Dæ er ellest itte funne nagå sikkert om, at dæ er 'n Jehans som bygde Sødorpkjørkja, men ein lyt helst tru, at bygda tok ein inna'bygds timrar ner dæ va ein slik å få, og 'n Jehans va nok allt i 1752 ein full=lærd og fullgo' hand=verker, om han kanskje va ongvorin ennå. Kviknekjørkja og Kvamskjørkja er dæ sikkert 'n har bygt og likeeins er dæ visst, at 'n Jehans har bygt Nykjørka i vestre Gausdal i 1780. Sålest va 'n ein øvd kjørkje=byggjar og alle desse 4 kjørkjun er vælgjorde arbei' som byggmestern har ære tå; dæ er itte berre timringa og laft=hougginga som er fint og nøye frå=se=gjort, men heile byggverke i lengd, breidde og høgd svårå så væl med einan'n og syne, at 'n Jehans Korp bergje har ått eit sikkert auga for vakkre lino og forme, ner 'n fekk råd' se sjøl. Dæ har 'n kan=skje itte fått gjort da 'n bygde Kvamskjørkja, for di olugume, åvsneidde røste kann ein vera sikker om, 'n Jehans itte har sett opp med sin go'e vilja, så der har dæ nok vore ein hell fleire rå'rike bygdamenn som har avlågå gjer'a.

Lofte frå Rollsta, nå på Folkemusæet, Bygdøy.

Dæ sto' or' tå 'om Jehans kjørkjebyggjar i dala, „Korpen" som 'n mest va kalla for spøk. Folk i grendom nerast om=kring ha moro tå sjå på arbei'e ner 'n Jehans dreiv med kjørkjebyggjing, og gjildast va dæ sjølsagt å sjå på når mastre vart reist, da møtte dæ opp reint svart med kôp. Men dette likte itte „Korpen" og da mastre på Kvamskjørkjun skull' setjast opp, fekk 'n haug te å gjera kôpa eit lite strøk. Dæ

va sport kå dag master-reisinga skull' gjerast og dæ møtte opp folk, så dæ berre aula vidt omkring kjørkja på alle lei'e. Men best dæ va kunn' 'n Jehans fortelja, at mastre vilde itte bli reist førr hinn dagen og kôpen dro' se him-att kår åt se, døm skull' nok itte forsøme morgådagen! Men om morgån da kôpen tok te å samlast, va mastre reist og sto' peikte ende opp mot blåe himila. Kôpen stirde mest augo utur se: kunn' detta hå gått rett for se! Korpen va nok itte fri for å hå lært svartkonste, han, ner 'n vilde, slike mestere ha stødt lært någå meir hell anna folk, døm.

Son hass Jehans, 'n Per Korpbergje va go' timrar, han au, og va med og va byggmester ihop med 'om Tor Risdal i Skåbu da Kviknekjørkja vart fløtte ette Offsin ha brote ho tå-lagje. Båe tu desse karan va go'e timrare og ha nok itte vore opprådde med å bygt ei kjørkje, om dæ ha fulle sålest.

Gar'sbyggjinga på Fron i dæ 17de og 18de hondreåre har i di store drag vore nor'dalsgjer'a, slik som ein kann sjå ho på Maihauga, og va nok fyrste kaste pålag den såmå i mest alle bygdom i dala. Di søre bygdin fekk kanskje någå tileg i ti'n eit og anna mindre avbrigde. Den gamle gjer'a med tu gar'srum, tomgar' og nautgar', va nok my' brukt på di store gar'om på Fron, men kanskje itte te så fast skjikk, som på Vågå på mest alle gar'e. Tå di gamlaste stugugjer'n i dala finst dæ nok itte lenger att någor nå på Fron, og hellan-itte er dæ att hell er gjømt minne om ramloftstugun, som ei ti' va gjævaste husgjer'a på di store gar'om i alle bygde, radt frå Mjøsen og øvst i Skjåk. Denne stugugjer'a er tru-leg kome i bruk ha'leg langt attende, i 1428 sto' dæ tu „loftstugu“ på Sandbu på Vågå og dæ er itte tvil om, at dæ va ramloftstugu. Nå va vel Gjeslingan ei tå di slektom i dala, som va tå di fyrste te å tå opp di omskjifte ti'a førde med se, og defor kann ein trygt gå ut frå, at dæ allt i siste årom tå 1300 sto' ramloftstugu på Sandbu. Og derfrå breidde denne bygningsgjer'a se snøgt vi'are åt alle større gar'e bygda rondt. Kå veig ramloftgjer'a kom åt Gullbransdala, er nok itte funne någå sikkert om, men at ho i 1400 va i bruk i heile dala på alle velstandsgar'e, kann ein helde for sikkert. Kår lengje framette ti'om ramloftgjer'a sto' med lag er itte

radt å slå fast, men ette ei åbotssak frå 1615 på ein tå Øygar'om på Vågå går dæ fram, at ramloftstugun va den vanlege gjer'a ennå, og dæ er tenkjeleg, at ho heldt se te omkring midten tå 1600-tale, kanskje någå lenger i sume bygde og grend.

Skårsteinomn, peisen, har sikkert løyst åv langårin med ein gong her i dala, forutta den vestlandske røykomn te millomled, men ti'a da skårstein vart ti'i i bruk kjennest itte.



Foto: J. N. Elstad.

Gåmål stugu i øvre Skåbu, Nor'-Fron.

Dæ er moleg at skårstein og ramloftstugo følgdest åt, for langårin va vel vågsamd å bruke ner dæ kom eit ramloft nereve ljoropninga. I alle høve er peisen kome i bruk ti'leg i Gullbransdala om dæ itte nettopp let se gjere, å slå ti'a fast med årstal.

Ette di ti'n da ramloftstugo va den mest brukte stugumønstra, kom dæ tvihøge stugu med sval framafor langveggen; stugu og kleva i fyrste høgden og såmå inndelinga i di andre. Denne gjer'a kunn' imillom gjera eit og anna mindre avbrigde, sålest kunn' sume stugu ha 2 kleva og i andre høgden kunn' høgstuga bli sonddelt i

både 3 og 4 rum, og med ein gang tvert over huse som dæ va inngang frå åt di andre rumom. Svala va te vanleg vakkert gjord og ga heile huse ein røssleg, roleg dåm som fall se så høveleg i landslage; svala ha itte någor fast mønster som nauleg vart gjort brot på, men døm kunn' skjifte ette som storleiken på huse va, og ette som dæ høvde med glasom i framsiun på di nere høgden tå stugun. Sålest va dæ jemnt, at nere høgda ha sval berre over halve veggen, men øvre

Foto: J. N. Elstad.

Gåmål stugu på Skodal, Sør=Fron.

høgda ha støtt sval over heile lengda. Te pålag i siste årom tå 1700=tale heldt denne stugugjer'a se i grunndragom, sumt frå byggjingsgjer'n i Mjøsbygdom kunn' nok på eit og anna stelle trøngje inn framover ve 1700=tale, men itte så dæ vart någå større avbrot. Dæ gjekk meir hell ein mannsalder ette 1800, førr den gamle bygningsskjikken tok te å bli meir og meir omskapt.

Fron ha ei vakker gar'sbyggjing, store, rume daglegstugu med fjor'ongsrøste og torvtak, dæ va nor'dalsgjer'a heilt ut slik, som ho va klårast gjenomført på Vågå. Dæ har itte vanta dygtauge timmermenn te å setja opp staute stugu på Frons=gar'om, men tesverre er døm itte lenger kjente på namn.

Innrei'inga og innbue på gar'om va i lange ti'e svært einkelt i alle bygde og dæ va berre di fåe storbøndan, som tyktest å ha råd te å leggje någå meire kostna på staseleg innbu. Men ette 1750 er dæ likt te, at folke i dala jemnt over har fått stor haug te å koste se fint og vakkert innbu, og at dæ er vakna større kunstgle'e millom dølom. Dæ er frå denne ti'a utette at såmy' tå di staselege framskåpom, stolom, bostkastom og sla'stolom er arbeidde, likeeins rullafjøle,

Foto: J. N. Elstad.

Gåmål stugu på Grov, Sør=Fron.

grautspann og ølkanno, kjørkjesle'a og kjørkjesela. Sumt tå desse ha nok vore arbeidt fyry denne ti'a og gjort både vakkert og staseleg, au, men dæ va likesom dæ med=eitt kom ei rik blømingsti' over dølabygdin i konstsans og konstgle'e ette midten tå 1700=tale. Treskjerarkonsta og smi'konsta blømde rikast og i mest alle bygde olst dæ opp mestere, evnerike bondekonstnare, som sette merkje ette se som ennå vårå. Lom, Skjåk og te=dels Lesja sto' nok fremst millom bygdom, både i konstsans og i konstevne, men di andre, au, vart meir og mindre med. Frå Fron er itte kjent mange treskjerare som rokk opp te å bli rekna for mestere i konsten, men dæ va ellest itte fåe som skar go' dølaskur, og ein tå

døm va iminste tå di fremste daln har fostra. Dæ va 'n Kristen Ellansson Lista.

'N Kristen Lista er fødd på Lista 1726 og vart klukkar på Fron i sine onge år ette far sine, 'n Ellan Kristensson Lista. Som dæ førr er nemnt va 'n tå ei gåmål klukkarslekt og dæ er kanskje itte fritt for, at bestefar hass va tå dansk ætt. 'N Kristen har truleg frå di fyrste ongdomsårom øvt se i treskjering og er vorte kjent i bygden for ein dugeleg konstnar på den hånda, da 'n nådd sine beste år. For i 1762



Foto: J N. Elstad.

Stugu og stabur på Nørstgar', Sør=Fron.

i eit møte i Korsgutun, gjor' kjørkjevergjan og di som møtte tå almuga, akkort med 'om Kristen om å gjera preikstol og altertavle åt Sødorpkjørkjun, med „staffering og måling", for 85 rdl. Arbei'e va nok tenkt å skull' vore fer'augt på velså eit halt år, men på lag tu år ette, er dæ likt te, at arbei'e itte ennå er betalt, kann hende dæ er kome meire arbei' attåt hell dæ, som va bortsett i 1762; altertavla er sikkert vorte fer'aug i 1763 som står måla på 'ne. Preikstoln er eit overlag godt treskjerararbei' med svært djup rankeskur og bla'verk med reine, fine forme. Preikstoln i Sødorpkjørkjun står itte i vælforma ranke og bla'verk attende for preik=stola i Kviknekjørkjun og Heidalskjørkjun, men når nok itte

opp med døm når dæ gjeld den måtin skurn er bygt opp på.

'N Kristen Lista skull' hå hjålp tå bror sine med desse kjørkjearbei'e, 'n Halvor Melgar', men å kjenne arbei'a derest frå einan'n let se itte gjera, venteleg er dæ 'n Kristen som har „rissa på“ og med di helde skur'n i den såmå stil'n. I sine eldre dågå ha 'n Kristen Lista beste haugen te å skjera eit eigje slag små blad'skur, som gjenne tok se godt ut på hyllo og listverk, men tek se någå framon ut attåt dølaskur.

Foto: J. N. Elstad.

Tu stugu på Nørstgar' med 100 år imillom.

I Sødorpkjørkjun har 'n helde denne blomsterskurn burte for ein stor del, men ein finn imillom eit og anna drag. Han har vore ein drivandes treskjerar; forutta arbei'e hass i Sødorp-kjørkjun er dæ kome 3 rullafjøle, 1 spil, 1 ljoskrone og 1 større hylle åt Det nordiske musæet i Stockholm; åt De Sandvigske samlinger 1 hest med rytter (leika), 1 stor spil, 1 skjive, 2 hyllo og 1 urhaldar. På nere Segalsta i Ringbu er eit par ting 'n har arbeidt. Åt Kvikne-kjørkjun har 'n gjett eit stort Kristus-bilæte og i Sødorps-kjørkjun er dæ 3 større bilæte som au helst er hass arbei'. Men bilæt-skjeringa hass er dæ lite ve' som dæ va te-felle med både 'om Jakop Klukksta og 'om Estin Kjørrn. 'N Kristen Lista

va bra måler og i Sødorp=kjørkjun ha 'n gjort eit par småe forsøk med landskapsmåling, som ellest itte har lykkast meir hell så måteleg.

Någå arbei' ette 'om Halvor Melgar' er itte lenger kjent, men dæ er my' truleg at 'n va ein go' treskjærar, han, som bror'n, for dæ va nok ei evnerik slekt i fleire lei'e. Någun an'n treskjerar frå di såmå ti'n som 'n Kristen Lista og 'n Halvor Melgar' va i beste årom, er dæ itte serlege minne om, hell er att arbei' ette. 'N Hans Renshus som va med i Holsteinlegre skull' vera treskjerar, men någå meire om arbei'e hass let dæ se itte gjera å sanke ihop.

I di tu siste tie=årom tå 1700=tale va dæ naugre treskjerare i Kvam som va dygtauge, om døm itte nettopp kann kallast mestere i konsten. Onde'klukkarn i Kvam, 'n Erik Frosta, Erik Klomstaøyn som 'n oftast va nemnt ette 'n vart buan=dest på Klomstaøyn, skull' vera rigtig go' te å skjera, men nå er dæ itte meir hell eit lite arbei' ette 'om som er kjent, den eine engjiln oppover kordørn i Kvamskjørkjun. Den andre engjiln er skåre tå 'om Ola Røssøm, som nok au va bra te skjera ut, men ellest dreiv med di berre for moro skuld ner dæ fall se. Da di tu karan skar di englan, skull' dæ nok vera som ei litor kapping millom døm, for døm skull' arbei'e kår hos se og itte sjå bilæte førr døm møttest i kjørkjun for å feste døm kring kongemonogramme. Vente=leg ha døm fyryåt vorte samde om storleiken og stillinga, og da døm møttest i kjørkjun med kår sin engjil va døm så like, som døm skull' vore støypt i såmå formen. Men me'a døm dreiv med å setja bilæta opp, skjeivast dæ for ein tå karom så 'n slo' eine foten tå engjila sine, og 'n ågå se itte anna, hell 'n banna ei kaldsleg bøn — „å Gud forlate mi synd!“ sa 'n da 'n endste se. Desse tu englan er itte någå kleint arbei' og dæ er vel sikkert di såmå karan, som har skåre di tu fine krullan på kår si'e åt engjilom, og er dæ te=felle, har døm itte vore borte i konsten någun tå døm.

'N Erik Frosta gjor' eingong ei åltrøys som skull' vera eit framifrå fint arbei' med my' vakker utskur, og ho va helde reint for eit stort mesterverk. Men i Offsa i 1789 voks Laugen opp så gjer'laust, at 'n flømde over i Klomsta=øyn

Foto: J. N. Elstad.

Stabur på Nørstgar'.

og reiste med allt som laust va hos 'om Erik, og den fine trøysa vart med di andre. Snøgg ti' ette Offs-åre vart 'n Erik klukkar i Stange på Hemarken og fløtte dit, og ette 'n va kome der fekk 'n sport ut, at dæ va ein som ha funne ei slik fin, utskåre trøys i ein rathoug i Mjøsbredden. Enn om dæ skull' vera trøysa mi! — tenkte 'n Erik, og så skreiv han årstale, namne og bumarke sitt på ein papirlapp slikt,

som dæ sto' på trøysen og gjor' iveigen ein med lappa dit finnarn va. Og trur døkk itte dæ va trøysa hass Erik Frosta, som ha gjort den lange fer'a frå Kvam ette Lauga og Mjøsen radt uti Stange! Jau så va dæ og 'n Erik fekk ho att. Kanskje er ho te ennå, for son'n hass som ha gar' der i bygden kosta sylvbottn i trøysa, han, og skreiv inn heile den merkjelege hendinga.

I Steine i Kvam va dæ au ein treskjerar på-lag den såmå



Foto: J. N. Elstad.

Stugu på Forbrigd, Kvam.

ti'a som Frostan og Røssømen livde, men kå 'n heitte er vorte bortglømt. Dæ ska finnast att eit og anna arbei' ette 'om, sålest er dæ ei klukkasse på nere Leine, og både kassa og utskurn er bra arbei' som tek se godt ut. Sume tå di gamle gravsteinom på kjørkjegar'a i Kvam ska au vera tå arbei'om åt honom frå Steine.

Ein an'n Kvamver heitte Per Li'n skar eitt og anna og dreiv my' på å gjor' gravsteine tå klebber, som 'n skar ut, di yngre gravsteinan på Kvamskjørkjegar'a ska vera tå arbei'e hass Per Li'n og dæ har vore meint, at sume tå gravsteinom på Heidals-kjørkjegar'a ska vera ette 'om Per. 'N Per Li'n va fødd i Skåbu på ein plass onde ein tå Skåbugar'om,

Sandhaugen, og som nå er ne'lagt. 'N Sta'e-Lars frå Lalm på Vågå kom i årom ette 1815 te å setja någå liv i treskurn i Skåbu, og 'n Lars va itte någun stakkar te lær'mester, 'n va kanskje beste treskjerarn Vågå har ått fyry 1850. Men 'n va ein oroleg selle som vart drigje åt imse lei', tå fjell-haug og vei'ing på ei kant og utskur på den andre, ein egte konstnarhått på all vis. Dæ va ska'e at itte denne rike konst-gjevnan kunn' fått sloppe ihop med eit større arbei', men



Foto: J. N Elstad.

Stabur i Kvåla, Skåbu.

dæ lagdest itte te, og så vart dæ mesta berre småting 'n Lars kom te å skjera: øltrøyse, rullagongje, selatre, sleive, treskjeie og gravfjøle. Og nå er mest allt kome burt hell er øylagt, fremifrå vakkert arbei' allt ihop; 'n Lars skar ein krillskur som knapt Klukstan sjøl skar be're. Pålag 1820 kom 'n Lars fram i Nistugun-Skåbu, 'n kom væl antel frå Stor-Åkre hell frå Murudala, han dreiv nå my' der på vei'ing og fiskje. Nå lydde 'n ette om 'n kunn' få sitja i Nistugun „å spikke tu tri dågå" og dæ fekk 'n javer'e på med ein-gong. Men di tu-tri dågån vart te tri år. Dæ va tu brør i Nistugun dæ leite, som båe va uturskjølt vælhendte og ha liv for utskur, den eldste va gar'brukarn i Nistugun, 'n Nils,

ein go=te=se kar som va skulmester i 8 år i himbygden, den andre, 'n Jehans, va vanfør i føtom og kunn' itte gå. Desse tu tok heilt ette skur'a hass Sta'e=Lars og gjor' itte mestera skam, men olykka derest, au, va, at døm itte fekk leggje evnan sine på någå større verk, dæ vart di såmå tinga som 'n Sta'e=Lars laut drive med, men båe tu skar ein vakker rankeskur og åtte ein gløgg, fin formsans.

'N Sta'e=Lars sette kveiken ti ennå ein Skåbyggjing di åra 'n va i Nistugun, 'n *Torgjer Haldogsson Bakkero;* i Risdal er eit hengjeskåp ette 'om som er godt arbeidt og sers spilan syne, at Sta'in har vore lærmestern hass Torgjer.

Børsmakerhåndverke har hellanitte vore okjent på Fron, og dæ rigtig tileg i ti'om, 'n *Eilev Olsson Hågå* i Skåbu, man'n hena Gylloug som va slik konstvevar, va børsmaker og gjor' reinsriflo som va svært gjæve. Desse riflun va svært lange, kjistpipo og ottekanta, døm gjekk med namne „Ny=huspipo" og ha godt or' på se millom reinsskjyttarom i heile nor'dala. Ein son hass Eilev Hågå, 'n *Arne,* va au børs=maker; han vart tinga tå ein storing te å gjera 'om ein pistol og dæ va eit arbei' så framifrå, at denne storingen itte ga se førr 'n fekk 'n Arne te å fløtja åt Kongsberg og vart verand der si ti'. Nyhuspipun ha dette merkje:
Desse børssmean i Hågå livde ette 1650 på=lag.

'N *Iva Nilsson* Nistugun som livde ette 1850, va au børsmaker, men dreiv dæ itte som stadigt håndverk. Han va eit overlag arbeidshugu som kunn' gjera kå 'n tok te med: han va børsmaker, støypar, timmermann og kunn' bruke gravstikka og allt gjor' 'n væl og vakkert.

Ein husmannsgut frå Fron kom i någå seinare ti' te å vinne se eit bra namn som treskjerar og bilæthoggar. 'N heitte *Ola Jakopsson Laulo* og er fødd på ein plass Espe onde Vista i Kvikne. Far hass dø da 'n Ola va 8 år, og mora må ha reist åt Oslo og sliti se igjenom som tenest=jente, hell med dagarbei', ei kortare ti'. I 1837 kom ho åt Leinstranda, naugre mil synnafor Trondøm, og vart buand på ein plass onde ein gar' som kallast Laulo, dette gars'=namne tok 'n Ola Jakopsson te ettenamn. 'N Ola som nå va 12 år synte tileg godt næme og stor haug te å skjera ut,

kanskje mest te bilætskjering, og da kunnauge folk såg at guten kunn' bli någå, fekk 'n hjålp te å gå på tegneskule fyrst i Trondøm og sea i Oslo. Ette som 'n mona se fram gjor' 'n eit og anna arbei'e som vart væl omtykt, 'n valde se gjenne te mønster inkort tå arbei'om åt Thorvaldsen. I Oslo arbeidde 'n ei ti, ette rettlei'ing tå bilthouggar Mikkelsen, fekk hjålp med pening te å gjera utfer' åt Kjøpenhamn tu gongo. Han arbeidde stadigt og bar te å få eit godt or' for konsta si; men dæ va ei trong ti' ennå for ein fattig



Foto: Kling, Otta.
Stabur på nørdre Risdal, Skåbu, med taksnei frå alle fire si'o.

konstnar og da Laulo snart gjifta se, vart dæ smalhans i huse, han ha dæ smått og trongt framigjenom åra så 'n laut stræve med, å arbei'e opp billige trevaro 'n kunn' avhende på torgje i Trondøm. Sjøl va 'n ei ti' i Oslo my' attåt, og her dreiv 'n med å skjera ut gallionsfigure åt krigsskjep på Horten og andre skjep, au, når 'n fekk ei tinging. Han fløtte attende åt Trondøm og fekk åv-og-te tinging på eit og anna større arbei', men dæ fall ojemnt og 'n ha dæ tongt og vondt. Huslive hass va itte slikt dæ va 'om te någun oppkveik, dæ va snarast te å øykje motløyse og maktstela 'n. Dette va 'n nok my' skuld' ti sjøl, for 'n va tesverre nokså hauga på dæ sterke. I 1866 tinga 'n Jørgen Lysholm, eigarn tå di store akkevitbrenneria i Trondøm, eit utstillings-skjelt som

Laulo skull' arbei'e åt ei akkevit-utstilling i Stockholm. Konstnarn valde å setja ein døl med toppluve i skrevels over ei brennevinstynne og med ein donk onde kår arm, dette skjelte åt Lysholmer-akkevita som mest alle kjenne. „Gutten med



Foto: J. N. Elstad.

Frå kjøkene på Skodal, Sør-Fron.

brennvinskaggen" va eit godt arbei' som vart my' påenst og omtykt på utstillingen og 'n prins Oskar (kong Oskar II) tinga ei ettelikning; åt Lysholm fekk 'n au ei ny tinging. Laulo gjor' fleire arbei' denne ti'a framette og va ofte så heppe, at 'n tok te å få eit bra konstnarnamn. Fram mot 70-årom tok 'n te å hougge sumt tå klebber, tå såmå slaga

som stein'n i domkjørkjun, og dette lykkast væl for 'om og da arbei'e med attreisinga tå domkjørkjun vart sett i gang, fekk Laulo fast arbei' med di. Her arbeidde 'n i 11 år te i 1882 da 'n slutta. 'N gjor' my' godt arbei' åt domkjørkjevelinga desse åra og hogde burtimot 30 hugu, ein stor mengde søile-fotstykkjy, bla'verk og mangt anna prydverk. Med utkomun hass va dæ nok mest like kleint og dæ hendte nok, 'n laut gå på fattigkassa i by'n og likare vart dæ nok itte, da 'n misste arbei'e sitt i domkjørkjun. Han prøvde å slå se igjenom med bilætskjering, skar saker te salgs åt turiste og fekk ei og annor lite større tinging ein gong imillom. I pålag 2 år va 'n i Stavanger og arbeidde for ein gullsme' som attåt dreiv handel med gåmålt, men i 1892 hell 93 kom 'n attende åt Trondøm. Han dreiv ennå i mange år med å skjera eventyrfigure tå rotknulltro og rare vokste 'n fann i skog og mark, og my' tå desse skull' vera rigtig godt gjort. Men Laulo va nå over 70 år og arbeidshelsa rokk itte te lenger; om hausten i 1899 laut fattigstelle i Trondøm tå 'n fullt i forsorg og 'n vart for dæ fyrste utsett på lande, men ba seinare om å få kåmå attende åt by'n. Her dø 'n på „Gamlehjemmets sykestue" i juli 1901. Dæ siste ynskje hass va, at døm vilde reise 'n opp i sengen så 'n ennå ein gong fekk sjå Nidaros-domen.

Tå arbei'om ette Laulo finst dæ att mange og imillom døm fleire kjørkjearbei: Kristusbilæte og fleire ting; dæ er eit Kristusbilæte i Skjersta-kjørkjun nor'i Salten, eit i Leinstranda, eit i Hafstein ve Trondøm, ein døypefont i Levanger-kjørkjun og naugre bilæte i Brønnøy-kjørkjun på Helgeland.

Dette stutte risse er eit lite utdrag tå ei go' livsskjildring adjunkt Joh. E. Brodahl har gjeve ut om „Treskjærer Ole Jakobsen Laulo"; i „Illustreret Nyhedsblad" for 1856 står au eit livsriss tå Laulo. Konstnarn ha itte mindre hell 11 bon, men alle er døe, og ættgreina hass vart åvbrote med 'om sjøl.

Dæ er itte svært my' att lenger tå gåmålt innbu og stugubona på Fron, og defor er dæ vanskeleg å gjera se ei setandest meining om snikkerhåndverke i bygden i gåmål ti'. At bygda-

snikkeran jemt over gjor' traust og vælgjort arbei' te hus=bruk, er sagte itte my' å tvile om, men om døm attåt kunn' rå' over någå konstevne og åtte konstgle'e og konsthaug, kann dæ kanskje vera meire ovisst med. Tå di gamle arbei'om



Foto: J. N. Elstad.
Skåp på Åsmundstad, Kvikne; har årstale 1766.
Kome frå Hågå, Sødorp.

som nå er å sjå att ser dæ ut te di, at treskur og pryd=arbei' itte kann ha vore my' brukt millom snikkerom i bygden, på langt ner itte som på Lesja og Vågå, itte å nemne Lom som ve midten tå 1700=tale blømde rikare, hell di hine bygdin i dala. At dæ vanta bygdafolkje på Fron kåkje handlag hell

næme kann itte vera te=felle, og ner dæ ser ut te, at „døla=skurn“ har vorte attende=stå'n på innbu og bonasting der i bygden, må dæ vera andre årsakje te di, kå dæ nå kann ha



Skåp frå O'ro, Sør=Fron. Foto: J. N. Elstad.

vore. Dæ kann itte kåmå se sålest, hell, at dæ har vanta mestere te mønster og te å vekkje haugen millom døm som ha næme og handlag; for 'n Kristen Lista skull' vore kar te å sett kveiken i meir hell ein tollkniv, og dæ såmå høve va dæ kanskje med bror hass på Melgar. Ein ser itte dæ ringaste

merkje ette „blomstermestern“ frå Ringbu på di snikker=arbei'om, som er å sjå att frå hass ti' framette. Kanskje 'n Erik Frosta i Kvam, som va onderklukkarn hass Kristen Lista, kunn' ha lært konsta tå 'om, men någå arbei' ette 'om Erik som kann vera te rett=lei'ing om dette, finst itte. Men at dæ ellest i desse ti'om va go'e snikkare heile bygda rondt, er nok itte å tvile om, men ingen som har sett varige merkje ette se. Den eineste er kan=skje 'n *Hans Renshus* som med skåpe hos 'om Amund Vadahl — sjå bilæte — vise at 'n åtte sans for dæ prydvorne og dæ staselege.



Foto: J. N. Elstad.

Skattol på O'e, Sør=Fron.

Snikkerhåndverke på Fron heldt se på lag i dæ gamle fare ve hon=dreårsskjifte i 1800 og framette ei go' stond. Smått om senn kunn' dæ kåmå rekan ei ny gjer' på ein og an'n bonastingen, slikt som på stole, skåp, skjivo og sumt anna. Slike nye mønstre kom uttan=te frå flatbygdom, hell kunn' kåmå på mote ette ein aksion i dødsbue ette ein embets=mann i bygden. Skattol=gjer'a på skåp tok te å kåmå i bruk omkring hondreårsskjifte og vart snart den gjævaste skåp=mønstra. Ein og an'n kveik fekk nok snikkerhåndverke frå imse lei'; venteleg fekk dæ ein slik ein da storkonstnarn, 'n Svein Aspås i 1786—87 bygde og innreidde Fronskjørkja, for

han ha nok fleire øvde og opplærde snikkare med se. Ellest ser dæ ut te, at håndverke har følgt med ti'om og helde se godt oppe te fram mot 50=årom, da dæ kanskje itte lenger sto' på høgd med ti'n. For da skrivar Randkleiv ha kjøpt Hondorp og vilde byggje gar'n med nymotens hus og inn=rei'e på bygjer', leigde 'n både byggmester og snikker frå



Foto: J. N. Elstad.
Skåp hos A. Wadahl, Harpefos.

Oslo. Byggmestern heitte *Nasen* og tå honom lærde bygda=timraran å setja opp hus tå bindingsverk, som itte ha vore brukt i dala førr, vissa va sperr=røste heilt framont. Nasen reiste inn i by'n att da 'n va fer'ig, men snikkern, L. Ander=sen, vart buandest på Fron på leveti'a. Andersen va ein framifrå dugeleg møbelsnikker, som gjor' både sers traust og fint, lugumt arbei'. Faglærd frå Oslo va 'n godt oppøvd med å arbei'e bonasting tå alle molege slag, ette di mønstrom som bymotin da heldt se åt, og dæ vart i di neraste 25 årom



Foto: J. N. Elstad.
Skåp på Håralsta, Kvikne, kjøpt på aksion ette 'om Ola Steig. Har årstale 1780 og namna Østen Olsen og ? Tostensdatter.

frå 1850 ein mengde nymotens bona i Fronsgar'om ette Andersen, alltsamen arbei' tå fyrste slag og med ei fast stilform, som høvde sers væl i eit hus ette bymønster. Denne nye stugubonas-gjera Andersen kom med, braut sjølsagt heilt

med den gamle ne'ervde dølagjer'a, som sålest denne ti'a fekk dødsdomen over se. Ti'a heldt på miste vørnan for gåmål kulturarv, og kåkje den duglege snikkern Andersen hell bygdafolke tenkte se, at dæ gjekk an å helde liv lenger i dette gamle utlivde bonasstelle; at dæ ofte va vakkert både i form og farge og va som vokse opp tå di gamle heimlege grunna, orka itte ti'a å sjå ennå. Andersen skapte ei ny ti' i snikkerhåndverke på Fron i båe bygdom, for dæ va stadigt te kår ti' onge gute som gjekk i lære hos 'om.



Foto: J. N. Elstad.

Stuguklukke på O'e, Sør=Fron.

Målerhåndverke har vore drivi tå bygdahåndverkere på Fron som i hine bygdom i dala, frå ha'leg langt attende, men någun konstnar i denne greina er itte sport. 'N Kristen Lista rokk nok truleg eit godt stykkje framom di andre måleran i bygden i beste årom sine, og både preikstoln og altertavla på Sødorp er høveleg måla, men tå di andre i kjør=kjun 'n har måla fær ein helst den tok=kjin, at 'n ha itte den evna med målar=pensela som med treskjerarkniva. Om Lista'n prøvde se med rosmåling er dæ ingen kunnskap om, og hellanitte er dæ kjent at bygda har ått nogun an'n ros=måler. I Kvam va for naugre år sea ei stor sle'akjiste som va rosmåla i 1770, målinga va svært godt frå=se=gjort og bar sikre merkje tå, å vera gjort tå ein drivin, bylærd håndverker, itte tå ein sjøllærd bygdamåler. På fleire stelle oppigjenom daln råkå ein på ei og annor slik rosmåla kjiste som denne, og dæ må hå fare ein utlærd bymåler i dala denne ti'a, antel ein Oslo=mann hell ein danskje. I seinere ti' va dæ tu målere i bygden som dæ er att arbei' ette på fleire gar'e, den eine va 'n

Halvor Melgar, født omkring århondre=skjifte og dø i 70=årom. Melgarn va nok ein sjøllærd mann, men va ein dugeleg håndverker, svært omtykt for skåpmålinga og tåkmålinga si, han ha itte så liten gjevna te prydmåling og måla staselege tak og skattol, som held se svært godt den dag idag. Den

Foto: J. N. Elstad.

Stolborplåte på Skarsta, Sør=Fron

andre målern va 'n Even Sulengshauga, født 1822, ein ser=skjilt hendt kar i mange måte. I ongdoma gjekk 'n i måler=lære i Bergen, men kom åt himbygden att og dreiv hånd=verke te 'n dø i 1898. 'N Even va ein dugeleg håndverker og va godt oppøvd så 'n måla rigtig fin og god prydmåling, va hellanitte borte te å måle bilæte, sålest måla 'n bilæte tå foreldrom sine og prøvde se lite med å modellere brystbilæte

i leir. Ellest måla 'n mange staselege tak, skattol og slikt, og millom anna måla 'n søre Frons-kjørkja. Konsta hass Even va sjølsagt ei meire nymotens, væl oppdrivi håndverks-konst, hell ei framvokse bygdakonst, men 'n va ein serskjilt dugeleg håndverker.

I sme'håndverkje har Fron havt mange dygtauge folk radt frå di eldste ti'om; i gar's-smi og grovare smearbei' va gjenne mest kår gar'-mann såpass, at døm va sjøl-hjåltne, men bygda rondt va dæ te kår ti' sme'e som dreiv arbei'e som håndverk. Låssme'e som arbeidde både hengjelås og innlås har dæ vore mange tå, og tå døm va dæ sume, som gjor' ar-bei' tå fyrste slag. Dørasmi, gongjønn, klinko og klinke-skrå tå uthoggje arbei', like-eins smi' på sle'akjisto og fer'skrin va stødt arbeidt tå sme' i bygden, og arbei'e derest står jemnt med di beste i di andre bygdom. Di eldste sme'an i bygden, som dæ har vore fleire konstnere tå, er vorte bort-glømt og nå kjennest itte namne på andre, hell naugre

Foto: J. N. Elstad.
Stol frå Tokse, Sødorp.

fåe frå seinare ti'e, eit par någå eldre er dæ att minne om ennå. I Skåbu va dæ ein overlag go' sme' da Kviknekjørkja va bygd pålag 1766, 'n *Iva Olsson Sætern,* han har smidt spire med tårnknappa og vindfløyga, og allt er vakkert og vælfalle arbei'. Å smie ut ein tårnknapp den ti'a va dæ itte kår sme som kunn' grei'e: dæ va å sjo' ihop blæsterjønn-klompe te dæ vart stort-nok emne te å smie ut ei plåte tå så stor, at ho rokk te åt tårnknappa; og knappen er større

hell 'n ruve for, 'n tek ein halvmæle (9 kg.) konn. Dæ vilde nok te både hugu og hend' åt di arbei'e, ska tru. Låse på kjørkjedørn har den eine tå kjørkjebyggjarom, 'n *Tor Torgjersson Risdal,* arbeidt og dæ arbei'e gjer hellanitte skam på mestera — Skåbu ha sålest tu egte go'e sme'e i 1766. Da Kvamskjørkja va bygd i 1775 va dæ 'n *Jakop Barlonn* frå søre Fron som va sme, og som ha gjort allt sme'arbei'e og



Foto: J. N. Elstad.
Vove stoltrekk frå Tokse, Sødorp.

dæ er allt samen godt og lugumt arbei'. 'N Jakop va itte født på Fron, men kome frå Dovre og kjøpte se inn på Barlonn. Han gjor' my' lås og dæ finst ennå att lås ette 'om, vælgjor'e med lugume, pene nykle. Slekta ette 'om Jakop vart mangmennt, spreidde se vidt i bygden og svært mange va folk med go'e evne og my' go=for=se. Ein dotterson hass Jakop, 'n *Jakop Sulengshauga,* va go' sme og for ei ti' omkring i gar'om og smidde kå som fallt, 'n va væl likt for allt sitt arbei', men va ellest kanskje formest te låssme'. 'N hå stor haug te å gje se ikast med vanskelege arbei' og

greidde dæ godt, au, stødt. Ette 'n kom på fø'råd og smio vart forkald for 'om om vintern, tok 'n se for å gjera stole, sofabenkje, klukk=kasso, sengje, bor' og kjisto, attåt prøvde 'n å skjera ut. Og dette snikkerarbei'e som va heilt sjøl=lært, ette 'n va ein langt te=årskome mann, er både pent og væl=gjort og med ein lugum uturkjent stil. Ellest va 'n Jakop go' å finne te någå tå kårt: va dæ eit odyrsleg øykjebeist som dæ va omoleg å sko, ja da va dæ å gå åt Sulengs=


Foto: J. N. Elstad.

Håralsta, Kvikne.

hauga med 'om. Fekk någun så gale tannverk, at 'n miste sømn og mest vete attpå, så laut 'n Jakop tå tonna. 'N Jakop va itte my' stor på vokst, men tettvokse og sterk, ei arbeids=sleto tå di fyrste, og enda 'n ha lite å hjålpe se med da 'n begjynde med gar'sbrukje, vart 'n ein vælstandsmann. Men så låg 'n 'ti, au, seint og ti'leg. Både 'n Jakop og kjeringa dø tett ihop i 1898, døm va da 88 år gamle og ha vore gjifte i 62 år. Fleire tå desse slekten va dugelege hånd=verkere og tu tå døm vil bli omgjete i eit anna høve. I nørdre Kvam, på Kolun, va dæ likesom ljåsme'an samla se, dæ va fleire der som smidde rigti fellne og lettbeitte ljå, som døm avhenda både innabygdes og utta'bygdes. Ljåsmie på

Kolun vårå ve like framover te i 1880. Dæ va avlett-jønn-sme'e, au, på Kolun, like te i 1860 dreiv døm med å smie både avlett-jønn og vaffel-jønn ette tinging. Arbei'e derest va vælgjort og dæ mønstre døm hogde avlett-jønna ette, tok se overlag lugumt ut og va gjævt i alle nor'bygdom.

Støyparkonsta på Fron er dæ itte någå å melle om, men dæ er nok visst som all ting, at dæ va knappstøypare i alle soknom, bjollstøypare og kå slags støyping dæ va bruk for.



Foto: J. N. Elstad.

Gåmålt innbu på Håralsta, Kvikne.

Knappstøyping og spennstøyping va ei heil næringsvinne, dæ, me'a gråvesten, ondtrøya, knebroka og spennsko'n va i mote; knapparbei'e va drivi opp te ei rigtig go' konst i fleire tå bygdom i dala, og dæ er itte tenkjeleg at Fron låg ette di hine bygdom i denne greina. Men te nå er dæ itte funne någå støypt arbei' tå någå slag, som kann vise kårlest denne konsta va drivi på Fron.

Sølvsme'konsta er hellanitte kjent meir, hell dæ er visst, at dæ millom syllaterom i 1814 va med i ofre'a (sjå no. 28) ein Skåbyggjing, 'n *Tor Li'n,* som va sølvsme', men någå meir om mann og om arbei'e hass er dæ itte å få veta. At 'n Tor kunn' vera den eineste sølvsme'n på Fron i 1814, er

mest itte tenkjan, for dæ va denne ti'a itte så fåe oppigjenom bygdin som dreiv med sølvarbei', mest alle tå døm va sjøllærde, men gjor' rigtig fint arbei' med dæ stakkarslege verktye døm ha. Bror hass Tor Li'n, 'n *Ola Li'n,* som au va med ute i 1814, va urmaker, men dæ er såmå te-felle med 'om Ola som med bror hass, dæ er itte meir kjent om 'n; dæ er itte funne någor stuguklukke 'n har gjort og kanskje dæ va mesta berre [illegible]lingsarbei'e 'n fór med. Dæ ser mest



Foto: J. N. Elstad.

Peis, komfur og varmeplåte frå kjøkene på Håralsta, Kvikne.

ut te itte å ha vore någun namnkjent urmaker på Fron, iminste er dæ itte vorte funne någå arbei' derifrå te nå.

Kjendskapen åt bygdakonsten på kvinnfolksia i di gamle ti'om i Fronsbygden, er itte my' stor, men ette di oss veit om kvinnfolkarbei'e i heile Gullbransdala frå gåmålt, kann oss med full visse gå ut frå, at kvinnfolka på Fron jemnt over va „go'e for sine hend". Dæ ser ellest ut te, at itte alle bygdin har lagt se like har't på håndarbei', slikt som konstvevna, men dæ kann lett vera berre at dæ vise se sålest med di, at dæ i sume bygde har vorte berga meir slik

vevna, hell i sume. Ingor bygd har berga så my' konstvevna som Skjåk, men dæ er itte någå sikkert mark på, at denne vevnan har vore drivi meire jemnfare der i bygden, hell i di



Foto: J N. Eistad.

Primstav og rullefjøl frå Håralsta, Kvikne.

Foto: J. N. Elstad.

Stas=sela frå Håralsta, Kvikne.

hine bygdom. Bilætåklæ', „hegsetåklæ“, „bruråklæ“ hell „hus=bona“ som døm er nemnde i gamle skjiftebrev frå 1600=tale, har frå di alleeldste ti'om vore brukte te veggjepryd i lag

og høgti'e i heile dala og viare lande rondt, dæ er ein ne'=ervd skjikk frå sagati'om. Desse hegsetåklæ'a va som oftast overlag vakre og prydelege; bilæte va mest støtt ette bilæt=bibela hass Kr. III, døm va grovgjorde, men godt oppsette og te=måta, og fargun va reint måkalaust ihopsette så døm sto' gløgt åt einan'n. Desse vakre og høveleg bjerke lêtan, va himlêta og tå himvoksne planto. Omfram hegsetåklæ va dæ i alle velberga hus brukt benkjedyno og høyen, for i di



Foto: J. N. Elstad.

Gåmål kjørkjesle'a på Håralsta.

ti'om va dæ kåkje sofae hell putstole, bygdin igjenom. Både benkjedynvær og høyenvær va figurvove; desse figuran, bårdan og blomstermønstra, va ypperleg væl te=måta med di såmå lêtom som hegsetåklæa, og kunn' vera utskjølt vakre. Om figuran va vokse fram på norsk grunn, hell døm for ein del ha utta'lands opphav, er kanskje itte all ti' så lett å fastsetja. Dæ va den gamle oppsta'gogna denne vevna'n er vove 'ti, og i di konsten har kvinnfolka i Gullbransdala så langt fram i ti'in som te pålag 1725, vore store mestere, og ein skjøne klårt, at døm har ått ein levande konstgle'e og ein framifrå fargesans.

Tå gåmål konstvevna finst dæ att svært lite på Fron nå, men dæ finst minne om, at dæ va både vevare og vevna ei ti' i bygden; for tu mannsaldre sea fanst dæ att 3 hegsetåklæ i Skåhu og 1 i Ruste. Desse 4 skull' allesamen vera vove tå ei kjering i Hågå, ho Gyllaug Hågå, og både ho og mann, børsmakern, 'n Eilev Hågå, skull' vera kome frå ei tå nor'bygdom, ettesom or'e har gått. Dette kann kanskje vera te=felle, men kvinnfolknamne Gyllaug er eit ekte Skåbu=namn som itte va brukt i nor'dala. Ti'a ho Gyllaug livde er kanskje millom 1660—1700; ho va flittaug med opstoveva



Foto: J. N. Elstad.

Peningskrin og fer'kjiste frå Håralsta, Kvikne.

og fekk eit kuver' for eit slikt åklæ, for dæ har vore hermt ette 'ne at ho spårå 1 ku med eitt hegsetåklæ. Mønstre ho brukte skull' vera di 5 kloke og di 5 dårlege jomfrugun.

På Kjørkjevolla i Kvam va dæ te i 80=årom att eit hegset=åklæ' med di såmå bilætmønstern; dæ vart selt åt Bergen, kanskje åt musæe der i by'n; om dette hegsetåklæ'e kunn' vera tå vevna'a henna Gyllaug Hågå er ovisst, for dæ va nok bilætvevara både i Kvam og i alle di hine soknom den ti'a ho Gyllaug livde.

Di meste tå minn'om ette gåmålt håndverk og bygda=konst, har di siste tu mannsaldran svindrast burt mest jemn=fare, og dæ er berre på naugre fåe stelle dæ ennå kann ha vorte ti'i vare på desse kulturminnom uta'om Di Sandvigske samlingun på Maihauga. På Håralsta i Kvikne som frå langt

Foto: J. H. Elstad.

Sølv på Håralsta, Kvikne.

atti ti'om har vore eit tå åsæt'om åt Gjæslingom, finst dæ ennå ei vælvørsla samling tå gamle ting som her er ti'i med naugre bilæte tå.

Tå jor'funne ting va dæ te i 1913 i heile Gullbransdala gjort 253 funn; tå desse va dæ 24 frå steinaldra, 2 frå bronse-

aldra, 26 frå di eldre jønnaldra og 201 frå di yngre jønn=aldra. Funna bygd'vis for di imse aldrom ihoplagt, ette di gamle bygd'inndelingen, stelle se sålest: Lesja og Dovre 25, Lom og Skjåk 37, Vågå, Sell og Heidaln 44, N. og S. Fron 60, Ringbu 19, Øyer 22, Ø. og V. Gausdal 21 og Fåberg 25. Tå di 60 funnom på Fron er dæ 7 frå steinaldra, 1 frå bronsealdra, 13 frå eldre og 39 frå yngre jønnalder; dæ er 23 funn på nørdre Fron og 37 på søre. Største funne på Fron er eit frå eldre jønnalder på Kjorsta i ein gravhaug, der fanst ei broneskål, leirurne, glasbæger, tri trespann, tri gull=fingerringe, ei sølvnål (fjørnål), tvo bronsenåle (fjørnåle), ei sølvhårnål, bronsetang (klype), bronse=nålhus, bronse=snell=hjul, ei jønnøks o. m. I ein an'n gravhaug på Kjorsta er au funne ein fingerring tå gull.

BYGDALENSMENN PÅ FRON.

Lensmannsombue har sikkert opphave sitt svært langt att=ende i di gamle ti'om. Lensmennan va truleg frå fyrst'n hjålpesmenn åt lendermennom, og gjor' tenesto og ærendo for døm med å hå te=syn med imse ting i lendermanns=jestrikta, lyse stemningo og dome, krevja inn skatte og sak=fall, hå te=syn med vegaru'ing o. m. sl. For lendermennan kunn' ofte hå så vide jestrikt onde se, at dæ va mest orå' å vinnast på alle forretningom i rette ti'n forutta hjålpesmenn, veiglaust og vanskeleg framkjømt som dæ va i mange bygd'=lag. Defor valde døm se ein hjålpesmann i kårt herred som døm ga likesom fullmakt te å utføre di forretningun, som døm itte kunn' vinnast å fullføre sjølve. Desse tenestmennan fekk namne lensmenn og som visst er avleidt tå lendermanns=namne, kanskje dæ i ti'n ha vorte avstubba tå „lendmanns=mann". Desse lensmennan va nok reint private tenestmenn og sto' itte i andsvar for kongemakten. Fekk døm någor løn for arbei'e sitt, va dæ lendermann som greidde den. Da lendermannsembete vart ne'lagt ette 1308 og ista'n te=sett ein sysselmann i kår sysle, kom lensmennan te å bli hjålpes=menn for sysselmennom på den vante gjer'a. Lenger fram i ti'n vart dæ faute som løyste åv sysselmennan, og hos døm heldt au lensmennan ve å gjera tenest. Lite om senn kom lensdelinga i bruk med ein „lensherre" te øvste styrings=mann i kårt len, og da namne „lensmann" kanskje svipa i meste lage på „lensherre" er dæ kanskje defor, at døm ette dansketi'a tok te, er skrivi for „bondelensmenn". Da einvelde

vart innførd i 1662 vart lande delt i amt med ein amtmann te styrar, og frå di ti'n vart nok bondelensmennan utnemnde tå amtmanna, ette terå'ing tå fauta. Med di kom døm i eit nerare samband med styringsmakten, og lensmannsombue vart mestsom den ytste greina tå embetsverkje.

Frå di eldste ti'om at lensmannsyrkje kom i bruk, va strengt innskjerpa, at døm som vart te-sett te lensmenn skull' vera dugelege, pålitande og rettsindauge folk tå di „beste" menn i bygden. Og dæ va helde for ei ære å bli utnemnt te lensmann i himbygden, ombue førde vørna med se, og lensmann i ei bygd va defor helde for den fremste bond'-mann i heile bygden. Men innkomun tå ombue va itte någå å slå se opp tå, på denne leia va dæ itte my' å stå ette for någun å bli lensmann. Den løna som styringsmakta lette te åt lensmannsombue ette 1600-tale, va skattefriheit for tiend, foring, visøre, leding, utskrivingsfriheit og friheit for inn-kvartering og friskjyss. Tesamen kann dette takstast te 10—12 riksdale; di ovisse innkomun for forretningo utgjorde itte någå viare og den lensmannstolla, som kår skjyldsett gar' i bygden hadde å svårå årleg, drogst hellanitte ihop te någun stor môn. Dæ va 1 mæle bygg — 18 kg. — på ein full gar', ½ mæle — 9 kg. — på ½ gar', 1½ settong — 4½ kg. — på en fjorongsgar' og ¾ settong — 2¼ kg. — på ein øy'gar'. Gar'stale på Fron denne ti'a omreikna te fulle gar'e utgjor' 120, og med di vart lensmannstolla 24 tynno bygg, som lens-mann sjøl laut sanke ihop på gar'om bygda rondt. Medel-prisen på bygg va i ti'n millom 1700 og 1711 2 riksdale — kr. 6,40 — for tynna, og sålest nådde tolla opp i 48 riksdale. Legg ein attåt 12 rd. for dæ skattefrie, tienda og naugre småe ovisse innkomo, kjøm lensmannsløna ialt på 60 riks-dale, som med dæ store peningverde dæ leite kanskje kann svårå te 960 krono fyry 1814. Desse 60 rd. i løn kunn' på ingen måte gjera like for allt dæ borthefte og bry, brukaren på ein stor gar' ha tå lensmannsombue, og va dæ ein lens-mann som itte sat væl 'ti di på gar'a sine, vilde dæ gå galne veigen med å berge se. Defor er dæ itte någå å ondre se på, at lensmennan te sume ti'e og i sume bygde itte ha ombue mange år og jemnt gjor' skjift på. Andsvare tyngde

nok au på mange, og jemnfare va bøndan ennå lite forretningsføre og svært lite go-te-se i rekne- og skrivekonsten. Dæ kunn' vera einkelte fåe med lett næme og godt hugu, og som ha liv for eit slikt offentleg yrkje, som sat i ombue ein 20 års ti' og meir, men oftast sa døm dæ frå se ette naugre fåe år.

I slutten tå 1600-tale, og ennå meire framigjenom 1700-tale, øykte forretningun på for lensmennom, serleg fekk døm my' stå 'ti te kår ti' mea den store nordiske kri'a sto på, frå 1709 te 1720. Døm fekk eit orimeleg slep for den låke løna og fauten her i dala, 'n Kristofer Bruun på Isøm, gat på åt stathaldar Johan Vibe, at lensmennan borde få be're løn. Og Vibe låvå å stelle på dæ, au, men da 'n dø allt i 1710 vart dæ itte meire 'tå. Men i 1711 skriv Bruun åt stiftamtmanna og kjære se for den låke løna lensmennan laut slite med. Han nemne at løna va kleinast i nørdre Gullbrandsdala, i søre ha døm da den vanlege tolla, 1 mæle på ein full' gar', men denne taksta vart itte føl't i nor'dalsbygdom, „for der var det nogen vanartige mennesker som negtede [denne taksta], og endel andre ligeledes kommen i vane med det, så at en lensmand nyder ikkun allene sin gårds jordebogsrettighed og tienden, ialt beregnet til 3, 4 à 5 rdl., hvorimod han må forsømme sin gård og jordbrug samt ferdesreiser og anden næring, så nogle på 2 à 3 år er kommen så tilagters at de har måttet forlade hus og gård og bleven udarmede — — —." I heile den lange krigsti'a va lensmennan overleste med å sørgje for skjuss åt offesjere, som stadigt reiste att og fram, frakt tå våben, vørkje og matvaro og stadig innkrevjing tå peningskatte og matskatte tå kjøt og mjøl, som laut fraktast sume ti'e åt Akershus, og sume ti'e åt Vinger.

Om kjæremåle åt fauten Bruun med di såmå drog ette se ei skjikkelegare løn for lensmennom, er itte kjent, men venteleg laut dæ bli retta på, vissa så døm over heile dalen fekk att den gamle lensmanstolla, 1 mæle bygg tå alle utrekna fulle gar'e i bygden.

Ette einevoldsstyre vart gjenomført vart dæ nødvendaugt, at bygdalensmennan laut vera både brevsynte og va såpass

skriveføre, at døm kunn' skrive namne sitt og såvidt gjera ei påtegning på ei forkjynning tå ein dom hell ei stemning, men ellest va dæ, te fram mot midten tå 1700=tale, smått med skrivedugleika og forretningsførleika. Men ve dette bele tok dæ te å gro opp større krav på någå meir både bok=kunnskap og skrivekunna millom bøndom, og dæ va sume 'tå bøndom som leigde skulmestere åt bonom sine. Men både gjenom 16= og 1700=tale va dæ i mest alle bygdom i dala bygdamenn, som hadde lensmannsombua, dæ er reint ein treff i ei bygd å sjå namne på ein lensmann, som ein kann skjøne er ein innfløtt mann, kanskje ein fautkar hell skrivarkar. Og ein kann itte merkje at di gamle bondelens=menn røkta ombue sitt kleint, dæ er eit serhende å sjå ei klage over ombodsførsla derest, kåkje frå embetsmenn hell frå bøndom.

Dæ er ha'leg obeint å få sikker opplysning om di gamle lensmennom attigjenom ti'a, ette di dæ itte er embetsbøk å helde se ette om utnemninga, førr dæ li' langt fram i 1700=tale. Ein er defor for dæ meste nødd te å helde se åt gamle arveskjifte, gamle gar'sbrev, tingbøk og liknande, og skull' ein arbei'e ut ei fullt påliteleg liste der kår einaste lensmann va oppførd med utnemningsti' og tenestti', vilde dæ bli eit svare strev som i mange høve itte vilde vera svært my' verd. I den lista som her er oppsett over lensmennom på Fron, vante dæ nok ein og an'n, om dæ kanskje itte er svært mange. Lista har døm, som te idag er funne i dæ vørkje som hit=te er gått igjenom tå arkivsaker og gamle gar'sbrev.

1558 er *Anders Sko'e (Skåden)* bondelensmann på Fron, og den fyrste lensmann i bygden som te nå er funne nemnt; tenestti'a er okjent.

1578 er dæ lensmann på Alme, men namne hass er itte oppgjett.

1588 er bondelensmann buande på Berge, namne okjent.

1589 er *O'e* (Oden) lensmannsgar', men namne på lens=manna er itte oppsett.

1593, 94, 96. I desse årom ha 'n *Knut Kjorsta* ombue og ha dæ kanskje i någå lang ti'.

1613, 19. Desse tu åra er 'n *Gunner Isøm* lensmann og løyste venteleg av 'n Knut Kjorsta, men någå visst om tenest-ti'a hass er itte kjent.

1643, 46 er 'n *Engebret Haversta* bondelensmann på Fron, men dæ er itte kjent om han kom i ombu ette 'om Gunner Isøm, hell dæ har vore någun imillom døm.

1648 er 'n *Lo'ver Lista* nemnt for lensmann, men dæ er på dæ ovisse om 'n gjor' tenest i lengere ti', hell 'n berre kann ha vore fullmekt for 'om Engebret Haversta i eit te-felle. Di gamle lensmennan let ofte møte på tingom og andre forretningo ve fullmekt, men dette bli itte alle gongo omsagt i tingboken, hell kå anna dukkement som er vorte oppsett.

1663 er 'n *Engebret Haversta* lensmann att og lyt nå vera kome ha'leg opp i åra. Han va sikkert ein mann med godt or' og stor te-tru både i himbygden og viar omkring. Sålest va 'n i 1663 tekalla som skjønsmann over jor'veigen i ein arvetvist på Kleppe på Vågå.

1667. Dette åre er 'n *Pål Graff* kome i ombue og va lensmann i fleire år, kanskje ein 8—9.

1675 og 76 er 'n *Hans Knutsson Kjorsta* lensmann, som han elles itte va någor lang ti'; 'n Hans va sikkert son hass Knut Kjorsta som va lensmann i 1613 og 1619 og kanskje i lenger ti' framette.

1678 er 'n *Pål Graff* vorte lensmann att andre venda og sat i ombue i mange år, kanskje i omkring 20 år, og dæ er tenkjeleg, at han va ein i alle måte dugeleg ombuds-mann.

1686. 'N *Pål Pålsson Kjorsta* er lensmann dette åre ette 'om Pål Graff, som sagte da er dø. Kårlengje 'n denne venda ha ombue er okjent, kanskje berre ein 6—8 års ti', han er nok frå ein an'n Kjorsta-gar' hell di tu førre lens-mennan frå Kjorsta.

1694 er 'n *Ola Olsson Kongsli* frå Ruste lensmann og ha ombue te hondreårsskjifte, ein seks år omlag.

1701, 11, 13, 21 er 'n *Pål Kjorsta* vorte lensmann att pånytt og styre nå ombue i meir hell 20 år i eit skjei', og

dæ er rimeleg, at 'n allt ihop=att va bondelensmann i him=bygden i 30 år.

1743, 45. 'N *Ola Kongsli* er nemnt desse tu åra og kann tenkjast, å ha vore lensmann heile ti'a ette 'n Pål Kjorsta slutta; i di te=felle må han hå vore ein gåmål mann di siste åra 'n va lensmann, men dæ kann nok vera moleg, at denne siste Ola'n er ein son hass Ola som va lensmann i 1694.

1746. 'N *Engebret Haversta* er dette åre vorte lens=mann ette 'om Ola Kongsli og gjor' tenest i kanskje 10—12 år; han er sikkert ein soneson hass Engebret Haversta som va lansmann i 1643 og 46.

Ein som heitte *Bent Hansson* vart lensmann på Fron ette 'om Engebret Haversta, men dæ er ennå itte sikkert kjent kå år han overtok ombue. På namne kann dæ sjå ut te, at 'n itte va Frøning og dæ er moleg han kann hå vore ein uttabygdes kontorkar ve eit kontor, antel hos faut hell skri=var. Forretningun åt lensmennom auka te kår ti', og dæ vart my' reknskapsførsle, som dæ va vandskeleg å greie for bondfolk som itte ha serskilt oppøving på den hånda, og defor tok amtmennan imillom reknskapskunnauge kontorkare te lensmenn, når dæ va slike for hånd, for døm va sjølgjeve meire go=te=se med forretningom.

Med 'om Bent Hansson tok dæ ellest ein ohaugle ende. I ein tå siste dågom i juli 1761 sto' 'n opp ti'le ein torsdags=morgå og gjekk ut i ondklæ'om frå husvære, der 'n budde, og kom itte inn att. Folke omkring skjønte trast, at någå gale va henda, og dæ vart utboe folk te å leite både i elven og på andre stelle. Han spordest itte opp att i Fron, men fanst att i Lauga i Ringbu. Dæ va meininga millom folke, at lensmann ha gått på elva med vilja, og defor vilde itte almugjin i Ringbu at 'n skull' få kjørkjegar'n der i bygden, men 'n vart nå gravlagd der, likevæl.

Om Hansson har stupt se i elva ve ei olykke hell gjort dæ med vilja, let se itte oppklåre, dæ er itte sport at dæ va någå gale med reknskapom hell ombue ellest, så dæ kunn' vera årsak te, at 'n gjor' ende på se. Ette denne hendinga vart dæ grovt te oppstus med fauta på Rollsta, 'n Kristen

Prahm; han va itte vellika i dala, enda dæ nok for dæ meste va oforskjyldt, men fleire meinslege høve støytte ihop og gjor' støe hans vanskeleg. Nå va 'n ein gåmål mann og let ofte di tu studerte sønin sine utføre my' tå forretningom, di tu va dæ som verdsette og bokførte bue ette 'om Bent Hansson, og med desse vart dæ stor ogreie. Ein prukke-rater Harder Holst, som budde ein sta'n i dala, va hatug mot fauta, og ilag med tu bygdamenn frå Fron og 1 frå Ringbu klaga Holst åt amte over, at registeringa ette Hans-son va misleg og olovleg utførd, og Holst fekk order te å tå tingsvitne. Fauten gjekk heilt fri og retten uttålå, at klage-måle laut kåmå se antel tå hat hell vankunna.

1761. 'N *Ola Johannesson Steig* vart konstituert lens-mann ette 'om Bent Hansson og ha ombue ½ år.

1762. Frå nyttår dette åre vart 'n *Ellan Pålsson Solbrå* utnemnt te lensmann og va buandest på Dalsegg, ein yngre bror hass Per Solbrå, som dæ seinar bli fortalt om. 'N Ellan va visst ein go-for-se kar med itte så småe kunnskape for den ti'a; han dreiv med fehandel og va timmermerkjar for Vogt som dreiv lasthandel i dølabygdom. Men dæ gjekk galne veigen både med handel og timmermerkjing, og fjore åre ette 'n kom i lensmannsombue laut 'n gjera oppbu', og misste med dæ såmå lensmannsombue.

1767. 'N *Anders Ellansson Dalsegg* vart i 1767 lens-mann ette 'om Ellan Solbrå og er nok son'n hass Ellan Solbrå, men kalla se ette farsgar'a Dalsegg. Dæ er itte kjent kå lengje 'n ha lensmannsombue, men dæ va visst itte någor lang ti', kanskje ein 5—6 år.

1788, 90 er 'n *Engebret Nilsson Kviksta* nemnt som lensmann på Fron, og har nok i 88 vore i ombue i nokså mange år; han ha nok da 'n slutta i 1799 hell 1800 gjort tenest langt bortimot 20 år. 'N Engebret Kviksta va fødd 1741 og slutta som lensmann i 1799 hell 1800 i 60-års aldra. Han va den siste innfødde bondelensmann på Fron.

1800. *Jens Peter Jarmann* vart i 1799 hell 1800 ut-nemnt te lensmann ette 'om Engebret Kviksta, han va født i Ul'n på Vågå 1773 og son åt lensmanna der i bygden, 'n

Lars Jarmann og kjeringa Karen Margrete Tronhus, dotter åt kaptein Tronhus på Sørem. Jarmannslekta har utsprange frå gar'a Jar i Urskog, og Vågålensmann tok namne Jarmann ette 'n i 1767 vart lensmann der i bygden.

'N Jens Jarmann va lensmann på Fron te 'n dø i 1862, og ha sålest ombue i over 60 år. Jarmannslekta va evnerike folk og er vidt spreidde som embetsfolk, handverkere og forretningsfolk.

GRENSE-STRI' MED VALDERS.

Grenselinun bygdom imillom og imillom di imse store dalfør'om, va jemnan ogreie på sume stelle og ha nok for dæ meste gjort se sjølve ettesom vei'ing, fiskjing og hamning ha fulle se lugumast frå imse tå di bygdlagom, som rokk ihop. Gåmålt bruk va støtt ei rettesnor for grenso og skjifte i liom og himrastom, men ner dæ bar uppi fjellvidda og inni rette høgfjelle, kunn' dæ sume ti'e vera vandskeleg for partom å semjast om kår grensa gjekk, hevdsbruke ha frå ominnelege ti'e gått om einan'n. Ette dæ vart eit meire vælskjepa retsstell, vart dæ ette hånd oppgått grenso og byteslino i skog og mark med øverheit, lagrett og vitneførsel, men uppi høgfjelle drygdest dæ langt frami ti'a, førr dæ vart fastsli'i grenso med lov og rett. Og for di skuld vart dæ på imse stelle heite grensestri'e, og partan kunn' liggje i dæ argaste fiendskap i hondretals år. Helst vart dæ osemje ner grensa skar innpå go'e reinsvone hell go'e fiskjevatn, som båe partan kunn' ha brukt om einan'n, og defor påsto' døm ha hevda se retten åt like frå hei'in haug attigjenom. Da vart dæ helde nevarett ner partan råkåst i strokom, som tvidrage sto' om, og meir hell ein gong kunn' di slag rettsmøte gå på live laust.

Fleire tå bygdom i Gullbransdala har lote rivist med grannom sine om bygdagrensa te-fjells, og både lovs-rett og nevarett har vore brukt, enda dølin alder har vore utgjor'e te å kjanglast. Fron er ei tå di bygdom, som like frå uppi medelaldra har havt stri' om bygdagrensa mot østre Slire i

Valders, og i desse stri'a har dæ nok ein og an'n gong gått allt anna hell lausleg te. Dæ har dri'i opp te heile slag, som dæ har gått or' om i mannsaldre og ennå livi att minne om. Dæ er grensa millom østre Slire og Fron burtve Vin=stervatnom, som dæ all sin dag har vore osemje om, og som ennå itte er kome heilt utur ver'n, defor om dæ itte nå meir er brukt nevarett og „slag". Stri'n er sagte mest likeså gåmål som Svartdauin, for Vinstervatna har frå di gam=laste ti'om vore helde for ein tå di største lunnom ei bygd kunn' eige, og som kåkje Fron hell Heggje vilde gje opp retten åt med di go'e. For fiskje i vatn som låg i eit slikt tvidrags=byte, vart på båe lei'e helde for mest jemngodt med å brote se inn i stabure åt kårandre. Frå di gamlasta ti'om attende har dæ stått någå dån tå „slag" og mannspille ve Vinstervatna, og stri' og osemje millom Fron og Heggje=mennom har dæ støtt vore; slik ogreie dro' berre ohaugna ette se. Defor vart døm på båe lei'e i hauga te, å gjera ei go'viljaug semje og eit skjikkeleg forlik om fiskje i Sand=vatne, så dæ ein gong kunn' bli ende på ofre'a millom Fron og østre Slire.

Margrete eftan (Marit Vassause) 19de juli 1558 vart dæ ihopkalla lagrettsmenn frå Øyer og Ringbu, te eit møte i østre Skag, for å vera med å råde te semje millom Heggje i Slire og Fron om fiskje i Vinstervatnom. Presten og lens=mann i Slire med fire lagrettsmenn møtte, og dæ vart opp=sett eit skrivi forlik. Lagretten melle om, at døm va lovleg te=kalla for å vera rådsmenn og vitne på ein „ærlig forligelse emillum di danemænd i Frons prestegjeld i Gulbrandsdalen, og Heggeherreds=mændene i Slire sogn i Valders, om et fiske=vand kaldes Sandvatne, liggendes emillum Frons præstegjeld i Gulbrandsdalen og Slire sogn i Valders, som di danemænd Frøningene og Heggeherreds=mændene i Valders langsomme=lig havde stadet udi trette om. Da efter langsommelig kiv, had, avind og trette, nu skulle i så måde nederlegges og avstilles, lode di danemænd av Fron i Gulbrandsdalen og Heggeherreds=mændene udi Slire sogn på både sider vike [bøygje, overtålå] av skilrike [rettvise, truverdige] erlige danemænds råd og tilråd, og blev de alle herom broderligen så

forlikte, at de danemænd Frøningerne efter denne dag skulde beholde fritt med Gud sin rette fiskealmenning, all den part av vestervatne på både landen [land-si'om] nærmest op til Vinsteren, der rinner av Bjørnhølen ned i Sandvatnet, frelst og hemalt [hjemla] for hvar mand. Og di danemænd av Heggeherred i Slire sogn skulle nu herefter have deres rette fiskealmenning ifrå Sandvatnet, der Vinsteren først ikommer, på båe landen op efter Bjørnhølen sålangt den rekker, frelst og hemalt for hvar mand. Men ingenlunde skulle Hegge-herreds-mændene efter denne dag have deres fiskeris bruk i Sandåen, som de kalle Dørren. Ligeså skulle di dane-



Riss tå Vinstervatnom.

mænd Frøningerne have deres angulsfiske-bruk i Heggeher-reds-mændenes fiskealmenning, vinter og sommer, når dennem tykkes, såvel som i deres egen almenning. Og om Frønin-gerne hender [skjer] nogen argelist eller skade på deres fiskeri i fornevnte Sandvatn, da stande han tilsvars som eig boden i Bjørnhølen. At så udi alle måder herefter fra alder til alder ubrydelig stå og holdes skal, som her er foresagt, oprakte vi alles våres hender med et fuldt jakvede."

Ette desse „ærlige og broderlige" forlikje millom Frøninge og Valderse i 1558 skull' dæ nok vore å vente, at den „lang-sommelige trætte, kiv, had og avind" for all framti' ha vore „nedlagt og avstillet", og venteleg ha båe partan, au, den trua. Men 25 år ette, i 1583, har Frøningan stemnt Valder-san te å møte på eit lagmannsting på Oslo rådstugu, te å

svårå for, at døm ha brote forlike frå 1558 og Frøningan klågå se da for, at døm allt fleire gongo har lote brukt lov og rett på Valdersom for ulovleg fiskjing i Vinstervatnom. Defor har nok itte „Heggeherreds-mændene" helde dæ „broderlige" forlike i 1558. Og hellanitte heldt døm dæ seinere, enda dæ vart sta'festa att ve ein lagtingsdom på Oslo rådstugu 1597. Dæ va stadig stri' millom Frøningom og Valdersom, om gånfiskje om somårn og isfiskje om vintern, slikt va dæ gjenom heile dæ 17de hondreåre, i 1656 va dæ ein



Foto: J. N. Elstad.
Kallfjor'n ve Vinstervatnom, te vinstre Raggen og ein snyt tå Innbuvatne.

åstedsdom om fiskje i Vinstervatnom att, men den stana hellanitte osemja. Både Fron og Slire heldt se har'e, og sume gongo kunn' dæ nok bli eit basketak med hogg og dask ner fiskaran råkåst på landjorn, og den som ha overmagta tå partom vart ve vinninga, som vanleg er når dæ er nevaretten som rår. Valdersan va nok di hissaugste te å gå på, men Frøningan heldt se nok itte att hell, når dæ galdt å forsvårå gåmål rett og gåmålt bruk. Stri'n om fiskjeretten gjekk te retssak gong på gong: i 1656 va dæ åstedssak, i 1688 er dæ ny rettssak, likeså i 1724 og 25, men tvidrage og osamna'en va dæ beint omoleg å stagge. Ette 1800-tale begjynte såg dæ ut te, at grensestri'n lågå opp-att verre hell

någun gong førr, og dæ va mest likt te, at Valdersan radt gjor' mannamord på Frøningom ner døm såg se tak te di, dæ va någå døm ha drivi med frå gåmålt, dæ; i 1468 skaut Valdersan ihel ein ong gut frå Uleberg på Sør=Fron, og kasta like oppå butake på Tåkåsta=fiskjebu'n ve Raggen. Far åt ein tå drapsmennom laut gjera forlik og leggje drapsbot åt Uleberg=manna, og dette forlike va gjort i klukkarstugun på Vågå i overvære tå lagmanna og andre go'e menn i 1469 den 27de mars, forliksbreve er ennå på Uleberg. Hate millom

Foto: J. N. Elstad.
Raggen ve Vinstervatnom (elvstubben millom Innbuvatne og Kallfjor'n).

bygdom voks, og rett som dæ va, sto' dæ ei kule millom fiskjarom, for døm låg ette ein an'n frå bå'e lei'om. I 1815 råkåst dæ ein flokk med Frøninge og Valderse ve Raggen døm kalla, ein liten elvstubb som renn utur Innbuvatne og n'i Kallfjorn. Frøningan skull vera 9 i tal og låg på isfiskje, Valdersan fortel at døm va berre 6, men at dæ va utvalde kare, som va iveiggjor'e for å dengje Frøningan, som døm ha fått hørt gjete dreiv med fiskje i Ragga. Tå fullgo'e kare på Frons=sie va dæ nok ingen med, dæ va vanlege bygde=kare og itte någun tå døm som va helde for rigtig magtauge. Dæ va ein klukkmaker, 'n Ola Brennun, som va med og som skull' vera ein brennandest kvass liten kar, men ingor

kjempe, og såmå slage va dæ med ein frå Sme'li'n. Namna på di andre er bortglømde, men mannskape va sålest itte utvalt. Valdersan ha med ein tå bygdamennom sine, som va helde for ein rigtig Samson, Stor-Sæli'n, og han va dæ nok meininga skull' jule køm 'n fekk tak i. Ein heitte Torgjer Alvsta, skull' au vera ein sterk og før kar. Valdersan fortel sjølve om denne kula, at døm spikka se lange bjørketampe, vridde døm og slo' på ein knut i enda — nå skull' Frøningan få småkå bjørkjefeitte så dæ gjor' mon. Jau, ette någå kjeftbruk barst dæ ihop: klukkmakern gauv på Stor-Sæli'n som 'n elding, og smorde den store Samson åt isa så dæ song i øyrom og gjekk både gule og grøne ringe for augom hass. Kålest klukkmakern greidde se er itte sport, men både Stor-Sæli'n og Brennomen skull' få ein knett båe tu i desse beitun. Smeli'n ga se i kast med 'om Torgjer Alvsta, 'n Torgjer med bjørketampa og Smeli'in med isbila sine, båe fikta likast døm kunne og, best dæ va, fekk 'n Torgjer ein så vælmeint støyt midt på vomma, at dæ sprak ein stor, vi' metalknapp i broken hass — ha itte den knappen sote der, ha Alvsta'n vorte gorrstanga. Slage båra att og fram på isa og kår gjor' dæ 'n orka, dæ er itte å tvile på, at dæ va ei heit kule me'a ho sto' på, men ette di Valdersan va himagjort for å dengje Frøningan, kann dæ vera at døm fekk likesom overtake. Frøningan venta se ingen fare og va defor itte budde på å møte ein hop med uturhemta Valderse med bjørkesvolke. Dæ va kanskje ellest ei lykke for båe partom, at Fron itte va fyrybudde på slage, ha slike kare som Korstahågån, Londin og tu-ell-tri tå di beste karom frå Kvikne og Skåbu vore med, kunn' dæ nok kome te å henda meir hell ei olykke.

Kårlest dæ gjekk te i alle måte ve Raggen i 1815 er for dæ meste bortglømt, og mangt er fortalt på fleire måte. Valdersan fortel, at døm smorde Frøningan så dugeleg opp med bjørketampom sine, at døm senda ein Frøninggut n'i bygda ette hjålp te å få døm him att. Dette er ei skrytarskrøne døm ha sett ihop, någå ska'e, revo og sår fekk døm sagte på båe sio, men någor større olykke henda itte. Ellest er dæ stødt visen ette slike kulo, at dæ bli med någå lørjing

og skryt, og båe partan ha grei't se likast. Men dæ va nok itte slut med desse Raggeslagje; seiner emna dæ se te ei go' kule att ve Sandvatne og da, au, va Smeli'in med. Valdersan va så mange den gongen, at 'n laut røme onda: 'n sprang inn-i fiskebua si, tok med se ein gutongje som va inne i bu'n, greip 3 reinsrifle onde armen og rodde ut på vatne. Valdersan ba 'n berre kåmå te-lands, så skull' 'n få herleg juling, men Smeli'in spådde om, at gjekk døm på 'n da, så skull' døm få kjenne smaken tå storkje bly.

Foto: J. N. Elstad.

Vinstervatna (Øyvasosen og Storholmen).

På Londe i Sødorp va mann'n i desse ti'om ein uturmåta stor og sterk kar, som itte någun torde gå i kast med ein mot ein. Han dreiv my' på fiskjing i Vinstervatnom både somår og vinter, og enda Valdersan va redde 'n, henda dæ imillom døm prøvde setja opp uggan. Ein gong vart dæ stole flesk og ein tom fiskekopp i bu'n hass, dæ va nok itte mange å gjera val på, tykte Londin, og så gjekk 'n beinest burti bua åt 3 valderse som låg ve eit tå vatnom og la døm ut for tjuvrie. Tu tå døm va hime i bu'n, men den trea va borte. Døm vilde nå itte stå ve å ha stole, og Londin gjekk att; trast ette kom den trea Valdersen him-i bua att og fekk høre, at Londin ha vore i ærend hos døm, skulda døm for

å ha stole flesk og ein kopp „som va så forbanna væl gjur'a.“ „Å, døkk måtte teke han!“ sa han, som di tu fortalde dette åt. „Ja, 'n va go' å taka skull' du sêtt — arman hass va som firhogne grinnhakar, kar!“ svårå di tu.

Ein an'n gong dreiv den såmå Londin med isfiskje ve Vinstervatna og heldt nettopp på hougde på fyrste hole, da 'n fekk sjå 10—12 Valderse kom styvan som eit sterkt vær, og 'n tvilte om kå ærend døm fór 'ti. Han hogde snøgt eit abragdsleg stort hol på isen, øg da Valdersan kom og etla se te å jågå Londin tå isa, tok 'n te meie og vippe omkring se med di langskafta isøksen sine. Og dæ va itte haugleg å kåmå nere kåkje mann hell øks, hell di store brunne i isa — når 'n gjor' ein dugeleg svei med øksen i di lange armom, rokk 'n så oendeleg langt burtette flåtun, og best dæ va, fekk ein tå Valdersom houggje eine hælstege onda skrå'n sine! Nei, da fann døm dæ høvde best å gå sin veig, „dæ va ein stygg mann og ei stygg øks hadde han, med,“ va dæ hermt ette døm.

Ette storslagje i 1815 vart dæ utboe mannskap både på Fron og i Sli're, meininga va nok å helde eit storslag tå velten og kanskje sjå te, om dæ itte ein gong endeleg kunn' bli ein slutt på desse gamle osamna som alder ga fre'. Te all lykke gjekk dæ imist for båe partom — da Frøningan kom burtåt Vinstervatnom med mannskape sine, va dæ mest ingen Valders å sjå kåkje i fyru hell fjell. Og da Valdersan kom med sine mannskap, va dæ itte fleir hell tri Frøninge å finne, og så fåe kunn' slik stor mann'makt for skam skuld itte gå på. Og så bar dæ iveig med tretto att, like te høgsterett: di tu siste mannsaldran har dæ stilna meir bort med tvidrage om Vinstervatna, men ennå er itte grenselina fastsli så Fron og Slire er heilt samde om ho for framti'n.

'N PER SOLBRÅ OG EKSTRASKATTEN 1764.

Test meir framvokse samfundslive vart, test meir vart dæ bruk for pening, og da dansketi'a seig innover Nori', vårå dæ itte lang ri'a, førr dæ kom krav om skatt tå bøndom. Ho droning Margreta va har' te å klemme folke med skatte, og døm som kom ette hena, va itte mildare i di veiga. Frå di gamle ti'om ha bøndan svårå landskjyld, leding, gjengjerd og slike avgjifte tå gar'om i varo ette gamle takste, men da dansketi'a fekk røta se, vart dæ meir og meir gjort krav om, at utgjiftin måtte svåråst i pening. Og rei'e pening var dæ lite i omlaup millom folkje i desse ti'om og uturmåta vandskelege å skråpå ihop. Skatte ha igjenom alle tidsaldre vore møtt med ovilja og stor ohaug, og va dæ ein og an'n sysselmann hell faut, som va har' og nå'elaus te drive skattan inn hos bøndom, hende dæ nok av og te, at 'n vart ihelsli'i. Og frå desse dågå'm fekk oppkrevjingsmenn og faute ei slik misstru, slikt hat og ovilja imot se, at dæ følde døm som ei oværsskodde i hondretals år. Mangein tå døm va au någå fæle flåare og bondeplågare, men mange fekk au erve dette gamle hate og laut bera dæ oforskjyldt. Og ette som skattan auka med samfunds-framvoksta, auka skatt'oviljan og vart for mangein bonde te ei redsle, 'n gjekk med te kår ti'; fauten og håmann hass va for 'om ein skuggje tå den vonde sjøl.

Dæ va nå stødt krigskostna som tyngde folke mest, og ledingsgjer'a ve sjøkanten va nok ei tong byrde i medelaldra; innlandsbygdin slapp visst ledinga med ei litor årleg pening-

avgjift. Men da så 'n Kr. 4, ette svenskan i 1612 tok te å leige uttalandsk krigsfolk og sende igjenom dæ forsvarslause Nori', såg at dæ va eit livsspørsmål å setja ein norsk hær på fot, vart dæ snart anna tå for innlandsbygdom, hell den vetle ledingsutgjifta. Allt i 1618 laut odelsbøndan i Gull=bransdala kjøpe 400 gjevær, sidegjevær, geheng, bantlær, livgjor', kulform o. m.; kårt gjevær med di andre som hørde med kom på minst 80 kr. i vår mynt nå. For ein stor del løyste nok desse gjeværa („husgjeværa“) åv stålbågån og vart med di te stor gagn for vei'ingen, men va likevæl ei itte litor utgjift, for 80 kr. va ein stor peningsum i di ti'om. Og i 1628 kom den nye hærskjipnan med inndeling tå gar'om i legde sålest, at 4 fulle gar'e va 1 legd, 8 halve og 16 fjor'ongsgar'e likeså; kår legd heldt 1 syllater med klæde og våben, og i ofredsti' laut syllatern vera nista ut med både 2 og 3 måna's kost tå legden. Så med forsvarsstelle voks dæ opp ei drug utgjift på bøndom. Verst va dæ i di mange ofre'om med Sveri' i dansketi'n: Hannibalskri'n, Krabbekri'n, Gjyll=løvekri'n og Den store nordiske ofre'n. I desse ofre'om va dæ så stygge o'framt=skatte, at ein lyt ondre se storleg på, at bøndan itte seig ihop. I Hannibalskri'n va o'framt=skattan på ein full gar' (da rekna te 3 hude) eit år uppi 230 krono minst, ette vår mynt, og i fleire år i ra', over 120 kr. Attåt landskjyldn, tienden og fleire andre skatte som gjekk se ut på itte småe summe, er dæ oskjøneleg kår=lest bøndan kunn' slite se igjenom. Stort likare va dæ nok itte i Gjyll=løvekri'n og vistnok ennå verre i Den store nordiske som vårå i 11 år; i honom va dæ itte nokk berre med peningskattom, men dæ vart gong på gong utskrivi skatt tå matvaro både sugl og gron. Frå Gullbransdala va dæ i 1710 åt Akershus frakta inn 5562 kg. sau= og bukkekjøt, 10284 kg. nautkjøt; kår full gar' va pålagt å skaffe 24 kg. spikjikjøt. Såmå åre va Gullbransdal'n pålagt å frakte den kongelege anpart=tienda (1/3 del tå tienden i mjøl) åt Essvoll, og Fåberg va pålagt å skaffe båte ette Mjøsen. Attåt desse kom den omolege friskjyssen som te alle ti'e va ei tong og forhåtå plåge og som i ofredsti'e va dubbelt gale. At folke kunn' helde ut med allt dette er mest itte te å grunne ut.

Men så langt ein kjenne te di, bar folk skatte og tyngsle med tålmo' i alle desse ofredsti'om — døm visste alle, at dæ va landsens fridom dæ galdt om, og någun stor knurr over skattan er itte å merkje i Gullbransdala, itte førr ette Hol-steinsfer'a va over og „ekstraskatten" vart pålagd i 1762, da snudde haugen og tålmo'e se — døm ha nå hellanitte fienden inna landsgrensa lenger. Men dæ va nå ofre'n som va feraug te å brote laus, og dæ lange Holsteinlegre som va skuld 'ti, at gjelda godtsom tvinga kongen te å gripe åt desse utveiga — at kongen ha bygt meiningslaust og ødsla fælt va nok te-felle, og venteleg ha my' tå desse sporst her te-lands, au, så denne nye skatten møtte ovilje frå fyrste stond. Dæ va hellanitte någå å hå go'vilja åt: kår menneskje over 12 år som åtte skatteevne, ha å svara 1 rd. — kr. 3,20 — i skatt om åre, og husbøndan laut kår stå inne for husfolkje sine. Dæ vart ein skatt'klem som tok på, og har'ast gjekk dæ ut over småfolk, husmenn og håndverkere, kann ein veta. Prestan laut gjera istand skattlisto, og te hjålp med innkrev-inga ha fautan innkrevingsmenn soknevis. Fautan fekk eit orimeleg strev med å få skatten inn i rette ti', for alle drygde med å betale sålengje råd va, og alle vart argare og argare på denne orimelege skatten for kår termina døm betalte.

Da va dæ ein gar'bruker på Sålbrå som tenkte, at dæ kanskje kunn' let se gjera å få ei „forlindring" i denne for-trædelege ekstraskatten og som tenkte se dæ, at fekk 'n råd me å gjera ei fer' n'i Kongens Kjøpenhamn med eit bønbrev å leggje fram i kanseli og rentekammer, kunn' 'n kanskje kåmå att med ei melling om nedslag i skatta. Han gat på dette åt kjenninge og venne, og døm tykte dæ va rett-tenkt tå 'om. Mann'n heitte Pål Pålsson Sålbrå og va vel denne ti'a i omkring 50 års alder; 'n va ogjift og sat leilending på Sålbrå, som va prestbolsjor' og va utlagt te enkjesæte. 'N Per va tå gåmål go' slekt, for far hass va kome frå Gross-berg i Kvikne, i ongdoma ha 'n vore skulmester i himbyg-den, ha nok ette ti'n den gongen go'e kunnskape og va helde for å vera ein meir hell vanleg go-te-se kar. Men te hass olykke va 'n svært drykkfeldig og sat i gjeld oppover øyro på Sålbrå; han hadde itte i fleire år svårå landskjylda

åt presta og defor vart bygsla ti'i frå 'om. Men da gjor' 'n Per ei fer' åt Kjøpenhamn som dæ vårt stå'n or' tå, for da 'n kom him att hå 'n brev frå sjølve konga på, at 'n skull' hå att bygsla på Sålbrå som førr — så 'n kunn' nok kanskje itte fårå i ærendsløyse med „forlindring“ i ekstraskatta hell, 'n Per Sålbrå, om 'n vart gjort iveig att åt Kjøpenhamn. Lite ette hånd vart dæ eit sams folkeønskje i dala å skjikke ein utsending åt 'om far sjøl, og både Fron og Ringbu peikte ut 'n Per Sålbrå te di; 'n tok se for å fårå omkring i bygden å høyre ette, kå bygdafolke tykte om denne råda, og attåt såg 'n på skattbøken åt gar'mennom. Men 'n rådde itte nettop te å sende han iveig, va dæ så døm vilde sende ein åt Kjøpenhamn skull' dæ reispening te, men dæ vilde itte han hå någå med å gjera. Om hausten og vintern i 1764 for 'n daln forende, og bakette klågå oppkrevjingsmennan se for, at døm mest itte fekk inn ekstraskatt lenger. Så kom dæ eit brev frå presta i Øyer, 'n Kristen Smidt, åt fauta på Rollsta, og i di melle 'n om, at 'n Per Sålbrå har fore i Øyer og truleg hissa folk opp mot ekstraskatta. Fauten senda denne mellinga åt amtmanna og denne ste'r ut order den 29de desember 1764 om å setja 'n Per Sålbrå i arrest, men da fauten kom åt Sålbrå for å setja 'n Per fast, va 'n borte og ingen på gar'a visste kår 'n va. Fauten drygde ei ti', for dæ låg tu namsdome på 1200 rd. på 'om Per som fauten med di fyrste laut fremje, og så vilde han med di såmå fullføre arresta. Dæ ha sporst at dæ va stedt ut arrestorder på Sålbrån, og da fauten kom åt Sålbrå for å selja dæ som va eksekvert, møtte ein mengde folk som itte la my' godvilja i dagen, men drog fauta von om, at någor arrest skull' dæ itte bli med dæ go'e. Fauten vart nødt te å gje dæ opp, og for di tu namsdomom va dæ 9 gar'menn frå Fron og Ringbu som ga fauta trygd. Fauten let dæ dragne ei ti' framette, men da 'n venta se, at 'n Per Sålbrå vilde møte fram på vårtingom, etla 'n se te å knipe 'n i Øyer hell Ringbu, han valde Øyer og ha tinga se sylaterhjålp, kaftin Darre møtte opp med 40 dragone, døm sto' enda oppstelte med berr kåre me'a kaftin las opp arrestordra. Folke va oppøste og ga sneior' åt militermagten, og dæ kunn' nok

hendt dæ ha vorte bråk, ha 'n Per vorte fengsla, men 'n va longe fare da Darre kom med dragonom sine og ingen visste kår 'n heldt se. Darre åtvårå almugjin mot å gå fram på denne visen, om døm ha någå å klågå se for; på dæ ga døm dæ svare, at døm itte tenkte på å klågå, men vilde spørja se for hos konga om ekstraskatten og naugre andre skatte.

Dragonan vart lagde i kvarter over ein dag te, for dæ skull' vera ting i Ringbu og øsinga bar te koke opp både i Øyer og Ringbu. Fauten gjor' snarfer' him åt Rollsta, men da 'n sa te skjyss attende åt Ringbu, nekka Frøningan å gjera friskjyss. Han måtte kjøre sin eigje hest, og da dæ va ovær, kjørde 'n i tull på isa og kjørde ne' så hesten drap se og dæ spøkte med live åt fauta, au. Da 'n endeleg nådde fram åt Ringbu sto' dæ nok berre ille te med 'om, og 'n kjærde se for, at helsa hass fekk ein knett. Men da 'n kom attende åt Ringbu, fekk 'n den ti'enda, at 'n Per Sålbrå va arristert; kaptein Darre ha sport ut, at 'n Per va i huse hos ein yskjenbåne sitt på Svensta i Venabygden, og her tok døm 'n i sengen ette 'n ha lagt se, og senda 'n iveig åt Akershus i bolt og jønn med slikt hastverk, at 'n itte eingong fekk niste med. Dette va sjølsagt ei go' ti'end for fauta, for 'n tvilte om, at dæ ha vorte eit har't oppstyr om han ha vorte gripin med voll og makt. Nå va da den farlege oppeglarn inna' fengselsmuran kome, men dæ sto' att å prove om 'n ha gjort någå gale og brote lov og rett. Dæ vart ti'i tingsvitne i alle bygde og sport, grave og granska både i dæ vide og dæ breie; men någå lovbrot kom dæ itte opp, itte ein gong at 'n Per ha egla folk opp mot ekstraskatta — 'n ha tvertimot fare svært varleg fram, og med å sanke pening åt Kjøpenhamnsferdn ha 'n sagt frå, at 'n itte vilde hå någå med di.

Dæ kom ingen ting ut tå alle desse tingsvitnom, saka tok te bli langdrug og amtmann og rentekammer tok te å skunda på, dæ va itte fritt for, at dæ tok te å snugge halvsurt på fauten frå høgdom — ja dæ er itte fritt for, at amtmann slær på, at dæ kann sjå ut te at fauten har reist saka tå hat. Dessa halvdregne skuldingun prøva fauten å avsanne og held fram, at når dæ ser så ut, at rentekammeret er missnøgde,

så er dæ tenkjeleg at lensmann på Fron, som er bror hass Per Sålbrå, har vore ute med range skuldingo mot fauta; om dette er te=felle er itte nerare kjent. Saka hass Per tok ti' åv og vart nok nøgje vogje og granska millom amtmann, stathaldar og rentekammer. Fram på somårn kjem dæ tvo klago over fauten beinast åt kongen sjøl, ei frå 'om Per Sål=brå på Akershus og ei frå skjyldfolke hass, og båe seje døm beint ut, at fauten har lete se drivi te å reise saka tå hat imot 'om Per Sålbrå.

Endelig den 18de oktober 1765 kom dæ kongeavgjer' om, at 'n Per Sålbrå skull' setjast på frifot og med pålegg om, at kongebo'e skull' kunngjerast både for 'om Per og for al=muga. Han nådde vel him att åt Fron ein tå fyrste dåg'om i november, ette å ha sote i arrest i pålag 10 måna.

Fauten i Gullbransdala denne ti'a va 'n Johan Adolf Pram, son'n åt den gamle fauten, Kristen Pram, som va faut i dala frå 1737 te 1762, i 25 år. Gamle fauten va ein dansk mann, ein dugandest embetsmann, men folke likte han itte, som ellest va te=felle med alle fautom. 'N ha or' for å vera har' og bygdaor'e visste å fortelja, at i ongdoma ha 'n gjort svik så 2 finger ha vorte hougne tå 'om på ei tå hendom. Pram åtte Rollsta, og da 'n vart ein velberga mann, bygde 'n ein svær bygna på gar'a, med ein stor kjellar onde og dreia søylo i svaln på bygninga. Han va æra tå di andre embets=menn i dala, og da 'n heldt på med å innreie den nye byg=nan, senda døm 'om farga (brende hell måla) ruto med namnom sine på åt glasom. Da Pram dø skull' dæ kjøre ein kar utu' gar'a på Rollsta med slik offse, at jor'a skolv, og dæ sto' att ei blå stripe ette eit hjul på ei steinhelle i gar'a ette desse kara — folk ha nok ei meining om kå dæ va for ein. Den gamle inngrodde misstrua mot embetsmennom, og vissa imot fautom, ha 'n Kristen Pram ti'i i arv med em=bete, men den som i vår ti' vil tå se for å granske brev=skjifte hass med amt og stift, han vil bli var, at Pram sto' heilt ut på beste åt bøndom i dala, og at 'n tå all magt for=søkte å vera rettvis i embetsørkje. Fautembete fekk my' meire arbei' hell førr i hass ti', og dæ nye generalforstamte ga fauta fulle hend'n, sume tå di nye „holtsførstom", tyskere

som døm va au, ser ut te å ha vore så rangsnudde som moleg og gjenne plåga fautan så my' døm orka.

Son'n, den nye fauten, 'n Johan Adolf Pram, va hellanitte be're omtykt tå folkje hell farn; nå tok 'n over embete med di såmå ekstraskatten va innført, og någå som kunn' gjera ein faut så lite folkekjær, slik som folkehaugen ennå va, kann ein vanskeleg tenkje se. Og saka mot 'om Per Sålbrå sette for alle ti'e den nye fauten i svartklevan. Her slo nok ellest den onge embetsmannen någå forkvast og o-tenkt te, for dette har 'n kanskje my' å takke Øyerpresten for. Saka vart ein æremink for Pram, og 'n vart itte vælsêt tå sine overmenn meir, hell. Reiknskapan for ekstraskatta va styggeleg vanskelege å helde greie, og med døm kom 'n Johan Pram i kassemangel så dæ enda i fengsel med 'om. Fautembete i Gullbransdala styrde 'n berre i 7—8 år.

'N Per Sålbrå livde itte åre ut ette 'n kom him att frå Akershus, om live i fengsle kunn' ha gjett 'om ein knett er itte omsagt, men dæ kann itte vera omoleg, for fengselsstelle va ennå har't og omenneskjeleg. Han låg så reint onde for drykk, at 'n truleg va åtgjort førr, så ei någå lang arrestti' skonda på endin. I skjifte ette 'om om seinhausten 1766 eig 'n itte någun ting, men er attistan i ein gjeld på vælså 1000 riksdale, som ellest 9 venne og kjenninge sto' inne for og måtte leggje ut.

På fleire stelle i lande vart dæ opprør mot ekstraskatta, og dæ vart gjett någå lempingo i sume måte, men 'n vårå likevæl ve' i 10 år og vart itte åvlyst førr i 1772.

STORVEIARE, FJELLMENN OG FJELL-LIV.

Døm tålå om glup skjyttar, men 'n *Anders Massing* dæ va kar med riflun, dæ — sterk og før og har'sett som både ulv og bjønn, og den ti'a 'n Anders livde vanta dæ itte villt kåkje i skog hell fjell, kåkje med hår hell fjør. Dæ va vel imillom 1700 og 1750 'n Anders va i si fulle magt, og antel dæ va bjønn hell elg hell rein, som dæ va mest von om, dæ kvitta 'om eitt, 'n trong itte lang omtenkjingsti'. Kå mange bjønne 'n skaut ha 'n nok itte tal på, og ennå mindre på elgsbrandom og reinsbukkom, enda dæ ha vore gote på, at 'n skaut ein 8—900 reinsdyr.

Di meste tå skjyttarvarpom hass Anders Massing har gløymska longe gjort ende på, og defor bli dæ itte my' å fortelja om 'n, mesta berre eit og anna hende som har biti se godt fast. Sålest veit folk å fortelja om, at dæ va ein gong 'n skaut ein avrå'e stor brande oppmed Murulonom, og han sto' uti ei tå desse lort-tjønnom da 'n fekk dauhougge. Ja, å få dæ tonge skrøtte dri'i på land va itte bånleik, og 'n sette se og skull' grunne ut ei råd. Me'a 'n såt sålest sette dæ på å braske og bråkå i skoga, og dæ va hørandest te, at turrkvisten vart skjyr — 'n Anders smatt attom ei gjømsle og ha haug te sjå, kåfor eit åverk dæ va som va ute og fór. Om lite kom dæ ein vakse, medels stor bjønn hufsand og ga se te stå og stire på elgsbrandin som låg uti Murulonun, låg der og halvflaut i vatne. 'N tykte nok dæ va likt te å vera mange go'e matmål å finne der, og dæ måtte stå åv å

drågå den karn på turre grunne. 'N såg lite be're over om=sto'a: vått og klinot og landbakkjin både høg og tverr — best å fylle opp med skat, ropp og gamle læg. Og dæ arbei'e sto' itte lengje på, og da brua va såpass, 'n såvidt rokk 'ti elgen med ein labb, dro 'n den tonge brandin ein go' stubb, men dæ såg ut te at 'n va fortong; bjønn hufsa på land att, sat ei ri' og likesom tenkte ut ei ny råd. Best dette va spratt bjønn uppi ei vid klurfuru som sto' tett frammed, der sette 'n på tøygje, tenja og smøygje se millom greinom



Foto: Carl Normann.

Espedal'n (Breisjø'n).

og heldt ei svare møykjing tå skråtta sine, sist datt 'n ne'på marka, men spratt uppi furo att og dreiv på med såmå øvingen. Tri gongo datt 'n ne' og den siste gjor' dæ nok vondt, au, for dæ raut itte liklegt 'ti 'om, men da va 'n nok både høveleg oppmøykt og sennleg grettin vorte: 'n sette ut i lona, greip tak i elgen og dro 'n langt inn på land i eitt skjei. 'N laut nok hå se all fornø'n, lel: 'n gjeispa og sette se på landbakkjin, vilde kanskje blåse ut førr 'n tok se ein beta. Men da kom dæ ei stor blåbær og la bjønn på jemt med elgsbranda, dæ va takk for hjålpa. Ein råkå mangt som ute fêr, men 'n Anders Massing ha nok alder tenkt se å veia både bjønn og elg så tett ihop.

Men største or'e ha dæ nå stått all sin dag tå bjønn=

vei'ingen hass Anders Massing den gongen, bjønn reiv laus he'nna hass. Dæ va over mot Essdala dæ ha vorte rekkt ein bjønn i hie om hausten, antel dæ nå va 'n Anders sjøl hell någun an'n som ha rekkt 'n. Da 'n skull' iveig å skjote bjønn, va dæ kome bra snjog og Massingen og ein ong gut 'n ha med se gjekk på skji. Dæ va itte radt å finne att bjønnhie, for lende ha omskapst tå snjoga, og døm fór att=ogfram og leita omkring der 'n Anders trudd hi'e skull' vera. Jau, best dæ va skaut bjønn opp utur snjoga fram=med skjiom hass Anders, slo' åv eine skjia hass ve bande, faska 'n An=ders onde se n'i snjogen og tok 'n eit drag uppi hugu med eine labba, så håre og he'nna føl'de med og rengdest ne'=over augo. Attpå tok 'n eit glekks over eine låre hass med kjefta, men den tjukke elgshu'broka tok åv någå for di fæle revtennom. Guten som va med såg, at her galdt dæ om live hass Anders, og 'n ha den omtankjin, at 'n sette på å kaste ropp og kvist på bjønn, og med di slepte 'n 'om An=ders og sette ette guta, men han laup kvast onda 'om på skjiom. Da bjønn såg 'n itte kunn' nå guta, snudde 'n og vilde gjera dæ åv med 'om Anders. Men på di vetle ri'n ha 'n Anders kome se på kne att, fått turka någå blo' utur augom og fått tak i rifla som 'n fekk dri'i berre te halta utu hyltrun. Bjønn va nå kome mest framåt 'om att, men da fekk 'n ei kule midt i hjerta så 'n datt ihop onde smella. Massingen svor ei drug bøn: „— — ska ikje E' drepa deg ennå førr du drep meg, lell!" sa 'n. Men 'n Anders ha fått så stygg åvreidtle, at guten måtte tå åt bygden ette hjålp for å få 'n him att, og dæ tok lang ti' førr 'n grodde ihop att. Massingen kom se heilt ette basketaka med bjønna og vart fullfør kar att, og før kar va 'n nok au på alle vis, antel dæ va i skog hell fjell. 'N va ein måkålaus skjilaupar og 'n vart styggeleg sint da bjønn slo' åv skji'a hass: „troll fare i 'n, slo 'n itte åv langskjia mi, au," sa 'n. 'N skaut mange bjønne ette di storkulun sine; dæ va rifla som fødde 'n, antell va dæ bjønn hell elgen hell rein 'n va ette, og dæ va kar som itte kom att med tome meisa. Ei ti' budde 'n i Essdala og skull' fårå mestsom å drive eit lite bruk der, har dæ vore fortalt, og han skull' få matført konn der, au. Men låvgolve

hass va nok så grisi, at dæ va oråd å tryske og kaste, defor fann 'n Anders på å tryske og kaste på klårise, han.

På alderdoma skull' Massingen kåmå n'i Svassom og teslut fôr 'n i gar'om på legd. Sist va 'n hos manna på Klåpe og va ennå itte mindre go-te-se, hell 'n skaut ein bjønn. Klåpemann va med, men 'n Anders tenkte nå, at 'n kunn' fått ein lot om 'n va berre ein legdmann, au. Men itte ein gong ein snau takk fekk den gamle storveiarn for væl gjort. Da Massingen og Klåpen kom tegars att ette å ha fellt bjønn, sa 'n ve mann': „ja nå skjyt itte E' fleire bjønne, og itte skjyt du fleire hell, itte kjøm ho te drepa bjønn meir denna rifla hell," sa 'n Anders og sålest skull' dæ gå, au. Massingen fortalde sjøl, at ner 'n va ute på vei'ing så gjekk 'n med ei børskule i munna, og stødt ner 'n sikta på eit dyr, kå slag dæ va, så nemnde 'n Jesu namn.

'N *Ellev Moa* va au ein tå di beste vei'arom som har vore ale i Skåbu, bjønnskjyttar og fuglskjyttar; elgen tok nok te å tynnast åv i hass dågå, for 'n va sagte itte vakse kar førr omkring 1800, men dæ er nå truleg 'n Ellev fellte inkun brandin, au. 'N Ellev Moa va berre ein litenvorin kar, men nauende go' og magtaug, ein vågal har'skavel. 'N va så brennandest sint trast någå gjekk 'om imot hell arga 'n opp, at dæ tandra og gnesta tå 'om, va 'n tobaklaus va dæ reint ille med bråsinne hass. Mo'in va ein någå ha'leg grovsli'i kar og rekne for stygg, attåt va 'n både kleis og leisp; någun jent'mat va itte 'n Ellev Moa: far åt henna som vart kjeringa hass, tykte dæ to' overhånd at ho Kjersti vilde hå 'n så stygg kropp. Ja, ho Kjersti kunn' itte nekke for, at 'n Ellev såg ut som 'n bjønn — „bjønn?" sa fa'rn, „bjønn er vakker, han, imot 'om Ellev." Men ho Kjersti vilde nå ha 'n Ellev lell, ho, og ho fekk fram viljan sin, au, kå imot di far henna va — „nå har du vunne seier, Ellev!" sa ho Kjersti da døm kom utur kjørkjun og ha vigt.

'N Ellev Moa låg ute i 1808 og va med ve Tobru (Toverud) som allt er omgjete førr; gar'n sin dreiv 'n nok på gåmål gjer' og forsømde itte arbei'e, men dæ va nå vei'inga og fiskjinga som dro 'n har'ast, og bjønn ha 'n nok beste hjertlage åt; han skaut au mange bjønne ihop att, og 'n Ellev

va itte den som skvatt, om dæ sume gongo kunn sjå skumle ut. Eingong ha 'n Ellev, bror hass, 'n Lars Dalshauga, og 'n Iva Slå'n, rekkt i hie ein bjønn i Snjoli'n, men 'n vilde itte utur hie da døm skull' prøve å få skot på 'n. Bjønn låg inni ei trong, myrk bergklove så 'n va skottfri i hie sine — jau, 'n Ellev kraup inni klovo åt 'om, han, og da vart 'n endeleg fer'aug te a kåmå ut. „Nå sem 'n, nå sem 'n!“ sa 'n Ellev og kom krupan utur di tronge klovun; med di såmå bjønn kom frami dagsljose flekte 'n tå tennom og ga ut eit gaul, som itte lyddest å vera tå go'o: „jau nå va du bra lik de sjøl att,“ sa 'n Ellev. Di tu kameratan hass Ellev sto' rei'e te å smelle på bjønn ner 'n va utkome, og båe skota kom i ein gong, så bjønn datt dau med di såmå. Men nå vart dæ eit kast å få veta, kå dæ va for ein tå di tu karom som ha gjett bjønna sjølve dauhougge. Dalshaugjin va ein gløgg riffelskjyttar, men 'n va ein stor røv og lêt støtt som 'n va både redd og tufsot — „ja, E' va nå så skjølvin og redd, E',“ sa 'n, „at E' såg nå vel itte kå for ende på riflun E brukte.“ Da karan ha flådt og opna skrøtte, fann døm att kula som ha avliva bjønn, ho va merkt og 'n Iva Slå'n kjende te, at Dalshaugjin brukte å merkje kulun sine. 'N tok kula og flidd 'om Lars: „der har du att kula di, Lars,“ sa 'n. 'N Lars letst bli har'leg forondra: „nei — jadden har E' nok fare med å sikta lel, da, m'a,“ sa 'n. Dæ va kanskje da døm ha skote denne bjønn, at 'n Ellev vart så rasandest sint for di, ho Kjersti ha lånt 'om Anders Korstahågå merra. 'N Ellev kom him att, tobaklaus og morkagrettin, og så sa ho Kjersti: „'n Anders Korstahågå va innom her og fekk lånt merra vår,“ „djeven brennsteikje Korstahågån!“ svårå 'n Ellev. „'N la att någå tobak her åt deg au, 'n Anders,“ sa ho Kjersti — jau då venda være se med ein gong: „E' tykjy rett dæ er dæ såmå om Korstahågån fekk lånt mella vål, E', Testi, men vel med n'i Slåa nå, Testi, så ska du få sjå eit lækkelt dyl!“

Va 'n Ellev tobaklaus va 'n nok itte go' å omgå og ho „Testi“ ha nok någå tå kårt å gå igjenom, men samlive derest va godt likevæl, for ho ha lært å tå tindaurin på rette måtin, m'a. Men dæ henda 'n fekk slike ri'e med svartsinne, at 'n

va som frå se sjøl. Sålest va dæ ein haust 'n Ellev dreiv i skoga og lauva, og me'a 'n skull' binde eit kjørv, spratt dæ oppatt ein svilk så 'n fekk eit dugeleg drag over kjeften. Storsinne språkå på 'n på flugande timen, 'n tok te tryske og dengje den arme svilken: „Gud gje du ha havt liv — eg skull' sli'i deg små som hollandsk gryn!“ og svilken låg på lite småsli'i som sorp. Ner døm itte ha øyk på Moa så kjørde 'n Ellev med ukse, men ein gong gjor' uksin se sta på ei svellkule og sto' som 'n skull' vore staura ne'. Da tok sinnari'a 'n med full magt: 'n drog tollkniven og rispa og skar, rispa og skar rondt klauvin på uksa og banna som eit rasandest menneskje. Svelle sto' som eit drev frå tollkniva hass Ellev, og uksen vart så livende redd, at 'n sprang av=laus. Dæ er fortalt så my' om desse ostyrlege sinnafikta hass Ellev Moa, men 'n va nå itte någå omenneskje, likevæl, 'n va bångo og livde eit skjikkeleg husliv med 'ne „Testi“, dæ va vondt åt 'om da kjeringa dø frå 'om. Mo'in livde te 'n va 86 år gåmål og dø i 1857; med honom vart dæ borte ein tå glupaste vei'arom og fiskjarom bygda har ale.

'N *Lars Dalshauga* va ein någå yngre bror hass Ellev Moa og va ein dugeleg og gløgg skjyttar, ein hekkla og godt go=te=se kar, lentog og or'hittaug og itte ei slik eiterkveise som 'n Ellev. 'N Lars va au, som oss har sêt, med ute i 1808. 'N vå ein stor, staut og røssleg kar og likna itte 'om Ellev sålest. Dalshaugjin ha or'e for å hå svartboka, 'n kunn' kverve syne på folk, og døm tykte dæ sto' ein otokka hjelm tå 'om for di skuld, så lentaug og lettvorleg 'n ellest va å vera i arbeidslag med. Døm vilde ha dæ te, at 'n Lars va ennå be're både skjyttar og fiskar hell 'n Ellev Moa, og med riflun va 'n någå framifrå sikker. Men så vilde nå folk hå dæ te di, au, at 'n ha eit bla' utur svartboken liggjan i børsstokka onde pipun, sume sa 'n ha ti'i alterbrø'e utur munna og skote igjenom dæ. 'N Lars Dalshauga skaut fleire bjønne, men dæ ha itte vore nemnt tale på di bjønnom døm skaut i allt, kåkje 'n Ellev hell 'n Lars.

Dalshaugjin va bra skomaker og dreiv my' med skoarbei' i gar'om. Fyry jul ein vinter ha 'n vore i Massing og gjort sko hos 'om Ola Massing, som va ein så bibelklok mann,

at ingen kunn' setja 'n i skriftin, å ja, 'n visste nå itte någå så gjilt, 'n Ola Massing hell, som ner 'n slapp te å „setja" folk fast med spordågå utur bibela, Prestpinun hell Vollkvart. Men så va 'n Ola „den med dyd begavede ven" som i 1787 vilde bli „informert" hos 'om Erik Amundsen (sjå s. 212), og denne „informeringa" ha nok fulle i go' jor'. Nå da 'n Lars Dalshauga va fer'aug med skoarbei'e og skull' gå him att, tykte Massing'n, at døm fekk småkå på julbrennvine i skjølna'a, julhelga va itte så langt borte, nå — 'n Ola va borti skåpe ette flaske og dramglas og karan go'gjor' se og kom på godt møle. „Dæ bli som dæ skull' bli burte ein vegg i stugun mine, ner du stryk," sa Massingen, så hævt va dæ for dæ fyrste med døm. Men da dæ ha gått naugre omgange tok bibelklokskapen te skjote opp hos 'om Ola Massing, og 'n fekk haug te å „setja" skomakern rigtig staurfast med djupe spordågå og myrke talo. Og ner 'n bar te slå omkring se med all sin visdom og klokskap, laut 'n stødt bruke bokmåle, for 'n Ola va sjersant ei ti' ette 'n tok „informering" hos Amundsen, brevsynt og skrivekunnaug va 'n sjølsagt, og defor sto' 'n nok itte ibeit med å knote, Massing'n. „Kan du sige mig, min kjære Lars Dalshaugen, hvilket er det høieste ord i fadervår?" „Dæ er ette som ein snur boka opp hel' ne', dæ," svåra Dalshaugjin. „Ved du, kjære Lars, hvem han var manden med den røde trøie på den hvide folen?" Nei, dæ visste itte 'n Lars, men 'n sette fram eit sporsmål: „Kann du, Ola Massing, sea meg kå dæ va for ein mann som gjor' i broka i aksiona på Tone?" Detta sporsmåle hass Lars såg ut te å kåmå abragdsleg, og va på vegten te å skjiple dæ hauglege samvære, men Massing'n tøygde tålmo'e og ga ein spordågå te: „Sig mig Lars Dalshaugen, ved du hvor mange kalverumper der skal til for at række millom himmel og jord?" „Nei — men vet du kå mange trøttjågå kalve dæ går millom Massing og Båsbekka?"[1] Detta siste sporsmåle tålte itte 'n Ola Massing, 'n reiste se og peikte på døra: „Stugo er mi, men døra er di!" sa 'n og va styggeleg har'målaug. Ja, 'n Lars va feraug te brote

[1] Båsbekka = sætra åt Massing.

lage, men lyfta døra tå gongjønnom og tok ho med se nor'igjenom stigen. Langt kom itte 'n Lars førr Massingen kom ette med ein brennvinbuttel for å få att stugudøra si.

'N Lars Dalshauga va 'n go' kar og dæ hendte nok 'n kom i krangel og gjor' ein slåstkule, men 'n sto' itte ette å slåst. I eksisa va dæ ein løtnant i Kvam som va så utgjor' på å drågåst med di syllaterom, 'n skjønte va goe kare, og 'n ga se itte førr 'n fekk prøve 'n Lars Dalshauga hell. Denne løtnan heitte Leth, og 'n Lars tok 'n som ein halmsekk og kasta 'n borti ein lortdam: „Har'e, brennande dø! — kå lett du va!" sa 'n Lars. Dalshaugjin ha ein eineste son, og da han kom te ver'n va dæ fælt te stas med kjeringom, som kom med barsenggraut og skrytte og laga om den store, vakre guten. „Nei, nå må du endeleg kåmå å sjå på denne vakre guten din, Lars!" va dæ ei som sa. Ja, 'n så gjor': „Ja, eg ser nok Vårherre har gjort dæ væl — men eg ondrast på, om 'n itte er væl lang ner-kjeften hass," sa 'n Lars. Og 'n ha rett, son'n gjekk med onderbet allt 'n va te. Dæ beit styggeleg godt for Dalshauga ner 'n kom med ein bolt 'n ha smidt væl utur avla. Dæ va 'n ong Skåbyggjing som ha vore naugre viku i Gausdal på arbei' og kom him i bygda att, någå bøs tå di 'n ha vore ute. „Døm bruke dæ så i Gausdal," gat 'n om jemnan. Ein gong hørde 'n Lars Dalshauga guten kom med di or'takje; „kann tru dæ," sa 'n Lars, „dæ er frå Gausdal alle nye mote kjøm, dæ va frå der hondfarangen kom, au." Ein an'n onggut ha vore utpå flatbygdom på arbei' og vokse svært opp tå utfer'n, gjekk klædt på storvis med si'frakk 'n ha kjøpt på aksion ette ein prest, og håska og knota så dæ va vondt å høre på. I eit samkvem ein sta'n fanst dennå tøla åt Skåbyggjingom: „Dæ va rakgjor'e, himfø'inge i Skåbu," tykte 'n. „Å ja," sa Dalshaugjin, „E' er nå født langt nor'i morkom og reiva med ostnæver, oppale nør'st i Skåbu — men enda så tenkje E' meir me'a E' søv, E', hell du me'a du er vakjin, din vengjemaur!" Og vengjemaur-namne festa ve på leveti'a.

Dæ va så mange go'e veiare og fiskjare i Skåbu og Kvikne denne ti'a, da 'n Ellev Moa og Dalshaugjin va i beste årom, at tale på døm er bortglømt — dæ va ein bjønnskjyttar

hell ein reinsskjyttar mest i kår gar'. Der va 'n *Gamel=Svein Risdal* som va helde for overlag go' reinsskjyttar og likeså overlag fiskjar, attåt va 'n ein driftaug gar'brukar som dreiv svært opp gar'n sin. 'N Svein va my' ilag med Dalshauga i fjelle ette reina. Og der va 'n *Iva Slå'n* som au va både bjønnskjyttar og reinsskjyttar, og jemnt va i følgje med 'om Ellev Moa. Slå'in va au ein tå døm som va med ute i 1814. Ellest va dæ mange fleir, men dette va kanskje di fremste millom Skåbyggjingom i neste mannsaldra ette 1800; at døm va rupskjyttare alle desse ruggan, er dæ itte verdt å spørja om, så my' rupe som dæ va mest kårt år på di kantom.

På Sør=Fron va dæ au ein skjyttar denne ti'a som kunn' mæle se ve køm dæ skull' vera, antel dæ va på bjønn hell rein. Dæ va 'n *Anders Korstahågå;* 'n va født på Baksta og oppalin på Tåkåsta, og der va 'n au, test 'n gjifta se med ei jente frå Korstahågå og va der sea. Allt i di onge årom me'a 'n va på Tåkåsta bar 'n Anders te å liggje ve Vinster=vatna, i bu'n derest Tåkåsta på Innbutanga, og der dreiv 'n med fiskjing og reinsvei'ing ette som dæ fallt. Og ette 'n vart gjift låg 'n i fiskebu'n mest åre omkring, såner som di gongan 'n laut te=bygda og matrå'. Korstahågån va ein stor, før og magtaug kar, som dæ itte nytta for mange å prøve magt med, men ette som dæ har vore sagt va 'n eit fre'leg menneskje, dæ va berre valdersan 'n kom i fikt med av og te, og da sto' 'n nok på merkom med døm, men ein gong han heldt på å brote ihop ein Valders, kom dæ ein an'n med ei netslikke og slog åv eine armen hass. Valdersan va mange, og 'n Anders ha berre 'n Ellev Moa med se; 'n Ellev torst itte anna hell la ein liten Valders få tå se og knefårå se, „'n va itte tyngre hell ein bukkekjelling," sa 'n, men ska' våge dæ kokte heit i eitermaura, me'a Valdersen stræva med å knefårå 'n.

'N Anders va ein tå di mest oppøvde og kunnaugste fjell=mennom og overlag gløgg med riflun, dæ er hermt ette 'om kå 'n sa om skotmåla på rein: „6 tjuge trên (120 skredt) er sennleg, 7 tjuge kann au gå an, men 8 tjuge er forlangt." Ve Vinstervatna, og kanskje både i reinsfjell og bjønnskog

au, va 'n Anders te sine ti'e ilag med 'om Ellev Moa, og 'n berga nok 'n Ellev for tobaksnø' meir hell ein gong.

Fleire tå desse gamelkarom va nok itte frie for å kunne inkor ronkonsta ner dæ galdt på, og sålest va dæ med 'om Anders Korstahågå, au. Dæ va fyrste bele på vintra ein gong 'n Anders, 'n *Per Hola* og ein Skåbyggjing slo' følgje åt Vinstervatnom, og skull' liggje i tu tå bu'om der. Korstahågån ha enda ein onggut med se og etla se nok te sjå ette grålegga,[1] og Holin tenkte se på grimen.[1] Fyrste dagen døm va te-fjells råkå Holin så my' skarv, at dæ gjekk itte lang stond førr 'n ha eit bra snøre. Men om ei ri' slo' hagla hass se rispende gale: ho drap itte lenger — skarv va dæ nokk tå, og 'n skaut og skaut, men fekk itte fyrste fjøra. Han råka au, dæ såg 'n, men skota beit itte dæ slag — for sume skot blødde rupa så dæ raudde lang veig, men flaug gjor' ho like friskt. Nei, da ga 'n opp og sa, at dæ nytta itte meir på denne gjer'a, dæ va rettast å gå n'i bua att. Med di såmå rende 'n vatn n'i børspipa, stakk ein liten kvist i stronten og stappa ette ein måsådott. Holin og kameraten hass sat i bu'n om kvell'n, brende på peisa og laga; best dæ va kom guten, som va med 'om Anders Korstahågå, drivan som eit sterkt vær og ba 'n Per Hola om 'n vilde gjera væl å kåmå burti bua åt døm, for dæ ha vorte så reint gale med 'om Anders, sa 'n. „Dæ er så reint omoleg med 'om, at nå da E' gjekk, låg 'n på firomføtom på golve og velta se — dæ er nok vatne som står fyry hos 'om," sa guten. — „Å — dæ kann hende E' ska' stelle på dæ E, forutta' E' går burti bua døkkor," svåra 'n Per — demed gjekk 'n sta og tok kvisten og måsådotten utur haglun sine og hella utur 'n vasslekan. „Nå kann du gå burti bua att, så tenkje E' 'n Anders er kome se att; men du kann gjenne helse 'om på dæ, at dæ er itte verdt 'n gjer vondt på hagla mi meir," sa 'n Per åt guta da 'n gjekk att. 'N råkå måken

---

[1] Grålegg og grim = rein og skarvrupe; di gamle vei'mennan vilde nauleg nemne villte med di rette namnom når døm va ute på vei'ing, for dæ va helde for itte å vera te heppe, defor ga døm dyrom andre namn. Bjønn va nemnt „bersin".

sin den gongen, Korstahågån, for karan ha nok svartboka båe tu, va greit, og dæ trudde sagte itte Korstahågån om 'n Per.

Imillom kunn' desse fjellmennan bli ute for eit pek tå di onderbuandest, ner døm låg einslege i buom. 'N Anders kom frå fjelle og n'i bua att ein efta; dæ va enda juleftasmårrån, og da va allt laust som i huse fanst rødt ut på marka. 'N bar dæ inn att og sa høgt: „bua er bygt tå kriste folk, og da lyt kriste folk få vera i fre' der, au.“ Sea såg 'n itte någå slikt meir.

Korstahågån skull' iallt skjote 8 bjønne og itte mindre hell 316 reinsdyr — dæ vart bra my' både med hude og skjinn, dæ, men kå mange fiskekløvje 'n tok i Vinstervatnom ha 'n nok itte tal på.

Tå alle di fjellmennom og veiarom som Fronsbygdin har havt attigjenom ti'in, er dæ ingen som har vorte så namnspord som 'n *Per Gjynt.* Mange tå di andre har au vore sporde, både innabygds og i grannbygdom, og omtålå tå bygdafolkje med vørna og væl=læte, fordi døm va framom di andre med riflun antel dæ va bjønn, hell elg, hell rein dæ galdt å vei'e. Men 'n Per Gjynt har vore mestsom far for døm alle, han, og ner di andre gjille fjellmennan kanskje har ått eit godt or' 'ti ei stor stroku her i dala, kann ein sea, at 'n Per Gjynt har vorte landskjent, ja utom landsgrensun, testmeir.

Nå er dæ vel så, at dæ itte er berre skjyttar= og fiskarbragdin hass Per, som har gjort 'n så namnspord, dæ er nok my' anna som har vore med å bore namna hass på vidda, au, men her i himbygden er dæ nå likevæl vei'inga og fjell=live hass som dæ stødt har gått or' om.

Om Gjynt=namne er eit oppnamn bygdafolke har gjett 'om Per, som eit klatternamn for eit hell anna serskjilt, er itte godt å veta, ette gar'a 'n budde på, nere Hågån på Sødorp, skull' 'n nå heitt Per Hågå, for der på gar'a va 'n nå både født og alin, ette som dæ all sin dag har vore fortalt. Frå någå langt attende va dæ fortalt, at på Hågå budde dæ ei adelsslekt som kalla se Gynte, og er dæ någor sanning 'ti di, så er itte Gjynt=namne någå å ondrast på. Men ingen

veit någå sikkert om denne adelsslekta. Dæ er dæ rare med 'om Per Gjynt på Hågå, at dæ ser likast ut te itte å vera någor grei'e å få kåkje på slekta hass, hell kå ti 'n levde og fer'ast i fjell og fyru. På Hågå er dæ itte någå å finne som løyse knutan nå lenger, men dæ er fortalt, at for någå lang ti' sea va dæ ein gåmål ongkar på gar'a, som brennde opp styggeleg my' gamle brev — der kunde dæ kanskje vore någå tå kårt å fått visst, både om 'n Per Gjynt og fedran hass attover. Nå er dæ itte någå anna å helde se te hell bygdaor'e, som har gått i mannsaldre ette mannsaldre, og dæ plega nok helde se bra om slike bygdaselle som 'n Per Gjynt; men ein veit kårlest dæ ofte går te: den eine legg lite attåt og den andre tek lite frå, te dæ sist bli omoleg å finne greitrå'n åt hespila. Men antel 'n Per Hågå, Gjynten, va tå adel hell tå vanleg bondeætt — ein egte fjellmann va 'n og veiar tå fyrste slag, bjønnskjyttar, reinsskjyttar og elg=skjyttar, enda dæ itte er gote någå om at 'n veia elg, men dæ fell tå se sjøl, dæ. Og på fiskje låg 'n på imse kant, ve Atnsjøn ha 'n fiskjebu, og der va dæ kanskje 'n dreiv mest med fiskjing, og itte va dæ langt åt reinsvonom hell frå der; og ve Furusjøn va 'n sagte ner dæ fall se, kanskje ve Råndvatne au, imillom, 'n dreiv nå my' ette reina i Rån=dom te kår ti'. Ve Stor=Åkre skull' 'n au ha vore, for dæ er ein stein ve Åkerbua som kallast „Skjyttarn", og frå honom skaut 'n Per Gjynt te=måls på ei furu. Stubbin tå desse furun står kanskje ennå og har vore kalla „Bleke". Om 'n Per fiskja i Vinstervatnom har itte vore omsagt, men dæ skull' itte vore tå veiga, dæ va nå my' te go'e fiskevatn, Vinstervatna m'a, enda Atnsjøn slo' nok itte tå, ho, hell.

'N va stødt så ettesett tå hulder og ondebuandest, 'n Per Gjynt, ner 'n va te=fjells, ho ha dæ med di my' iblandt, huldra, ho låg ette skjyttarom og fiskjarom. 'N Per va sagte ein staut, røssleg kar, og dæ va helst slike ho prøvde kåmå se inn med, ho kunn' prøve både med smeik og kjæling og med skremsle og trugsmål. Men 'n Per va nå itte den som kåkje let se lokke hell skræme, han, kåkje tå hulder hell trøll. Ein gong 'n låg ve Atnsjøn va dæ itte beine å få, enda dæ va fulltopp tå fisk i kår ei vik; 'n vart sinnt og

over' der 'n sat i båta og fiska i måfå — nei, da visste 'n itte or'e tå førr dæ frøste 'ti og storlog bakfor 'om, og nå skjønte 'n kårlest dæ ha se: dæ va huldra som va ute med sine pellemento. 'N to' te å bjo henne både dæ eine og andre om 'n kunn' få fisk som 'n va van ve, men 'n fekk berre kallflir te svar. „Kå er dæ du vil hå, da?" sporde 'n te-slut. „Fæ' E' vera jenta di, så?" sa ho. „Ja, dæ ska du få — men kom att ve dette leite imorrå ska oss tålåst ve, nå lyt E' fiskje." Og nå va dæ likt te dæ va fisk å få, 'n Per tok så my' 'n vilde. Eftan ette kom huldra att og va sleikjandest bli, men 'n Per prøvde drågå se onda 'ne. Sist gjekk ho beint på 'n: „Kjem du ihaug kå du lågå (låvå) meg igjår, du, Per?" 'N Per gjor' se stygg og banna svært på, at 'n itte ha lågå 'ne någå, og da vart ho mestsom redd og ga' se. Men sea va 'n ofte ute for huldern og ho gjor' 'om ofte fantstrøk. Ein kvell 'n Per skull' te å koke graut i Atnsjø-bu'n, la huldra se over ljorhole, så 'n heldt på å kvevast tå røyka. Nå ha 'n Per grei'e på, at huldra itte tole røyk tå brennt brø', og da 'n brende opp my' tå brø'e sine skjydde ho, så 'n fekk kokt se ei skarve supe i snøgg-heiten. Da gjekk dæ opp ein glott i dørn og dæ kom inn-gjenom ein nåså som ein stor skotpåså: „Ser du nåsån E' føre, du?" sporde dæ. „Ser du supa E' røre, du?" sa 'n Per og smorde ei sleiv tå den linne, kokandest grauten over den digre nåsån. Med di såmå vart dæ skratt og leven burt i haugom: „Goro Suptryne, Goro Suptryne!" høyrde 'n dæ ropte.

Dæ va nok ho Goro Suptryne som la se mest ut om 'n Per Gjynt, ner 'n dreiv innve Atnsjøn og på di kantom, og 'n kom nå te å gjera 'ne eitt og anna godt strøk sume gongo. Ein dag vart 'n vâr ein bjønn, som 'n to' te å stille ette. Best detta va, hørde 'n eit mål frå borti ein haug: „Goro, Goro! nå skjyt 'n Per Gjynt ihel galtin din, Goro!" „Å pytt, 'n ha glømt å grima se, Per-guten, idag," svårå dæ frå ein an'n houg. Da gjor' 'n Per naugre snøgge drag over ann-lete med sitt eigje vatn, skaut og slo bjønn så 'n rulla. „Å tvi vør'e deg, Per Gjynt! eg glømde åv at du gjekk med vassbalin millom føtom, E'," ropte dæ i hauga. Ei vende

'n Per va i fjelle, fekk 'n sjå två huldre drogst i ryggjetak; 'n stellte se bakfor ei kjørr, tenkte å vera osêt for å få sjå på leiken. Rett som dæ va ropte den eine: „Sågst du meg dæ, du, Peter i Hagen, om E' itte tok ho så skræ'n sto' høgt te=værs!" og så va dæ stor skratt i hougom.

Dæ sto' eit gjestbo' i ein tå Skoegar'om og 'n Per, som va ein nere granne, va sjølsagt med. Dæ kom ei ong, fin og vakker jente der, som va framon for alle. Ho dreiv og dansa, og 'n Per Gjynt såg snart kå dæ va for jente — 'n gjekk sta' og kviska åt 'ne: „Nepp inn att silkjevippa di, du, jente!" sa 'n. Dæ va tagle tå hulder=rompun 'n Per ha fått sêt snerten tå; „du ska' hå takk," sa jenta, „deg ska' E' alder gjera någå imot meir," sa ho. Sålest va 'n frami huldern på mange vis, 'n Per Gjynt, og dæ va greit å sjå, at di onderbuandest låg ette 'om te alle ti'e.

Men har'ast frami va 'n nå lel, seint ein haustkvell 'n kom åt Atn=bu'n sine, hondan hass sette på nidsøkje da 'n kom fram=åt bu'n og 'n skjønte dæ laut vera någå framifrå på=fer', men dæ va så myrkt vorte, at 'n ingenting kunn' sjå. Da 'n kom fram=åt dørn og skull' læse opp, låg dæ någå onderleg rart og stengde: kaldt, hålt og sleipt og kjendest ut te å vera styggeleg stort: „Køm detta er?" sporde 'n Per, „dæ er Bøygen," svårå dæ. Men 'n Per vilde nå inn, han, og prøvde kåmå over dette store, kalde og sleipe på eit anna stelle, nei, der, au, låg dæ og stengde. „Køm dæ er?" sporde 'n Per att, „dæ er Bøygen," svårå dæ. „Ja, antel du er bågje hell rak, så lyt du sleppe meg inn!" sa 'n Per og prøvde trea gongen, men likeeins gjekk dæ. Fjore gongen 'n prøvde, sporde 'n som førr: „Køm er du, da?" „Å, E' er den store bøygen i Attendala." Men 'n Per skvatt itte for Atndalsbøyga, han: i di kolande mørkje trevla 'n se fram=i skallin på bøyga og ga 'om tri kulo i skjelte. „Skjot eitt skot te!" sa bøygen, men dæ akta 'n se for, 'n Per, ha 'n gjort dæ, vilde 'n fått skote sjøl. Nå tok 'n Per og hondan hass te å drågå dette beiste frå dørn for å sleppe inni bua, da detta va gjort, hørde døm skratta burti hougom: „'N Per drog mykjy, men hondan drog meir!" ropte dæ.

Ein gong 'n fer'ast inni Rândom og kom framåt Rånds=vatne sto' dæ dri'i ein båt innpå lande, og han va tå kåpår. 'N Per løyste ein tå kjeipom og bar 'n med se him åt Hågå. Men den var dæ itte moleg å hå for 'om, di onderbuandest ga 'om itte fre' sålengje båtkjeipen va på gar'a, og så måtte 'n Per gå innåt Råndsvass=osa att med 'om.

'N va ein parlaus skjilaupar au, 'n Per Gjynt. Dæ va ein gong ti'leg i julottun dæ kom ein løtnant, som budde på Skoe og vilde endeleg få 'n Per te å følge se te=fjells inn på Skjerhell=høa, 'n va nå så kjenn på stigje og lei'e i fjelle på alle kante 'n Per, m'a, mestsom på stugugolve sine. Denna løtnanten skull' ha gjort eit drap, og nå galdt dæ om å kåmå åt Røyros så fort som moleg, for der va dæ frista' den ti'a. Men 'n va okunnaug på beineste lei'a, og defor va dæ my' om å gjera, å få vælkjent følgje. Jau, 'n Per tok skii'n og følgde løtnan'a på høgste skjerhell=høa og frå der kunn' 'n sjå lei'a vi'are fram, så 'n Per fekk vende. Dæ gjekk flotandest, og da 'n nådde den bratte lia ne'te åt Hågågar'om ljøp skjin så lett, at 'n let dæ stå te heilt ne' på Brandvolls=volln — dæ va enda 'n gjeile som låg tvert over løypa, men 'n Per bykste over båe gjeilarman i eitt laup. Så gjekk 'n opp åt Hågå att med skjiom på åkseln og kom te=husan att med di såmå døm hengde på gryta åt julgrauta. Men da ha 'n Per fram og attende fare ei skji=løype på 10 gamle mil.

Dæ va rigtig någå te kar 'n Per Gjynt! 'N skull' vera i stor vælmagt au, har dæ vore sagt, og ein megtaug mann i bygden og kunn' leggje eit or' med i lage, som vog tongt. Langfantan va i gamle dågå ei fæl o=åte som va te stor plåge for bygdom, og kom døm på avsi'es stelle der døm kjente se trygge, gjekk døm radt på med vold og magt og stygdest itte for å støkkje eit menneskjeliv. Dæ va eit fant=følgje, som va namnsport her i dala og ellest kjent over heile Nori', i di ti'om 'n Per Gjynt va på sitt beste, følgje henna Grisilla. Ho va nok ei megge som itte mange ha haug te å leggje se ut med, for døm kunn' stygge konste, langfantan, og ner ho Grisilla kom med di store følgje sine

rekan ette gar'om, va folke ille ve. Men 'n Per Gjynt ha sett sukken 'ti ho Grisilla au, han, kårlest 'n kunn' ha bore se åt, ho va så redd 'n Per på Hågå, at ho vilde itte setja føten på hass grunn. Ner ho kom åt Sødorp og tok te kreka nere Hågå-eigom, for ho over elva og heldt se i bak-si'un te ho va kome så langt, at ho va kome over eiga åt Hågå, da fôr ho over åt solsi'un att. Jau, dæ sto' or' tå 'om Per Gjynt at 'n va ein, som itte va redd någå og itte let se skreme. Dæ va vel dæ som gjor', at di onderbuan-dest alder kunn' let 'n vera i fre', hell — kår 'n fór kom 'n fram i døm på ei hell annor gjer'. Sålest vå dæ ein gong 'n gjekk i seterstiga åt Fiskdala, gjenom Lyslia, 'n fekk sjå ein hulder-brurhop frami stiga, døm ha sett se og kvilte på eit sva i veiga. 'N Per brydde se itte om å møte denna hopen, og så stakk 'n se tå veiga og sette børsa att i veig-kanta. Da brurhopen gjekk att, såg døm børsa hass, og eit tå døm sa: „Der står børsa hass Per Gjynt, der," men døm røyvde ho itte — jau, døm kjende nok væl både 'n Per og børsa hass. Men dæ sva'e i Lysli'n har ette den dag vore kalla „Brurbenken" og heite så ennå. Innve Atnsjøn gjekk 'n se stoms inn på ein kjørkjegar' åt di onderjordiske, og der va alle gravstyttun tå reinshønn. 'N ha med se ein ong gut au, den gongen, og han tykte detta va kjølsleg, men 'n Per gjekk millom gravom, han, og las gravskriftin som 'n skull' gått på kjørkjegar'a på Sødorp.

Dæ er nok heilt visst at 'n Per Gjynt har vore brukar og butt på Nor'igar' Hågå på Sødorp, men någå sikkert om ti'a og livssaga hass er dæ vanskeleg å få tak 'ti. Og kår-lest Gjynt-namne er lagt på 'n, er dæ hellanitte någå å få veta om, kanskje er dæ eit oppnamn og kanskje eit gåmålt slektsnamn. I lênsreiknskape for Akershus 1557—58 er dæ ein „Jonn Gynnthe" som bygsla ein eigedom onde kronun og betale „1 daler" i bygsel, men eigedomen er itte namn-

gjett. Dette vise sålest at dæ i 1557 har vore ei Gynteslekt på Fron, og dæ er moleg dæ kann vera Nor'igar' Hågå, hell ein part tå Hågå, 'n „Jonn Gynnthe" har betalt 1 dale i bygsel for. Gerhard Schjøning skriv i „Reise i Gudbrandsdalen 1775": „Straks østen for eller i S. O. for gården Sødorp ligger den gård Hage, på hvilken berettes, at en adelig familie ved navn Günter fordum har boet." Dæ har sålest livt att minne om Gjyntslekta på Sødorp da Schjøning reiste gjenom daln, men om 'n Per Gjynt gjet han itte någå, antel ha 'n itte fått høre någå om 'n Per, hell han itte har funne dæ så sermerkt, at 'n tykte dæ va ver't å tå dæ med. I Sveri', au, er dæ ein „Peder Gynt" imillom 1476 og 1505, som ha ein gar' i Dalarne og er nemnt som „nemndemann" i Stora Skedvi sokn. Døm har enda ein Per Gynt te i Sveri', ein fæl landveigsrøvar og brotsmann, som budde i ei bergholo i Store Tuna sokn i Dalarne. Om dæ va någå skjyldskap millom di tu svenske Per'om Gjynt er nok ovisst, og om vår Per Gjynt kunn' vera i nogor skjylde med di tu svenskom, er nok, au, osikkert og lite truleg. I eit skattmanntall for 1645 er dæ ein Peder som er brukar på Nor'igar' Hågå og er der ennå i 1651, gar'n er igjenom heile dæ hondreåre krongods, men va ellest full gar' med ei skjyld på 4 hu'e. At gar'n kann ha vore sæte for ei adelsslekt er lite rimeleg. I 1668 heite brukaren på Hågå Ellev og er den eineste son'n åt den førre, i 1719 sit ei enkje på gar'n, men dæ er rimeleg, at dæ er såmå slekta.

'N Per Gjynt på Hågå, som er vorte ein slik selle, er vel helst den såmå „Peder Laurissen", som va brukar på gar'a i 1645 og 51, 'n livde te i 1665, for dæ åre er dæ ,kjifte ette honom millom enkja, Marte Pedersdotter, og di tu bonom, Ellev og Kari. Per-namne er seinere vorte ti'i oppatt og har helde se på gar'a te i siste ti'om. Denne Per'n Larsson har forutta tvil vore ein onderleg rusk, framifrå vei'ar og ein har'haus på all vis, kanskje ein både lettliva og lett-truandest skrøn'maker attått. My' tå di eventysogom som går om 'n, har 'n sjøl tru't på, og my' har 'n dikta ihop, den tia va dæ som heile natur'n ha liv og sjæl, og folk livde som i ei andever'. Og ein slik fjellmann, som

'n Per Gjynt kann tenkjast å ha vore, fekk eventydåmen over se både i himbygden og vi'are. Mange tå bragdom hass er sikkert dikta inn i soga hass, longe ette 'n Per ha kvilt onde torven ein mannsalder hell tu — sist er heile soga hass vorte eit eventy, slikt som Asbjørnsen råkå dæ på Høvringa og i Råndom i slutten tå 40-årom. Og gjenne minka itte dæ eventyvorne ve å gå gjenom penn' åt tu store diktare, hell.

I *Leine* i Kvam va dæ tu skjyttare som va sport for å vera overlag go'e fjellmenn og vei'are, dæ va tu Ola-kare: 'n *Sjøl-Ola* og 'n *Ola Leine.* I derest dågå va reinsgravin i bruk ennå, og dessa brøran skull' ha reinsgravin sine i Vulufjelle. Mest stødt dreiv døm med vei'ing og fiskjing, og 'n Sjøl-Ola heldt se my' ve Furusjøn. Leinbrør'n skaut mange bjønne har dæ vore sagt, for dæ skull' vera my' bjønn i Kvamsskoga i gamle dågå, sume ti'e kunn' 'n drå' se reint ne' åt gar'om, og i Leingar'om som ligg så høgt, sto' nå skogen tjukk og stinn like inn-åt hafellom. Ein gong vart dæ slik kneggjing og dåning på øykjom i Leine, døm gjekk i ei hamlykkje ogofor garn, og da 'n Ola sjøl skull' sjå kå som sto' på, va dæ ein stor bjønn som fikta ette døm; 'n Ola tok rifla og fekk tak te å skjote bjønn på ein åker som kallast Roa, der er dæ ein stein som heite „Bjønn-stein'n" den dag idag. Dæ leite ha Leingar'an sætrin sine inna'for Leintjønnin, men bjønn va så åtkjennaug der te kår somår, at sist va dæ itte råd at någå kvinnfolk vilde vera budeie der, og defor laut døm fløtja sætrin lenger inni fjelle, dit døm nå er.

Eingong tok 'n Ola sjøl ein bjønnonge 'n ol på te 'n vart mest vaksin, han sto' bonde med eit tjor onde eit lite stabur, som sto' på høge stolpe. Men ein dag sleit bjønn tjore og sette over bekkjefare nor' åt granngare, Krok, 'n Ola sjøl fåta bjønnrifla og skaut over bekkjedaln så bjønn dat ve' grinda i Krok — dæ er eit ha'leg drugt riffelmål, men 'n Ola sjøl va nok ein gløgg skjyttar.

'N bleiv, 'n Ola sjøl — 'n gjekk se gjenom isen på Furu=sjøn om vårn; dæ gjekk som så snodigt te da døm fann 'n att: dæ va ein røv som ha gått ette slagom hass Ola burt=ette isa, og der 'n Ola ha fore igjenom isen, ha røven gjort eit tverrbyks te=si'es. Her låg 'n Sjøl=Ola Leine og vatne skull' itte vera my' djupt der 'n bleiv. Kå ti' desse Lein'=brøran livde er itte kjent, men helst va dæ nok ette 1650 ei ti'. Bjønn er nå reint borte i skoga i Kvam og har itte vore sêt, hell, di tu siste mannsaldran.

STERKE FOLK.

Frama'for er dæ gote om, at Londin og 'n Hans Korstahågå va tu rigtig kjempekare, men dæ leite døm va i sine beste år, va dæ mange fleire slike rugge, som dæ itte går an å skjote for glugg, ner ein ska' freste skjildre ti'a likast ein råkå på. I Kvam va dæ naugre, som itte va go'e å skreka hell leggje på flate fjølin, slike som 'n *Hans Svinslån,* ster=kare kar har dæ kanskje itte tri'i på jor'a i Kvam, og bror hass, 'n Tor Mårken, skull' vera mest likeså maktaug ner dæ galdt på. 'N Hans va oppale på Frosta, og me'a 'n va der tok 'n te å røja se himsta på eit stelle døm kalla Svinslåa; dette tok 'n se te med oløyves og grunneigaren likte itte denne nyrøjinga hass. Men døm kvidd' se for å drive 'n frå, au, for denne nau'sterke bjønn va gjemytta gut, og skapte 'n se gale, kunn' 'n bli ostyrleg. Sist samla døm se naugre tå døm som rådde grunne, og gjekk uppi nyrøjinga hass, dæ va enda 'n Hans Klevsta som skull' åmåle på åt 'om Hans, kå døm fór ette. Dessa karan råka 'n Hans midt i røjingsarbei'e hass, Klevstan målbar erenda og rådde 'n Hans te å gje opp med desse arbei'e, for døm, som va med der nå, åtte grunne, og døm va itte hauga på hå ein ny busitjar på di stelle. På dæ svårå 'n Hans, at 'n va itte meint på å leggje ne' arbei'e sitt; ja, da bli dæ nok gale, sa Klevsta'n. 'N Hans ha nettopp grave omkring rota på ei rogn, og nå braut 'n rogna ne' så jor'a fræste frå tægom, og 'n spådde om, at fekk 'n itte vera i fre' med di 'n ha gjort, skull' di karan få småkå rogn=svipua. Og med di fann Klevsta'n og

følgje, at dæ va best å gå sin veig og sea vart 'n itte meinka med å røja i Svinslå'n — på den gjer'a vart Svinslåa rødt.

Svinslåin va itte någå omenneskje som missbrukte magta si, ner 'n itte va opparga, men folk kjente 'n Hans og ha ågå for å bli o-samd med 'om. Ellest kunn' 'n vera go' å finne med magten sine i sume høve; bygdafolk som skull' gjera fer'-reise åt Oslo, vilde gjenne få Svinslåin med se, for dæ va så trygt å hå den bjøn'n med se om dæ kunn' hende, døm råkå frami desse store nauta, plankekjøraran i Essvoll. Dæ okrute bar te å bli ei stygg plåge for fer'men-nom ette 'n Hans vart ein någå aldraug mann, døm va reint ei skremsle å møte ner døm kom attende frå Oslo, fulle og galne, og kjørde verre hell døm skull' vera besett. Va ein lasskjørar iveig for døm, vart både hest og lass velta tå veiga og fer'mann kunn' få hougg attpå. Men va Svinslåin med og gjekk rugga fyry med knartastava sine, va dæ itte någor moro å begjynde med odyrskap for plankekjørarom. Dæ hende 'n sette den tjukke staven onde vomba på øykjom derest og spretta døm uti snogen — gjor' plankekjøraran bråk, fekk døm frisk juling attpå, for dæ nytta itte tå imot 'om Hans Svinslån.

'N *Amund Liltjem* va ein overlag go' kar, vælvokse, før og har'sett. 'N Amund fekk gjifta si frå Jefse i Gausdal, og der på gar'a sto' gjestbo derest, au. I di ti'om va dæ ofte dæ kunn' gå någå villt te i gjestbo'om, for dæ va stødt go' råd på brennvin og jemnt va dæ med go'e kare, som ha haug te å prøve einan'n. Dæ sto' or' tå magten hass Amund Liltjem, og dæ va nok døm som tenkte se, at dæ kanskje itte kom te å ende reint fre'leg i gjestboe på Jefse. For dæ va mange føre og go'e kare i Gausdal, au, dæ leite, og dæ kunn' itte vera så reint orimeleg, at dæ kom inkun tå døm åt gjestboe på Jefse, for å prøve magta åt sjølve brugoma. Men allt gjekk stillt og fre'leg for se den eine dagen ette di andre. Like te lage skull' brotast og brur og brugom ha sett se i salan sine, og va rei'e te å tå på him-veigen om Skåbu og Kvikne åt Kvam. Nettopp med di såmå brufolka skull' drikke skjølna'sdrammen, kom dæ naugre framonde kare innpå gar'srume og som itte ha vore i lagje

førr, og imillom døm va 'n med den, som da va helde for beste karn i Gausdal. Han gjekk fram åt brugoma med flaske og glas og bau ein dram, og den tok 'n Amund imot. Men da 'n Amund ha drukkje drammen og flidde glase att=ende, greip Gausdøln 'ti 'n Amund og vilde drågå 'n tå hesta, men dæ glatt, for 'n Amund hougde hånda i huku på Gausdøla med eit så håndfast tak, at Gausdøln fekk anna å tenkje på. Med dessa vart dæ eit lite skjipl i himfer'n: dæ barst inn i stugua att med brugoma og di framonde, og nå vart dæ friskt liv i stugun pa Jefse ei litor stond! dæ leitte har't på både golv og veggje, og bor' og benkje, krakke og allt som laust va fór te imse kante som flis i o=vær, og dæ dondra, dånå og bråkå som huse skull' helde på rønje ihop. Brugomen, og sume andre tå Kvamveran, ga ein go' mon meire juling hell døm fekk, og Gausdalskjempun gjekk utur leika med skam. Men denne skjølna's=stonda ha gjort dæ styggeleg orø'leg i stugun: all ting ha bytt rom, og den store stabbin va søkkjande burte — 'n fanst att i kjellara om ei ti'.

Liltjem'n va 'n drivandest kar og sat i velstand på Liltjem, men fjellhaugen, vei'inga og fiskjinga va sterk 'ti 'om, og 'n va både bjønnskjyttar og reinsskjyttar — reinsskjyttare va nå mest alle gar'menn i Kvam dette leite, for dæ va rein i fjellom endå, m'a. 'N Amund ha ein overlag go' bjønnhond ei ti' og for honom skaut 'n fleire bjønne; 'n va på all vis ein go=te=se kar, dæ va berre drykken som va lei for 'om, som 'n ellest va for så my' tå folkje denne ti'a.

'N Amund Liltjem va 'n framifrå har'sett kar, som itte ga se for någå. Dæ fall ei tingreise på 'n eingong, så 'n laut reise åt Rollsta på Fron, der tingste'e va den ti'a. På eit kvilingsstelle 'n va inne på fram=med veiga for å kvile hesta, va 'n Tate'=Lars kome i huse med di store følgje sine og va på=veig nor'over daln. Alle kjende den kar'n, og 'n Lars, au, kjende mest alle døle som kom 'om for augom — 'n Amund fekk høre at 'n Lars va på nor'tur, og 'n Lars fekk sport, at 'n Amund va på tingfer' åt Rollsta, og så tok di tu karan kår sine tanke. Kjenne E' deg rett, Amund Liltjem, så kjem du itte frå Fron att idag, og dæ bli mann=

laust på Liltjem te natten, tenkte 'n Tate'-Lars. Kjem du åt Liltjem me'a eg er burte, mest karlaust som dæ er på gar'a, ska' eg ondrest på kårlest du ber de åt, tenkte 'n Amund. Ja, 'n Amund reiste på tinge, gjor frå se dæ 'n ha å gjera og tok åt veiga snarast 'n kunne, og 'n Lars gjor' likeeins med di store følgje sine: inatt ska dæ bli kost og husvero på Liltjem, er meininga. I skjymingen kom 'n Tate'-Lars kjøran inni gar'n på Liltjem, senda kvinnfolka og ei røys med onge inn i stugu, komederte ein framveksting, som va eineste karn att på gar'a, te å setja øyken på stalln og fore 'n væl, sjøl gjekk 'n ette inn i stugo, og ba kjeringa reie go' kvellsmat på bore åt honom og hass folk. Liltjems-kjeringa va itte någor kusse, men 'n Tate'-Lars va ein namn-spord kar, som ha or' for å gå med 9 mannhjerto på se, ein stor, brotsterk kar som fåe torde gå i fikt med, og mest alle va redde. Kjeringa reidde på bor'e, men fekk tak te å smuge ut om klevaglase og springa åt Vik åt 'om Per, som va gjift med syster hass Amund. Og der sat 'n Amund og 'n Per Vik og drakk ein dram isamen! men då 'n fekk høre, at dæ va kome framon hime på Liltjem, gjor 'n itte veigen frå Vik my' lang. Framonfolke va nettopp fer'auge te å gå te-bor's da 'n Amund tro innover dørstokken — ja, dæ vart nok kåkje bor'lesna hell eting: 'n Lars og heile bøle ha se på gar'n, tok att hesten tå stalla, stuva på sle'an heile par-gase forutta eingong å bruke kjeften. Men da 'n va utur gar'a kome, sende 'n 'om Amund attende ei tekst, som lyd-dest kaldtokka. Og dæ skull' 'n Tate'-Lars lete vore, for da tok sinne 'n Amund meir og meir, og da 'n Lars væl va kome inn i di gamle kvartere sine i Salmakerstugun, kom 'n Amund ette, og nå vart dæ ei kule som dæ kanskje alder ha vore maken ve i Salmakerstugun. 'N Tate'-Lars va ei merr i magt, eit vøreslaust okrut og ei godt opplagt slåst-bikkje, men i hendom hass Amund Liltjem vart 'n forlett, og 'n fekk slik smorning, at 'n venta mest itte kome utur kløom hass med liv og helse.

Eit har'jønn va 'n Amund, og dæ va itte mange som kjende te 'om, om brydde se som å kåmå i o-nå'e med 'om. Men dæ fanst nå døm som la se på-tvert med 'om, au, om

døm itte ha magta å lite på. Ei heitte Barbro Gjertmarken sat på ein liten him med 2 kjy og sau og gjeit og berga se godt, så ho va ei vælstandskjering. Ho va svært om se og ha or'e for å vera trollkjering attpå, folke va redde 'o Bar=bro og ha 'n stygg åt 'ne. Ho ha sæterbol på Landsverk og ha nok itte rett te å sætre der, trudde folke, men trast ho såg se tak te di, slepte ho gjeita si innpå sæterkvein i Landsverk, fyrste bele på somåra. Ho va nok åtvåra for detta, men ho va ei list som tenkte å rå' se sjøl — jau, da reiv 'n Amund Liltjem sæterhusa hena Barbro n'i grunne, og med di va døm kvitt 'ne frå Landsverk.

Men ei annor trollkjering vart verre for 'om Amund, ho sat på ein him onde gar'a og va huskjeringa hass, og med di va ho nok itte lettare å få bukt med. Kår vår når døm Liltjem fløtte te=sætra, sturta dæ eit naut i bølinga; dette tok se oppatt mange år i slag, og døm skjønte væl, kår detta kom frå. Så fekk 'n Amund 'ti 'n Ellan Stav ein vår — dæ va 'n slik rå'aug kar som kunna meir hell andre, 'n Ellan, og nå skull' 'n prøve døyve denne kjeringa — svart=boka ha døm nok båe. Enda sturta dæ ei brandot kvige på Liltjemsåkra den dagen, døm reiste åt Landsverk — her skull' dæ nok sterke og har'e rå'e te. 'N Ellan flådd' kviga, tok utur 'ne megblåse, mjolka ei sprene n'i ho utur kår einaste ku, sette så blåsa på ei kluft og hengde ho uppi peispipa. Jau, best dæ va, vart kjeringa låk og fekk styggeleg vondt; ettesom blåsa uppi peispipun turkast og skrokk ihop, va dæ som kjeringa skrokk og turkast, ho, au, ho låg der pintest og skreik og vart verre og verre. Kjeringa på Liltjem tykte detta gjor' se vondt, og ein dag 'n Amund va borte, tok ho ne=att klufta med blåsun utur omnpipun og kasta burti ei vass=søle. Ellest ha vel den stakkars kjeringa ormektast, og dæ ha itte Liltjemskjeringa hjertlag te å tenkje på. Kjeringa dro' se te att ho, da blåsa kom ne'=att utur peispipun, og ette di åtgjer'n vart dæ slutt med di visse krytjyrdaua på Liltjem, au, kår gong døm fór te=sætra. 'N Amund Liltjem va fødd 1753 og livde te 'n va 91 år.

'N *Per Botta* på Kollun va ein tå di største og sterkaste karom som har vokse opp i Gullbransdala; da 'n vart skrivi

te kongens=kar hengde døm kråka på øyra hass, men enda nådd ho berre ne'åt hælstega, så 'n va sikkert sine 77 tumme høg. Sterkvukse, nøytog og har'sett va 'n au, nau=go' all opp og med ei magt som va uturlagje. 'N Per lærde se opp te tambur, og defor vart 'n itte kalla någå anna hell Stor=Per Tambur all sin dag. Han va med ute og va tambur både i 1807—08 og 1814 og va har't frami fleire gongo; 'n Per va ein go' og truverdaug sylater og va væl=lika tå over=mennom sine. Fleire gongo va 'n på vågskålom, og svenskan va på vegten te å tå 'n te fange, men 'n Per greidde se kår gong. På eit stelle uti Smålendom ha 'n ein heil flokk svenske ette se, og sist va døm like i hælom på 'om. 'N Per sløngde se over ei skjigar'shafelle, men vart hengjan ette brø'påså, og da 'n itte vilde misse han, vart 'n hefta såpass lengje med å få løyst 'n, at svenskan hougde ette 'om over skjigar'n da 'n kom laus og tok sprange. I 1814 va 'n Per med den onge løtnant Teodor Brok og gjekk ei vakt=ronde; Brok skull' ha 24 mann og ba 'n Per å vera med, dæ va 'n Per viljaug te, men 'n laut spørja kaftin sin, Ring, om lov. „Nei," sa Ring, „Brok er så dumdristig, at svensken kan ta dere allesammen." Men 'n Per hørde åt atti or'e, og så vart dæ endeleg så 'n kunn' få vera med. Veigen derest fall over ei helling som dæ låg fleire store gar'e på, og ette ein åsrygg ogo'=åt gar'om såg døm dæ kom sylatere. „Der kjem svensken!" sa 'n Per. „Nei, detta er våre eigne folk," meinte Brok, men 'n Per ha rett, dæ va svensk, både fot=folk og hestfolk, og da døm fekk sjå vaktronda åt Brok, sette døm beint på døm, over skjigar'e, gjenom åker og eng så dæ vart svart ette døm. Enda svenskan va oversterke stelte Brok opp troppa si, slepte svenskan på skotmål, skaut og la te=sprangs med heile hurven ette se. Dæ barst mot ei blaut myr, som Brok og mannskape hass sprang over, men her vart svenskan hefta så lengje, at døm ga opp å følgje ette lenger.

'N Per Tambur sto' onde kaftin Ring, og ein gong dreiv døm og småslost ve svenskan, rykte fram og attende, gjenom myr og alleslags o=lende i samfulle tu jemdøger døm itte va på bogne bein. Regne auste ne' forutta' opplette og døm

såg slike ut tå væte og lort, at den eine kjente itte den andre på slutten. Men dæ verste va, at døm itte fekk ei matså innom tenn i heile desse beitun — mange seig ihop, og dæ vart attliggjan tå mannskape kår døm fór. Ein sta'n døm fekk tå ei litor kvild, ha løtnant Brok stødd se attåt ein skjigar' og somna med di såmå. Kvilda sto kvasst åv, for svenskan va over døm førr døm visste or'e tå, og 'n Per skonda se å vekkje Brok — nei, dæ va orå' å få liv ti 'n kå 'n Per skreik og ryskte 'ti 'om, den 18=års løtnant ha vorte ne'gått. Her va itte meir hell eitt å gjera: 'n Per tok Brok i fange og sprang tå all magt, for svenskan va like i hælom. Da 'n Per ha sprongje eit langt stykkje, årekte endeleg løt=nan se, og sea heldt døm einan'n i hend'n og sprang te døm va utur fara att ei stond.

Ve Onstasonde va 'n Per Tambur med i slagje; 'n va inne i kvartere da fyrste kulun to' te å drive, og ei kule kom gjenom glase og tok sjako tå hugua hass Per. 'N sette ho på se att, gjekk ut og stelte se opp i rome sitt, om lite kom dæ ei kule og tok huva hass pånytt, og da 'n væl ha fått ho på se att, vart ho skote tå 'om trea venda. Men da vart 'n Per sint, han greip luva, spytta 'ti ho og klemde ho pa se: „Nå ska' du, djeven anname, sitja!" sa 'n. Detta såg og hørte kaftin Grøner, troppsjeven hass Per, og som au va ein svært høgvokse kar. „Det blir farlig for så høie folk som vi to idag, Per!" sa Grøner.

'N Per Tambur va måkålaus te å slå trumma, reint ein mester. Dæ va ein gong i ofreds=årom kompenie låg i Oslo naugre døgn; så va dæ ein dag kaftin sa åt 'om Per: „Du slog ikke trommen idag, Per!" Jau, 'n Per slog den dagen som førr, svårå 'n. „Nei," sa kaftin, „jeg hørte ikke trom=men idag." Men neste dagen døm marserte gjenom by'n, fekk kaftin høre 'n Per slo' trumma! dæ tok te å single ruto utur glasom der døm fór. Da ha 'n Per havt lite kveksølv i trumma, dæ va nok itte lovleg hell, dæ, men 'n Per fekk kveksølve ut att, så dæ itte kom uppi dagen.

I tenesten va 'n stødt væl likt tå offesjerom 'n Per, dæ hendte at 'n kunn' vera lite stivgjor' imillom, ¡mot onge, tølote offesjere som skull' vera kare og syne fram velde sitt.

Dæ va ein kaftin på Breiveiga ein somår som heitte Bringsen, ein ørliten spøl, men tvingende sint, tølot og nøye med di minste småting i tenesten. Han kjente itte te 'om Per Tambur, og ein gong ha 'n Per forsêt se med någå smått som ellest itte ha någå på se, men Bringsen vart så sint, at 'n ga 'om Per eit drag med sabela over ryggen. På dæ retta 'n Per tåa fram og slepte ut ein tromp, og dæ veit ein va eit fælt forbrot, Bringsen ga 'om Per eit sabeldrag te og 'n Per retta fram tåa og ga ut ein tromp på nytt. Bringsen vart så tvitulle sint, at 'n skreik som eit villt dyr, tok sabeln i båe hend og slo 'n Per eit drag over ryggen att tå all sin evle. 'N Per sende ut ein drult som førr, og Bringsen drog i vetlaust sinne sta' åt korssjeva, major Kjelhaug, og mellte 'n Per. Ja, Kjelhaug va nok sjøl både streng og sint, men 'n kjente Tamburn og visste, at ein be're hersvein åtte den norske hern itte. 'N lika itte mellinga, Kjelhaug, og grein: „Ja, hvad fa'n skal vi gjøre med den sterke Per Tambur? vi får la 'n gå i fred!" sa Kjelhaug; og så vart dæ.

Kår sterk Tamburn va, så sto' 'n itte ette å bruke magta si i ovenskab og slåstkulo, men va dæ så dæ galdt om eit stor-tak, va 'n fer'aug te å tå dæ. Dæ va ein Kvamver, 'n Iva Buøy'n, som va på-lag jemaldring med 'om Per, og som va ein brotsterk kar som mest ingen våga å tå imot, og så va 'n Iva eit ofrydskje, ei stor ovør'e som drakk og slost og skremde mest live tå folk ner 'n skapte se vill og gale. I ein aksion på Kollun kom 'n Iva full og ågålaus, rødde huse og bar se verre hell ein turk. 'N Stor-Per Tambur og mann i Morken sat tueine og go'gjor' se med ein dram og va itte i aksiona. Best døm sat kom dæ ein onggut flugan i ville være og skull' be'a 'n Per Tambur kåmå å helde styr på Buøya, for nå va 'n så gjer'laus galin, at folk laut rømme aksionsgar'n. Morkamann'n va au ein nau-go kar som kanskje kunn' stagge Buøy'in, men han ba 'n Per gå iveig, og dæ gjor' 'n. Da 'n kom i aksionsgar'n, dreiv 'n Iva Buøyn einsleg i stugun, ballera og braska som eit tullot menneskje. Med di såmå 'n fekk sjå 'n Per kom i dørn, datt 'n ihop og vilde tå kuten; men dæ va itte så snøgt å kåmå laus: 'n Per fekk atti 'n Iva og tok 'n millom hendom, lyfta 'n

opp=frå golve og tok te å sope veggjin med 'om, sopte att= og=fram sa veggje=hæle og pinne brotna og storspikaran bogna. 'N Per gjor' 'om itte någå meir, men dæ va nok ei har'hendt handsoming, for da 'n Per slepte 'om, sjangla 'n uttom låvin og la se på marka; han trong nok itte meir den gongen.

'N Teodor Brok, som 'n Per berga for svenskom i 1814, glømde alder 'om Per for dessa; ette Brok ha vorte gjene=ralmajor henda dæ 'n fór igjenom Gullbransdaln inkun gongen, og da senda 'n stødt bo' på 'n Per og laut få lage ve 'n om gamle dågå. Ein gong kom Brok åt O'e på Fron og skull' helde mønstring på Breiveiga; han sporde ette 'om Per Tambur og fekk høre, at 'n Per va i nerhåndom, for dæ va ein son hass Per som eksera på Breiveiga, og 'n Per ha nok haug te sjå på mønstringa, m'a. Da laut 'n Per kåmå åt Brok på O'e, venskapen millom di tu va like heil og frisk, og desse tu, gjeneralmajorn og tamburn, sat og friska opp att minne om dæ døm gjekk igjenom i 1814, sat test langt utover kvelln.

Trummslåtten va nok ei ti' my' tå live hass Per Tambur; gamle folk som kjente 'n væl laga ofte om, at ner 'n kom inn på eit stelle og vart sitjan ei stond, fann 'n se gjenne tu pinne 'n sat og kneppa med som med trummestikko, takta ha grott fast i hendom hass. Ette 'n Per ha vorte langt uti åra og ha slutta som tambur, va dæ ein somår 'n ha ærend n'i Romsdaln. Da 'n kom åt Setnesmoa va dæ eksis der, og 'n Per ga se te å stå sjå på ein korstambur dreiv med å øve opp tambur=lær'gutan. 'N va reint oppti'i tå dessa og tykte nok, at korstamburn itte gjor' som 'n skull' med opplæringen: „Skull' du itte lære døm taktikken fyrst?“ sa 'n Per. Både tamburn, læregutan og folke som sto' om=kring, vart anløgde og ondrast på, kå dæ va for ein gåmål kloking som va kome der og skull' letst vera kar. „Har du vore tambur, kanskje, du?“ sporde korstamburn. „Ja, eg va tambur ein dag te dugurs,“ svåra 'n og så ba' 'n om å få låne ei trumme som snarest. Og så slo 'n ein mars så alle sto' berre og glodde, og ingen log lenger. „Detta vart ei snar moro, dæ,“ sa 'n Per og rutla åt veiga att. I siste

årom sine vart 'n Stor-Per Tambur lesar og va tå di vakte da 'n dø.

Ho *Ragnhil Skulstugun*, „Skulstuguførkja" som alle kalla ho, va au Kvamver og eit kvinnfolk reint for se sjøl. Orimeleg stor, førlema og breilagd og såg meir ut som ein rigtig stor velvokse kar, hell eit kvinnfolk. Presten sporde i godt trumål far henna, da ho gjekk og las, om ho Ragnhil va rett kvinnfolk. Ho va någå for se sjøl millom kvinnfolkom kår ho kom, og karbragd va dæ på 'n all opp. Dæ va my' fyll, kortspel og styggesnak sume sta'n i bygdom da ho Ragnhil voks opp, og ho vart ofte med far sine i ei stugu dæ va helde klohus 'ti. Her fekk ho o-tamin 'ti se, og da ho vart vakse, gjor' ho både drakk og slost, og så veit ein, at i danse, aksione og slike samkomste, skull' kåte onggute og andre spellfugle gjera nar tå „Skulstuguførkjun" og åpåst ve ho på alle måte. Men dæ la døm snart åv med da døm fekk kjenne, kor uturlagje sterk ho va —: ho dengde ein medels kar som ho skull' havt ein gutongje i hendom, og dæ skull' ein tå di beste og føraste karom te for å greie se for 'n Ragnhil. I sine beste år va ho kome reint på avveig, rakte i himbygden og langt oppover nor'dalsbygdin på alle aksione og ståk, drakk og slost, va vøreslaus og rå. Dæ vanta 'ne itte på vete og ho va itte hjert'laus hell, men ho ha sokkje n'i søla, så dæ va vanskeleg å drå se utur att, døm som kjente ho væl, heldt for, at dæ va itte låk grunn i 'ne, og døm tykte dæ va vondt, at dæ gjekk den veigen dæ gjor' med 'ne. Men ho vart gå'n som ei bygdaskræme, eit spetakkel og eit bilæte på råskap og ågåløyse. Te di siste ti'om har dæ gått att hermo ette Skulstuguførkjun, or'tak som oftest syne kåfor eit har'beste menneskje ho ha vorte. Og slåstkulun hena er dæ ennå minne om.

Ette ho va någå utpå åra dri'i og ha stilna meire åv, va dæ ein gong Klomsta'n sat og laga ve ho Ragnhil, døm kom inn pa slåstinga hena, og da fortalde ho kårlest dæ gjekk te, fyrste gongen ho dengde ein karmann. „Dæ va hime i Skulstugun, dæ: 'n far og Gamel-Toksin sat laga og drakk. — E' ha vore på ein dans om natta, va nettopp himatt kome og heldt på klædde tå meg uti kleva og vilde leggje meg.

Da kom Gamel-Pinin, Snau-Pinin som 'n va kalla, au, og vilde gje se med di tu, men døm vilde itte hå någå med 'om, og med di vart 'n sint, støytte 'n far tå krakka og reiv någå 'ti Toksa, au. Pin'in va stygg, han, ei oppøvd slåst-bikkje, og ha nok kome te overkuva både 'n far og Toksin. Eg fekk høre 'n far sa desse or'a: „Kann itte eg klare deg, så har E' ei førkje uti kleva som E' tenkje ska helde deg bein." Da beit sinne meg. E' sette fram i stugo i ond-klæ'om og greip Pinin og kasta 'n ut. Tok imot gjor' 'n dæ 'n orka, men dæ hjålte itte, og E' ska itte sea E' va laus-hendt ve 'n. Dæ va fyrste gongen E' slost."

I ein aksion på Stø i Kvam ståka ho Ragnhil og drakk og dansa, kanskje ha ho sli'ist au. Dæ lidde langt på natt, og døm som ha kjent har'ast åt flaskun heldt på å gå ne'. Skulstugua hekk over disken og duste andlete i hend'n, såg ut te å vera reint oppgjett; ein døm kalla Lonkje-Kristen dreiv og dansa halling fram-på golve, og kår gong 'n i dan-sar-ringa fór forbi ho Ragnhil Skulstugun, ga 'n hena eit dugeleg fotspark i endin. 'N Kristen va ein go' kar, og med desse vilde 'n nok syne fram, at 'n va den kar'n, at 'n itte kryssa Skulstuguførkjun. Da 'n Kristen kom att og ga 'ne Ragnhil eit nytt spark, lyfta ho på hugu så ho fekk sjå køm dæ va som dreiv og spente ho, men da 'n kom att trea gongen og ga 'ne eit nytt spark, reiste ho se halt opp frå diska: „Er du vorte klåvug, nå, Lonkje-Kristen?" sa ho. Og da 'n kom midt bakom ho neste omgangen og ha nok etla se te å gje 'ne ennå eit spark, va ho fer'aug te å hougge tak i 'om, og da fekk 'n kli'i se, så dæ gjor' môn: ho golva 'n som ho skull' ti'i 'n gutongje, og sea klønte ho og lugga så 'n Kristen skreik som ei bar'sengkjering og såg ut som ei plukka skjor, da 'n slapp utur kløom hena.

Med drykk vil dæ oftast følgje anna otê'legt, og dæ va så med 'ne Ragnhll, au, m'a — ho fekk tu lausonge, og den fyrste ongjin låg ho ihel. Dæ va nok med ovilje gjort og venteleg i fyll'n, men ho kom på tukthuse i naugre år for dæ. Den andre lausongjin fekk ho utta'bygds, og folk trudde, dæ va med ein rik gar'mansson. Da ho Ragnhil sporde ut, at denne guten skull' gjifte se, lånte ho se øyk og kjørkjerre,

reiste iveig og råkå guten dagen førr bryllaupe hass skull' stå. Og antel ha 'n da lote løyst se med ein dugeleg stor peningsom, hell med ei årleg fø'rå', for folk hørde alder, at dæ ette di ti'n vanta hena korkje fø'e hell klæ'e. Ho ha ein liten, låk him, men den va itte någå å leva tå. Ho Ragnhil gjor' se i beste årom sine jemnt utfer'e på imse kante, inni Østerdaln og nor'om fjelle, sume ti'e fór ho uppi Vågå og på Dovre og Lesja. Ein hørde itte, at ho slost hell va ostyrleg på desse utfer'om, men kunn' ho få prøve eit dragsmål med ein og an'n som ha or' for å vera go-kar, va ho stødt alat med di, og dæ va itte alle som orka å greie se for 'ne. Døm som kunn' minnast dette ose'vanlege kvinnfolke tålå ofte om, kå før og ruveleg og vælvokse ho va og tyktest sjå ho ennå, når ho kom ruggan i ei vi' svart luve på såmå gjer'a, som kvinnfolka brukte inni Østerdala i di ti'om.

'N *Imert Nerli,* „Marison" døm kalla 'n, skull' vera så brotandest sterk, at dæ itte va måte på di. 'N åtte Nerlia og budde der, men va sagte ein lausongje med di 'n va kalla Marison'n ette mor si. Far hass va nok au ein lausongje og han va kalla „Åsmundsdottrin" og skull' vera kankje ennå magtaugar hell son'n. Kår Åsmundsdottrin åtte hime på Fron og kår 'n va utstokkje er okjent, men 'n va med ute i 1788. Da Gullbransdølin og Hemerkjingan møttest på Stavsskoga, va døm 2 batallione, 1200 mann iallt. Dæ gjekk fram ei kjempe utur desse hermagten og bau falt i båe batallionom, men den einaste som svårå va Åsmundsdottrin. Men 'n vart nok fæle da 'n kom innåt dessa kjempun: dæ to' overhånd te føre kar, men Åsmundsdottrin la 'n i bakkjin så dæ song 'ti 'om. Åttpå gjor' 'n eitt dugeleg rondkast, men da 'n slepte se ne' att råkå ein stein med eine knee så kneskjæla klovna; dette let 'n se itte merkje med med di såmå, men dagen ette laut 'n helde ve senga og fekk heimlov.

Son'n hass, 'n Imert Nerli, synte se utu trast i framvokstårom, og da 'n va 18 år va dæ ein gong, i ein aksion på Ru'land, naugre go'e kare ha rålagt om å tjone 'n ut og tå dygda utur 'om: den eine slepte 'om og den andre tok 'n att natta igjenom. Men da ha nok alle fått dæ døm trongde,

au. Da 'n Imert va fer'aug med døm inne i stugun og kom ut på gar'n, sto' dæ ein te=rei'e og skull' stange, men 'n Imert skvat onda og ein slipstein fekk støyten. I 1808 låg 'n Imert ute og sto' i kompenia onde kaftin Kjelhaug på Frosta. På Bliksru uti Høland rauk 'n Imert ihop å slåst ve 'n Arne Simenru i Fåberg. 'N Simen vart forlett, og me'a 'n Imert låg på 'om Arne kom Kjelhaug og vilde gje 'om Imert hougg, men 'n Imert jågå kaftin inn=att — dæ va berre såvidt Kjelhaug fekk smellt døra att ette se og fekk ho att=læst og stengt Marison'n ute. Dagen ette møtte 'n Imert med rusta gjevær, døm ha blanke gjevær i di dågå'om: 'n vart te=sett å blenkje gjeva̋re sitt te hinn dagen, men 'n Imert let dæ vera. Trea dagen laut 'n møte på Bliksru for Kjelhaug, men både gjeva̋re og bagenetten va like raue tå rust: Kjelhaug va styggeleg harm, som vente va. Da tok 'n Imert bagenetten med ei hånd i kår ende og slo' 'n tvert åv på knee, „er 'n blank nok nå?“ sa 'n og kasta stubban så døm dreiv. Ette dessa tenkte Kjelhaug på å gjera 'n ibeit, men di andre offesjeran tålde 'n frå: „Føre du 'n i olykke, kann du få ei kule førr du veit or'e tå,“ sa døm. Og 'n Imert fekk att ny bagenett hos Kjelhaug.

Marison'n va stor i anlete, storvokse og brei millom eks=lom, senolagd og fælt boldrug, men kringføtt og lettgjord ne'a'=te.

Da 'n Vis=Knut tok te å fårå på Fron i 1818 og helde ei og annor samling, fekk 'n Imert slik go'heit åt 'om Knut, at døm vart som tu brør. Da 'n Knut vart ti'i med vold og magt i Muriteiga og ovøre og ille medfare, va 'n Imert inn=på rume der døm tok 'n Knut, lensmann, ein kaftin, ein løtnant og 6 sylatere sto for fengslingen. Alle desse sto 'n Imert rei'e te å kaste på gar'n, og dæ vilde nok au gått kvast for se, men dæ va såvidt di bygdafolka som va inne, fekk talt 'n Imert te å helde se roleg. Ellest tok 'n se fram=i ogreia millom 'om Knut og motmennom hass fleire gongo, men brukte itte magt hell vold. 'N Imert Nerli vart så kjær om 'n Vis=Knut, at 'n mest itte kunn' vera frå 'om, og så tok 'n te å telja 'n Knut te å kjøpe ta 'om halve Nerlia. Døm vart te=slutt samde om gar'handeln, enda 'n Knut itte

brydde se viare om dæ, og 'n Knut drogst med gar'sbruk i Nerlin i fleire år. Da 'n selde att, fekk 'n ei litor førå' i Nerlin som 'n ha te døyandagen sin. Med 'n Imert Nerlin gjekk dæ ut så 'n laut avhende parten sin tå Nerlin, 'n fløtte nor'om fjelle og leigde ein gar' i tu år. 'N kom ein haust attende åt Fron i naugre viku, og da 'n Vis-Knut sa, at dæ skull' liggje medel i Gullbranshauga på Hondorp, tok 'n Imert se for å gråvå denne haugen ut. Dæ va på berr-tela og 'n grov så djupt, at 'n kjørde inn i haugen med hest, og tela-skjela låg over te tak. Dæ er sagt at 'n fann eit skrin i hauga og i di skull' dæ vera ronde lærlappe med ein metalnagle i kår, på vidd som ein sølvdale. 'N Imert reiste inn åt Oslo med skrine, men dæ va ingen som vilde kjøpe kåkje skrine hell lærlappan, og på spøk sa Frøningan, at 'n Imert Nerli fekk „lærpening“. 'N Imert Nerli rødde se gar' i Susendala i Hattfjelldala; deroppe au va 'n kjent millom folkje for magta si. I siste levedågå'm sine kom 'n åt Veffsen og her dø 'n i 1857 da 'n va 82 år. Å fortelja om 'n Vis-Knut og syngje salmun hass va dæ kjæraste 'n visste så-lengje 'n va med liv og helse.

Trast synna'for Haversta ligg ein stein som 'n Imert Nerli ska ha lyfta, 'n er som ein medels dragstein for 'n hest, og dæ kann sjå o-truleg ut at ei menneskje kann ha lyfta 'n med håndmagt. Dæ er innhoggje tu bokstave på stein'n, I. M. (Imbert Marison), og dæ er helde for full sanning, at 'n Imert har lyfta 'n.

O=ÅR OG NATUROLYKKO.

Store o=år med missvokst og har' nødsti' ettepå har kanskje itte gått så ofte over Fron, som mange tå hine bygdom i dala, dæ va har'e tørkår som sume gongo kunn' svi åv så dæ itte vart meir hell dæ halve på jor'n, og uppi Kvikne og Skåbu va dæ nattkaldin, som sume hauste kunn' kåmå ti'leg og gjera ska'e. Men den store, konnsterke bygda ha gjenne så my' „onde“, at dæ va berging og itte vart nø' med svult og sjukdom på småleninga ette eit låkt år. Ein kann ellest sjå tå di gamle tiendelistom, at avlinga på Fron har fulle har'leg ojemn år om anna, og venteleg kjem detta se my' tå di turrbålkom som gjenne fall inn pa fyrysomåra; og slik som jor'bruke ennå va drivi i dæ 17de hondreåre og te over midten tå di 18de, tåla vist jor'a mindre ein någå lang tørrbålk. Tå gamle forteljingo kann ein sjå, at dæ va tørken folk ha største ottin for, men dæ kunn' nok ein og an'n gong felle inn ein vår så sein, at bygdafolk vart utur vonom. Sålest va dæ eingong Kvamveringan samla se ve Kvamskjørkja for å bea Vårherre om vårvær og somår. Kå langt atti ti'om detta va, har ingen lenger greie på, men svart såg dæ ut, for ve pinshelg=leite va dæ snogheilt både øvre og ne're, og någå merkje på vår va itte å sjå. Den syndagen folk samla se te bøn ve kjørkja, kom døm som ha lang kjørkjeveig på skji og sette skjistavan n'i snogen på kjørkjegar'a. Vårherre forbarma se og bønhørde folke i di såmå stond'n: da folke kom utur kjørkjun va go'være allt kome og snogen vorte så kram, at skjistavan ha volte ikoll.

Da sa folke sins-millom at dette kunn' døm venta se, for Vårherre ha sjøl sagt, at dæ ska' bli haust og vår, somår og vinter så lengje ver'a står. Ein an'n gong va dæ tørken som samla folke i Kvam te bøn, dæ va slik steikjandest sol-brand, dag ut og dag inn, at dæ spøkte for, at dæ itte kunn' bli eit grønt strå kåkje på åker hell eng. Da gjor' 'n gamel Iver Veikle opptak te at bygdafolke skull' samle se neste mess'dagen ve Kvamskjørkja, og be'a den almegtauge Gud om regn. Og alle som ha helse og kunn' sleppe utur huse møtte opp, Veiklen gjekk fyry inni kjørkja i ei gul skinn-brok. Og denne gongen au vart kjørkjefolke bønhørte med di såmå: itte førr va kjørkjefolke kome ut på kjørkjegarn førr regne tok te å sile ne', og døm vart gjenomvåte førr døm kom him att.

Sålest kunn' nok både seine våre og tørre somre gjera årangen ring og misleg te imse ti'e, men at dæ vart heilt svartår, henda nok mest alder på Fron. Verste o-åre som har vore nemnt frå di seinaste ti'om, er nok 1812 da nattkalden øy'la avlinga så reint å kalla forende. Fron slapp nok hellanitte ska'eslaus, men den drivande og snøgge jor'a på Fron va nok så langt fram kome med bygge, at ein stor del vart matført. Men åre vart likevæl så lite og ringt, at mest alle smålenninge laut skjøyte på grone med bork, matmåså og fjellnæver og ellest mangt anna, som vart brukt te brøbland, slikt som bein, nepkål og himule. I nordalsbygdom va dæ my' verre, og der vart dæ både svult og sjukdom — dæ verste va, at dæ mest itte va konn å opdrive i byom, og ellest va samfersleveigan ennå så kleine og tongvinte, at dæ va itte spøk å frakte tonge varo åt Gullbransdala antel dæ va frå Oslo, Nidaros hell Bergen.

1812 la att eit kaldt minne ette se og mange glømde itte kår ille døm sleit dæ åre. Men i årom millom 1834 og 37 kom dæ fire år så kleine ette einan'n, at ti'a vart verre hell i 1812 og 13. I desse årom va dæ tørre fyrysomre med kaldt og kleint grøvær somårn igjenom, som te kårt år sette både åker og eng ne' te den reine missvoksten. Folk kjøpte sålengje døm ha nøgå å gjera i pening, men småfolk va snart utarme og misste all kjøpe-te-tru, og da dæ vart så

mange misvokstår opp i haug, auka nø'a på, verre og verre. Verst va dæ i Øyer og Lesja, men ingor tå bygdom i dala greidde se for nø'n som desse o=åra førde med se millom husmenn, arbei'are og småbrukare. Omstøun vart sist så fortvila, at staten laut yte lån tå statskassun, frå Oslo og eit par andre bye kom dæ friviljauge pengegåvo, likeså frå sume einskjilde rikmenn. Dette hjålte nok så langt dæ rokk, men nø'a og fattidomen ha vorte eit slok så stort, at dæ mest itte va te å mette. I pålag alle bygde laut storparten tå folkje, både gar'men, husmenn og arbei'are, drive med bork, måså og kå anna døm kunn' finne på te å blande 'ti di gron=såin, døm kunn' hå i huse. Fron va ei tå di bygdom som greidde se best igjenom denne nødsti'a, dæ va mesta berre i Kvikne og Kvam dæ leitte på. Fron kom se vonoms snarere i den gamle stø'a att ette di 4 har'årom, men fleire bygde i dala sat ette døm i lang ti'.

Store naturolykko attigjenom ti'in har hellanitte Fron vore my' utsett for, fyry Offsa i 1789 er dæ itte kjent, at någor stor olykke har gått over bygda. I 1760 va dæ stygg=stor flom i Lauga som gjor' någå ska'e på di jor'veigom, som låg for elvebrot; ve innsamling i kjørkjom kom dæ inn 313 riksdale som vart bytt millom bygdom; tå di fekk Fron 47 rdl. te delings millom 8 ska'elidde; Fåberg som tok mest ska'e fekk 80 rdl.

Men i Offsa tok Fron stor ska'e, og dæ va itte fleir hell Vågå tå bygdom i dala, som fór så ille. I di fæle dågå'm millom den 20de og 23de juni misste bygda 20 menneskje=liv, 34 naut, 7 heste og 79 småkrytjyr, 809 hus vart heilt øy'lagde og 270 vart skadde meir og mindre, 2014 mål åker vart ne'øyrt, heilt åvøyrt og øy'lagt og 550 øy'lagt for lange ti'e, 13655 mål (2626 mælinge) med eng og engjemark vart heilt forinkje, og 2901 mål (558 mælinge) øylagt for naugre år. Dæ vart helde takste over ska'in i alle bygdom tå 6 eidsvorne lagrettsmen, og ette di takstom ha Fron lidt ein ska'e på 107 911 riksdale, omrekna i kronemynt forutta' av=

syn te peningverdågån 345 315 krono. Ette den kjøperverdågån peningan ha den ti'a kjem ska'en på Fron opp i over $1^1/_2$ million krono. På Vågå va olykka og ska'in enno større og rokk ette takstom opp i dæ neraste te 2 millione krono. Skjylda på di ska'elidte gar'om vart ne'sett, te-dels for all framti' og te-dels for eit visst årmål, sume gar'e vart skattefrie ei fastsett ti'. Alle bygde i Gullbransdala lidde stor ska'e, men Vågå og Fron mest; den bygda i dala som fekk største ska'in ette Vågå og Fron, va Gausdal (den gongen 1 prestegjeld), ska'esomen vart der sett te på dæ neraste 1 million. Nettopp någor nø' er dæ itte likt te dæ vart ette skri'usomåra, men dæ skull' bli stort konnkjøp i dala di neraste åra ette, någå som mest måtte felle tå se sjøl, da dæ i dæ heile vart borte 5535 mål tå åkerlande i dala, og som va heilt øy'lagt. Attåt desse kjem 2500 mål som fór meir og mindre ille.

Di serskjilde olykkeshendingun på Fron i Offsa er for ein stor del vorte bortglømt i di 4 mannsaldrom, som er gått ette olykkom, og tå di som ennå har helde se i minni, er dæ nok berre eit bleikt bilæte ein kann gjera se tå di fæle naturolykkun. Dæ va eit regnvær som folk alder ha sêtt måkån te og ein torslått så har', at dæ hørdest ut te at berga og høin måtte rønja ihop; både gamle og onge tok te å tru, at dæ va domedag som heldt på å kåmå over ver'a; Lågen voks og voks te kår time og såg ut te, itte kunn' helde opp førr 'n fyllte dalføre te ei einaste innsjø. Da ågobåre endeleg ga se fjore dagen, den 23de juni, og være kaulna så flomen gjekk attende, va dæ eit fælt syn folk fekk for augom, ner døm såg utover den gamle bygda som ha liggji der så vakker. Ho va itte te å kjenne att: djupe, svarte skriufar låg og gapte i alle lie, og jor'mokko ha lope ut, reidt te og øylagt åker og eng, store viddin på flatun va ne'øyrt med jor', grus, stein og skogfang. Her og der va 'n himsta vorte burte, og jor'veigen sto' att som eit stygt, steinote olende — gamle hus va knåså, fløtte tå toftom og strødde utover, så stokkende og spikje peikte te alle leie i skriumokkom, sume sta'n va husa svinga te imse kant og sto att skakke og skjeive, kruggryggja og salryggja om ein an'n

Slik ha ingen drømt om, at Fron skull' kåmå te å sjå ut, og folke tykte dæ såg vonlaust ut å tenkje på, någungong å røkke te å få vêlt om allt, som desse 3 olykkesdågåne ha øylagt, skjipla og omskapt.

Alle tverrelve, å'e og bekkje ha grave og øyrt meir på desse tri dågå'm, hell på hondre år, ti'i se nye får og lagt opp øyrbanke på halve hushøgde. Fossåa skull' husere på ein farleg vis ne'over vollan, Ekre som låg iveig for 'ne og va ein bra gar', va att berre naugre fåe mål da olykkes=dågån va over. Hondorp= og Haversta=vollan va gjømde tå øyre og delelinun vart borte. Dæ va kome ny eigar åt Hondorp i desse ti'om, ein sakførar Viborg, og på Haversta sat ei enkje som heitte Kari, nå da grenslina va borte, vart dæ osamna med di tu grannom om eigun. Da fekk ho Kari 'n Jens Lykkjun, husmann hena, te å gråvå se igjenom dæ djupe gruslage og skull' prøve finne mar'stein'n. Ho va med sjøl, ho Kari, og peikte ut kår 'n Jens skull' gråvå, dæ va itte så radt og døm laut prøve på fleire stelle, og stein'n fann døm te=slutt, men dæ va 2 meter med grus ogo'på 'om. „Dæ va da svært te nåsåbein på den kjeringa!“ sa Viborg.

På Sveipe og i Muriteiga tok skriun alle husa, men folke på båe gar'e fløtte frå i go' ti', så itte någå liv gjekk med. Trast nor'a Sveipe er 'n him som heite Brettingen, og der va dæ trygt for skriuom, der samla folke se og såg på, kår=lest den eine fæle skrio ette den andre braut ut og flømde stein og grus og orøning utover. Stugua på Sveipe vart stå'nest te sist, og da dæ drygdest førr ho reiste, tykte kjer=inga på gar'a, ho laut freista berge någå klæ'e, som hekk att i rama. Ho fekk med se ein te ro, for Laugen gjekk like innåt husom. Døm fekk med se klæ'an og kom se ut i båten att, men da kom ei svær skriu og stok stugo, og dæ va berre på eit hekte, at ho itte nådd atti båten, au. Millom Isøm og Muriteiga gjekk dæ ei skriu så veldaug, at ho rokk over Laugen åt Laugøy'n; ner Laugen er liten, stikk dæ opp over vassflata over 20 store steine, som skrio la att ette se. Gusten fyry skriun va så sterk, at 'n sprengde glas=rutun i stugun på Prestmoa i solsiun.

I Skodalsgar'om gjor' skriun stor ska'e i alle gar'e; i Skodalshauga ha døm likaste åkern sin ne'med elven, og der tok elva se nytt far, beint på husa i Nigar'=Skodal og viare ne'over åkern i nere Nigar'=Skodal. Ette di fara elva tok se da, vart dæ så te=reidt, at dæ itte nytta å leggje ar=bei' på dæ meir. I Ner=Skodal gjekk flomvatne te midt oppå veggjen på eit tvihøgt stabur, som døm brukte å hå te konnbu i nere høgden. Vatne lyfta eit stort konnkjær opp i øvste høgda, som itte va golva, og her vart konnkjere attstå'n på ein golvås, da vatna minka åv att, og konne va reint oskadt.

Mest ingen repp slapp ska'eslaus, i Rollsta'garom gjor' flomen ska'e på fleire stelle og døm misste så my' tå jor'=veiga, at gar's=skjylda vart ne'sett. Omonlia som ligg på vestsiun åt Fryun, midt imot Venabygden, reiste med hus, folk og krytjyr; her gjekk med fleire menneskjeliv, men kå=mange dæ va, er okjent, da kjørkjeboka er brunne. Dæ va ei fæl skriu som tok Omonlia, og frå hena, au, va gusten så sterk, at glåsrutun sprengdest ut i husom i Venabygden på hine siun åt Fryun.

I Kvam for Lein'gar'an stygt ille og døm misste 6—7 ly'u eng tå høyvinnom onde gar'om. Der i bygden samla folke se på Sigsta, for der tykte døm dæ måtte vera trygt for skri'u, men rett som dæ va synte dæ se ei stor revo, som heldt på opne se i jor'n ogofor gar'n, og døm venta ti' for ti', at dæ skull' sige ut ei fæl jor'mokke. Te all lykke braut ho itte ut. På Veikle øy'la flom og skriu 8—9 lyueng, og på Kolun gjekk dæ te ei menneskje, 'n Nils Ruststugun. 'N heldt på å ro over Laugen, og så braut dæ ut ei stor skriu og ljøp n'i elva med slik offse, at skvampeln kvølde båten. På eit anna stelle i Kvam heldt dæ på å forkåmåst ei menneskje; dæ låg ein plass som heitte Sletta i baksiun midt for Kjørøm, og skriun tok både hus og jor' og ei 14 år gåmål dotter, ho Tore Sletten, vart førd uti Laugen, men ho ha på ein hell an'n vis helde se oppe te ho sta'na i ei bjørk ve Teigøya. Her hekk ho te far hena, 'n Tor Sletten, kom på ein flåtå og redda ho. Ætta hena er ennå te.

Øvst i Skåbu ljøp dæ ut någå fæle skriu som syne se den dag idag, og i Skåbugar'om fór åker og eng forsett ille, og itte be're va dæ i Kvikne, heile bygda va grimot og svartråndåt, da olykka va over, og dæ skull' itte finnast ein gar', som ha sloppe ska'eslaus. Tone ha ei sæter opp i Essdala, og der låg dæ tu gamle folk med både ku og gjeit om somårn. Ei avrå'e skriu losna uppi fjelle og sopte med se husa på sætern, og di tu gamle vart gravne n'i den abragds=lege grushaugen. „Toneskriu" syne se den dag idag, stokk=ende og sondknøskja trefang tå sæterhusom står ennå opp utur grusmengda. I sætern derest Nistugun Skåbu i Hinn=øgl=li'n låg kjeringa sjøl på sætern; ho ha med se einaste båne sitt, ein årsgåmål gutongje, ellest låg ho einsleg på sætern. Så kom Offsdågåne, og regne sette på å ause ne' forutta opplette, dag og natt, dæ flømde rondt alle veggje og jor'a dissa kår du skull' setja foten — ho Rønnog Nistugun va itte væl te=mote og tok te å misse vona om å få sjå folk meir. Men om natta andre regnværsdagen, kom bror hena og ein mann med honom opp på sætra, men dæ sto' har't å baske se fram over stygge skriulaup og ville bekkje — på fleire stelle ha karane lote våga live.

Offsin i 1789 er vel den største olykka, som någun gong har gått over Gullbransdala ette 'n vart bygt og busett, og folke i di bygdom som fór mest ille, trudde itte i di fyrste ti'om ette olykkun, at skå'in let se bøte så gar'an kunn' kåmå uppi dæ måle, døm va fyry Offsa, kåkje i avling hell krytjyrtal. Og vonlaust såg dæ ut med di såmå: store vidde tå di beste åkerjor'n og engjemarken såg ut som dæ argaste, orødde olende. Men folke gjekk itte og stura og va opp=gjeve my' lengje, døm tok greve, reko og staurstonga så fort dæ let se gjera, og vêlte om og jemna te att. Og på naugre år va dæ retta på my' tå di verste. Da ein manns=alder va gått, heldt avling og buskap på å kåmå i dæ gamle stø'e heilt ut, og ve jor'bruksteljinga i 1836 ha gar'sbruke gjort eit nok så stort framsteg te alle leie. Men dæ ha kosta stort stræv og my' slit å slette ut alle di stygge merkje Offsin la att ette seg, både på jor'veig og hus.

I 1860 ha Gullbransdaln ein uturmåta stor flom den 17de og 18de juni, og både Laugen og fleire tå tverrelvom gjor' någå ska'e med elvebrot og overfløming. Men dæ gjekk itte skriu som i 1789, og ska'in vart defor itte så stor, at 'n stagga den økonomiske framgangen. Både Laugen og fleire tå elvom i dala nådde på dæ alleneraste i 1860 att måle frå 1789, og på mange stelle såg dæ allt anna hell vakkert ut.

NÅGÅ TÅ KÅRT.

Morde i Huskel'in. For 236 år sea budde dæ tu ogjifte, gåmålvorne syst i Huskeli'n, Marit og Tore Jonsdøttre. Desse tu systen som budde einslege på desse vetle gar'a i Kvikne, og som ligg någå avsies te på baksiun åt Vinstern, skull' sitja i vælstand. Ein vår i våronnti'n dø ho Tore brått og oventa. Døm fann ho att på åkra i Huskeli'n, ho låg på mågå og ha munn full med jor'. Sea livde ho Marit einsleg i Huskeli'n.

På Bø i Ruste va dæ denne ti'a ei kjering som heitte Marte, mann heitte Torgjer Torgjersson og va tå ei gåmål slekt som ha sote på desse gamle storgar'a i utlange ti'e. Kjeringa, ho Marte, va dotter hass Østen Forbrigd i Kvam og va tå ei gåmål gjæv storslekt; på Bø sat desse tu folka i stor vælstand, døm ha 4 bon, 2 gute og 2 jento, som alle va ogjifte dette leite. Bøkjeringa va nok uturmåte kjær om medel og rikdom, og ner dæ va någå å få grave åt se, skjydde ho itte kå måte ho brukte, for å få sitt fram, men mann'n skull' vera ein framifrå mann på all vis. Imillom Bøfolke og 'n Marit Huskeli'n skull' dæ vera skjyldskap, kå si'e dæ nå va på, og ho Marit ha vore med å helde eldste son'n på Bø, 'n Torgjer, for dåpen. Dæ skull' vera meininga, at Bøfolke skull' hå dæ som vart att ette 'ne Marit Huskeli'n ner ho gjor' frå se ver'a, men ho Marte Bø tykte nok at ho Marit tok te bli langdrug, førr ho la se te å døye, og at dæ bar te å bli i lengste lage å vente på arven ette 'ne.

Da va dæ ein dag om somårn i 1693 ho bau tenestkara på Bø, 'n Jo Londe, skjuthesten på Bø desom 'n vilde gå

uppi Huskelia og strøype ihel ho Marit, detta va inne i stugun på Bø, og eldste son'n, 'n Torgjer, hørte or'a åt mor sine. Men 'n Jo Londe vilde itte hå någå med di å gjera. Seinere ein gong va ho ette 'om om å avlive ho Marit, men 'n ga 'ne itte lovna på dæ da, hell. Da vende ho se åt bror hass Jo, 'n Anders Londe, som tente på Bø i 1694; vilde 'n strøype ihel ho Marit Huskeli'n skull' 'n få 3 riksdale og 1 ny striskjurte; dæ va nok itte fyrste gongen ho gjekk på 'n med desse, for ette som 'n Anders sea fortalde, ha ho i 6 år masa med 'om om å ta live tå 'n Marit. Endeleg vart dæ te di, at 'n låvå ut å gå iveigen og strøype ihel ho Marit Huskelin, og tok avste ein sein somår-kvell. Men da 'n kom opp igjenom stigen eit stykkje vart 'n så trøytt, at 'n laut setja se og kvile, og med di såmå kom dæ ein fælt stor svart hond innåt 'om og såg ut te å vilja helde følgje med 'om. Da vart 'n Anders så redd, at 'n snudde og gjekk him åt Bø att.

Men Bøkjeringa ga se itte med dessa, ho sette på å truge 'n Anders pånytt, og da tok 'n dæ på se, desom 'n Torgjer, son hena, vilde vera med å avlive ho Marit, og dæ va både ho Marit og 'n Torgjer samde om. Da gjekk båe tu uppi Huskelia ei natt og kom der ette ho Marit ha lagt se; så sporde 'n Torgjer om døm Bø skull' slå sæterkvea hena, „nei, dæ er forti'leg ennå, gudson min," svårå ho. Med di tok 'n Torgjer over arman hena, og 'n Anders Londe tok struptak omkring halsen te ho va livlaus. Derette bar døm ho imillom se utpå elvbakkjin, sette att sko'n hena på bakka og kasta like uti Vingstra. Like rakte ne'ette elven te dæ kom n'i Lohole og fastna 'ti ei bjørk, her vart dæ funne om hausten ette.

Ho Marit Huskeli'n vart avliva natta fyry den 12te juli. Såmå natta va dæ ein sme' i Kvikne, 'n Jo Sylte, som ha smidt ein kasthåkå på stugudøra i Huskeli'n, og som 'n nå vilde gå borti der og setja på. Da 'n kom inni ei bergklovo i kanta på Huskelijorde, fekk 'n sjå tu kare kom beran med eit menneskje imillom se, og da 'n med eingong skjønte, at her va gjort ein stygg ogjerning, heldt 'n se gjømd og såg kårlest di tu mor'aran bar se åt. Den bergklovo 'n sto 'ti vart kalla „Jo-Klovo" sea, men nå er ho velta full med stein.

Om dæ va 'n Jo Sylte som bar opp med di 'n såg om natta, hell dæ va andre som tok mistankje om kårlest ho Marit Huskeli'n ha kome tå ver'n, har dæ itte vore sagt någå nerare om. Men ho Marit ha tu brør i live, 'n Per og 'n Lars Jonsson, som ha meldt mor'e åt fauta og be'e han å reise sak, da døm itte orka å koste saka sjølve. Saka kom på tinge, og ho Marte Bø og 'n Torgjer, son hena, og likeså 'n Anders Londe, va kalla for retten, da døm va misstenkte for mor'e på 'n Marit Huskeli'n. Og for retta sto døm te ogjerninga alle tri med ein gong, og alle tri vart avdømt med live og skull' rettest med sver' og hugua setjast på ståkå. 'N Torgjer Bø synte stor anger over åtfer'a si, kårlest ho Marte tok dæ har itte vore gote någå om, men på veiga åt rettersta'a song ho med sterkt, vakkert og reint mål denne salma i Kingo=boken på 2dre søndag i advent: „Jeg beder dig, min Herre og Gud“ (Landstad 113). O'framt den eldste son'n, 'n Torgjer Torgjerson, va dæ 3 bon te på Bø, ein son Østen og tu døtt', Marte og Tore, tå døm va iminste ho Marte vaksin. På veiga åt rettersta'e sa 'n Torgjer ve mor si: „Ho ha itte vore forgo te å vore med her 'o Marte, hell, idag;“ „hysj, ti still!“ svårå ho, „dæ er nok som dæ er nå, vet E'.“

Den gamle rettersta'n på Fron va på Galgehouga ve Augla, og her vart alle tri retta såmå dagen. Da ho Marte skull' på skafotte kjippa ho tå se skon og ba eit kjens menneskje tå døm med åt Bø, „døm kann få spunne naugre stru=merk for dessa, au,“ sa ho. Dæ va bratt helling frå Galgehouga og n'i Augla, og for kårt hougg skarprettern gjor' trilla hugue n'i bækken, sea vart døm sette på ståkå på hauga.

Skarprettarn va frå Oslo og han fór ein gong oppigjenom Gullbransdaln me'a ho Marte Bø va i framvokstårom og va hime på Forbrigd. Dæ va gas'jevergar' på Forbrigd og skarprettarn va framme der og kvilte; me'a 'n sat inne i stugun gjekk ho Marte forbi 'n på golve og da song dæ i sver'e hass. „Du må akte dig, du min pige, så du ikke kommer under mit sverd!“ sa 'n åt 'ne Marte.

Dette mor'e i Huskeli'n er någå tå di onderlegste som er henda i Gullbransdala. Kå som kann vera grunn te, at den ette di ti'n rike kjeringa på Bø, så endeleg vilde hå avliva denne nerast å kalle fatige menneskja i Huskeli'n, er uskjøneleg. Ette di ho Marit Huskeli'n ha helde 'n Torgjer Bø for dåpen, må Bøfolke den gongen ha vore i venskap med 'ne og rekna ho for eit bra og skjikkeleg menneskje, og når døm ennå siste somårn ho livde, ser ut te å yte 'ne hjålp med dæ vetle jor'bruke i Huskeli'n, tyda dæ itte på hat hell fiendskap. At ho Marte Bø va så hågrisk og gjerig, at dæ ha vorte ein sjukdom hos 'ne, er ette fleire ting som folkesagne nemne, sikkert nok, men den vetle medeln ho Marit Huskeli'n sat inne med, kunn' omoleg den rike kjeringa på Bø hå slik trå ette, at ho gjor' ein så gjer'laus stygg ogjerning. Ve skjifte i Huskeli'n va heile medeln hena Marit 62 rdl., med frådrag for 1 ku åt presta for likpreike 2 rdl. 2 ort, og så åtte ho sjøleigarbruke Huskeli'a, skjyldsett for 1 skinn. At Huskeli'a på någå vis kunn' vera å stå så har't ette å få lagt onde Bø, er lite truleg og gje ingen grunn for missgjerningen. Ho Marte Bø må hå vore krank på sjælslive sitt på ein hell an'n måte, attåt har ho vore eit igjenom har't menneskje forutta hjertlag, og med ei stor magt over døm, ho kunn' rå' med; son'n, 'n Torgjer, har vore ein kastball i hendom hena. Korkje folkeminne hell rettssaka har någå som peika på, at ho Marte kjende någun anger over ogjerningen, iminste nemne itte rettsboka någå slikt, men 'n Torgjer møtte i retten „og med stor anger og gråd" sto' te kårlest mor'e gjekk for se. Desse 3 brotsmennan sat i fengsel på Kjorsta hos lensmanna i 13 viku, te døm vart retta den 11te februar. og dæ kann sjå ut for, at ho Marte i fengsle har vakna te ettetankje, med di ho song ei salme på veiga åt rettersta'a. Men er dæ som folkeminne har sagt, at ho senda sko'n sine attende åt Bø te spånå-løn, kann dæ sjå ut te, at ver'a og hågriska føl'de 'ne te hena siste stond. Di or'a 'n Torgjer Bø sa åt mor sine, om ho Marte, syster si, peika på at ho, au, skull' hå någå skuld i Huskelimor'e, men kårlest dæ kunn' hengje samen, let se itte gjera å skjøne — heile denne stygge hendinga er nerast ei oløysleg gåte.

Mann'n hena Marte Bø, 'n Torgjer Torgjerson, har i folke-minne havt lov for å vore ein overlag bra og fre'leg mann, og dette fæle mor'e som så brått la sorg og vanære over heile hass hus, tok 'n så hart, at 'n sto' itte imot med di. Tri vikus ti' ette dødsdomen vart sta'festa på lagtingje, dø 'n Torgjer Bø forutta å ha vore sjuk og sengjeliggjan, han har kanskje fulle bort tå slag.

Likeså onderleg som dette Huskelimor'e er frå fyrst te sist, likeså onderleg er dæ håndsåmå tå retta, faut og skrivar; frå fyrst te sist er avhøringa tå di tri forbrotarom så grunn og snargjord, at dæ er meiningslaust, og itte er dæ eingong sport bell nemnt eit or' om grunn te mor'e. Mann'n på Bø er itte innkalla i retten for å gje forklaring, og hellanitte di tu brøran hena Marit Huskeli'n, som nå reiste saka. Dæ ser ut te, at retten har lagt se ut om å få gjort saka frå se så stillt og snøgt som moleg, og ondgå allslag oppstus med vitne og vitneprov; dæ gjekk nok an å tå dæ sålest med desse saken, med di at alle tri forbrotaran med ein gong sto' te ogjerninga, forutta minste dølsmål. Kanskje retten her tok avsyn åt di tu vælvørde, gamle og gjæve slektom og alle di skjyldfolk, vidt og breidt i dala, som sikkert gjor' se vondt tå Huskelimor'e. Ho Marte Bø va utsprongje tå ei tå di mest vælvørde og megtaugaste bondeslektom i dala, men ho va ein villrenning, som så ofte kann skjote opp i ei gåmål, go' slekt.

'N *Tor Graupslån* skull' vera tå fantekt, har dæ vore fortalt, men far hass, 'n Jakop, rakte som langfant i imse bygde te 'n vart ihelskote på fjelle millom Fron og Valders. Folke meinte 'n ha kome rekan med mer'n sine ette fjelle og skremt rein for ein reinsskjyttar, og som da ha sendt 'om ei kule for di 'n Jakop skremde reinshopen. Ner 'n Jakop heldt se roleg i himbygden sume ti'e, budde 'n i Graupslån og bar se stødt for at 'n va låk, gjor' se kreksot og armosleg. Kår gong 'n va ute og rakte ette di gamle Kvikneveiga og møtte folk oppå høgste åsa, der døm heldt kvilan, va dæ ille vor'e med 'om, og da letta dæ svært for

'om, desom døm slo på 'n ein dram utur lumflaskom. Øyken 'n Jakop fór og rakte med ette veigjom, va stødt velstellt og holdaug, så den gjor' 'n itte synd på.

'N ha ein son som heitte Tor, og ette som han voks te, vart dæ itte skryte tå samna'a millom far og son, for 'n Tor tok dæ på ei annor gjer', han, hell far'n ha vilja havt dæ, 'n braut med fantlive og rekingen, 'n Tor. Og da 'n Jakop fór og drogst med eit kvinnfolk ette 'n heldt på å bli langt uppi åra, va 'n Tor styggeleg harm på døm båe tu. Dæ va ein gong far og son dreiv med lauvhogging, og detta kvinnfolke va au med døm og lauva. „Å, så vondt som eg drømde inatt," sa gamlin, „eg drømde at du, Mari, fór uti ein myrdipil!" „Ja," sa 'n Tor, „eg drømde eg sto med ei lang rånn og heldt ho uti dipila!"

'n Tor Graupslån vart 'n overlag godt go-te-se kar, som itte sto' fast med någå 'n tok se over med — om dæ så va ei bok på eit framont mål, så skjønte 'n Tor kå ho handla om. Folk trudde 'n ha svartboka, og defor va døm halvredde 'n og tykte at dæ føl'de mestsom ein lei, kald tokkje med 'om, or'e gjekk om, at 'n itte sto' bleik kåkje for å løyse hell binde gamlin sjøl, om dæ galdt på. Folk såg nok mangt tå di 'n Tor Graupslån gjor', som itte kunn' gå rett te.

Men dæ henda 'n Tor, au, råkå folk som både sto' opp ende med 'om og ga 'om fulle hend'n med å greie se væl frå. Slik som da 'n kom i o-nåe med 'ne Sissel Kolbergstugun. Ho budd' i Kolbergstugun ve Vetlhåmår denne Sissela, og va væl kjent for å kunna meir hell fadervåre. Nå va dæ itte så my' som kom 'om Tor og 'ne Sissel imillom for dæ fyrste, døm vart itte rigtig sameinte om vegta på någå salt, men dæ va nokk te, at dæ kom te gå naugre sneior' millom døm. Og da 'n Tor kom eit stykkje på himveigen, fekk 'n skot og vart så elendelig klein, at dæ va med arme nø'n 'n slong him åt Graupslån att. Men da 'n rokk him og fekk 'ti bøken sine, sto' dæ itte på, lenger: 'n sette skote attende, og da vart dæ nok itte forgodt å vera Sissel Kolbergstugun. Døm glatt utur 'om Tor desse or'a om detta: „Om ho Sissel gløme både Gud og fa'n, så ska' ho itte gløme 'om Tor Graupslån."

'N va framsynt, au, Graupslåin, og såg kå som skull' hende i framti'n. Eingong 'n va med 'ti ein tekkje-dona, sat 'n stirde ut gjenom glase, og da såg 'n kjeringa si bar torv ilag med ein kar. „Jau, — du ska nok få att broka ette meg, du!" sa 'n. Og sålest gjekk dæ, enkja ette 'om Tor vart gjift oppatt med honom 'n såg ho bar torv ilag med.

Mange år ette 'n Tor Graupslån va dø, va dæ ein mann som såg 'n gjekk att. Mann'n sat inni sæterstugun sine om vårn, og dæ lei' på eftasi'a så dæ tok te bli kvellsdimme, best dæ va kom ein kar inn på glase, sette hånda for augo og såg inn. Dæ va 'n Tor Graupslån, for mann'n kjente 'n så væl 'n tok itte imisst.

Falkefengjaran. I medelaldra og langt framigjenom den nyare ti'a, va jagt med falk svært gjæv millom storfolk. Døm kjøpte vill falk som va fanga i fjellstrok, der 'n helst heldt se, og øvde 'n opp te å fange storfugl, hera og røv og te-dels større dyr, au, slike som rådyr. Her i Nori' va dæ my' tå falka, og ti'leg i medelaldra tok dæ te å kåmå uta'landske falkefengjare åt Nori' om somran, og låg pa lugume stelle i fjellom på falkefangst. Ette di norske loven hass Magnus Lagabøter ha bøndan retten te å fange ørn og falke, men di danske kongan eigna te se denne retten og leigde 'n bort mot betaling åt utta'landske stormenn, prinse, hertuge og kurfyrste. Desse ha så liggjan folk te å fange falkan i di fjellstrokom som dæ va mest tå døm.

Di meste tå falkefengjarom som låg her i Gullbransdala va hollendere og skottlendere, og fangsta ser ut te å ha vore drivi i dæ store te kår ti' ette 1600; i mange tå bygdom har dæ te i seinare ti'e vore att minne om døm, sume sta'n i fjelle va dæ lengje dæ synte tofte ette hyttom derest og kann kanskje ennå vera vislege. På Dovre og Lesja dreiv døm stor falkefangst, og i fleire tå di hine bygdom, au, kom døm att år ette år, kanskje døm heldt se mest åt nor'bygdom. Døm sette se opp ei hytte der døm valde se ut fangst-sta'n,

og her reiste døm opp ein stolpe dæ sat ei lokke-duve på. Ner så falken kom og skull' slå te åt duvun, ha fangaran eit nett, hell ein håv, døm slepte over 'n og fanga 'n 'ti. Dæ va eit falkeslag som kallast Geirfalk, døm vilde hå, og døm va så oppøvde, at døm kunn' sjå på augom hass, om 'n ha ti'i tamme høno. Desom 'n ha gjort dæ, vridde døm hugu tå 'om og kasta 'n, „'n har taget høns den dyvel," sa døm. Ner falkefengjaran på seinhausten fór attende åt Skottland, Holland hell kår døm åtte hime, ha kongen rett te å tå att te eigje bruk så mange falke 'n sjøl vilde, tå fangsten døm ha gjort, venteleg imot betaling.

I Skåbufjelle låg dæ falkefengjare; Vetlfjelle skull' vera eit godt falkefjell, og der ha døm hytte ein sta'n ve Vetlfjell-sætra; for ei ti' sea skull' dæ syne merkje ette hyttun derest. På ein gar' i Skåbu va dæ for 50—60 år attende att naugre saker, som ha hørt falkefengjarom te, dæ va både eit par sko, tu falkehetto og ei børse. Nå er døm nok vorte borte. Falkefangsta minka åv ette hånd, men va på sume stelle drivi te 1790.

Skjilauping og skjigjer'. Kvikneveran og Skåbyggjingan har frå di eldgamle ti'om havt my' bruk for skji på alle fjellfer'om derest med vei'ing og isfiskje, og ellest i samfersle med grannbygdom. Defor vart døm snøgt oppøvde skji-laupare og va sikkert i lange ti'e di beste skjilauparan i heile dala. Denne lange oppøvinga ha lært døm å finne ut ei framifrå go' gjer' på skjiom sine, og likeeins å leite se ut dæ beste skjivørkje som va å finne. Di gamle fjellmennan arbeidde nok skji'n sine kår åt se, men oftest ha nå bygdin skjimakere som gjor' skji åt køm som tinga døm te di.

Skåbyggjingan va nok basen te å gjera skji, og døm som dreiv mest i fjelle om vintran, brukte andor- og løyparskji, ei skjigjer som knapt va brukt i di andre bygdom i Gull-bransdala. Men å gjera ei go løyparskji skull' vera ei stor konst, og ei konst va dæ å leite se ut dæ emne som vilde te åt ei slik skji, ner ho skull' bli fullgo', dæ laut vera antel

utvald feittenar hell kvitrivilgronn. Ei løyparskji skull', ner ho va tå rette slagje, vera så stegrend, at skjibande spratt uppi hosoband=sta'n på skjilaupara, ner 'n steig tå 'ne. Og va ho slik og ha rette gjera all opp, va dæ reint foronde'=leg kårlest ein kunn' kåmå fram på 'ne i fjelle i mest kåslag føre dæ va. Andorskjia va berre stutt, og ho va klædd onde med reinsskjinn sålest, at hårstoa låg attover og heldt imot ner dæ gjekk imot bakkje. Sjølsagt laut andorn au hå rette gjer'a, så 'n høvde attåt den lange løyparskjia, men dæ trong=dest itte så utvald emne åt andora som åt løyparskjin.

'N Anders Massing skull' vera ein overlag go' skjilaupar som sette åt om løypa va alder så bratt, men dæ va ei ti' dæ heldt se ein uttabygds vei'ar og fjellmann i Kvikne og Skåbu, som va någå reint uturlagje go' skjilaupar, ein døm kalla „Trysyln". 'N va sagte frå Trysil med di 'n ha detta namne, men kå 'n heitte meire har alder vore omsagt. Try=syln va nok ein vi'fering og heldt se der 'n tykte dæ fallt se best med vei'ingen, og dæ va nok helst rupa 'n fanga. Ein vinter heldt 'n se på Vågå og dreiv i himfjellom innover mot Dovre= og Lesjagrensom, og på Vågå vart 'n au namn=sport for skjilaupinga si. Ner 'n kom ne' att utur fjelle på eftaleia, så sette 'n beinast ne'over den bratte lia og let dæ gå kav ne'på Sandbuvollan — va dæ ein skjigar' som kom atti veiga, hykte 'n se lite og spratt over. Slik skjilaupar ha ingen sêt der i bygden, og Trysyln va my' omtålå millom gamelkarom. Kå ti' 'n va her i dala er dæ ingen som veit någå sikkert om, men dæ er eit og anna som kann tyde på, at dæ va pålag ve 1750. Me'a Trysyln va i Kvikne va dæ ein gong 'n kom att utur rupfjelle ogo'for Massing, denne gar'n som likesom heng opp=og=ne' millom himil og jor'. I Massingjor'e fekk 'n sjå ein røv som tande ne'ette brattun, Trysyln sette beinast ette, ljøp om 'n og skaut ihel 'n me'a 'n sto' på skjiom i di hengjebratte Massingåkra. 'N va nok ein framifrå gløgg skjyttar, au, Trysyln, og va ein go=te=se vei'ar, dæ va nok vei'inga 'n livde tå, au, m'a.

Dæ har vore gote på, at dæ kann ha vore Trysyln som kom åt Kvikne og Skåbu med løyparskji'n og andora, dæ har vore meint, at den skjigjer'a itte va brukt i dølabygdom

frå di gamle ti'om. Er dette te=felle så kann dæ vera my' truleg, at skjilauparan i bygden tok ette desse gjer'n Trysyln ha på skjiom sine, for døm såg, at ho va be're å tå se fram med i imse slag lende hell di gamle langskji'n som va par=skji. Frå Vågå, au, va dæ fortalt, at Trysyln brukte løypar=skji og andor, men der tok itte skjilauparan ette di gjer'n.

Breiveigen, sjefsgar'e og sjefe. Ette kongeleg forordning i 1705 skull' den 3a battaljon tå di Opplandske regjement, nørdre og søre Gullbransdaln, hå eksisplass på Fron, Brei=veigen på Sør=Fron. Di 8 kompania i dala samlast på Brei=veiga te battaljons=eksis kårt år i 14 dågå i juni, kompani=eksis va helde 2 gonge i åre, men vårå berre eit par dågå. Onggutøvinga va helde ve kjørkjun i kår bygd. Dæ vart sjølsagt någå liv på Sør=Fron te kår somår ner eksisen tok te, men om dæ live va te någun større hogna for bygden, va nok ofte itte bygdafolke samde om. Dæ vart jemnan fyll og ovenskap, både millom syllatrom og andre som fór og rakte. Dæ va stødt slikt ve eksisplassan, at dæ kjyllte åt mange slag folk som itte va ute og fór for Guds skuld, alle. For dæ fyrste og ellest langt framette høre ein itte stort om någun o=levna frå Breiveiga, men ette hondreårs=skjifte i 1800, ly'est dæ klagemål både frå prest og med=hjålpar, prost og bisp over live ve Breiveigen kår somår, og dæ låke fyrydøme dæ va te for ongdoma. Mest kårt år va dæ inkun „go karn“ millom syllaterom som skull' prøve, om 'n kunn' gå „tollfri“ på plassa, jemt kom dæ inkor oppøvd slåstbikja langveigjes frå, som skull' freiste kå kongenskaran i Gullbransdala va te, om dæ va så godt grot 'ti døm, som dæ ha vore skrytt tå. Og på denne gjer'a henda dæ, at dæ drog opp te stygge slåstkulo som enda med både ska'e og helseløyse. Folke i bygden ha itte my' godt åt Breiveiga; nerast omkring plassen laut døm ha syllatran i kvarter, og dæ kunn' au vera te både harme og plåge ner dæ va ågå=lause kroppe, som ha kome i huse. Ellest va dæ så my' ohaugleg å høre frå eksisa mest te alle ti'e, den bålken 'n

sto' på. Mannstukta i militertenesten va har' og rå førr i ti'om og spissrotstraffa, som jemnan va brukt te på=lag 1750, va så stygg og omenneskjeleg, at ho kunn' gjera folk mørk=redd vidt omkring. Mangein stakkar har sprongje spissrota på Breiveiga di haltanna hondreåra 'n va brukt som eksis=plass, dæ ha like te i seinare ti'om i nor'dala gått eit sagn om ein Frøning, som ha gjort någå gale i eksisa så 'n vart dømt te å springe spissrota på Breiveiga. Guten va nok go' spellmann og va kanskje væl=lika tå offeserom, au, men mannstukta laut hå sin gang. Da va dæ, at kompenisjefen hass lovå 'om, at kunn' 'n gjera ein go' spissrotmars og låte om morgån, ner 'n skull' stille på plassen for å springe spissrot, så skull' 'n sleppe. Guten skull' vera frå Hondorp og va kalla Hondorpguten, men om 'n va frå Hondorp, hell kanskje berre ha sylaterlegda si der, er itte meire kjent. Om morgån kom guten på lina og lêt 'n mars i spissrot=takt så vakker, at alle tykte døm itte ha hørt finare mars ha vore låte. Og Hondorpguten slapp å springe spissrot. Denne marsen er ennå te, og gamle spellmenne ha låte 'n og kalla 'n „Hondorpen"; 'n er någå hogillt i fyrste vêkom, men enda med tu som er friskt ongdomsmo' 'ti; marsen er ein vakker, ekte dølamars.

Allt førr for Breiveigen vart eksisplass budde dæ offesjere, kaftine og løtnante på Fron, dæ va utlagt krongodsgar'e åt døm te sjefsgar'e, så døm budde inna'for kår sitt kompeni. Fleire tå kaftinom som budde her i dølabygdom dreiv någå med å handle åt se gar'e, og sume ha itte så fåe jor'eigo onde hendom. På Isøm budde dæ ei ti' ein kaftin Helm som kjøpte fleire mindre gar'e; Isøm ha 'n au kjøpt, men selde dæ åt 'om Svein Jonsson Vole frå Gausdal, og med honom kom gar'n på bondehend att ette i langeveleg ti' å ha vore i eige åt fautom i dala. Helm vart oberst og fløtte åt Nidaros og avhende da jor'eigun sine her i dala.

Frosta i Kvam va i alder så lang ti' kaftinsgar', og nerast fyry og ette hondreårsskjifte i 1800, va dæ ein kaftin Leth som va kompenisjef og budde på Frosta. Han kom nok reint ong åt Kvam, og allt slag bondestell, gar'sbruk og bygdaliv her i fjellbygdom va 'om ovant og framont, og detta

forsto' gar'skarn hass å gjera se nytte tå på fleire måte. Gar'skarn skull' ellest vera ein dygtaug kar, men ein stor sløging, som lærde snøgt å kjenne den troskjyldauge hosbonn sin, og kaftin ha reint overlag te tru på 'n Ola, som 'n heitte. Kaftin vilde nok gjenne dæ skull' sjå ut te, at 'n ha godt skjøn på gar'sstelle, han au, men 'n let nå stødt 'n Ola rå', ner dæ va någå om å gjera. Va dæ eit og anna kaftin ein gong imillom laut få greie ette eigje hugu, drog dæ gjennast åt gjeitmårken. Fyrste åre Leth va på Frosta og dæ lei' så langt dæ va tryska så my', at dæ låg ei diger kaste på låva, laut dæ sjølsagt bli kasting. Da 'n Ola begjynte å kaste, kom kaftin og vilde sjå på, for detta va någå nytt for 'om, og 'n vilde få grei'e på kårlest konne kunn' skjølja se med di dæ vart kasta. Ja, 'n Ola fortalde 'om, at dæ va tyngda som konne skjølde se ette; nå sålest; ja da skjønte kaftin dæ — 'n ba 'n Ola finne ei stong og leggje tvert over låvgolve midt på. For nå dett dæ tyngste konne ne' fyrst, „og det vil jeg ha," sa kaftin, „men det som falder ned ute mot veggen, skal du få, min Ole." Ja, den akorten ha itte 'n Ola dæ slag imot — han kasta den store kasta, og da døm delte ette stongen, fekk Leth all agnin, purkedose, brøkonne og kanskje lite tå me'alskonne, men 'n Ola fekk i tynnevis med skjire veggjerånn. Kaftin Leth skjønte 'n ha ti'i imist med desse, 'n ha nok fare over att dæ 'n ha lærd om tyngdelova, va von, men 'n let se itte merkje med di. Neste gongen dæ låg ei kaste på Frostalåva, skull' stonga brukast, da au, men nå vart dæ ein ny akkort: 'n Ola skull' få dæ som datt ne' fyrst, og kaftin vilde hå dæ som fallt ne' bak stonga, ut mot vegga. Ja, 'n Ola fekk nå finne se i di, m'a, eit forlik er eit forlik, og 'n tok te å kaste — itte som vanleg, men 'n kasta så har't, at halve strikonne spratt attende frå låvvegga og fall n'i brøkonne bakfor stonga. Sålest va nok itte 'n Ola misshelde med den siste akkorten, hell, og kaftin han lærde nok, at den delinga med ei stong over låvgolve itte va brukbar.

Eingong senda Leth 'n Ola iveig ette ein butt med smør frå ein tå gar'om i Kvam. Da 'n Ola kom att, kom kaftin og ba 'n setja butten på dørhella, så døm kunn' få helde

prøve på smøre, om dæ va tå beste slag. Fyrst tok kaftin ei prøve og så 'n Ola — „tror du dæ er harskt, Ole?“ sporde 'n. Nå va dæ ekte godt somårsmør og nyleg lagt i butten og fritt for å vera herskt. 'N Ola smatta og såg svært ålvorsleg ut —: „Ja, eg trur dæ er ha'leg tråtT,“ sa 'n. „Ja, da kan du ta butten, du, Ole!“ sa Leth, og med di fekk 'n Ola godt kjøp på smør. han.

Ein vår den 1ste april tenkte Leth å helde lite moro med hosbondskara sine, 'n skull' narre 'n april og senda 'n langt sør i øverbygda på Sødorp med eit svært vigtaugt brev, som ellest va klåre narrverke. Og da 'n Ola såg 'n va narra, tok 'n se fridag, fekk kjøpt se 1 pott brennvin 'ti ei stugu og tok te med turing. Leth gjekk og venta på den omissande gar'skarn sin, og da dæ drygdest førr 'n kom, senda Leth iveig ei bo' sørover. Da bo'a råkå 'n Ola, gjor' 'n se sur og banna på, at dæ kunn' bli lengje å bie førr han kom åt Frosta att. Da kaftin fekk høre dæ spøkte for slikt, vart 'n mest frå se og senda iveigen kar og hest med dombjølle, pels og storstøvle ette 'om Ola, og om kvelln kom gar'skar'n kjøran åt Frosta som den gruskaste gauve. Sea tor' itte Leth narre 'n Ola i april meir, og venskape millom døm vårå sålengje Leth va på Frosta. 'N Ola fekk lov te å røja se ein him på Frosta-grunn og himen kalla 'n Lettrud ette kaftina, og himen kallast Lettru den dag idag.

Ette Leth va dæ ein kaftin Stibolt på Frosta i naugre år, ette honom kom Kjelhaug og vart buande på gar'a te 'n dø pålag i 1830. Han heitte Vilhelm Kristian Keilhau; førr 'n kom åt Fron va 'n kaftin i Gausdal og budde på Bauker, som da va sjefsgar'. Ette 'n kom åt Kvam steig 'n te gjeneraladjutant, men her i dala va 'n stødt kalla gjeneral Kjelhaug hell „gjeneraln på Frosta“. I 1814 va 'n sjev for den Akershusiske infanteribrigade. 'N skull' vera ein dugeleg offesjer, men ha or' for å vera någå har' og streng, og folk vilde hå dæ te, at 'n itte va fri for å tå imot smorning, han, som så mange andre offesjere i di ti'om. Folk fortalde både om ein og hinn gar'mansson, at 'n slapp kongenstenesten for fisk og ferskmat og andre saker som va gjæve i huse på Frosta. Stordeln tå Kvamverom som kjende te høv'om

på gar'a, meinte nå dæ, au, at dæ va hushaldarn på Frosta, „ho *Beret Frosta*", som ofte ha eit or' med i lagje ner dæ galdt om å bli fri for eksis og kongens tenest. Kjelhaug vart enkjemann me'a 'n budde i Gausdal, og ho Beret kom i huse te hushaldar, vart med åt Frosta og styrde huse te Kjelhaug dø. Ho va dotter åt ein som heitte Kristen Sme', va ei godt go=te=se menneskje og ei megge med bein i nåså — dæ va itte mange som ha haug te å få ho Beret te o=ven. Og dæ va Kjelhaug redd, au, defor gjekk både gar'sstelle og husstelle på Frosta ette hena vilja, og dæ va nok itte te ska'es for Kjelhaug. Ellest va dæ nok væl my' tå venskape millom gjenerala og 'n Beret, for ho fekk tu døttre med 'om som va oppdri'i på Frosta, som døm skull' vore ekte=fødde bon.

Ho Beret Frosta va namnsport som brurpyntar: ho ha sjøl brurkrone ho pynta med, og ho vart henta vidt og breidt te brurpyntar, ner bra gar'mannsdøttre skull' stå brur. Ingen fekk den fine, staselege gjer'a på ei staut bondejente, som ho Beret, og den brura ho ha gjort se for med å pynte, slapp å ottast for at dæ vanta någå. Ho tok nok radt imot smorning ein og an'n gong ho Beret, au, men ho skull' vera någå=så=ner nøye på di — kom dæ ei kjering med ei ring, mager og spinko=te gåve, følde dæ med i takka inkort or'e som gjor' både skar og svidde.

Ein ong bond'gut, som nyst ha vorte gar'brukar, skull' nettopp skrivast te syllater og kvidde se så for, å vera borte frå gar'sstelle i onggut=skula, at 'n tykte 'n laut ly'e ette hos gjenerala, om dæ itte kunn' finnast ein utveig te å gå fri. 'N gjekk åt Frosta og bar fram ærenda si — 'n ha nok hørt, at i ei slik ærend va dæ sikrast å gå gjenom kjøkene og gjera se te=vens med 'n Beret, men 'n va itte my' for se med slike strenge kvinnfolk, og defor gjekk 'n beinast åt gjenerala sjøl. Kjelhaug vart itte sint, men 'n lêt turt om, at dæ gjekk for se å sleppe utskriving. Best dæ va, snudde Kjelhaug se mot 'om og sa: „Har du ikke nylig været i fjellet, gutten min — og skudt ren?" „Jau, E' har dæ, E' skaut ein bra bukk, og tenkte nok E' gjenne kunn' bore med meg eit lår, men så visste eg itte antel gjeneraln kunn'

bry se om dæ hell ei," svårå guten, „men er dæ så han vil hå dæ, skal E' gå him og hente dæ." Jau, dæ reinslåre vilde gjeneraln gjenne hå, og låre berga guten for utskriving.

Ein husmannsgut som sto i tenesten, ha drokkje se full i julom, og smort opp far sin, detta vart mellt åt Kjelhaug, og da visste guten, at 'n vilde få dugeleg straff. Men 'n tykte nå, at 'n laut prøve, om itte gjeneraln kunn' vera skånsamd for ein gong skuld. Kjelhaug va bøs da guten kom inn på kontore på Frosta: „Hvad vil du her?" sporde 'n og va bister både sjå og høre på. „Å, eg va så olykkeleg eg kom te å knultre på 'n far litegrand i julom, dæ va nå skulda åt brennvine, m'a," sa syndern. Kjelhaug reiste se opp utur stola og va oppøst: „Mars! avsted til Fredrikstad med dig!" ropte 'n så dæ gnell i takje. Guten lågå se te å gå, men sa med di såmå 'n gjekk te-dørs: „E' har stå'n tu famne med pen bjørkeved ne'på fyrun." Da ropte Kjelhaug: „Berta! skjenk denne gutten en dram!" Og med di va marsen åt Frederikssta gjort.

Ho Beret Frosta vart buande i Kvam ette Kjelhaug fall bort og va i bygden så lengje ho livde. Ho va itte viere vællikt i grannlage, og ette di 'n Romsdals-Anders fortalde, synte dæ se onde'lege aspekter da ho fôr te jor'n. 'N Anders fortalde sålest om jor'fer'a hena: „Om E' minnist ho Berit Frosta? jau, dæ kann berre hende — E' kjøm så væl ihaug da ho kom åt jor'n som dæ skull' vore igår! Bror min tente i Stormårken, så 'n va med i likfer'n, og han fortalde, at med di såmå døm kom framåt graven, to' dæ te å guste ein årliten kvervil, berre såvidt ein kunn' sjå 'n letta lite på den turre gravmolda for dæ fyrste. Men ette som 'n drog se oppover kjørkjegar'n, auka 'n på, vart større og større, større og større, tok te sjokte, bølje og helde larm, drog burti kjørbålken så dæ bråkå som torslått. Folk sto håndfellne og stirde og høyrde på denna larmen og dondern som berre voks og voks og drog se oppover med slik magt, at heile Kvam skolv. Kverviln fôr som ei skriu, braut skjigar's-hafellun søm pylsspytu og strådde utover — någå slikt spir ha ingen sêt førr. Med stort yl og kvin nådd' kverviln te-slutt uppi ein skogholt ogo'for Røssøm, så skogen bågna te

alle leie, og la se ne'åt som grøn åker! Folk trudde for fullt ålvor, at gamlin sjøl va kome laus og ha etla se te å tå ho Beret Frosta førr ho vart grave n'i jor'a — ja, dæ va dæ største syn og merakel som ha vore i Kvam sia ver'a va skapt og bli, au, sålengje ver'a står. Og dæ va itte någå kjeringun i Kvam tålå så my' om, som denne veondelege kvervilvinn da ho Berit Frosta kom åt jorn."

Skreddarstugu=karan. Døm va tri brør i skreddarstugun: 'n Eirik, 'n Per og 'n Ola, alle tri va kare både med hend og hugu, kunne meir hell anna folk, og Skreddarstugukaran sto' dæ or' tå kår døm ha fare. Far derest, 'n *Ola Skred=darstugun,* Klukkstøyparn som 'n va kalla, va au ein utur=skjølt kar, 'n va sme' og fór my' på vidden og smidde, og da Foldalskjørkja vart bygt, va 'n Ola ve verke der og dreiv med smiarbei'. Dæ kom ein klukkstøypar frå Sveri' og skull' støype klukkun åt di nye kjørkjun, og 'n Ola ga se med 'om te håndlangar. Denna svensken va fæl på dæ sterke, og for dæ fyrste ha 'n Ola nokk å gjera med å bera brenn=vin 'ti 'n. Med støypingen gjekk dæ på skjeivt, 'n laut støype opp=att fleire vendingo og gjor' se my' forr med å bræ'e og renske malmen, men gale gjekk dæ kår gong, takom va dæ krona og takom va dæ bar'a som itte va fullhavne. Sist gjekk svensken skamfull frå heile støypingen. Da ba' Skred=darstugu'in om å få prøve — hja, døm drog på dæ, dæ va vel på vona, om sme'n kunn' vera kjørkjeklukk=støypar. Men sist vart dæ så 'n skull' få freiste. 'N Ola forma minste klokka, jønngjørte forma og grov ho ne', og bar te å bræ'e malmen, men da tok dæ te å samle se så my' kop omkring 'n, at 'n mest itte fekk spytte. For å bli kvitt kopå utur hendom ba'n døm å gå, for malmen er itte fer'aug på lang ti' ennå, sa 'n. Folke gjekk sin veig, au, ner som son'n åt lensmanna, han kunn' 'n itte bli kvitt, han hekk omkring masomn som ei spyflugu omkring skjørosten. Best dæ va tok 'n Ola ut tappen — itte anna hell lensmansson'n kunn' sjå — og malmen kom fossande så dæ både sau' og fræste,

kav ut i Folla. Nå tok guten hyven him att og fortalde far sine, at nå ha dæ gått n'i oska for di nye klukkstøypara, au, malmen heldt på rann uti Folla, sist han såg. Ja, da fekk, har'e de, lensmann sjå iveigen, 'n ha my' å gjera med di nye kjørkjun, han, m'a, og nå tok sagte denne skarve sme'n te rømings, va greitt. Men da lensmann kom på støyparplassen og tenkte så halv og ti'i 'n Ola med se i arreststuga, sat 'n der og pikka med ein stein og skvålå forma tå di nye klukkun, som synte se å vera både fin, full=have og lyteslaus. Og nå fekk 'n støype rette storklukka, og dæ lykkast likeså godt for 'om. Sea støypte 'n Ola mange klukko, både matklukko og kjørkjeklukko, dæ er han som har støypt vetlklukka i Sødorpkjørkjun, au. Defor va dæ itte rart om 'n Ola Skreddarstugun va kalla Klukkstøyparn.

Alle di tri sønan åt Klukkstøypara va go'e sme'e og kunn' gjera någå tå kårt, men den som va mest go'=te=se tå døm va 'n Erik, dæ raraste va, at allt me'a 'n gjekk i skula kunn' 'n kverve syne på folk. Dæ va ein morga 'n gjekk på skulin i lag med ein heil ongkop, 'n sporde, kå døm vilde våge på, at han itte skull' kunna få heile Sødorpbygda te å kåmå imot di store låva på Hov, som døm nettopp heldt på å kåmå framåt. Ja, alle tor'st våge på dæ, og gutan våga uturdotne knappe og jentun knappnåle, og så sette døm se onde låvin alle samen. Trast døm ha sett se tok gar'an frå alle leie te å kåmå sigan mot låva, så dæ spøkte stygt for, at den store Hovs=låvin kom te å få dæ trongt. Alle ongan vart redde og mange bar te å gråte; da døm kom på skulin såg skulmestern, at dæ ha vore någå framifrå på fer', og sporde ongan kå som sto' på. Di største vilde itte ut med di, men ein tå di minste fortalde, at 'n Erik Skreddarstugun ha helde på dri'i heile Sødorp=bygda onde låvin i Hovsjor'e. Skulmestern greip 'n Erik i nakkjin, drog 'n burti ei ro og skull' gje 'om tå lurka, 'n ga 'om eitt slag, lyfta opp hånda og etla se te å gje 'om fleir, men da vart skulmestern stå'n der stiv med lurka i være: itte fekk 'n hånda ne' hell kunn' røyve ho på någun vis, og itte vart 'n kvitt svolkå førr 'n Erik løyste 'n att. Skulmestern forklågå 'n Erik ve presten, men presten kom ingen veig med 'om hell; bøken og bån=

lærdomen kunne 'n Erik som fadervår, og så kunn' itte presten nekke 'om å sleppe fram, hell.

Ette 'n Erik va vakse kar, va dæ ein gong han og naugre kare sat på Bryn og laga, og hadde kanskje lite å liva tå attåt. Ute på gar'a låg dæ ein någå sånere før timmerstokk, og så si' 'n Erik: „Våge døkk på meg ein pott brennvin, si' E' meg go' for å smuge igjenom denna stokken." Jau, dæ va døm viljauge te, m'a, og så tok 'n Erik te å smuge — 'n smaug så døm såg stokken fekk valke og våle på legga ettesom 'n Erik sprengde se fram. Kome halvveigjes hørdest dæ ut te å bli styggeleg trongt, og at dæ lette svært på, for dæ lyddest ein prupp rett som jemnan, men 'n dreiv på og ga se itte førr 'n kom ut att i andre stokkenda. Karan som våga sto og såg på heile ti'a og visste itte, antel døm skull' lægje hell gråte. Brennvinspotten vart oppdrokkje, og 'n Erik tykte nok døm kunn' trongje ein te. Så si' 'n dæ: Våge døkk ein pott pånytt, kare, så ska' E' tå på meg å få hånån, som går utpå gar'a te å drå' denna stokken." Visst va døm viljauge te di, og dæ bar på gar'n med døm alle. Og om lite såg døm hånån dro denna digre stokken ette nebba, stubb for stubb, og så itte ut te å leite større på hånån, hell. Nettop med di såmå kom budeia beran med ei høykorg ho skull' inni fjose med — ho va kanskje slitin og kjei og kjente se arg tå, å sjå vaksne kare stå kope sålest midt i arbeidsti'n. „Men kann dæ vera någå dåfole på for vaksne folk, at hånån går og dreg på eit halmstrå!" sa budeia. 'N Erik slo opp hugu og såg ette budeiun med di såmå ho gjekk gjenom fjosdøra, „hm! — du ska nok få byrt!" sa 'n så sakte, at di andre berre såvidt hørde or'a. Om lite kom budeia utur fjose att og vilde gå over gar'n ette eit hell anna, best dæ va skreik ho ende over se, vart stå'n i føtom og tok te å drå flyssa høgre og høgre, te ho fekk ho opponde hend'n. Jau, ser døkk, ho tykte dæ va vatn omkring se på alle kante, og dæ voks og voks så fort, at ho vanst itte meir hell drå stakkan onda. Han va omoleg, sålest, Skreddarstuguin.

Ette 'n va 'n aldraug mann og oftast va roleg hime i Skreddarstugun og bror hass brukte himen, va dæ ein dag

'n Erik va værsjuk og låk, 'n sat og sette føt'n uppi peisen, va atti=veiga og tannast med kjeringen hass Per, likast 'n råkå på. Te slutt fekk 'n ho så eitrandest sinnt, at ho ga 'om ein ve øyra så — hugu trilla bortover golve! Kjeringa vart som frå se sjøl, kann ein veta, ba Gud trøste og be're se, sprang med gråt og jammer borti smiu åt 'om Per, og fortalde kå som ha henda med 'om Erik. „Å, gakk inn att, du, nå tenkje eg hugu hass Erik sit der dæ ha sote førr," sa 'n Per, og sålest va dæ nok, au.

Han va i Nistugun=Skåbu ein gong og skull' renne atti ein stett 'ti ei malmgryte, og dæ gjor' 'n med ein ljoslågå. Folke kunn' itte skjøne, at 'n itte laut åt smiuavla, „å, 'n er heit denna vetle lågån," sa 'n Erik.

Da 'n Erik vart gåmål, vart dæ tufs med 'om, låk vart 'n te å sjå, og sist vart 'n reint blinn. 'N gjekk og rutla her og der ette 'n vart blinn, au, og sto itte ibeit for å finne fram — 'n ha nok eit føl'je som ingen såg, 'n Erik, m'a. Folk trudd, at gamlin sjøl tok 'n Erik Skreddarstugun, for den karn gje nok itte frå se slik magt for inte, han.

'N Knut Veikle va 'n husmannsgut frå ein plass onde Kjørøm som heitte Gamelsletta. Da 'n nådd sylateråråm va 'n ein kar som heldt sine 3 alne på høgd, framifrå vælvokse og ein utskjølt staut og vakker ongdom, og defor vart 'n skrivi åt „Livgarden" te=fots i Kjøpenhamn og sto' ve ho ei ti'. Da dæ lei' om ei ti' kom dæ 'n grøyve som heite Baudison, som ha lov te å leite se ut eitt lakei=emne mil=lom gardistom, og han fall trast inn på 'n Knut Gamel=sletten, og 'n Knut ga se i tenest hos grøyva. Baudison reiste my' i utlande, og 'n Knut va med 'om kår 'n fôr, så 'n kom te å fårå rondt om i Europa for dæ meste. Sålest fekk 'n sjå my' og høre ennå meir der døm ferast. Millom anna såg 'n på inntoge hass Napoleon i Paris, da 'n kom att frå Elba i 1815; 'n Knut tykte 'n Napoleon ruvde lite da 'n gjekk tå skjepe, men da 'n kom på hestryggen tok 'n se røsleg ut i sala. Da Baudison va i Rom, fekk 'n sjå pavin og va i Peterskjørkjun og såg væl på ho, og sea

allt, som er tå gåmål konst i di store sta'a. Dæ namngjetne eldsprutandest berge Vesuv va 'n Knut oppå, au, men frå di fer'n ha 'n eit ohaugleg minne: dæ va med ein franskmann i fer'n, og han ha vorte så lei live sitt, at 'n gjekk ut på brote og stupte se beint ne' i eldsvølgen.

'N Knut va lakei hos Baudison i mange år, og på di ti'n lærde 'n se både tysk, fransk og italiensk, så 'n kunn' tålå døm godt, men te omgangsmål i dagleg lag tålå 'n dansk, og dæ måle brukte 'n ette 'n kom atti himbygda, au. Boklege kunnskape åtte 'n nok itte liv for, og kunna nok berre såvidt å skrive namne sitt. 'N kom att i himbygda som ein rik mann, 'n Knut; Baudison dø da døm va i Italien, og 'n testamenterte 'om Knut dæ meste tå di lause medela sine, og fekk ellest ein årleg pension. Ei ti' ette 'n Knut kom åt Kvam att, dø mann pa Veikle, og enkja sat att i så tronge høve, at dæ kunn' spøkje for, at ho kom te å gå frå gar'a. Presten, 'n Petter Schnitler, va formynder for enkjun, og han ha funne ut, at desom dæ kunn' vorte gjiftarmål millom 'om Knut og enkjun, ha gar'n vorte berga for slekten. Presten gat på dette åt enkjun, men ho ga kåkje ja hell nei te svar; han ha nok nemnt på dæ såmå åt 'om Knut, au, og han trongde itte lang omtenkjingsti'. Ein dag kom 'n åt Veikle, helsa på enkja og sa med di såmå frå kå ærend han kom 'ti. „Jeg kommer for at fri til dig, jeg," sa 'n. Og Veikleenkja slo' te — dæ kann hende ho itte ha någun stor haug te di, „men eg ha lote ti'i om dæ så ha vore 'n Frik Kloppan, eg, ner eg berre kunn' berge gar'n," sa ho. Samlive millom di tu vart kåkje låkt hell olykkeleg; 'n Knut brukte den store gar'n te eldste son'n åt enkjun vart vaksin; at 'n Knut kunn' vera någun skjønsam og drivandest gar'brukar va mest itte å vente, men 'n ha pening og heldt gar'n og drifta i dæ gamle stø'e. I gjiftarmåle sitt fekk 'n ein einaste son.

Husmenn. Traneria. Går ein så langt attover i ti'n som te på lag 1650, va dæ itte svært mange husmannsbruk på Fron, kå stor bygda va, dæ va knapt nok 65 husmanns-

plasse ennå. Husmannstale va dette bele lite i alle bygdom i dala, di tu bygdin som kom nerast Fron va Vågå og Ringbu med på=lag 55 kår=se. Men i di 130 årom imillom 1650 og 1780, har tale auka dugeleg og er dæ siste åre vokse te 390 på Fron, i di hine bygdom er dæ likeeins te=vokst på=lag i såmå høve såner som Øyer, der te=voksten er mindre. I di 57 årom millom 1723 og 1780 er tale på nye husmenn på Fron vokse med 4,5 te kårt år, di bygdin som kjem nest ette er Vågå med 3,5, Ringbu med 2,5 og Fåberg med 2,2. Tek ein for se ein ny tidsbålk på dæ neraste såmå lengde, di 55 årå millom 1780 og 1835, har husmannstale på Fron vokse med 5 te kårt år, og tale er i 1835 nådt te 662. Di bygdin som i desse bålka kjem nest ette Fron, er Vågå med 4,2 og eit samla tal på 536, Fåberg med 3,7 og eit samla tal på 453. Men Gausdal har største årlege te=voksten tå alle bygdom i desse årom med 7 nye husmenn kårt år, og eit samla tal på 548. Imillom 1835 og 1875 er dæ samla tale på husmenn gått smått ne'over i alle bygdom i dala, så=ner som Lom (og Skjåk) og Vågå, der er dæ ennå ein liten te=vokst. Ette 1875 ber dæ fort ne'ette med tale på hus=menn i heile dala, for alle bygde te=sammen ha døm minka med 2200 te i 1910, på Fron har tale minka med 339, og i di siste 20 årom er tale kvorve i ennå større mål, og vil snart vera kvorve heilt bort.

Årsaka te di store te=voksta i husmannstala i dølabygdom og som dro' har'ast på ette 1720, ligg for størstedela i di, at nå ha storparten tå bøndom kjøpt gar'an sine og vorte sjøleigare. Di mindre gar'an, øy'gar'an og rydningsplassan, ha førr helde di større gar'an med dæ tenestfolke døm trongde, men nå ette at desse mindre jor'bruka va sjøleigandest, vart denne arbeidsdygda bonde fast åt di nye sjøleigarbrukom. På di større gar'om vart dæ mindre med tenare og mindre te=gang på arbeidshjålp, helst i onn'ti'om, og bøndan tykte, døm va nødde te å sikkre se nø'vendaug arbeidshjålp på gar'a. Og da den vanlege te=voksten i folketale nå bar te å skjote på, så dæ tok te å melle se eit og anna krav om emne te himsta'e, va dæ greiaste utveigen for di større gar'=brukarom, å setja ne' husmenn på gar'sgrunne. Mest alle

gar'e på over 1 hud i skjyld, ha så stor jor'vidd, at dæ itte va te meins for gar'a, om døm let ein hell tu husmenn rø' se plasse i utmarken, og skogen tenkte itte folke større på ennå. På denne gjer'a kunn' gar'an sikkre se arbeidsfolk både i onnom og te andre ti'e i åre, for plassan laut svårå avgjifta åt gar'a for jor'veig med hus, hamning og brenn=ved, med ei viss fråsagt arbeidsmengd for åre. Desse av=gjiftin va i di fyrste ti'om både høvelege med ti'n som ho da va, og rimelege; samhøve millom gar'menn og husmenn va godt i alle måte, og husmannsstelle vart om ei ti' ei tå svillom onde gar'sdriften på austlandsbygdom.

Husmannsstelle er grodt opp friviljaugt tå se sjøl, og tå di ti'a kravde og ha bruk for, her va dæ ingor lov, kåkje frå eldgåmål hell seinare ti', som la grunn onde desse høv'om, dæ fekk vekse fram som dæ sjøl vilde. Ingen tenkte over, at husmannshøve bar såfro som lett kunn' vekse opp te ogras, og at dæ vilde ålå opp ei eigedomslaus arbeidsklasse, som kunn' bli te olykke og plåge for heile bygden og se sjøl allemest. Og dæ gjekk hellanitte mange mannsaldre, førr dæ mellte se tvidrag millom husmenn og gar'menn, så kongemagta prøvde å gjera någå for å gje husmennom eit någå fastare støe i samfunne. Men någor rå'gjer' som dæ va món 'ti, vart dæ itte, og di meinhøve som husmannsstelle bar rota 'ti se frå fyrste ti', auka på framette. Fatigdomen voks og standsskjølnan likeså og, sume stelle i bygdom, brann dæ beintfram hat mot gar'mennom hos husmanns= og arbeids=klassun. Men fyry 1800=tale høre ein itte her i Gullbrans=dala någå om, at dæ bli gjort någun freistna med å samle se te mannjemnt krav frå husmennom, om å nå andre og be're livskår. Døm kjente se formy' hjålpelause te å setja fram krav som døm kunn' vente dæ kom någå ut tå, ettedi dæ vanta døm førare, te å bera krava derest fram med dug=leik og skjøn. Likevæl gjekk dæ itte lengje ette århondre=skjifte, førr dæ vart gjort eit lite opptak tå naugre husmenn på Fron, og som gjekk ut på, å få gjort husmannsplassan om te skjyldsette sjøleigarbruk.

I slutten tå februar 1814, trast ette 'n Kristian Fredrik ha fore oppigjenom daln, samla 17 husmenn se i plassa

Hågåstugun i Kvikne og sette opp ein søkna åt 'om prins Kristian om, at di plassan som va opprødt i sameige, måtte skjyldsetjast og bli å få kjøpt tå døm, som sat på plassom. Dette vilde nok bøndan setja se imot, da døm held se te di, at døm har hevda desse plassan som ligg på sameige-grunn, „men, nådigste prins! dette er ikke andet end stjålet hevd,“ står dæ i søkna'a. Viare står dæ: „Gud velsigne hans prinse-lige høihed, som av Gud og majestæt er kaldet til Norges sir og støtte! se til den fattige og trængte undersåtter, så at øvrigheden og bonden ikke i bund og grund kan ruinere den fattige, men at øvrigheden måtte nådigst befalles at forse hans majestæts og den fattiges beste — — — —“. Di plassan som er rødt på skjyldsett eige, søkje døm om, må bli skjyldsette „til avdrag på gårdens kongelige skatter“. Søknan er samstundes ei klage både på bøndan og på øverheita, som har slept bøn-dan te å eigne te se di plassan, som er vorte opprødt i sam-eige, te stort tap for kongens kasse. Ein kann tå denne søknan sjå, at dæ åre førr, au, har vore sendt søkna og klagemål „over øvrighedens og bøndernes undertrykkelse“, men den er itte kjent. Om søknan frå di 17 namngjevne husmenn frå Kvikne har vore lagt fram for 'om Kristian Fredrik, kann ein itte sjå, men fauten Lyng har sendt 'n att-ende åt lensmanna på Fron med pålegg om, at di bøndan som va ve'kåmån di 17 husmennom, måtte få høve te å svårå på klagemåla. Og ette dæ lensmann'n har skrivi på klaga, tenkte fauten se te på somårtingje å mekle imillom partom.

Den 4de juli 1814 har 10 tå gar'mennom i Kvikne svårå på klagemåla åt husmennom. I dette svare påstår døm, at di 17 husmenn ingen grunn har for „sine løgnagtige be-skyldninger“ og prova, at døm itte har lidt någun „under-trykkelse“, hell at husleiga har vorte lagt på hos någun tå døm ette døm har fått feste på plassan. Ingen tå di 17 klågårom har plasse som ligg i almenninga, men naugre ligg i oskjiTta eigedomsskog og mark. Bøndan sluttar med å ønskje, at saka må bli nøgje utgranska så dei oskjyldauge kann bli fri for slike straffbare skuldingo. Om dæ på somårtinge i 1814 vart prøvt med någor mekling, er itte kjent; Lyng vart

i 1814 utnemnt te faut i Aker. og dæ er moleg han itte sjøl møtte på somårtinge på Fron. At dæ ellest itte kom någå ut tå desse søkna'a, er sikkert at dæ itte gjor'. I 1817 va dæ ein del husmenn både på Fron og i Ringbu som senda søkna åt stortinge om å få plassan sine skjyldlagde, men ut=falle vart nok itte likare, da, hell.

Ette 1817 hørest dæ itte någå om, at husmennan to' te å røyve på se, hell setja fram krav om rettbøte på husmanns=stelle. Itte førr i 1849 da 'n Markus Trane sette arbei'ar=rørsla igong, reiste lande rondt og stifta arbei'arforeiningo. Han reiste i Gullbransdala bygdin forende, au, og i alle vart dæ stifta foreiningo, rørsla tok godt tak i husmannsklassun her i dala, og „Arbeiderbladet“ som Trane ga ut, spreiddest snøgt utover i mest kår ein krok, og på Fron såg dæ ut te, at „Tranerøra“ tenda gjemytta i ljos lågå. Dæ va 3 arbei'ar=foreiningo i bygden: 1 på Sør=Fron med 'om Ola From te formann, 1 i Kvikne med 'om Hans Hågåstugun te formann, 1 i Kvam, der kanskje nere Heidaln på Vågå au va med, formann va ein Pål Heradala. Arbei'arforeininga i Kvikne va nok den, som to' arbei'e med største ålvore, heldt ofte møte og føl'de med i alle di arbei'arsporsmålom, som te kår ti' va dryfta i „Tranebla'e“. Formann i arbei'arforeiningen i Kvikne, 'n Hans Hågåstugun, va 'n någå=så=nere go'=te=se kar, 'n ha vore skulmester og ha någå meir kunnskap hell storparten tå døm, som va valde te formenn i bygdafor=einingom. Bror hass Hans, 'n Tor Kvalsøy'n, va au med og va tå di fremste i foreiningen. I møt'om som va helde på nørdre Åsmonsta, vart Tranebla'e opplese og ga grunn=lage for or'skjifte, og dæ skull' nok bli smidt store bolte sume ti'e i desse or'skjiftom. Dæ hørdest ut for, at „bond=klubba“ va ferdig te å slå laus, men någå ostyr vart dæ alder. 'N Hans Hågåstugun va såpass te kar, at 'n såg djupar og meir omtenkt på arbei'arrørsla og ha så stor vørna millom standsbrørom sine, at 'n megta å helde atti, ner rørsla va på veig te å koke over. Han va salte i heile arbei'ar=rørslun på Fron; formann'n på Sør=Fron va itte tess=någå i møt'om, men dreiv har't med å gjera Tranebla'e kjent, han møtte sume syndågå på kjørkjebakka og las opp utur bla'e.

Bygdafolk kunn' vera leie i kjefta mot 'om ein gong imillom, sålest va dæ ein frå Skodalsgrend'n, som gjekk innåt 'om eingong, han dreiv og las Tranebla'e på kjørkjebakka: „O, herre from! hvor stor og grom du nå har vorte!“ sa 'n.

Alle tri arbei'arforeiningun på Fron ha ein gong eit sam=møte i Grov, 'n Hans Hågåstugun styrde møte og heldt tale frå eit kvøl't barkekjær 'n sto' på uti gar'å. Frå Grov gjekk alle tri foreiningun i tog forbi Hondorp; skrivar Randkleiv, som da budd' pa Hondorp, va svært ott'full tå arbei'arrørslun, og da arbei'artoge gjekk forbi Hondorp og skreik sterke og livlege hurraskrik for 'om Markus Trane, gjekk skrivarn inne i stugun og vrei' fingra sine. Han venta nok hal't, at ar=bei'artoge vilde sett inn på gar'n og gjort vold både på hus og folk. Sume tå bøndom skull' au vera nâgå=så=nere hugs=fulle. Men allt gjekk fredeleg og snodigt for se, og i Fron vart itte gjort någå o=verk. Tå arbei'arførarom på Fron møtte itte kåkje 'n Ola From hell Hågåstugu'in på di tu store ar=bei'armøtom i Oslo, men 'n Pål Heradala møtte på di siste, „Lilletinget“ som dæ vart kalla, han møtte i lag med 'om Torgjer Flyøygar'a frå Ringbu.

Da styringsmagta slo' ne' Tranerørsla med har' hånd, og føraran vart dømde te tukthusstraff i fleire år, dovna arbei'ar=rørsla snøgt åv, og føraran i arbei'arforeiningom utover bygdin misste mo'e og ga heilt opp arbei'e. 'N Hans Hågå=stugun reiste åt Amerika i 1857 hell 58, men dæ er nok grunn te å minnast han med vørna fordi 'n heldt rørsla i Kvikne og Sødorp inna'for skjikkelege og fredelege grenso. Dæ skull' vera styggeleg skarp æst i knoun der i krinsa.

Husmannsstelle er ein te=skjipna i norske jor'brukshøve, som ti'a nå på dæ neraste har skuva ut, men dæ er itte rett å late minne om, kå dæ i di gamle ti'om va for fram=voksten tå gar'sbrukje, slokne ut. Dæ rø'jingsarbei'e hus=mennan i minst 200 år la ette se på mest alle gar'e i byg=dom er så stort, at dæ nå er mest orå' å gjera se ei mei=ning om dæ.

Essdalsverke er så gåmålt som frå midten tå 1600=tale og har truleg hørt Gjylløvun te, han ha privilegium på dæ og dreiv dæ som kåpårverk onde Sellsverkje. Någor stor drivt va dæ nok itte, og drivta bar se vel ennå mindre der hell ve Selsverke, for framkomsta frå Essdala va ennå verre hell frå Sellsverkje, og malmen va berre ring. Privilegie åt Gjylløvun er frå 1660, men kår lengje 'n dreiv verke er itte kjent, men någor lang ti' va dæ nok itte, kanskje ein 10—15 år. Dæ ska' syne ennå ette fleire gruvo frå desse fyrste driften tå Essdalsverkje, og smelthytta ska' ha stått n'i bygden ve Angsjøåa. Så kom Essdalsverke te å kvile på=lag i 160 år. Men så fann di bergkunnauge opp eit nytt metal, nikkel, som let se vinne ut tå magnetkis, og dæ slage er dæ, ilag med kåpårkis, itte så lite tå i Essdala. Dæ vart skjerpa i Essdala, og skjerpa kom i eige åt tu rike engelsmenn, brørne Evans og skottlendern David Forbes, han kom åt Essdala i 1846 og va styrar tå nikkelverkje i 10 år, te dæ vart ne'lagt i 1857. Essdalsverke vart ingor lønsamd drift, malmen va i ringaste lage, og all den lange, tonge og dyre fragta ette di låke veigjom, gjor' driftsutgjiftin orimeleg store. Men di rike eigaran dreiv har't og spårå itte i någun måte, dæ ar=beidde ei ti' 500 mann ve verke, og ette folketeljingen i 1855 budde dæ dæ åre 700 menneskjo i Essdala. Den store smelt'=hytta sto' på nørdre Frons grunn på bande millom Lang=vatne og Breisjøn, og da verke va kome væl i drift, va dæ reint som ein by. O'framt den store smelthytta va dæ 10 andre store bygninge, dæ va kontor, verkste'bygning, kjørkje, bygninge åt driftsstyrarom og åt arbei'arom. Utpå ein holme i øvre enda på Essdalsvatne ha verke kjørkjegar' og som ennå er gravsta' for Essdala. Eigje skule laut verke au ha, og ein seminarist Holm va i 50=årom ei ti' lærar for eit bon=tal på millom 20 og 30 bon.

Dæ va svært te liv og rørsle i Essdala di 10 åra verke va i drift, og folk venta se nok, at dæ skull' kåmå nærings=live i heile dala te gagn og nytte. Smeltinga tå nikkelmalma gjekk for se med trekol, og dæ skull' ein veonderleg mengde kol te for åre, dæ va kjørt kol i mengdevis like frå langt nor'på Murudala i Heidala, gronvare og suglvare vart dæ

te-ført frå imse bygde, og dæ va itte så lite avsetna tå mat-varo og klæ'varo ve verke åre rondt. For skoga som låg laglegast te, va nok itte verke bra, og ha drifta kome te å stått med lag i lange ti'e, vilde dæ vorte ei stygg skogøydsle.

Forbes va ein reint ong mann da 'n kom åt Essdala for å styre nikkelverkje; 'n va ein godt opplært, bergkunnaug vitskapsmann og ein godt go-te-se mann, som styrde fleire store bergverk i utlandom for brørom Evans attåt Essdals-verkje. 'N laut allt som jemnan gjera utta'landsfer'e og ha nok å stå i te kår ti'. Denne onge verdensmann va gla' 'ti selskapsliv og likte å hå omgang med dølom, som 'n ofte ba åt se på balle og andre samkomo ve verke, og 'n va nok itte någun smologråtar te vert. Den som kanskje kom mest i lag med Forbes tå folkje her i dala, va Galschjøt som va huskaplan hos soknepresta på Fron te i 1850, og seinere styrde kalle ei ti'. Galschjøt va ein mann med go' gjevna og rike evno og overlag go'e talegavo, i dæ heile ein grei og dugeleg mann, som føl'de godt med framganga i ti'n. Men 'n va væl gla' i selskapslive og greidde ofte itte på denne hånda å helde se inna'for di rette grensun. Dette kjente bygdafolke væl te, men 'n va eit godt menneskje, og ner 'n kom på stoln glømde folk denne veike si'a hass, og dæ spordest itte, at folke tok forarging tå di 'n va meire lag-kjær hell som godt va.

Dæ va Galschjøt som heile ti'a med Essdalsverke gjekk, gjor' prest'-tenest der, reiste uppi Essdal'n og heldt messe og alle andre kjørkje-forretningo, og likeså va 'n med i alle større lag og samkomo Forbes ha. Di tu va go'e venne stadaugt, men døm kunn' ofte kåmå i heit or'stri om sumt, og båe tu ha sjølstendauge meiningo, døm forsvårå te dæ ytste. Galschjøt måtte stødt reise opp i Essdaln dagen fyry messa, og både fyry og ette mess'dågå'm vart dæ någå turing med karom. Sume gongo kunn' dæ gå någå vidt med desse, sålest va dæ my' omtålå eingong ein ny, stor malmbåt skull' setjast på vatne og gjevast namn i eit godt lag. Presten va sjølskrivi te å døype båten og helde dåpstala, og 'n døypte fartye i shjampani og heldt ei svær tale.

Imillom arbei'arom på verkje va dæ my' o-levna med fyll

og slagsmål og mangt anna låkt, som har så lett for å gro opp ve slike drifte, og folk i di neraste bygdom såg itte på dæ som ei olykke, da verke slutta. Verke gjekk med tap heile ti'a, og drifta vart ne'lagt i oktober 1857. I 1874 vart drifta i Essdalsverkje sett igong att, og smelthytta vart fløtt åt søre ende på Essdalsvatne; her vart dæ au oppsett nø'=vendauge bygninge for driften. På di 17 årom som va gått sea dæ gamle verke slutta, ha arbeidskonsta gjort så store framsteg, at dæ itte lenger trongdest kåkje så stort arbeids=mannskap, hell så orimelege driftsutgjifte. Smeltinga tå malma vart nå gjort med steinkol; men da prisen på nikkela datt ne', kunn' nok itte drifta løne se, og ette 4 år vart arbei'e lagt ne' att. Om dæ ein gong ennå kann kåmå igang att, er nok o=visst.

Smådrag frå fjell=live. Båe Fronsbygdin har så nøgda tå vakre og go'e fiskjevatn, at døm med di går over alle di andre bygdin i dala, og førr i ti'n vart desse vatna væl ut=nytta, så bygda både ei ti' og annor i åre ha fjellfisk te hus=bruk. Vinstervatna va nok helde for di formeste millom alle Fronsvatnom, men jamen va dæ bra fiskjevatn mange tå di hine, au, med både stor, feit og go' fjellaure. Og så vakker fjellnatur som der er ve mange tå desse Fronsvatnom, ska' dæ leitast ette; 'n kann skjifte my', men ve mest alle er 'n slik, at 'n dreg haugen åt se. 'N kann vera både vill og storsli med sterkt høgfjellslag, men 'n kann au vera både yndaug og mild og med meire låglandsdåm over se. Men kår du kjøm er dæ overlag tyleg ve desse fiskjevatnom, som ligg der og blenkje, spegla den blåe himiln oppover se og bjørkeli'in og fjella omkring se — utsyne kann fange haugen så sterkt, at dæ gjer reint vondt å slite se frå di. Dæ va sagte itte någå rart, at gamelkaran ilengdest ette fiskjebuom sine, kår gong fyrysomårn va kome så langt i fjelldalom, at 'n ha vunnest å gjeve bjørkeliom grønlêten og gauken ha ti'i te å gole rondt om. Dæ va någå anna å liggje her, hell å fer'ast n'i maurtuvun i bygden med sine nie sorgje og tie hugsotte. Ein fekk nok itte helde helg heroppi hell, dæ

kunn' leggjast nokk te om dagen, men dæ kjendest som om all ting ga ro og fre' her, og itte klemde og tyngde, slikt som i di kvalme dala. Og om lego på briska med eit storr=lag onde og ein kubbe te hugugjer' va har', så sov 'n be're hell i dynseng hime på gar'a. Køm kann ondre se på, at dæ va sårt for desse „bumennom" å setja lås for dør, ner seinhaustes kom med tela jor' og jågå døm te=bygda att. Dæ er stødt så, at kår lika sitt, og dæ er itte alle som trivst,

Foto: J. N. Elstad.
Storåkre (den gamle Graupebua, Sta'e=Lars=bua, i forgrunna).

der sume tykkjy dæ er reint overlag, sålest væ dæ med di gamle fjellmennom og fiskjarom, au, døm valde se lego ette kår sin haug. 'N Sta'e=Lars tykte at Stor=Åkre va dæ formeste vatne 'n visste, og at 'n i di bu'n 'n fekk låne der, ha største hognastondin sine, Korståhågån tykte nok mest om se ve Vinstervatna, og dæ såmå gjor' nok fleire tå Skåbyggjingom. Kvikne og Skåbu ha nå ellest så mange vatn å velja imillom. 'N Per Gjynt på Sødorp stimde nok mest ve Atnsjøn om huldra va alder så ett'settaug. Kvamveran dreiv mest ve Furusjøn, og dæ vatne sto' nok itte my' attende for någå tå di andre i bygden, dæ va eit tå beste fiskjevatnom te dæ for ein 75 år sea vart slept røe der. Da kom dæ likesom vingel

i fiskealnan, og dæ har vore den vanlege meininga millom bygdafolkje, at fiskje i Furusjøa tapte se.

Dæ er oppsett så mange gjille fiskjebue og nauster ve Furusjøn, at dæ såg mest ut som ei litor grend, og dæ va bruk for husrum der, au, te sume årsti'e. For dæ va itte berre skjyttare og fiskjare som låg i desse buom ve Furu=sjøn, ska tru: om hausten i måsåtakingen kunn' dæ råkå te å vera halthondre måsåfolk, som låg i fiskjebuom 1 vikus ti' og meir. Dæ va fullt hus i alle bue te kår natt sålengje



Foto: J. N. Elstad.

Håkensætervatn, Sør=Fron.

måsåtakinga sto' på, kare og kvinnfolk ette som dæ fall se. Og da kann dæ berre hende dæ va liv i buom om kveldan utover, ner måsåfolke va attkomne frå fjelle og skull' te å kvellstelle se. Er dæ folkeleg vær, så er måså=vinna eit framifrå trivleg arbei', fjelle er tyleg og fjellnaturn sa frisk og helsaug, at antel dæ er gåmål hell ong, så livne ein opp i slikt te=være. Og dølin i godt arbeidslag sit itte muggne og stura på benkjom omkring eldsmåle på peisa; i måså=vinnun vå dæ gjennast ongdome med, ja, dæ va itte någå skjelda at ein tå døm ha fele med, tesshell, og da kunn' dæ bli både læte og dans i di vetle fiskjebun, langt utover kveln. Men i di buom som dæ itte va kåkje fele hell dans, va dæ

laging og morosamt prat tå alle slag, di ældre i lagje bar opp med minne frå di onge dågå'om sine, og di onge lydde væl ette. Lengje gjekk dæ itte førr laginga kom inn på di ondebuandest, hulder, troll og toftkalle, slikt som ha vore fortalt frå gamle dågå. Men dæ va nok døm i lagje, som sjølve både ha sett og hørt og merkt inkort, som itte „va rigtig“ — slikt kunn' for ei stond leggje ein dåm tå ålvor over heile lage, så dæ mestsom stilna i røom, og kvinnfolka som ha ærend ut, tok einan'n i arman. Dæ har nok itte vore

Foto: G. B.

Valsvatne, Sør-Fron.

fritt for ondebuandest her ve Furusjøen, m'a, og huldra har likt se væl i desse strokom, synt se har ho, au, radt te i di seinare ti'om. Kå dæ nå va døm brukte kvelln omkring peisen te i alle desse buom, antel dæ va fellæte, dans, hell laging om huldra, løyleg og hogleg va dæ i døm alle, og dæ lyddest livleg, harmlaus skratt over heile „Luseby“ te nere mod midnatt. „Luseby“ — skull' ein høre så gale, kalle denne vakre fiskjebukrulln ve Furusjøn med eit så fælt namn! Ein galning må ha gjort dæ, og så beit namne se fast med ein gong. Å ja, der dæ va så folkesamt som dæ kunn' vera i måsåvinnun om hausten, kunn' dæ nok hende dæ slong eit gråbein imillom, for dæ va mange slag folk som

va med der, og meir hell ein som ha dæ smått med ombyte. Men helst er dæ ein fleip som namna Furusjøbuin.

Jau, dæ ska' vera sant som dæ er sagt, at dæ va liv i Furusjøbuom ner fiskjaran, måsåfolke og døm, som låg på finntopp-slått, va samla minst i fjortan-dågå der. Ongdoms-skjipna, gåmål go' dølaspøk og fjellgle'e tvinna se ihop te eit go'møle, som fengde huse rondt; og stakkar døm som ha dæ lage i kroppen bore, at døm va sure, gretne og hengde på jeipen antel døm sat hell sto! — døm fekk gå igjenom



Foto: Carl Normann.

Olstappen i Skåbu.

både kvell og morgå: allt som dæ gjekk an erte og arge døm med, vart funne på, og så vart dæ ei o'fram moro tå di, au. Slikt va dæ live i „Luseby“ utover haustparten.

Men berre moro og gåma va nå itte live for alle i Furu-sjøbuom, hell, og sjølve dagsarbei'e va ofte stri't nok for allesamen; men di stakkaran som kår kvell ha dæ skaplage å koke grauten, kår åt sine matlag, ha ei har' heto-ri' å stri se igjenom. Peisen i bu'in va liten og eldsmåle, som laut helde ve', gjor' dæ steikjevarmt som ein smiuavl millom åra og bronsteinom, dæ va ein svare heta å baske med mjøl-påså og turu 'ti. Både 3 og 4 kokke sto' og venta på sin tur te å få steikt se, og defor gjekk dæ på kapping for at alle matlag kunn' få kvellvor'n i rimeleg ti'. Dæ va mat-

stræv så dæ kjentest gjenom heile kroppen, og kom ein tå kokkom reint i bakøvju, ga matlage 'om skotsmåls som va reinvaska. Men dæ jemna se støtt på skjikkeleg gjer' med kokk og matlag.

Ner fiskje, måsåvinna og finntoppslåtten om hausten va ondgjort, stillna dæ nok åv i by'n, og husa sto' att kalde og gråe i vinn og snøyro, men dæ gjekk itte mange vikun førr dæ vart ei ny ri' med liv og rørsle ve Furusjøbuin. Dæ va måsålyninga som nå va forhånd, og dæ vart fullt med folk, heste, sle'a og høymeise i heile by'n, kår tok måsån sin tå toftom, der 'n sto' i fjelle, og lynte 'n ne' på den vanlege måsåplassen frama' Årvellingen. Da vart alle fiskjebue fulle med folk att og naustra med høy og øykje; kanskje dæ itte va så friskt liv i Luseby nå som dæ va for naugre år sea, men stillt og sture va dæ itte di lange kveldan nå, hell. Lynnaran gjekk imillom einan'n frå imse bu for å slå opp ei rø'e. Sume kjørde med ongøykje for å venje døm te, og så vart dæ hestprat millom døm, som ha liv for øyk og øykje=alna, sume ha bygdanytt og bygdabragd å fårå over, og sume ha gamle historio å fortelja. Mangt eit lentaugt or' vart sagt, og mang ei drug skrøne vart fortalt, med di gjekk kvellseto så snøggt, at dæ va langt på kvelln førr någun visste tå.

Mest ingor ti' på åre va dæ folkeøy'e i Furusjøbuom, itte eingong på svartaste vintra, for da va dæ rupskjyttare og snuruvei'are som heldt te der. Ein og an'n reinsskjyttarn låg dæ inkor natta imillom att langt utover vintern. Dæ va godt reinsfjell i strokom innover mot Rândom, og i Kvam va dæ gjennast ein go' reinsskjyttar på mest kår gar'. Og den som va reinsskjyttar va stødt fiskjar au, så va itte oheppa med, så kom døm te=bygda att med både kjøtt og fisk, eit tå slagom ha døm med se att. Fjelle va my' meire utnytta i di gamle ti'om og fjellvatna likeså, og tå vatnom va kanskje itte någå meire utnytta hell Furusjøn; mest heile somårn, hausten og langt utover i di fyrste vintermåna'om heldt fiskje ve. Frå jul og te murimess fekk kanskje fisken fre', men ette den ti'a kom dæ isfiskjare, som sette på å hogge på hol på hol utpå isa og hengje kroke med agnmark n'i åt aura.

Karan ha røkta agnmarken sin væl i kjellarom om vintern, og nå va aurin forkun 'ti slik kost, så fiskaran ha rett for stræve med å hougge ein mengde hol på den tjukke isen. Nettopp någor moro va itte isfiskje, hell, alle gongo, slikt som ner dæ sette inn med klårt, kaldt vær og vinn attåt, da va dæ har't å vera berrfingra når ein skull' vetja onglom og setja ny agn på. Og så kunn' både røven og korpen gje se med i isfiskje, au, og di tu va itte go'e å gjæte minder ein heldt vakt døgne rondt. Så dæ va itte berre hogna å vera fiskjar på Furusjøa hell, m'a; formest va dæ nå på beste somåra, ner allt sto' i di vakraste somårbragden, og gauk=læte, bjøll=ljom og gjætar'hauking lyddest i liom. Da va dæ så tyleg å gå burti sætrin med kokfisk åt budeiom og bli gjort tego'es med rumgraut og sætermat atti sta'n.

Den Finntopp=slåtten som har vore gjete om naugre gongo, va au ei tå di gamle vinnom som nå er ne'lagt, men som i gåmål ti' va te go' hjålp, og defor va nytta my'. Finntoppen er eit stutt og beste gras som veks sumesta'n på slettom i fjelle, frammed myrdrag og åe' på låglende. Sume sta'n heite grase bustgras og andre sta'n finnskjegg; stutt og stiv er 'n og lett=beit for ljåegga er 'n hellanitte, men krytjyra êt finn=toppen viljaugt og står se godt i holdn tå 'om, og defor er 'n eit rigtig godt ve'fór. Døm dreiv og slo 'n ofte någå langt på hausten og sette 'n i stakk te dom tok 'n att på vinter=føre, og i kleine fór=år vart dæ vunne i mengdevis med finn=topp både tå gar'menn og husmenn. På Fryvollom, ne'med Fryun, va dæ svært te finntopp=slætte; dæ kunn' vera stakk i stakk ette alle vollom, og dæ har vore omtålå, at Forbrigd ein haust ha 30 store vinterlass med finntopp å kjøre te=gar's.

ONDERBUANDEST.

Hulderfolke i Teigskar'e. I skar'e ogo'for Teige budde dæ ein hulderkall med både kjering og bon, men ette som dæ har vore sagt, va itte dette hulderfolke tå di slagje, at døm gjor' gar'sfolkje på Teige någå vondt, hell va døm te fortræ. Dæ va snarar venskap og go' omgang millom døm, enda dæ va itte ofte hulderfolke synte se. Men så va dæ ein gong kjeringa åt hulderkalla skull' gjera bar'seng, og da kom kalln sjøl ne åt Teige og hørde åt, om Teige=kjeringa vilde gjera væl å vera med uppi Skar'e og vera ner=kono. Jau, ho ga' se med trast, og allt gjekk væl med bån=eigun. Trast hulderongjin va te ver'n kome, trongde 'n nok mat, men så vanta dæ nok slikt mjøl der i Skar'e, som ny=føingen skull' hå te vellingmjøl. „Ja, da fær du gå på sta=bure vårt ette mjøl, for du finn dæ nok der," sa Teigekjeringa ve hulderkalln. Han sette iveig, men på lite kom 'n att for=utta' mjøl, for dæ „va krota på koppan", sa 'n så 'n kunn' itte røyve dæ. Dæ va korsa både på låk og bott på mjøl=koppom, og da kann itte di onderbuandest tå si hånd ti døm, korsen er døm livende redde, og kann itte nemne 'n med namn, tehelst. Kalln laut sagte følgje med Teigekjeringen ne' på gar'n att og få mjøl, va von, for nyføingen laut nok hå mat snøggast moleg, han. Om dæ vart skote ette kjeringen på Teige da ho gjekk him att, ha itte vore omsagt, hellan=itte kå ho fekk i go'vilja for hjålpa, men denne beinka vart nok itte glømt tå hulderfolka i Teigskar'e.

Olsukuhønne på Lo. Mann'n på Lo ha vore nor'på volla mot Sorperon og funne att gampen sin. Da 'n ha funne gampen og rei' attende åt gar'a, møtte 'n eit fremont kvinn=folk, som vilde skjenkje 'om utur eit vakkert hønn, ho retta åt 'om. Mann'n tok imot hønne og læts vilde drekke, men 'n skvetta drekken attover oksla — dæ va nok sterk drekk, for dæ ha kome 'n dråpå på lenda åt gampa, og han svidd håra tå så vidt 'n nådd. Med di såmå 'n skvetta utur hønne jågå 'n på gampen og sette 'n på renne, allt gampen orka, da hørde 'n dæ ropte i hauga nor'a gar'n: „ri åt åker og itte åt eng, du litin=mann, så fær itte kjeringa att sitt olsuk=hønn'" Og Lo=mann'n gjorde så og kom te=gar's att med hønne, sea ha dæ vore på Lo te dæ kom på Maihaugen. Men i di hauga nor'a gar'n på Lo va dæ nok rigtig stygg=mykjy onderbuandest.

Ha'fruga ve Furusjøn. Ve Furusjøn og di tjønnin som ligg nerast ve, heldt dæ se ei ha'fruge som kunn' vera syn=leg ein og an'n gong for skjyttare og fiskjare. Ein mann frå Leine som vilde te=fjells ette reina, fekk sjå ho ti'leg om morgån, ho sat på ein stor, flat stein ve' Gjyriåa og kjemde dæ lange, gule håre sitt med ein gullkam. Ho ha så over=lag my', vakkert hår, at dæ reint skjein frå di i morgåsoln, vakker va ho all opp, au. Men Leinemann'n ha nok itte auga for di ha'fruga va vakker, 'n løyste eit skot på ho med reinsriflun sine. Kula gjor' nok ingen ska'e, for ho heldt nok tå se skote, m'a, men ho ha kanskje itte tenkt se å fått eit børsskot imot se i morgåstondn — ingen tå fiskjarom ho ha synt se for ein gong imillom førr om somran, ha bore se sålest åt. Og defor sette ho se for å fløtjå utur desse strokje: „farvel Flokk= og Furusjø og Koltjønnin båe! Ingen heppin mann i Leine ska' bli te niande og tiande led!" sa ho, reiste se frå di steina ho sat på og steig burtpå Flaks=fjelle. I di flate steina ho sat på ve Gjyriåa, står att eit slag ette ein nakje folkefot, så livaktaugt, au, som dæ skull' vore trakka n'i stein ein tå siste dågå'm.

Leinemann'n vart vel någå annas ve tå spådoma åt ha'=frugun, va von og ohaugleg va 'n au, med di 'n slo inn frå di eine leda åt den andre, te den tiande va ute. Ette den

dag har ingen merkt någå te ha'frugun ve Furusjøn hell di andre vatnom og tjønnom på di kantom. Inni Råndom og millom di fæle tindom og toppom der, va dæ styggeleg my' tå jutule, hulderkalle og haugfolk tå mange slag, langt atti ver'n, men dæ er så lengje sea, at alle minne er utdaue, såner som namna åt naugre fåe tå di stortrøllom, som va di mest namnsporde. 'N Per Gjynt va nå i har't kastlag med fleire tå døm, han, både med At'ndalsbøyga, ho Gjyri Sup=tryne, 'n Gust i Være, 'n Tronn i Valfjelle, 'n Tjøstol Åbakka og 'n Rolv Ellførpongje. Men 'n Per va nå gut som greidde se med trollmagten, lel, han, og gjor' nok ende både på At'n=dalsbøyga og 'om Tronn i Valfjelle, såmå fer'a fór 'n Tjøstol Åbakka. 'N Gust i Være og Ellførpongen fekk nok itte 'n Per rødt utur veiga, men dæ er nå itte sport, at døm har vore framsynlege hell gjort någå ostyr ette 'n Per Gjynt va så har't ihop ve desse bergtrolla.

Hellest ha nok huldra go' haug te å helde se på sætrom innover mot Furusjøn og Råndom, og dæ va itte langt imillom budeiun merkte, at ho va framme. Måsåfolke som låg i Furusjøbuom om hausten, gjor', au, både såg og hørde eit og anna sume gongo, så dæ va nok itte my' å tvile på, at huldra og di onderbuandest heldt se på di kantom te alle årsti'e. Dæ er ein haug ogo'for buin, og han va dæ sagte nok tå haugfolk 'ti, som ha någå tå kårt forr se. Sålest va dæ ein efta måsåfolke kom ne' att frå fjelle, døm fekk høre levandest friskt fellæte uppi hauga, dæ lêt ein go' springleik, og alle hørde dæ skjilligt. Ein ong gut tok te å kaste på se ette springleika, og da læte heldt ve, drog dansarhaugen på meir og meir, 'n klemte på med stort liv og drog se nerar og nerar oppover mot hauga der læte lyddest. Sume ropte åt 'om, at 'n skull' gje se, men dæ hjålte itte, og dæ såg ut te, han itte va kar om å slutte, og nerar og nerar kom 'n hauga. Da va dæ eit tå kvinnfolkom, som va med, som gjekk sta og tok tå 'om rauluva, rengde ho og sette ho rang på hugu hass — jau, da ga 'n se med dansa, og læte, au, vart slutt med di såmå.

Itte my' lengje sea va dæ tu vaksne kare som skull' på måsåtaking og gjekk ette sæterveiga, ti'leg om morrån. Dæ

lei så langt på hausten, at alle va fløtte him tå sætrom, og karan skull' sagte liggje i ei tå Furusjøbuom. Best døm gjekk, fekk døm sjå ei blåklædd budeie eit stykkjy frama'for se i stiga, ho gjekk i snørlivstakk og kvite plaggerme. Båe tu tenkte for dæ fyrste, at dæ måtte vera ei budeie som ha glømt att inkort på sætern, da døm gjor' bufår'a og nå skull' på sætra att for å hente dæ, men døm tykte dæ va mestsom rart, at ho bar ei mjolkebytte på arma. Slik gjekk ho eit langt stykkjy fyry døm på stiga, døm tok te å onne se og tenkte nå 'ne att, men da vart ho med=eitt tvert borte for augom derest, akkurat som ho skull' sokkje ende ne'. Men da forsto døm kåslag budeie dæ va døm såg, og båe vart annas ve.

I Frylisætrom merkte budeiun ofte, at dæ va någå som va omkring døm, men som døm itte såg; dette osynlege gjor' døm itte någå vondt, men døm tykte dæ va o=tyleg, for døm kjende se likesom så o=trygge, helst ner dæ lei på hausten, så kveldan va lange og myrke. På ein haug innafor Frylia låg dæ ein stor, flat sandstein, drivende kvit, og som vilde vore overlag å lågå se te skursand tå, men 'n va så stor at dæ va itte tenkje på, å fløtja 'n ne' på sætra. Om dæ ha vore stor nok hjålp te å velta stein kant for kant, vilde dæ vore omoleg å fått 'n n'i sætra, lell, for dæ va bergepalle imillom steina og sætern, og døm ha dæ vore omoleg å velta stein'n over. Budeiun såg ofte på dette sandsteinhympe og ønskte, døm kunn' fått brukt dæ te å gjort skursand tå — 'n va så rar, au, denna stein, dæ va beine ripo 'ti 'om ogo'på, ripe på ripe så beine og jemne, som døm skull' vore sett på med eit skulpejønn. Så va dæ ein morrå budeia i Frylin gjekk forbi denne stein'n att, ho kom att og ha lokka kua i hamn, ho sa burti være: „Gu' gje E' ha havt denna stein'n himpå sætern!" da skull' dæ itte vorte vant om sandstein, tenkte ho. Om natta ette da ho væl ha lagt se, fekk ho høre slik ein veonderleg dønn ute, dæ lyddest som någå abragdsleg stort og tongt skull' dette ne'på jor'a ogo'for sæterstugo, berre så jor'a skolv. Budeia torde itte gå ut og sjå ette kå detta kunn' vera for någå, for ho va så redd, at ho fekk itte ein blond på augo sea om natta.

Men om morrån da ho kom ut, låg denne store stein'n ho så ofte ha sêt, ner ho lokka kua, itte lang stubben frå sele, låg der heil og helde! Ho vart reint felin, for ho skjønte, at her va dæ itte folkemagt som ha fløtt stein'n, og at dæ laut vera di onderbuandest som ha gjort dæ. Kanskje dæ va 'n Gust i Være, hell Eldførpongen, som ennå va såpass i magt, at døm orka fløtja denna stein'n.

Glitterdalsjentun. Ein somår, på lag 60 år sea, spordest dæ, at dæ va sêt tu blåklædde kvinnfolk inn'i Glitterdala, og som itte kunn' vera kåkje budeia hell bygdakvinnfolk. Ein øykjeleitar frå Sell gjekk inn'i Glitterdala ein dag, og rett som dæ va, fekk 'n sjå tu blåklædde jento på fjelle frama'-for se. Døm ha sett se, og for hass augo såg dæ ut, som døm ha någå brigding hell fletting døm dreiv med, men hellest la 'n itte nøye merkje te kå døm ha millom hendom. Han tenkte dæ va budeio desse tu, han, og kom itte på å tenkje, at dæ kunn' vera Glitterdalsjentun 'n trefte frami, defor sporde 'n døm, om døm ha sêt øykje i fjelle. „Øykjin dine går ve Krokotbekken, døm," svårå den eine tå jentom, og akkurat der fann Sellvern øykjin 'n leitte ette. Og da tok 'n te å tenkje over, at dæ va någå onderleg med desse tu jentom, som 'n råkå så langt inni ville fjelle, og at døm sålest med ein gong kunn' sea 'om kår øykjin hass gjekk — dæ laut sikkert vera Glitterdalsjentun di tu, vakre va døm, tykte 'n, og væl gjor døm, au, mot honom.

Ennå ein gong viste Glitterdalsjentun se for tu kare, som va i reinsfjelle; døm gjekk inn-med Glittrun langt inni dala på eine si'un åt å'n, og best døm gjekk, fekk døm sjå di tu blåklædde jentun sat på andre si'un. Karan gjekk over åa tett ve der jentun sat, men itte tålå døm, og itte tålå karan som vart lite hyffse med di såmå, for døm skjønte væl, at desse tu jentun i blåe stakke og kvite plaggerme va Glitter-dalsjentun.

Jau, di onderbuandest likte se nok rigtig godt på desse kantom, og va itte redde for å te se fram, hell, sume gongo; huldra ha nok stort krytjyrstell og gjille bølinge på di osyn-lege sætrom sine, som alle meinte låg tett ihop med sætrom åt bygdafolkje. Dæ henda, at folk kunn' få sjå ein hulder-

bøling i fjelle, men dæ va nå itte ofte dæ gjekk på. Sålest va dæ ein gong, dæ er nå itte så fælt langt attende hell, at kua i Haugsætern vart søkkjande burte ein kvell, og budeia skjikka bo' him så mann'n på gar'a kom opp og va med å leitte heile natta; men kua fann døm itte. Med di såmå sola spratt om morrån, fekk døm sjå ein bøling med brandotte krytjyr, 15—16 gjille naut, som gjekk og beitte. Både budeia og mann'n såg desse krytjyra ei lang stond og va visse på, at døm itte hørde te på någun tå sæterstulom i neraste hamnlagom. Best dæ va vart bølingen tvert borte, og budeia tykte detta vart otyleg, men mann'n vart sint og spådd om, at 'n vilde gje se med å leite lenger, kua fekk vera borte me'a ho sjøl vilde. Da døm gjekk attende åt sætern fekk døm sjå, at kua derest kom rekkjan frå Ørvillingsfjelle, og der ha ho liggji i tu nêt.

Om huldra kunn' ha stuln sin tett attmed og imillom husom på ei sæter, henda dæ mest itte at ho gjor' någå vondt, hell va te fortræ, ner dæ itte var gjort ei hell annor omskjifting som ho itte likte, hell som kanskje skjipla stelle hena, for da kunn' ho vera ein lei granne å drågåst med. 'N Tosten Sko'e fløtte fjose sitt på sætern, han, for dæ sto så olugumt og andvint te, at dæ va ei stor plåge. Men ette dæ vart fløtt, vart dæ nok attiveiga for di onderbuandest, for sea va dæ eine oheppa og skjeivfer'a ette di andre med krytjyrom hass; kjeringa va budeie sjøl, og ein dag braut ho åv eine foten på slette fjosgolve. Førr ha dæ stødt vore go' trevna på krytjyrom hass, men ette 'n fløtte fjose, vart dæ som omskapt på alle gjer'e. 'N Tosten tyktest vera viss på, at fjose ha vorte stå'n attiveiga for huldern på ein hell an'n vis, og at ho hemnde se for fjosfløtjinga hass.

Anne Rykkhus va budeie på Standarstula i 1810. Da vart ho innti'i tå di onderjordiske og vart burte, test døm fekk ringt ho ut att med kjørkjeklukkom. Da døm laut sleppe ho utur hauga, der ho va innti'i, sa di onderjordiske åt 'ne, at ho skull' „my' få sjå, men lite forstå". Ette den dag va ho Anne Rykkhus framsynt, ho såg inkårt kår ho fór og te alle ti'e, onderjordiske såg ho i haugetal, og ho kunn' ofte gå og kroke se forbi døm. Og så såg ho vardøgle åt alle,

sume ha så kalltokka vardøgle, at ho Anne va redd å møte døm; dæ va ein mann ho kvidde se my' for å møte, da 'n ha ein ulv te vardøgle. „Er du itte redd å møte meg, da?“ va dæ ein som sporde ho, „nei, du har eit lam te vardøgle, du,“ svårå ho. Ho Anne gjekk her og der støtt, dæ va berre tufs med arbei'e for 'ne, men ho va helsaug, og ein kunn' itte sea ho va fåvetaug, hell.

Ner ho gjekk gar'millom i bygden, såg ho så mangt rart på imse stelle, sume sta'n såg ho dæ mestsom vart lågå te bryllaups hell gjestbos, da va dæ antel ein som va feig i huse, hell inkun som skull' snart gjifte se.

Ne' på Rykkhusmoa dreiv di onderjordiske med å setja opp nye hus, dæ va så mange, au, at dæ såg ut mestsom ein liten by. Ho Anne sanka ve'n sin på di moa, men på di stelle døm bygde, røyvde ho itte den minste kvist. Ho gjekk stødt med ei kakjismessbok i barma og lydde messe kår eineste syndag. Tett ve kjørkja va eit husvære som heitte Lykkja, og her va ho Anne stødt inne og kvilte ner ho ha lydt messe. 'N Per Lykkjun trudde itte på dæ ho fortalde om allt ho såg; så va dæ ein gong ho vart stå'ndest ve glase og einstirde ne'på Rykkhusmo'n, da såg ho ei rad med vogne som fór i lause være over tretoppan. „Kom hit og sjå,“ sa ho åt 'om Per, „du trur alder på meg, du.“ Men 'n Per såg ingenting. I 1813 va dæ ein syndag ho va på himveig frå kjørkjun og gjekk ette kongsveiga; best dæ va kasta ho se tvert tå veiga: „ha døkk utur veiga!“ ropte ho, „ser døkk itte allt herfolke!“ men di andre såg itte någun ting. Åre ette i 1814 vart dæ o-fre' og dæ va nok fyryboa ho Anne såg. Såmå åre sette døm opp ny låve på Rollsta, men da mann'n på gar'a laut ut i ofre'n, vart låvin stå'n att halvgjord. Ein dag kom ho Anne Rykkhus som vanleg inn på Rollsta. „Døkk ska vel tå te att med timbringen nå,“ sa ho. „Å nei, dæ får nok vera stillt te oss fær sjå, om mann'n kjøm att,“ vart dæ svårå. „Han kjøm nok snart nå,“ sa ho Anne. Trast ette vart dæ fre', og mann'n kom him att.

Ein gong ho Anne va borti Svassøm hos skjyldfolkje sine, va dæ ein syndag fleire tå di yngre gar'sfolkje ha vore iveigen og plukka molte, så dæ sto' mange moltkoppe på stugugolve.

„Nei, for ein vakker engjil dæ dansa på denne koppen!“ sa ho Anne og peikte på ein tå moltkoppom. Koppen va åt ein ong gut som va på Hole om somårn; han dø fyry jul såmå åre. Dæ va kanskje såmå gongen ho va inne på ein gar' der i bygden og fekk sjå vardøgle åt ei jente, som va i stugun: „Nei, sjå den vakre, kvite sauen!“ sa ho Anne. På ein an'n gar' ho va inne i nere Svassøm, sat 'n Vis-Knut i stugun, og da vart ho Anne så gla', for 'n ha så tyleg vardøgle: dæ sat ei duve på kår tå akslom hass og likesom hakka på hugu hass.

Ho Anne Rykkhus såg dæ va meir iblandt oss menneskjo hell oss sjølve veit om, har dæ vore sagt, og dæ ho såg va gjennast någå, som „fór fyry“, men dæ va med 'ne Anne som haugfolke sa, ho forsto itte kå som skull' kåmå ette di, ho såg fyrybo for. Mange trudde på ho Anne, kanskje mest kvinnfolk, å ja, mange andre au, for dæ va mestsom døm tykte dæ horva mykjy ette di ho sa. Heile slekta hena skull' vera mest-som rare tå se, lite go'-te-se og tufsvore; ho va bleik og om dæ va alder så kaldt sveitta ho så at dråpån hekk ihop onde hukun. Ho dø i 1829.

Ho Marit Solbjør. Itte lenger hell for 95 år sea vart dæ inti'i ei ong jente på di eine Solbjørsgar'a på Sødorp. Ho heitte Marit og va dotter hass Ola Solbjør, ho va 15 år og va nettopp himatt kome på eftalei'n, ho ha vore hos presta og skrivi se inn te konformasjon om dagen. Dæ va midt i striaste epp'ltakingen og mann'n og ein te som heldt te på gar'a, 'n Iver Øykjelykkjun, dreiv og grov opp eple, og da dæ tok te å skjømme, vart ho Marit gjort iveig og skull' finne ihop småkrytjyra uppi li'n ogo'for gar'an, og få døm i hus om natta. Hø gjekk uppi Solbjørshaugen der døm gjennast gjekk imot kvella.

Best di tu epplgråvåran dreiv og grov på åkra, fekk 'n Iver Øykjelykkjun sjå ein stor ljoske uppi Solbjørshauga, dæ lyste som tå ein rigtig stor lågåvarme, og der såg 'n skjilligt ho Marit sprang rondt kring varmin, og eit kvinnfolk va ette 'ne, retta fram arman og såg ut te å vilde tå ho Marit — detta kvinnfolke skratta kaldt og har't me'a ho flaug ette 'ne Marit. „Men kjære, kå kann detta vera?“ sa 'n Iver Øykje-

lykkjun åt far hena Marit, 'n Ola Solbjør, slo opp hugu med di såmå og fekk såvidt sjå ein skjimt tå dessa uppi hauga, han, au, men da vart dæ borte med eitt, og dæ lei' så langt på eftan, at dæ ha vorte my' mørkt. Båe tu skjøna, at dæ måtte vera någå gale på fer' med 'ne Marit, og døm skonda se uppi haugen fortast døm vanst og leita og ropte på ho Marit i lang ti', men gjor' kåkje såg hell hørde någun ting — ho va søkkjande burte. Da ho itte va attkome om natta, vart dæ samla folk om morrån og leitt i kår ein skort i Solbjørshauga, og dæ vart gjort tu kare iveig som skull' ringje med klukkom i Sødorpkjørkjun. Klukk=tauga gjekk den ti'a ne' gjenom flat=take, så ringjaran sto' på kjørkjegolve med døm ringde, di tu karan gjekk inni kjørkja og fåtå kår sitt taug og — så kom båe di tonge tauga rennan' ne'over døm, og den eine fekk ein smikk i hugu, så dæ va nere gjort 'n rauk ikoll. På taugom såg dæ ut te døm skull' vore åvskåre i klukkveivom med ein kvass kniv; nå vart dæ itte någå meir med ringjingen.

Dæ samla se folk på Solbjør frå alle lei'e, så dæ sto' reint svart på gar'a og oppover mot hauga. På eftalei'a fekk døm presten te å kåmå, 'n Peter Schnitler, som va fast kap=lan den ti'a; 'n kom i prestklæ'om og stelte se opp ve Sol=bjørshaugen, der døm tenkte se ho Marit va inni. Presten tok opp ei bok og las någå utur hena, sa retta 'n opp hend'n og sa: „På Guds og mit hellige embedes vegne byder jeg dig, Marit, at komme ud!“ Da hørde døm måle hena Marit inni hauga, ho svårå presta og sa: „ho Ømjer vil itte som du og Gud!“ Presten heldt ve med å lage ve ho og sporde kårlest dæ va der inni hauga, og da fortalde ho, at ho sto' på ein benk, men va bonde attåt 'om Minste=Lars med någå band, som ho Ømjer ha bragda tå gån ho Eli ha spunne og ho Ragnhil ha lêta. 'N Største=Lars, sa ho, sat uppi eit hol i takje. Presten sporde om ho såg han og folke om=kring, ja, ho såg døm, „og der ser E' 'n gu'far Sko'e, au,“ svårå ho. Så sporde presten om ho itte kunn' sleppe ut, og på dæ ga ho dæ svare, at ho itte såg någor dør. Sist sporde 'n ho kå langt dæ lei' på dagen: „di klukke står,“ svårå ho, „men her er klukka svær te å gå, nå er ho sju,

og nå kann dæ vera på ti'n, at folke går sin veig, for ho Ømjer og 'n Lars lika itte dette ståke.“ Presten såg på klukka si, og dæ va sant som ho Marit sa: ho ha sta'na. Folke sto fælne omkring og hørde på dette, men alle kjende se hjålpeslause med å få ho Marit løyst utur hauga att, og dæ va itte anna å gjera ve dæ, hell skjøljast og gå kår åt se.

Dagen ette samla folke se att på såmå gjer'a, sume gjekk og leitte på alle opptenkjelege stelle, sume gjekk der opp=skåkå og ondrast på, om itte någå vilde hende ner ti'a kom. Da fann 'n Svein Tjyruva'e på å gå oppå stalltreve å leite der; dæ låg eit drugt høystål der, som 'n fór over, og da dæ va gjort, vilde 'n sleppe se n'i fór=rume i stalla gjenom stalltrevhole. Med di såmå 'n va fer'aug te å sleppe se åt, fekk 'n sjå dæ kvitte i anlete hena Marit, beint onde stall=trevgluggjo, ho låg på stallgolve og såg ut te å vera meire dau hell levandest. Dæ spordest med ein gong, at ho Marit låg på stallgolve, og folkehopen stimde ihop for å sjå ho: ho låg som i svime, bleik som eit lik, og så va ho bonde både på hend' og føtt med någå foronderleg rare band, som ingen ha sêt måken te. 'N Pål Sko'e skar banda tå 'ne med tollkniva sine og tok og kasta banda på varmin inni stugun på Solbjør, men sea angra 'n på, at 'n brende døm opp, for døm va så besynderlig rare, sa 'n. Om ei stond rakne ho Marit ve=se att, og dæ gjekk itte my' lengje førr ho kom se, så ho såg ut te, å vera som ho førr ha vore. Ein kann tenkje se, at ho vart fretta og utsport om kålest detta ha gått te med 'n, og om kålest ho ha dæ den stonda, ho va i hauga, men dæ nytta itte å få ho te å gje någå svar kåkje på dæ eine hell dæ andre. Og gjekk døm har't på ho med di, vart dæ berre gråten med 'ne, ho vilde itte ut med någun ting.

Dæ gjekk ei ti' ette dessa, og ho Marit såg ut som ho heldt på å kome i dæ gamle lage sitt, ho va kanskje like=som någå stillare tå se om dågåne, så mor hena te stadaugt heldt ho onde augom og fyl'de 'ne på fot, så snart ho gjekk utt'om døra. Så va dæ ein dag mora sat og spann i stugun pa Solbjør, og ho Marit sat med og kar'a; rett som døm sat sålest la ho Marit kar'an frå se og gjekk ut. Mora lågå se ette og såg, at ho Marit tok gar'sstigen nor'te åt Sko'e=

hauga og mora sporde kår ho vilde åv, men fekk itte någå svar, ho snudd itte eingong på hugu. Mora onna se ette meste ho kunne, og da døm kom mest innåt husom på Sko'e-hauga, vart ho Marit så tvert borte, som ho skull' dufta bort, hell sokkje ende ne' i føtom der ho gjekk — nå bar dæ nok inn i haugen med 'ne på nytt lag.

Denne gongen va ho borte eit døgn hell tu, og dæ va på ei onderleg gjer' ho fanst att, nå, au. Dæ kom ein tå skjyldfolka åt mor hena Marit åt Solbjør, den andre dagen ette ho Marit vart borte att, dæ va 'n Jehans Korsta på Sør-Fron. 'N sette se på ein sengjebenk inni stugun og sat laga ve kjeringa. Best 'n sat kjende 'n dæ ga ein skomp onde botna på sengjebenka, men 'n endsa itte større på dæ med di såmå. Om lite kom dæ ein skomp te, og da reiste 'n Jehans se og sa: „Nei, E' sit visst atti veiga for nå'in, så E' lyt fløtja meg,“ „ja, du sit atti veiga for 'n Ømjer!“ hørde døm dæ sa frå benka, måle va har't og kaldt, men døm kjente måle hena Marit. Dæ vart stor ondring og reddågå attåt, men kjeringa gjekk oppå stugo og vilde finne biteti åt framon-manna. Da ho skull' gå ne'att, vart ho vâr, dæ va sli'i opp ein flik tå skindfell-være ve hugugjer'a på sengen, dette vilde ho stelle på, og da fekk ho sjå, at ho Marit låg i sengen på botta onde alle sengjeklæ'om. Med di såmå såg ho ut te å vera livlaus, kvit som snjog og forutta ends. Men ho va itte bonde kåkje på hånd hell fot denne gongen, og ho kom se att om ei ti' nå, au. Kålest dæ ha vore med 'ne og kålest ho va kome onde sengjeklæ'an oppå høgstugun, kunn' ingen skjøne, og ho sjøl ha itte någor greie på di, å spørja ho nytta itte, for ho ga itte någå svar på dæ. For-eldra gjekk med ei stadaug hugsott og ein stor otte på se, men dæ såg mest ut te, at dæ skull' gje se med desse on-derlege hendingom nå, og ho Marit va lik te å bli som ho førr ha vore om åra.

Men da dæ ha gått ei ti' utover hausten, vart ho stoms burte att, og va burte eit hell tu jemdøger. Denne gongen fanst ho att i tørrstugun på Solbjør, endslaus og ilendaug, så sotot og svart, som ho skull' vore dri'i ette veggjom i di gamle røykjetørrstugun. Dæ va 'n Iver Øykjelykkjun som

fann ho, men døm venta itte ho skull' stått imot denne venda, så reint ilendaug va ho. Jau, ho kom se att trea venda, au, og nå vart ho itte burte oftar. Ho Marit Solbjør vart ei lugum, sterkhelsa og godt go'=te=se jente, da ho vart vakse; ho vart væl gjift åt ein liten gar' i Skodalsgrend og livde te i 1895. Heile live va ho imot å minnast di onderlege hen=dingun frå konformasjonsåra hena hime på Solbjør. Dæ henda at sume sporde ho ut om inntakinga, men ho fortalde alder någå, og ha lett for å kåmå på gråten, ner detta vart nemnt. Ho va itte tonglynt i dagleg lag, men ho ha eit drag over augo som liksom minte om, at dæ va någå som ein gong hå lagt skuggje over live hena.

Mor hena Marit Solbjør la ofte merkje te, at ner ho gjekk i sjøldæle hime på Solbjør, ette ho va konformert, song ho ofte på ein kulokk som mor hena alder ha hørt, og som ho trudde dottera måtte ha lært, da ho va innti'i. Dottera song lokken ofte, og mora lærde både or' og tone. Døm ba ho ofte om å syngje denne ku=lokken, for tonin tykte døm va så vakker, men da vilde ho alder ut med 'om, ho song 'n berre i einstø'e for se sjøl. Mor hena ha lært or'a slike:

Erti og Sverti Svane,
Vetle Karduse og Krita,
ho Sokketore og Brita,
vetle Maduse og Støvelmann,
Mari og Kari, Kristian,
Opstein og Herstein og Tyra
lokka over Rês=myra:
kom ku, kom kalv, kom kjyra!
kom ku, kom kalv og alle di orolege dyra!
Kom sme'en fram med håmår og tong
og sette sitt merkje på stutehønn,
dæ voldte den skalkote lensmann;
ho Rabu=Synne, ho lækraste Mari,
ho Bårkebak=Kari, ho Reolô.
Raute, Skaute kom langt ifrå di,
kom Skindfelluksin, kom Ullfelluksin,
kom Ullfellbrann!

Himatt kom 'n Ola, liten guten, seint om kvelln;
'n Tingen Torsson, Tor Gunnersson, Gullen Garsson,
Gar'=Ragnhil, Ragnhil Rasmusson sat og song burti haugom.
Farsi, Farsi, Fagerli=fe!
Kom Fromsli, kom Gjøkoll!

Ho Kari Hågå. I Nestugun Hågå vart eine dottera på gar'a innti'i frå sætern derest i Fiskdala; ho va berre svært ong den gongen og va onderbudeie om somårn. Dæ lei' på hausten så molta tok te å bli gjord, og så va dæ ein dag båe budeian ha lokka kua uppi fjelle, ho Kari Hågå vart burte på himveiga. Den hi budeia la itte større merkje te di med di såmå, for ho tenkte, at ho Kari ha gjeve se te å hemte molte, hell inkort anna ho ha heft se med. Men da ho itte kom åt sætern att, vart dæ oppstus og leiting, kann ein veta. Bror hena, 'n Per Hågå, fann ho att ve Liahaugen, der låg ho tett innåt ein bergvegg og va liksom så væl frå=se lagt, men ho såg ut te å vera livlaus da 'n fann ho. Men ho kom se att meir og meir da dæ lei' om ei ti', og ho ha itte fått någun ska'e hell någå mein, kåkje på kropp hell sjæl. Men kårlest detta hende bar te hell gjekk for se, kunn' ho itte fortelja den minste ting om; dæ va som ho skull' vore burte frå ver'n heile ti'a, og kunn' itte minnast ei grand.

Ulvei trollkjering. I Skuthella ogo'for Kjorsta budde dæ eit jutulkvinnfolk i di utgamle ti'om, førr 'n Sante=Ola kom og innførde kristendomen her i dala. Ho kallast Ulvei, og da dæ vart bygt kjørkje på Fron og kjørkjeklukkun bar te å ljome utover bygda, vart ho Ulvei så sint, at ho kasta tu digre gråsteinhello ette kjørkjun. Te all lykke rokk itte någor tå hellom fram, men datt ne' nor'afor kjørkja på grunne åt Lista. Kjørkje og kristendom va ho hataug på, men da ho endeleg rauk med og skull' i jor'a, va dæ nok meininga ho skull' fått kjørkjegar'n, men ho va så styggeleg tong, at dæ va omoleg få ho på rette kjørkjegar'n. Døm kjørde ho med 12 gampe, men døm orka itte drå' ho lenger hell dit, som di tu steinhellun hena datt ne', da ho kasta

ette kjørkjun. Og så reiste døm di steinhellun på grava hena: den største, stor som någå merra-lass, vart reist over bringa hena Ulvei, og den står på Lista den dag idag. Den andre steinhella er berre halta så stor, og ho vart reist over knea hena, men ho har vorte øy'lagt. Millom di tu steinom va dæ minst 2 meter, og defor må ho Ulvei ha vore eit utur måta vørkje, så dæ va itte rart dæ kniptest med å få kjørt ho åt graven.

NAUGRE GAMLE SAGN.

Frå busetjingsti'om på Fron har dæ gått dæ sagne, at Skåbu vart busett fyry Kvikne, Skåbu låg nerast reinsfjelle og fjellvatnom og di tette, store skogli'in, og moan va fullsette med villt tå alle slag, både tå stort og smått. Lugumare lende og landskap for vei'ing og fiskje hell Skåbu ha, kann mest itte finnast, og dette va dæ nok, au, som dro' di fyrste busetjaran og rø'jingsmenn te-bygda i Vinsterdala. Kår døm nå kunn' kåmå frå dessa, som tok te rø'ja se himsta'e der uppi fjellbygden, antel døm kom frå austlandsbygdom om Gausdal og Espedaln, hell frå vestlande om Valders.

Minne frå busetjingen i Skåbu er longe sea slokna ut, itte eingong någå gar'snamn minne om di gamle ti'in lenger, men dæ or'e har gått, at ette Skåbu ha fått fleire faste busitjare, tok dæ te å kåmå ein og an'n som slo se ne' i Kvikne, au. Og lei' om ei ti', vart dæ fleire og fleire ette hånd, „dæ tek te å kvikne te n'i dala, au, nå," sa Skåbyggjingan, og tå di fekk Kvikne namne sitt.

Di fyrste gar'an, som vart rødt og bygt i Kvikne, skull' vera Åsmonsta og Hårelsta. Dæ kom tu brør vesta'frå, antel frå Voss hell Sogn, og vart veran i Kvikne, den eine heitte Haral, og han kom fyrst, tok te å felle skog te stuguvørkje og valde se ut himsta i tjukke skoga. Så kom bror hass ette, han heitte Åsmund, og da døm råkå 'nan'n, vart døm samde om, at 'n Åsmon skull' få stugo 'n Haral ha sett opp og dæ rø'jingslande 'n ha eigna åt se, og der slo 'n Åsmon se te. 'N Haral valde se nytt rø'jingsland lite lenger aust og

bygde og busette se der. Di tu busta'an derest fekk namna ette rø'jingsmennom og vart kalla Hårelsta og Åsmonsta, dæ er fyrste gar'an som vart bygt i Kvikne. For ein 50—60 år sea meinte døm dæ skull' vise se toft ette di stugun, 'n Haral bygde på Åsmonsta, men nå er dæ stelle longe lagt onde plogen. Men da dæ fyrste gongen va grevbrote der, synte dæ ei toft, og i ei gropo i toften va dæ kol og oske. Han Haral skull' hå någå betaling, m'a, for stugo 'n bygde på Åsmonsta, og 'n Åsmon let 'n få ein stålbågå og ein halvdale, men den halve dalin skull' vera ein lærlapp med ein sølvnagle 'ti; slike pening va ibruk i di ti'om.

Enda Skåbu vart busett fyry Kvikne, vart dæ Skåbu som sist fekk namn, og dæ skull' vera 'n Åsmon på Åsmonsta, som va opphavsmann åt namne. Da 'n ha fått gar'srø'jinga si ondagjord for dæ meste, bygde 'n se sæter uppi Skåbu og bygde ei bu med „skåtak“, for bua va nok ha'leg snargjor'. Sætra vart kalla „Skåbu“, og dæ kom te å gje bygden namne hena. Der sætra hass Åsmon, Skåbua, sto, vart dæ seinere rødt opp ein stor gar', Megar'n, dæ vart med ti'n ein storgar', og dæ vart buan ein storgauve på gar'a, som døm kalla Megar'sriddern. Dæ er ellest itte att någå fråsagn om denna riddern, og ingen veit kå ti' 'n livde, dæ ha vore gote på, at 'n kanskje kunn' gå te i Svartdaua, for den sotta sopte dæ folketomt både i Kvikne og Skåbu. Berre eit einaste menneskje livde att ette sotten, og dæ va ein ong gut frå Megar'a i Skåbu. Han tok på vidda og vilde leite ette folk som va i live, gjekk over fjelle og kom åt Slette i Heidala om julkvelln. Der såg 'n dæ lyste gjenom glugga i stuguveggjom, han gjekk inn og trefte ei ong jente, som va den eineste menneskja i Heidala ette Svartdaua. Frå di tu grodd folke i Heidala opp att.

Di fyrste busitjaran i Kvam skull' vera tri brør, men kår døm kom frå, hell kår døm va utstokkje, har itte vore omgote; og ingen veit antel døm va sørdøle hell nor'døle. Døm valde se gar'semne på kår sitt stelle, den eine i Teig-

skar'e, den andre på Hillinga og den trea i Dalsbakkom, og med di vart døm nemnde ette busta'om sine: Seval Skar'e, Knut Hillinga og Lars Bakka. Himan derest låg høgt te, mest på sætergrensom, og døm livde tå vei'ing i skog og fjell, for med oprø'jing tå jor' vart dæ nok itte så my', at jor'veigan ga døm levebrø'e te fullnas. For tu mannsaldre sea synte dæ, at dæ har vore bygt på desse tri stellom, men om dæ ennå syne tofte ette di tri himsta'om er nok ovisst.

Sølvåra i Veikle=li'n. Frå langt attende i ti'n har folk visst om, at dæ er ei sølvår ein sta'n i Veikle=li'n, men ingen har vore go=te å funne ho. Ein gong stygglengje sea, va dæ ein mann på Veikle, som va svær skjyttar og dreiv med vei'ing i skoga te kår ti', og i Veikle=li'n gjekk 'n ette fugla svært my' om våran. Da va dæ ein gong 'n gjekk se inn=på sølvåra, men 'n ha itte stonde å tå se någå sikkert mark på finn'ste'e, for dæ va ein tiur 'n laut prøve å stille fram ette læte. Han drog syl'n utu dubbelt knivskjei'n og støytte inni ei furu, midt oppover der åra stakk fram og tenkte, at dæ laut vera godt nok merkje. Men syln sin va 'n itte kar om å finne att sea, kår my' 'n stræva å leite; 'n leitte og leitte kår eineste gong 'n gjekk i skoga, men itte fann 'n att syl'n, og itte fann 'n att sølvåra. Dæ va sagte itte fritt for, at di onderbuandest ha vore framme att med dessa og avlågå funne for 'om, for di onderbuandest vil likesom slå eigna pa alle sølvåre som finst.

Båle er ein husmannsplass onde Haversta, og denne plassen har fått namne sitt tå di, at dæ på=lag 1622 vart brennt ei trollkjering der — sjå s. 199. Dæ va brennt 3 trollkjeringo på Fron den gongen, og dæ va vel på di såmå stelle døm vart avliva alle tri. Dæ er lite osikkert kålest avlivinga tå trollkjeringo gjekk for se i di ti'om, men dæ er vel dæ mest rimelege, at døm som va dømt te å rettast „med ild og sverd“, fyrst vart halshoggje, og at kroppen sea vart brennt på bål. Ti'a bar te å leggje åv di omenneskjelege avlivingsmåtan på dødsdømde i dæ 17de hondreåre.

'N Sant=Ola og ormen. Da 'n Sant=Ola kristna daln og kom åt Fron ette slagje på Bræe, fór 'n på vestsiun igjenom Ruste og heldt rast på Bø, — sume si' dæ va på Lo=moa.

Kongen og mannskape kvilte og åt ute onde berr himil, og me'a døm reidde opp maten, kom dæ rennan ein orm imot 'om Ola. 'N sette ormen og forbau 'om ette den dag å „vise se imillom Jolun og Golun, og millom Hågåhauga og Lauga", og sea har dæ itte vore sêtt orm i desse strokun på vestsi'un åt Lauga. Me'a 'n Sant=Ola va her i Ruste den gongen, skull' 'n påleggje Rustverom å byggje kjørkje på Bø, og ho vart oppsett der, au, og sto te pålag 1600. Døypefonten er ennå på Bø, men dæ va ein gong, ette Bøkjørkja va ne'lagt, at fonten skull' fløtjast uppi Kvikne=kjørkja og bli brukt der; og dæ gjekk radt å kjøre 'n like te døm kom åt Bjønnsteina på høgste Helgefell, da sto dæ itte te å få hesten eit føt lenger. Og så laut døm kjøre døyp'fonten attende åt Bø.

«Å setja ne'» folk i kjørkjun. Døm som ha haug te å sjå trollkjeringun i bygden, ner døm Jønsukunatta ha møte med Styggmanna sjøl i kjørkjun, laut „setjast ne'". Men denne ne'setinga va dæ berre fåe som forsto å gjera, og så måtte døm nok hå svartboka, skull' dæ lykkast. Han som sette ne', krita ein ring på kjørkjegolve så stor, at døm ha rum inni ringa så mange, som vilde bli ne'sett; så fekk døm ei salmebok døm laut stå med onde hukun, fadervåre vart skrivi med krit omkring krit=ringen, og attåt las han, som sette ne', någå som ingen fekk høre, dæ va sagte bøne utur svartboken, m'a. Ner dæ lei' innåt mi'nat, laut den hell di, som vilde sjå trollkjeringun, stelle se opp inni ringa, for klukka 12 kom trollkjeringun med stygga sjøl fyry. Fyrst brukte døm å gå omkring altere med stygge avlæte og åt=fer'e, og sea ha døm for se så my' o=likt og o=høvleg, at dæ skull' vera fælt å sjå. Dæ va itte alle som bellte å sjå på trollkjeringmøte i kjørkjun, veike folk fall i ovêt og kunn' bli tuffsne ette i lang ti', men dæ va farleg å gå utur krit=ringa førr møte va slutt, gjekk ein uttom ringen, fekk troll=kjeringun magt over 'om, og da va dæ itte godt å veta kå som kunn' hende, for di „ne'sette" va nok alt anna heil væl=sêtt tå desse trolltya.

Frå seinere ti' er dæ fortalt om ei „ne'seting" i Frons=kjørkjun som visst har gått for se millom 1840 og 45. Dæ va mann'n på Gråv som den ti'a ha greie på å setja ne', for

'n ha i ongdoma vore skulmester og va i dæ heile ein væl opplyst og go=te=se mann. Tu brør vilde endeleg bli ne'sett, og kanskje dæ va eit par te med døm, au. Bak ette ha eine brorn fortalt inkort om kå døm ha sêt, og da detta spordest i bygden, vart karan mellte for ærekrenkjing; døm kom for retten og laut forklare se. For retta sporte skrivarn (Rand=klev) den eine tå di tu brørom, køm 'n ha lært denne ne'=setinga tå, „av min søn Paul, og han er død for halvandet àr siden," svårå 'n. Skrivarn sporde viare: „så du mig?" „sâg du meg?" ga den andre te svar. Med dessa enda dæ, og saka vart ne'lagt.

Svartdauin i Kvam. På fyrste snoga om vintern ette svartdauin ha rasa frå se i dølabygdom, kom dæ tu onge gute åt Veikle i Kvam. Døm gjekk og leitte ette folk, men kår døm kom, var folk og fê strokne med, husa sto tome, og gar'an låg øye. På Veikle sàg dæ ut te å vera tomt for folk, men da døm kom inni gar'n, vart døm vâr slag ette ein liten folkefot i snoga, og inne fann døm ei vetljente som va dæ eineste menneskje i Kvam som livde ette svartdaua. Kår di tu gutan va frå har alder vore omsagt, men den eine heitte Daffin (Dagfin) og den andre Offin (Audfin), og døm vart buande på Veikle. Dæ er itte fortalt, at jenta vart gjift med någun tå desse tu, men dæ er nere sikkert, at ho gjifta se med 'om Daffin, for dæ namne va ennå i bruk på Veikle 250 år ette svartdaua, og dæ er tenkjandest, at mange tå Kvamverslektom har utsprange sitt frå døm.

Ein bygdaselle. 'N Endre Amundsson Lo har vore my' omtålå på Fron attigjenom ti'a, for 'n va ein någå onderleg selle, ein storskrytar og storljugar tå velten; på Fron va 'n defor mesta kalla for Ljugar=Endre, au. 'N Endre va ellest tå godt folk, for far hass, 'n Amund Torsson, va bror hass Tor Bratt på Bjølsta og fødd pålag 1685. 'N Amund budde ei ti' på Åseng i Heidals=skogbygden, men kom seinere åt Lo i Ruste, og der voks 'n Endre opp. Ette 'n vart vakse og gjift mann ha 'n Endre, au, Åseng i bruk og budde der ei ti', defor er 'n kalla Endre Åseng i folkemunne i Heidala. Frå Åseng fløtte 'n attende åt Ruste og brukte Lo ei stond, men kjøpte sist nørdre Rollsta tå fauta, 'n Kristen Pram.

Någun driftaug gar'brukar va itte 'n Endre, dæ va nok itte meir hell så vidt dæ slong, men skryte tå alle storbragdom sine va 'n kar te, og dæ va gut som smorde tjukt på. Me'a 'n va Heidøl, va dæ frå di ti'n me'a 'n va „hime på Lo", 'n fortalde om storverka sine, og dæ kann berre hende dæ va bolte med hugu på, 'n Endre smidde.

Ein sein kvell, me'a E' va hime på Lo, fekk E' høre fa'n sat og hulle utve' Vinsteråa — de'med gjekk E' åt beitkåsta og spikka meg ei dugeleg bjørkeslo, djeven besetja meg, va 'n itte gla 'n tagna, karn!" Der hime på Lo ha døm ein peis i fjose, som dæ va slikt eit veonderleg drag ti: kom kalvan fornere åra, vart døm stå'n på kne og svega, og kom hønun bortåt peisa, dro' døm oppigjenom pipa. Men den ti'a 'n va på Åseng, henda dæ, au, inkort som dæ va for-slag ti, sålest va dæ ein haust ette slagtingen døm gjor' så orimeleg store vompylso på Åseng, at 'n Endre og ein vakse kar med 'om ha børt med å bera ei pølse imillom se på ein handspikar, ner døm skull' hå døm på stabure. Åseng-jor'e er bratt, dæ, like ne' i Sjoa, og så va dæ i ei vending døm gjor', at dæ sleit se laus ei pølse og sette på å rulle ne'over og kom på så har't skot, at ho slo ikoll ei fôrlyu som sto' på stolpe, og pølsa dro åt Sjo'n så skvampeln sto høgt ivære. Ein gong, antel dæ va hime på Lo hell på Ås-eng har itte vore omgote, ha 'n Endre ein gjeldvedde som va veonderleg te ullsau. „E' fekk tri merk ull tå spæla hass," sa 'n. Son'n hass Endre hørde detta og skull' hjålpe te, han, au: „va dæ itte fire merk, du?" sporde 'n. „Snyt deg nå, gut!" sa 'n Endre.

Gar'sdrifta hass Endre på Rollsta fekk itte någå godt or' på se; 'n ha itte framfer' te å rå se på med turrve', og ner dæ galdt om å skaffe lite turr-ve' av og te, så klauv 'n tå onnkvarvom i ve'askåla. Detta dreiv 'n på med test skålin ronnde ihop ei natt. Om morrån kom 'n Endre burti grann-gar'n og bar se for, at dæ ha vore forgale te vær om natta, „skålin vår har blåse ne'," sa 'n. Dæ henda 'n vart innpå-sliti for mat på Rollsta, og ein gong dæ vart brø'laust på stabura, bytte 'n bort eit jor'stykkjy på vælså 20 mål for ei brø'støe.



Foto: J. N. Elstad.

Landskap frå Kvam.

Kjeringa hass Endre heitte Ingjeleiv, og di tu livde eit godt samliv og kom stødt væl overeins om allt. Dæ va ein gong 'n Endre skull' lappe sko'n hena Ingjeleiv, men dæ vanta lær å vêle med, da kom 'n beran' med sala hena og ondrast på, om 'n itte kunn' skjera eit stykkjy te sole utur ei tå salflasmom. „Jau, berre ta tå sala du, Endre, E' ri' itte ofte, lel, E',“ meinte kjeringa. Fautgar'n (nørdre Rollsta) selde 'n Endre i 1786 og tok onda gar'a eit engjestykkjy som kallast Pålsslette.

I 1763 gjor' 'n Endre Amundsson, som den ti'a va på Åseng, ei fer' åt Kjøpenhamn, han fekk om hausten dæ åre reisepass frå amtmanna for se og „medhavende tjener“. Kå reisa galdt er heilt okjent, dæ va vel inkort 'n tenkte se te å søkje majestæten om, va truleg.

IMSE SLAG.

Den fyrste Frøningen som reiste åt Amerika frå søre Fron og kanskje den fyrste frå heile bygden, va 'n Knut Persson søre-uppigar' Skodal. 'N Knut reiste i 1837, men om dæ va någun Frøning i følgje med 'om, er dæ itte lenger någå kjennskap te; 'n va skreddar og kom i arbei' hos ein skreddarmester i Ny-Ork. 'N Knut livde berre eit par år ette 'n kom åt Amerika; dæ kom brev åt far hass Knut frå mestera hass i Ny-Ork om at 'n Knut va dø.

Fyrste landhandlarn på Fron va ein som heitte *Ole Dompe* og truleg va ein kjøpmann frå Oslo som fløtte uppi Gullbransdaln. Dæ vart gjett kongeleg resolusjon om landhandeln i Nori' i 1753, og ette honom skull' landhandlare her på austlande vera byborgare frå Oslo og ha gjort borgarei'n sin der. For å drive landhandel laut døm løyse kongeleg „privilegium“, og dæ gjekk se sume stelle opp te 300 rdlr. Landhandlaran i Gullbransdala ha itte lov te å handle med andre varo, hell di døm kjøpte i Oslo, og i di kongelege resolusjona om landhandeln va dæ fastsett, kå mange døm skull' vera her i dala. 'N Ole Dompe va landhandlar på Fron i 1758, men ha kanskje da handla sea 1754; ette gamle aksionslisto frå di ti'om ha 'n nok någå å gjera med aksione i dala og va kanskje „priviligeret auktionarius“. Han må vera dø fyry 1768, for dæ åre er dæ enkja, Dortea Dompe, som er auktionarius. Ein kann ellest itte sjå kår Dompe ha kråmbua si i bygden.

Dæ er itte kjent køm som tok att landhandeln ette Dompe,

men dæ er itte orimeleg at enkja heldt ve med handla ei ti'. I 1800 er 'n *Simen Fougne* landhandlar og har hus og bu=stad onde Gråv; någå seinere er dæ ein heitte Bøyesen som dreiv landhandel på Sør=Fron. Bøyesen skull' vera ein kjøp=mann frå Oslo som ha gjort oppbu, 'n va ein væl opplyst mann og va forlikskommesar i Fron te pålag 1824. I 1825 opna 'n *Hans Freng* frå Brøttum krambu på uppigar' Hon=dorp og handla der te omkring 1850. 'N Hans dreiv någå=så=nere stor landhandel ette di ti'om, og ha stort oppland både sø'over og nor'over.

'N Karl Johan i Fronskjørkjun. Da 'n Karl Johan va krynt i domkjørkjun i Nidaros om hausten 1818, reiste 'n over Dovrfjelle og gjenom Gullbransdaln på attende=fer'n, framreisa åt kroningen la 'n gjenom Østerdaln. Da 'n kom åt Fron sta'na 'n for å sjå på Fronskjørkja, som den ti'a va rekna for ei tå di sværaste landskjørkjom. Dæ møtte my' folk ve kjørkja som gjenne vilde sjå den nye kongen vår, „Pontekurven", som døm hørde så my' om i 1814. Mann'n på Gråv, 'n Nils, va den ti'a ein tå fremste bøndom på Fron og ha fått Danebrogsmerkje, og dæ ska vera 'n Nils som la grunnstein'n onde kjørkja. Nå møtte 'n, tok imot konga og føl'de 'om i kjørkjun. Da kongen ha sêt dæ 'n brydde se om, sa 'n ve tolken di or'a, at 'n tykte denne kjørkja va i sværaste lage i ei bondebygd, og på dæ svårå 'n Nils Gråv: „Oss har bygt ho sjølve, deres majestæt."

Utta'bygds sæterhamning. På=lag 1830 tok dæ te kåmå Hemarksbølinge inn i sæterhamningun på Fron; ein og an'n tå storgar'om der utover leigde sæter på Fron og låg i hamn med store bølinge, både naut og småkrytjyr, heste og ofte grise attåt. Dette kann ein veta va te stor ska'e for di andre sætereigarom i bygden, og dæ va stort missnøygje med, at dessa store Hemarksbølingan te kår somår kom og snøydde åv hamna for bølingom, som hørde bygden te. For å verje se mot desse sette 200 gar'menn på Fron opp eit forlik imillom se den 31. januar 1835, tinglyst 25. juni s. å. Dette forlike er grunngjett med at budrått, fealna og hestalna er ei tå vigtaugste næringsgreinom for Fronsbygden, og som itte tola å bli åvkorta forutta at bygda vil slite stor ska'e og

kanskje bli øy'lagt. Heile denne vigtauge næringsgreina heng ette, at di overlag go'e fjellhamnin Fron har, bli utnytta på beste måtin, desse hamnin som all sin dag har hørt bygden og gar'om te, og som berre bygda har rett te å nytte se tå. Men da fleire bygdamenn har ti'i te å tå utta'bygds krytjyr inn i sæterhamna i slik mengde, at dæ i sume fjellstruku bli forlite hamn for di skuld, og da denne utta'bygds hamninga veks på meir og meir, er di som har skrivi onde denne semja kome overeins om slike vilkår: I. Alle di gar'brukare som er med på denne semja, og likeeins di ettekomande gar'eigaran, bitt se te, itte å tå inn på sætre hell fjellhamne krytjyr frå andre bygde, kåkje smått hell stort, antel gar'n har ein hell fleire sætre, antel gar'n ligg på sætern sjøl, hell itte. II. Den hell døm som bryt denne semja lyt svårå 4 spesidale (kr. 16) i mult for kår hest, ku og ongnaut, og 1 spesidale for kårt småkrytjyr som er ti'i inn frå andre bygde. III. Den som ve kjøp på homskroms prøva å omgå denne semja, betale såmå multa. IV. Om någun sel hell pakta burt någå sæterbol åt utta'bygds folk, er gar'n sæterbole ligg onde, pliktaug å svårå den i II. fastsette mult sålengje utbygdinge har sætra. V. Te å hå ettesyn med at denne semja bli helde, vel almugjin 4 menn, ein frå kårt sokn, med 4 varamenn; vale bli helde treakårt år ette valmannvale. Desse mennan har fullmagt te å drive inn multe og te å reise retssakje, om dæ kann trøngjast. VI. Val på ettesynsmenn, reiknskap og anna som kann felle, bli å bokføre i ein protokol som ska førast tå honom, som ve vala har di meste stemmun. Semja trø i kraft ner oppsynsmennan er valde i 1835. — 209 onderskrifte.

Venteleg sta'na denne sæterleiga og hamninga tå utta'bygds krytjyr for dæ meste, ette denne semja vart tinglyst, men ho dro' fleire rettssakje ette se, og doman fall stødt te beste for bygden. Likevæl va dæ naugre tå Hemarksgar'om som sætra i Fronsfjellom millom 1840 og 1860, sålest sætra Dæhli i mange år på Kristensætern, Kaulum på Årstula, Freng på Triltåsa og Huseby i Sikjilsdala; Sikjilsdaln va denne ti'a ein eigendom onde Groupe i Kvikne og ei hamnstrekning, som kanskje itte gjekk inn onde semja frå 1835.

Frå sæterdriften åt desse Hemarksgar'om har dæ hangje att eit og anna minne, millom anna har ofte 'n Hans Isømsli'n vore my' omtålå; han va budeie åt døm Dæhli på Kristensætern i mange år, og her i bygdom va dæ reint eit se-umslag, at ein kar va somårbudeie. 'N tok te med budeistell for di skuld, at 'n va någå veik med helsun, og 'n va nok rigtig dugeleg te å stelle på alle vis, så 'n fekk både my' og vælstellt somårdrott. Kjeringa hass va med 'om om somran og va onderbudeie, og på Dæhli tykte døm væl om sæterstelle åt dessa tu. 'N Hans Isømsli'n va ellest ein snodig selle, 'n va med i mest kårt eineste lag i gren'n og va bjoar og skjenkjar, truleg va 'n den siste bjoarn i bygdom som ba' ette di gamle bjoarreglun. 'N ha mangt å fortelja, 'n Hans, og kunne ein heil haug med smårispo, sålest fortalde 'n om ein som heitte Harkjil, som va med døm Kaulum på Årstula, at 'n va så fæl te banne, at dæ itte va någun måte på. Ein gong sat 'n Harkjil uti stø'n og gjor' spenninge — døm brukte spenningbann åt ku'n på sætrom i di ti'om, m'a —, men vi'un va så skjyre, at døm berre vilde støkkje for 'om, og så vart 'n sinnt og sette på å ni'banne, så dæ va fælt å høre på. Dæ låg ei stor gristro frammed der, og med ein gong reiste gristroa se på endin, gjor' ein sving forbi 'n Harkjil og steig så over hafella — døm såg skjeleg dæ gløste som frå eit par augo i øvre enda på 'ne. 'N Hans Isømsli'n dreiv med budeistelle sine sålengje 'n orka, og dø da 'n va i 80-års aldra.

Tamrein i Fronsfjellom. I 1840 hell der omkring vart dæ freista med å helde tamrein på Fron, dæ va naugre som slo' se i lag og kjøpte ei drift tå Røyrosfinnom, men dæ gjekk itte rart med desse te-taka, kå dæ nå kunn' vera som va skulda, ulven va stygg her i dala denne ti'a, og han skull' nok tolle har't tå driften, som ein kann tenkje se, ner han på ein somår reiv ihel itte mindre hell 17 naut på Sødorpkjøla. Men så er dæ helst truleg, at gjætinga itte dugde, for døm ha itte finne te gjætar, dæ va ein gåmålvore Frøning, 'n Gamel Ola Larsstugun, og han va nok itte skjikka te reinsgjætar. Reinslage vart oppløyst, og døm ha nok itte anna att for stræve hell tap.

Villrein va dæ någå tå framover te 1870 og någå seinere, Hemdalshøa, Sikjilsdalshøa og Åkkerkampen har nå all sin dag vore tå di beste reinsvonom, og her slong dæ inkun hopen langt frami ti'a. Men nå ser dæ ut te å vera tomt i alle fjell.

Bygdadikting er dæ itte likt te dæ har vore någå større tå på Fron, hell, i di gamle ti'n, dæ har ellest vore smått med diktare og dikting i alle dølabygdom; di gamle dølin ha kanskje itte gjevna på den lei'a. Bånsulle og smårim ha dæ vore itte så lite tå, men døm har vore på=lag di såmå i alle bygdom; sume tå døm ser ut te å hå vore kjent mest lande rondt, og sume er kome frå Vestlande; køm tå døm som kann hå opphave sitt her i dala, er itte lett å slå fast, døm er nok itte mange, hell.

Tå visedikting er dæ reint smått dæ, som nå er å få tak 'ti, og dæ har visst itte vore någå rikt grø'e tå di slaga någor ti', men dæ kann vera moleg, likevæl, at ein del er gått i glømska. Ette dæ lei over midten tå di 18de hondre, va dæ gjenne ein hell an'n klukkarn og skulmestern, som sette ihop inkun sangen om eit og anna hende som ha gått for se, helst ei stor olykke hell inkort folk tykte va merkjeleg. Diktarn, hell rimsme'n, valde da stødt bokmåle, som 'n hand=såmå kjeivleg og ohendaugt, og arbei'e vart nerast eit rengje=bilæte som itte va någå ver'. Sume kunn' prøve med gude=lege rimsme'arbei', oftast kleine ettehermingo tå Kingo, Dorte=boken, 'om Petter Dass og Vollkvart, mest stødt va denne bygdadiktinga åndlaus riming, fri for allt som heitte stem=ning. Tå desse rimarbei'om er dæ itte likt te, at Fron har havt någå. På bygdamåle kunn' dæ i sume tå bygdom bli gjort inkun fåe sangen, men da er dæ gjenne halvt hell heilt nidviso med or'lag så grove og vør'eslause, at døm er omolege. Døm er ofte lentauge, kvasse og råkandest, med eit ypperlegt mål, egte dølamål, og sume tå desse visom er så go'e, at dæ er ille, at innholde er så lite høveleg. Dæ er såvidt Fron har att lite tå desse sistnemnde skaldskape, og som defor lyt tåkåst med.

Bukkevisa. Dæ va ei som va kalla Sjugurs=Anne, som gjekk på imse tå sætrom om somårn og i gar'om om vin=

tern, „ho nærde se redeleg med kjefta og med tjuvri ette som dæ høvde best“. Ein gong vart denne visa dikta om ho:

Å stakkar bukken som live miste!
'n vart ne'grave forutta' kjiste,
'n vart ne'søkt i dæ djupe hav,
ho Sjugurs-Anne ho vart hass grav.

Å stakkars guten som bukken jor'a!
'n ha nok gått hos si mor i skula:
jor'e bukke og stela lam,
dæ er te setja si mor i stann.

Oppå sætrom døm har si vandring,
med sæterjentom døm har si handling:
rumme ti flesko og smør og ost,
eit nytt ulltørklæ' kom visstnok burt.

Dæ va kje lengje førr tull'n vart funne,
men smøre va nå vel utur-runne,
og marken krabba så vidt døm såg,
dæ er någå som folk forstår.

I Hålågar'om der går døm stulla,
seint om kvelln bli tullan fulle,
mjøl i serkje og kjøt og flesk
og søtten nyklo med varp og veft.

'N Per Larslykkjun va fødd i Bjølstalykkjun i Heidala 1754 og va ein tå di fyrste, som va døypt i di nye Heidals-kjørkjun; ette 'n vart vakse va 'n buan i Larslykkjun i Ner-Heidala ei ti', og sea bar 'n namne ette di hima, og va stødt kalla Larslykkjin. 'N Per kjøpte se ein him på Kolun i Kvam, Nils-Koloa døm kalla, og her budde 'n te sin døyandag. 'N va go' timbrar og go' sme' og dreiv desse håndverka dæ meste tå ti'n, ein godt go-te-se kar, framifrå nøytaug og sterkhelsa og ein lentaug kar. Larslykkjun va ein tå friskaste karom i Nor'dala me'a 'n va i beste årom sine, ein gong sprang 'n tie kvarv oppigjenom slette låvveggen på Slett'låva i Heidala. Og ein gong 'n ha timbra eit nytt hus, stugu hell låve, gjekk 'n med ei ølkanne i ei hånd og timmer-manns-bila si i di hine, ette mønsåsa frå ende te an'n. Dæ va brukeleg at timraran skull' hå mørn-kanna, døm kalla,

den ti'a, ner mønsåsen va lagt. Ein vinter va 'n Per nor'i Skjåk og va i arbei' hos di rike Skjåkveringa, 'n Hans Sper=sta; for arbei'e skull' 'n ha både någå mjøl og någå flesk, men båe slaga tykte nok Larslykkjun va ring vare, og så dikta 'n desse versa om vara Spersta'n ytte:

Farvel Sperstan, du rikje pukje!
nå er dæ på ti'n eg lyt frå deg struke
dit, som eg kann få grone godt,
der dæ er turka og itte rått.

Og fem urt våga for mjøle 'n senda,
og knapt nok om dæ heldt vegta enda,
med lange så'e og sanmell=mjøl —
slikt kann Sperstan eta sjøl!

Seks urt tok 'n for fleske 'n avla,
ho va med si'a og ryggjetavla,
og ryggjebeine va tjukt og stort,
men Sperstafleske dæ ska' bli sport!

I Skjåk ha 'n nok lært konsta å gjera såmaskjino, for 'n arbeidde ei og kanskje fleire slike ette 'n kom him att, dæ va enda gote om, at 'n Per fann opp Loms=såmaskina, men dæ er itte rett. Dæ va 'n Vass=Per i Skjåk som va den fyrste Gullbransdøln, som arbeidde såmaskjino, og han tok konsta ette ei maskjine presten Peterssen ha kjøpt med se på Hemarken, da 'n fløtte åt Lom. Ve fleire høve sette Lars=lykkjun ihop viso, som gjekk som varme i turt gras i bygden, for døm va stødt lentauge og gjenne dugeleg kvasshynnte. Va dæ gjort eit skarvestrøk i bygden, så dikta gjenne 'n Per ei vise, og da la 'n itte fingra imillom, og versa hass svidd verre hell ei dugeleg bot. Dæ va naugre kare som ha gjort herverk på åsagen åt Veikle og Klevsta, ståle utur krum=tappen og sli'i tå jønngjørin tå hjulåsom. Detta kom på karan og døm laut bøte dygtaugt for overke. Slikt va nettopp emne for Larslykkja, og dæ kom ei rigtig bitandest vise på fleire vers, som heile bygda moro se med. Tå di visun er dæ itte att meir hell naugre småe brot, kanskje dæ er eit heilt vers:

Dom tenkt vorte menn
tå gjølom døm fann,
men døm fekk døm dyrt betale,
for Veikli'n va har'
og Klevstan va snar,
dæ rokk itte hondre dale.

På ein tå gar'om i Ner-Heidala vart dæ gjort my' volls-verk og ska'e eit år, tå tu brør, som på den gjer'a hemnde se på mann'n på gar'a for di, 'n ha fått ein lausongje med syster derest. Detta va sjølsagt någå Larslykkjin kunn' syngje om, og dæ kom ei lang vise som gjekk i Ner-Heidala ein mannsalder. Men den sangen ette Larslykkja som fekk mest samhaug millom småfolk, va den um „fanten og knåpin“. Tå honom finst dæ, au, att berre naugre brotstykkje, og døm legg for dagen, at 'n va itte vælnøgd med samfundshøv'om og fann, at „knåpan“ missbrukte magta si i bygden.

Kåfor ska E' leggje skatt?
E' har nå ingen gar',
dæ vetle eg fortene går burt te klæ'e og mat;
denne forbanna skatten
døm legg på lause folk!
døm snikje likesom katten
ner kona kom inn med mjolk.
— — — — — — — — — —
— — — — — — — — — —
— — — — — — — — — —
E' er nå så væl forsynt med grôn,
E' har vel eit hal'pond mjøl,
um sugle vil E' itte melle, E' har vel ei mork hell tvu.
E' berga meg vel på somårn ei stond,
si'a fær dæ bern.
— — — — — — — — — —
Ner døm når ti den ringe floe
så skjikka døm fante bo',
og ner døm ha fått sine låve stengde,
da let døm fanten få gå.
— — — — — — — — — —

„Fanten og knåpin“ er itte någå vælgjort rim, dæ er tru-leg frå omkrieg 1800, og er eit vitnemål om, at dæ allt den ti'a tok te å gro opp eit klassehat hos småfolk. Og for di

denne Larslykkje-sangen om fanten og knåpin bar opp med kå, som rørde se på botna hos ein stor del tå smålennings-klassun, vart 'n så gjæv og va helde for eit mesterverk.

'n Per Larslykkjun ha 13 bon, tolv gute og 1 jente; fleire tå døm va dugelege kare; den eldste vart onderoffeser og budde i Nidaros, tu hell tri va ljåsme'e, og alle va stræv-same arbeidsfolk, som berga se.

På sine gamle dågå vart 'n Per Larslykkjun vekt og vart gudeleg, om dæ va Haugerørsla som vekte 'n, hell dæ va den gudelege rørsla 'n Vis-Knut bles liv 'ti på Fron, er dæ itte någun kjendskap te. 'N Per dikta ein og an'n gudeleg sang ette 'n va vekt, au, og ein tå døm har vore kjent te i seinere ti'e, Larslykkjevisa, som ho kallast; ho er på bok-mål og legg se ette å vise, at diktarn har vore væl kjent i bibela, men ellest er ho eit tomt rim forutta ånd og eld.

KRÅK'VISA SOM HO ER KJENT PÅ FRON.

Og mann'n han reiste åt beitan-skog
så va dæ så le, så langt tå leie,
der fekk 'n høre kråka gol,
så va dæ så le, så langt tå lei'.

Og mann'n gjekk himatt og klågå se:
så va dæ så le, o. s. b.
eg meine storkråka fæ' drepa meg!
så va dæ så le, o. s. b.

Å kjære min mann tålå itte skam:
har du hørt kråka har drepe nå'n mann?

Og mann'n han sennte bo' te by
og kjøpte se ein stålbågå ny.

Og mann'n han la bågån på 'n kvist:
dæ fyrste skote skaut han imist.

Og mann'n la bågån på ein stein
og skaut storkråka i bringjebein.

Og mann'n la bågån på sitt kne
og skaut storkråka så ho datt ne'.

Og bågån sprakk og kråka datt
og mann'n skratta te kjeften sprakk.

Og mann'n sette=for hestan seks,
men fekk inte enda storkråka vekk.

Og mann'n sette for hestan tolv
og kjørde storkråka på kjørkjegolv.

Tå hugue gjor' døm kjørkjeknapp,
tå nebba gjor' døm tynnetapp.

Tå tarmom gjor' døm sju slag reip,
tå kloom gjor' døm møkjagreip.

Tå vengjom tekte døm alle sine tak,
så va dæ så le, så langt tå lei'e,
og døm vart tette som svarvafat,
så va dæ så le, så langt tå lei'.

Olykke på Hondorpsonde. Ein syndag, 3. oktober 1830, hende ei olykke på Hondorpsonde; ei ferje med 4 øykje og 7 menneskjo skull' over sonde frå båksi=lande. Dæ va for=tong last og stri vinn, og ferja kom itte meir hell ein 30 meter frå land, førr ho kvøldest og alle 7 menneskjun og tu tå øykjun bleiv. Døm va 4 tenestgute, 1 kjering og 2 jento som misste live ve dette hende, og berre tu tå døm lykkast dæ å finne att, di hine fem sto' dæ itte te å sokne opp att. Denne hendinga vekte djup medkjensle i heile Fron og va omtålå i lang ti' ette.

Lite meir om trollkjeringo. Om den trollkjeringa som vart brennt på di plassa, som vart kalla Båle, er dæ fortalt någå meir hell dæ som førr er omskrivi. Da døm føl'de 'ne på rettersta'n batt døm attfor augun hena, for døm ottast tå, at ho kunn' hå magt te å gjera olykko med di vonde augom sine. Og da ho skull' rettast og døm løyste frå augom hena, så ho fekk døm frie ei litor stond, fjettra ho tri plogkrøkje og tri plogkare på Steig, men dæ fjor'e krøkje og plogkarn greidde ho itte, for der va både plogkarn og krøkje fromsinge, og så va selapinnan gjort tå flogrogn.

Någå my' seinar i ti'n va dæ ei trollkjering i Holom; ho ha trollkatt, og han dro' nok mjølk og rumme ti ho, så dæ va store spøk. Tu kare vart hauga te å brenne troll=

kattspy og vilde prøve, å få denna kjeringa tvinga fram. Dæ va enda ein frå Tofte som heitte Hans, som sette brenninga i verke, og døm brende 'ti ei børspipe. Jau, ho laut møte opp, trolle, og 'n Hans Tofte va kvasst fer'ig te, å gje 'ne ein dask i kjeften tå 'n beksomsko=hæl, så ho blødde — dæ lyt tåkåst ut blo' på trollkjeringen, ner ho bli brennt fram, hellaug er ho farleg.

Stallmester Nils Frydala. „Namne mitt er Nils Larsen Frydala, lisp, lasp, tisp, tasp, staurtjuv — E' er født på plassa Frydala som ligg ve den veigen, som går over ei bru åt Venabygden." Sålest va dæ ofte 'n Nils Frydala namnga se sjøl, ner 'n va på godt møle. Nå va 'n Nils itte så lite tå ein serling, og så va 'n någå vanfør attåt, for 'n va halt på eine fota og eine handa va au mest obrukeleg. Frå ong=doma tok 'n te å vera stallkar, og dæ heldt 'n ve med så lengje 'n orka, 'n va stallkar på fleire tå skjyss=skjiftom: i Øy'n, på Lista, på Skjeggjesta og i Kjørkjestugun. Og mange tå di reisandest som te imse ti'e for att og fram gjenom daln, lærde å kjenne „stallmestern" og ha haug te, å slå opp eit lag med 'om; han fekk på denne måtin mange kjenninge, og ein kann nok seja venne, for dæ va någå ve 'n Nils, som dro' folk åt 'om, og 'n plukka stadaugt inn drikkjepening, og ein dråpå om senn kann gjera heile tynna med ti'n. Han gjømde ihop og va sparsamd med skjellingom, så 'n la se opp ein bra peningsom, ette ti'n som ho da va, og da 'n slutta å vera stallkar, kjøpte 'n se førå' og ha dæ godt og trivleg på sine alderdomsdågå.

Han ha samla ein heil mengde med tobakpipo, spaser=stokke og svepo som han ha fått, mesta frå di reisandest, likeeins itte så fåe gongklæ'e tå imse slag. I julom kunn' 'n få dæ innfalle, at 'n skull' ut å gjeste gamle kjenninge; da tok 'n på se stasklæ'e og kjørde i pels og storstøvle og kom te=gar's med dumbjøllo som ein storing. 'N Nils Fry=dala va itte avhaldsmann, men va måtehaldsmann, men dæ kunn' nok treffe, at hatten sat på 3 hår, ner 'n kom att frå ei slik gjestingsfer'.

'N Iva Glasmester va sagte fødd på=lag dæ bele Holstein=karan låg ute, og da 'n vart vakse kar reiste 'n åt Kjøpen=

hamn og gjekk glasmesterlæra. Dæ va itte så lite nybyggjing på Fron denne ti'a, og dæ gjekk my glas for åre åt ei så stor bygd, så 'n Iva skjønte, at dæ kunn' vera eit levebrø å vera glasmester, ner 'n kunn' hå stadigt opplag tå glas, for dæ va både tongvint og fall se dyrt for folk, å hente glas frå Oslo. Og 'n Iva sto' se godt med di handverkje og va 'n velberga mann; 'n budde i Glasmestermoa ve Harpefossen, og bruke har namne ette håndverkje hass. Son'n hass

'N Sima Ivason, va au glasmester som far'n, men attåt di dreiv 'n med farging og persing. 'N va ein dygtaug kar som dæ gjekk fram=te med og kjøpte Heggjero, bygde opp og vêlte om jor' og hus og sat i vælstand på gar'a. 'N Sima va 'n har'sett kar; sålest va dæ ein gong 'n va på Grønset=martna og kjøpte se både hest og eit lass med jønn. På himveiga kjørte 'n ne' på Mjøsen og misste både den nye sotote hesten og lasse; hesten fekk 'n opp att, flådde 'n og selde hu'a, og for ho kjøpte 'n brennvin og trakterte på døm, som ha vore med og hjålt 'om. I desse gravøle slo 'n Sima opp ein kallskratt og sa: „Sotin gjor' se åt jor'n sjøl, han!" Son'n hass Sima

'n Iver Simasson Heggjero, va einsleg bån og vart ein mann som va vælkjent på heile Fron og viare i bygdom. 'N ha go' gjevna på fleire lei'e, og frå skula hass Per Nilsen ha 'n go'e skulekunnskape. 'N Iver Heggjero va for si ti' overlag go' med penna og va brukt my' te å setja opp do=kument for folk og te å rå'leggje se med, ner folk heldt på kåmå burti ogreio og flokote sakje. Og 'n Iver va ein tå desse som stødt sto viljaug te, å yte andre den hjålp 'n kunne. Hellest va 'n go' sme' og go' hjulmaker, men va nok någå ostadaug, slepte eitt og tok att eit anna, sålest va 'n ei ti' på kontore hos fauta, men treivst itte lengje med di. 'N va ein framifrå skjønsamd kar, og folk tok 'n gjenne med på rå', ner døm skull' setja opp nye hus hell skull' planleggje eit og anna, som dæ galdt om va lettvennt og vælgjort og gagn=leg for framti'n.

Fiskjar va 'n Iver med all sin haug, og te di va 'n måkå=laus go', 'n va 'n sterk kar med ei jønnhelse, har'sett så 'n itte skjydde kåkje for eitt hell anna. På fiskjing kunn' dæ

hende 'n vart så utkjørd, at 'n la se på elvebakkjin og hengde føt'n uti vatne, på den gjer'a tok 'n ein stutt sømn. 'N Iver Heggjero va gjift, men gjiftarmåle vart bånlaust; kjeringa va ei dugande og drivtaug menneskje, og kunn' nok itte bare se for, å gje manna ei oppskuku, ner ho såg 'n kunn' for=søme gar'sstelle for andre ting, 'n ha større liv for. Og slikt skapte kanskje itte be're himhaug hos 'om, om dæ itte nettopp kan seast, at dæ va någå kleint samliv millom døm. Nettopp nagun drivtaug og påpassaug gar'brukar va itte 'n Iver Heggjero, enda dæ itte vanta 'om på kunnskape og skjøn på den hånda, hell. Den lugume gar'n Heggjero selde 'n te skrivargar', da Millom=Gullbransdaln skrivarembet vart skjipa. Så kjøpte 'n Muriteigen på baksia ve Hondorpsonde ette å ha fløtt fleire gongo. Her i Muriteiga livde 'n som førådsmann, og her dø 'n i 1892, da 'n va 70 år. Han va ein ose'vanleg evnerik mann, men brukte desse rike evnan meir for andre hell for se sjøl, og defor skreiv målar'n, 'n Even Knutsson, på gravstein hass: „Han andre hjalp, men ei sig selv, om end han sad på båtens hvelv.“ Dæ va hermt ette far hass Iver desse or'a om 'n: „dæ vanta 'om Iver tu ting: framfer' og himhaug.“ Målarn Skredsvik måla eit bi=læte tå 'om Iver Heggjero.

Tu tå brørom hass Jakop Hauga (sjå s. 278) va duglege håndverkere, 'n *Hans Ivason* va garvar og 'n *Ola Ivason* skreddar. 'N Hans gjekk onderoffesjerskulin og sto i tenesten naugre år, men 'n vart lei militerlive og slutta, reiste åt Oslo og gjekk garvarlæra. 'N kom atti himbygda, da 'n va utlærd, og dreiv garving, fyrst på Renshus og seinere på Maurhauga; der bygde 'n opp hus og sette allt væl istand, fekk my' arbei' og tente godt. I 1854 kjøpte 'n Nigar'=Kjorsta og fløtte dit. 'N va ein serskjilt go=te=se kar som både kunn' tålå og skrive for se. 'N tålå bokmåle for dæ meste, alle'=visst ner 'n vart sinnt. Ein gong kom svina hass på Kjor=sta him=att frå sætern, braut se inn på jor'e hos skrivara på Heggjero, så døm vart ti'i og sett inn der. Me'a døm dreiv

å sette svina inn, kom 'n Hans som eit sterkt vær, og så sa 'n: „jeg tar mine svin igjen — og er det noget sorenskriveren vil mig, så er jeg garver Iversen og bor på nedre Kjorstad — jeg er, fa'n piske mig, ingen rømling!" Men garvarn og skrivarn sto på go' fot med einan'n, og dæ vart itte någor ogreie med svinom. Han dreiv garvinga te 'n dø, da 'n va 65 år.

'N Ola Ivason gjekk skreddarlære og dreiv skreddarhåndverke te 'n kom åt Skoga i 1864. Han fór omkring med drengje i gar'om på gåmål gjer, både i søre og nørdre Fronsbygdom og va nok mest i Ruste. 'N Ole ha or' for å vera rigtig go' håndverker, og ner dæ va någun som vilde hå gjort se stasklæ'e, laut døm hå 'n Ola i huse. 'N Ola kjøpte Ru'landhaugen i Ruste i 1853, der va husa da mest te ne'falls, og så va dæ te å byggje frå nytt både hime og på sætern. Om naugre år bytte 'n se frå Ru'landshauga åt Skoga, og der va husa ennå låkare hell da 'n kom åt Hauga, og så laut 'n andre venda te å byggje mesta frå nytt både hime og på sætern. Men på 12—14 år sto husa i full stand, vælgjor'e og lugume allesamen.

'N Ola va itte tå di skreddarom, som dæ går tri tå på våga, 'n va stor, grovlemma og sterk. Han va på Romsdalsmartna'a ein haust og kjøpte se ein litenvore hest, og for moro skuld smaug 'n onde hesten og lyfta 'n oppfrå marken. Ein gong sat 'n Ola og skreddelte i Sødorp-Moa, langt utover natta ein laurdag. Søndagsmorrån vilde 'n Ola him åt Hauga — han budde der da —; detta va ti'leg på våra, men elva va isrein, og ve Øya va dæ båt. Men da 'n Ola og drengen hass kom åt båtstø'n, va båten på andre si'a; da fann 'n Ola se ein staur, trædde have på persjønne innpå staurn og vådd på skrå frå Øyavolla bortpå Merragrynna, staurn med persjønne heldt 'n ogo'for se. På di djupste slo vatne opponde hend'n, og stridt va dæ, au, så dæ fossa, men over kom 'n. Drengen ha vilja gjort dæ såmå, han, men 'n Ola fortalde 'om, at dæ fekk 'n vakkert let' vera. 'N sa sjøl seinere, at den fer'a vilde 'n itte gjera oftare. 'N Ola ha ein son som ennå livi og bur på Vetlhåmår.

Bygdadoktere. I mest kår einaste bygd fanst dæ førr i ti'om „rå'auge“ folk, kare og kvinnfolk, som skjøna se på lækjekonst og ha vet på å lækje sår, verk og beinska'e og andre innvortes sjukdome. Døm va gjenne folk som åtte sergjevna i denne veigen, og som va heilt ut sjøllærte, og berre bygde lækjekonsta si på gåmål røynsle gjenom ti'a og si eigje attåt. Framette mot hondreårsskjifte i 1800 tok dæ te å kåmå ei og annor doktorboka, som sume tå desse bygda-dokterom fekk tak 'ti og med di auka kunnskapan sine. Sume tå desse sjøllærde bygdadokterom va reine flogvet, som imillom kunn' gjera så vanskelege ting, at dæ er mest otruleg, døm ha ein så go' kjennskap åt menneskjekroppa, at ein lyt ondre se. At døm kunn' gjera store missgrep mangein gong, va nok te-felle, men dæ er på den andre si'a visst, at døm i desse ti'n, da dæ itte fanst studerte doktere i någor bygd, va te stor hjålp og lindring for di sjuke og berga mangt-eit menneskjeliv. Sume tå di gamle sjøllærde dokterom trudde på rônkonste og brukte døm te lækjemiddel, for pålag alle bygdafolk trudde på trolldom og róning i gamle dågå. Men ellest ha bygdadokteran lært å kjenne ein mengde tå di me-disinske plantom som veks her i lande.

Di fyrste dokteran, som ha fått någå vitskapleg opplæring, som tok te med lækjarørkje her i dala, va militer-lækjare, „feltskjære“, som døm da kallast. Men opplæringa derest va visst så ring som ho kunn' vera ofte, døm ha vel ute i felten og på militere sjukehus lært å stelle med sår, sårfeber og kanskje sume andre sjukdome, men studert doktervitskap ha nok di fåeste gjort. Allt i 1760 kom dæ ein feltskjær åt Ringbu, som heitte Knut Rongstad, og vart buandest i bygden i fleire år, kanskje te 'n dø. Fauten Pram er i tvil om kå 'n va te kar og gjet på i eit brev åt amtmanna, om dæ itte kunn' trøngjast, at ein studert medisiner overhørde denna feltskjærn, men om dæ vart gjort er okjent. I 1765 fæ' ein feltskjær Johan Reinhart lov tå amtmanna, å setja se ne' som dokter i Gullbransdala; denne mann skull' hå godt lov frå Holsteinlegre og va kanskje ein, som ha lært någå meir lækjekonst, men dæ er okjent kårhelst i dala 'n tok busta'n sin. Någå lenger fram i ti'n ser dæ ut te, at

„bataljonskirurgen“ budde inna'for bataljonsjestrikte og visst dreiv som doktere i bygdom, ner døm itte tenestgjorde i felten hell onde eksisa. Truleg budde dæ mest stadigt ein bataljonskirurg på Fron, men døm er itte namnkjent førr i 1800, da budde dæ ein som heitte Karl Teusjer på Tåro; han er nemnt for bataljonsfeltskjær.

I 1818 er dæ ein „bataljonskirurgus“ Herman som er nytta te dokter i neraste bygdom og budde vel helst ein sta'n på Fron. Da dokterstelle vart te-skjepa og lande delt i dokterjestrikt, vart heile Gullbransdaln eitt jestrikt, og den fyrste jestriktsdoktern heitte Gunner Kjølsta og budde i Fåberg. Om dæ nå budde ein kirurgus på Fron, vart dæ fæle veiglengde å hente dokter åt veiglause avkroke i bygde, som låg langt frå busta'om åt di tu dokterom, ein kann tenkje se Lom, Vågå og Vestre Gausdal; Lesja henta vel helst dokter frå Folldala, da dæ stadig va dokter ve Folldalsverke, dæ kom se nå an på årsti'a. I desse dokternø'n som ein lyt kalle dæ, sa dæ se sjøl, at di sjøllærde bygdadokteran vart brukte ut i ytta, dæ va ofte ingen an'n utveig, og folk ha hellanitte slept trua på døm.

Men i 1794 kom „kvaksalverloven“, og ette hena va dæ straff for den, som forutta å vera dokterlærd tok se for med doktering tå sjukdom, og ner jestriktsdoktorn fekk høre om ein bygdadokter, som fór med „kvaksalveri“, drygdest dæ itte lang stonda, førr fauten fekk melling om dæ og syndarn vart dri'i for retten. Både 'n Engebret Melom i Ringbu og 'n Per Brennun på Dovre vart mellte 2 gongo, og Melomen, som nå va ein rik mann, fekk saksomkostning og ei bot åt fatti'kassun. 'N Per Brennun vart båe vendun berga, både for sakskostna og tukthusstraff, tå di medisinske fakultete i Oslo; ve overhøring synte 'n fram, at 'n ha go'e kunnskape både om sjukdom og medesin.

I våre dågå lyt ein ondre se på, at folk kom igjenom med eit så usselt dokterstell som dæ va her i bygdom, like te over 1860; men folk va sterkhelsaugar i eldre ti', og i mest alle dølabygdom ha døm go' folkehelse. Dæ va den gamle kveissotta som rykkjevis kunn' herje på 'n farleg vis, te vaksineringa ette 1810 på ein 15 års ti' rydda denne sjuk-

domen ut. „Sotta“ (nervefeber) kunn' tende se imillom, vissa va 'n ei ti' har' i Skjåk; der va „ratasjuka“ (syfilis) itte lite utbreidd i mange år. Men bygdadoktern, 'n Ola Hole, bygde eit sjukehus på Hole ette kontrakt med amtmanna, og fekk stegga både sotta og ratasjuka.

Någun meire namnsport bygdadokter på Fron er dæ itte funne minne om; men dæ er nok mest sikkert, at dæ har vore fleire slike attigjenom ti'a. Kanskje kann dæ itte hå vore någun som har vorte så vi'sport som slike kare som Melomen, Brennin og Holin.

Himlærde krytjyrdoktere vanta dæ nok hellanitte i någor bygd, di gamle folkedokteran va nå gjenne krytjyrdoktere attåt. Frå seinare år er dæ ennå att minne om ein sjøllært dyrlækjar på Fron med eit godt namn, 'n *Ole Ånnehauga* på Sør-Fron. Han va ein dugeleg hestgjelkar og dreiv my' med di, både i Fron og Ringbu. Langt attende va hestgjelkinga eit „o-ærleg“ arbei', og dæ va langfantan (tateran) som skar hestan i alle bygde her på austlande, og døm skull' vera dugelege te di, au. Fantan „råskar“ hestan, døm brukte itte klomre, som dæ seinere vart gjort, men døm bøtte att di største blo'ærn med silkjetrå. Ånnehaugj'in klommerskar, han, m'a, men da husdyr-trygdelaga kravde go'kjente dyrlækjare te hestgjelking, minka dette arbei'e burt for 'om Ola, og dæ vart mesta doktering tå nautskrytjyr 'n heldt ve med. Te di vart 'n henta te alle kante, for 'n va dugeleg te å lækje sår og innvortes sjukdome. Med kalvingskue va Ånnehaugj'in reint ein mester og berga live på mangei tå døm. Han va blinn i lang ti', men dreiv med dyrlækjingen, lell, og sa sjøl, at ette 'n misste syne fekk 'n så my' finare og gløggare kjensle. 'N Ola ha eit eigje lag te å kåmå se med krytjyrom, og fekk fårå over døm mest som 'n vilde, odyrslege heste fekk 'n stelle med, og døm fann se rolige 'ti di. 'N kunn' i sume høve skjøne ein sjukdom be're hell 'n go'kjent dyrlækjar; sålest va dæ på ein gar' dyrlækjarn ha dømt åv ei ku med live, ho ha „kvasst“ 'ti se, trudde 'n, og kua måtte itte setjast på fleire år. Dagen ette trefte dæ te, at 'n Ola Ånnehauga gjekk forbi gar'n; 'n vart be'e inn for å overfårå kua. „Nei „kvasst“ (nål, spikar,

hell anna) trur eg itte ho har," sa 'n Ola, men ho har kjertelsvulste i halskroka, og døm kann lækjast med alunvatn." Alunvatn vart brukt, og kua vart frisk att og livde tu'ltri år bakette. Enda 'n Ola va blinn, va dæ merkjeleg kårlest 'n kunn' rettlei'e se sjøl og veta kår 'n for, ner 'n va ute og gjekk på imse kant i bygden. Sålest ha 'n eingong skjyss med ein bygdamann som vilde skjysse 'n Ola frå Forr og åt hima hass; da døm ha kjørt vælså ein halv time, sa mann'n: „nå, Ola, veit du vel itte kår oss er?" „Jau," sa 'n, „nå er oss like ve O'e og kjøm trast burtpå brua," og akkurat på den flekken va døm. 'N Ola dø 1890 millom 70 og 80 år gåmål.

SMÅTING FRÅ ARBEIDSLIVE.

Bondelive har gjenom alle ti'e vore eit arbeidssamt liv med stort stræv og hugsott for alle døm, som ha viljan te berge se sjølve på skjikkeleg gjer'. Bondeørkje har stødt gjort krav på, å „liggje 'ti" seint og ti'leg te alle ti'e i åre, for dæ galdt allti' å få gjort arbei'e onda i rett ti', så itte någå vart fyrystå'n og liggjanes attende. Slikt har dæ vore for storparta tå bondefolkje, og dæ har alder vore meir hell eit lite få'tal som har sote så romt 'ti di, at døm ha utkåme te, å tå live ette som døm sjølve vilde og spårå se både for stræv og hugsott. Slikt har bondelive vore på Fron, au, enda denne bygda frå alder så langt attende va den fremste i dala og sikkert ga bygdafolkje mindre stræv og slit for å kåmå igjenom, hell i mange tå di hine bygdom, som itte har den grø'rike jor'a og dæ go'e telægje som Fron.

Dæ lagdest itte my' friti' og kvild te for ein gar'mann åre igjenom, slikt som bondelive va for ein 75—80 år attende; om 'n va skjyttar hell fiskjar, så kunn' dæ kanskje sjå ut som ei go' lise i di daglege stræve, at 'n gjor' ei fer' hell tu om somårn te-fjells. Men desse fjellfer'in vart oftest allt anna hell ei arbeidslaus kvild: døm kunn' atti-sta'n bli ei lauping og strending høgt og lågt ette grenselause vidde, og fiskjarn ha nokk å gjera di dågåne, som va 'om temælt, og dæ va itte meir med sømn og kvild hell minst mole. Kvilda vart dæ hellan smått med, men fjelle er nå fjell, kårsomer, og itte någå kann friske opp og stålsetja haugen hos ein døl som fjelle og fjell-live, om dæ itte bli så lange stonde, 'n

har å fer'ast der om gongen. Difor va ein fjellfer' på vei'ing hell fiskje ei stor helsbot, og dæ va ein haugna som va go' som gull, å få riste tå se hugsotta og omsveve i naugre dågå; ein kom te=gar's att med tviauka mod og vilja, te å gje se ikast med di daglege stræve att.

I arbeidslive va itte skjølnan stor millom smålenning og jemne bondfolk, millom arbei'ar og hosbond, arbeidsklassa vart nok ve tongarbei' og grovarbei' i jor'brukje meir, hell gar'mannsklassa, men ho va attista'n på fleire måte spårå for my' tå di hugsotten, bøndan laut drå' på stadaugt. Alle, kår på si lei', laut liggje 'ti, og dæ va itte någå bygdafolk tok se meire nêr tå, hell å få or' for å vera letinge, defor va bond'folke jemnfare, både hosbond, tenar og husmenn, folk som itte spårå se hell dro' se onda. Standsskjølnan er ei utvekst som grodd någå seint opp i Gullbransdala, og 'n va lite på veig kome ennå i 1750, og sålengje dette ograse itte kom større te magt, va samlive millom hosbond og ar=bei'ar godt, døm vilde einan'n væl og sto' på kårandres beste. Dæ låg itte kåkje avun hell hat og glødde onde hos någor klasse, og defor va mannsaldern millom 1750 og 1785 ei stor framgangsti' i jor'bruk, krytjyralna og folketal i Gull=bransdala.

Onneti'in va sjølsagt di striaste arbeidsbålkan på kår gar', for i døm galdt dæ om å få arbei'e onnagjort så snøgt som moleg, og defor gjekk dæ på har'skuv antel dæ va plogonna, slåttonna hell skur'onna som sto' på. Arbeidsdagen va lang, frå klukka 4 om morrån te 8 om kvelln, og dagsverka, som døm ha måta se te tå se sjøl gjenom mannsaldre attende, va itte småe og trongde nok dagslengda. Lenger hell 10 timer vart nok oftest itte arbeidsti'a i onnom, likevæl, for med matkvildom og øktkvildom vart det itte over 10 timer med arbei' ner det itte ein gong imillom galdt å få onda=gjort någå, som dæ brådd sers om med, antel for være skuld, hell for ei helg som kunn' felle inn. Både med sjølve arbei'e, ti'n og kvild'n va dæ gamle takste og skaplag dæ gjekk ette, og takstin for eit fullvakse dagsverk va strie nok; dæ va mønstertakste i rutevidd for dagsverk i slåtta, og like=eins i skura, der dæ itte va skåre i trævatal, da va taksta

ette trævarekning. I tryskingen på låva om vintern va dæ gåmål takst å helde se ette, ner dæ va leigde folk som tryska, såmå=eins va dæ med lauvhogging og i måsåfjelle om hausten. Og overdrivi og orimelege va itte desse takstin nettopp, for vaksne og helsauge folk, men døm va jemnfare så vælmælte, at den som greidde døm, fekk itte någor ti' teovers tå di lange arbeidsdaga. Ellest va dæ itte så stridt med desse skaplagom og arbeidstakstom, at dæ itte va moleg å sleppe med mindre arbeidsmengde; på ein gar' va dæ mange slag folk i arbei', både for=onge og for=gamle, og folk som kunn' vera for=veike te å nå opp i dæ fullmælte dagsverke. Dæ vart ti'i avsyn åt desse, og desse gamle takstin sto' der som mål for den arbeidsmengdin, ein fullfør arbeidskar kunn' greie på ein 10 times dag.

Sjølvefolke på ein gar', der stelle og drifta både ute og inne va vælskjepa og i godt lag, ha itte høve hell haug te å helde se onda di arbei'e, som fall på døm te kår ti', og bona, ette som døm voks te, laut vera med å gjera nytte for se — døm va itte så basta og bonde åt skul'benkjom i gamle dågå, m'a. Og mann'n i huse på ein medels stor gar' ha bruk for daga, han, likesåvæl som døm som dreiv med tongarbei', gar'skjøring hell jor'arbei'. På kår gar' va dæ smiu førr i ti'om, og dæ hørde med te å vera ein „full=panta" bonde å vera såpass sme', at 'n smidde onde øykjin sjøl, og ellest gjor' dæ gar'ssmie, som trongdest te å helde gar'sambo og rei'skap istand. Mange gar'menn ha på denne visen lært se opp te rigtig dugelege sme'e, som kunn' gjera mest kå dæ skulle vera, både tå jor'bruksambo og eggjejønn. Mann'n va dæ, som sådde åkran om vårn, og han va dæ, som førde talstokken og va med og dro' opp ette skulfolke om hausten, han va dæ som lå'a ló'a, ner den vart kjørt ihus. Sume kunn' hå ein någå te=kome husmann på gar'a, og som 'n gjenne trudd viss=så godt om som se sjøl, som tok eit hell fleire tå desse arbei'om, men dæ va nå itte alle gar'menn som va så heppne, enda dæ va mange tå desse væltrudde og vælvørde husmennom, som i arbeidslive på gar'om va høgre hånda åt manna.

Turkinga og malnan på ein gar' va gjenne eit stort arbei',

og dæ va au någå, som mann'n sjøl gjor' som oftest. Dæ va bekkjekvenn på mest kår einaste gar', og mest alle desse gjekk med flomvatn om vårn, og av og te om hausten, au, di haustan dæ kom dugeleg haustvæte. Kom flomen i vår=onnti'n kunn' dæ bli ei trabel ti': våronna laut gjerast for=utta stan's, men dæ gjekk itte an å leta kvennvatne renne åv te fånytte, hell. Og så laut mann'n vera såmann ner dæ trongdest, elde tørrstugo kår dag og målå på bekkjekvenn både natt og dag. Med desse laut dæ klemmast på, allt dæ gjekk, for dæ folda itte så har't for desse småe kvennom, kunn' ein nå 3—4 tynno i jemdøgne, va dæ itte å klågå på. Nå skull' dæ itte småplukk te for at gar'sfolke kunn' ha somårføa, og mjøl va den vissaste kontanten for allt arbei', som vart leigt bort, både på karsi'a og kvinnfolksi'a. Attpå kunn' kanskje mann'n etle se åt Folldala hell Røyros med ein 8—10 tynno mjøl, ner dæ lei så langt dæ vart stødt og godt føre te=vintras. Defor laut dæ skuvast på med turking og malning, for ingen kunn' veta, om dæ vart kvennvatn te hausta, om både 'n Jakop Våthatt (Kvennknarrn) og ho Marit Vasause sto' å sprikte i al'nakkun, som døm ha gjort frå di gamle ti'om. Dæ fekk nok itte hjålpe, om mann'n fekk lite sømn for se ein fjorten=dågås ti', hell så på=lag — desse bekkjekvennin laut hakkast og rei'as og sandmålåst tidt og jemnt, og auga ette døm laut ein hå te kår ti'. Døm va ofte leie med di døm itte heldt stille, og så va dæ så snøgt gjort å gje døm meir i=fall, hell døm tåla, ner ein gjenne vilde skonde på. Og så vart mann'n gå'n der, kvit tå mjøl og kvennduft i tu'ltri viku, nattvakje og utsliti, test 'n ha fått så my' mjøl onde i kjær og bølo, at 'n tyktest vera trygg på å hå somårføe — kanskje Kvennknarrn kunn' leta kvenn=vatn att te hausta, au.

Ner gar'mennan sjølve va fer'auge med malna'a vår og haust, lånte smålenningan kvennin og betalte ei rimeleg leige med arbei'; jemnt vart kvennin ille med=fare ner døm ha vore lånte bort sålest, og gar'mennan ha itte så lite arbei' med å helde kvennin sine i go' stand, te kår ti' døm skull' brukast. I seine og låke våre, i har'e turkår, kunn' dæ bli så har't um kvennvatn, at dæ mest itte vart någor kvenn=

gång, og da vart dæ reint nø' med malna'a i bygden. Nå va dæ naugre større leig'kvenne som ha årgangsvatn, slik som i Foss=å'n og Golo'n, men i store turr=år hende dæ, at vatne trout så folk laut reise heilt uppi Skåbu med meld og få male på Fosse=kvenn i Kampfossa. Malinga va ei arbeids=grein tå bondlive som ga my' stræv, og di gamle bekkje=kvennin va så innvokse i bondekulturn, at døm åtte ein heil rikdom med erveminne; nå, da både kvennin og erveminne derest trast er borte, er dæ likesom ei fro'aug grein tå tre'e er tå=skåre. Men dæ er eit stort spørsmål om itte dæ mjøle desse ne'lagde, gamle kvennin mol, ha så my' å sea for folkenæring og folkehelse, at døm trøng å kåmå opp=att på ei be're og lettvintere gjer', om døm ska svårå te di nye ti'n.

Bekkjekvennin har ei lang og ennå o=skrivi saga her i lande frå di gamle ti'om, da døm løyste åv håndkvenna (som eingong løyste åv gnekarstein og kapaln), og te den siste mannsaldern som ga di gamle kvennbergom våre dauhogge. I 1665 ha Fron 155 bekkjekvenne og som ette di nye skjyld=setjingen va skattlagde; skatten va 8 skjilling for ei vanleg kvenn te gar'sbruk, men kvenne som attåt kunn' målå leig'=meld va skattlagde for 12 skjilling. På Sør=Fron va dæ itte så fåe tå siste slagje.

Frama'for er snurte innpå fleire tå gar'sarbei'om, men eitt tå di slagje og som vårå frå ei go' ti' fyry jul og te somårmål, er ennå itte vorte nemnt, dæ er trysken, som heile vintern igjenom lyddest frå låvom på kår gar'. Di taktfaste tustslaga, som stødt fall tittast og med største tyngd'n i klårkalda, liva likesom opp i stilla, som vintersdag kunn' liggje og tyngje over repp og grend. På storgar'om va dæ gjenne ein eldre husmann som tok på se trysken og kastinga, på mindre gar'e va dæ gjenne tenestguten og ein husmann som tryska, og døm va te vanleg eit skjei' på låva med lykt om morrån frå klukka 4 te 6, førr døm tok ut på gar's=kjøring med øykjom. Dette gar'sarbei'e så endeframt som dæ kunn' sjå ut, ha gjenom di lange ti'in skapt se ei arbeids=konst som laut lærast, om arbei'e skull' bli vælgjort allt opp, ein ovørin fjask kunn' „tryske ille" så dæ vart heile aks att i helma, og va 'n ohendaug te „riste", kunn' dæ vera att

itte så lite stridt konn i halma, og som itte vart te någun nytte, men ronnde utover fjosgolve. I tryska va dæ au gamle takste for dagsverke, som meire sto' der som ei mønster, hell døm va brukte; tå go' lo skull' ein vakse og helsaug kar tryske 1 tynne bygg på daga. Trysken på gar'om kunn' ofte vera bortsett på akkort sålest, at tryskarn ha kosten og 10—12 skjilling tynna, men da skull' 'n hå kastinga med. Dæ va nå helst på di någå større gar'om trysken va bort=sett sålest.

Om itte arbei'e på ein gar' heile ti'a i åre va så stridt som i onnom, og i imse andre ti'e ner dæ va någå sers som skonda på, så va dæ stødt nokk å gjera, dæ lagdest inkort te, dag ut og dag inn, åre igjenom, og mann'n va den, som laut ha alle tråan i hendom. Defor va itte live for ein van=leg bonde nettopp någå helgedagsliv, bondlive kravde ein stadig omtankje, eit vakje te=syn på alle lei'e og ei hugsot for heile driften, som 'n alder fekk sleppe heilt tå se.

Kravde bondlive eit stadigt og ofte strengt arbei' på manns=si'a, så slapp itte kvinnfolka onda på si si'e hell, dæ kunn' vera ytt som bytt med di. Ei kjering og husmor på ein medels gar' ha nokk å gjera te alle ti'e, og va gjenne den fyrste som va oppe om morrån, og den siste som roa se om kvelln. Og kravdest dæ omtankje tå manna på ein gar', så kravdest dæ kanskje ennå meir tå ei husmor, som gjor' ålvår tå, å hå den beste gjer'a på allt kvinnfolkstelle på gar'a. Heile gar'sdrifta kom dæ kôt og o=trevna på, de=som itte kjeringa, husmora, matmora, va likesom den som breidde trevna og hogna over dagleglive på gar'a. Ho sørgde for mat og klæ'e, og ho laut hå augo ette allt på kvinn=folksi'a, både ute og inne. Kosthalde i eldre ti' på bonde=gar'om va endeframt, men dågåne i eit år er mange og måla er fleir, og den, som er husmor, og ska berge se dæ lange åre igjenom med di, som avlast på gar'a, fær itte ause ut forutta' å tenkje på dågåne som kjøm. Laut mann'n på ein gar' hå alle træ'n i si hånd, så laut visst kjeringa hå døm i hendom på kvinnfolksi'a, og ho fekk ofte ennå fleire strengje å helde greie og strake, hell mann'n sjøl. Dæ va maten og dæ va klæ'an å hå i tankom, både for ti'n som

va, og den som kom, og dæ va om å gjera å nøtte ti'a og stondin for å hå ondagjort hell væl fyrybutt allt, som te imse ti' laut gjerast, for o'gjor'e arbei' i eit hus døm hemnde se sjølve. Dæ va alder stans i arbeidsdriften på ein velstelt gar', arbei'e rokk-te åre omkring både ute og inne, og ingen i huse som va helsaug, fekk gå og sløngje. Ner den vanlege arbeidsti'a va slutt for daga, og døm, som dreiv ute, „sette se inn", kom *kvellseto* og kvellsetoarbei' både for kare og kvinnfolk; ho va ein attpå-skaute på dagsverke, men dæ va dæ ingen som aukra på, for kvellseto var mest all ti' ei hognastond som fyllte alle med arbeidsgle'e, så dæ kunn' lyse frå alle augo. Ho va arbeidsskule med go' opplæring for di onge i huse, og ho va di formeste skjei' for bygda- og slektshistori ein kann tenkje se, ner di gamle tok te å fortelja frå gamelti'om og frå si eigje fer' gjenom live. Desse kvellstiman omkring eldsmåle i di store, rumslege stugun, skapte elsk åt heim- og husliv og va friske, levande kjeldo for gåmålt, rotekte bondeliv og bondekultur. Kvellsetostondin va eit tå di beste grunnlagom for eit stø'augt lynde og omgangslag med djupe og sterke røt i den heimlege jor'botten. Komfyran og lampeljose kom og gjor' ende på kvellsetun, og kåkje bøk hell aviso kann fylle rume åt desse hauglege arbeidsøkten i di lange vinterkvellom; her har bondelive misst någå som dæ kanskje alder vil få att like for.

Kosthalde på Fron i di eldre ti'om skjølde se nok itte my' frå kosthalde i di hine bygdom i dala, matslaga va di såmå og matmålå likeså, men den velberga, go'e bygda med den rike avlinga og store krytjyrhalde, ha be're for å bruke ei sterkare folkenæring, hell sume tå di hine bygdom som ha ei skrinnare jor' å dyrke. Ein tek defor itte imisst på, at dæ vanlege kvandagskosthalde på Fron jemnt over sto' høgt, og va kanskje dæ sterkaste i heile dala.

Fronspresten Hjorthøy skriv sålest i 1781 „om Gudbrandsdalens husholdningsmåde": „I henseende til husholdningsmåder leve Gudbrandsdalens indbyggere mere overflødigt i mad og drikke, end almindelig på andre steder i Norge. Deres spise er her kostbar. De elske ikke meget suppemad, men derimod fortære de såmeget mere af kjød, smør,

ost, flesk og sådanne sager, brændevin og øl, hvilket alt for=årsager, at husholdningen her er kostbarere end på andre steder. Fra ploven begynder til alting er indhøstet, spises almindelig 5 gange om dagen, nemlig klokken 4 om mor=genen et glas brændevin og rugkage eller øl og rugkage. Klokken 6 (som her kaldes morgen=væhl) rugkage med smør på. Klokken 10 (som kaldes douer) spises suppemad med adskillige forandringer efter husets omstændigheder. Klok=ken 3 (middag) ragefisk med suppe eller kål og kjød. Klok=ken 8 om aftenen grød og melk. Deres brød er egentlig det såkaldede fladbrød, som bages av bygmel hvorudi blan=des noget mask for at gjøre det saftigt og skarpt. Deres rugkage bages af rugmel og bygmel, ligemeget af hver sort, omtrent 2 finger tyk. Ved deres gjestebuder bruge de både kager og brød av sigted rugmel og et slags tyndere kager, som kaldes tyndkager. Til brændevinet bruges almindelig et slags tyndt brød, som ligner oblat, bestående af melk og fløde, og kaldes avletto. På dette slags brød sætte bønderne stor pris, og føre samme med sig til alle gjæstebuder iblandt andre foræringer af andre fødevarer. Fire gange om året pleier enhver husholder at give sine tjenere flødegrød, som her agtes for en meget ypperlig ret, nemlig „skokle=grøden“ når ploven er lagt, „slåtte=grøden“ når de have avslået høet, „skur=grøden“ når de have skåret kornet, og „bufør=grøden“ med lefser, fersk smør og fersk ost (som her kaldes kjuke), når alt høstarbeide er forbi og kreaturene kommer fra sæteren.

Overalt kan man anse Gudbrandsdalens indvånere, når de have leilighed dertil, for meget overdådige i mad og drikke, hvilket de anse for deres fornemste gode i livet. Det største bevis på en rig og god husholder, anse de fornem=melig et stabur, hvorpå 10, ja vel flere år gammelt kjød og flesk er forvaret, foruden gammelt mel og brød. Ingen god husholder forbruger det siste års grøde, men altid mel og korn, som har ligget et år over, hvormed de og virkelig have fordel i deres husholdning, da deraf ei kan fortæres såmeget, som af nymalet mel og nybagt brød.“ Om fisken som den ti'a Hjorthøy va på Fron va my' meir brukt i kost=halde hell i seinaste ti'om, skriv 'n på eit anne stelle — — —

„fjeldørret som fanges på samme måde som den forrige [honderaurin] i adskillige vande, er temmelig stor. Den største jeg har seet har veiet 14 til 16 merker. Der gives både den som er rød og den som er hvid i kjødet. Den røde er den fedeste. Denne ørret bruges og til ragefisk, eller nedsaltes og speges ligesom sild, men med så lidet salt, at den både lugter og smager surt. På hovedet og skindet af denne ragede fisk, eller rettere halvrådne, koge bønderne suppe, og den øvrige fisk spise de istedenfor sild. På isen om høsten fiske de en mængde av samme med krog i fjeldvan=dene, som før er meldt, og lade den ligge frossen den hele vinter, da de på denne måde altid kan have fersk fisk, om=endskjønt jo lengere den er frossen, jo mere usmagelig og tør bliver den i kjødet. Bønderne bruger og at kløve og vindtørre en del af den, siden koges den, da den er hård, og kaldes skjerpe=fisk."

Dette Hjorthøy skriv om kostholde og matstelle i Gull=bransdala vedkjøm nok serleg Fron, for der va 'n best kjent, da 'n va prest i bygden i 9 år. Men dæ 'n skriv om kost=halde er ellest lite fullkome og syne, at 'n itte har ått någun go' kjennskap åt desse emne. Han nemne itte eingong skjør=osten og mysusupa, som sikkert va brukt som fast morgå=ver's=mat i vinterti'n på Fron, den ti'a Hjorthøy skreiv boka si. Ner 'n heldt kosthalde jemnfare for å vera „overdådigt", så er itte dette rette or'e for den go'e og sterke kosten, som va brukt på Fron og i fleire tå bygdom i dala. Men dæ vanlege kosthalde på Fron skjølde se nok så my' ut frå di, som Hjorthøy ha lært å kjenne frå oppvokstårom sine på Jaren og di stellom, 'n va prest førr 'n kom åt Fron, at 'n tykte Gullbransdølin livde „overdådigt".

Dæ er ellest itte stor råd nå lenger, å gje ei nøye ut=grei'ing om dæ daglege kosthalde på gar'om på Fron, slikt som dæ va for eit 150 år sea; dæ let se itte godt=om gjera å setja opp ei matliste for kårt mål vikua igjenom, og for di imse skjiftom ette årsti'om. Matstelle va nok my' ende=framt og matmåla jemnan oppatt di såmå, men någå mål=byte va dæ likevæl, og husmor'n kjente se itte heilt fast=bonde åt di gamle bor'halde og matslagom, og sålest kunn'

dæ vera någå brigde frå den eine gar'n åt di andre, om dæ kanskje oftast va berre med mindre ting.

Dæ va nok lite omskjifte i kva'ndagskosten, men heile matstelle va te=måta ette eldgåmål røynsle og høvde med di krav, dæ jemne bygdafolke gjor' om ei helsaug folkenæring i arbeidslive. Og folke va i hondretals år tevante med denne endeframme kosten frå båns bein, og ein kann defor lite



Gåmål oppgangssag.

merkje tå matmeltings=sjuko millom bygdafolkje. All mjøl=mat va lågå tå sammale byggmjøl, male tå turka bygg, og flatbrøe va tå grovmale byggmjøl, omnsbrø va lite brukt, og dæ som va brukt tå di slagje, va tå sammale róg. Sikta mjøl va knapt å finne i någå bondehus, for fyry 1780 fanst dæ itte sikte nerar hell i Fåberg. Den mjolka som va nytta i kosthalde, te soll og te grautmjolk, va surmjolk, skjør, og sålest va kosthalde, folkenæringa, i dæ store og heile både helsaug og næringsrik.

Frama'for er mellt om, at malnan tå di mjøle som te kårt år vart brukt opp på gar'a, va eit arbei' som oftast fall på mann'n sjøl. Detta kunn' jemnt vera eit strævsamt arbei' så lengje dæ sto' på, men va dæ flomsag på gar'a attåt, antel gar'n va einsleg om saga hell dæ va fleire gar'e ihop om ho, fall dæ sagskur på mann'n, au, ner malnan va onda=gjord. Og med sagom va dæ på såmå gjer'a som med bekkjekvennom, dæ galdt om å nøtte flomvatne me'a dæ vårå om vår'n. Førr er nemnt — s. 156 — at di fyrste opp=gangssagjin her i dala vart bygde på=lag 1600. Desse fyrste sagjin skull' vera stygt kleint gjorde, og va svært tongvinte og seinføre, difor va dæ i lang ti' ette døm vart kjente og kome i bruk, at folk dreiv med å kluve og håndhougge sag=bor' på den gamle gjer'a, ista'nfor å brengje døm tå stokka på oppgangssagen. For di gamle, tjukke sagbla'a tå rått jønn, laut nok med stor voll og magt truge og slite se gjenom stokken, så heile sagbryggja bevra og skolv. Men ette hand lærde bygdafolke å byggje be're sagje, som gjor' både godt arbei' og va føre å skjera på, og dæ vart snart slutt med å handhougge bor'. Da den nye skjyldsetjinga vart sett iverk 1665, vart flomsagjin skattlagde på såmå måtin, som bekkje=kvennin, ei vanleg å=sag svåra ½ rigsdale — kr. 1,60 — i årleg skatt. I skjyldsetjingslistun er dessa sagjin skattskrivi på Fron i 1665:

Skodals=sag, ei tå di eldste sagom i bygden.
Tåkåsta=sag, likeså.
Isøm=sag, sto' på gar'sgrunn ve Ekre, eigar 1726 kapt. Helm.
Bø=sag, eigar Per Bø i 1726.
Liltgar=sag, fleire eigare; bygt i gåmål ti'.
Kongsli=sag, ei tå di fyrste sagom som vart bygt.
Illsta=sag, Skoe og Illsta, er i 1726 kalla Sul'saga.
Sylte=sag, ne'lagd fyry 1726.
Graupe=sag, forfulle 1726 og skull' itte byggjast opp=att.
Veikle=sag, eineeigar mann'n på Veikle, ei tå di gamlaste.
Brende=sag, Forbrigd, Teige, Vik, Klomsta, Røssom, Brende; bygt 1640.

Ette ei liste frå fauta, 'n Svein Stenerson i 1726 va dæ dæ åre vorte 5 nye sagje i bygden:



Foto: J. N. Elstad.

Bekkjekvenn på Ulberg, Sør=Fron.

Fisken=sag, bygt på sameigegrunn 1724 tå Steig, prest=gar'a og Dalsegg=gar'om.

Rustesaga, bygt 1714 tå Londe, Hov, Sandbu og Hågå.

Tårosaga, kalla Prestsaga, brukast tå soknepresta, bygt 1676.

Øldalssaga, eigar Jon Tone, bygt 1724.

Båssasaga, Stø=gar'an, Synstbø og Myre, bygt 1713.

Desse gamle sagjin vart bygde forutta någun serskjilt lovna' tå styremaktom, men lenger fram i ti'n laut døm, som vilde setja opp ei å=sag, få kongens lovna' te di, og laut svårå ein sagskatt for kår tylt sagbor' som te kårt år vart skåre på sagen. Dæ vanlege va, at di gar'mennan som antel ha sag døm åtte sjølve, hell va låtås=eigare 'ti ei sag, va sagmestere ner døm skar te sitt eigje bruk. Med ti'n vart dæ gjenne ein og an'n husmann, som lærde se opp te sag=mestere og styrde sagskur'a i flomti'n om vår'n og hausten.

MEIRE NÅMN-GJETNE BYGDAMENN.

Fronsbygdin åtte allt någå-sånere ti'leg i di førre hondreåra fleire evnerike bond-menn, som på eigje hand ha vunne se så my' kunnskape og opplysna, at døm kunn' vera med og fylle di krava, som den nye ti'a gjor' åt di norske bond'-folkje. Ette 1814 vart bøndan ette grunnloven den sterkaste lekken i folkestyre, slikt som dæ vart temåta gjenom stor-tinge; og ette 1837 fekk bygdin sjølstyre med formannskaps-loven. Dæ va sjølsagt at bøndan for dæ fyrste itte va fyry-budt så væl på desse store omskjifte, at døm med ein gong greidde å fylle alle di nye krava, og dæ trongdest nok ei lang oppøving og opplæring. Defor va dæ ein mengde lands-bygde som i fyrstningen senda embetsmenn på stortinge, og som helst valde embetsmenn og studerte folk te or'førare, da formannskapslova tro i kraft. Tå di 8 bygdom som daln frå gåmål ti' va delt 'ti, va dæ berre 4 som i 1838 ha bond'-menn te or'førar, og te fyrste forlikskommesar va dæ berre 3 bygde som ha valt tå sine eigne bygdamenn.

Fron har havt mange bygdamenn på stortingje frå 1821 te 1928; i desse 100 årom har dæ møtt iallt 5 frå Fron, 4 frå nørdre og 1 frå søre. Gausdal har au sendt 4 bygdamenn på stortinge i desse bålka, Vågå 3, Fåberg 2, Dovre 1, Lom, Ringbu og Øyer ingen, her er da berre ti'i med bond'menn.

Fyrste tingmann på Fron va 'n *Østen Pålsson Sko'e* — Skåden frå Sødorp; han møtte på tinge i 1821 og på om-framt-tinge 1822; te nå er itte någå nerare kjent om mann'n, men 'n har sikkert vore tå di fremste i dala den ti'a.

Her lyt nemnast kommedersjersanten 'n *Pål Torsson Hårelsta* frå Åmote, nørdre Fron, og som va valt te utsending åt riksforsamlingen på Essvoll 1814 frå „Oplandske infanteriregiment“. 'N Pål skull' vera eit gjenom-godt menneskje og ein dugeleg militer, som merkte se ut i slage ve Toverud i 1808. Hårelsta'n va frå Hårelsta i Heidala, og far hass va kome frå Taulsta på Lalm; i oppvokstårom la kaplan på Vågå, 'n Henrik Garbo, merkje te, at 'n Pål ha sers go'e evne, og defor tok 'n se tå 'om så my' 'n ha råd med. Da Garbo fekk soknekall i Hollen, fekk 'n talt 'n Pål med se te skulmester der i bygden, og 'n vart der i naugre år test far hass endeleg fekk 'n te å kåmå him att; i sylaterårom sine vart 'n onderoffesjer og kommedersjersant. Han kjøpte eine Åmotsgar'n og budde her te 'n dø i 1843, da 'n va 78 år gåmål. 'N Pål va ein drivtaug gar'brukar og ha liv for hågådyrking, sålest planta 'n eppeltre i Åmote som kanskje ennå itte er heilt utdaue, tobak gjor' 'n au forsøk med. Han va danebrogsmann og er gravlagd på kjørkjegar'a ve Kvamskjørkja, ein svært endefram gravstein syne kår denne brae døln kvile. Med ti'n vil kanskje eit meire høveleg gravminne bli reist over 'om.

Jon Harildstad.
11/3 1804—31/12 1884.

Jon Jonsson Harildstad, Kvikne, vart valt te tingmann for Gullbransdala i 1845; 'n Jon va kome frå Vole i Gausdal

og va sålest tå di landskjente og vidt utgreina Stenersen-slekten frå Vole. 'N Jon Vole va født 1804 og vart gjift med gar'jentun på Nigar'-Håralsta i Kvikne, og da 'n fløtte dit og tok den store gar'n i bruk, tok 'n namn ette desse gar'a, som i utlange ti'e ha vore eitt tå åsetom åt Gjeslingslekten. 'N va den ti'a 'n fløtte åt Fron forutta tvil ein tå di fremste bøndom i dala, både i kunnskap og i evne te å bruke døm både i bygdastyre og i samfundsIive. Dæ ha bygda opne augo for, og da formannskape valde den fyrste or'førarn i 1838, vart 'n Jon Håralsta vald, enda 'n itte va innfødt Frøning. 'N vart valt oppatt i 1839, 44, 45, 50, 51, og da Fron vart delt i 1850, vart 'n valt te or'førar i Nordre Fron i 1852, 53, 54, 55 og va sålest or'førar i Fronsbygdom i 9 år ihop att. I 10 år va 'n forlikskommesær, og i 60-årom formann i matrikulerings-kommisiona i S. Gullbransdala. I 1845 vart 'n Jon Håralsta valt på stortinge og va valt oppatt i årom 1845, 51, 54, 57, 58, 62—63, 64, 65—66, ialt 9 tingseto. 'N Jon dø 80 år gåmål i 1884; kjeringa, ho Kari Tjøstelsdotter, dø i 1870 i 64 års alder.

Ole Steig.
16/2 1813—29/5 1872.

Den andre or'føraren i dæ gamle o-delte Fron va 'n *Ola Nilsson Steig,* som vart valt i 1840 og gjor' tenest i 4 år te 1843, vart valt pånytt i 1846 og gjor' tenest att i 4 år te 1849. Ette delingen tå bygden va 'n or'førar i Sør-Fron i di tu årom 1852 og 53. I årom millom 1856 og 68, iallt

12 år, va 'n forlikskommesær i Sør=Fron. Han va i slekt=skap med fleire tå di gamle storslektom i dala, millom andre med Listslekten på Kleppe.

Per Nilssen va klukkar og lærar i Sør=Fron i på=lag 50

Lærar Peder Nilssen.

år, 'n va født 1813 og son'n hass Gamel=Nils klukkar som attåt klukkarombue va både peismurar og sme'. Nilssen gjekk seminare i Asker og va vel den fyrste seminaristen millom skulmest'rom på Fron og hørde kanskje med te di fyrste skjei'e, som gjekk ut frå Asker i 1835 hell 36. Han va ein omtykt lærar og klukkar og ha or' for å vera ein sers dugeleg

mann med go'e kunnskape. Han dreiv my' med å helde serskule utta'med folkeskula, og ha ofte gar'mannsgute te opplæring både frå Fron og Ringbu; i desse skula 'n heldt for eigje rekning, la 'n største vegta på skriving og rekning og med di læregreinom kom 'n ofte ha'leg langt med gute, som ha godt for se. Ette skuleloven frå 1827 ha Nilssen ser-skjilt opplæring tå døm som vilde bli omgangsskulmestere, og som bygda betalte denne seropplæringa for.

Nilssen va helde for ein tå fremste lærarom i dala, og dæ drygdest itte lengje førr bygda tok 'n i bruk i bygdastyre, sålest va 'n or'førar i Søre Fron i 8 år frå 1858 te 1865, for-likskommesær i 10 år frå 1854 te 1864 og overformynder i fleire år. 'N ha liv for slike bygdørkje og va ein for si ti' kunnskapsrik mann, som ha lett for se te å styre almenne ombu. Han va i 1861 med og grunnla sparebanken på Søre Fron og va reknskapsførar der i fleire år.

'N ha or' for å helde ha'leg streng tukt i folkeskula sine og va itte så nøygje, om 'n brukte kroppsleg straff, ner 'n tykte dæ trongdest; 'n tok avskje' i 1878 i folkeskula, men tok ennå gar'mannssøne te opplæring i naugre år. Nilssen skull' vera ein stor dyreven og ha elsk både åt hest og hond; 'n va ogjift og levde te 1904, da 'n dø på dæ neraste 92 år gåmål. Med den lange arbeidsdagen sin har nok 'n Peder Nilssen gjort himbygden sine så stor tenest, at 'n fortene å minnast millom døm, som har vore med å auka framvoksten både i vælstand og opplysning.

Per Olsson Brandvold frå Sødorp på Nørdre Fron va stortingsmann frå Kristians amt i årom 1874—1879. I him-bygden va 'n orførar i 1862, 63, 70 og 71, forlikskommesær va 'n frå 1871 te 1891, sålest i heilt 20 år. 'N Per Brand-vold va ein mann med go' gjevna og med eit livleg, kvikt hauglag, ein ekte Frøning. 'N åtte og budde på den gamle gar'n Tokse på Sødorp, og her sette 'n igang ein vældrivi planteskule, som eldste son'n dreiv ei ti' ette far'n dø. Denne planteskulin på Tokse va i mange år te stor framgang for dyrking tå frukttre og bærtre i Gullbransdala.

Ette 'om Jon Harildstad og 'om Per Brandvold har Frons-bygdin sendt tu tå sine innfødde bygdamenn på stortinge frå

Gullbransdala: 'n Ole Teige frå Sødorp, tingmann i 6 år, og 'n Hans Skurdal frå Sør=Fron, tingmann i 6 år. Men døm bli berre nemnde med namn her, da denne boka ette plana berre ska ha med bygdafolk som har gjort frå se live og livsarbei'e sitt.

Ola Simensson Kongsli lyt minnast som ein tå di menn, som har vore med og ti'i fyrste opptake te ei ny næringsgrein, itte berre i himbygden, men i heile Gullbransdala, da dæ må vera han, som har fått på gang ystinga tå feitost, „fløyte=mysost“, som har vore te så stor hjålp for næ=ringslive i alle dølabyg=dom. Dæ va i 60=årom, at ystinga to' te å mône se, så osten meir og meir vart ei handels=vare; men dæ va nå berre gjeitost som vart ysta for å bli avhenda, og på fleire gar'e i Nørdre Fron vart dæ ysta riktig fin gjeitost. Konsta voks, og dæ vart funne opp den eine for=be'ringa i ystingen ette di andre med kok=koppom, løypingen, ihop=kokingen og ferdig=arbei'ingen all opp. I midten tå 60=årom lågå døm te ein så fin og go' gjeitost på Fron, at 'n itte er be're å få dèn dag idag. Men gjeita er eit plågsomt dyr, og ho er itte billig å fø'e hell, ner ho ska' gje bra tå se, og dæ sveiv nok i tankom hos någun=kår, at dæ vilde vore ei stor vinning, om dæ ha lete se gjort, å ysta såmå slag osten tå kumjolken og kunn' fått avsetna på 'om. Og her va dæ 'n Ola Simensson vart ein omissandest hjålpes=

Peder Brandvold.

mann. Han sette landhandel på Bryn i 1863, og den som vilde drive landhandel i di dågå'om, va mest nødt te å kjøpe smør og ost tå kundom sine, skull' 'n tenkje på å nå ei skjikkeleg handelsomsetning. Og 'n Ola kjøpte både smør og ost; dæ va di haustan 'n kunn' sende millom 18 og 20 000 kilo smør åt Oslo og i tjugetal kasso med gjeitost. Nå va dæ ein Sør=Frøning, 'n Ola Løken, som mest stødt låg inn'i by'n og selde smør og ost frå dølabygdom, og 'n Ola Simens=son brukte my' han te millommann. Ein gong 'n Ola Løken va hime på Sør=Fron for dæ snare, reiste Simensson sø'over for å rå'leggje om imse ting som kom ve handelsvedskjifte derest. Da vart døm samde om, at Simensson skull' prøve å få inkun te å yste kuost å blande ti 'n rummin for å sjå, om dæ itte kunn' bli ei go' handelsvare. Dæ va naugre som prøvde denne ystingsgjer'a, sålest 'n Tor Hov på Rust=hågå og kjeringa, ho Anne Hov. Dæ nye ostslage gjekk, og Simensson kjøpte opp så my' 'n fekk, ystinga tå „feit=osten" auka på meir og meir te kårt år, og om naugre år va feitost=ystinga i full gang ette heile dala. Nå gjekk dæ ei lang ra' med år som feitosten vart ei tå di vigtaugste næringsgreinom for jor'brukje i Gullbransdala, heilt te sam=ysteria i alle bygdom tok opp ystinga tå „Gullbransdalsosten". På denne gjer'a vart 'n Ola Simensson Kongsli ein mann, som har gjeve næringslive ein så stor framskuv i ei ellest så vånskeleg ti', at 'n væl har fortênt å minnast.

Ette at dæ vart gjett meir akt på kå my' ystinga tå feit=ost har havt å sea for jor'brukje i Gullbransdala gjenom meir hell ein mannsalder, har dæ vore granska någå ette, kem dæ kann vera, som retteleg har æra for „oppfinninga". Fleire vil hå dæ te di, at 'n Ola Steberg på Nordrom i Ringbu likesåsnart er den fyrste mann her, som 'n Ola Simensson. At Stebergen, som nå ellest va fødd Sør=Frøning, gjor' godt arbei' i Ringbu med å få lågå ei fin og go' vare tå fyrste slag, er sikkert nok, og likeså er dæ my' rimeleg, at 'n gjor' forsøk med feitostysting pa=lag i såmå ti'om som Simensson. Men dæ er nok på dæ reine, at di tu itte sto' i samrå' med einan'n om den nye osten, og ette di 'n Ola Simensson på sin jemne og kravlause måte fortalde om te=høve med honom

og 'om Ola Løken, lyt ein gå ut frå, at han va den fyrste som ha feitost på mar'tnan, kanskje frå Rusthågå og naugre fåe andre gar'e.

'N *Per Torsson Åsmonsta* va eldste son'n på Åsmonsta, far hass va født Kvamver, ein drivtaug gar'brukar og ein tenksamd, forstandaug mann, mor hass va kome frå Nistugu-Skåbu og hørde te ei slekt med go'e, rike evne. I konforma-sjons-aldra la sokne-presten, N. Christie, snart merkje te 'om Per, og tenkte han måtte vera eit lugumt skulmesteremne åt Skåbu. Såmå åre 'n „slapp fram", gjekk 'n eit skjei' på naugre viku hos klukkar Ol-sen på Sødorp, han va seminarist, han, og presten ha, au, sta-digt te-syn med opp-læringen. Med denne opplæringa vart 'n Per skulmester i Skå-bu i naugre år, vart så klukkar og skul-mester i Kvikne og kunn' bu hime på farsgar'a; i desse tenesten va 'n i 11 år. Han va helde for ein dugeleg skulmester som førde bona godt fram, så langt dæ let se gjere ette skul'loven frå 1828.

Per Torsson Åsmundsta.

Heilt frå ongdomsdågå'om la 'n Per elsk på den kulturn 'n va runne opp tå, men itte førr i 1860 tok 'n te å skrive opp eitt og anna frå himbygden, men ette 'n slutta med å vera klukkar og skulmester, to' 'n te å samle og skrive opp bygdaminne, bygdasoge og slektssogo. 'N Per Åsmonsta vart

ette hånd ein vælkjent folkeminnesamlar, som jemnt vart søkt tå bokmenn og lærde folk, som i di siste 50—60 årom tok te å arbei'e med imse sio tå norsk bondekultur. Sjøl skreiv 'n itte så lite i tidsskrift og aviso om gamle dågå og live millom bøndom i Skåbu og Kvikne, sumt på Kviknemål og sumt på bokmål, greit og klårt alle ti'e. Dæ va itte berre sogo og sagn 'n Per to' se tå, men 'n samla på bu=merkje både frå Fron og frå andre bygde og heldt dagbok over vær og værlag heilt frå 1860; om kjørkjun i Kvikne,



Foto: Carl Normann.

Heidalsmugjin sêt frå Skåbu.

Kvam og Sødorp sanka 'n allt som let se finne frå di ti'n døm vart bygde, og dæ meste tå di er trykt i årbokom åt „Fortidsforeningen".

Med folkeminnesamlingen sine har 'n Per Åsmonsta gjort fø'ebygden Kvikne=Skåbu ei stor tenest for all framti', og som itte er betalt med skjilling. Samlinga er ei ypperleg kjelde for opplysning um den sermerkte bygdakulturn uppi desse avsi'es fjellbygden, og som den ti'a 'n Per voks opp, ha att sterke drag frå heilt attende i sagati'om. Denne boka om Frons=bygdin har my' å takke 'om Per Åsmonsta og samlingom hass for, og mange kjem nok framette ti'om te å søkje denne kjelda.

'N Per Åsmonsta dø som førådsmann på Åsmonsta i 1920, da 'n va 81 år.

'N *Ola Torsson Åsmonsta* va ein yngre bror hass Per, men 11 år yngre. Han gjekk i skula hos 'om Per og va ein kvek, livleg gut med meir hell vanleg go' gjevna og ein honger ette kunnskap, som føl'de 'om live ut. Søtten år gåmål gjekk 'n på folkehøgskula åt Bruun på Romongar og va på skula di tu fyrste vintran 'n va i drift; den spræke Kviknever'n va ein tå di fremste millom gutom, va go' skjilaupar og sto' itte ibeit for, å danse ein nór'dølshalling og spenne ringen onde kronun i rondkast. Høgskulin tok heilt haugen hass, og dæ vart au skulin, som snart kom te å bli livsørkje hass. I 1870 reiste 'n åt Danmark og va ein vinter ve skulin åt Ludvig Schrøder i Askov. Ette 'n kom ått frå Askov heldt 'n fri-skule for bonom hass Per Bø i Gausdal ein vinter, og så gjekk 'n snikkerlære i 2 år hos snikker Anders-sen — s. 273. Førr va 'n Ola ein vælhendt kar, men da 'n vilde hå tresløid inn i skulin, vilde 'n lære snikkerhandverke te fullna's. Fer'ig som go' snikker heldt 'n skule att eit år i Gausdal for bonom hass Per Bø, B. Bjørnson og Kristofer Janson. Nå heldt 'n friskule i naugre år for bon i bygden, men va ennå ein vinter på Askov att, kom attende åt Gaus-dal og to' te att med skula, iallt heldt 'n friskule i 12 år. Imillom va 'n med og va lærar ve di somårskjei'a som kårt år va helde på Vonheim. Ve desse skjei'a fortalde 'n my'



Ola Torsson Åsmonsta.

attåt ættesogo frå Island, og dæ va 'n ein stor mester te, han kunn' gjeva att di gamle kjempun så levandest, at du tyktest sjå døm for deg. Ette å hå vore sløidlærar i Soløyr i 6 år, vart 'n lærar ve høgskulin hass Andreas Austli i Volda på Sunnmør, og her va 'n i 13 år te i 1912. Han ha nå helde skule i 32 år og fløtte atti himbygda for å gje se i ro på alderdoma. Hos brorson'n på Åsmonsta fekk han ei lugum stugutoft i jor'e, og her bygde 'n se ei lugum stugu i gåmål dølastil, ho ligg så fritt og vakkert te med ei overlag vakker utsikt over den fjellfriske, tylege bygda. Himsta'n sin kalla 'n Borg ette gar'a hass Egil Skallagrim på Island.

Dæ va ellest itte så lange stonde 'n Ola heldt se hime på Borg, han reiste my' om på imse kante, fortalde Islandssogo på høgskuleskjei' og ongdomsstemno, der 'n te alle ti'e va ein vælkome forteljar. Dæ va itte langt imillom han tok ei utfer' og kunn vera borte i måna'svis.

'N skreiv itte så lite i tidsskrift og aviso, 'n Ola, te-dels folkeminne og te-dels skjildringo frå himbygden og eit og anna tå eigne livsminne; han skreiv ein ose'vanleg frisk og go' stil, og ingen har brukt eit nor'dølsmål meire egte, hell han gjor'. I 1896 ga 'n ut ei omseting frå gåmålnorsk tå Njåls saga, og någå seinere ei omseting tå sogun om 'n Tormod Kollbrunarskald. I siste årom sine samla 'n dæ 'n ha skrivi på imse stelle for å gje dæ ut samla; manuskripte va heilt fer'igt og ein liten del tå heile arbei'e kom ut med namne „Ovanfor Helgefell, ættesogur frå Skåbu". Men så fall 'n Ola bort någå oventa i 1925, og dæ meste tå di samla arbei'om hass ligg oprenta; sjølsagt lyt døm kåmå ut, for døm er omissande kjeldeskrift for all framti'. Så levande, friske og egte skjildringo tå bondeliv i Kvikne og Skåbu, megta ingen å gjeva meir. Naugre år førr 'n Ola Åsmonsta dø, ha 'n gjort ervebrev, og i di gje 'n ongdomslagje i Kvikne Borg med dæ meste tå di vakre og gjilde innbue, di verdfulle bøken sine og allt som fanst tå konst. Attåt ga 'n ein peningsom te å helde Borg ve'like, og når denne somen er nådt te eit visst tal, ska rentun delast ut åt lærare, helst Kviknevere, som vil søkje vi'are utdaning i lærarørkje. Skulestyre i Nørdre Fron skull' setja ervebreve i verksemd og sjå



Foto: J. N. Elstad.

Sikilsdal'n, Sikilsdalshonne og Heimdalshøa.

te med, at gåva bli nytta ette ønskje åt gjevare. I ervebreve står dæ: „Borg skal vera ein liten fristad for kristendom og norskdom, der ongdomen kann samlast te sams hygge og auke den daning, som god umgang og lesnad av gode bøker gjev. Kortspel, dans og drykkjelag må det ikkje vera på Borg." Denne store og gjæve gåva syne best kå kjær 'n Ola Åsmonsta ha den vakre himbygda si. Dæ er ei stor lykke for ei bygd, og for den norske bond'kultur i dæ heile, å hå ått tu slike menn som 'n Per og 'n Ola Åsmonsta, bå'e vil minnast sålengje bygda står.

Di bygdamenn som er nemnde her frama'for, er nok eit svært lite utval tå døm, som har lagt ette se eit vælgjort arbei' te gagn og ære for Fronsbygdom; ei lang ra' tå dugelege menn i båe bygdom ha væl fortent eit minneor', men da di meste tå døm ennå er ilive, fell dæ itte med di plan'n, som dette arbei'e er lagt ette, å ta med bygdamenn frå seinaste ti'om. Ei ti' som seinare kjøm, vil nok itte gløme bort døm, som ha skapt se eit godt minne i himbygden.

IVAR KLEIVEN

I Heimegrendi. Minne fraa Seksti-Aarom. Pris 3.00; ib. 5.75.

GAMAL BONDEKULTUR I GUDBRANDSDALEN:

Lom og Skjaak. Pris 7.20; ib. 10.00.

Lesja og Dovre. Illustrert. Pris 12.00; ib. 14.75.

Østre og Vestre Gausdal. Ill. Pris 13.50; ib. 16.25.

Ringbu. Illustrert. Pris 13.00; ib. 15.50.

H. ASCHEHOUG & CO.

Det Mallingske Bogtrykkeri

Date Due

Demco 293-5

Bindery, Inc.
Manchester, Ind.
MAY 1953

DL431
.K6
v.2

3 0000 006 491 264